

# “Byens Udskud”?

*Ein studie av karrierar som innsett i tvangsarbeids- og straffanstaltar i Bergen ca 1850-75*

**Frode Ulvund**



Avhandling for graden dr. philos  
ved Universitetet i Bergen

2002



# INNHALD

<b>FØREORD</b> .....	<b>V</b>
<b>1 INNLEIING - TEMA OG PROBLEMSTILLINGAR</b> .....	<b>1</b>
<b>2 DEN GEOGRAFISKE KONTEKSTEN – BERGEN OG OMLAND</b> .....	<b>9</b>
2.1 FRÅ ”STILLSTANDSBY” TIL STORBY .....	9
2.2 ”TILSTANDEN BLANDT DEN ARBEIDENDE KLASSE HAR I DET HELE TAGET VÆRET GOD” .....	14
2.3 STRILELANDET – BERGENS NÆRE OMLAND .....	18
<b>3 DET FORMELLE RAMMEVERKET – LOVVERK, AKTØR OG INSTITUSJON</b> .....	<b>23</b>
3.1 EI OMGREPSAVKLARING - KRIMINELL VERSUS NORMBRYTAR .....	24
3.2 KRIMINALLOV OG POLTIVEDTEKTER.....	28
3.2.1 <i>Kriminallova – etableringa av fridomsstraff</i> .....	28
3.2.2 <i>Politivedtektene – bøter og fengsel</i> .....	29
3.3 INITIATIVTAKARAR - POLITI OG DOMSTOLAR .....	30
3.3.1 <i>Snevre jurisdiksjongrensar</i> .....	31
3.3.2 <i>Kriminalprosessen – frå melding til dom</i> .....	32
3.3.3 <i>Første instans - underretten</i> .....	33
3.3.4 <i>Andre instans - stiftsoverrettane</i> .....	34
3.3.5 <i>Høgsterett</i> .....	34
3.3.6 <i>Domfelling i politisaker</i> .....	35
3.4 FRIDOMSSTRAFF – FENGSEL, TUKTHUS OG SLAVERI.....	37
3.4.1 <i>Innsette i fengslet</i> .....	37
3.4.2 <i>Innsette på tukthuset</i> .....	41
3.4.3 <i>Innsetjing på Bergenhus festnings slaveri</i> .....	45
3.4.4 <i>Liten fleksibilitet i val av straffanstalt</i> .....	47
3.5 AVSTRAFFING AV BARN OG UNGE PÅ MIDTEN AV 1800-TALET .....	47
3.5.1 <i>Barn under ti år</i> .....	47
3.5.2 <i>Barn mellom ti og 15 år</i> .....	48
3.5.3 <i>Unge mellom 15 og 18 år</i> .....	51
3.5.4 <i>Gjentakingsstraff for barn og unge</i> .....	52
3.6 TILFELLE DER STRAFF FALL HEILT BORT .....	54
3.7 BENÅDNING OG OVERFLYTTING TIL BOTSFENGSELET .....	55
3.8 BØTESONING – FRÅ STIFTSRESOLUSJON TIL VATN OG BRØD.....	57
3.9 FATTIGLOVA – FRÅ TUKTHUS TIL TVANGSARBEIDSANSTALT .....	59
<b>4 EMPIRI OG TEORI</b> .....	<b>63</b>
4.1 KUNNSKAPEN OM SANKSJONSMOTTAKARANE .....	63
4.1.1 <i>Dei kriminelle sanksjonsmottakarane –trykt statistikk og forskning</i> .....	63

4.1.2	<i>Dei kriminelle sanksjonsmottakarane – hovudtrekk i Norge ca. 1850-75</i> .....	69
4.1.3	<i>Tvangsarbeidarar i Norge ca. 1850-75</i> .....	87
4.2	<b>KUNNSKAPEN OM SANKSJONSGJEVARANE SINE MOTIV</b> .....	95
4.2.1	<i>Teoriar på framveksten av fridomsstraff</i> .....	95
4.2.2	<i>Rehabilitering for å reintegrere</i> .....	96
4.2.3	<i>Disiplinere for å forme</i> .....	98
4.2.4	<i>Framandgjere for å legitimere</i> .....	101
4.2.5	<i>Internere for å uskadeleggjere</i> .....	106
4.2.6	<i>Den norske tilnærminga til bruken av innesperring</i> .....	107
4.2.7	<i>Frå teori til empiri</i> .....	110
<b>5</b>	<b>KJELDER OG METODE</b> .....	<b>113</b>
5.1	<b>KJELDER TIL FRIDOMSAVGRENSING</b> .....	113
5.1.1	<i>Riksarkivet – innsende lister</i> .....	116
5.1.2	<i>Statsarkivet – lokale straffangeprotokollar</i> .....	117
5.1.3	<i>Innsette i fengslet</i> .....	119
5.1.4	<i>Innsette i tukthuset</i> .....	119
5.1.5	<i>Innsette i slaveriet</i> .....	120
5.1.6	<i>Innsette på tvangsarbeidsanstalten i Bergen</i> .....	121
5.2	<b>KJELDEREGISTRERING OG -LENKING</b> .....	122
5.2.1	<i>Frå protokollar til databasar</i> .....	123
5.2.2	<i>Kjeldelenking – kopling mellom tabellar</i> .....	127
5.2.3	<i>Min algoritme: namnstandardisering og soundex-koding</i> .....	130
5.3	<b>KLARGJERING TIL ANALYSE – KODING AV SUPERPERSON OG PRODUKSJON AV ANALYSETABELLAR</b> .....	136
<b>6</b>	<b>FRÅ FORMELLE RAMMER TIL PRAKSIS - STRAFFANGAR I BERGEN 1850-75</b> .....	<b>143</b>
6.1	<b>FRIDOMSSANKSJONAR I BERGENSKE ANSTALTAR</b> .....	145
6.2	<b>INNSETTE I FENGSELET</b> .....	147
6.2.1	<i>Talet på fengsla personar 1850-75</i> .....	147
6.2.2	<i>Geografisk bakgrunn til innsette i fengslet</i> .....	149
6.2.3	<i>Alder til dei innsette i fengslet</i> .....	157
6.2.4	<i>Yrkesbakgrunn til dei fengsla</i> .....	165
6.2.5	<i>Årsak til fengsling – tjuveri og bråk</i> .....	169
6.2.6	<i>Straffelengd – raskt ute på gata att.</i> .....	176
6.3	<b>INNSETTE I TUKTHUSET</b> .....	179
6.3.1	<i>Talet på tukthusfangar 1850-75</i> .....	179
6.3.2	<i>Geografisk bakgrunn til tukthuslemmane</i> .....	180
6.3.3	<i>Alder på tukthusfangane</i> .....	184
6.3.4	<i>Årsak til innsetjing på tukthuset</i> .....	187
6.3.5	<i>Tukthuset - lengre straffar</i> .....	193
6.4	<b>INNSETTE I SLAVERIET</b> .....	197
6.4.1	<i>Talet på slavar 1850-75</i> .....	198
6.4.2	<i>Geografisk bakgrunn til slavane</i> .....	198

6.4.3	<i>Godt vaksne slavar</i> .....	201
6.4.4	<i>Yrkesbakgrunnen til slavane</i> .....	202
6.4.5	<i>Årsaker til opphald på slaveriet</i> .....	203
6.4.6	<i>Straffelengd i slaveriet</i> .....	207
6.5	OPPSUMMERING – STRAFFANGAR I BERGEN 1850-75 .....	208
<b>7</b>	<b>TVANGSLEMMAR I BERGEN 1850-75</b> .....	<b>213</b>
7.1	TALET PÅ TVANGSLEMMAR 1850-75 .....	213
7.2	KVAR KOM TVANGSLEMMANE FRÅ? .....	218
7.3	UNGE JENTER OG LITT ELDRE MENN.....	223
7.4	MANNLEGE ARBEIDAR OG KVINNELEG TENARAR.....	226
7.5	ÅRSAK TIL INNSETJING PÅ TVANGSARBEID .....	233
7.6	AUKANDE GJENNOMSTRØYMING .....	247
7.7	KARAKTERISTIKK AV TVANGSLEMMANE .....	248
7.8	FRÅ KRIMINELLE ENKELTHANDLINGAR TIL KRIMINALISERT LEVESETT.....	250
<b>8</b>	<b>AVGRENSING AV ANALYSEPOPULASJONEN</b> .....	<b>255</b>
8.1	VILKÅR FOR Å VERTE INKLUDERT I ANALYSEPOPULASJONEN .....	256
8.2	RESULTATET AV POPULASJONSAVGRENSINGA .....	258
8.3	ER ANALYSEPOPULASJONEN REPRESENTATIV? .....	263
8.3.1	<i>Kjennskap til fødestad i analysepopulasjonen</i> .....	263
8.3.2	<i>Kjennskap til fødeår i analysepopulasjonen</i> .....	264
<b>9</b>	<b>INDIVIDUELLE SANKSJONSKARRIERER I BERGEN 1850-75</b> .....	<b>269</b>
9.1	IDENTIFISERING AV DEBUT OG AVSLUTNING AV KARRIERAR .....	275
9.2	DEBUTALDER VED INNSETJING I ANSTALT .....	280
9.2.1	<i>Alder ved debut i ein straffeanstalt</i> .....	281
9.2.2	<i>Alder ved debut på tvangsarbeidsanstalten</i> .....	294
9.3	RESIDIVISME OG ANSTALTRETUR.....	301
9.3.1	<i>Retur til fridomsstraff i Bergen 1855-70</i> .....	305
9.3.2	<i>Retur til tvangsarbeidsanstalten i Bergen 1855-70</i> .....	312
9.4	LENGD PÅ KARRIERAR VED DEI ULIKE ANSTALTANE.....	317
9.4.1	<i>Karrierlengder på straffeanstaltane</i> .....	318
9.4.2	<i>Karrierelengder på tvangsarbeidsanstalten</i> .....	324
9.5	ALDER VED AVSLUTNING AV SANKSJONSKARRIERAR .....	327
9.5.1	<i>Alder ved siste innsetjing i ein straffeanstalt</i> .....	328
9.5.2	<i>Alder ved siste innsetjing på tvangsarbeidsanstalten</i> .....	332
9.6	KARRIEREINTENSITET CA. 1850-75.....	337
9.6.1	<i>Intensitet i straffekarrierer ca. 1850-75</i> .....	339
9.6.2	<i>Intensitet i tvangskarrierer i Bergen 1850-75</i> .....	349
9.7	KARRIERESPESIALISERING – LUKKA KJERNEGRUPPER I ULIKE ANSTALTAR?.....	356
9.7.1	<i>Spesialisering i lovbrøt</i> .....	357
9.7.2	<i>Spesialisering i anstalt?</i> .....	364

9.7.3	<i>Omfang av anstaltkryssing</i> .....	365
9.7.4	<i>Debutanstalt</i> .....	369
9.7.5	<i>Avslutningsanstalt</i> .....	382
9.8	SANKSJONSKARRIERER – DIFFERENSIERTE OG INDIVIDUELLE .....	388
<b>10</b>	<b>AVSLUTNING</b> .....	<b>393</b>
	<b>KJELDER</b> .....	<b>405</b>
	<b>LITTERATUR</b> .....	<b>413</b>
	<b>FIGURAR</b> .....	<b>421</b>
	<b>TABELLAR</b> .....	<b>422</b>
	<b>APPENDIKS</b> .....	<b>427</b>

## FØREORD

Eg vil først og fremst takke Historisk institutt som velvillig har gitt meg utvida forskningstid, noko som har gjort det mogelg å skrive denne avhandlinga på dei tre åra eg hadde til rådvelde. Også miljøet i Dokkeveien 2b fortener takk, det har heile tida vore ein arbeidsplass det er hyggeleg å møte opp på kvar morgon. Statsarkivet i Bergen skal også ha ein stor takk for kjeldekopiar, dataregister og anna hjelp. Med si alltid imøtekomande haldning og hjelpsame innstilling er dei eit framifrå førebilete. Sist, men ikkje minst, vil eg takke Bente Kopperdal for god fagleg hjelp og støtte.

Frode Ulvund

Bergen, 27. feb. 2002





# 1 INNLEIING - TEMA OG PROBLEMSTILLINGAR

Ein tysdag i juni 1864 vart søstrene Severine og Bernhardine Jensen på 23 og 21 år innklaga til politiet i Bergen av sin eigen far for "Ørkesløshed og Lediggang".<sup>1</sup> Slik atferd kunne i følgje fattiglova føre til tvangsarbeid i inntil seks månader om politiet gjorde vedtak om det. Klagen til faren førte i første omgang til at søstrene vart innkalla og forhøyrd på politikammeret. Her fekk begge to ei åtvaring om at dei ville bli innsett i byens tvangsarbeidsanstalt om dei ikkje skaffa seg teneste innan jonsok. Det gjorde dei ikkje, og i byrjinga av juli innkalla politiet dei på nytt, denne gongen for å gjennomføre innsetjinga.<sup>2</sup> Men dei slapp unna også denne gongen. Dei påstod at dei allereie tysdagen veka etter skulle forlate byen for å søke teneste. Innsetjinga vart dermed utsett, og det synest også som om dei reiste frå byen med dampbåten nordover. For Bernhardine, som i 1865 var tenestejente i Trondheim, blei det med åtvaringa, ho mottok i alle fall ikkje nokon fridomssanksjon i Bergen innan 1875.<sup>3</sup> Severine derimot, flytta tilbake til Bergen i 1865 etter å ha vore i teneste hjå sorenskrivaren i Molde.<sup>4</sup> I august 1866 meddelte politiet i Bergen fattigkommisjonen at ho var innlagt på sjukehus med venerisk sjukdom.<sup>5</sup> Då ho i oktober 1867 vart meld av politibetjent Egge for "løsagtigt Levnet" og innsett på seks månaders tvangsarbeid, hadde ho allereie gjort unna eit nytt opphald på sjukehuset som venerisk sjuk, i tillegg til eit opphald på "Tvungen".<sup>6</sup> Kva som seinare skjedde med Severine er uklart, men ho kan vere den same Severine Jensen som døydde i Sandviken i 1871 som tenestejente og almisselem, berre 30 år gamal.<sup>7</sup>

10. januar 1866 vart den 17 år gamle repslagarguten Ole Andreas Bergesen tiltalt i ei større sak med 11 andre ungdomar som samla skulle ha utført 12 tjuveri.<sup>8</sup> Kameraten Herman hadde stole nokre pengar i eit ølutsal og brukt dei same kvelden saman med Ole Andreas og to andre kameratar. Ole Andreas vedgjekk at han nok trudde at pengane måtte vere stolne,

---

<sup>1</sup> SAB: Politimesteren i Bergen. Forretningsjournal nr. 4. 1863-65, 14.6.1864.

<sup>2</sup> SAB: Politimesteren i Bergen. Forretningsjournal nr. 4. 1863-65, 6.7.1864.

<sup>3</sup> Digitalarkivet: Folketeljinga 1865 for Throndhjem, listenr. 1226, gårdsnummer 31, side 469.

<sup>4</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Heimstavnsforhøyr nr. 4 1863-68, 91/1866.

<sup>5</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Heimstavnsforhøyr nr. 4 1863-68, 91/1866.

<sup>6</sup> SAB: Politimesteren i Bergen. Forretningsjournal nr. 5. 1867-70, 2.10.1867 og SAB: Politimesteren i Bergen, Heimstavnsforhøyr nr. 4 1863-68, 13/1867. "Tvungen" var det folkelege tilnamnet på tvangsarbeidsanstalten i Bergen.

<sup>7</sup> Digitalarkivet: Begravde i Bergen 1816-86, død 20. juli 1871.

<sup>8</sup> SAB: Byfogd og byskrivar. I.B.d.12 Domsprotokoller 1861-66, 10.1.1866.

men visste ikkje frå kven. Han vart dermed dømd for deltaking i tjuveriet og fekk 20 dagar fengsel. Ole Andreas synest å ha vore eit randmedlem i denne ungdomsgjengen og var ikkje involvert i nokon av dei andre sakene. Dette var Ole Andreas si første og i det minste fram til 1875 einaste fridomssanksjon i Bergen.

Den 2. september 1868 troppa ekteparet Rolf og Fredrikke Severine Jørgensen opp på politikammeret i Bergen og bad politifullmektigen om å bli innsett på tvangsarbeidsanstalten.<sup>9</sup> Ønsket vart innvilga og alt same dagen passerte dei porten til "Tvungen" i Allehelgensgate 3.<sup>10</sup> For Fredrikke var dette første, men slett ikkje siste, møte med politi og fridomstap. Garvarsvennen Rolf, derimot, var ikkje berre godt kjend på tvangsarbeidsanstalten, men også på tukthuset og i fengslet like ved etter fleire besøk. Han var først registrert på tvangsarbeidsanstalten i 1850, 37 år gamal. To år seinare hamna han i fengsel for første gongs tjuveri, og året etter fekk han sitt første av tre opphald på tukthuset. 25 år etter første registreringa på "Tvungen" sat han der framleis og hadde i alt bak seg 16 innsetjingar i ulike anstaltar, dei fleste som tvangsarbeidar. Han døydde til slutt som enkemann på arbeidsanstalten i 1888.<sup>11</sup> Rolf gjekk på mange måtar frå å vere garvarsvenn til garva kriminell.

Alle desse personane opplevde frivillig eller ufrivillig fridomssanksjon eller trussel om det. Døma viser at samfunnet reagerte mot ulike former for brot mot skrivne og uskrivne reglar for livsførsel og åtferd, og korleis innesperring i ulike anstaltar vart brukt som reaksjon mot slike brot. Tvangsarbeidsanstalten vart nytta både som trugsmål og reell sanksjon overfor "ørkesløse" lausgjengarar, personar som ikkje bevisleg hadde utført konkrete lovbro, men som med sin livsførsel kunne mistenkjast for det.<sup>12</sup> Innsetjing i ein straffanstalt var derimot ein seremoniell proklamasjon om at eit konkret lovbro hadde funne stad og at samfunnet ikkje hadde tolerert det.<sup>13</sup>

Samtidig illustrerer døma også eit tidsskifte i bruken av og målsetjinga med straff. I 1789 vart brennmerking og pisking erstatta av tukthus og fridomsstraff som den vanlegaste straffa for tjuveri, i 1815 vart lekamsstraffen sterkt innskrenka og i 1825 vart pisking avvikla som

---

<sup>9</sup> SAB: Politimesteren i Bergen. Forretningsjournal nr. 5. 1867-70, 2.9.1868.

<sup>10</sup> BB: Fattigvesenet. Arbeidsanstaltens arkiv, Hovedregister nr. 3, 1868-76.

<sup>11</sup> Digitalarkivet: Gravlagde i Bergen 1881-1911, gravlagd 13.8.1888.

<sup>12</sup> 20.9.1845: Lov angaaende Fattigvæsnet i Kjøbstæderne, § 45 (Schmidt 1850) og 6.6.1863: Lov om Fattigvæsnet i Kjøbstæderne, § 61 (Munk & Mejlænder 1867).

<sup>13</sup> 20.8.1842: Lov angaaende Forbrydelser, kapittel 2 (Schmidt 1850).

offentleg skue.<sup>14</sup> Den nye straffelova frå 1842 gjorde fridomsstraff til den heilt dominerande forma for straffesanksjon ved lovbroet. Tilbake av det gamle stod ei lite brukt dødsstraff og bruk av ris overfor dei aller yngste lovbrutarane.

Døma illustrerer også at røyntene med tap av fridom kunne vere svært individuelle. Dei viser døme på den frivillige, såvelsom den ufrivillige, underkastinga av tvangsarbeid, avgjort av politiet åleine, til opphald i straffanstaltar etter tiltale og dom. Dei viser også at fridomssanksjonar kunne vere ulikt initiert, ifrå dei innsette sjølve til foreldre og politi. Karrierane som sanksjonsmottakar varierte også. Ole Andreas Bergesen fekk berre eitt kort fengselsopphald i svært ung alder. Rolf Jørgensen debuterte i godt vaksen alder og hadde svært mange innsetjingar over lang tid. Han var dessutan innoim dei fleste anstaltane, han opplevde ikkje minst både straff- og tvangsarbeidsanstaltar frå innsida. Severine Jensen fekk to raske opphald på tvangsarbeidsanstalten då ho var midt i 20-åra, men hadde elles ikkje kjende opphald i straffanstaltar, og ser ut til å ha døydd tidleg.

Tvangsarbeidsanstalten og straffanstaltane var prinsipielt ulike anstaltar. Fattiglova gav politiet vide fullmakter til å innsette personar i den første anstalten, åleine etter eit administrativt vedtak av politiet sjølv. Innsetjing i straffanstaltane kravde ei judisiell handsaming med tiltale og påfølgjande dom, der politiet berre hadde ei innleiande rolle. Dei ulike straffanstaltane var ulikt strenge, frå fengsel som det mildaste via tukthus til slaveri, der den siste var avgrensa til menn med dei lengste straffane. Anstaltane var vidare ulikt organiserte og hadde ulikt innhald. Tvangsarbeidsanstalten og straffarbeidsanstaltane (tukthuset og slaveriet) var store fellesanstaltar der dei innsette arbeidde, åt og sov saman. Fengslet var ingen arbeidsanstalt, og mangla også dei store sove- og arbeidssalane. Likevel var fengslet i Bergen trøngt og overfylt fram til eit nytt celle-basert fengsel vart opna i 1867.

Den nye straffelova i 1842 markerte ein definitiv overgang til fridomsstraff som dominerande sanksjon mot lovbroet i Norge, og følgde slik opp ei ålmenn utvikling elles i den vestlege verda. Samtidig prega ønske om reform synet på fridomsavgrensinga og målet med den. Ein ville gå over frå masseinnesperring i fellesanstaltar til individualisert soning i enkeltceller, fundert på den reflektive ettertanken som grunnlag for rehabilitering. Denne utviklinga har vore forklart på ulike måtar. Ein har dels lagt vekt på humanitære motiv. Dei eldre straffemåtane vart oppfatta som barbariske, og det galdt også soningstilhøva i

---

<sup>14</sup> Forordning 20.2.1789 (Schmidt 1852), lov av 25.10.1815 (Schmidt 1849) og Kgl. res. 2.12.1825 (Schmidt 1849).

fridomsavgrensande anstaltar. Reformarbeidet var frukter av opplysning og det Norbert Elias ville kalla sivilisering, der den etablerte strafferettspleien framstod svært mangelfull.<sup>15</sup> Eit lokalt døme på dette frå 1835 er rådmann og seinare politimeister Christian Rasmus Hansson sin omtale av fengslet under rådstuen i Bergen:

*“Under denne Bygning befindes Arresterne som er en Kjelderetage over Jorden, som for det meste alle Kjeldere heri Byen. Arrestværelserne ere i Almindelighed smaae, undtagen 2 á 3 af dem, som ere lidt større end de andre. Lysningen er yderst maadelig og saaledes som den kan være gjennem smaa Kjeldervinduer, der ere anbragte i tykke Mure og forsynede med Jernstænger. Vinduerne til Arresterne vende ut til Gaardspladsen, som her, ligesom til Huse i Almindelighed i Bergen er meget indskrænket. Usunde deels formedelst dens fugtige Beliggenhed, ere samtlige Arrester og deels fordi Latriner ere andbragte inde i enhver Arrest og uden paa Væggen deertilhørende Kasser, som foraarsager en for de Arresteredes Helbred utaalelig Stank og desuden opfyldte Forretningsværelserne, som alle ligge lige over Arresterne med en ligesaa ubehagelig, som skadelig Atmosphære”.*<sup>16</sup>

Utviklinga har også vore forklart med endra motiv for sjølve straffebruken. I staden for hemn og avskrekking, vart trua på rehabilitering langt sterkare vektlagt under straffereformane, rett nok framleis saman med ønsket om at straff skulle verke allmennpreventivt avskrekkande.

For at straff i det heile skulle kunne fungere rehabiliterande, såg ein i samtida at ein måtte iverksetje konkrete reformar i straffepleia. Ein såg på det einsame fengslet med høve til kontemplativ anger og personleg boteverksemd, saman med oppbyggjeleg undervisning som beste løysinga. Samtida grunn gav i stor grad fengselsreformane med desse argumenta, og overinspektøren ved tukthuset i Bergen gav i 1839 klart uttrykk for manglane ved dei etablerte anstaltane:

*“Det er udenfor al Tvivl, at mange af de ældre og grovere Forbrydere virke ved slet Exempel til de mindre Slettes Fordærvelse, og især for den uconfirmerede Fange er Tugthuset, formedelst Localets Utilstrækkelighed, en Skole, hvori han forhærdes istedetfor at forbedres, og unegtelig udgaaer han fra Stiftelsen med flere Kundskaber til Forbrydelse, end han havde da han indkom der”*<sup>17</sup>

I tida etter 1850 vart denne brytinga avspegla i det praktiske reformarbeidet. Straffeanstaltkommisjonen, i si tid sjølve motoren i reformarbeidet, la i 1841 fram forslag om bygging av seks botsfengsel basert på celle-prinsippet. Det endte med det eine etablert i Christiania i 1851. I 1857 vart ei lov om fengselsvesenet vedteke, og den innleia eit storstila

---

<sup>15</sup> Norbert Elias: *The Civilizing Process*, Oxford 2000.

<sup>16</sup> Frå Magistratens kopibok 1835-36, eksp. nr 1192, dat. 23 juli 1835. Her henta frå Anthon M. Wiesener: “Fængsels- og arrestforhold i gamle Dage i Bergen” i *Bergens Historiske Forenings Skrifter*, 21/1915, s.84.

<sup>17</sup> Straffeanstaltkommisjonen: *Beretning om Beskaffenheden af Norges Strafanstalter og Fangepleie samt Betænkning og Indstilling om en Reform i begge, efter fremmede Staters Mønster*, Christiania 1841, s. 212. Både denne beretninga og Paul Magnus Norum: *Beretning og Betænkning angaaende Strafarbeidsvesenet i Norge*, Christiania 1860 og R. Petersen: “Udsigt over fængselsforholdene i Norge” i *Nordisk Tidsskrift for Fængselsvæsen og øvrige penitentiære institutioner*, Kjøbenhavn 1879 gir uttrykk for dette mange stader.

prosjekt for å modernisere fengsla lokalt etter dei nye prinsippa, og frå midten av 1860-talet kom slike i stand rundt om, i Bergen i 1867.

Dette fører fram til problemstillinga i denne avhandlinga. Eg vil undersøke korleis systemet med ulike sanksjonsanstaltar praktisk vart nytta av styresmaktene. Var det medvitne strategiar bak innsetjingar i dei ulike anstaltane? I ytterpunktta blir det eit spørsmål om anstaltsystemet var eit fleksibelt instrument i hendene til ei offensivt handlande styresmakt, der ulike typar av fridomssanksjonar medvite kunne rettast inn mot ulike grupper av befolkninga i byen på den måten styresmaktene til ei kvar tid fann mest formålstenleg. Anstaltsystemet vert i så fall forklart utifrå styresmaktene sitt ønske om kontroll. I det andre ytterpunktet kan me sjå på anstaltsystemet meir som uttrykk for eit velmeinande samfunn si mangelfulle og passive evne til å handtere normbrot og avvik, fundert på eit håp om forbetring og reintegrering. Fire teoretiske tilnærmingar til formålet med fridomsavgrensing vil bli presentert og vil vere eit rammeverk for ei empirisk undersøking av sanksjonsbruken. Syntetiserande framstilt vil eg ved hjelp av desse tilnærmingane drøfte i kva grad me kan skimte at anstaltsystemet vart nytta for a. rehabiliterer for å reintegrere, b. disiplinere for å forme, c. framandgjere for å legitimere eller d. internere for å uskadeleggjere?<sup>18</sup> Eg har ikkje som siktemål å føreta ei breitt opplagd undersøking av motiv og strategiar hjå lovgjevarar og lovhandsamarar. Mi eiga tilnærming til bruken av fridomssanksjonar skjer deimot gjennom ei empirisk undersøkinga av korleis sanksjonar faktisk vart tildelt dei einskilde.

Eksempla innleiingsvis inviterer til eit overordna spørsmål om bruken av fridomssanksjonar i tida etter at det vart dominerande straffeform. Kor individuelt differensierte var karrierane til dei som mottok fridomssanksjonar? Framstår ein arketypisk sanksjonsmottakar, eller pregar individuelle variasjonar møtet med refsande styresmakter? Dette vil eg svare på ved å undersøke kven fridomssanksjonar vart sett inn mot og korleis dei mottok slike sanksjonar over tid. Det vil vere sentralt å undersøke om fridomssanksjonar vart tildelt ulike segregerte grupper. Dette gjeld både innanfor dei enkelte anstaltane, men også om ulike anstaltar vart nytta som reaksjon mot ulike grupper i bysamfunnet. Hovudskiljet vil her gå mellom straffanstaltane på den eine sida og tvangsarbeidsanstalten på den andre.

---

<sup>18</sup> Ei anna nemning for 'uskadeleggjering' er 'inkapasitering', altså å innkapsle. Uttrykket tyder at ein gjer personar ute av stand til å utføre visse handlingar. 'Uskadeleggjering' er nytta i norsk kriminologisk litteratur og eg vel å nytte det same omgrepet.

Både Eilert Sundt og Alexander Kielland omtalte tvangsglemmane som byens "udskud."<sup>19</sup> Kielland meinte vidare at tvangsglemmane hadde gjennomgått "saaatsige alle Trin af Fornedrelsen; de har opgivet sig selv og samfundet har opgivet dem [...]"<sup>20</sup> I samband med handsaminga av den nye lausgjengarlova i 1898 la sosialkomitéen på Stortinget til grunn at tvangsarbeid berre vart brukt på personar som var komne særleg langt ut på "skraaplanet".<sup>21</sup> Eit sentralt spørsmål blir dermed om tvangsfangane skilde seg frå straffangane som særleg utstøytte og utsett for sanksjonar, eller om dei utgjorde ei overlappende målgruppe for sanksjonar?

Den store mangelen med det statistiske materialet og mykje av forskinga som er gjort på temaet, er den i hovudsak synkrone tilnærminga. Ein studerer fenomenet kriminalitet og eventuelt sanksjonsform i ulike år, men fangar i liten grad opp korleis *enkeltindivid* vart utsett for sanksjonar *over tid*. Eg har derfor valt å utvide ein tradisjonell tverrsnittanalyse til ein longitudinell studie av enkeltindivid si mottak av fridomsanksjonar over tid. Tverrsnittanalysen vil vise det generelle omfanget av fridomssanksjonar i Bergen i perioden, og korleis dei innsette i dei ulike anstaltane som gruppe skilde seg frå kvarandre internt og på tvers av anstaltane. Det skjer ved å undersøke bakgrunnen til sanksjonsmottakarane, årsaker til innsetjing og straffelengd. Den longitudinelle analysen vil kartleggje individuelle variasjonar i sanksjonskarrierar med tanke på debutalder, residivisme, karrierelengd, avslutningsalder, intensitet og spesialisering (anstaltkryssing). Dette skjer gjennom ein prosopografisk tilnærming, det vil seie at eg samlar enkeltopplysningar om dei einskilde sanksjonsmottakarane frå ulike kjelder. Dei sentrale kjeldene her er naturlegvis dei som registerer fridomssanksjonar, men også ei rekkje andre kjelder med relevante personopplysningar er nytta. Opplysningar frå ulike kjelder er lenka saman til mindre biografiar, der hovudvekta er lagt på enkeltindivid sine sanksjonskarrierar. Eg har lagt vekt på å få fram kjønnsvariasjonar ved tildeling av fridomssanksjonar, både i tverrsnittanalysen og i den longitudinelle analysen. Eit lågare omfang av sanksjonar generelt blant kvinner fører imidlertid til eit innskrenka grunnlagsmateriale i enkelte delanalysar, men eg har forsøkt å strekke kjønnsvariabelen så langt som råd.

---

<sup>19</sup> Eilert Sundt: *Om Fattigforholdene i Christiania*, Oslo 1978 [Christiania 1870], s. 152 og 145 og Alexander Kielland: *Den kombinerede Indretning*. Sætryk af "Stavanger Avis"; Stavanger 1889, her etter Bjørn Utne: "Den kombinerede Indretning – en sosialpolitisk pakkelsesløsning fra 1800-tallets Stavanger." Del III i *Stavanger Årbok* 1982, s. 103.

<sup>20</sup> Her henta frå Utne 1982, s.103.

<sup>21</sup> Stortingets Forhandlinger 1898/99, Indst. O. XIX, s.4: "[...] Loven anvendes overhovedet ikke paa andre end dem, der ved sin ørkesløshed eller drikfældighed er kommet meget langt ned paa skraaplanet".

Teoriane vil dermed i hovudsak bli vurdert gjennom sanksjonsmottakarane sine karrierar meir enn gjennom sanksjonsgjevarane sine motiv slik dei vert uttrykt i den offentlege debatten.

Undersøkinga er avgrensa til Bergen i tida ca 1850-75. Avviklinga av masseinnelukka i fellesanstaltar var i gang i denne perioden, men ikkje på nokon måte avslutta. Fengslet eksisterte i heile undersøkingsperioden, og vart altså først modernisert lokalt på 1860-talet då celle-prinsippet avløyste dei gamle fangehol-liknande lokala. Tukthuset eksisterte heilt fram til 1885, men i 1877 vart alle dei kvinnelege fangane overflytta til tukthuset i Christiania. Dette gav igjen rom for å overføre mennene frå slaveriet på Bergenhus festning til tukthuset, og slaveriet vart lagd ned som straffanstalt i 1878. Bergen hadde dermed i perioden 1850-75 straffanstaltar som eksekverte fridomssanksjonar frå dei kortaste fengselsstraffane til dei lengste straffarbeidsstraffane. For alle desse anstaltane finst oversyn over innsette. Utanom straffanstaltane praktiserte ein lokalt fridomsavgrensing gjennom tvangsarbeidsanstalten, oppretta i Bergen i 1843 og sidan heimla i fattiglova i 1845. Denne vart først heilt lagd ned i 1912, og var såleis operativ i den utvalde perioden og har protokollar over innsette tilgjengeleg. Anstaltane lokalt fanga dermed opp alle tildelte fridomssanksjonar i Bergen i perioden.<sup>22</sup>

I tillegg til å ha eit fullt spekter av tvangs- og straffanstaltar, og eit arkivmateriale som gir oversyn over mottakarar av fridomssanksjon, eignar Bergen seg godt som undersøkingsområde på grunn av den gode tilgangen til digitalisert demografisk kjeldemateriale. Kyrkjebøker for Bergen, samt ein del av nabo-områda er dataregistrert. Folketeljningane 1865 og 1875 er også dataregistrert. I tillegg finns andre kjeldetypar tilgjengeleg elektronisk, som register over heimstamnprotokollar og loddtrekningsprotokollar for innrulleringssjefen som supplerer personopplysningar.

Til slutt kort om strukturen i avhandlinga. Først vil eg kort introdusere den geografiske konteksten for analysen, nemleg Bergen på midten av 1800-talet. Dernest vil eg ta opp det formelle rammeverket for å tildele fridomssanksjonar i perioden, samtidig som dei enkelte lokale anstaltane vert nærare presentert. I kapittel fire vil eg gå gjennom den etablerte kunnskapen om innsette i sanksjonsanstaltar på 1800-talet, og presentere dei fire teoretiske tilnærmingane til bruken av fridomssanksjonar. Deretter drøftar eg i kapittel fem kva kjelder

---

<sup>22</sup> Innsetjing i Botsfengslet skjedde først etter innsetjing i lokal straffanstalt og med etterfølgjande søknad om overflytting. Eit unntak er likevel innsetjing i redningsanstalten "Toftes Gave" utanfor Christiania.

eg har nytta i min eigen analyse og metoden som er brukt for å produsere oversyn over dei enkelte sine karrierar. Deretter kjem ein tverrsnittsanalyse av dei innsette i dei ulike anstaltane i kapittel seks og sju for høvesvis straffangane og tvangslemmane separat. Til den longitudinelle analysen er det nødvendig å avgrense analysepopulasjonen til ei gruppe med tilknytning til Bergen utover det reint tilfeldige, og dette gjer eg i kapittel åtte. Den longitudinelle analysen av enkeltkarrierane kjem i kapittel ni. Avslutningsvis vil eg drøfte korleis den empiriske undersøkinga støttar opp under dei teoretiske perspektiva.




## 2 DEN GEOGRAFISKE KONTEKSTEN – BERGEN OG OMLAND

### 2.1 FRÅ ”STILLSTANDSBY” TIL STORBY

Då Christianiaposten i 1849 omtala Bergen som ”stillstandsbyen” stod byen framføre ein dynamisk periode, økonomisk, demografisk og sosialt. Folketalet, som ved byrjinga av hundreåret var rundt 18 000, var framleis i 1855 berre vel 25 000. Men så sette veksten inn, og i 1875 nærma talet på bergensarar seg 40 000 og hadde passert 70 000 innan utgangen av hundreåret.<sup>23</sup> Byen var på sett og vis delt i to administrativt; den eigentlege kjøpstaden med forholdsvis knappe geografiske grenser og landsokna til byen – forstadene i Korskirkens landsokn (Sandviken) og Domkirkens landsokn (Lungegården, Kalfaret, Nygård og Møhlenpris), som låg under Nordhordland fogderi og hadde eige formannskap fram til innlemminga Bergen i 1876. Folketalet steig mest mellom 1865 og 75 og heile tida etter 1855 var det nettopp i dei lite bebygde, og svært sentrumsnære områda i landsokna veksten var størst. Medan folkeveksten i Bergen låg langt etter dei andre byane før 1850, var den på nivå med gjennomsnittet etter.

**Figur 2-1: Befolkningsutviklinga i Bergen på 1800-talet.**



Kjelde: Ertresvaag 1995, s. 136

Veksten i folketalet kom dels av auka fødselsoverskot, og dels av aukande innflytting. Etter midten av hundreåret var det særleg innflyttinga som skyvde folketalet oppover. I 1866-75 hadde byen ei netto innflytting på over 5000, som utgjorde 60 prosent av folkeveksten.<sup>24</sup> 1826-35 utgjorde innflyttinga til samanlikning berre 12 prosent av folkeveksten. Innflyttinga var heile tida stor frå det næraste omlandet - Strilelandet eller Mid- og Nordhordland. Elles var det særleg frå Sogn og Sunnfjord innflyttarane kom. I 1875 var 63 prosent av

<sup>23</sup>Egil Ertresvaag: ”Et bysamfunn i utvikling 1800-1920”, band 3 i *Bergen bys historie*, Bergen 1995, tabell 1 s. 136.

**Figur 2-2: Kart over Bergen 1864** (UBB: Handberg, P: Kart over Bergen med Omegn, Bergen 1864).



befolkninga fødde i byen, omlag 13 prosent var fødde i Søndre Bergenhus (ti prosent av desse på Strilelandet) og like mange i Nordre Bergenhus.

Bergen på 1840-talet skilde seg lite frå dei tidlegare hundreåra utsjånadsmessig og den fysiske ekspansjonen skaut verkeleg fart først i slutten av min periode. Kartet i figur 2-2 viser Bergen i 1864. Som i hundreåra før var busetnaden konsentrert til trehus rundt Vågen med avstikkarar til Nøstet, Marken og opp mot Skansen/Stølen. Samtidig låg enklaven Skuteviken atskilt frå resten av byen og grensa mot Korskirkens landsokn. Ute i Sandviken, i Korskirkens landsokn, låg sjøhusa tett inn til Skuteviken. Bygnaden på sjøsida vart avløyst av Bergenhus festning som låg heilt ned i sjøkanten ved Vågen, og skilde Skuteviken frå den gamle trehusrekkja på Bryggen. Ferdelsvegen over land gjekk frå Skuteviken over Stølen og ned i Øvregaten bak Bryggen. I enden av Vågen, bak Vågsbunnen og Torget låg det "offentlege" Bergen. I Rådhuskvatalet fanst Magistratsbygning, brannstasjon, politistasjon, tinghus, ulike straffeanstaltar og arbeids- og tvangsarbeidsanstalt. Mot Stadsporten og Domkirkens landsokn i retning av Fløen og Haukeland i Årstad, låg det uregulerte trehusområdet Marken. Frå Torget og utover mot Nordnes strakk det nye kommersielle sentrum seg, med sjøgårdar tett i tett ved havna og den pulserande Strandgaten med butikkar og etterkvart stormagasinet like innanfor. Opp frå Strandsida, over Klosteret og ned mot Verftet, låg det gamle

<sup>24</sup> Ertresvaag 1995, s. 137.

arbeidarområdet, tildels med fortid som slum, men med aukande økonomisk verksemd, både på Verftet, som gav området namn, og langs sjøkanten innover mot Nøstet. Denne delen av byen sleit med eit frynsete rykte, med både galehus og sjukehus meir eller mindre vegg i vegg med bordell, vertshus og noko falleferdige arbeidarboligar. Sør for dette området att, låg den stort sett ubebygde Sukkerhusengen. Vidare sørover strakk halvøya med Sydnes og Nygård seg, skild ut av Lille Lunggardsvann og Damsgårdssundet. Den søre delen låg i Domkirkens landsokn og området var landleg med gardsbruk og anna spreidd busetnad. Då Nygårdsbrua vart opna i 1851 vart dette hovudvegen sørover til Fana.

Fysisk var Bergen framleis i 1865 prega av stillstand, og bystrukturen var framleis grovt sett som i hundreåra før. Den auka befolkninga fann seg heimar dels i dei eldre bydelane, og fortetta dermed busetnaden, og dels i dei nye bydelane som etterkvart vaks fram, særleg frå 1870-talet av. På kartet frå 1864 ser ein "Arbeiderboligen" frå 1850-talet, dei to store kasernene ved Stølen like i overkant av sentrum. Det første verkelege arbeidarstrøket var i ferd med å vekse fram. Like sør, på Wesselengen og Krohnengen, vart det satsa medvite på å byggja trehus som arbeidarane sjølve skulle eige.<sup>25</sup> Utbyggjinga gjekk hurtig, frå dei første tomtene vart utlagte på slutten av 1860-talet til dei fleste var bebygde rundt 1875. Sukkerhusengen var saman med det brannherja området frå 1855 det første moderne regulerte byområdet med kvadratiske gateplan. Først på 1880-og -90-talet skulle bygginga av dei store leigekasernene ta til, som på Møhlenpris ned mot Damsgårdssundet. Nygård kom under Bergen si bygningslov allereie i 1861, men vart først urbanisert frå 1880-talet av. Mellom kaserneområda på Nygård og Møhlenpris vaks eit villaområde fram, for betrestilte bergensarar.

Utanfor sentrum byrja bymessige strok å vekse fram i Fløen-området, men særleg i Solheimsviken i Årstad og på Laksevåg ved Damsgård rundt dei nyetablerte industriverksemdene der. Veksten i Fløen og Møllendalsområdet kom ikkje av økonomiske aktivitet i området, men funksjonen dei hadde som Bergens første sovebyar. Dei høge husleigeprisane sentralt i Bergen dreiv ein del arbeidarar til å arbeide i sentrum, men å busetje seg der.<sup>26</sup> I Årstad kommune vaks folketalet frå 468 i 1845 til 1398 i 1865 og 2364 ti år

---

<sup>25</sup> Sjø Egil Ertresvaag: "Et bystrøk blir til. Utbyggingen av Krohnengen og Wesselengen 1868-1900" i *Bergen Historiske Forenings Skrifter* 77-78/1979.

<sup>26</sup> Just Bing: *Aarstads historie*, Bergen 1922, s. 142.

seinare.<sup>27</sup> I motsetnad til landsokna til byen, vart ikkje desse områda innlemma i Bergen på 1800-talet.

Byhistorikaren Egil Ertresvaag har omtala perioden 1850-75 som ei oppgangstid avbrote av kriser.<sup>28</sup> På så å seie alle område var det økonomisk vekst og utvikling. Økonomien var framleis ved inngangen til 1850 nært knytt til fiskeri, skipsfart og importverksemd, men også her stod byen framfor endringar. Det gamle og tradisjonelle nordfararstevnet kvar vår og seinsommar skulle også bli avløyst av kontakt med lokale nordnorske handelsmenn og grossistar. Fiskehandel var viktig for byen perioden gjennom, men andre og dels nye aktivitetar bar veksten fram. Byrjande bortfall av nordfararstevna og handelsliberalisering svekka ikkje posisjonen til byen, den endra berre på organiseringa. Importen vart stadig viktigare og meir spesialisert, eit trekk Bergen delte med dei andre store byane. Etter 1860 viste importkurva av kolonialvarer ein bratt vekst.<sup>29</sup> Andre viktige innførsleprodukt var manufaktur, maskiner, metall og ikkje minst korn. Også detaljhandelen i byen vart stadig meir spesialisert.

Skipsfarten ekspanderte med aukande verdshandel og vart meir frigjort frå byen sin eigen eksport. Handverk i tilknytning til skipsfarten - repslagarar og seglmakarar – og i tilknytning til bygningsfaga gjekk inn i ein oppgangsfase.<sup>30</sup> På slutten av 1860-talet byrja også dei bergenske reiarar overgangen til dampskip, tidlegare enn andre norske byar. Samtidig møtte ei rekke andre handverksverksemdar utfordringar frå den industrielle masseproduksjonen. Valet for mange var å investere i maskiner og verkstader, eller ende opp som reparatørar eller forhandlarar av industrielle varer.<sup>31</sup>

1850-talet vert rekna som det store gründar-tiåret i Bergen med etablering av fleire store og varige verksemdar innan finans, industri, infrastruktur og utdanning.<sup>32</sup> Kommunikasjonane med omlandet vart betra. Nygårdsbrua opna opp for eit enklare samkvem med Årstad og Fana, medan dampskipa pløygde farvatna særleg nord og sør for byen. Ny industri vart etablert i, eller i endå større grad i utkanten av Bergen. På Verftet ved Nøstet utvikla Annanias Dekke Georgernes Verft og i Solheimsviken og på Laksevåg vaks store skipsverft

---

<sup>27</sup> Bing 1922, s. 120.

<sup>28</sup> Ertresvaag 1995, s. 44.

<sup>29</sup> J. Hagelsteen: "Skipsfart og handel", band 3 i *Bergen 1814-1914*, Bergen 1919, s. 44.

<sup>30</sup> Ertresvåg 1995, s.95f.

<sup>31</sup> Ertresvåg 1995, s.95f.

og jernstøyper i fram nettopp i denne perioden.<sup>33</sup> Talet på arbeidarar ved dei tre store verksemdene i forstadene (Laksevaag Værk, Wingaards Jernstøperi og BMV) auka sysselsetjinga frå 320 til 654 mann 1865-70.<sup>34</sup> Berre Bergen Mekaniske Verkstad i Solheimsviken auka frå 100-150 i 1866 til heile 429 berre fire år seinare.<sup>35</sup>

Utviklinga fekk også konsekvensar for den sosiale strukturen i byen. Befolkningsveksten skapte ein yngre befolkning. Fødselsoverskotet førte til fleire mellom dei aller yngste, samtidig som innflyttinga gav mange i alderen under 30 år. Endra økonomisk aktivitet og nye servicenæringar førte til nye yrkersgrupper. Talet på fullmektigar og betjentar auka, det same gjorde gruppa av handverksvennar, drengar og daglønningar og andre arbeidarar. Tenarane og handverksmeistrane forsvann sjølvsagt ikkje, men minka relativt sett.<sup>36</sup> Nye yrkesgrupper knytt til industri, samferdsle og generell tenesteyting vaks fram. Dampskipsekspeditorane, fyrbøtarane, konstablane, typografane, telegrafistane var alle nye yrkesgrupper som kom i denne perioden.

Det mest slåande med utviklinga er oppløysinga av dei gamle paternalistiske banda, særleg innanfor handverksnæringa. På grunn av konkurransen og kapitaliseringa innan næringa, vart vegen frå læredreng via svenn til meister lengre og vanskelegare enn før, og ei underordna handverksstilling vart i aukande grad eit livslangt yrke meir enn ein livsfase. Denne utviklinga er særleg knytt til slutten av 1860-åra. Øystein Sandberg har karakterisert utviklinga som eit læregutproblem.<sup>37</sup> Disiplinen var i oppløysing og respekten for kontraktane forsvann hjå både læregutane og meistrane. Cecilie Boge har påvist at prosentdelen drengar som budde hjå meisteren i rode 4 og 5 i Bergen fall frå 93 prosent i 1801 til 70 i 1865 og berre 31 prosent i 1875.<sup>38</sup> I staden vart drengane buande heime hjå foreldra lengre enn før. Utviklinga var den same for svennane. Her budde 84 prosent i meisteren sitt hushald i 1801, mot berre 19 prosent i 1865 og fem prosent i 1875. Eit fåtal av svennane budde hjå foreldra, det vanlege var å gifte seg og stifte eigne hushald. Egil

---

<sup>32</sup> Øystein, Sandberg: *Bergensk håndverk og industri gjennom hundre år*, Bergen 1945, s. 46f og Henrik Myran & Kåre Fasting: *Herfra går skibe. Aksjeselskabet Bergen Mekaniske Værksteder 1855-1955*, Bergen 1955, s. 29.

<sup>33</sup> Myran & Fasting 1955.

<sup>34</sup> Sandberg 1945, s. 49.

<sup>35</sup> Bing 1922, s. 114.

<sup>36</sup> Ertresvaag 1995, s. 145.

<sup>37</sup> Sandberg 1945, s.71.

<sup>38</sup> Cecilie Boge: *Handverkaren, sveinen og drengen. Ei undersøkning av sosiale forhold på Nordnes på 1800-talet*, Bergen 1996 (Url: <http://web.hist.uib.no/mfag/cecilie/Tabell2.html>). Rode fire og fem låg på Nordnes.

Ertresvaag karakteriserte konsekvensane av dei sosiale endringane med at den tidlegare "almuen" gjekk over til å bli ein "arbeiderklasse".<sup>39</sup>

## **2.2 "TILSTANDEN BLANDT DEN ARBEIDENDE KLASSE HAR I DET HELE TAGET VÆRET GOD"**

Konjunkturane i perioden var jamt over gode. Eit tydleg unntak var krisa i 1858-59 i etterkant av Krimkrigen, mislykka kornspekulasjon og feilslått fiske i Finnmark. Jordbrukskrisa på slutten av 1860-talet var stort sett avgrensa til jordbruksbygdene på Austlandet og dels i Trøndelag, og fekk liten innverknad for Bergen og omlandet. Sjølv om perioden stort sett var gunstig for næringslivet i byen, treng dette ikkje vere tilfellet for gruppa som i samtida vart omtala som "Arbeiderklassen". Det var stort sett denne gruppa dei ulike straffe- og tvangsarbeidsanstaltene rekrutterte frå. Fekk denne gruppa del i den økonomiske oppgangen?

Situasjonen for arbeidarklassa synest å ha vore vanskeleg ved inngangen til 1850-talet. Amtmannsberetninga for femåret 1846-50 gir uttrykk for at den "simple" arbeidaren burde kunne stå seg godt med tanke på nivået til daglønningane, men den ustadige tilgangen til arbeid og den manglande økonomiske disiplinen hjå arbeidarane, gjorde situasjonen vanskeleg og førte med seg aukande fattigbyrder.<sup>40</sup> Synet på den økonomiske ansvarsløysa mellom arbeidarane lyt stå for amtmannen si eiga rekning, men det er ingen tvil om at arbeidsløysa til tider var eit stort problem på 1840-talet og tidlegare. Den låge tilflyttinga til byen er i seg sjølv eit sterkt vitnemål om manglande høve til sysselsetjing. I 1848 var det eit oppløp framfor Rådhuset på grunn av misnøye med betalinga kommunen gav på nødsarbeid.<sup>41</sup> Tilsvarande påpeika amtmannen at det var oppstått stillstand i nesten alle delar av forretningslivet i 1878 og gjorde særleg vinteren til ei vanskeleg tid for arbeidarklassa.<sup>42</sup> Dette berre forverra seg utover på 1880-talet, framleis med vinteren som det store problemet. I byrjinga av 1885 vart nøden så alvorleg at kommunen, som i 1848, måtte sette i gang med nødsarbeide for å sysselsetje arbeidslause.<sup>43</sup>

---

<sup>39</sup> Ertresvaag 1995, s. 146ff.

<sup>40</sup> NOS *Beretning om Kongeriget Norges økonomiske Tilstand 1846-50*, Christiania 1853. Bergen By, s. 9f.

<sup>41</sup> Ertresvaag 1995, s.301.

<sup>42</sup> NOS *Ældre Række C.No.2: Beretning om Amternes økonomiske Tilstand 1876-80*, Andet Bind, Christiania 1884. Bergen by, s. 4.

<sup>43</sup> NOS *C.No.2 Beretning om Amternes økonomiske Tilstand 1881-85*, Andet Bind, Kristiania 1890. Bergen by, s.5.

Heile perioden 1850-75 derimot, vert i dei ulike amtmansberetningane omtala som utelukkande ein økonomisk gunstig periode for arbeidarklassa. For femåret 1851-55 gir dei lokale styresmaktene uttrykk for at arbeidsløyse ikkje lenger er noko påtrengande problem, jamvel om skepsisen til arbeidarane si økonomiske forvaltningsevne framleis heng ved:

*“Arbeidsclassen her Paa Stedet i Almindelighed har Adgang til god Fortjeneste, men der gives her som andensteds mange, der ikke anvende det Fortjente paa en god og huusholderisk Maade, eller tænke sig at knappere Tider kunne indtræffe”<sup>44</sup>*

Også femåret etter vart tilgangen til arbeid for arbeidarklassa positivt omtala av amtmannen og ein rekna med at ”Pauperismen blandt Arbeidsklassen maa være noget i Aftagende”.<sup>45</sup> Arbeidarklassa kledde seg betre enn før og levde i det heile betre enn ti år tidlegare. Den gode tilgangen på arbeid prega beretningane for heile 1860-talet og første halvdel av 1870-talet, og kan illustrerast med Magistraten sin rapport om femåret 1866-70:

*“For vor Byes Arbejderbefolkning have de 5 Aar fra 1866 til 1870 været en særdeles heldig Periode. Medens det aldrig i længere Tid har hersket nogen egentlig Arbejdsløshed, har der tvertimod som oftest været Adgang til god Fortjeneste for alle Arbeidsføre, saavel Mænd som Kvinder, saasom Conjunkturerne have medført, at Arbeidsfortjenesten, navnlig for de Arbeidere, der sysselsatte sig med Behandlingen af Fiskevarer, til enkelte Tider har været særdeles rigelig”<sup>46</sup>*

Beretningane underbyggjer utsegnene sine ved å vise til at fattigutgiftene var under kontroll. Også Ertresvaag støtter dette og ser eit tidsskifte for fattigdommen rundt 1850. I første halvdel av 1800-talet vart talet på fattige tredobla, medan folketalet auka med 34 prosent.<sup>47</sup> Mellom 1850-65 sank talet på fattigunderstøtta både absolutt og relativt, før det i det neste tiåret steig noko absolutt, men framleis ikkje relativt. I 1840 fekk over ti prosent av befolkninga fattighjelp.<sup>48</sup> I både 1865 og 1875 fekk 6.5 prosent av befolkninga fattighjelp. Ei strengare fattiglov i 1845 forklarar dette noko, men også Ertresvaag peikar på konjunkturane.<sup>49</sup>

Konjunkturar, fattigforsørginga og styresmaktene sine utsegner peika alle i retning av at arbeidarklassa – den del av bybefolkninga som levde av underordna lønsarbeid - hadde god tilgang til arbeid og levde i nokolunde gode kår, i alle fall samanlikna med tidlegare. Kor reelt var det? Det er grunn til å tru at arbeidsmarknaden var langt betre for arbeidarklassa

---

<sup>44</sup> NOS *Beretning om Kongeriget Norges økonomiske Tilstand 1851-55*, Christiania 1858. Bergen By, s.12.

<sup>45</sup> NOS *Ældre Række C.No.2: Beretning om Kongeriget Norges økonomiske Tilstand 1856-60*, Christiania 1863. Bergen By, s.21.

<sup>46</sup> NOS *Ældre Række C.No.2: Beretning om Amternes økonomiske Tilstand 1866-70*, Christiania 1873. Bergen By, s. 6.

<sup>47</sup> Ertresvaag 1995, s.260.

<sup>48</sup> Ertresvaag 1995, s. 259.

<sup>49</sup> Ertresvaag 1995, s. 26.

etter 1850. Ikkje berre hadde dei tradisjonelle verksemdene oppgang, men ein fekk etablert nye verksemdar som var mindre påverka av variasjonar i årstidene. Tradisjonelt var tilgangen på arbeid best i stevnetida. Industrialisering og forsåvidt generell økonomisk differensiering gav ein jamnare tilgang til arbeid. På den andre sida var også mange av desse verksemdene knytt opp til konjunkturar på verdsmarknaden og med den skifta også behovet for arbeidskraft. Sjølv om desse hovudlinene synest riktige, og at tilgangen til arbeid har vore god perioden 1850-75 sett under eitt, vil ein finne mindre variasjonar. Magistraten omtalte som nemnt perioden 1866-70 i svært positive vendingar. Men innan denne perioden fann den såkalla "Poteteskrigen" stad i august 1868.<sup>50</sup> Den nye liberaliseringa av handelen i 1866 opna opp for oppkjøparverksemd i større skala. Dette skal ha ført til at mange av bøndene sine varer vart kjøpt opp, som poteter, og seld vidare til bybefolkninga til høgare prisar. Demonstrasjonar mot oppkjøparverksemda enda i valdelege oppløp med ei delvis udefinert gruppe arbeidarar på den eine sida og politi, militæret og borgarvæpninga på den andre. Det heile enda med småskadar på begge sider og etterfølgjande tiltale av 54 personar, der 34 til slutt vart dømde.<sup>51</sup> Bergens Tidende uttalte på si side at oppkjøparverksemda nærast var eit påskot eller ei utløysande enkelthending på Torget og at den verkelege årsaka til oppløpa var trykkande tider og arbeidsløyse:

*"Bergen er en Handelsstad, uden Kjøbmanden og handelen er den Intet. Det Slag, som rammer den Handlende, og det Tryk, som hviler paa ham, maa derfor føles og deles af alle Stænder, og dette vil vel Haandværkerne især kunne bevidne. Derfor er Arbeidsløsheden kommet og Daglønnen minket, derfor har ikke Arbeiderens Indtægter været saa rigelige som før og dette er den sande og eneste Grund [til Poteteskrigen]"*<sup>52</sup>

Denne påstanden står i sterk kontrast til kva amtmannen, på grunnlag av Magistraten, skreiv om perioden. Hendingane under Poteteskrigen, meinte amtmannen, var desto meir å beklage med tanke på "hvor særdeles heldig den hele Femaarsperiode har været for Byens Arbeiderbefolkning."<sup>53</sup>

Truleg har sektorarbeidsløyse tidvis vore eit problem. Til dømes var utførselen 1866-67 og tildels 1868 "mindre heldig", medan innførselen var fordelaktig heile perioden og det same galdt importen i den resterande delen.<sup>54</sup> Amtmannen antyda ein nedgang i verksemda til

---

<sup>50</sup> SAB: Byfogd og byskriver i Bergen. I.D.a.6. Akter ang. Optøierne i Bergen 1868 (Poteteskrigen).

<sup>51</sup> SAB: Byfogd og byskriver i Bergen. I.D.a.6. Akter ang. Optøierne i Bergen 1868 (Poteteskrigen).

<sup>52</sup> Bergens Tidende 20.8.1868.

<sup>53</sup> NOS Ældre Række C.No.2: *Beretning om Amternes økonomiske Tilstand 1866-70*, Christiania 1873. Bergen By, s. 33.

<sup>54</sup> NOS Ældre Række C.No.2: *Beretning om Amternes økonomiske Tilstand 1866-70*, Christiania 1873. Bergen By, s. 1.



verfta fordi reiarane var i ferd med å gå over til dampskip.<sup>55</sup> Ei viktig deltakande gruppe i poteteskrigen skal ha vore arbeidarane ved verfta i forstadane, og særleg frå BMV i Solheimsviken. Her auka arbeidsstyrken enormt 1866-70, og samtidig gir amtmannsberetningane uttrykk for at nettopp BMV fokuserte sterkt på bygging av dampskip og jernskip. Heller ikkje historieskrivarane til verftet peikar på noko sysselsetjingsproblem i denne periode, tvert om.<sup>56</sup> Femåret sett under eitt synest også tilgangen på arbeid å ha vore stor ved verfta. Men nettopp i denne verksemda har variasjonane i arbeidsstyrken vore store, alt etter ordretilgang og behov for arbeidskraft. Presten i Årstad beklaga det ustadige ved BMV allereie i 1861:

*”alt eftersom [BMV] er i større eller mindre drift og fordrer større eller mindre arbeidskraft, - ofte maaned- eller halvaarsvis. Snart antages i hast en 20 a 30 arbeidere, snart avskediges det samme tal paa samme maate.”*<sup>57</sup>

Den første kjende streiken uspelte seg også ved BMV i 1872. Eit lønnskrav frå arbeidarane var utgangspunktet og kravet vart også innfridd etter det som er kjend.<sup>58</sup> Også andre grupper opplevde nok tidvis sysselsetjingsproblem, særleg galdt dette handverksgruppene som konkurrerte med dei industrielle produkta. Her var nok også sysselsetjingsproblema etterkvart meir strukturelle enn midlertidige. Dette galdt til dømes skomakarane og etterkvart også anlemakarar og handverkarane knytta til seglskipsbygging.

Med tanke på den svarte situasjonen styresmaktene rissa opp før og etter perioden 1850-75, der nettopp den tidvise arbeidsløyse vart påpeika som eit stort problem, er det vanskeleg å tru at dei same styresmaktene skulle framstille situasjonen såpass positiv som dei gjorde utan at dette faktisk var hovudinntrykket deira for dei enkelte femårsperiodane. Egil Ertresvaag gir også uttrykk for at høvet til arbeid var godt heile tida frå 1850 til midten av 1870-talet.<sup>59</sup> I kortare periodar og innanfor enkelte sektorar har nok likevel arbeidsløyse vore eit problem for arbeidarklassa, sjølv om tilgangen til arbeid stort sett var god.

Tilgangen på arbeid og løn var likevel ikkje det einaste tilhøvet som regulerte levestandarden til arbeidarklassa. Fordyringa av jordbruksprodukt i samband med oppkjøparverksemda på slutten av 1860-talet har allereie vore nemnd. Eit meir alvorleg problem for arbeidarane var det sterke presset på bustadmarknaden. Særleg frå 1860-talet auka innflyttinga til byen

---

<sup>55</sup> NOS Ældre Række C.No.2: *Beretning om Amternes økonomiske Tilstand 1866-70*, Christiania 1873. Bergen By, s. 5.

<sup>56</sup> Myran & Fasting 1955, s. 50ff og figur s. 251.

<sup>57</sup> Her sitert frå Bing 1922, s. 109.

<sup>58</sup> Ertresvaag 1995, s.301 og Myran & Fasting 1955, s. 57.

<sup>59</sup> Ertresvaag 1995, s. 263.

mykje, samtidig som også fødelsoverskotet i byen vaks. Samtidig tok dei som hadde økonomisk evne til det i bruk større deler av eigne hus sjølve og lot vere å leige ut.<sup>60</sup> Dette medførte ganske raskt ein sterk mangel på husrom som verken nybygging eller utviding av eldre hus klarte å halde tritt med. Styresmaktene fann sjølv at husleigene hadde stige aldeles urimeleg med tanke på standarden på husværa som vart tilbode.<sup>61</sup> Resultatet vart overbefolkning i utleigebustadene i sentrum og forskyving av busetnaden til randområda Fløyen og Møllendal.<sup>62</sup>

Bergen var altså i perioden 1850-75 prega av stort sett økonomiske oppgangstider og arbeidarklassa opplevde for det meste trygge arbeidskår og betra levestandard. Men høge levekostnader, både på matvarer og husrom, saman med mellombelse småkriser og generell samfunnsending i retning av kapitalisering og oppløysing av tradisjonelle relasjonar (overgang frå ein paternalistisk verna almue til ein proletarisert arbeidarklasse ) gjorde at nokon ”alltid” fall utanfor. Bergen var ein vanskeleg by å klare seg i om ein ikkje hadde regelmessig tilgang til inntekter.

### **2.3 STRILELANDET – BERGENS NÆRE OMLAND**

På alle kantar var Bergen omkransa av Strilelandet. Opphavet til omgrepet er ukjend, men *stril* har i lang tid vore ei vanleg nemning på folk som budde i Nord- og Midhordland. Det nære sambandet mellom Strilelandet og Bergen gav seg også uttrykk i at sistnemnde var tingstad for desse to sorenskriveria<sup>63</sup> og fengslet i Bergen var også strilane sitt einaste fengsel.

Den same stillstanden som prega Bergen i byrjinga av hundreåret, prega også Strilelandet på mange måtar. Det var lenge eit statisk samfunn der lite nytt skjedde. Men på eitt område skilde omlandet seg frå Bergen, det hadde ein sterk folkevekst allereie frå tida etter napoleonskrigane.<sup>64</sup> Den sterke folkeveksten i omlandet og den påfallande stagnasjonen i Bergen heng saman. Strilar utgjorde tradisjonelt ein stor del av innflyttarane, men med

---

<sup>60</sup> NOS Ældre Række C.No.2: *Beretning om Amternes økonomiske Tilstand 1866-70*, Christiania 1873. Bergen By, s. 33. Amtmannen antyda også at lovendingar som gjorde det vanskelegare å ta utlegg for gjeld innskrenka motivasjonen til å leige ut.


<sup>61</sup> NOS Ældre Række C.No.2: *Beretning om Amternes økonomiske Tilstand 1866-70*, Christiania 1873. Bergen By, s. 6.

<sup>62</sup> NOS C.No.4. *Beretning om Sundhetstilstanden og Medicinalforholdene i Norge i 1867*, Christiania 1869-70. Bergen, s. 116 og Bing 1922, s. 142.

<sup>63</sup> Midhordland vart skild ut frå Nordhordland gjeldande frå 1.1.1848 og inkluderte Os, Fana, Sund og Fjell (inkludert Askøy), Årstad sokn og landsokna til Bergen.

<sup>64</sup> Sjø Atle Døssland: ”Frå 1800 til 1914”, band 4 i *Strilesoga. Nord- og Midhordland gjennom tidene*, Eide forlag 1999, s. 35.

**Figur 2-3: Kart over Nordhordland og Midhordland. (Kartet er basert på NOS B.134 Folketeljinga 1801, Ny bearbeiding, Oslo 1980 og er utarbeidd av Jørgen H. Martinsen ved Riksarkivet).**



manglande sysselsetjingshøve i byen, stoppa flyttinga til Bergen nesten opp. Flyttestraumane tok likevel ikkje slutt, men var for det meste avgrensa til intern flytting innanfor prestegjelda og andre område på Strilelandet.<sup>65</sup> Folkevekst og relativt få økonomiske innovasjonar førte til eit visst befolkningspress, og då høvet for arbeid igjen opna seg i Bergen kring midten av hundreåret, byrja også flyttestraumen å gå denne vegen att.

Strilane levde for det meste av fiske og jordbruk, med Bergen som viktigaste marknad. Bøndene som budde nærmast byen reiste gjerne inn dagleg med mjølka si og selde den på Torget eller kring om på husa.<sup>66</sup> Havstrilar og andre som budde lenger vekk, tok turen

<sup>65</sup> Døssland 1999, s. 36.

<sup>66</sup> Thorolf T. Rafto: "Bergen og omland 1840-1870. Et omskifte" i *Bergen Historiske Forenings Skrifter*. 59/1953.

sjeldnare, men likevel langt oftare enn hardingar, vossingar, sogningar for ikkje å snakke om nordlendingane som avgrensa kontakten stort sett til stevnetida.

Bergenskjøpmenn organiserte protoindustri på Strilelandet, særleg i Nordhordland.<sup>67</sup> Dei kjøpte opp hamp som vart delt ut til dei som ønskte å spe på hushaldsinntekter ved å spinne, gjerne om hausten og vinteren, og levere det ferdige produktet attende til bykjøpmannen. Meir avanserte var bygningsstrilane som framstod som entrepenørar.<sup>68</sup> Desse fann ein mest nord for Bergen, helst kring Osterfjorden.<sup>69</sup> Dei kunne kjøpe opp tømmer frå dei indre områda, tømre ferdige hus heime som sidan vart tatt ned og frakta til Bergen for oppsetting. Strilane kom nok oftare til Bergen enn omvendt. Men ein del betrestilte bergensarar reiste på landet om sommaren til leigde eller i eigne sommarhus. Det var helst dei nære bygdene som opplevde den første turistr trafikken på denne måten.

På midten av 1800-talet byrja kommunikasjonane å betre seg. Dei første dampskipa vart sett i drift sørover og nordover kysten, og passerte dermed også Strilelandet. Først i slutten av min periode skulle Strilelandet for alvor bli vevd inn i eit tett dampskipsnett som gjorde dagsturar til Bergen enklare også frå dei mest fjerntliggjande distrikta.

Den første dampskipstrafikken hadde dels samband med den byrjande industrien som etablerte seg i eit belte rundt sjølve Bergen. Bergen, med sine relativt høge løner, manglande vasskraft og redsel for brann, var lite eigna for industri og dampmaskiner. I Solheimsviken og på Laksevåg-sida etablerte det seg noko industri, men også delar av denne, i alle fall på Laksevåg, var meir tradisjonell og utan større bruk av maskiner. I Arna og i Salhus derimot, vaks moderne tekstilindustri fram og opna for ei større grad av proletarisering.

Bergen og omland var altså i min periode prega av ei byrjande oppvakning frå ein dvaletilstand. Den økonomiske aktiviteten tok seg opp og Bergen vart igjen eit dynamisk sentrum, først og fremst for det næraste omlandet. Trass i ein økonomisk oppgangsperiode og generelt god tilgang til arbeid, var byen inne i ein sosial transformasjonsperiode. Transformasjonen er høveleg karakterisert av Ertresvaag når han seier at allmugen gjekk over til å bli ein arbeidarklasse. Modernisering, industrialisering og folkevekst sprengte gamle

---

<sup>67</sup> Døssland 1999, s. 52.

<sup>68</sup> Døssland 1999, s. 56.

<sup>69</sup> Karl Egil Johansen: "Strilesamfunn i oppbrot 1865-1914", band 4 i *Strilesoga. Nordhordland gjennom tidene*, Bergen 1999, s. 170.

sosiale relasjonar i byen, men knytte samtidig Bergen og omlandet endå tettare saman enn i tiåra før.



### 3 DET FORMELLE RAMMEVERKET – LOVVERK, AKTØR OG INSTITUSJON

Dei sentrale kjeldene mine er henta frå institusjonar som eksekverte juridisk og administrativt heimla sanksjonar i form av innesperring – fengsel, tukthus, slaveri og tvangsarbeidsanstalt. I dette kapitlet gjennomgår eg det formelle rammeverket for å påføre enkeltpersonar sanksjonar som førte til opphald i desse institusjonane. Dette er dermed ein gjennomgang av kva lover og andre føresegner seier om kven som *kunne* innsetjast i desse anstaltane, ikkje kven som faktisk *vart* det.

Det blir også ein gjennomgang av aktørane som handla innanfor desse rammene. Kven kunne ta initiativet til desse sanksjonane, kva var framgangsmåten og kven kunne avgjere iverksetjing, omfang og type av sanksjon? Dei sentrale aktørane her er politiet som initiativtakar, domstolane og dels politiet som avgjerdsmynd, samt straffanstaltane med styresmakter som påverka sjølve eksekveringa av sanksjonane. Desse handla innanfor dei rammene som fattiglov, straffelov, politilovgjeving og rettspleia elles gav.

Innsetjing i desse anstaltane var dels heimla administrativt, dels judisielt. Alle sanksjonsformene var forsåvidt juridisk heimla, ved at all innsetjing i fridomsavgrensande anstaltar var heimla i eit lovverk, som straffelova eller fattiglovene. Når eg her skil mellom juridisk og administrativt heimla innsetjingar, går dette på dei konkrete enkeltinnsetjingane. Ei judisiell heimling vil seie at innsetjing berre kunne skje etter ei rettsleg handsaming og dom ved kvar enkelt innsetjing. Ved administrativ avgjerd vart vedtaket tatt utan ein slik prosess og utan nokon form for domfelling av den einskilde.

Noko forenkla kan ein seie at innsetjingane i tvangsarbeidsanstalten var administrativt heimla, medan innsetjing i straffanstaltar som fengsel, tukthus og slaveri kravde ei judisiell handsaming. Sjølv om dette var det typiske, kunne ein bli dømd til opphald i tvangsarbeidsanstalten, og stiftet kunne administrativt gjere bøter om til innsetjing i fengslet. I dette siste tilfellet var uansett vedtaket om sanksjon juridisk heimla i ein dom, det var formen på sanksjonen som kunne avgjerast administrativt, men berre innanfor svært strengt lovregulerte rammer.

Tukthuset og slaveriet på Bergenhus skilde seg igjen ut frå fengslet ved å vere straffarbeidsanstaltar, ein skulle her primært sysselsetjast i innsetjingsperioden. Innsetjing i

ein straffanstalt kunne skje anten som eit resultat av ein politimisferd og bli idømd allereie i første instans i politiretten, eller av dei ordinære domstolane etter eit brotsverk. Valet mellom dei ulike straffanstaltane var avhengig av lovbrotet og lovbrytaren sine eventuelle tidlegare dommar, samt alder og kjønn til lovbrytaren.

### **3.1 EI OMGREPSAVKLARING - KRIMINELL VERSUS NORMBRYTAR**

I denne avhandlinga skal eg altså undersøke bruken av sanksjonar på lov- og normbrot som førte til innesperring. Eg reknar ein person som vart innsett i tvangsarbeidsanstaltan som ein normbrytar, medan ein person som vart innsett i ein av straffanstaltane som lovbrytar og kriminell.

Det finst ingen fastlagd definisjon på kriminalitet. Det vil variere frå stat til stat og over tid kva som vert oppfatta som kriminelle handlingar. Ein kan altså ikkje ålment definere kriminalitet ut frå konkrete handlingar. Kriminalitet vert i dag definert som handlingar som strir mot gjeldande lover og som medfører straff.<sup>70</sup> Kriminologen Ragnar Hauge følgjer opp denne definisjonen; eit lovbrot består av ei handling og ei lov som set straff for handlinga. For Hauge er likevel eit tredje moment viktig, nemleg at ein har ei handheving som stadfester at lovbrotet har funne stad. Der berre dei to første momenta føreligg, snakkar ein om skjult kriminalitet, eller ikkje-registrert kriminalitet. Der lovbrotet er stadfesta, er kriminaliteten også registrert.<sup>71</sup>

Om ein med ”stadfesting” legg til grunn at styresmaktene handler og slik stempler ei handling som lovbrytande, blir alle sanksjonar som er heimla i ei lov, sanksjon på kriminell atferd. Slik blir også lausgjengeri og brot mot fattiglova kriminelle handlingar på lik line med brot mot straffelova. Brot mot politivedtekter, som altså ikkje er lover, er ikkje lovbrot og dermed ifølgje definisjonen formelt heller ikkje kriminalitet. Om ein med stadfesting legg til grunn at stemplinga av ei handling som lovbrytande må finne stad i form av dom, innskrenkar dette seg. Paragraf 96 i Grunnlova legg til grunn dei same to momenta - lov og straff, men presiserer premissane for straff. Ingen kan dømmast utan etter lov, og følgjer slik opp den vanlege definisjonen. Grunnlova seier vidare at ingen kan straffast utan etter dom. Straff føreset med andre ord ei rettsleg avgjerd i form av dom. Lova må ikkje berre handhevast,

---

<sup>70</sup> Dette er Statistisk sentralbyrå sin definisjon i *Kriminalitet og rettsvesen*, 3. Utgåve, Statistisk sentralbyrå 1997, s.9.

<sup>71</sup> Ragnar Hauge: *Kriminalitetens årsaker: Utsnitt av kriminologiens historie*, Oslo 1990, s. 11ff.



men det må føreliggje ei formell stadfesting på at dei konkrete handlingane verkeleg var lovstridige.

Dette avgrensar kva ein kan definere som kriminalitet meir enn kva dei omtalte definisjonane innleiingsvis gjer. Innsetjing i ein straffanstalt kravde ei judisiell handsaming, medan innsetjing i tvangsarbeidsanstalten normalt vart gjort på grunnlag av ei administrativ handsaming av politiet åleine. I område der ein ikkje hadde tvangsarbeidsanstaltar kunne den same målgruppa hamne i fengsel, men først etter tiltale ved politirett.<sup>72</sup> Brot mot lausgjengarparagrafane i fattiglova var altså ikkje ei kriminell handling i område der ein hadde tvangsarbeidsanstaltar, og desse lovbrutarane kan ikkje definerast som kriminelle. Eg har vald å kalle dei normbrytarar.

På 1800-talet, som no, skilde ein mellom brotsverk (forbrytelse) og misferd (forseelse). Brotsverka var dei meir alvorlege lovbrota, dei fleste omfatta av straffelova frå 1842, medan misferdene var mindre alvorlege. Skiljet er dels juridisk-formelt fundert, ved at brotsverk må vere lovhandsama, medan misferder kan vere handsama i politivedteker. I vurderinga av kva som vert rekna som misferd og brotsverk, la lovkommissjonen i forkant av kriminallova frå 1842 vekt på følgjande: Ei handling som var ei umiddelbar rettskrenking eller som umiddelbart verka til skade for statens interesser (vidt definert), eller som var forsøk på dette, vart rekna som brotsverk.<sup>73</sup> Misferdene vart definert som brot mot lover og vedtekter som hadde som siktemål å førebyggje umiddelbar skade.<sup>74</sup> Eksemplifisert til Bergen på 1800-talet; uforsvarleg køyring med vogn gjennom sentrum var ei misferd fordi det kunne vere til fare for både folk og eigedom. Om nokon hadde kome til skade ved påkøyring, ville vognføraren kunne straffast etter straffelovas § 23 i kapitlet om lekamskrenking. Dagens skilje mellom kva som vert rekna som brotsverk og misferd er straffeomfanget. Lovbrot som medfører lengre fengselsstraff enn tre månader er brotsverk, lovbrota med kortare straff (evt. bøter) er misferder.<sup>75</sup>

Misferder førte i første omgang normalt til bøter. Av dei som vart dømde for misferd i Norge i 1874, vart berre ein halv prosent dømde til andre straffer enn bøter. Av dei 132 det galdt, vart 64 dømde til fengsel, 52 av desse for betleri, medan 63 vart dømde til tvangsarbeid, alle

---

<sup>72</sup> 20.9.1845 Lov ang. Fattigvæsenet i Kjøbstæderne, § 45 (Schmidt 1850) og 6.6.1863: Lov om Fattigvæsen i Kjøbstæderne, § 61 (Munk & Mejlænder 1867).

<sup>73</sup> Dei vart gjerne omtala som justisforbrytelse.

<sup>74</sup> Anton Martin Scwheigaard: *Commentar over den norske Criminallov*, 1. del, Christiania 1860, s. 12.

<sup>75</sup> Statistisk sentralbyrå 1997, s.10.

for betleri.<sup>76</sup> Brotsverk førte derimot normalt til opphald på ein straffanstalt. Framleis i 1874 vart 20 prosent dømde til andre straffar enn fridomsstraff som sanksjon på brotsverk. Av desse dominerte ris som var alternativ til fengsel for dei yngste, slik at dommar utover fengsling og fengselssubstituttet ris, utgjorde ni prosent av domfellingane.

Langt på veg kan me altså seie at brotsverk førte til opphald på straffanstalt, medan misferd førte til bøter. Om ein ikkje var i stand til å betale bota, måtte ein imidlertid sone i fengslet. Ein stor og viktig del av klientellet i fengsla var derfor ikkje forbrytarar, men mindre lov- og vedtektsbrytarar som avsona bøter.

I kriminalitetsforskning har ein gjort ulike val andsynes skiljet mellom brotsverk og misferd, nokon har teke med begge medan andre har utelate misferdene. Eg har gjort eit anna val. Det sentrale kriteriet går ikkje mellom lovbrøt/ikkje lovbrøt, eller mellom brotsverk og misferd, men i arten av sanksjon. Eg skil ikkje mellom brotsverk og misferd. Dei som hamna på ein straffanstalt, anten dette var på grunn av brotsverk eller misferd, vert rekna som kriminelle. Dette inneber at populasjonen som skal analyserast manglar dei lov- og vedtektsbrytarane som ikkje fekk fridomsstraff. I praksis vil det seie dei som betalte bøter og barn under 15 år som mottok risstraff i staden for fengsel

Normbrøt er ikkje ein juridisk kategori som kriminalitet, lovbrøt og misferd. Eit normbrøt blir normalt oppfatta som brøt på uskrivne reglar og forventningar til livsførsel - ein skal ikkje lyge, ein skal ikkje drive hor, ein skal ikkje baksnakke andre. Dette er handlingar som i dag kan medføre sanksjonar frå familie, vener og andre, men som normalt ikkje fører til sanksjonar frå styresmakter. Dei fleste på 1800-talet, som i vår tid, utførte normbrøt frå tid til annan, utan at dette fekk nemneverdige konsekvensar.

Lausgjengarføresegnene i fattiglova er skrivne, og ein kan dermed kanskje argumentere for at dette ikkje var normbrøt, men lovbrøt. Problemet med administrativ handsaming av lovbrøt er at ein ikkje har ein formell, judisiell stadfesting på at det har funne stad eit normbrøt. At politiet vurderer ei åtferd som lovbrøtande, betyr ikkje at lovbrøtet fann stad. Vidare var lausgjengarføresegnene i fattiglovene såpass vage når det gald kven som var kvalifisert til innsetjing i tvangsarbeidsanstalt. Ein skulle vere "hengiven" til ørkesløyse eller drukkenskap

---

<sup>76</sup> NOS Ældre Række. B. No.1: *Criminalstatistiske Tabeller for Kongeriget for Aaret 1874*, Christiania 1876, tabell s. 215.

og ikkje kunne ernære seg på lovleg måte.<sup>77</sup> Dette er vanskeleg eit objektivt kriterie. Å vere hengiven er i høgste grad ei skjønnsprøsmål og i kva grad politiet lot seg overbevise om måten ein ernærte seg på var lovleg, var eit skjønnsprøsmål. Tvangsarbeid var først og fremst ein sanksjon mot ein livsstil, ikkje mot konkrete (og ulovlege) handlingar. Også andre grupper enn lausgjengarane kunne innsetjast i tvangsarbeidsanstalten, som betlarar og kronarbeidarar. Desse var innsette etter dom, og opphald på tvangsarbeidsanstalten vert dermed å rekne som straff og handlinga som førte dei dit som kriminell. Eg har likevel vald å vere konsekvent og kalle alle innsette på tvangsarbeidsanstalten for normbrytarar. Dette gjer eg dels fordi talet på personar som var innsett av andre grunnar enn lausgjengeri og drukkenskap var forsvinnande små, og dels fordi tvangsarbeidsanstalten formelt ikkje var ein straffanstalt, men organisert, styrt og lovheimla på andre måtar. Tvangsarbeidsanstalten var underlagt fattigvesnet og fattiglovene, medan straffanstaltane var underlagt justisdepartementet og etterkvart ei eiga fengselslov.

Dette er grunnlaget for å skilje mellom kriminelle og normbrytarar i denne undersøkinga. At lausgjengeri var kriminelt i område der slike brot førte til tiltalte i politiretten og etterfølgjande fengsling, viser kor problematisk ein slik grenseoppgang er, og at det er ønskeleg å ta denne typen sanksjonar med i ei undersøking av fridomssanksjonar. Når eg nyttar omgrepet ”kriminelle” meiner eg dei innsette i straffanstaltar, ”normbrytarar” er innsette i tvangsarbeidsanstalten. Felles for dei to gruppene er fridomstapet. Varetekt er ikkje straff og følgjeleg er heller ikkje varetektsfangar innførte i protokollane til straffanstaltane, men i eigne protokollar. Denne gruppa av fengsla er difor ikkje med i min populasjon.

Med skiljet mellom kriminelle og normbrytarar presisert, vil eg gå gjennom det formelle grunnlaget for å tildele sanksjonar i form av fridomsavgrensing, anten desse var judisielle eller administrative. Først tek eg opp lovverket som heimla bruken av sanksjonar – straffelov og politivedtekter. Etterpå ser eg på initiativtakarar ved tildeling av sanksjon og prosessen som førte fram til den. Til slutt ser eg på reglane for innsetjing i dei ulike straffanstaltane og i tvangsarbeidsanstalten.

---

<sup>77</sup> 20.9.1845: Lov ang. Fattigvæsenet i Kjøbstæderne, § 45 (Schmidt 1850).

## 3.2 KRIMINALLOV OG POLTIVEDTEKTER

### 3.2.1 Kriminallova – etableringa av fridomsstraff

Allereie ved Stortinget i 1814 vart det klart gitt uttrykk for at ein reform av straffelova var svært nødvendig. Framleis var det Christian V si lov frå 1687 som regulerte dei strafferettslege tilhøva. Reformarbeidet tok likevel lang tid, og i mellomtida vedtok ein mindre, men påkravde endringar i dei gjeldande lovene. Allereie i 1789 hadde tukthus erstatta pisking og brennmerking som den vanlege straffa for simple tjuveri.<sup>78</sup> Påføring av straff på lekamen, som brennmerking og avkapping av fingrar og hender, vart i 1815 sterkt innskrenka og i 1825 skulle pisking ikkje lenger skje offentleg, men på festningane.<sup>79</sup> Straffelova frå 1842 erstatta dei fleste former for lekamsstraff med fridomsstraff. Eit viktig unntak var risstraff som erstatning for fengsel for dei under 15 år og ei stadig sjeldnare nytta dødsstraff.

Straffelova etablerte to kategoriar av fridomsavgrensing – straffearbeid og fengsel.<sup>80</sup> Straffearbeidet vart utført ved dei gamle fellesanstaltane som var etablert ved tukthusa og slaveria på festningane.<sup>81</sup> Straffearbeid vart tildelt i fem grader, frå seks månader som det kortaste til livstid som det lengste. Kvinner utheldt alt straffearbeid i tukthusa, medan menn over 18 år og med dom på over seks år skulle sone på slaveria.<sup>82</sup>

I tillegg til fridomsstraff, kunne ein etter straffelova i dei mest alvorlege sakene også bli dømd til døden. Slike utfall var likevel svært sjeldsynte. I tida etter innføringa av straffelova (1846-50) vart dødsstraff utfallet i 0.12 prosent av domfellingane (2.8 personar i snitt pr år). På byrjinga av 1880-talet var dette kome ned i 0.01 prosent (0.4 personar i snitt pr år).<sup>83</sup> Eit meir vanleg alternativ var straffeutmåling i den andre enden, nemleg bøter som førekom i omlag ti prosent av domfellingane ved brotsverk 1862-66.<sup>84</sup>

---

<sup>78</sup> Forordning 20.2.1789 (Schmidt 1852). Simpelt tjuveri inntil tredje gongs gjentaking skulle straffast med straffarbeid. Grovt tjuveri medførte i tillegg til straffarbeid også pisking. Andre gongs gjentaking av grovt tjuveri eller fjerde gongs gjentaking av simpelt tjuveri førte til pisking, brennmerking i panna og straffarbeid på livstid.

<sup>79</sup> Lov 25.10.1815 (Schmidt 1849) og Kongelig Resolution 2.12.1825 (Schmidt 1849).

<sup>80</sup> I tillegg hadde ein også arrest.

<sup>81</sup> Sjå 22.8.1842: Lov om Forbrydelser, Cap. 2. (Schmidt 1850).

<sup>82</sup> Sjå seinare om fordeling av fangar i lovendringa 1872.

<sup>83</sup> NOS Tredie Række No 70: *Oversigt over de vigtigste Resultater af Norges Kriminalstatistikk for Aarene 1846-1885*, Christiania 1888, s.10.

<sup>84</sup> NOS Tredie Række No 70: *Oversigt over de vigtigste Resultater af Norges Kriminalstatistikk for Aarene 1846-1885*, Christiania 1888, s.11-12.

I tillegg til sjøve straffelova, fanst det sjølv sagt ei rad andre lover og vedtekter som heimla sanksjonar i form av fridomsinnskrenking. Eit viktig døme er sjøfartslova frå 1860.<sup>85</sup> Men dei viktigaste samla sett var utan tvil politivedtektene i dei einskilde byane.

### 3.2.2 Politivedtektene – bøter og fengsel

I 1701 fekk Danmark ei politianordning som i 1738 også vart gjeldande for alle byane i Norge. Bergen var unntaket og hadde i mellomtida fått sine egne politivedtekter i 1710.<sup>86</sup> Anordninga, som dels var eit resultat av den store brannen i 1702, skulle forbli gjeldande byvedtekter til 1880-talet, og var slik meir arkaisk enn straffelova. Vedtektene hadde 11 punkt som spente frå oppretthalding av ro og orden til meir kuriøse forbod mot snøballkasting. Det mest sentrale i denne samanhengen var punkt tre og fire i vedtektene. Det tredje punktet omhandla ”Ærbarhed og gode Sæder” og føreskreiv at politimesteren skulle passe på at ingen held horehus og at dersom

*”nogen fordrister sig til Nat eller Dag med draget Gevehr at gave Grasate-gang, eller nogen Fortred paa Gaderne at forøve, dennem skal hand, hvad heller de kunde være beskienkede eller ey, lade paagribe og arrestere, og siden med Mulct eller i andre Maader, ligesom Forseelser er til, efter Politie-Rettens sigelse lade afstraffe.”<sup>87</sup>*

Punkt fire omtala tilstøytande tilhøve, nemleg at politiet skulle føre tilsyn med framande, lausgjengarar, betlarar samt med jødar, ”Tattere og andre u Christelige Personer som omløber og besvige Folk.”<sup>88</sup>

Som straff for brot på vedtektene fekk ein normalt bøter, sjølv om også fengsel kunne kome på tale. Sjølv om anordninga var sjøve ’grunnlova’, vart den supplert med nye reskript og vedtekter i heile perioden, samtidig som ein etterkvart også fekk handels-, handverks- og bygningslover som regulerte bytilhøva, og som kunne utløyse politisaker.

I 1866 vedtok stortinget ei ny lov om politivesenet i Christiania, som tre år seinare vart utvida til også å gjelde Bergen.<sup>89</sup> Arbeidet med nye og reviderte politivedtekter til erstatning for den gamle anordninga i Bergen, tok til med Christiania-vedtektene som førebilete. Christiania

---

<sup>85</sup> 24.3.1860: Lov om Søfarten (Munk 1861). Lova hadde trådde i kraft 1.1.1861 og hadde straffesatsar frå bøter til straffearbeid (Cap. 10).

<sup>86</sup> 24.1.1710: Anordning om Politis Administration i Bergen (Schmidt 1851). Sjå også Julius Olsen: ”Politivæsen, strafferetspleien, fængsel, strafanstalter m.v.”, band I i Bergen 1814-1914, Bergen 1914, s. 343.

<sup>87</sup> 24.1.1710: Anordning om Politis Administration i Bergen, punkt III-3 (Schmidt 1851).

<sup>88</sup> 24.1.1710: Anordning om Politis Administration i Bergen, punkt IV-4 (Schmidt 1851).

<sup>89</sup> 26.5.1866: Lov indeholdende adskillige Bestemmelser om Politivæsenet i Christiania (Mejlænder 1871) og 17.6.1869: Lov om Udvidelse af lov af 26de Mai 1866, indeholdende adskillige Bestemmelser om Politivæsenet i Christiania, til at gjælde ogsaa for Rigets øvrige Kjøbstæder (Mejlænder 1871).

fekk sine vedtekter i 1874, og i Bergen var dei nye på plass i 1883.<sup>90</sup> Politivedtektene var meir utførlege og detaljerte enn anordningane og innebar ei overføring av myndigheit frå stat til kommune. Desse fekk likevel ikkje innverknad på dei tildelte sanksjonane i min periode.

Politianordningane galdt politisaker (misferd) i motsetnad til brotsverk, og vart også handsama av særskilte organ, i første rekke politiretten.<sup>91</sup>

### 3.3 INITIATIVTAKARAR - POLITI OG DOMSTOLAR

Sentralt i handhevinga av straffelov og politivedtekter stod politiet, og domstolane der sakene eventuelt vart judisielt handsama. Politiet hadde den utøvande makta, dei etterrørte brot på lover og vedtekter og føretok etterforsking der dei fann slike brot.

Bergen fekk sitt politimeisterembete allereie i 1692, før politianordninga, men elles utgjorde politikorpset lenge ein liten etat.<sup>92</sup> Etterkvart fekk ein fleire betjentar og funksjonærar til hjelp. Etter reorganiseringa av politietaten i 1811 hadde politimeisteren to politifullmektigar i tillegg til ein politiadjutant.<sup>93</sup> Begge fullmektigane hadde byråkratiske funksjonar, på politikammeret og i politiretten, men skulle i tillegg patruljere gatene og ettersjå ro og orden. Det skulle også adjutanten, men han spelte ei meir aktiv rolle og leia ofte etterforskningsarbeidet. Adjutanten skulle også vere overordna tenestemann for politibetjentane, og frå 1811 hadde byen seks av desse. Talet vart auka til ti i 1874. Betjentane var ansiktet til politiet utad i det daglege, og patruljerte gatene i kvart sitt distrikt der dei hadde særleg ansvar for å kjenne til politimessige tilhøve. Dei var pålagt å halde eit auge med alle som var mistenkelege, og dette galdt særleg dei som var lauslatne frå fengsel og straffanstaltar.<sup>94</sup> Det var politibetjentane sitt ansvar å kjenne til kvar desse til ei kvar tid heldt til. Det var også først og fremst politibetjentane som taua inn personar som anten skulle i varetekt eller setjast i tvangsarbeidsanstalten.

Dette var politikorpset på dagtid. Om kvelden og natta hadde ikkje Bergen politi i teneste, men eit vakthald utført av det gamle vektarkorpset og ein rundgang av borgarar. Politioppsynet om natta vart av dei fleste oppfatta som lite tilfredsstillande, og i 1874, etter at

---

<sup>90</sup>10.1.1874: Kongelig Resolution på Vedtægt for Kjøbstaden Christiania angaaende forskjellige under Ordenspolitiets hørende Anliggender (Mejlænder & Malling 1878) og 16.2.1883: Kongelig Resolution ang. Politivedtægt for Bergen – sjå *Departements-Tidende* 9/1883.

<sup>91</sup> Som eit særtilfelle handsama politiretten i Bergen enkelte straffesaker fram til 1866.

<sup>92</sup> For utviklinga av politivesenet i Bergen, sjå Olsen 1914 og Anders Bjarne Fossen & Egil Ertresvaag: *Til Indvohnernes større Sikkerhed*. Bergen Politikammer 1692-1992, Bergen 1992.

<sup>93</sup> Reskript 9.10.1811. Sjå også Fossen 1992 s.120ff om reorganiseringa.

saka første gong var fremja i 1847, vart politistyrken modernisert med etableringa av eit konstabelkorps med 24 konstablar på dagtid og 32 på nattestid i stadenfor vektarar.<sup>95</sup>

Konstablane var i funksjon berre i ein liten del av perioden som er aktuell i mi undersøking, og fekk innverknad på tildelinga av sanksjonar berre det siste året av min periode. Elles i perioden 1850-75 var politibetjentane politiets aktive hand og dei som i praksis utøvde politimakta. I saker som galdt uorden og fyll, samt innsetjing i tvangsarbeidsanstalten, var det desse som i røynda avgjorde om sanksjonar skulle setjast i verk. Politibetjentane Ulvedal, Egge og Holsen var like kjende i bybiletet som politimeister Magelsen. Og minst like godt kjende med dei politimessige tilhøva i byen.

### 3.3.1 Snevre jurisdiksjongrensar

Politiet hadde eit avgrensa område dei kunne handle innanfor. Jurisdiksjonane vart strengt overhaldne, og forflytta ein mistenkt seg frå ein jurisdiksjon til ein annan, var det politiet i den nye jurisdiksjonen som skulle pågripe den mistenkte. Bergen hadde lenge ein svært snever jurisdiksjon, noko som sjølv sagt skapte bry for politiet. Frå etableringa av politimeisterembetet i 1692 var jurisdiksjonen innskrenka til Bergen kjøpstad, dvs. frå Skuteviken rundt Vågen til Nordnes. Sandviken, Møhlenpris, Nygaard og Lungegaarden låg utanfor og vart først innlemma i Bergen politidistrikt i 1808. Sjølv om denne utvidinga letta arbeidet til politiet noko, var avstanden ut av jurisdiksjonen kort. I 1826 vart derfor politidistriktet igjen utvida, først som prøveordning og etterkvart permanent, til å gjelde i ei breidde på 2000 alen (ca. 1250 meter) frå strandkanten og innover i eit belte frå Lungegården rundt Store Lungegårdsvann, via Solheimsviken og til Gyldenpris.<sup>96</sup> Dette gav politiet høve til å forfølgje mistenkte ut av bykjerna, men jurisdiksjongrensa vart uansett nådd tidleg. Med byutvidinga i 1877 vart også Kalfaret liggjande innanfor byens politijurisdiksjon.

Sjølv med utvidingane på 1800-talet, var jurisdiksjonen såpass innskrenka at handlekrafta til politiet var amputert. Deler av dei etterkvart bymessige stroka i Solheimsviken kom under Bergen politidistrikt ved utvidinga i 1826, men heile verftsområdet på Laksevåg vart

---

<sup>94</sup> UBB: *Instrux for Politibetjentene i Bergen*, Bergen 1846, § 3.

<sup>95</sup> Konstabelkorpsset var i funksjon på dagtid frå 6.10.1874. Rundgangen vart avløyst 26.10.1874 og endeleg forsvann vektarane etter at resolusjonen 24.10.1874 erstatta dei med konstablar (Mejlænder & Malling 1878).

<sup>96</sup> Kongeleg resolusjon 11.8.1826 (Schmidt 1849).

liggjande utanfor heile perioden igjennom. Her var det lensmannen i Årstad som fekk ansvaret for å utøve politimakta.<sup>97</sup>

### 3.3.2 Kriminalprosessen – frå melding til dom

Frå midten av 1700-talet skulle politiet føreta undersøkingar ved mistanke om at ei kriminell handling i jurisdiksjonen var utført (undersøkningsprinsippet).<sup>98</sup> Etter å ha motteke ei slik melding om lovbrøt, skulle politiet først gjere førebelse undersøkingar i saka, etterfulgt av rettslege forhøyr (først ved byfogden, seinare av politimeisteren eller eit medlem av overretten<sup>99</sup>). I dei jurisdiksjonane der politivesenet ikkje var skilt frå byfogdembetet, vart forhøyr oppteke av ein dommar.<sup>100</sup>

Forordninga gjorde likevel dommaren hovudansvarleg for at ein hadde tilstrekkelege opplysningar til å setje i gang ein judisiell prosess, gjennom forhøyr av vitne og tiltalte.<sup>101</sup> Frå 1796 vart retten i tilfelle fengsling pålagt på eiga hand å gjere det første rettergangssteget ved opptak av forhøyr.<sup>102</sup> Var nokon på grunn av eit lovbrøt fengsla eller arrestert, skulle forhøyret starte innan 24 timar etter fengsling, så sant dette var praktisk mogleg. I motsett fall, skulle det skje så snart som råd, og retten sin betjent måtte omstendeleg forklare kvifor forhøyr ikkje kunne skje før.<sup>103</sup>

Ved innkalling til forhøyr brukte ein ikkje stevning, men vanleg innkalling gjennom rettens underordna betjentar. Uvillige vitne kunne hentast med tvang.<sup>104</sup> Vegra nokon seg mot å svare på spørsmål, kunne ein bli sett på vatn og brød til ein fann ut at ein likevel ville svare.<sup>105</sup> Ved forhøyrrett vart ikkje forsvarar eller aktor nytta, men dette kom seinare i prosessen.<sup>106</sup> Politiet (evt. dommaren) stod i spissen for undersøkingane. Når dei førebelse undersøkingane var ferdige og saka etter politiet sitt syn tilstrekkeleg belyst for å avgjere

---

<sup>97</sup> Fram til 1853 var det lensmannen i Skjold som hadde politimakt her. Lensmannsdistriktet vart dette året (1.1.1853) oppløyst og fordelt på Årstad, Fana og Haus lensmannsdistrikt.

<sup>98</sup> Forordning 21.5.1751 (Schmidt 1851a).

<sup>99</sup> Olsen 1914, s. 371.

<sup>100</sup> Schweigaard 1872, s.186, lovheimel til dette gitt 6.9.1845 (Schmidt 1850).

<sup>101</sup> Lov 6.9.1845 § 8, Schweigaard 1872, s.175.

<sup>102</sup> Forordning 3.6.1796 § 25ff. (Schmidt 1852)

<sup>103</sup> Schweigaard 1872, s. 192. Sjå forordning 3.6.1796 (Schmidt 1852).

<sup>104</sup> 9.10.1811 (Wessel Berg 1845), Cirkulære 3.5.1800 (Wessel Berg 1845), forordning 3.6.1796 § 27 (Schmidt 1852). Sjå også Schweigaard 1872, s.193f.

<sup>105</sup> Schweigaard 1872, s. 194.

<sup>106</sup> Forordning 8.3.1799 (Schmidt 1852).



eventuell judisiell aksjon, vart saka oversendt til amtmannen (i Bergen til stiftamtmanden) som tok endeleg avgjerd om tiltale skulle reisast.<sup>107</sup>

Frå 1845 var det ikkje nødvendig at stiftamtmanden avgjorde tiltale ved atterhaldslaus tilståing og når straffa ikkje var høgare enn val mellom fengsel og straffarbeid i første grad.<sup>108</sup> Vilkåret for ei slik forenkla handsaming var at den tiltalte ikkje var mistenkt for andre lovbrøt, eller at den tiltalte vart mistenkt for å ha medsamansvorne.

### **3.3.3 Første instans - underretten**

Kvar kjøpstad utgjorde ein eigen jurisdiksjon med eigen underrett - bytinget. For landdistrikta utgjorde kvart enkelt tinglag det same i sorenskriveria.<sup>109</sup> I tinglaga skulle det kvart år haldast tre ting - sake- eller skatteting. Frå 1797 vart også månadsting innført for å skunde på rettergangsspleien i underinstansane.<sup>110</sup> Fleire tinglag kunne utgjere eitt månadsting. Ekstrating kunne haldast for tinglysningssaker, to gonger i veka i byane og to gonger i månaden på landet.<sup>111</sup> Same lov opna også for faste rettsdagar for opptaking av forhøyr og behandling av justis- og politisaker. Ekstrarettar i same lova betyr særskilt haldne møter for enkelte saker, utanom vanlege tingtider. Ekstrarettar vart innkalla for kvar enkelt sak særskilt. Opninga for dette kom allereie i 1735 og blei etter kvart regelen i arrestsaker.<sup>112</sup>

Bytinget skulle haldast éin gong i veka. I bytinget var byfogden dommar, i mindre byar sorenskriveren. I tillegg hadde ein fire (i sivile saker) eller to (i kriminalsaker) lagrettemenn frå 1796. Unntaket til det siste var i livs- og æressaker der ein hadde fire lagrettemenn.

Frå 1735 skulle tiltalte i alvorlege saker ha forsvarar. Dette fall vekk i 1827 då ein referent oppnemnd av amtmannen utførte både forsvarar- og aktorfunksjonen. I 1866 kom imidlertid forsvararrolla tilbake.<sup>113</sup>

---

<sup>107</sup> Forordning 3.6.1796 (Schmidt 1852) og Schweigaard 1872, s. 196.

<sup>108</sup> 6.9.1845: Lov ang. Forandringar i den criminelle Retspleie (Schmidt 1850).

<sup>109</sup> A.M. Schweigaard: *Den norske Proces*, Første Bind, Kristiania 1891, s. 52.

<sup>110</sup> Schweigaard 1891, s. 53 (frå 5.5.1797).

<sup>111</sup> 12.10.1857: Lov om Fængselsvæsenet (Munk 1861).

<sup>112</sup> Forordning 19.8.1735 (Schmidt 1851a), Canc.Prom. 7.7.1792 (Wessel Berg 1843) og forordning 3.6.1796 (Schmidt 1852).

<sup>113</sup> Forordning 19.8.1735 (Schmidt 1851a), Lov 24.7.1827: Lov ang. Referenter i Delinquentsager istedetfor Actor og Defensor (Schmidt 1849) og 17.3.1866: Lov om Forandringar i Behandlingen af Straffsager, § 3 (Mejllænder 1871).

### 3.3.4 Andre instans - stiftsverrettane

Ved forordning av 11. august 1797 kom stiftsverrettane i staden for dei eldre lagtings-, rådstu- og overhofrettane.<sup>114</sup> I kvar stiftstad skulle det vere ein overrett, med unntak av Christiania stift som fekk to. Stiftsverrettane var underrettane sin ankeinstans. Med unntak av stiftsbyane gjaldt dette også politirettane. For stiftsstadane var høgsterett ankeinstans for politirettane. I stiftsverretten sat ein justitiarius og to assessorar. I tillegg var presidentane i stiftsstadene (borgarmeistrane) medlemmar av retten i saker som før høyrde under rådsturetten (oppheva 1824). Stiftsverrett vart halde kvar veke, og vart først avvikla 1887.<sup>115</sup> Sentralt i stiftsverretten stod referenten, som altså fungerte som både aktor og forsvarar. Eventuelle eigne forsvarar kom for tiltalte si eiga rekning, noko som naturlegvis innskrenka bruken dramatisk.

Avgjerd om anke til ein overrett kunne gjerast både av den tiltalte og av påtalemakta. Så snart alle forhold ved saka var opplyst, skulle dommaren avseie dom og kunngjere den for den tiltalte, som kunne velje å godta straffa eller anke den til overretten.<sup>116</sup> I fall den tiltalte valde å anke, skulle dommaren straks sende dokumenta i saka vidare til overretten. Om tiltalte vart frikjend eller valde å ikkje anke domsavgjerd, gjekk saka til amtmannen som vurderte om påtalemakta ønskte å anke saka inn for ein høgare domstol.<sup>117</sup> Etter dom i stiftsverretten vart saka sendt tilbake til amtmannen som på ny avgjorde om dommen skulle ankast vidare til høgsterett. Amtmannen si avgjerd vart forkynt for den tiltalte som til slutt kunne velje å føre ankesaka vidare til høgsterett.<sup>118</sup>

### 3.3.5 Høgsterett

Høgsterett bestod av ein justitiarius og minst seks assessorar.<sup>119</sup> I høgsterett hadde ein både aktor og forsvarar. Høgsterett var ankeinstans for stiftsverrettane og politirettane i stiftsbyane, og kriminalsaker skulle handsamast annakvar veke.

---

<sup>114</sup> Schweigaard 1891, s.100ff.

<sup>115</sup> 1.7.1887: Lov om Rettergangsmaaden i Straffesager (Mejlænder 1891).

<sup>116</sup> Forordning 3.6.1796, § 33 (Schmidt 1852).

<sup>117</sup> Jørn Holme: *Fra amtmann til statsadvokat. Om overgangen til en selvstendig påtalemyndighet*, Oslo 1985, s.41f.

<sup>118</sup> Holme 1985, s.42.

<sup>119</sup> Grunnlovas § 88 og lov av 12.9.1818 (Schmidt 1849). Sjå også Schweigaard 1891, s.103.

### 3.3.6 Domfelling i politisaker

Det var politiet si plikt å sjå til at politivedtektene vart overhaldne og aksjonere om dei oppdaga brot. Politiretten var den sentrale instansen som handsama brot mot politivedtektene. Frå 1710 fekk politimeisteren makt til å avgjere tiltale og han var sjølv aktor og innklagar i politiretten. I 1747 vart ein eigen politiaktor innført, men denne funksjonen fall igjen vekk ved ei større omorganisering av politiretten i 1811. Anton M. Schweigaard skriv at ved inndraginga i 1811 møtte ingen på politiet sine vegner ved offentlege politirettssaker.<sup>120</sup> Først i 1888 fekk ein av politifullmektigane tiltalefunksjonen på ny.<sup>121</sup>

Politiretten var i byrjinga omfangsrik og bestod av framstående personar frå fleire samfunnsområde. Stiftamtmanden var medlem, det same var kommandanten på festninga, den sjøoffiseren som kommanderte dei innrullerte brannfolka, presidenten i Bergens magistrat samt ein av dei 16 eligerte menn og rådstuskrivaren som sekretær. Forhøyr i politirettssaker skulle gjerast av politimeisteren eller hans medhjelpar (ein politifullmektig).<sup>122</sup> Politimeisteren skulle elles uttale si meining om saka, men ved sjølv domsavgjerd trakk han seg attende.<sup>123</sup> Med nyorganiseringa i 1811 vart talet på medlemar redusert til tre: magistraten sin president (kalla Justitiarius) og to assessorar frå stiftsoverretten. Då presidentembetet vart oppheva i 1828 vart justitiarius i overretten nytt medlem. Som ei særordning for Bergen vart politiretten gitt endeleg avgjerd om tiltale skulle skje etter å ha motteke politimeisteren si framstilling av saka.<sup>124</sup> Imidlertid vart ei slik oversending rekna som "actionsdecret" av politiretten som vurderte saka gjennom dom.<sup>125</sup> I praksis var det altså politimeisteren som avgjorde tiltale i politisaker også i Bergen.

Politimeisteren i Bergen fekk i 1845 høve til å ileggje førelegg på inntil 2 spd. i saker der den tiltalte sa seg skyldig.<sup>126</sup> Vedtak i slike saker skulle først inn i justisprotokollen til politiretten og elles ha same verknad i gjentakingsstille som dommar i politiretten. Godtok ikkje vedkomande bota, skulle saka sendast til politiretten for vanleg domshandsaming. Lova gav altså ikkje politiet domsmakt i og med at den tiltalte måtte akseptere avgjerda, men høve til administrativt å handsame mindre politisaker. Dette må derfor skiljast frå den

---

<sup>120</sup> Schweigaard 1872, s.282f.


<sup>121</sup> Olsen 1914 s. 370.

<sup>122</sup> Schweigaard 1872, s.281.

<sup>123</sup> Schweigaard 1891, s.70.

<sup>124</sup> Rescript 9.10.1811: "[...] skal han [politimesteren] affatte sin Beretning om Tilfældet skriftlig til Justitiarius, der da have at bestemme, hvorledes der i Anledning af Klage eller indtræffende Omstændigheder er at forholde." (Wessel Berg 1845)

<sup>125</sup> Sjø Schweigaard 1872, s. 282f.



Figur 3-1: Kartet viser Bergen på 1880-talet og plasseringa av fengsel (det gamle og det nye), tukthus og tvangsarbeidsanstalten i Bergen. Slaveriet låg ved Bergenhus festning ved innløpet til Vågen. Kjelde: Historisk institutt, UiB.

administrative handsaminga som føregjekk ved innsetjing i tvangsarbeidsanstalt. Frå 1811 var Høgsterett ankeinstans for politiretten.

Politiet stod altså heilt sentralt som initiativtakar ved påføring av fridomssanksjon. Politiet føretok dei førebelse undersøkingane og la slik grunnlaget for vedtak om å setje i verk justissak. I mindre saker hadde også politiet i Bergen lenge høve til å leggje straff, rett nok berre der tiltalte sa seg skuldig.

I tillegg til dei ordinære domsinstansane i justissaker, var Bergen særeigen i den forstand at politiretten frå 1811 også kunne dømme i første gongs simpelt tjuveri.<sup>127</sup> Dette var også saker som saman med ordenssaker skulle kome til å dominere politiretten i Bergen. Denne ordninga

<sup>126</sup> 5.4.1845: Lov om Behandlingen af Sager angaaende mindre Politiforseelser i Bergen (Schmidt 1850). Denne lova galdt allereie for Trondheim og Kristiansand.

<sup>127</sup> Rescript 9.10.1811 (Wessel Berg 1845).

fall bort i 1867 då alle justissaker, også dei mindre tjuveria, skulle handterast av dei ordinære kriminaldomstolane.<sup>128</sup>

For innsetjing i tvangsarbeidsanstalten var også politiet den viktigaste formelle initiativtakaren. Dei fleste innsetjingane, altså etter § 45 i fattiglova (1845), skjedde etter "Politiets Foranstaltning", om enn med samtykke frå styret til arbeidsanstalten. Dette gav politiet høve til å påføre nær sagt kven som helst med lausleg tilknytning til arbeidsmarknaden ein fridomsstraff. Dei regulære domstolane kunne også dømme til opphald i ein tvangsarbeidsanstalt, i sær for betlarar, men dette var ein marginal del av innsetjingane. Sjølv om hadde politiet i Bergen høve til å setje personar med heimstamn utanfor byen på tvangsarbeidsanstalten, må omsynet til kostnadene ved innsetjing ha avgrensa iveren til politiet.<sup>129</sup>

### **3.4 FRIDOMSSTRAFF – FENGSEL, TUKTHUS OG SLAVERI**

Ved fridomsstraff kunne ein i heile min periode bli innsett i tre ulike straffanstaltar i Bergen, nemleg fengsel, tukthus eller slaveriet på Bergenhus festning. I tillegg kunne ein også frå 1851 søke om å verte overflytta til Botsfengslet i Christiania. Fordelinga av straffangar mellom desse straffanstaltane var regulert i lovverket.

#### **3.4.1 Innsette i fengslet**

Ein kunne bli dømd til fengselsstraff enten på vatn og brød eller normal fangekost. På vatn og brød kunne straffa variere frå fire til maksimalt tretti dagar. Ved soning av fengsel på vatn og brød utover fem dagar, måtte straffa med jamne mellomrom avbrytast med ein dag på vanleg fangekost. Fengsel på vanleg fangekost kunne ein bli dømt til frå seksten til maksimalt 120 dagar.<sup>130</sup>

Heimel for fengsling var enten politimisferder påtalt i politiretten eller oftast brotsverk normalt påtalt i det ordinære rettssystemet. Dei innsette kan delast i to kategoriar - dei som blei dømde direkte til fengsel av retten og dei som måtte sone for manglande betalte bøter i fengslet. Forenkla kan ein seie at den første gruppa er dei som vart dømde i brotsverk og den andre gruppa var dømde for misferder.

---

<sup>128</sup> Ved lov av 17.3.1866 § 37 (Mejlænder 1871).

<sup>129</sup> Tvangsarbeidsanstalten kravde til dømes 14 sk. dagen for framande tvangslemmar.

<sup>130</sup> 22.8.1842: Lov om Forbrydelser, Cap. 2 §§ 18-22 (Schmidt 1850).



Figur 3-2: Rådhuskjellaren (venstre) var fengslet i Bergen fram til det nye distriktsfengselet (høyre) stod ferdig i 1867. Det vesle biletet oppe til venstre viser fangehola i det gamle fengslet, medan det vesle biletet i midten viser galleriet i det nye. Bileta er henta frå Ertresvaag 1995, s. 209 (øverst til venstre), RA: JPD, Fengselsstyret D del 2, Ua - Fotografier fra straffanstalter, 1897-1984 (midten øverst og til høyre) og privat (venstre).

Typiske brotsverk som kunne føre til fengsel var lekamsfornærming, leiermål, konkubinat, simpelt tjuveri, naskeri, ulovleg omgang med hittegods, bedrageri og mishandling av dyr. Her hadde ein normalt også alternative straffereaksjonar, avhengig av individuelle tilhøve ved den dømde, som alder og tal på tidlegare dommar, og alvorsgraden ved lovbrotet. Til dømes var straffearbeid alternativ til fengsel for lekamsfornærming og simpelt tjuveri, medan bøter var alternativ ved konkubinat, naskeri, ulovleg omgang med hittegods, bedrageri og mishandling av dyr.<sup>131</sup>

I 1866, med kraft frå nyåret 1867, vart straff for tjuveri ved gjentakning sett ned, samtidig som aldersgrensa for at tidlegare dommar skulle få innverknad ved straffeutmåling vart auka frå 15 til 18 år.<sup>132</sup> Kapittel 19 § 7 i straffelova frå 1842 avgjorde straffeopptrapping ved gjentakning slik:

*”Hvis den, som har gjort sig skyldig i nogen ovenfor i dette Kapitel omhandlet Forbrydelse, forhen har været dømt enten for nogen saadan eller for nogen i Kapitel 20 omhandlet Forbrydelse, belægges han med Straf af den Art, der i Strængighed staar saa mange Grader over den Straf, han ellers vilde have forskyldt, som Antallet af de ham for deslige Forbrydelser overgangne Domme.”<sup>133</sup>*

Etter endringa i 1866 vart det opna for fengsel som alternativ til straffearbeid ved første gongs gjentakning av simpelt tjuveri, og fengsel som førsteval om verdien av gjenstanden var

<sup>131</sup> 22.8.1842: Lov om Forbrydelser. (Schmidt 1850). For praksis, sjå til dømes NOS Tredie Række No 70: *Oversigt over de vigtigste Resultater af Norges Kriminalstatistikk for Aarene 1846-1885*, Christiania 1888, tab. IV s. 42.

<sup>132</sup> 9.6.1866: Lov ang. Forandringer i Lov om Forbrydelser af 20 August 1842 (Mejlænder 1871) .

<sup>133</sup> 22.8.1842: Lov om Forbrydelser, Cap.19 § 7 (Schmidt 1850). Sjå elles tabell A-8 i Appendiks for oversyn over straffelova.

svært liten.<sup>134</sup> Dette førte tidlegare direkte til straffearbeid. Vidare skulle til dømes tredje gongs gjentakning av tjuveri før 1867 normalt føre til slaveri med tukthus som alternativ ved formildande omstende, medan dette vart omsnudd med lovendinga i 1866 slik at tukthus skulle veljast om ikkje det fanst skjerpande omstende. Dette medførte at mange tjuveridommar som tidlegare vart sona i slaveriet no vart sona i tukthuset, og at ein del tukthusdommar no førte til fengsel. Motivet for formildinga låg i det ein oppfatta som ei urimeleg opptrapping i straffa ved gjentakande tjuveri, og at avstraffinga stod ”i et skjærende Misforhold til den begaaede Brøde og til Forbrydelsens Farlighed”, slik prosesslovkomiteen såg det.<sup>135</sup> Trass i formildinga som fann stad i 1842, vart straffelova, særleg når det galdt tjuveri, oppfatta som streng og allereie forelda ettersom avskrekkingsteorien ikkje sto så sterkt som før. Resultatet, meinte ein, var at benådning vart nytta i alt for stor grad, for å bøte på ei mangelfull lov.

Medan meir enn 30 prosent av dei tjuveridømde i alle åra 1862-66 hamna på straffarbeid, skjedde dette berre i eitt år i tida mellom 1867-75.<sup>136</sup> For dei tre siste åra var talet under 25 prosent.

Med revisjonen av straffelova i 1874 som trådde i kraft året etter, vart straffa for ein del lovbrøt redusert ytterlegare, anten frå straffearbeid til fengsel, eller frå fengsel til bøter. Lekamsfornærming kunne under visse tilhøve resultere i bøter, grovt tjuveri kunne likeins ende med fengsel i staden for straffearbeid. I tilfelle der retten kunne velje mellom ulike straffealternativ, skulle ein normalt velje den først nemnde i lova.<sup>137</sup> Berre der retten fann sær s formildande omstende, skulle dei velje den mildaste straffeforma om den først nemnde var strengare enn den andre. I motsett fall skulle berre særdeles skjerpande omstende føre til den strengaste straffereaksjonen.

Fram til det nye distriktsfengslet vart teke i bruk i Bergen i 1867, vart fengselsstraffar sona i Rådhuskjellaren. I 1835 fann ein her 9 arrestrom.<sup>138</sup> Dette var på ingen måter enkeltceller, sju av arrestromma tok kvar tre innsette, eitt tok sju, eitt ni og det største tok 12 innsette samtidig. I tillegg til å vere trøngt, var også dei sanitære tilhøva meir enn kummerlege, slik sitatet av rådmann og seinare politimeister Hansson i innleiinga gav uttrykk for.

---

<sup>134</sup> 9.6.1866: Lov ang. Forandringer i Lov om Forbrydelser af 20 August 1842, § 1, I a. (Mejlænder 1871).

<sup>135</sup> Stortingets Forhandlinger 1865/66, Oth.prop. No 7, s. 100.

<sup>136</sup> NOS Ældre Række. B. No.1: *Criminalstatistiske Tabeller for Kongeriget Norge*. Åra 1862-75.

<sup>137</sup> 20.8.1842: Lov om Forbrydelser, Cap. 6 § 4 (Schmit 1850).

<sup>138</sup> Olsen 1914, s. 403.

Til dette fengslet sende naturlegvis Bergen by sine fengselsfangar, men fengslet mottok også straffangar frå det nære omlandet. Nordhordland fogderi, som omfatta Nordhordland og Midhordland sorenskriveri, organiserte fengselsvesenet sitt i nært samarbeid med Bergen og sende sine fangar dit. I samband med planlegginga av eit nytt fengsel i Bergen i samsvar med fengselslova frå 1857, ba Søndre Bergenhus amt om å vidareføre samarbeidet gjennom å få disponere åtte fangerom i det nye fengslet til bruk for fogderiet.<sup>139</sup>

Før fengselslova ordna praksisen, vart tidvis også fangar frå Hardanger og Voss saman med Sunnhordland sorenskriveri innsette i fengslet i Bergen. Før vilkåra i den nye fengselslova vart oppfylt på 1860-talet, fanns det hjelpefengsel på Voss og i Skånevik i Sunnhordland. Fengslet på Voss var ”sundt, rummeligt og tørt”, men utan varme.<sup>140</sup> Fengslet i Skånevik hadde fire mura rom, men berre to med jernstenger for vindauga og utan private toalett for dei innsette. Lokala vart til tider utilstrekkelege, slik at sorenskriveria måtte sende fangar til fengslet i Bergen:

*“Ogsaa fra andre Dele af Amtet [enn Nordhordland], saasom fra Søndhordland og Voss, har Bergen Bys Fængsel hidintil stundom været benyttet, men efter hvad der i vedkommende Amtmands, Sagen vedlagte Forestilling derom er oplyst, har Grunden hertil væsentligst været at søge i de angjældende Distrikters egne Fængsels Tilstand og Beskaffenhed.”*<sup>141</sup>

Med fengselslova skulle kvart amt utgjere eit fengselsdistrikt for seg, med eige ansvar for etablering og drift av fengsel. Med unntak av dei større byane som kunne vere eigne fengselsdistrikt, skulle byane inngå i amtet sitt fengselsdistrikt. I Søndre Bergenhus vart dette framleis ordna pragmatisk. Bergen kommune og amtet kom i 1862 fram til ein avtale om å setje av i alt 11 celler for straffangar frå Nordhordland fogderi i den nye fengselsbygningen.<sup>142</sup> På Voss og i Leirvik på Stord (som overtok for fengslet i Skånevik) bygde ein nye fengsel som tok i mot fangar frå høvesvis Hardanger og Voss sorenskriveri og Sunnhordland sorenskriveri.<sup>143</sup> Desse områda rekna ein dermed med ville klare seg sjølve ”Da der nu for disse Distrikter skal bygges nye egne Fængsler, ville de saaledes ikke længer

---

<sup>139</sup> UBB: (Til Bergens Magistrat og Formandskab) / Carl N.S. Platou, Georg Houge, J. Bonnevie, Bilage til Fængselssagen, Bergen 1861, s.13.

<sup>140</sup> NOS Fjerde Række Nr. 86. *Meddelelser om Det norske Fængselsvæsen i det 19de Aarhundrede*, Udgivet af Expeditionschefen for Fængselsvæsenet, Kristiania 1904, s. 131ff.

<sup>141</sup> UBB: (Til Bergens Magistrat og Formandskab) / Carl N.S. Platou, Georg Houge, J. Bonnevie, Bilage til Fængselssagen, Bergen 1861, s.13f.

<sup>142</sup> Kontrakt 1.4.1862, Olsen 1914, s.406. Sjå også UBB: (Til Bergens Magistrat og Formandskab) / Carl N.S. Platou, Georg Houge, J. Bonnevie, Bilage til Fængselssagen, Bergen 1861, s.13f.

<sup>143</sup> *Love, Resolutioner, Reglement, Instruxer, Skrivelser vedkommende Fængselsvæsenet 1814-97*, Udgivet af Expeditionschefen for Fængselsvæsenet, Chra 1898, s.31, gir oversyn over fengselsdistrikta.



behøve at ty til Bergens Fængsel.”<sup>144</sup> Nordre Bergenhus fekk etter fængselslova sitt distriktsfængsel i Vik i Sogn, etter tidlegare å ha hatt eit arresthus i Nordfjord som hadde ”adskillige Mangler”.<sup>145</sup>

18. mai 1867 vart det nye fængslet i Bergen godkjend av departementet og kunne takast i bruk.<sup>146</sup> I motsetnad til det gamle, var det nye fængslet eit tidssmessig moderne fængsel inndelt i enkelt-celler. Bygningen var på tre etasjar med celle-inngang frå galleri i andre og tredje etasje til i alt 41 celler. Sjølv om isolering i enkelt-celler var sentralt i fængselslova, vart dette etterkvart vanskeleg å oppfylle, i alle fall mot slutten av 1800-talet, og kvar celle romma ofte to innsette.<sup>147</sup>

Fængslet mottok også fangar som var dømde i andre jurisdiksjonar enn dei som sokna til fængslet i Bergen. Normalt skulle ein sone straffa i anstaltane som domsstaden sokna til. Unntaket var i tilfelle der den dømde vart pågripen i eit fængselsdistrikt utanfor stiftet ein var dømd i. I slike tilfelle skulle dommen avsonast i fængslet som pågripingsstaden sokna til.<sup>148</sup>

### 3.4.2 Innsette på tukthuset

I motsetnad til fængslet var tukthuset frå 1842 ein straffearbeidsanstalt. Medan sysselsetjing i fængslet var unntak, skulle dette vere regelen på straffearbeidsanstaltane. Tukthuset i Bergen hadde røter tilbake til 1646 då det vart oppretta som *Børnehus*. Vanarta barn, først og fremst under 12 år, skulle kunne innsetjast i 5-8 år for oppdraging og utdanning i ulike handverk.<sup>149</sup> Men institusjonen hadde også eit vakse klientell, mest såkalla lettferdige kvinner, tiggjarar og småforbrytarar. På 1680-talet gjekk Børnehuset over til å bli eit manufakturhus.<sup>150</sup> Produksjonen vart omorganisert og institusjonen fekk monopol på leveransar av tekstil til det Bergenhusiske, det Thronhjemske og det Christiansandske regiment. På 1720-talet fekk manufakturhuset økonomiske vanskar og drifta vart innstilt. Men huset vart vitalisert på ny i

---

<sup>144</sup> UBB: (Til Bergens Magistrat og Formandskab) / Carl N.S. Platou, Georg Houge, J. Bonnevie, Bilage til Fængselssagen, Bergen 1861, s.13f.


<sup>145</sup> NOS Fjerde Række Nr. 86. *Meddelelser om Det norske Fængselsvæsen i det 19de Aarhundrede*, Udgivet af Expeditionschefen for Fængselsvæsenet, Kristiania 1904, s. 133.

<sup>146</sup> NOS Fjerde Række Nr. 86. *Meddelelser om Det norske Fængselsvæsen i det 19de Aarhundrede*, Udgivet af Expeditionschefen for Fængselsvæsenet, Kristiania 1904, s. 145. I tillegg hadde den nye politikammerbygningen som vart oppført i 1865 tre arrestrom i kjellaren nytta som nattarrest (Olsen 1914, s. 386)

<sup>147</sup> Olsen 1914, s. 406.

<sup>148</sup> Schweigaard 1883, s. 468 og forordning 15.11.1748 (Schmidt 1851a).

<sup>149</sup> Georges Midré: “Bot, bedring eller brød? Om bedømming og behandling av sosial nød fra reformasjonen til folketrygden” i *Studier i jus og samfunnsvitenskap* 3, Universitetsforlaget 1990, s. 47.



Figur 3-3: Tukthuset hadde opphav tilbake til 1600-talet og vart tatt i 1789 tatt i bruk også som straffanstalt. Frå 1842 og fram til nedleggjinga i 1885 var anstalten berre straffanstalt. Biletet øverst til venstre er henta frå RA: JPD. Fengselsstyret D del 2, Ua – Fotografier fra straffanstaltar 1897-1984, nederst frå SAB og resten private.

1744 då fundasen for institusjonen kom og omtalte det igjen som tukthus, i samband med dei stiftsvisе fattiganordningane. Framleis var tukthuset i første rekkje ein tvangsarbeidsanstalt og sett på som eit hjelpemiddel i handsaminga av fattigproblema. I 1789 gjekk tukthuset for alvor i retning av å bli ein straffanstalt då opphald på tukthus erstatta lekamsstraff som vanleg straff for simpelt tjuveri. I 1842 slo straffelova fast at tukthuset var ein straffanstalt, og fjerna heilt fattiglovas kompetanse andsynes anstalten.

Tukthuset i Bergen var ein bygning på to etasjar, der dei innsette utgjorde eit fellesskap døgeret rundt. Dei både arbeidde og sov saman i store salar, berre åtskilt kjønna i mellom. Standarden på tukthuset var begredeleg, sjølv i samtida sine auge. Paul Norum, inntil 1858 direktør ved Botsfengslet i Christiania, skildra tukthuset i Bergen rundt 1860 slik:

*“Væggene ere af over 1 Alen tyk Graastensmur, der er opført paa en yderst mislig Maade, sammenføiet af store runde Kampestenene og af smaa Brokker og Stumper af Stene, som det synes i Uorden kastede om hinanden i den sammenbindende Kalk. Som Følge heraf trænger Vandet, naar Regnen med nogen Kraft slaar mod de udvendige Vægge, igjennem disse og indover Gulvene, hvilke derfor i fugtig Veir stadig er vaade. For at hindre Dryp inde i Lokalerne fra Væggene over Vinduesfordybningerne ere disse langs den øvre Kant forsynet med smaa Blikrender. Det er begribeligt, hvorledes Værelserne under saadanne Omstændigheder ere beskaffede. Alt derinde er fugtig og skiddent, Gulvene og Tagene ere mere eller mindre raadne og langs Væggene mugne, Bjælkelagene ere raadne, og for at ingen Ulykke ved Nedstyrtning skal indtræffe, ere de langs Væggene saavel som midt under Taget støttede med Tværbjælker, der bæres af hist og her anbragte Stændere”<sup>151</sup>*

<sup>150</sup> Ein resolusjon frå 1685 bestemte at institusjonen no skal omtalast som ”Manufactur-Hus” og ikkje som ”Tughuus”.

<sup>151</sup> Norum 1860, s. 8.

Daniel Thrap var fengselslærer ved anstalten på 1860-talet og skildra tukthuset i Bergen i mykje same vendingar som Norum gjorde:

*"Man kunde fristes til at sige, at her var gjort alt muligt for at gjøre Stedet uhyggeligt [...] Naar undtages Kirken og Prestens Værelse kjendte ikke Huset Malerkost. I det gamle Murhus var alt Træverk sort af Ælde. Kvindernes Arbeidsværelser var mindre, og man fik saaledes her et mindre uhyggeligt Indtryk end, naar man saa ind til Mændene ovenpaa i de 3 store Arbeidssale, hvor der om Vinteren altid var hundekoldt. Midt paa den ene Langvæg stod en mer en 100-årig 'Bilæggerovn'. Til denne udleverede 2 Gange daglig 6 halve Birkevedtrær, hvilket i det store Rum var det samme som Ingenting".<sup>152</sup>*

Arbeidsdrifta var problematisk på grunn av manglande motivering, men også på grunn av manglande dugleikar hjå dei innsette. Spinning og veving av grovt lerret og lin og notbinding vart den vanlegaste sysselsetjinga saman med drevplukking for dei eldste, seinare også ein del snekkerverksemd for menn.<sup>153</sup>

*"De stakkels Folk sad der i sin gule og graa Klædning af tyndt Vadmæl og skulle arbeide sig varme ved at spinde eller binde Not, eller - om de var meget gamle - at plukke Drev. Dette var den eneste Beskjæftigelse, man i en Aarrække havde at give den mangfoldige Arbeidskraft. Jeg skal ikke glemme, hvilket pinligt Syn det var, da jeg første Gang kom op i den største Arbeidssal, hvor disse - tildels kraftige Mænd sad som smaa Herkules'er ved sine Spinderokke og lavede Lintraad!"<sup>154</sup>*

I 1877 vart dei kvinnelege fangane i tukthuset overflytta til tukthuset i Christiania som i 1881 vart ein rein kvinneanstalt.<sup>155</sup> Tukthuset i Bergen vart supplert med fangar frå slaveriet då det vart lagd ned i 1878, og samtidig vart området tukthuset skulle motta straffarbeidarar utvida med Rogaland og Lister & Mandals Amt.<sup>156</sup> I 1886 vart også tukthuset nedlagd og fangane overførte til straffanstalten i Trondheim.

Straffearbeidet var inndelt i fem grader, etter lengda.<sup>157</sup>

1. Straffearbeid på livstid.<sup>158</sup>
2. Straffearbeid på over ni, men inntil 12 år
3. Straffearbeid på over seks år, men inntil ni år
4. Straffearbeid på over tre år, men inntil seks år
5. Straffearbeid på seks månader, men inntil tre år

---

<sup>152</sup> D. Thrap: "Bergens Strafanstalter i 1850-60 Aarene" i *Bergens Historiske Forenings Skrifter*, 18/1912, s.3f.

<sup>153</sup> Olsen 1914, s. 414. Sjø også Norum 1860, s.34ff og Straffanstaltkommisjonen 1841 s. 200ff.

<sup>154</sup> Thrap 1912, s. 4.

<sup>155</sup> *Departements-Tidende* No.37/1877, s. 625. Sjø også Vegard Ellingsen: *Kvinner og kriminalitet. En undersøkelse av innsatte ved landsfengslet for kvinner i perioden 1881-1902*, Utrykt hovudfagsoppgåve i historie, Oslo 1985, s. 54. I 1900 fekk anstalten namnet Landsfengslet for kvinner.

<sup>156</sup> *Departements-Tidende* No. 51/1877, s. 832.

<sup>157</sup> 20.8.1842: Lov om Forbrydelser Cap. 2 § 5, endring i 1874.

<sup>158</sup> Revisjonen av straffelova i 1874 heldt fast på straffarbeid på livstid, men sette det utanfor gradssystemet. Straffearbeid i første grad vart no over 12 år, men under 15 år.

Medan fengselsstraffene var korte, maksimalt 120 dagar på vanleg fangekost, men oftast under 30 dagar, var straffearbeid langvarig. Minimum var seks månader og altså lenger enn den maksimale fengselsstraffa. Naturleg nok kom straffearbeid i staden for fengsel når retten såg tilstrekkeleg alvorleg på lovbroten, anten på grunn av typen lovbroten eller på grunn av tilhøve ved lovbrøtaren sjølv, i første rekke hans kriminelle fortid.

Grove valdelege brotsverk, som drap, mordbrann og valdtekt, vart straffa med straffearbeid. Grovare lekamsfornærming, blodskam og forfalsking førte også normalt til straffearbeid. Simpelt tjuveri førte vanlegvis første gong til fengselsstraff, men ved gjentakningstilfelle, vart straffearbeid nytta, med strengare straff for kvart nytt tjuveri. Fram til 1866 gav simpelt tjuveri gjentatt første gong straffearbeid i femte eller fjerde grad, altså frå seks månader til seks år. Andre gongs gjentakning straffearbeid i tredje eller fjerde grad (frå tre til ni år), tredje gongs gjentakning til straffearbeid i andre eller tredje (seks til tolv år) og ved fjerde gong første eller andre grad (over ni år) og ved etterfølgjande tjuveri straffearbeid på over tolv år. Frå 1875 galdt straffeeskalering ved gjentekne dommar berre når det nye lovbroten var utøvd innan ti år etter at sist straff var ferdigsona.<sup>159</sup> Grovt tjuveri førte direkte til straffearbeid første gong utført fram til 1875.<sup>160</sup>

Tukthusa vart i si tid oppretta som ein del av fattigordningane på 1700-talet, eitt for kvart stift. Tukthuset i Bergen skulle altså opphavleg tene fattigkommissjonane i Bergen stift, som på den tida omfatta Søndre Bergenhus amt, Nordre Bergenhus amt og Sunnmøre. I 1797 vart stiftet sterkare drege inn i rettspleia. Rådsturettane, lagtinga og overhoffretten vart erstatta med stiftsoverrettar i kvart stift.<sup>161</sup> Dei som vart dømde til straffearbeid innanfor dei respektive jurisdiksjonane, vart sendte til tukthusa innan stifta. Tukthuset i Bergen mottok heilt fram til nedleggjinga fangar frå heile Bergen stift, altså frå Bergen stiftsoverrett sin jurisdiksjon.

For kvinner var tukthuset heile tida den einaste tilgjengelege forma for straffearbeid. For menn stilte dette seg annleis. For det første skulle menn over 18 år som var dømde til straffearbeid på over seks år ikkje innsetjast på tukthuset, men på slaveria ved festningane.<sup>162</sup> I 1872 vart dette endra ved gjentekne straffearbeidsdommar.<sup>163</sup> Menn over 18 år som

---

<sup>159</sup> 3.6.1874: Lov indeholdende Forandringer i den norske straffelov 6 § 21.(Mejlænder & Malling 1878).

<sup>160</sup> 20.8.1842: Lov om Forbrydelser, Cap. 19 § 3 (Schmidt 1850).

<sup>161</sup> Alf Kiiil: *Arkivkunnskap - Statsarkiva*, Universitetsforlaget 1987, s.140f.

<sup>162</sup> 20.8.1842: Lov om Forbrydelser, Cap. 2 § 6 (Schmidt 1850).

<sup>163</sup> 4.5.1872: Lov om Forandringer i Lov om Forbrydelser 8.8.1842 (Mejlænder & Malling 1878)

tidlegare hadde vore dømde til straffearbeid og som i ny dom fekk straffearbeid på over tre år, skulle innsetjast på slaveriet mot tukthuset tidlegare. Det same galdt straffearbeidsdømde menn over 18 år som tidlegare hadde vore på festninga (og som dermed hadde hatt ein straffearbeidsdom på over seks år). Dette var eit resultat av at den generelle nedsetjinga av straffetida for tjuveri i 1866 (med kraft frå 1867) hadde ført til ei skeiv fordeling av fangar med opphoping i tukthusa og det motsette i slaveria. Menn med dei lengste straffene, altså dei som utførte dei grovaste lovbrota eller hadde lengre rulleblad frå før, finn ein såleis ikkje på tukthuset.

### 3.4.3 Innsetjing på Bergenhus festnings slaveri

Christian V si Norske Lov frå 1687 omtalte arbeid i jern på Bremerholm ved København, og inntil den vart nedlagd i 1739 vart norske straffarbeidsfangar sende dit.<sup>164</sup> Seinare skulle straffarbeidsfangar sendast til den næraste festninga. Kor tid slaveriet på Bergenhus vart oppretta, er ukjend, men frå 1767 har ein protokollar over innsette slavar.<sup>165</sup>

Fangane heldt til i eit gammalt hus plassert i ei forsenking nordvest for Håkonshallen ned mot Vågen. Huset fekk påbygd ein ny etasje i 1825 og hadde då fire fangerom.<sup>166</sup> Utover på 1830-talet vart likevel kapasiteten sprengt og ein ny tilbygning med to fangerom vart oppført i framkant av det gamle slaveriet i 1840. Like bak var eit nytt bygg med arbeidsanstalt, sjukehus og marketenteri for slaveriet bygd i 1833. Det gamle slaveriet nedst mot sjøen vart riven etter nedleggjinga, medan den nye bygningen i bakkant vart øydelagd ved eksplosjonen i 1944. Dei innsette var sysselsette dels med tilverking av grovare handverks-gjenstandar, dels med skomakararbeid for arméen og spinning av hampegarn og etterfølgjande notbinding.<sup>167</sup>


På slaveriet sat som nemnd mannlege straffarbeidsfangar med dommar på seks år eller meir. Frå 1873 vart også straffarbeidsfangar med tidlegare straffarbeidsdommar på over tre år, eller straffarbeidsfangar som tidlegare hadde sona på eit slaveri, innsette her. Lovendringane i 1866 og 1872 medførte dermed i praksis ei nedsetjing i straffetida for enkelte av dei innsette på slaveriet. Etter ein overgangsperiode der enkelte brotsverk gav kortare straff og følgeleg overføring til tukthuset, skulle enkelte som vart dømde for dei same lovbrota igjen sitte på slaveriet, men altså for ei kortare tid enn før endringa i 1866.

---

<sup>164</sup> Forordning 27.11.1739 (Kong Christian den Siettes [...]).

<sup>165</sup> Digitalarkivet: Slaver ved Bergenhus Festning 1767-1810.

<sup>166</sup> Sjå *Departements-Tidende* No 38/1840, s. 627f. om manglande kapasitet og behovet for ny bygning.



Kronarbeidarar, fedrar som ikkje betalte pålagde barnebidrag, kunne også innsetjast på festninga. Festningane opplevde desse som eit problem, dels fordi dei førte til plassproblem og dels fordi det til tider kunne vere vanskeleg å skaffe tilstrekkeleg sysselsetjing for dei. I 1869 bad Justisdepartementet innstendig om at andre løysingar enn festningsarbeid måtte prøvast for kronarbeidarane, anten arbeid hjå lensmann, private, i offentleg arbeid, eller på tvangsarbeidsanstalt.<sup>168</sup> Kronarbeidarane vart ikkje rekna som slavar og er dermed ikkje med i slaveprotokollane. Følgjeleg er dei heller ikkje med i min populasjon.<sup>169</sup>

<sup>167</sup> Norum 1860, s. 38f.

<sup>168</sup> 6.3.1869: Cirkulære ang. Kronarbeideres Indsendelse til Festningerne (Mejlænder 1871).

<sup>169</sup> Sjå elles om kronarbeidarar i kapittel 7 Tvangslemmar i Bergen 1850-75.

Slaveriet tok imot fangar frå eit større område enn tukthuset ettersom også fangar dømde i Christiansands stift sin jurisdiksjon skulle innsetjast her. I 1877 vart skiljet mellom tukthus og slaveri oppheva og slaveriet i Bergen vart lagd ned året etter.<sup>170</sup>

#### **3.4.4 Liten fleksibilitet i val av straffanstalt**

Me ser det var liten fleksibilitet i kva straffanstalt ein vart innsett i. Fordelinga var detaljregulert og endringar skjedde etter lovvedtak sentralt. Innsetjing i slaveri var heile tida uttrykk for ein sterkare straffereaksjon enn tukthuset, som igjen var ein sterkare straffereaksjon enn fengslet. Med reglane for gjentakingsstraff vil ein derfor finne ei naturleg utvikling i sanksjonsmønsteret til den enkelte i retning av slaveriet som siste anstalt.

I tillegg fanst unntak som påverka samansetjinga av populasjonen i straffanstaltane, og følgjeleg min populasjon. Den viktigaste var avgrensingane i tildeling av straff på barn, og særleg galdt dette fridomsstraff. På same måte som sinnslidande vart ikkje barn rekna som fullt ut ansvarlege for handlingane sine og kunne berre delvis påførast straff. Andre tilhøve som påverka samansetjinga av fangane i dei ulike anstaltane var overføring til botsfengslet og bøtesoning. Det følgjande vil ta opp reglane for dette.

### **3.5 AVSTRAFFING AV BARN OG UNGE PÅ MIDTEN AV 1800-TALET**

Straffelova frå 1842 opererte med tre sentrale aldersgrenser: 10, 15 og 18 år. Barn under 10 år vart rekna for å vere totalt uansvarlege og ute av stand til å sjå rekkevidda av sine gjerningar. Desse kunne difor ikkje straffast i det heile. Barn fylt 10, men under 15 år vart rekna som delvis "tilrekneleg" og dermed delvis ansvarlege for eigne handlingar. Denne aldersgruppa var utsett for straff, men dei slapp ofte, eller straffa var særeigen. Barn fylt 15, men under 18 år vart rekna som fullt ut ansvarlege for dei handlingane dei måtte utføre, men vart framleis tilkjent mildare straffar enn vaksne fylt 18 år.

#### **3.5.1 Barn under ti år**

Barn under ti år gjekk altså totalt fri for straffeskyld, lova tillegg ikkje desse "criminel Tilregnelse".<sup>171</sup> Dette betyr naturlegvis ikkje at så unge barn ikkje vart utsett for tvangstiltak i det heile. Fram til 1842 kunne tukthuset nyttast til "oppdragande" formål, men frå og med kriminallova av 1842 var tukthuset ein rein straffanstalt, og barn under 15 år skulle i

---

<sup>170</sup> 3.12.1877: Kongeleg resolusjon på nedlegging av slaveriet på Bergenhus. Sjå *Departements-Tidende* No. 51/1877, s. 832.

utgangspunktet ikkje innsettast i nokon av straffanstaltane. Andre tiltak kunne likevel verte sett inn mot desse, som oppfostring på landet om foreldra gjennom manglande oppseding vart rekna som ein del av problemet, eller ved at politiet oppmoda foreldra om å gje borna korreks.

### 3.5.2 Barn mellom ti og 15 år<sup>172</sup>

Barn mellom ti og 15 år vart altså rekna som delvis tilrekelege, og måtte difor til ein viss grad ta konsekvensane av handlingane sine. Men det skulle meir til for så at unge lovbrytarar skulle bli dømde, ikkje på bevisførsel, men på alvorgraden av brotsverket. Om lovbrotet var uaktsamt, gjekk desse barna heilt fri for straff.<sup>173</sup> Lova stillte altså ikkje same kravet til aktsemd frå så unge menneske. Men også om brotet var gjort med forsett, kunne desse barna gå fri. Dette galdt i tilfelle der lovbrotet elles ikkje ville utløyse straff strengare enn bøter om dei var fylt 15 år.<sup>174</sup> I dei tilfella der lova opna for fengselsstraff som alternativ til bøter, skulle denne gruppa av tiltalte vurderast som om dei var 15 år og éin dag.<sup>175</sup> Ville ein person som nettopp var fylt 15 år blitt dømd til bot for ei handling, ville eit barn under 15 år gå fullstendig fri. Der 15-åringen fekk fengselsstraff, kunne også den under 15 år bli utsett for straff. Når utgangspunktet var ein 15-åring, var det fordi ein 17-åring ville bli dømd hardare. Der ein 15-åring slapp med bøter, ville kanskje ein 17-åring bli dømd til fengselsstraff, alt etter omstenda.

Sjølv om handlinga tilsvara straff strengare enn bøter, følgde ikkje straff automatisk. Lova sa retten i slike tilfelle kunne idømme straff

*”saafremt det, enten i Betragtning af Forbrydelsens Art [...], eller med Hensyn til Angjældende Forstandsutvikling og havte Opdragelse kan antages, at han har indset Handlingens forbryderske Beskaffenhed”.*<sup>176</sup>

Retten skulle altså vurdere kor grov handlinga var, men også ta omsyn til den enkelte lovbrytar og den ”forstanden” han/ho hadde. Her er det også viktig å merke seg at begge kriteria ikkje trong vere oppfylde samtidig.<sup>177</sup> Lovbrytaren måtte ikkje både ha utført eit alvorleg lovbrot og ha ein utvikla forstand. Det haldt at tiltalte anten har gjort eit alvorleg lovbrot, eller forstod handlinga. Lova definerte også kva typar lovbrot som skulle definerast

---

<sup>171</sup> 20.8.1842: Lov om Forbrydelser Cap. 7 § 1 (Schmidt 1850).

<sup>172</sup> Fylt ti år, men enno ikkje 15 år.

<sup>173</sup> 20.8.1842: Lov om Forbrydelser Cap. 6 § 8 skriv at ein må vere skyldig i ”forsætlig Forbrydelse” (Schmidt 1850).

<sup>174</sup> 20.8.1842: Lov om Forbrydelser Cap. 6 § 8 (Schmidt 1850).

<sup>175</sup> Schweigaard 1860, s. 259.

<sup>176</sup> 20.8.1842: Lov om Forbrydelser Cap. 6 § 8 (Schmidt 1850) og Schweigaard 1860, s. 260.



som alvorlege nok i seg sjølve til å føre til straff, nemleg mord, drap, betydeleg lekamsskading, tjuveri, røveri og eldspåsetting.<sup>178</sup> Anton M. Schweigaard skriv at det var regelen at personar mellom 10-15 år vart dømde for desse spesielt nemnde lovbrota, og unntak at dei slapp unna.<sup>179</sup>

Om lovbrotet ikkje galdt dei spesielt nemnde, men likevel ville gitt straff strengare enn bøter, måtte forstanden til lovbyrtaren vurderast. Dette måtte naturlegvis bli opp til dommaren sitt skjøn. Lova gav ikkje grunnlag for å bruke den tiltalte som ”vitne” på eigen forstand, det var altså ikkje tilstrekkeleg bevis på forstand at den tiltalte sjølv vedstod å ha forstått alvorret i handlinga. Dei viktigaste kriteria var nok for det første alderen. Det var lettare å dømme ein 14-åring enn ein ti-åring. Vidare la ein vekt på oppsedinga og oppførsel elles, basert på attestar innhenta frå lærarar. Ein godt oppseda unge forventa ein større forstand av, og var dermed straffetilrekneleg, enn ein ”dårleg” oppseda unge.

Om eit barn under 15 år vart dømd, var straffealternativa ris eller straffarbeid.<sup>180</sup> Der ein femtenåring ville fått straffarbeid i fjerde grad (3-6 år), ville ein domfeldt under 15 år fått ris.<sup>181</sup> Der ein femtenåring hadde fått seks år eller lengre straffarbeid, kunne desse yngste fått straffarbeid i femte grad (frå seks månader inntil tre år). Straff som normalt kvalifiserte til dødsstraff, ville for desse borna gitt straffarbeid i fjerde eller tredje grad (6-9 år). Ettersom straffelova ikkje opna for opptrapping av straff ved gjentakning for barn under 15 år fram til 1867, og under 18 år etter, var det berre svært alvorlege lovbrota som kunne medføre tukthusstraff.<sup>182</sup> For at tukthus skulle bli aktuelt, måtte lovbrotet medføre straffarbeid på over seks år for ein 15-åring, og var mest aktuelt ved mord eller mordbrann. Fram til 1875 var ris erstatning for fengsel for både gutar og jenter inntil 15 år. Ved straffelovrevisjonen frå 1874 med verknad frå 1. januar 1875 opna ein for fengsling av barn under 15 år som straff, samtidig som dommaren fekk fleire alternative straffemåtar å velje mellom. Ris eller fengsel blei idømt der straffa (om lovbyrtaren hadde vore over 15 år) hadde vore fengsel eller tukthus inntil 6 år. Begge desse straffene skulle fullbyrdast i offentleg fengsel, og risstraff i tillegg bak lukka dører av ein arrestforvarar eller sluttar og påførast ”blottet Ryg”.<sup>183</sup>

---

<sup>177</sup> Schweigaard 1860, s. 260.

<sup>178</sup> 20.8.1842: Lov om Forbrydelser Cap. 6 § 8 (Schmidt 1850).

<sup>179</sup> Schweigaard 1860, s. 261.

<sup>180</sup> Schweigaard 1860, s. 265 og 20.8.1842: Lov om Forbrydelser Cap. 2 § 38 og Cap. 6 § 8 (Schmidt 1850).

<sup>181</sup> 20.8.1842: Lov om Forbrydelser 6 § 8 (Schmidt 1850).

<sup>182</sup> 20.8.1842: Lov om Forbrydelser 6 § 21 (Schmidt 1850).

<sup>183</sup> 20.8.1842: Lov om Forbrydelser 2 § 8 (Schmidt 1850).

Lovendringa i 1875 innførte også eit skilje mellom gutar og jenter. Jenter mellom ti og tolv år kunne framleis avstraffast med ris, men for jenter mellom 12 og 15 år *skulle* ein konsekvent nytte fengsel på vanleg fangekost eller arrest i staden for.<sup>184</sup> Denne lovendringa var forsåvidt ei oppfølging av avgjerdene i fattiglovene av 1845 og 1863. Desse lovene gav høve til å setje jenter mellom tolv og femten år i fengsel på vanleg fangekost frå fire til åtte dagar om dei mot foreldra sitt vitande eller vilje gjorde seg skyldig i betling, etter først å ha motteke åtvaring.<sup>185</sup> Kvifor ein fekk dette skiljet mellom gutar og jenter i fattiglova er noko uklart. Det mest nærliggjande er å anta at avstraffing med ris på bar rygg var å krenke blygskapen til jenter i puberteten. I så fall kan ein undre seg over årsaka til at skiljet berre galdt ved betling og ikkje i vanlege straffesaker før lovendringane i 1874. Regjeringa skreiv også i si innstilling til revideringa at skiljet ikkje ”kunne hvile paa nogen for Betlerieforseelse særegen Betragtning”, og endringa var slik dels var motivert utifrå ønskje om konsekvens i lovverket.<sup>186</sup> Same stad uttalte regjeringa at skiljet mellom kjønna i fattiglova måtte ”antages bygget paa den almindelige Opfatning, at Risstraff er upassende og let kan virke skadeligt paa Pigeboørn, der saavidt nærme sig den voxne Alder [...]”, altså at ein nettopp må vise større forståing for blygskapen til jenter enn gutar i denne alderen.

Barn som ville fått straff tilsvarende fengsel eller mindre om dei var over 15 år, og som ikkje var straffedømd tidlegare, kunne også frå 1875 unngå ris og fengsel heilt, og i staden få ei alvorleg irettesetjing og åtvaring frå retten.<sup>187</sup> Fattiglova frå 1845 opna for innsetjing i redningsanstaltar av ”vanartede Børn under 16 Aar, der enten intet Tilhold have, eller hvis Opdragelse forsømmes af deres rette Forsørgere”.<sup>188</sup> Her kunne ein bli innsett så lenge leiinga på anstalten meinte det var nødvendig, men likevel maksimalt til ein fyllte 16 år. Slike redningsanstaltar var det opp til kommunane å etablere, noko dei færraste makta å følgje opp. Unntaket var Toftes Gave, grunnlagt i Christiania 1841.<sup>189</sup> I 1881 vart Ulfesnesøen utanfor Bergen godkjend, og tilsvarende institusjonar fekk ein også ved Stavanger (1888) og Trondheim (1895).<sup>190</sup> Lovrevisjonen i 1874 gav dommaren høve til å erstatte ris eller fengsel

---

<sup>184</sup> 3.6.1874: Lov indeholdende Forandringer i den norske Straffelov, 2 § 38 (Mejlænder & Malling 1878).

<sup>185</sup> 20.9.1845: Lov om Fattigvæset i Kjøbstæderne, §48 (Schmidt 1850) og 6.6.1863: Lov om Fattigvæset i Kjøbstæderne § 69 (Munk & Mejlænder 1867). Sjå også *Norsk Retstidende* 1849, p.93.

<sup>186</sup> Stortingets Forhandlinger 1872, Oth.prop. No 10, s.14: Regjeringas innstilling av 5.1.1872 ”Om Forandringer i Lov angaaende Forbrydelser af 20de August 1842 m.V.”.

<sup>187</sup> 3.6.1874: Lov indeholdende Forandringer i den norske Straffelov Cap. 6 § 8 (Mejlænder & Malling 1878).

<sup>188</sup> 20.9.1845: Lov om Fattigvæset for byane, § 49 (Schmidt 1850).

<sup>189</sup> Anstalten vart først godkjend som oppdragsanstalt i 1878 då institusjonen vart flytta til Hedmark. Sjå også Tove Stang Dahl: *Barnevern og samfunnsansvar. Om stat, vitskap og profesjoner under barnevernets oppkomst i Norge*, Oslo 1978, s. 26 og 85f og Harald Thuen: ”Oppdragelse eller straff. Oppdragsanstalter i Norge 1840-1950” i *Takten, takten, pass på takten. Studier i den offentlige oppdragelsens historie*, Oslo 1992.

<sup>190</sup> Dahl 1978, s. 86.

med innsetjing i slike anstaltar også i straffesaker for barn.<sup>191</sup> Etersom ingen under 15 år kunne setjast på tvangsarbeidshusa, hadde slik oppsedande fridomsavgrensing lite å seie i min periode. I fattiglova frå 1863 vart eller ikkje redningsanstaltane nemnde.

Fram til 1875 var vilkåra for at eit barn under 15 år skulle bli dømd til noko strengare enn ris altså svært strenge. Frå og med 1875 var praksis imidlertid ein annan. No *skulle* jenter frå tolv år og oppover konsekvent fengslast, ikkje risast, medan gutar under 15 år *kunne* fengslast. Likeins vart det opna for at dommaren kunne velje også mellom andre straffar enn ris og fengsel, i praksis irettesetjing innan retten.<sup>192</sup> I fall ein valde fengsel, kunne straffa bli fengsel mellom åtte og seksti dagar. I valet mellom dei ulike straffereaksjonane skulle dommaren ta omsyn til alder.<sup>193</sup> Kriminalstatistikken avspeglar også tydeleg dette skiftet. I 1874 vart 326 gutar og 15 jenter under 15 år dømde for tjuveri, og samtlege fekk risstraff.<sup>194</sup> Året etter vart langt færre under 15 år dømde totalt (171 gutar mot 14 jenter), men 41 gutar og tre jenter vart dømde til fengselsstraff og fire gutar og fem jenter fekk åtvaring.<sup>195</sup>

### 3.5.3 Unge mellom 15 og 18 år<sup>196</sup>

Lovbrytarar over 15 år vart i utgangspunktet rekna for å vere fullt ut ansvarlege og tilreknelege for handlingane sine, og kunne såleis straffast. Men også for desse vart den låge alderen sett på som eit formildande omstende.

For det første kunne unge under 18 år ikkje dømmast til døden, men fekk dommen omgjort til straffarbeid i første grad (12-15 år) eller livstid.<sup>197</sup> Der vaksne over 18 år fekk livsvarig straffarbeid eller straffarbeid i første grad, fekk dei mellom 15 og 18 år straffarbeid i andre grad (9-12 år). Om ein ikkje tidlegare var dømd til straffarbeid, kunne ein sleppe med fengsel i staden for tukthus i mildaste grad. Motiveringa for dette siste var naturlegvis at styresmaktene ønskte å halde desse unge unna tukthuset og den uheldige innverknaden dei

---

<sup>191</sup> 3.6.1874: Lov indeholdende Forandringer i den norske Straffelov, Cap. 6 § 8 (Mejlænder & Mallings 1878).

<sup>192</sup> 3.6.1874: Lov indeholdende Forandringer i den norske Straffelov, Cap. 2 § 38 og Cap. 6 § 8 (Mejlænder & Mallings 1878).

<sup>193</sup> 3.6.1874: Lov indeholdende Forandringer i den norske Straffelov, Cap. 6 § 5 (Mejlænder & Mallings 1878).

<sup>194</sup> NOS B.No.1. NOS Ældre Række. B. No.1: *Criminalstatistiske Tabeller for Kongeriget Norge for Aaret 1874*, Christiania 1876. Tabel XI s. 142.

<sup>195</sup> NOS B.No.1. NOS Ældre Række. B. No.1: *Criminalstatistiske Tabeller for Kongeriget Norge for Aaret 1875*, Christiania 1877. Tabel XI s. 142.

<sup>196</sup> Fylt 15 år, men enno ikkje 18 år.

<sup>197</sup> 20.8.1842: Lov om Forbrydelser Cap. 6 § 9 (Schmidt 1850).

frykta at eldre og meir ”hardbarka” fangar kunne utsette dei for.<sup>198</sup> Ingen under 18 år skulle avsone straffearbeid i slaveria på festningane.<sup>199</sup>

### 3.5.4 Gjentakingsstraff for barn og unge

Fram til 1789, då fridomsstraff erstatta kroppsstraff ved simple tjuveri, førte første gongs simpelt tjuveri til pisking. Andre gongs simpelt tjuveri til pisking og brennmerking på ryggen, tredje gongs simpelt tjuveri til pisking og brennmerking i panna og fjerde gongs simpelt tjuveri til pisking, brennmerking og avsending til Bremerholm utanfor København eller annan stad for straffarbeid på livstid.<sup>200</sup> Grovt tjuveri vart første gong straffa med pisking og brennmerking i panna, andre gong grovt med pisking, brennmerking og straffarbeid på livstid, tredje gongs grovt tjuveri – som sidan ved andre gong gav straff på livstid berre kunne førekome om nokon rømte frå straffanstalten – førte til døden. Også etter 1789 vart pinsame straffar nytta i alvorlegare tjuveribrot og ved særleg mange gjentakingar av simple tjuveri.

Kriminallova av 1842 opprettheldt prinsippet om at gjentaking av lovbrøt skulle føre til stigande straff, men no kosekvent i form av fridomsstraff, frå fengsel som den mildaste reaksjonsforma på simpelt tjuveri, via tukthus til slaveri.<sup>201</sup> Frå 1875 var det eit vilkår for opptrapping i straffereaksjonen på denne måten at lovbrøtet hadde skjedd mindre enn ti år etter ferdig soning av føregåande straff.<sup>202</sup>

Fram til 1867 talde likevel ikkje brotsverk utførte yngre enn 15 år med i denne straffeopptrappinga, men kunne likevel verte sett på som skjerpande omstende.<sup>203</sup> Retten presiserte ofte at dei i straffeutmålinga berre hadde teke omsyn til eventuelle brotsverk utførte etter fyllte 15 år. 28. juni 1854 vart 24 år gamle skomakersvennen Peder Martin Erichsen dømt i Høgsterett til 1 ½ år på tukthuset for andre gongs simpelt tjuveri ”efter Opnaaelsen af Criminel Lavalder”.<sup>204</sup> 18 år gamle Oluf Arnesen Sogndahlsfjæren vart 14. Juni 1858 av

---

<sup>198</sup> Sjø *Norsk Retstidende* 1847, s. 351 og 536.

<sup>199</sup> 20.8.1842: Lov om Forbrydelser Cap. 2 § 6 (Schmidt 1850).

<sup>200</sup> Christian Vs Norske Lov 1687: Siette Bog, 17 Cap, §§ 33-36.

<sup>201</sup> Skilnaden på slaveri og tukthus vart fjerna i 1877. Lov 30.4.1877 (Mejlænder 1883).

<sup>202</sup> 20.8.1842: Lov om Forbrydelser Cap. 6 § 21 (Schmidt 1850).

<sup>203</sup> Schweigaard 1860, s. 265.

<sup>204</sup> SAB: Bergen Strafanstalt. Register over fangene i Bergenhuus Slaveri 1838-1885 (Tukthuset). Lnr.2, 10.07.1854.

stiftsoverretten i Bergen dømd til 3 år og 2 måneder på tukthuset ”etter forhen 2 gange at være domfældt for Tyvsforbrydelse begaaet efter at have opnaaet Criminel Lavalder”.<sup>205</sup>

I disse tilfella meinte ein med kriminell lågaldar 15 år. Schweigaard skreiv i sin kommentar til straffelova at den ”almindelige” kriminelle lågaldar inntrådde ved 15 år, fordi born under 15 år berre delvis kunne straffast ettersom dei ikkje var fullt ut tilreknelege.<sup>206</sup> I 1855 laga politimeisteren i Bergen til ei liste over barn mellom ti og 15 år som var avstraffa i perioden 1. juli 1852 til 1. juli 1855 som han kalla ”Fortegnelse over de Børn, som for Forbrydelse, begaaede før Opnaaelsen af criminel Lavalder, her i Byen ere dømte til Straf [...]”<sup>207</sup> Formelt var altså den kriminelle lågaldaren ti år, men i praksis rekna ein i samtida 15 år som kriminell lågaldar, nettopp på grunn av dei sterke innskrenkingane på bruk av straff på denne gruppa.

Etter lova frå 9. juni 1866 (med virke frå nyåret 1867) vart aldersgrensa for amnesti for tidlegare dommar heva frå 15 til 18 år. Etter denne tida fekk altså ikkje dommar før fylte 18 år innverknad på straffeutmålinga ved nye lovbrøt, anten som skjerpande omstende. Ein dømde nok i den strengaste enden av skalaen for lovbrøtet enn for førstegongslovbrytarar.

Nils Torfindsen Viknæs vart 22. oktober 1868 dømd etter denne nye regelen. Nils var 22 år og hadde tidlegare éin gong ”etter 18 Aars Alder at være straffet for saadan Forbrydelse”.<sup>208</sup> 16. september 1871 vart 19 ½ år gamle Oliane Andersdotter Florvåg dømd til 8 månader på tukthuset ”for Tyveri efter [kriminallovas kapittel] 19-1 efter forhen 3 Gange at være straffet for lige Forbrydelse, hvoraf 2 før opnaet 18 Aars Alder”.<sup>209</sup> Oliane var altså dømd heile tre gonger tidlegare for tjuveri, men på grunn av lovendinga i 1866, tok ein ved straffeutmålinga denne gongen berre omsyn til det eine lovbrøtet utført etter at ho var fylt 18 år. Simple tjuveri skulle normalt føre til fengsel, men sjølv om ikkje gjentakning førte til like stor opptrapping i straffa for Oliane, som for ein vaksen, vart det likevel rekna som skjerpande nok til at straffarbeid vart vald i stadenfor fengsel, slik lova opna for ved første gongs simpelt tjuveri.

Både straffelova frå 1842 og utviklinga utover i hundreåret viser at det fanst vilje til å utøve sanksjonar mot lovbrytande born på ein mildare måte enn mot vaksne. Det skulle meir til for

---

<sup>205</sup> SAB: Bergen Strafanstalt. Register over fangene i Bergenhuus Slaveri 1838-1885 (Tukthuset). Lnr.2, 23.06.1858.

<sup>206</sup> Schweigaard 1860, s. 244.

<sup>207</sup> SAB: Stiftamtmanden i Bergen: Brev frå politimesteren i Bergen 15.12.1855, lnr. 1457, jnr. 3068/55.

<sup>208</sup> SAB: Bergen Strafanstalt. Register over fangene i Bergenhuus Slaveri 1838-1885 (Tukthuset). Lnr.2, 04.11.1868.

å bli straffa og straffa var særigen. Styresmaktene frykta konsekvensane av å plassere desse aller yngste saman med eldre fangane i straffanstaltane. Denne strafferettslege uansvarleggjeringa av born kan følgjast vidare i vergerådslova frå 1896 og hevinga av den formelle kriminelle lågaldern frå 10 til 14 år i 1900.<sup>210</sup>

Styresmaktene nølte altså med å påføre unge fridomsstraff fram til 1875. Denne nølinga var tydleg heilt til dei potensielle sanksjonsmottakarane hadde fylt 18 år. Motviljen botna i manglande tru på at fridomssanksjonar, i alle fall utanfor rammene av den moderniserte soninga basert på individuell avsondring i celler, ville fungere formålstenleg. Ønske om rehabilitering og reintegrering av desse yngste såg ein som vanskeleg å få oppfylt i fellesanstaltane og overfylte fengsel. I tillegg oppfatta styresmaktene ikkje dei yngste som like ansvarlege for handlingane sine som eldre lovbrytarar. Dei over ti år kunne motta straff i form av ris. I tillegg kunne styresmaktene drive annan oppdragande verksemd overfor desse, særleg fjerning frå belasta miljø og oppfostring på landet.

Dette regelverket fekk konsekvensar for rullebladet til den enkelte og i endå større grad for karriera som fridomssanksjonert. Barn og unge utførte handlingar som elles kvalifiserte til sanksjonar, og enkelte hadde allereie i svært ung alder opparbeidd seg inngåande kjennskap til rettsvesenet og rettspleia. Samuel Amland vart som 11-åring sett i varetekt i 1856 mistenkt for innbrot.<sup>211</sup> Etter tre månader i varetekt vart han sett fri etter å ha fått straffa si utført; 24 slag ris. Presten skriv: ” Han har været straffet før med Riis [...] Det er i høieste Maade forfærdeligt i Samtale med ham at blive vaar hvilken Magt Synden allerede har faaet over ham i en saa ung Alder”. Samuel kjende fengslet gjennom varetekt, men ikkje som straff. Nærveret hans, og andre med tilsvarende straff, er difor avhengig av om risstraffa vart registrert i fengselsprotokollen, noko den som oftast ikkje vart.

### **3.6 TILFELLE DER STRAFF FALL HEILT BORT**

Bruken av straff mot barn og unge var altså avgrensa og spesialisert, men også for andre grupper kunne straff falle bort, og dermed også utanfor min populasjon. Som born under ti år, kunne heller ikkje "galne eller afsindige" straffast.<sup>212</sup> Det same galdt for personar som på

---

<sup>209</sup> SAB: Bergen Strafanstalt. Register over fangene i Bergenhuus Slaveri 1838-1885 (Tukthuset). Lnr.2, 20.09.1871.

<sup>210</sup> 6. juni 1896: Lov om Behandlingen av forsømte Børn (Norsk Lovtidende 1896) og 6. juni 1896: Lov indeholdende Forandringer i Lov angaaende Forbrydelse af 20de August 1842 m.v. (Norsk Lovtidende 1896).

<sup>211</sup> SAB: Prestearkivet arkiv etter Bergens Straffanstalt. Mandtal over de i Bergens civile Arrester hensiddende Fanger 1849-70, fol 714, innsett 10.8.1856.

<sup>212</sup> 20.8.1842: Lov om Forbrydelser Cap. 7 § 2 (Schmidt 1850).

grunn av alderdom eller sjukdom ikkje kunne reknast å ha forstand. Handlingar utførte i ein umedviten tilstand ein ikkje sjølv var skyld i, eller utført av døvstumme som pga. manglande undervisning ikkje forstod rekkevidda av handlinga, var også straffefrie.<sup>213</sup>

I dei nemnte tilfella vart ikkje straff gitt i det heile. Personar som utførte handlingar som kom inn under desse paragrafane ville ikkje bli registrert verken i mitt materiale eller i andre kjelder over straffedømde. I yttarst få tilfelle kan dette ha innverknad i mi undersøking, anten fordi debut på kriminell karriere blir forseinka eller meir sannsynleg at avslutninga vart registrert for tidleg i høve den røynelege. På den andre sida bør ein trygt kunne argumentere for at ei kriminell karriere ender når den kriminelle ikkje lenger er strafferettsleg tilrekneleg. Uansett er det lite relevant i min samanhang når fokus ligg på bruken av fridomssanksjonar, og ikkje kriminalitet generelt.

### **3.7 BENÅDNING OG OVERFLYTTING TIL BOTSFENGSELET**

Benådning kunne formelt berre kongen gje, og søknad om dette skulle stilast til han. Sjølvve handsaminga vart naturlegvis gjort i Justisdepartementet på grunnlag av innhenta opplysningar frå fangen sine føresette i straffanstalten og fengselspresten. I tillegg til den individuelle vurderinga tok ein ved benådningssaker også omsyn til nedsetjinga av tjuveristraffa frå 1866. Tjuveridømde som hadde sona lenger enn kva ein tilsvarande dom ville gitt etter 1866 og som søkte benådning etter at lova trådde i kraft, hadde derfor gode sjansar for å få nedsett straff.<sup>214</sup>

Straffanstaltane, og særleg fellesanstaltane, vart av alle oppfatta som svært uheldig miljø for unge lovbrytarar. Desse anstaltane vart stadig vekk omtala som "forbrytarskular" meir enn rehabiliteringsanstaltar. Straffekommisjonen av 1837 gjekk derfor inn for at Norge skulle byggje sju botsfengsel etter Philadelphia-systemet, dvs. med enkeltceller for kvar fange.<sup>215</sup> Grunnidéen med botsfengslet var rehabilitering. For dei lovbrytarane ein enno meinte det var håp for, skulle tilhøva leggjast til rette for anger og bot. I første omgang vedtok styresmaktene i samsvar med lova om botsfengsel frå 1848 å byggje eitt slikt fengsel. Dette stod ferdig i Christiania i 1851 og skulle ta imot personar mellom 18 og 30 år, fortrinnsvis frå

---

<sup>213</sup> 20.8.1842: Lov om Forbrydelser Cap. 7 §§ 3 og 4 (Schmidt 1850).

<sup>214</sup> Sjø RA: JPD. Kriminalkontor A, Referatprotokollar for departementets vurdering av enkeltsaker.

<sup>215</sup> *Beretning om Beskaffenheden af Norges Strafanstalter og Fangepleie samt Betænkning og Indstilling om en Reform i begge, efter fremmede Staters Mønster / afgivne af den under 10 Septbr. 1837 nedsatte Commission til at meddele Betænkning angaaende Strafanstalternes bedre Indretning m.V.,* Chra 1841.

Christiania stift, med dommar frå seks månader til seks år.<sup>216</sup> Fangar frå Christiania tukthus eller Akershus slaveri mellom 18 og 50 år kunne frivillig bli innsett i Botsfengslet, dersom dei hadde attståande straff mellom seks månader og seks år. Ved innsetjing i Botsfengslet vart straffa redusert med ein tredjedel samanlikna med tukthus eller slaveri.

I følgje ein resolusjon frå 1850 som nærmare regelfesta kven som skulle setjast i Botsfengslet var det kongen som avgjorde om personar med straffetid på over seks år kunne innsetjast. Innsetjing direkte i Botsfengslet i staden for slaveri var derfor svært vanskeleg. Overføring til Botsfengslet var også unntaket for slavar i Bergen, berre fire frå slaveriet vart overført i løpet av perioden, og alle desse hadde mindre enn seks år att av straffa.<sup>217</sup>

Innsetjing i Botsfengslet kunne skje direkte etter domfelling eller via ein annan straffanstalt. Det var ingen automatikk i at dei som kvalifiserte til innsetjing vart det. Lova uttalte at dei "kunne, forsåvidt dertil er Anledning" innsetjast.<sup>218</sup> Straffedømde i Christiania stift (som sokna til Christiania tukthus og Akershus festnings slaveri) hadde prioritet frå starten av, og for desse var også vilkåra utvida slik at fleire vart kvalifiserte.<sup>219</sup> Straffedømde utanfor Christiania stift kunne berre innsetjast etter Justisdepartementet si godkjenning. Dei som var dømde i jurisdiksjonar utanfor Christiania skulle derfor først sendast til vedkommande lokale straffanstalt, og der avvente avgjerda på eventuell søknad om overflytting til botsfengslet.<sup>220</sup> Før Justisdepartementet tok ei slik avgjerd, måtte leiinga og presten ved det lokale tukthuset (eller slaveriet) uttale om det var formålstenleg med omsyn til den dømde sin "Character og Gemytsbeskaffenhed".<sup>221</sup> Vidare hadde yngre fangar fortrinn framfor dei eldre ved elles like vilkår. Frå 1877 skulle menn mellom 18 og 30 år dømde til strafarbeid i 5. grad normalt sone i Botsfengslet, men dette fekk altså først verknad etter min periode.<sup>222</sup>

Her var det altså andre instansar enn domstolane som hadde innverknad på korleis sanksjonen vart avsona, anten det galdt benådning eller overflytting. Til sjuande og sist var det Justisdepartementet som avgjorde desse spørsmåla, og her spelte ganske sikkert

---

<sup>216</sup> 12.7.1848: Lov ang. Bodsffængslet ved Kristiania § 1 (Schmidt 1850) og Schweigaard 1860, s.116. Sjå også Kgl. Res. 12.11.1850 (Schmidt 1851).

<sup>217</sup> SAB: Bergenhus Slaveri. 2. Protokoll over fangerne 1851-78.

<sup>218</sup> 12.7.1848: Lov ang. Bodsffængslet ved Kristiania § 1 (Schmidt 1850).

<sup>219</sup> 12.11.1850: Kongl.Res. at det i Henhold til Lov af 12 Juli 1848 angaaende Bodsffængslet (Schmidt 1851).

<sup>220</sup> A.M. Schweigaard: *Den norske Proces*, Andet Bind, Chra 1883, s.449. og Circulaire af 11 Mai 1852 § 1 (Mejlænder 1857).

<sup>221</sup> 12.11.1850 Kongl.Res. at det i Henhold til Lov af 12 Juli 1848 angaaende Bodsffængslet, 2. Punkt (Schmidt 1851). Presten sin vurdering av søkjarane ved tukthuset i Bergen finn ein i SAB: Bergen Strafanstalt, lnr 31 og lnr 32: Kopibog for udgaaende Skrivelser fra Fængselspræst-Embedet i Bergen.

<sup>222</sup> *Departements-Tidende* No.37/1877, s. 623.



kapasitetsomsyn ei stor rolle når søknaden galdt overflytting. Lokalt hadde truleg fengselspresten størst innverknad om søknaden på utfallet av søknaden.<sup>223</sup> Presten hadde, om ikkje dagleg kontakt med fangane, så i alle fall jamnleg kontakt. Kallsboka for fengselsprestembetet i Bergen gjengir presten sitt virkefelt:

*"At have jevnligt Tilsyn med og speciel Omsorg for enhver enkelt Fange, idet han under daglige Besøg i Strafanstalterne ved Samtaler og Omgang bør søge at vinde Fangerses Fortrolighed og Tillid, for lettere og sikrere at kunne fremme deres sande Forbedring [...]".<sup>224</sup>*

Fangar som sona lengre eller kortare delar av straffa si i Botsfengslet, vil likevel normalt bli registrert i mitt materiale som innsett i ein lokal straffanstalt.

### **3.8 BØTESONING – FRÅ STIFTSRESOLUSJON TIL VATN OG BRØD**

Ilagte bøter, anten på politikammeret, i politiretten eller i byretten, skulle naturlegvis betalast innan rimeleg tid. Inndriving av bøter var regulert av forordninga frå 6. desember 1743. Domstolen som gav ein person bot skulle gi stiftsbefalingsmannen (stiftamtmannen) opplysningar om bøter. Stiftamtmannen skulle sende saka til amtmannen i den aktuelle jurisdiksjonen som igjen sende saka vidare til futen for inndriving.<sup>225</sup> Futen måtte innan fire veker drive inn bota elles gjekk saka til utpanting som sak på neste amtstue. Der kunne den skyldige velje å betale, elles vart utpantinga iverksett. Fann futen at ei utpanting ikkje ville dekke bota, skulle han sende melding til amtmannen eller stiftamtmannen, som konverterte bota til fengsel. Slik avsoning skulle likevel ikkje skje om den skyldige hadde inntekt i "sikker vente".<sup>226</sup> Utpanting skulle heller ikkje skje sjølv om bota kunne inndrivast, om utpantinga ville føre til mangel på nødvendige midlar til livsopphald for den skyldige.<sup>227</sup>

Ved avsoning av bøter inntil to speciedalar gav to dagar vatn og brød, to til fem speciedalar tre dagar og vidare gradert til i alt 29 ulike lengder fengsel, den lengste 30 dagar vatn og brød på bøter over 500 speciedalar.<sup>228</sup> Opplysningar om bøterestansar i tilfelle der utpanting ikkje kunne utreie bota, vart sendt til stiftamtmannen som formaliserte konverteringa av bota til fengselsstraff. Stiftsresolusjonane med diktert straffeutmåling etter tabellen i straffelova vart sendt tilbake til politiet som iverksette eksekvering av fengselsstraffen. 11. juli 1853 vart

---

<sup>223</sup> I behandlinga i departementet synest presten sine vurderingar å ha vore vektlagt, etter 1866 også med tanke på formildninga av tjuveri frå same året ved benådningssaker. Sjå RA: JPD. Kriminalkontor A, Referatprotokollar for departementets vurdering av enkelt saker.

<sup>224</sup> SAB: Arkivet etter presten på Bergens Straffanstalt og Bergenhus. Kallsbok for Fengselsprestembetet i Bergen 1850-85. Frå Resolution angaaende Embedet (fol.1) 19.10.1840.

<sup>225</sup> Forordning 6.12.1743, punkt 2 (Schmidt 1851a).

<sup>226</sup> Forordning 6.12.1743, punkt 10 (Schmidt 1851a).

<sup>227</sup> Forordning 6.12.1743, punkt 18 (Schmidt 1851a). Dette vart igjen stadfesta 5.10.1836 (Schmidt 1850).

hjulmakar Andreas Hansen ilagt ei bot på to speciedalar til politikassa for hus- og gatealarm.<sup>229</sup> Hansen var uformuande og kunne ikkje betale bota. Politiet sende stiftet opplysningar om dette 26. juli. 30. juli dikterte stiftet åtte dagar på vanleg fangekost, ein straff som vart eksekvert frå 6. til 14. august same året. 14. juli vedtok Andreas Ellingsen Thorsnæs ei bot på to speciedalar til fattigkassa for lekamsfornærming. Også han var uformuande og stiftet vart tilskrive 5. august. 11. august bestemte stiftet at Thorsnæs skulle sone 8 dagars fangekost også han, og avsona bota i tida 18.-26. august.

Lasse E. Milde, mellom anna politibetjent i Bergen ei tid rundt 1875, antyda i sine anekdotiske memoarar i 1914 kor seindrektig denne prosessen kunne vere:

*”En Fyrbøder var længe krævet efter en Mulkt, han skule betale for Drukkenskab og Gadespetakkel, men betalte aldrig. Endelig blev Politimesteren utaalmodig og gav ordre til to af Betjentene at afhænte Manden med Magt, hvis han ikke betalte.”*<sup>230</sup>

Milde skriv ikkje nøyaktig kor lang tid inndrivninga tok, men biletet han teiknar synest å vere overdrive. Forordninga frå 1743 sette ingen absolutte fristar for endeleg eksekvering av straffa, sjølv om ein altså freista å gjere dette så raskt som råd. I 1835 fann Justisdepartementet det nødvendig å innskjerpe dette og avgjorde at eksekusjonen av bøtedommar ikkje kunne skje seinare enn eitt år og ein dag etter den var ilagt, med mindre ein rettsinstans i mellomtida på ny hadde gjort den rettskraftig.<sup>231</sup> Dette synest også vere følgt opp i praksis. I mitt materiale har eg dato frå dom i politirett og innsetjingsdato i fengslet for 684 personar som avsona bøter. Av desse var tidsavstanden mellom dom og avsoning over eitt år for berre 12, altså mindre enn to prosent. Median var 46 dagar frå dom til soning.<sup>232</sup>

Omfanget av bøtesoning skal eg kome tilbake til seinare, men ein ser her at evna til å betale ei bot påverka samansetjing av populasjonen. Dette ville vore problematisk om undersøkinga galdt kriminelle generelt, men ikkje ved undersøking fridomssanksjonar. Naturleg nok var det den fattigaste delen av dei bøtelagde som enda i fengslet, og dermed i min populasjon.

---

<sup>228</sup> 20.8.1842: Lov om Forbrydelser Cap. 2 §§ 26, 28 (Schmidt 1850). Sjå også 5.4.1845: Lov om Behandling av mindre Politiforseelser i Bergen (Schmidt 1850).

<sup>229</sup> Døma er henta frå SAB: Politimesteren i Bergen, Bøteprotokoll nr. 8 1853-57.

<sup>230</sup> Lasse E. Milde: *Politihistorier og Fortællinger fra Retter i Bergen*, Bergen 1914.

<sup>231</sup> 20.7.1835: Skrivelse fra Justitsdepartementet (Schmidt 1850).

<sup>232</sup> SAB: Bergen Kretsfengsel, I.D.a. Protokoll over Straffanger i Bergen.

### 3.9 FATTIGLOVA – FRÅ TUKTHUS TIL TVANGSARBEIDSANSTALT

Fattiglova av 1845 gav kommunane høve til å opprette arbeidsanstaltar som ein del av fattigpleia, på same måten som tukthusa var ein del av fattiganordningane på 1700-talet. Med straffelova av 1842 hadde tukthusa, som tidlegare i stor grad hadde oppfylt denne funksjonen, vorte reine straffanstaltar. Arbeidsanstaltane fyllte slik eit tomrom. Bergen hadde fått ein slik arbeidsanstalt allereie i 1814 då byen kjøpte ein eigedom i Allehelgensgate ved tukthuset og innretta den til formålet.<sup>233</sup> Arbeidsføre menn og kvinner som søkte økonomisk støtte vart her sett til å spinne, strikke, veve og plukke drev. Anstalten var på ingen måte økonomisk vellukka, og på 1820-talet gjekk det så langt at overkommisjonen sjølv måtte stille seg personleg ansvarleg for lån til verksemda. I midten på 1830-talet vart anstalten nedlagt som følgje av dei økonomiske problema og i staden brukt som bustad for fattiglemmer. Nedlegginga skjedde samtidig med ein sterk auke i fattigutgiftene, og ein fann det snart nødvendig å etablere ein form for arbeidsanstalt på ny.

Overkommisjonen vedtok nyetablering i oktober 1841 og etter stiftsdireksjonen si godkjenning starta drifta 3. januar 1843, to år før fattiglova kom med ålmen tilråding om tilsvarande institusjon.<sup>234</sup> Behovet for tvangsanstaltar for innsetjing av tiggjarar og



*Tvangsarbeidsanstalten i Bergen sett frå luftegården. Biletet er teke i 1914, etter at anstalten var nedlagt. (Kjelde: RA: JPD, Fengselsstyret D del 2, Ua – Fotografier fra straffanstaltar, 1897-1984, 0002-01 Bergen)*

<sup>233</sup> Hj. de Lange: "Bergens Fattigvæsen", band 2 i *Bergen 1814-1914*, Bergen 1915, s. 235.

<sup>234</sup> UBB: Bergens tvangsarbeidsanstalt. Rekneskap 1842-44, Bergen 1844 og de Lange 1915, s. 236. I følgje rekneskapet til anstalten 1842-43, hadde anstalten 88 personar som belegg, eller eit dagleg snitt på 47.

dagdrivarar nok var aukande etter at tukthusa gjekk over til å vere straffanstaltar.

Innsetjing kunne skje på fleire måtar. Ein kunne sjølv be om innsetjing fordi ein ikkje såg nokon annan utveg til livsopphald. Dette skjedde gjerne då vinteren sette inn og situasjonen var vanskeleg for mange huslause. I staden for penge- eller naturalistøtte fekk ein gjerne tilbod om opphald på arbeidsanstalten når ein søkte hjelp frå fattigvesenet. Den største gruppa var likevel dei som vart innsett meir eller mindre mot si vilje – tvangslemmane. Desse vart altså ikkje plassert på anstalten etter dom, men etter administrative vedtak fatta av politi eller fattigkommisjon.

Statuttane til arbeidsanstalten i Bergen nemner kven som slik kunne bli gjort til tvangslemmar:<sup>235</sup>

- 1) Omstreifande betlarar
- 2) Arbeidsføre personar som ber om hjelp frå fattigvesnet
- 3) Personar som ved lastefull vandel gjer at barna deira må takast hand om av det offentlege.

Med fattiglova i 1845 vart reglane for innsetjing på tvangsarbeidsanstalten nøye regulert. For det første kunne tiggjarar inndømmast med godkjenning frå leiinga til arbeidshuset.<sup>236</sup> Ved første gongs tiggjing kunne ein bli innsett i to månader, andre gongs i fire månader og vidare med to månaders forlenging for kvar gong inntil eitt år. I mangel av arbeidshus kunne dette overgå til fengselsstraff. Denne gruppa vart innsett etter dom ved politiretten, og utgjorde unntaket når det gjeld administrativ innsetjing.

Utan rettsleg handsaming kunne politiet sette inn personar som var ”hengivne til Ørkesløshed eller Drukkenskap og ikke kunne lovlig ernære sig”.<sup>237</sup> Medan tiggjarar kunne få eit opphald heilt opp mot eit år, fekk desse maksimalt seks månader. Alternativet for lausgjengarane var fengsel, men først etter tiltale og dom ved politirett.

I tillegg til tvangsavdelinga hadde arbeidsanstalten også ei fattigavdeling. Desse avdelingane var klart åtskilte, men synest likevel til dels å rekruttere frå same gruppa etter fattigkommisjonen sine eigne avgjerder frå 1846. Valet av avdeling botna seg i graden av visse om "ørkesløshed" og "drukkenskap" hjå den innsette:

---

<sup>235</sup> de Lange 1915, s. 236.

<sup>236</sup> 20.9.1845: Lov ang. Fattigvæsnet i Kjøbstæderne, § 44 (Schmidt 1850).

<sup>237</sup> 20.9.1845: Lov ang. Fattigvæsnet i Kjøbstæderne, § 45 (Schmidt 1850).

*"I Arbeidsanstalten bør kun saadanne Personer optages, om hvem der er grundet Mistanke om at Ørkesløshed eller Drukkenskab er tilstede, men hvor Politiet dog ikke har fundet saa megen Vished, at samme har turdet indsætte dem i Tvangsarbeidsanstalten."*<sup>238</sup>

Sjølv om grunnlaget for innsetjing dels synest vere det same på dei to avdelingane, må innsetjing i fattigavdeling ha vore "frivillig" i den forstand at ein fekk valet mellom opphald her eller avslag på fattigstøtte. Fattigavdelinga huste derfor i første rekke uverdige fattige som likevel ikkje hadde eit levesett som kvalifiserte til tvangsarbeid, og det var gjerne eldre menn og kvinner. Såkalla verdige fattige skulle ikkje i utgangspunktet innsetjast i arbeidsanstalten. Det kunne heller ikkje personar under 15 år.<sup>239</sup>

Fattiglova frå 1863 heldt stort sett fast på reglane frå 1845. Nytt var det likevel at arbeidsføre landstrykarar av fantefolket etter amtmannen si avgjerd kunne innsetjast i inntil eitt år.<sup>240</sup> Vidare kunne også, som i dei første statuttane for arbeidsanstalten i Bergen, kvinner som ikkje forsørge sine uekte barn slik at fattigvesenet måtte ta over omsorga, innsetjast på tvangsarbeidsanstalten, om fattigkommissjonen forlangte det.<sup>241</sup>

Også andre enn dei fattiglovene nemner kunne innsetjast på tvangsarbeidsanstalten. Kronarbeidarane, menn som ikkje betalte pliktig barnebidrag for barn dei hadde fått utanfor ekteskap eller med fråskilde kvinner, kunne setjast på tvangsarbeid. Allereie i 1763 vart desse fedrane pliktige til å forsørge borna sine, men først frå 1821 hadde ein høve til å setje dei til tvangsarbeid på festningane for å tene inn skyldig bidrag.<sup>242</sup> Seinare vart fengsel på vatn og brød ei alternativ avstraffing, dersom kronarbeid i altfor stor grad ville gå utover vyrndad, helse eller formue.<sup>243</sup> Det viktigaste var likevel at dei skulle arbeide og slik betale gjelda si. I 1848 fekk Bergen stift løyve til å setje menn som hadde levebrød og inntekter, men som på grunn av dagdriveri eller drikking likevel ikkje betalte for born dei hadde plikt til, på arbeidsanstalten.<sup>244</sup> Kort etter, i 1851, vart høvet til å bruke tvangsarbeidshus i staden for festning til opptening av bidrag formalisert ved lov.<sup>245</sup> Vilkåret var likevel at leiinga av

---

<sup>238</sup> Frå Bergen fattigkommissjons avgjerder om støtte av 20.11.1846, her henta frå UBB: Overslag over Bergen Fattigkasses Indtægter og Udgifter for Aaret 1865 med tilhørende Bilag, Bergen 1864, s.5.

<sup>239</sup> 20.9.1845: Lov ang. Fattigvæsnet i Kjøbstæderne, § 46 (Schmidt 1850).

<sup>240</sup> 6.6.1863: Lov om Fattigvæsnet i Kjøbstæderne, § 60 (Mejlænder 1867).

<sup>241</sup> 6.6.1863: Lov om Fattigvæsnet i Kjøbstæderne, § 62 (Mejlænder 1867).

<sup>242</sup> Forordning 14.10.1763 (Schmidt 1851a) og 1.8.1821: Lov ang. Underholdningspenge for Børn, som enten ere avlede udenfor Ægteskab, eller hvis Forældre ere separede, § 8 (Schmidt 1849).

<sup>243</sup> 19.9.1829: Resolution ang. Afsoning ved Fængsel paa Vand og Brød istedetfor Kronarbeide (Schmidt 1849).

<sup>244</sup> Skrivelse frå Kirke- og Undervisningsvesnet til Bergen Stift datert 11.5.1848 (Schmidt 1850).

<sup>245</sup> 15.9.1851: Lov indeholdende Tillæg til Lov om Underholdningspenge m.V. af 1 August 1821 (Mejlænder 1857).

arbeidsanstalten var samd. Lova opna også for at ein kunne opparbeide bidragspengar gjennom arbeid hjå lensmannen eller gjennom privat sysselsetjing.

Tvangsarbeidsanstaltane må etter kvart ha blitt nytta til kronarbeide også for gifte familiefedre som ikkje var i stand til å forsørge familien sin på grunn av drukkenskap og uorden. I 1860 fann justisdepartementet det nødvendige å presisere at lova ikkje gav heimel for å tvinge desse til kronarbeid. Derimot meinte ein at dei kunne innsetjast på tvangsarbeidsanstalten etter fattiglovas paragraf 45, som galdt personar som ikkje kunne livnære seg på lovleg måte på grunn av "Ørkesløshed eller Drukkenskap". Behovet for å ha kronarbeid som mogleg tvangsmiddel synest å ha vore stort for denne gruppa. Fattiglova frå 1863 inkluderte nemleg også gifte menn som ikkje forsørge familien mellom dei som kunne setjast til kronarbeide.<sup>246</sup> Det er grunn til å tru at dei same problema som kronarbeidarane representerte på festningane også var til stades i tvangsarbeidsanstaltane, slik at det mest ønskelege var å sysselsetje desse utanfor institusjonen.

Den maksimale innsetjingstida på tvangsarbeidsanstalten, uansett innsetjingsårsak, var seks månader.<sup>247</sup> Men fattiglova gav leiinga på tvangsarbeidsanstalten høve til å sleppe ein tvangslem laus tidlegare enn tida han/ho var innsett for. Kunne ein innsett vise til lovleg arbeid om ein kom ut, eller viste oppførsel i anstalten som gav håp om forbetring, kunne leiinga på eige initiativ gje løyve til lauslating før tida.<sup>248</sup>

Tvangsarbeidsanstalten fungerte i 70 år. Den siste tvangsarbeidaren vart sendt til Kristiania 31. mars 1912 som ei oppfølging av lausgjengarlova frå 1900. Våren 1913 vart resten av klientellet flytta frå Allehelgensgate til det gamle sjukehuset i Theatergaten som fekk namnet Bergens kommunale arbeids- og pleiehjem.<sup>249</sup>

---

<sup>246</sup> 6.6.1863: Lov om fattigvæsenet i Kjøbstæderne, § 4 (Munk & Mejlænder 1867).

<sup>247</sup> Betlarar kunne innsetjast i inntil eitt år ved gjentakning. (20.9.1845: Lov om Fattigvæsenet i Kjøbstæderne, § 44 – Schmidt 1850).

<sup>248</sup> 20.9.1845: Lov om Fattigvæsenet i Kjøbstæderne, § 45 (Schmidt 1850).

<sup>249</sup> de Lange 1915, s. 254.

## 4 EMPIRI OG TEORI

Siktemålet med dette kapitlet er å undersøke den etablerte kunnskapen om sanksjonsmottakarane i Norge på 1800-talet og presentere teoriar om formålet med etableringa av fridomstap som sanksjonsform. Den viktigaste funksjonen til teoriane i denne avhandlinga er å danne ei forståingsramme for og vere spørsmålsleverandør til karriereanalysen. Med sanksjonsmottakar meiner eg her den som mottok ein fridomssanksjon, anten i form av innsetjing i ein straffanstalt eller i ein tvangsarbeidsanstalt.

### 4.1 KUNNSKAPEN OM SANKSJONSMOTTAKARANE

Den etablerte kunnskapen om sanksjonsmottakarane bygger dels på den offisielle statistikken og dels på resultatet av den historiske forskingslitteraturen. Tvangsarbeidet har fått minst merksemd, særleg den empiriske undersøkinga av det. Eit fellestrekk for både statistikk og forskning er at dei fortel meir om lovbrota og dei enkelte sanksjonane isolert enn om lovbrutarane og karrierene deira. Det longitudinelle perspektivet er sterkt nedtona til fordel for ein meir synkron tilnærming til enkelthendingar, anten dette er lovbrøt eller innsetjingar. Tilgjengeleg statistikk og utnytting av supplerande kjeldemateriale i forskingslitteraturen har heller ikkje opna for ein longitudinell undersøking av dei *kriminelle*, med enkelte unntak.

#### 4.1.1 Dei kriminelle sanksjonsmottakarane –trykt statistikk og forskning

I første halvdel av 1800-talet opplevde samtida ein aukande kriminalitet, ein tendens som gjorde seg gjeldande i heile Europa. Under inntrykket av kriminalitetsveksten, fekk ein også ei aukande interesse for den og behov for å dokumentere utviklinga reint statistisk. I England byrja ein å føre statistikkar over kriminalitet frå 1810, og i Norge finn ein tilsvarande trykte i Departementstidende frå 1828.<sup>250</sup> Ein var opptatt av kriminalitetsomfanget, kva type kriminalitet som vart begått, kvar den vart begått og straffereaksjonane. Som ei oppfølging av dette siste, undersøkte ein også omfanget av straffarbeid. Etterkvart tok ein til å føre statistikk over alderen til dei dømde. Den longitudinelle tilnærminga var avgrensa til ei undersøking av talet på tidlegare dommar for innsette i straffearbeidsanstaltane. I Departements-Tidende finn ein også beretningar frå straffearbeidsanstaltane, men først og fremst av organisatorisk art, og berre summarisk om dei innsette.

I tillegg til den offisielle, og trykte statistikken, vart statistiske oppgåver produsert i samband med kommisjonsarbeid og ulike innberetningar. Viktigaste her er Straffanstaltkommisjonen. Den vart nedsett i 1837 og skulle utarbeide forslag til nyorganisering av straffanstaltane. I 1841 utkom kommisjonen sin "Beretning om Beskaffenheden af Norges Straffanstalter og Fangepleie samt Betænkning og Indstilling om en Reform i begge, efter fremmede Staters Mønster".<sup>251</sup> Kommisjonen nytta sjølvsgt den trykte statistikken frå Departements-Tidende, men henta også inn og systematiserte nye opplysningar, dels frå utrykte innberetningar og protokollar i departementa, dels ved å vende seg til lokale styresmakter.

Frå og med 1860 vart kriminalstatistikken tatt ut av Departements-Tidende og trykt separat som ein del av Norges Offisielle Statistik, utgjeven av justisdepartementet.<sup>252</sup> I 1883 overtok Statistisk sentralbyrå ansvaret for utgjevinga. Opplysningar om dei som mottok fridomssanksjonar var delvis integrert i denne statistikken. Heile tida frå 1828 finn ein opplysningar om kva straffar som vart idømde ulike år, med oversyn over både idømd straffarbeid og fengsel. Dommane antyder sjølvsgt tendensen i den faktiske bruken av fridomssanksjonar, men reelle oppgåver over innsette i dei ulike straffearbeidsanstaltane, frå 1851 også over Botsfengslet, finn ein berre i grove hovudtal. Ein får vite av- og tilgang i straffanstaltane, kor mange som sat inne ved slutten av året, kor mange tidlegare dommar dei hadde og frå 1846 kva dei var innsette for.

I 1875 vart fengselsstyret oppretta som ein eigen avdeling i Justisdepartementet for straffanstaltane og fengsla, leia av ein eigen ekspedisjonssjef. Samtidig vart statistikken til straffearbeidsanstaltane og botsfengslet skild ut frå den ordinære kriminalstatistikken og trykt som eigen serie i Norges Offisielle Statistikk.<sup>253</sup> Statistikken vart ikkje berre skild ut, den vart også utvida i omfang, både når det galdt administrative og organisatoriske tilhøve, og opplysningar om dei innsette. Nytt var opplysningar om alder, sivilstand, nasjonalitet og yrke.

Sjølv frå 1875 hadde statistikken over dei som mottok fridomsstraff sine klare manglar. Den mangla fullstendig opplysningar om dei innsette i dei lokale distriktsfengsla rundt om. Omfanget av fengsling kjenner ein indirekte gjennom oversikten over idømd straff frå den

---

<sup>250</sup> Sjå t.d. David Taylor: *Crime, policing and punishment in England, 1750-1914*, New York 1998, s. 7ff og NOS Tredie Række No 70: *Oversigt over de vigtigste Resultater af Norges Kriminalstatistikk for Aarene 1846-1885*, Christiania 1888, s. 1.

<sup>251</sup> Straffanstaltkommisjonen 1841.

<sup>252</sup> NOS Ældre Række. B. No.1: *Criminalstatistiske Tabeller for Kongeriget Norge for Aaret 1860*, Christiania 1863.

<sup>253</sup> NOS B.No.3: *Beretning om Rigets Straffarbeidsanstalter for Aaret 1875*, Christiania 1877, Christiania 1877.



ålmenne kriminalstatistikken. Den viser kva straff som vart idømd for ulike lovbrota i ulike delar av landet. I tillegg viser denne statistikken også avsoning av ubetalte bøter i fengsel. Den mangelfulle statistikken var utilfredsstillande for styresmaktene, og i 1885 vart distriktsfengsla pålagt å sende inn årlege statistiske oppgåver til justisdepartementet. Denne statistikken vart så årleg trykt som NOS Tredie Række No. 56 *Beretning om Rigets Distriktsfengsler*, og frå 1901 i Fengselsstyrets årbøker.<sup>254</sup>

Etterkvart kom også syntetiserande statistikkar som skulle vise trendane i kriminaliteten og bruken av fridomssanksjonar over tid. I 1888 utgav Statistisk sentralbyrå ein oversikt over kriminalstatistikken 1846-85 som ein eigen NOS-publikasjon, oppfølgt av ein tilsvarande for åra 1886-1904 i 1913.<sup>255</sup> Desse publikasjonane baserte seg ikkje nye statistiske oppgåver, men systematiserte den allereie eksisterande og trykte. Ein tilsvarande publikasjon gav fengselsstyret ut i 1904.<sup>256</sup> Den gav eit historisk oversyn over utviklinga av fengselsvesenet på 1800-talet og hadde eit vedlegg med statistiske tabellar, i hovudsak bygd på årsberetningane til straffearbeidsanstaltane frå 1875 og distriktsfengsla frå 1886, men også med enkelte tabellar om tida før 1875. Denne publikasjonen presenterer den mest avanserte og detaljerte gjennomgangen av tilbakefall og retur for dei innsette i straffearbeidsanstaltene etter 1875 (og 1873 i enkelte tilfelle).

Den offisielle statistikken over straffangar er altså svært mangelfull før 1875, og dekkjer først alle fridomsstraffar frå 1885. Den ordinære kriminalstatistikken antyder sjølvsagt gjennom opplysningar om dommar ein tendens når det gjeld kjenneteikn ved straffangane. Straffelova gav klare føringar på tildeling av straff, og når ein 20-åring vart dømd for drap eller tredje gongs tjuveri, veit ein nokolunde kva straffa vart. Men ein veit ikkje sikkert verken om eller når ei straff vart eksekvert, eller kvar for den saks skyld. Typisk er det også at fokus er på dei enkelte lovbrota heller enn lovbyrtarane. Ein ønskte til dømes å vite kva for ein alderskategori eller yrkesgruppe som stod bak dei ulike lovbrota, meir enn å følgje enkeltpersonar over tid. Fokus på lovbyrtaren finn ein stort sett berre ved oversyn over tilbakefall til ny kriminalitet og retur til straffanstaltane. Det longitudinelle perspektivet var også avgrensa til tilbakefall og retur til straffearbeidsanstaltane.

---

<sup>254</sup> NOS Tredie Række No.56: *Beretning om Rigets Distriktsfengsler for Aarene 1885 og 1886*, Christiania 1888.

<sup>255</sup> NOS Tredie Række No 70: *Oversigt over de vigtigste Resultater af Norges Kriminalstatistik for Aarene 1846-1885*, Christiania 1888 og NOS Femte Række 210. *Oversigt over de vigtigste resultater av kriminalstatistikken for Aarene 1886-1904*, Kristiania 1913.

<sup>256</sup> NOS Fjerde Række Nr. 86. *Meddelelser om Det norske Fængselsvæsen i det 19de Aarhundrede*, Udgivet af Expeditionschefen for Fængselsvæsenet, Kristiania 1904.

Mykje det same gjeld forskingslitteraturen. Norsk historisk kriminalitetsforskning har i stor grad hatt fokus på tida før 1800, og mindre på 1800-talet.<sup>257</sup> Men det finst noko om 1800-talet også. Eilert Sundt kan seiast å vere den første som forska på kriminaliteten.<sup>258</sup> I tillegg til å bruke den trykte statistikken gjekk han inn i politiet sitt eige arkiv i Christiania, og var særleg oppteken av kriminaliteten i ulike aldersgrupper. Av moderne forskning er temaet belyst i ei rad av hovudfagsoppgåver frå 1979 og framover. Desse har dels fokusert på kriminalitet generelt og dels på innsette straffangar spesielt. Påverka av Haugaard Jenssen si undersøking av kriminalitet i Århus ca. 1875-1906<sup>259</sup> skreiv Jorunn Sleipnes i 1984 om kriminaliteten i Tromsø 1891-97, der statistisk materiale vart supplert med rettsprotokollar frå forhøyr og meddomsrett.<sup>260</sup> Ho diskuterer først og fremst kjenneteikn ved lovbrota, meir enn lovbytarane, men ser også på gjengangarane. Knut Arild Knudsen tok for seg kriminaliteten i Trondheim 1875-1885 etter same lest som Sleipnes og Haugaard Jenssen.<sup>261</sup> Både kjeldemateriale og problemstillingar var svært nærskyldte, men med ulike avgrensingar i tid og rom. I tillegg til dei dømde, undersøkte Knudsen også offera for kriminalitet. Begge desse hovudoppgåvene tok for seg bykriminalitet. For landsbygda og mindre urbaniserte område har forskinga for det meste vore opptatt av tida før 1800. Eit unntak er Helge Vaardal som i 1995 undersøkte kriminaliteten i Sunnfjord og Indre sogn 1820-89.<sup>262</sup> Med utgangspunkt i ein høgare registrert kriminalitet i Indre Sogn enn i Sunnfjord spurte han om strukturelle og kulturelle samfunnstilhøve kunne påverke kriminalitetsnivået. Også han er mest oppteken av kriminaliteten og kjenneteikn ved den, meir enn dei kriminelle.

Desse oppgåvene hadde ei brei tilnærming til kriminalitet. Andre har avgrensa analysane til spesifikke lovbrota, lovbytarar eller straffereaksjonar. Sigrid Tollefsen leverte i 1994 ei hovudoppgåve om barnedrap i Norge 1850-55.<sup>263</sup> Basert på gjennomgang av rettsmateriale undersøkte ho tradisjonelle kjenneteikn ved dei dømde kvinnene, som alder, sivilstand, sosial

---

<sup>257</sup> Sjå Erling Sandmo sin bibliografi: "Sosial kontroll og konflikthåndtering i førindustriell tid. Domstolene som arena for normativ og sosial interaksjon i Norden ca. 1550-1850" i *Normer og sosial kontroll i Norden ca. 1550-1850*, rapport II frå Det 22. nordiske historikermøte, Oslo 1994.

<sup>258</sup> Sundt 1978.

<sup>259</sup> Jens Haugaard Jenssen: "Kriminaliteten i slutningen af det 19- århundrede" i *Sociale studier. kriminalitet, prostitusjon og fattigdom i Århus ca. 1870-1906*, Århus 1975.

<sup>260</sup> Jorunn Sleipnes: *Kriminalitet i Tromsø 1891-1897. En kriminalhistorisk undersøkelse*. Utrykt hovudoppgåve i historie, UiTø 1984.

<sup>261</sup> Knut Arild Knudsen: *Kriminalitet i Trondheim 1875-1885*. , Utrykt hovudoppgåve i historie, Trondheim 1997.

<sup>262</sup> Helge Vaardal: *Samfunn og kriminalitet i Indre Sogn og Sunnfjord 1820-29*. Utrykt hovudoppgåve i historie, Bergen 1995.

<sup>263</sup> Sigrid Tollefsen: "...den ukjærligste Haardhed..." *Barnedrap i Norge 1850-55*. Utrykt hovudoppgåve i historie, Bergen 1994.

status og bustad. I tillegg undersøkte ho miljøet rundt dei dømde kvinnene. I si hovudoppgåve frå 2001 er Ola Hope verken opptatt av kriminaliteten eller dei kriminelle, men debatten rundt dødsstraffen i Norge 1868-1902 og årsakene til at den til slutt vart avvikla som sivil straff.<sup>264</sup> Hope har ein mindre empirisk del om bruken av dødsstraff 1868-1902 basert på kriminalstatistikken, men går ikkje nærmare inn på kven desse er. Det nyaste arbeidet har Marie T. Sørensen gjort.<sup>265</sup> Ho fokuserte på barnekriminalitet og prosjektet var todelt. Ho kartla barnekriminalitet i Norge generelt i perioden 1860-99 med vekt på tradisjonelle variablar som kjønn, alder og lovbrøt i dei offisielle statistikkane. Dette vart supplert med ei spesialundersøking for Kristiansand 1874-89 på grunnlag av primærkjelder der den empiriske kartlegginga vart utvida med spørsmål om korleis rettssystemet i praksis handsama barnekriminalitet.

Felles for alle desse oppgåvene er eit sterkt fokus på lovbrøt (og dødstraff i Hope sitt tilfelle). Dei kriminelle er interessante i den grad dei kan kaste lys over lovbrøta, og berre tidvis skiftar enkelte fokus over på dei kriminelle og deira karriere, og då nesten utelukkande på residivisme. Sjølv om det naturlegvis er ein stor overlapping her, er ingen av undersøkingane opptekne av straffangane spesielt, men av lovbrøytarar generelt.<sup>266</sup>

Det er også skrive nokre oppgåver om prostitusjon i Norge på 1800-talet, som forsåvidt tangerer spørsmålet om kven som vart utsett for fridomssanksjonar.<sup>267</sup> Prostitusjon var forbode i straffelova og skulle såleis føre til straffesanksjonar i form av fengsel og straffarbeid ved gjentaking.<sup>268</sup> Prostitusjon var likevel i praksis på det nærmaste avkriminalisert og prostituerte var stort sett fråverande i kriminalstatistikken. Typisk i så måte er at Aina Schiøtz valde å ta utgangspunkt i politiet sine visitasjonsprotokollar heller

---

<sup>264</sup> Ola Hope: "Dødsstraffen tilhører den svage (...) Stat". *Dødsstraffdebatten i Noreg frå 1868-1902*. Utrykt hovudoppgåve i historie, Bergen 2001.

<sup>265</sup> Marie T. Sørensen: "Saa udspekulerede Tyveknægte". *Kriminelle barn – en analyse av kriminalstatistikk 1860-1899 og rettssaker i Kristiansand i 1874-1889*, Utrykt hovudfagsoppgåve i historie, UiB 2001.

<sup>266</sup> Eit unntak som er verd å nemne er Bente Kopperdal: *Kriminalitet og nettverk. Ei undersøking av nettverka rundt ei gruppe innsette på Tukthuset i Bergen*, Prosjektoppgåve i Edb og historie ved Universitetet i Bergen 1999. Oppgåva tilsvare ei mellomfagsoppgåve og gjennomfører ein prosopografisk undersøking av ei gruppe innsette på tukthuset i Bergen 1870-72 og dei kriminelle karriere og familiære, sosiale og økonomiske nettverka til desse. Prosjektet til tilgjengeleg på Url: <http://web.hist.uib.no/delfag-h99/kopperdal>.

<sup>267</sup> Kari Melby: *Prostitusjon og kontroll: en analyse av debatten om prostitusjon, kontroll av prostituerte kvinner og venerisk sykdom i Kristiania 1860-1900*. Utrykt hovudoppgåve i historie, Oslo 1977, Aina Schiøtz: *Prostitusjonen i Kristiania ca. 1870-1890*. Utrykt hovudoppgåve i historie, Oslo 1977, Astrid Witsø: *Prostitusjon i Trondheim i 1870- og 80-åra*. Utrykt hovudoppgåve i historie, Trondheim 1983. I tillegg kan ein trekke fram Christopher John Harris sin artikkel "Fra Faldne Kvinder til Dygtige Piger" i *Bergensposten* 2000.

<sup>268</sup> 20.8.1842: Lov om Forbrydelser, Cap. 18 § 26 (Schmidt 1850).

enn i straffematerialet då ho undersøkte prostitusjonen i Kristiania ca. 1870-1890 på individnivå.<sup>269</sup>

Det føreligg eit par norske spesialundersøkingar av *straffangar* på 1800-talet.<sup>270</sup> Anne-Lise Englund skreiv i 1979 om dei innsette i Botsfengslet frå opprettinga i 1851 til 1858. Ho tok utgangspunkt i fangeprotokollen over 1517 innsette menn og diskuterte ulike kjenneteikn ved desse. Ho tek opp gjengangarproblematikken og antyder debutalder til dei innsette. Nyten av undersøkinga er for mitt vedkomande avgrensa av ein forholdsvis kort undersøkingsperiode, samt det snevre utvalet av straffangar. Botsfengslet prioriterte mottak av fangar frå rekrutteringsområdet til tukthuset og slaveriet i Oslo, men mottok også fangar frå andre jurisdiksjonar etter søknad. Også vilkåra for å bli innsett i botsfengslet, både når det galdt straffelengd (straffarbeid frå seks månader til seks år), alder (mellom 18 og 30 år) og kjønn, gjer anstalten lite representativ. Ei langt meir metodisk og teoretisk avansert undersøking har Vegard Ellingsen gjort over dei innsette kvinnene i landsfengslset 1881-1902 frå 1985.<sup>271</sup> Tukthuset i Kristiania vart ein rein kvinneanstalt i 1881 og fekk frå 1885 nemninga "Straffanstalten for Kvinder i Christiania" og frå 1900 "Landsfengslet for Kvinder". Frå 1881 skulle kvinnelege straffarbeidsfangar sone her. Ellingsen valde ut alle med tilknytning til Akershus og Kristiania gjennom fødestad, bustad eller domfelling i området. Fangelistene vart koda og tilrettelagt for dataanalyse. Trass i at Ellingsen presiserer at det ikkje er sakene (som datamaterialet er ordna etter) som er det sentrale, men kvinnene, skil ikkje undersøkinga seg så veldig frå andre i så måte.<sup>272</sup> Det er heile tida fangane som vert undersøkt, men fokus forblir likevel i større grad på sakene enn på kvinnene. Ellingsen føretar likevel ein systematisk samanlikning av residivistane og heile populasjonen, med utskiljing av førstegongsforbrytarar, ved gjennomgangen av dei fleste variablane. Oppgåva er grundig og inspirerande, men utvalet av ein straffearbeidsanstalt gjer at det er vanskeleg å generalisere resultata til kvinnelege straffangar generelt. Som den offisielle statistikken fram til 1885, avgrensa ein seg i desse to siste hovudoppgåvene til straffearbeidsfangane.

---

<sup>269</sup> Schiøtz 1977.

<sup>270</sup> For 1700-talet finst ei hovudoppgåve om innsette i tukthuset i Christiania frå opprettinga i 1741 fram til 1763; Marit Slyngstad: *Ulydighet og straff. Intensjoner og praksis i statsmaktens bekjempelse av fattigdomsproblemet. En undersøkelse med utgangspunkt i tukthusforordningen av 2. desember 1741 og de innsatte lemmer ved Chrstiania tugthus i perioden 1741-63*. Trykt i Tingbokprosjektet sin serie, Oslo 1994.


<sup>271</sup> Ellingsen 1985.

<sup>272</sup> Ellingsen 1985, s. 4.

### 4.1.2 Dei kriminelle sanksjonsmottakarane – hovudtrekk i Norge ca. 1850-75

Kva veit ein, basert på den lett tilgjengelege trykte statistikken og forskingslitteraturen om dei som mottok fridomsstraff? Den samanfattande kriminalstatistikken har berre oversyn over kor mange som sat inne i dei ulike straffearbeidsanstaltane – slaveria, tukthusa og botsfengslet – ved *utgangen* av kvart enkelt år.<sup>273</sup> Oversynet fortel ikkje noko om kor mange som sat inne *i løpet* av året. Distriktsfengsla, som eksekverte ordinær fengselsstraff, vart som nemnt ikkje tekne med i nokon offisiell statistikk i det heile før 1885. Ein må derfor gå inn i kriminalstatistikken for dei enkelte åra, Departements-Tidende før 1860 og NOS Kriminalstatistikk etter, og undersøke kor mange som vart *dømde* til fridomsstraff ulike år. Dette vil ikkje gje presise opplysningar om talet på innsette dei ulike åra, ein kunne avsona ein dom året etter ein var dømd, eller ein kunne få straffa omgjort seinare. Frå 1855 kjenner ein også til kor mange som avsona ei bot i fengslet. Talet på dømde viser likevel tydeleg tendensen i fridomsstraff. Figur 4-1 viser ein sterk auke i dei absolutte og relative tala på fridomsstraff totalt frå 1835 og fram til byrjinga av 1850-talet. Seinare fall talet på innsette noko, før ein ny topp oppstod rundt 1870, etterfølgd av ny nedgang. Elles er endringa i typen av fridomsstraff svært tydeleg.

Figur 4-1: Talet på idømde fridomsstraffar i Norge 1836-75



Før 1842 dominerte straffearbeid som fridomsstraff, utover i perioden overtok fengsel som

dominerande straffereaksjon. Figur 1 manglar oversynet over bøtesonarane fram til andre halvdel av 1850-talet. På 1850-talet utgjorde bøtesonarane likevel ikkje ein stor del av dei innsette, først utover på 1860-talet byrja denne gruppa å dominere mellom dei innsette. I 1875 utgjorde dei 3156 mot 2057 fengselsdømde og 2630 fridomsdømde i alt. Veksten heldt fram på slutten av 1870-talet og i 1878 avsona heile 7000 bøter i fengsla.<sup>274</sup>

Samanlikna med folketalet elles vaks talet på innsette kraftig fram til byrjinga av 1850-talet, sidan fall den og stagnerte. Men denne raten viser berre dei straffedømde, ikkje dei som avsona bøter. Inkluderer ein bøtesonarane, vart rundt 30 pr 10 000 innbyggjarar sett i straffanstalt kvar år frå 1868 og ut perioden. Sjølv med manglande kjennskap til soning av bøter i første del av perioden, kan ein slå fast bruken av fridomsstraff var aukande perioden sett under eitt, i byrjinga på grunn av aukande idømming av fengselsstraff, på slutten på grunn av aukande omfang av bøtesoning.

Auken i talet på fridomsstraffar fram til 1850-talet avspegla ein auke i talet på tiltalte personar. I første halvdel av 1800-talet fann det stad ein klar auke i den registrerte kriminaliteten generelt i Europa. I England steig talet på tiltalte frå 4 500 i året tidleg i hundreåret til 30 000 tidleg på 1840-talet.<sup>275</sup> Talet på dømde steig i same perioden frå 2700 til 20 000. Sjølv om ein tek omsyn til ei dobling av folkemengda, blir talet på dømde meir enn tredobla. Ein tilsvarande tendens gjorde seg gjeldande i Norge. Her vaks talet på tiltalte frå rundt sju pr. 10 000 på 1820-talet til over tjue tidleg på 1850-talet (Figur 4.2). Dette betyr ei tredobling i talet på tiltalte samanlikna med befolkninga over ein periode på ca 25 år, ein ganske formidabel vekst.

Frå litt etter midten av hundreåret snudde tendensen, i Norge som i elles av Europa, noko som varte til etter hundreårsskiftet. England nådde toppen i byrjinga av 1860-talet, medan toppen vart nådd rundt 1850 i Norge. Tidleg i 1850-åra vart oppimot 20 av 10 000 innbyggjarar dømde for justisforbrytelsar. Dette stabiliserte seg på eit lågare nivå, mellom 15 og 20 pr 10 000 innbyggjarar resten av hundreåret, berre med mindre bølgerørsler. Slik samsvarer desse ratane naturleg nok godt med ratane for dei som vart idømd fridomsstraff (altså utan dei som sona bøter).


---

<sup>273</sup> NOS Fjerde Række Nr. 86. *Meddelelser om Det norske Fængselsvæsen i det 19de Aarhundrede*, Udgivet af Expeditionschefen for Fængselsvæsenet, Kristiania 1904, tabell 1.

<sup>274</sup> NOS Ældre Række. B. No.1: *Criminalstatistiske Tabeller for Kongeriget Norge for Aaret 1878*, Christiania 1880, tabell XVIII.

<sup>275</sup> Taylor 1998, s. 20.

**Figur 4-2: Tiltalte pr 10 000 innb. for brotsverk i Norge 1825-1885. I femårsgrupper.**



*Kjelder:* 1825-34: Norsk Retstidende 17/1836, 1835-45, Departements-Tidende 1836-47, 1846-85: NOS Tredie Række No 70: Oversigt over de vigtigste Resultater af Norges Kriminalstatistikk for Aarene 1846-1885, Christiania 1888.

Tendensen er tydelig – sterk auke i registrert kriminalitet i Norge fram til 1850, sidan stagnasjon, men på eit høgt nivå samanlikna med byrjinga av hundreåret. I tidleg moderne tid er den røynelege kriminaliteten vore rekna til mellom 15 og 20 gonger høgare enn den registrerte for den mest vanlege formen for kriminalitet – vinningstjuveria.<sup>276</sup> Det er ingen grunn til å tru at den sterke veksten avspegla ein tilsvarende reell auke i kriminalitet, andre tilhøve som vilje og evne til både å melde, etterforske og tiltale har spelt inn. Men om den registrerte kriminaliteten steig meir enn den faktiske, så er det likevel grunn til å mistenkje at den reelle kriminalitet også har auka noko.

Bryt ein tala ned på mindre område, får ein klare geografiske skilnader i kriminalitetsfrekvensen. Den største skilnaden går langs sentrum-periferi-dimensjonen. Dei urbaniserte områda hadde dei høgaste kriminalitetsratane, og den etter kvart største byen, Christiania, hadde dei aller høgste. I 1830-34 hadde landet under eitt ein brotsrate på 11 pr 10 000 innbyggjar.<sup>277</sup> Samtidig var brotsraten i Trondheim 54, Bergen 59, Kristiansand 66 og i Christiania 68. På 1860-talet var ratane jamnt over noko høgare for riket under eitt. Men samtidig ser ein at omfanget av kriminalitet bremsar opp og jamvel går attende. På 1860-talet var kriminalitetsratane i byane i gjennomsnitt omlag fem gonger høgare pr innbyggjar enn for landsbygda.

<sup>276</sup> Sjå t.d. Erling Sandmo: *Tingets tenkemåter. Kriminalitet og rettsaker i Rendalen 1763-97*, Oslo 1992, s. 13.

Tabell 4-1: Dømde for justisforbrytelsar i Norge pr 10 000 innb.

	Chra	Bergen	Tr.h	By	Land	Norge
1830-34	68	59	54			11
1860	94	50	38			17
1861	106	41	68			19
1862	106	38	95			19
1863	110	33	50			18
1864	95	36	66	58	12	18
1865	73	34	55	47	10	16
1866	70	23	70	53	11	17

Kjelde: Norsk Retstidende nr. 17, 1836, NOS Ældre Række. B. No.1: Criminalstatistiske Tabeller for Kongeriget Norge 1860-65.

Skilnaden mellom by og land er påvist før og som venta. Meir uventa er at kriminaliteten i Bergen etter 1860 er såpass låg samanlikna med andre byar, og særleg at den dei fleste åra var såpass mykje lågare enn i Trondheim. Bergen hadde ein fallande tendens og på midten av 1860-talet nærma den seg gjennomsnittet for riket under eitt. Skilnaden mellom Bergen og Trondheim varte til 1880-talet då Bergen hadde høgare registrert kriminalitet, men på slutten av hundreåret var den igjen høgare i Trondheim.<sup>278</sup> Skilnaden mellom Bergen og Trondheim er vanskeleg å forklare. Bergen hadde eit større omland og fleire besøkande, og slik sett skulle ein forvente at Bergen hadde ein høgare kriminalitet enn Trondheim. Ei forklaring *kan* vere store mørketal i Bergen samanlikna med andre større byar, som eit resultat av mindre vilje eller evne til å reagere mot lovbrøt, utan at dette kan dokumenterast.

I statistikken var fordelinga av brotsverka på kjønn svært stabil i tida 1846-85.<sup>279</sup> For kvar femårsgruppe utgjorde menn rundt 80 prosent, eller helst litt i underkant, av dei dømde. At menn vart registrert for meir kriminalitet enn kvinner, er kjent i all annan tilgjengeleg statistikk. På slutten av 1900-talet utgjorde til samanlikning menn rundt 90 prosent av dei dømde for brotsverk.<sup>280</sup> I perioden 1862-75 utgjorde mennene 81.8 prosent av dei innsette i straffanstaltar og 76.7 prosent av dei innsette i fengsla. Tabell 4-2 viser kva straff menn og kvinner fekk 1862-75.

Veksten i bruken av fridomsstraff har ein allereie sett. Men fridomsstraff var ikkje einaste straffereaksjon etter 1842. Totalt sett dominerte fridomsstraff heile tida etter 1862,

<sup>277</sup> Norsk Retstidende nr 17, 1836, s276ff.

<sup>278</sup> Knudsen 1997, s. 36.

<sup>279</sup> NOS Tredie Række No 70: *Oversigt over de vigtigste Resultater af Norges Kriminalstatistikk for Aarene 1846-1885*, Christiania 1888, s.19.

<sup>280</sup> NOS C 188 *Historisk statistikk*, Oslo 1994, tabell 8.7. Dommer og forelegg for forbrytelser og forseelser, etter personens kjønn.



alternativet var i praksis anten bøter og for dei under 15 år risstraff. Den tilsynelatande motsetninga mellom auken i avsoning av bøter i fengslet og den relative andelen desse hadde som straffereaksjon vert forklart med at dei fleste bøter vart idømde for politimisferder og ikkje forbrytelsar. Kvinner vart i større grad dømd til fengsel heller enn straffarbeid samanlikna med menn, og fekk langt mindre risstraff. Det siste avspeigla at den kriminelle aktiviteten mellom jenter under 15 år var langt mindre enn mellom gutane. Seinare skal me sjå at type lovbrøt forklarar kvifor kvinner i større grad enn menn vart sett i fengsel heller enn til straffarbeid.

**Tabell 4-2: Straffereaksjon på justisforbrytelsar i Norge 1862-75. Prosentvis fordelt på straffereaksjon.**

	Kvinner	Menn
Straffarbeid og livsstraff	19.2	23.3
Fengsel	68.6	60.9
Bøter	10.6	9.1
Ris	1.6	6.5
Andre	0.1	0.2
Sum	100 (n=42837)	100 (n=9117)

Kjelde: NOS Ældre Række. B. No.1: Criminalstatistiske Tabeller for Kongeriget Norge 1862-75

Det dominerande lovbrøtet for begge kjønn var vinningsbrotsverk, og i sær tjuveri (Tabell 4-3). Over 60 prosent av dommane for menn 1861-85 galdt tjuveri og knappe halvparten av alle sakene som galdt kvinner var tjuveri. På 1850-talet utgjorde tjuveri mellom 50 og 60 prosent av tiltalene, på 1860-talet opp mot 70 prosent, men andelen stabiliserte seg igjen mellom 50-60 prosent mot slutten av perioden.

**Tabell 4-3: Type justisforbrytelse 1861-85 etter kjønn for Norge. prosentvis fordelt på lovbrøt.**

	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	
Forbr. mot off. mynd.	4.8	1.2	93.8	6.2	100.0
Fostermord mm	0.1	4.6	5.3	94.7	100.0
Legemsforn.	8.5	1.4	95.9	4.1	100.0
Konkubinatt	3.2	12.7	49.2	50.8	100.0
Andre Løstgt.	1.9	21.1	25.6	74.4	100.0
Tjuveri	61.0	48.6	82.6	17.4	100.0
Annan vinning	8.3	5.1	86.1	13.9	100.0
Andre	12.2	5.4	89.5	10.5	100.0
	100.0	100.0	79.1	20.9	100.0
n	68977	18224			


Kjelde: NOS Tredie Række No 70: Oversigt over de vigtigste Resultater af Norges Kriminalstatistik for Aarene 1846-1885, Christiania 1888, s.50

Elles er det tydeleg at det kvinnelege kjønn i langt større grad var kriminalisert enn det mannelege. Ein tredjedel av sakene for kvinner var brot knytt til seksualitet (Kapittel 18 i

straffelova: "Om Løstgighed"), og tek ein med fostermord og barnedrap som er tilgrensande og i alle fall kjønnsbetinga, nærmer prosenten seg raskt 40. Alle løstgheitssakene involverte på ein eller annan måte menn, anten det var som barnefar eller horekunde, men det var kvinnene det i stor grad vart slått ned på, også når ein ser på dei absolutte tala. Unntaket er konkubinaten, der den mannlege aktøren er lettare å identifisere. For dette lovbrøtet vart 2 240 menn mot 2 311 kvinner dømde. Men i saker som galdt fostermord og fødsel i dølgsmål vart 841 kvinner dømde mot berre 47 menn. I andre løstgheitssaker enn konkubinaten, med leiermålsforsøelse som dominerande enkeltlovbrøt, vart 3 840 kvinner og 1 321 menn dømde, eller tre gonger så mange kvinner som menn. Dette avspeglar dels at denne typen lovbrøt var lettare å prøve når det galdt kvinner, men også ulike haldningar til utøvinga seksualitet mellom kjønna. Menn hadde "lov" til å vere seksuelt aktive utanfor rammene av ekteskap, kvinner hadde det ikkje.

Tabell A-4 i appendiks viser kva dei innsette på straffearbeid og i fengsla var dømde for og kva straffereaksjon som vart nytta mot ulike typar lovbrøt. Mellom lovbrøta som førte til bøter, dominerte løstgheitssakene (ulovleg samliv) saman med vinningskriminalitet og motstand mot øvrigheita. Tjuveri var viktigaste innsetjingsårsak i straffanstaltane, og i størst grad på straffearbeidsanstaltane. Utanom tjuveri og vinning, var det vald, motstand mot styresmaktene og løstgheitssaker som førte folk i fengsel.

**Figur 4-3: Årleg tal på tiltalte pr 10 000 av menn og kvinner i dei ulike aldersklassane 1861-85.**



Samtida var svært oppteken av alderen til dei kriminelle, og svært bekymra for dei yngste. Kriminalitet var til dels eit ungdomsfenomen, men slett ikkje berre det. 1861-85 var éin av fire tiltalte menn og 14 prosent av tiltalte kvinner under 20 år. 57 prosent av menn og 46 prosent av kvinner var under 30 år.<sup>281</sup> På straffearbeidsanstaltane var 9.5 av menn og 4.5 prosent kvinner under 20 år, og høvesvis 50 og 47 prosent under 30 år.

Talet på tiltalte menn samanlikna med befolkninga elles var for menn størst i alderen 20-25, men var likevel høgt allereie frå 15-års alder (Figur 4-3). Kvinner er jamt over ein del eldre enn mannlege kriminelle, og kriminalitetsraten for desse nådde først sin topp i aldersgruppa 30-40 år. Eilert Sundt vart i si undersøking overraska over det store talet på barne- og ungdomsforbrytarar. Han fann også ein klar geografisk skilnad i i tida 1862-65. Den var generelt minst i landdistrikta, i samsvar med kriminaliteten elles, men for aldersgruppa 10-15 år var den aller størst i Stavanger.<sup>282</sup> I aldersgruppene 15-18 og 18-20 var den langt større i Christiania enn i dei andre byane. Sundt prøvde ikkje å forklare desse skilnadene, men nøyer seg med å konstatere at det høge nivået var "overmåde sørgelig".<sup>283</sup> Utviklinga over tid viste også ei forskyving i retning av yngre forbrytarar. I NOS sin kriminalstatistikk 1846-85 vart utviklinga omtala i bekymra ordelag. Medan talet på tiltalte samanlikna med befolkninga minka i aldersgruppene frå 20 år og oppover, auka den for dei aller yngste.<sup>284</sup>

Ein longitudinell tillnærming er berre delvis mogleg gjennom dei samtidige statistiske og kvalitative kjeldene. I kriminalstatistikken publisert i Departements-Tidende var ein i det heile i byrjinga ikkje oppteken av alder. Etterkvart publiserte ein oppgåver over alder og aldersratar, men berre for dei straffedømde under eitt. Førstegongs straffedømde var ikkje skild ut særskilt. Debutalder ved kriminalitet og innsetjing i straffanstaltar veit ein derfor svært lite om, og berre indirekte gjennom aldersratane for innsetjing generelt. Ein har nok i forskingslitteraturen vore opptekne av når ein innleia ei kriminell karriere, men ein har heller ikkje der skild debutantane ut frå resten av dei kriminelle aldersmessig.

Den einaste som konkret har stilt spørsmålet er Anne-Lise Englund i undersøkinga av dei innsette i Botsfengslet 1851-58. Ho kjende ikkje debutalder, og kom heller ikkje nærmare

---


<sup>281</sup> NOS Tredie Række No 70: *Oversigt over de vigtigste Resultater af Norges Kriminalstatistikk for Aarene 1846-1885*, Christiania 1888, side 20.

<sup>282</sup> Sundt 1978, s. 131. Merk at figurar og tabellar brukar samtidas aldersinndeling. 10-15 år tyder minst ti år, men under 15 år, 15-18 år tyder minst 15 år, men under 18 år etc.

<sup>283</sup> Sundt 1978, s. 132.

<sup>284</sup> NOS Tredie Række No 70: *Oversigt over de vigtigste Resultater af Norges Kriminalstatistikk for Aarene 1846-1885*, Christiania 1888, s. 22.

**Figur 4-4: Maksimum debutalder ved innsetjing i Botsfengslet 1851-58. Prosentvis fordelt.**




svaret enn å stadfeste at fire prosent av dei innsette hadde motteke risstraff, og såleis må ha debutert før fylte 15 år.<sup>285</sup> Talmaterialet hennar opnar likevel for ei undersøking av debutalder for dei innsette (Figur 4-4). I tillegg til eit oversyn over kor mange som var straffa med ris, fordeler ho dei innsette som ikkje var straffa før 15 år på aldersgrupper.<sup>286</sup> Dermed kan ein framstille eit diagram som viser maksimum debutalder ved første innsetjing i Botsfengslet. (figur 4). Vart ein innsett i alderen 25-29 år, skjedde debuten seinast i denne aldersgruppa, men den *kan* ha skjedd før. 36 prosent vart innsett i Botsfengslet før fyllte 25 år og må dermed ha debutert innan denne alderen, noko som steig til 61 prosent for dei under 30 år. Figuren gir såleis eit inntrykk av debutalder i Botsfengslet, men ein må poengtere at dette er maksimumstal, og at den røylege debuten for mange har skjedd tidlegare. Det knyter seg også andre problem til denne framstillinga. For det første er det eit oversyn over den kriminelle debutalder, ikkje alder ved debut i ein straffanstalt. For det andre var Botsfengslet ein særeigen straffanstalt. I utgangspunktet skulle ein vere mellom 18 og 30 år og ha mottatt ein straffearbeidsdom frå seks månader og inntil seks år, eller tilsvarande eldre dømde som sjølv samtykka til innsetjing i Botsfengslet. Det gir delvis ei fortetting av yngre fangar (under 30 år), samtidig som ein straffearbeidsdom på minst seks månader indikerer tidlegare dommar. Ei liknande undersøking på grunnlag av alder i kriminalstatistikken er uråd. I motsetnad til Englund, som opererer med unike personar (kvar innsett blir teld berre éin gong), opererer kriminalstatistikken med saker, ikkje kriminelle. Ein kjenner ganske enkelt ikkje talet på kriminelle, berre på kriminalsaker (dømde). Alder ved debut, både når det gjeld

<sup>285</sup> Englund 1979, s. 82.

<sup>286</sup> Englund 1979, s. 83.

Figur 4-5: Fordeling av lovbrøt i ulike aldersgrupper 1861-85. Menn.




Kjelde: NOS 3.70, tabell XI

kriminell debut generelt og som innsett i ein straffanstalt spesielt, har ein såleis berre utilfredsstillande kunnskap om.

Med unntak av tjuveri utført av personar under 15 år, viser ikkje kriminalstatistikken kva straffar som vart tildelt dei kriminelle i ulike aldersgrupper før i 1875. Det totale oversynet over fridomsstraff i ulike aldersgrupper er heller ikkje tilgjengeleg før 1885. Ei tilnærming til alder i straffanstaltane må dermed gjerast indirekte ved å sjå på kva lovbrøt som vart utført, eller ved å gå inn i protokollane til dei enkelte straffanstaltane. Den første framgangsmåten er problematisk ettersom straffa kunne variere innanfor dei enkelte brotskategoriane.

Figur 4-6: Fordeling av lovbrøt i ulike aldersgrupper 1861-85. Kvinner.



Kjelde: NOS 3.70, tabell XI

Figur 4-5 og 4-6 viser kva type lovbrott menn og kvinner vart dømde for i ulike aldersgrupper. Mellom dei yngste inntil 20 år var det ikkje stor skilnad, men kvinner mellom 20 og 50 år vart i langt større grad dømde for lovbrott etter kapittel 18, kalla "Om Løsagtighed" i straffelova. Tabell A-4 i Appendiks viser kva straffereaksjon ulike typar av lovbrott medførte. Dei typiske "kvinnelovbrotta", som løssaktighetssaker, medførte i større grad fengsel enn til dømes tjuveri. Den ulike strukturen i lovbrott forklarar skilnaden i tildeling av straff mellom menn og kvinner.

Sjølv om ein altså kunne bli dømde til relativt korte straffarbeidsstraffar før 1842, gav likevel bruken av fengselsstraff langt fleire korte straffar, gjerne ti dagar eller mindre. Straffelova opna slik for fleire, men kortare sanksjonar enn før, eller ei effektivisering i ferdomsstraffing. Dette var særleg avgrensa til dei som vart oppfatta som minst hardbarka. Samtidig la dette til rette for ei meir intensiv kriminell karriere ved at ein lettare vart dømde fleire gonger, sjølv om den eskalerande straffa for gjentakning av brottsverk etter kvart bremsa ei slik utvikling.

Den einaste verkeleg longitudinelle tilnærminga ein finn i statistikk og forskingslitteratur gjeld tilbakefall til ny kriminalitet og eventuelt retur til ein straffanstalt. Straffelova hadde eskalerande straff etter antal gonger ein var dømde for tilsvarende lovbrott. Dermed var det essensielt for rettsvesenet å ha oversyn over kor mange gonger ulike personar var dømde. Oversyn over dette finst derfor også i den tidlegaste statistikken. Dette gjeld både talet på gonger dei tjuveridømde var dømde for tilsvarende brott før, og kor mange straffar dei innsette ved utgangen av kvart år hadde. I beretninga for straffanstaltane i 1875 gav ein likevel klart uttrykk for manglane ved statistikken over tilbakefall og retur:

*"Ved Fællesanstalterne har der nemlig hidtil ikke været ført Optegnelser over eller søgt Underretning om Tilbagefaldne ligesom det ogsaa er muligt, at for flere af disse Anstalters Vedkommende kun de ere regnede som Tilbagefaldne, der atter ere idømte Strafarbeide, medens formentlig enhver, der paany dømmes for en kriminell Forbrydelse uden Hensyn til Straffen, altsaa ogsaa naar han dømmes til Fængsel, bør ansees som en tilbagefalden.*

*Efter at Straffanstaltbestyrernes Opmærksomhed er bleven henledet herpaa, tør det imidlertid forventes, at Opgaverne for de kommende Aar ville blive saa nøiagtige som muligt."*<sup>287</sup>

Sjølv om den tidlege statistikken over tilbakefall og retur var unøyaktig og noko prega av underregistrering, freista ein likevel å sette opp oversikter. Straffanstaltkommisjonen fann at gjennomsnittleg 60 prosent av dei som sat på straffanstalt kvart år mellom 1834 og 1839

---

<sup>287</sup> NOS B.No.3: Beretning om Rigets Straffarbeidsanstalter for Aaret 1875, Christiania 1877, s. 11.

var dømde for brotsverk frå før.<sup>288</sup> Skil ein ut berre menn, var prosentdelen endå høgare (Tabell 4-4). I tillegg var returen større for menn enn for kvinner. Talet vert så høgt fordi dei rekna med alle som sat inne ved utgangen av kvart år. Slik vart ein del personar med lange straffar, og som dermed i dei fleste tilfella hadde fleire dommar bak seg, rekna med kvart enkelt år. For dei innkomne kvart enkelt år, fann kommisjonen at 27.6 prosent av mennene og 17.8 prosent av kvinnene som vart innsett i straffearbeidsanstaltar i tida 1828-40 hadde opphald på straffearbeidsanstalt frå før.<sup>289</sup>

**Tabell 4-4: Tal på dommar for personar som sat i straffearbeidsanstaltar ved utgangen av åra 1834-39.**

	Menn	Kvinner
1.g	37.7	51.6
2.g	30.5	22.6
3.g	27.4	23.7
4.g	3.9	2.0
5.g	0.6	0.1
n	7357	1617

Kjelde: Straffanstaltkommisjonen, s.251

**Tabell 4-5: Antal innsette i straffearbeidsanstaltar 1876-85 med straff frå før.**

	Menn	Kvinner
Ikkje straffa før	28.5	36.4
Straffa før m/fengsel el. mindre	26.8	33.4
Straffa før med straffearbeid	44.7	30.2
Straffa før ialt	71.5	63.6
	100.0	100.0
N	4289	958

Kjelde: NOS V.210, tabell XVII

Av desse hadde dei tjuveridømde størst residivisme. Medan residivistar utgjorde 60 prosent av dei innsette ved utgangen av kvart år 1828-40, så hadde 70 prosent av dei innsette tjuvane ved utgangen av 1845 straffeopphald frå før. Dei same tjuvane er inkludert i materialet 1828-40, slik at ei utskiljing av desse ville gitt langt større skilnader mellom tjuveridømde og andre.

Skifter ein igjen fokus frå dei som sat inne ved *utgangen* av året til dei som vart tildelt sanksjon *i løpet* av året, vert residivismen mindre. Av alle tjuveridømde over 15 år i 1845 hadde 27 prosent av kvinnene og 43 prosent av mennene tjuveridommar bak seg frå før.<sup>290</sup> Residivismen, med sine statistiske manglar, kan ein følgje i kriminalstatistikken publisert i

<sup>288</sup> Straffanstaltkommisjonen 1841, s. 252.

<sup>289</sup> Straffanstaltkommisjonen 1841, s. 257.

*Departements-Tidende*, og dei viser til dels store variasjonar år til år. *NOS Kriminalstatistikk for Aarene 1846-85* oppgav at 71.5 prosent av mennene innsett 1876-85 hadde vore straffa før (Tabell 4-5). 45 prosent av dei innsette hadde straffearbeid bak seg, medan 27 prosent hadde fengsel eller andre straffar. Mellom kvinnene hadde 30 prosent straffearbeid og 33 prosent fengsel bak seg.

Denne statistikken over residivisme og retur til straffearbeidsanstaltane er nokså misvisande. Den tek utgangspunkt i dei som sat på straffearbeidsanstaltane, og desse er nettopp kjenneteikna ved å ha mange lovbrott bak seg. Ein hamnar ikkje på straffearbeidsanstalten etter første gongs simpelt tjuveri. Lovendringa i 1866 gjer i tillegg statistikken endå meir misvisande for min periode. Eit betre utgangspunkt for å undersøke residivisme på straffearbeidsanstaltane er å sjå kor mange som fekk *nye* straffearbeidsdommar, heller enn å sjå kor mange dei hadde *frå før*. Tabell 4-6 viser kor mange som returnerte innan tre år frå lauslating etter type lovbrott og kjønn. I alt 32.3 prosent av mennene returnerte innan denne tida, og særleg var returomfanget stort for dei tjuveridømde. Kvinner dømde for tjuveri returnerte også i stor grad innan tre år, men dei tjuveridømde utgjorde ein mindre andel av kvinnene totalt og dreg ned gjennomsnittet for alle desse.

**Tabell 4-6: Antal straffearbeidsfangar som returnerte innan tre år etter type lovbrott 1873-83.**

	Menn	n	Kvinner	n
Tjuveri	38.4	3437	31.7	441
Andre	12.7	1068	8.5	626
Totalt	32.3	4505	17.5	1067

Kjelde: *NOS V.210, tabell XVIII*

Dette viser retur for dei lauslatne frå straffearbeidsanstaltane, og inkluderte ikkje dei lauslatne frå fengsla. Dei straffearbeidsdømde vil likevel vere meir utsett for retur til ein straffanstalt enn alle lauslatne frå straffanstaltar under eitt. Dei var i større grad prega av kriminelle med etablerte karrierear, og var også betre kjend av politiet enn andre kriminelle. Det gjorde talet høgare enn kva tilfellet ville vere om alle lauslatne var inkluderte. Samtidig medførte den strenge tidsavgrensinga på tre år at fleire igjen ikkje vart registrert fordi returen først skjedde etter minst tre år. I *Meddelelser om Det norske Fængselsvæsen i det 19de Aarhundrede* frå 1904 drøftar ein dei same problema, og legg vekt på skiljet mellom dei debuterande og tidlegare straffa:

<sup>290</sup> *Departements-Tidende* 1847, s. 594f. *Kriminalstatistikk for året 1845*.



*”særlig for de tidligere ustraffedes Vedkommende ikke ere saa ganske faa, der først kommer igjen efter flere Aars Forløb. De tidligere straffede falder raskere tilbage end de tidligere ustraffede.”*<sup>291</sup>

Av dei som vart innsett i ein straffanstalt 1876-80 og som hadde retur til ein straffearbeidsanstalt, gjorde 72.3 det innan tre år, for perioden 1876-95 var talet 73.4 prosent.<sup>292</sup> For kvinner var talet høvesvis 75.8 og 71.3 prosent.<sup>293</sup> For menn som ikkje var straffa før ved innsetjing 1876-95 og som fekk retur, gjorde 56.7 prosent det innan tre år, medan det same galdt for 70 prosent av dei tidlegare ustraffa kvinnene. Eit avgrensa talmateriale for kvinnene innskrenkar tilsvarende utsagnskrafta for denne gruppa, men det er tydleg nok at tidlegare straffa hadde raskare retur enn dei som ikkje var det.

Dei same problema er knytt til forskingslitteraturen som omhandlar residivisme frå straffanstaltar, som til statistikken generelt. Englund såg på residivisme mellom dei innsette i Botsfengslet 1851-58 og Ellingsen mellom dei innsette kvinnene i landsfengslet 1881-1902. Begge desse anstaltane tilsvarte straffearbeid for høvesvis menn og kvinner, og var slik ikkje representativ for verken dei kriminelle residivistane generelt, eller dei innsette i straffanstaltane. Englund har i tillegg ein kort undersøkingsperiode som vanskeleggjer ei undersøking av residivisme. Av dei 1517 innsette mennene i hennar periode, returnerte 7 prosent til Botsfengslet på nytt innan 1858.<sup>294</sup> Talet er lite og populasjonen er problematisk i utgangspunktet, samtidig som Botsfengslet ikkje trong vere anstalten ein returnerte til ved tilbakefall. Ved å telje dommar også før innsetjinga i Botsfengslet, auka residivismen til heile 71.5 prosent. Størst var residivismen mellom dei eldre fangane. Berre knappe 60 prosent av dei innsette i alderen 18-20 år hadde dommar frå før, medan dette låg rundt 80 prosent for dei innsette i alderen 35-50 år.<sup>295</sup> Vegard Ellingsen fann at 25 prosent av kvinnene i landsfengslet var registrerte med meir enn éitt opphald.<sup>296</sup> Det høgare talet samanlikna med Englund kan dels skrivast frå det ulike rekrutteringsområdet, men mest skuldast det nok at han har ein lengre undersøkingsperiode. Når Ellingsen inkluderte alle registrerte dommar før og etter første innsetjing i landsfengslet, fekk han ein residivismeprosent på 69.5, og altså svært nær

---

<sup>291</sup> NOS Fjerde Række Nr. 86. *Meddelelser om Det norske Fængselsvæsen i det 19de Aarhundrede*, Udgivet af Expeditionschefen for Fængselsvæsenet, Kristiania 1904, s. 218.

<sup>292</sup> NOS Fjerde Række Nr. 86. *Meddelelser om Det norske Fængselsvæsen i det 19de Aarhundrede*, Udgivet af Expeditionschefen for Fængselsvæsenet, Kristiania 1904, tabell 15 s. 246.

<sup>293</sup> NOS Fjerde Række Nr. 86. *Meddelelser om Det norske Fængselsvæsen i det 19de Aarhundrede*, Udgivet af Expeditionschefen for Fængselsvæsenet, Kristiania 1904, tabell 15 s. 249.

<sup>294</sup> Englund 1979, s. 79.

<sup>295</sup> Englund 1979, s.80.

<sup>296</sup> Ellingsen 1985, s. 4.

den Englund fann for Botsfengslet. Disse tala inkluderte alle former for straff, også bøter, og dreg residivismen opp.

På bakgrunn av dette oversynet over statistikk og forskning i Norge, kan ein konkludere med at residivisme frå straffanstaltane er ei lite undersøkt problemstilling. Den offisielle statistikken er mangelfull, særleg i tida før 1875 og gir berre peikepinnar. Enkelte trekk ved residivismen er kjent gjennom forskningslitteraturen, men desse er knytt til spesielle anstaltar og har dessutan spreidd periodefokus. Eit meir representativt bilete av residivismen ved alle straffanstaltane, også fengsla, gir oppgåvene over tilbakefall til kriminalitet generelt. Jens Hugaard Jensen si undersøking frå Århus viste at 36 prosent av dei som vart domfelte i enkelte utvalde år på 1880-talet var straffa frå før.<sup>297</sup> Materialet hans bestod av alle domfellingane i perioden, inkludert prostitusjonssaker. I Bergen og andre større norske byar vart prostitusjonssakene tatt opp til sanksjon i tvangsarbeidsanstalten då desse vart etablert og ikkje i straffanstaltane, noko som medførte registrering av færre lovbrøt i Bergen enn i Århus. Samtidig fører den totale registreringa av lovbrøt, også dei som ikkje resulterte i fridomsstraff, til høgare antal registreringar. Me kan derfor rekne med at tala for Århus vil vere noko høgare enn for Bergen i min periode. Tala frå Århus er heller ikkje samanliknbare med dei norske som tok utgangspunkt i dei straffearbeidsdømde, og som me dermed i stor grad kan rekne med var domfelte frå før.

Knut Arild Knudsen registrerte at 17.4 prosent av dei 1029 domfelte for kriminalitet i Trondheim 1875-85 vart dømde meir enn éin gong i perioden. Talet er lite og plasserer seg mellom Englund og Ellingsen sine. 692 personar debuterte utan å få tilbakefall i perioden, dei resterande hadde anten dommar frå før perioden starta eller fekk nye dommar i undersøkingperioden.<sup>298</sup> Residivistane utgjorde dermed 32.8 prosent totalt. Utanom dei som ikkje fekk tilbakefall, seier ikkje Knudsen kor mange totalt som debuterte i hans periode, og dermed kjenner me heller ikkje omfanget av residivisme for debutantane i perioden hans. Vidare er den korte undersøkingstida på berre ti år problematisk. Ved hjelp av domsaktene hadde han god kontroll på den kriminelle aktiviteten i forkant av perioden, men aktiviteten etter 1885 var ukjend. Knudsen bryt ikkje tala ned på mindre periodar, noko den knappe perioden heller ikkje opnar for. Han viser dermed ikkje kor mange som debuterte tett opp mot avslutninga av undersøkingperioden og som kan ha hatt eit raskt tilbakefall utan å bli registrert som residivist i hans materiale. Knudsen skil heller ikkje mellom kjønn eller

---

<sup>297</sup> Hugaard Jensen 1975, s. 79.

<sup>298</sup> Knudsen 1997, s. 101.

residivistane si tilknytning til Trondheim. Derimot skil han mellom ulike typar av kriminell aktivitet. Generelt fann han at det var vanleg å falle tilbake til same type kriminalitet som ein tidlegare var dømd for, og størst tilbakefall, 37 prosent, hadde dei som vart dømde for vinningslovbrot i sin første dom.<sup>299</sup>

Også Jorunn Sleipnes undersøkte tilbakefall i Tromsø 1891-97 i si hovudoppgåve.<sup>300</sup> Også ved hennar undersøking er den korte undersøkingsperioden problematisk. Som Knudsen, har ho inkludert domfellingar før perioden starta, men manglar oversikt over eventuell kriminell aktivitet etter utløpet av undersøkingsperioden. Av dei 190 som vart domfelte i Tromsø 1891-97, vart 86 prosent dømd berre éin gong i hennar periode, medan 35.8 prosent hadde meir enn éin dom totalt i hennar materiale. Residivismen var dermed svært likt Knudsen sitt resultat for Trondheim 1875-85, men høgare enn det tilsvarande talet ho fann for kjøpstadene i sin eigen periode (31 prosent).<sup>301</sup> Utanom skjenkesakene, var residivismen størst innan vinningskriminalitet med 43 prosent, og dermed litt høgare enn kva Knudsen fann for Trondheim. Meir spesielt var den høge residivismen blant valdsforbrytarar som var på over 40 prosent. Eit metodisk problem er det forholdsvis spinkle datamaterialet. Berre 28 personar vart dømde for vald som første lovbrott i heile perioden.

Manglar ved undersøkingane over residivisme som har vore gjort, både dei samtidige statistiske og seinare historiske, har dels vore tilnærminga til residivisme og dels korte undersøkingsperiodar. Residivisme kan betre undersøkast ved å undersøke kor mange førstegongsdømde/innsette på eit gitt tidspunkt eller periode som fekk tilbakefall/retur seinare, enn å sjå på talet på innsette som hadde tidlegare dommar. Der denne metoden er nytta, gir undersøkingsperioden lita tid til å begå ny kriminalitet, særleg om ein får lange straffar. I Sleipnes sitt tilfelle var undersøkingsperioden så kort at tilbakefall i det heile var vanskeleg å undersøke. Knudsen kunne brukt ein buffer på fem år og registrert kor mange av dei som debuterte 1875-79 som ikkje vart registrert for ny kriminell handling i den resterande perioden. Ingen av desse har prøvd å skilje ut ei slik gruppe som dei kunne sagt noko meir konkluderande om.

Undersøkingar av nyare kriminalitet har langt betre tilgang til nøyaktig datamateriale og mogleggjer meir nøyaktige undersøkingar av kriminelle karrierar. Britta Kyvsgaard


---

<sup>299</sup> Knudsen 1997, s.102.

<sup>300</sup> Sleipnes 1984, s. 93ff.

<sup>301</sup> Sleipnes 1984, s.95.

**Figur 4-7: Tal på returar til straffarbeid for innsette i straffarbeidsanstaltar 1876-95. Prosentvis fordelt.**



undersøkte tilbakefall i Danmark i perioden 1980-91. Med utgangspunkt i dei 5331 domfelte i året 1980, undersøkte ho kor mange av desse som vart registrert med tilbakefall i dei følgjande ti åra.<sup>302</sup> Ho fann at i alt 40 prosent av dei straffelovdømde fall tilbake til ny kriminalitet.<sup>303</sup> Eit vesentleg poeng her er at Kyvsgaard ved registrering av tilbakefall ikkje skilde mellom ulike typar av tilbakefall. Dette betyr at alle registreringar i straffelovregisteret tel med, også andre ting enn straffelovbrot, som trafikkmisferd. Dette gir sjølvstilt ein høgare tilbakefallsprosent enn om ein berre rekna med straffesakene. Likevel er dette forholdsvis nært både Knudsen og Sleipnes sine funn for høvesvis Trondheim 1875-85 og Tromsø 1891-97.

Meir presise oppgaver over residivisme for i periode kan berre søkjast gjennom ein detaljert gjennomgang av grunnlagsmaterialet, ved å gå gjennom domsmaterialet eller lenking av kjeldematerialet etter straffanstaltane, og ved å nytte såpass lange undersøkingsperiodar at oppgåvene over residivisme vert pålitelege.

Sett på bakgrunn av tilgjengeleg statistikk og tidlegare forskning, kan me forvente ein returprosent i Bergen på mellom 30-40 prosent for alle straffedømde. Mitt materiale fokuserer berre på dei fridomsavgrensande sanksjonane. Det betyr at sanksjonar som ikkje førte til fengsel eller straffarbeid - dei som betalte bøter eller fekk ris, ikkje er med i mi undersøking. Samtidig er materialet prega av personar som anten utførte kriminelle handlingar som var for alvorlege til å gi bøtestraff, eller av bøtedømde som var økonomisk ressursvake. I

<sup>302</sup> Britta Kyvsgaard: *Den kriminelle karriere*, Jurist- og Økonomiforbundets Forlag, (København) 1998, s.105ff.

<sup>303</sup> Kyvsgaard 1998, s. 113.

utgangspunktet var dette ei gruppe me kan forvente hadde større tilbakefall enn alle dømde samla.

Ved undersøkingar av residivisme er vekta oftast lagt på å undersøke tal på tilbakefall eller returar til straffanstaltar. Berre sjeladn har det vorte gjort meir detaljerte undersøkingar av intensiteten i karrierene. Også debut, lengd og avslutning i kriminelle karrierer er lite undersøkt.

Tabell 4-4 viste at relativt få av dei innsette i straffearbeidsanstaltane ved utgangen av kvart enkelt år 1834-39 hadde mange dommar bak seg. Straffearbeid var på den tid den dominerande fridomsstraffa og straffearbeidsanstaltane mottok derfor langt fleire debutantar enn seinare. Etter 1842 dominerte residivistane i ein aukande grad på straffearbeidsanstaltane. Av dei som sat på straffanstaltane ved utgangen av 1860, hadde 47.8 prosent av mennene og 19.2 prosent av kvinnene fire eller fleire dommar. I statistikken etter straffearbeidsanstaltane frå 1875 skilde ein ikkje mellom dei som hadde éin retur og mange returar, men opererte med kategoriane "tidlegare straffa" og "ikkje tidlegare straffa" (Tabell 4-5). Figur 4-7 viser i prosent kor mange som hadde ein, to etc. returar til straffearbeidsanstaltar av dei innsette i periode 1876-95. Over 70 prosent av mennene hadde minst éin retur, noko som fall til under 30 for dei med retur nummer to. 15 prosent av mennene hadde minst tre returar. Returprosenten fall langt raskare for kvinnene. Berre 17 prosent av dei innsette vart registrert med éin retur, og prosenten fall til knappe to for dei med tre eller fleire returar.

Englund orda frampå om ein samanheng mellom intensitet og debutalder for dei innsette i fengslet: "jo flere lovbrudd en person er straffet for, jo større er sannsynligheten for at han også ble straffet før fylte 15 år."<sup>304</sup> Mellom dei med tre eller fleire tidlegare dommar utgjorde dei med straff før fyllte 15 år 14.3 prosent av dei innsette. Mellom dei med to eller færre dommar frå før, hadde berre 1.8 prosent motteke risstraff og dermed debutert før fyllte 15 år. I alt fann Englund at 79.3 prosent av dei 1499 innsette hadde minst tre dommar frå før.<sup>305</sup>

Til samanlikning fann Sleipnes at 14 prosent hadde tre eller fleire tilbakefall til ny kriminalitet i Tromsø.<sup>306</sup> Om denne gruppa seier Sleipnes:

---

<sup>304</sup> Englund 1979, s. 82.


<sup>305</sup> Englund 1979, s. 82. Det samla talet på innsette var 1517, men 18 mangla opplysningar om tidlegare dommar.

<sup>306</sup> Sleipnes 1984, s. 96.

*”Det er sannsynligvis blant disse en finner de som mer eller mindre regelmessig kom i kontakt med rettsapparatet som forbrytere og som i samtiden ble betegnet som vaneforbrytere”<sup>307</sup>*

Knudsen definerte ein karriereforbrytar som ein som har fire eller fleire dommar bak seg, der det var meir enn fem år mellom første og fjerde dom.<sup>308</sup> Dette vil i praksis seie at ein hadde minimum tre tilbakefall til ny kriminalitet. Dette kriteriet oppfylte 9.6 prosent av mennene og 5.0 av kvinnene, og nesten alle var vinningskriminelle. Her er eit sjeldant tilløp til ei longitudinell undersøking av dei kriminelle. Ein får vite kor mange som oppfylte kravet til definisjonen av ein karriereforbrytar, men avgrensinga som definisjonen medførte gjer biletet uklart.

**Figur 4-8: Tid frå lauslating til retur for innsette straffangar 1876-95 med retur. Akkumulert prosent.**



Figur 4-8 viser kor lang tid det tok frå lauslating frå ein straffearbeidsanstalt til ny retur same stad 1876-95, etter tal på tidlegare innsetjingar. Tendensen er at personar med mange innsetjingar frå før, hadde ein raskare retur til straffearbeidsanstaltan, men ikkje dramatisk raskare enn dei med få opphald frå før. For alle med fire eller færre returar returnerte færre enn ti prosent innan eit fjerdedels år. Sju prosent av dei som returnerte for første gong og ti prosent av dei som returnerte for fjerde gong, gjorde det innan eit fjerdedels år. Dette skiljet var større for dei som returnerte seinare enn tre månader, men innan seks månader. 21 prosent av dei som returnerte første gong gjorde det, medan det same galdt 32 prosent av dei som returnerte for fjerde gong. Me ser også at 87 prosent av dei som returnerte for første gong, gjorde det innan fem år, medan 92-93 prosent av dei som returnerte for andre eller fleire

<sup>307</sup> Sleipnes 1984, s. 97.

<sup>308</sup> Knudsen 1997, s. 104.

gonger gjorde det innan fem år. Det er igjen nødvendig å poengtere at dette gjeld lauslating frå straffearbeidsanstaltar, ikkje frå fridomsstraff generelt.

Kjennskapen til dei innsette kjem altså delvis frå statistikk og undersøkingar av innsette i fengsel, dels frå statistikk og undersøkingar med ei generell tilnærming til kriminalitet. Det hadde vore naturleg å vente at den sterke auken i bruk av fridomsstraff etter 1842 (inkludert bøtesonarane) hadde inspirert til fleire forskingsarbeid rundt bruken av fridomsstraff, men eg kjenner berre til to arbeid spesifikt om fridomsstraff på 1800-talet (Englund og Ellingsen). Kunnskapen om dei som mottok fridomsstraff er også i stor grad avgrensa til enkeltsanksjonar og i mindre grad til karrierer. Unntakene er i praksis ein del undersøkingar over residivisme i straffearbeidsanstaltane, samt residivisme generelt. Andelen residivistar låg på i overkant av 30 prosent for alle straffedømde sett under eitt, men for dei innsette i straffearbeidsanstaltane var den langt høgare. Korleis den var for dei fengselsdømde, eller for alle med fridomsstraff under eitt, er ukjend. Venteleg er den nærare alle straffedømde enn for gruppa som vart lauslatne frå straffearbeidsanstaltane.

Ein stor del av dei tiltalte, først og fremst av mennene, var unge, og tildels svært unge (under 20 år). Samtidig er det grunn til å understreke at kriminalitet, og særleg fridomsstraff, ikkje berre var eit ungdomsfenomen. Kriminaliteten samanlikna med befolkninga elles var størst i aldergruppa 20-25 for menn og 30-40 for kvinner. Kunnskap om debut, både som kriminell og som innsett i straffanstaltar, intensitet i karrierer og karrierelengd, er bortimot fråverande i statistikk og forskning.

### **4.1.3 Tvangsarbeidarar i Norge ca. 1850-75**

Tvangsarbeidarane har ikkje vore like nøye overvaka statistisk som dei kriminelle, og har ikkje avfødd trykt statistisk materiale på same måten. Kriminalstatistikken sjølv har berre oversyn over kor mange som vart dømde til tvangsarbeid for betleri, men betlarane utgjorde ei minimal gruppe mellom tvangsarbeidarane. Frå 1901 har årbøkene til Fengselsstyret med forholdsvis detaljert statistikk over innsette i dei ulike tvangsarbeidsanstaltane. Tvangsarbeid var ikkje underlagt fengselsstyret, men fordi den nye lausgjenarlova la opp til eit tettare samband mellom tvangsarbeid og fengselsvesen, fann ein det nyttig med betre og lettare tilgjengelege opplysningar også om tvangsarbeid. Opplysningane var for Christiania sin del

henta frå den trykte kommunale fattigstatistikken,<sup>309</sup> medan dette for dei andre anstaltane kom frå den lokale (og utrykte) fattigstatistikken som vart innsendt sentralt.<sup>310</sup> Før den tid finst oversyn over innsette i fattighus i den ordinære og trykte fattigstatistikken, men dette inkluderer etter alt å døme ikkje tvangsarbeidarar. Det er i alle fall ikkje tilfelle rundt hundreårsskiftet då ein har tilgang til statistikk over tvangsarbeidarar og kan samanlikne med fattigstatistikken. 1901 vart i alt 1166 personar innsett i tvangsarbeidsanstaltar i Norge, medan fattigstatistikken oppgav talet på innsetjingar i fattighus til 1659.<sup>311</sup> Berre i Kristiania vart 867 personar sett til tvangsarbeid dette året, medan fattigstatistikken viste at berre 56 vart understøtta med innsetjing i fattighus i byen. Dette året synest derfor tvangsarbeidarane å vere skild ut frå gruppa innsette i fattighus. Dette gir ikkje grunnlag for å projisere tilhøvet tilbake til 1800-talet, men talar i alle fall mot å nytte fattigstatistikken som kjelde til tvangsarbeid.

I fråver av offisiell statistikk, er kjennskapen til tvangsarbeidarane avgrensa til nokre få forskingsarbeid.<sup>312</sup> Arbeida kan delast i to kategoriar. For det første litteraturen som er opptatt av *fenomenet* tvangsarbeid, meir enn om dei innsette tvangsarbeidarane. Det mest omfattande arbeidet her er Georges Midré: *Bot, bedring eller brød* frå 1990, som tok for seg avgrensingsinstitusjonane frå reformasjonen til folketrygda.<sup>313</sup> Tvangsarbeidsanstaltane på 1800-talet vart gjeve merksemd, men avgrensa til funksjonen dei hadde for å skilje dei uverdige frå dei verdige fattige. Tilsvarande såg Nils Christie i 1960 på forhistoria til lausgjengarlova frå 1900 og tok opp samtida sin diskusjon om kor vidt tvangsarbeid var straff eller ikkje.<sup>314</sup> Dei *innsette* fekk lita merksemd hjå begge desse. Julius Olsen, politimeister i Bergen 1895-1906, omtala tvangsarbeidsanstalten og dei innsette anekdotisk i jubileumsverket *Bergen 1814-1914* i 1914.<sup>315</sup> Arne Omsted gav etter oppdrag av Kristiania fattigstyre i 1911 ei historisk framstilling av tvangsarbeidsanstalten han sjølv var forstandar for i hovudstaden.<sup>316</sup> Han avgrensa seg for det meste til den organisatoriske utviklinga av anstalten, men omtalte og diskuterte også kort kva type klientell som vart innsett.

---

<sup>309</sup> Beretning om Kristianias Fattigvæsen for Aaret 1901. Opplysning om denne statistikken henta frå NOS Fjerde Række Nr. 97: *Fængselsstyrelsens Aarbog* 1901-1902, Kristiania 1904.

<sup>310</sup> Sjå NOS Fjerde Række Nr. 97: *Fængselsstyrelsens Aarbog* 1901-1902, Kristiania 1904, s. 37

<sup>311</sup> NOS Fjerde Række Nr. 97: *Fængselsstyrelsens Aarbog* 1901-1902, Kristiania 1904, tabell 31. og NOS Fjerde Række No 112. *Fattigstatistikk for Aarene* 1901 og 1902, Kristiania 1905, tabell 9.

<sup>312</sup> Eg ser vekk i frå forskingslitteraturen om tukthuset si rolle som tvangsarbeidsanstalt før den vart straffanstalt.

<sup>313</sup> Midré 1990.

<sup>314</sup> Nils Christie: *Tvangsarbeid og alkoholbruk*, Universitetsforlaget 1960.

<sup>315</sup> Olsen 1914.

<sup>316</sup> Arne Omsted: "*Prinds Christian Augusts Minde*". *En historisk fremstilling*, Kristiania 1911.



Den andre kategorien litteratur om tvangsarbeid analyserer dei innsette. Slike kjenner eg berre til to av, utarbeidd med over hundre års mellomrom. Eilert Sundt gjekk i *Om Fattigforholdene i Christiania* frå 1870 inn protokollane etter tvangsarbeidsanstalten, eller Mangelsgaarden som den folkeleg vart kalla, for åra 1853-68.<sup>317</sup> I tillegg til å gi meir ideologisk farga karakteristikkar av dei innsette ("byens virkelige utskudd"), undersøkte han omfanget av innsetjingar over tid, og dei innsette etter fødestad, sivil status, alder og årsak til innsetjing. I tre artiklar i *Stavanger Museums årbok* frå 1980-82 går Bjørn S. Utne detaljert inn i historia til tvangsarbeidsanstalten i Stavanger, og analyserer dei innsette på grunnlag av protokollane til anstalten.<sup>318</sup> Han går inn i utvalde år frå etableringa i 1859 og fram til den vart nedlagt 1892. Også han undersøkte omfang over tid, kjønnsfordeling og geografisk opphav til dei innsette.

Omfanget av tvangsarbeid på 1800-talet er ukjend, eller i det minste vanskeleg tilgjengeleg. Statistikken gir ikkje presise opplysningar om tvangsarbeidarane spesifikt, men opererer med innsette i arbeids- og fattighus der tvangslemmane sin status er noko uklar. Både Bergen og Christiania hadde tvangsarbeidsanstaltar med røter tilbake til før fattiglova frå 1845. Tilsvarande tvangsanstaltar fekk ein ei rekke andre stader rundt om i landet, til dømes i Trondheim i 1850, Jarlsberg og Larvik i 1851, i Fredrikstad 1855 og Stavanger i 1859.<sup>319</sup> Seinare fekk også Gjøvik, Horten, Arendal, Hedmark, Skien og Stjørdalen tvangsarbeidsanstaltar. Etter kvart vart nokre av desse igjen nedlagde, men det var først godt etter hundreårsskiftet at tvangsarbeid vart sentralisert i statlege anstaltar og alle dei lokale tvangsarbeidsanstaltane nedlagde.

I Christiania er talet på innsette ved utgangen av kvart år mellom 1827 og 1886, med avbrot 1840-45, kjent.<sup>320</sup> Dei innsette auka frå 59 i 1827 til 200 i 1845, men stabiliserte seg etter dette fram til midten av 1850-talet. Då sette ein ny sterk vekst inn til slutten av 1870-talet då mellom 300-350 personar sat på arbeidsanstalten ved utgangen av kvart år. Veksten var det mennene som stod for. Talet på innsette i løpet av året var naturlegvis endå høgare. Eilert Sundt si undersøking frå tvangsarbeidsanstalten i Christiania 1853-58 viste også ein sterk vekst i dei absolutte tala på innsette, både totalt og for dei som vart innsett etter

---


<sup>317</sup> Sundt 1978.

<sup>318</sup> Bjørn S. Utne: "Den Kombinerte Indretning. En sosial-politisk pakkelsesløsning fra 1800-tallets Stavanger", del I, II og III i *Stavanger Museums Årbok* 1980-81.

<sup>319</sup> NOS Fjerde Række Nr. 86. *Meddelelser om Det norske Fængselsvæsen i det 19de Aarhundrede*, Udgivet af Expeditionschefen for Fængselsvæsenet, Kristiania 1904, s. 177ff.

<sup>320</sup> Tala frå 1827-39 er tilgjengeleg i Arne Omsted: "Prinds Christian Augusts Minde". *En historisk fresmtilling*, Kristiania 1911, s.25 og 1840-86 i *Femtiars-Beretning om Christiania Kommune for Aarene 1837-1886*, Christiania 1892, s.381.

**Figur 4-9: Innsette i tvangsarbeidsanstalten i Christiania 1853-68 og fridomsstraffa i Christiania 1860-68.**




bestemmelsane om lausgjengeri i fattiglovene (§ 61 i 1863) (figur 4-9). Denne siste gruppa er den mest interessante ettersom den viser kor mange som vart tatt vekk frå gata i Christiania og sanksjonert mot i første rekke på grunn av levesett. Det gav mellom 120 og 150 innsetjingar pr 10 000 innbyggjarar i Christiania, og mellom 90 og 120 om ein held dei innsette etter § 61 for seg.<sup>321</sup> Samtidig veit ein at raten over dømde for justisforbrytelsar i Christiania på 1860-talet varierte mellom 70 og 110 pr 10 000. Talet på personar dømde til fengsel eller straffarbeid for justisforbrytelsar i Christiania var på 1860-talet langt lågare enn innsette i Mangelsgaarden, tildels også når ein berre tek omsyn til dei innsette etter § 61. Inkluderer ein bøtesonarane, som med ein del variasjon utgjorde rundt halvparten av dei som fekk fridomssanksjon i rettsvesenet i Christiania, sanksjonerte Mangelsgaarden og straffanstaltane grovt rekna like mange gonger i løpet av eit år.

Stavanger fekk sin tvangsarbeidsanstalt i 1859, og Bjørn Utne si undersøking viste at i underkant av 50 personar vart innsett om året fram til andre halvdel av 1860-talet. Då steig talet sterkt, og etter ein midlertidig nedgang på byrjinga av 1870-talet nådde det toppen rundt 1880 med over 200 årlege innsetjingar. Den resterande perioden var prega av minkande tal på innsetjingar.<sup>322</sup>

Frå 1866 kan ein ved hjelp av kriminalstatistikken i NOS undersøke kor mange som vart tildelt fridomsstraff i Stavanger by, anten direkte eller indirekte som bøtesoning. Me ser at tvangslemmane utgjorde omlag same talet som dei innsette i straffanstaltar, men frå 1870-

<sup>321</sup> Sundt 1978, s. 147.

**Figur 4-10: Innsette i tvangsarbeidsanstalten i Stavanger 1859-92 og fridomsstraffa i Stavanger 1866-78.**



talet av blir talet på tvangslemmar langt høgare enn talet på straffangane (Figur 4-10). Ein viktig grunn til dette er rekrutteringsgrunnlaget for anstalten. I tillegg til politiet i Stavanger, var også politiet i andre nærliggjande byar viktige bidragsytarar, særleg galdt dette Kristiansand som sendte eit ikkje lite tal på tvangslemmar til Stavanger frå starten av. Opplysningar om kven som sto bak innsetjingane i Stavanger er kjend frå 1873. Skil ein ut talet på innsette etter initiativ frå politiet i Stavanger, nærmar talet på dei klassiske tvangslemmane og straffangane i byen Stavanger seg. I tillegg var det ein del innsette i Stavanger som ikkje var typiske tvangslemmer, men ordinære ”verdige” fattige, jamvel om dei som var innsette etter politivedtak dominerte.<sup>323</sup>

Mangelsgaarden i Christiania og tvangsarbeidsantalten i Stavanger var altså begge anstaltar som påførte fridomssanksjonar i eit omfang som låg nært eller høgare enn dei regulære straffanstaltane. Tvangsarbeid var ikkje straff og dermed ikkje handsama av rettssystemet. Men det var fridomssanksjonar påført enkeltpersonar dels frivillig og dels ufrivillig, og reint prinsipielt ikkje lett å skilje frå dei ordinære fridomsstraffane.<sup>324</sup> Omfanget totalt kjenner me ikkje til, men i alle fall i dei større byane har tvangsarbeidsanstaltane vore sentrale og vitnar om den viktige rolla dei hadde som fridomssanksjonerande anstaltar.

Figurane 4-9 og 4-10 ymtar også om årsak til innsetjing på tvangsarbeidsanstaltane. Eilert

<sup>322</sup> Utne 1981, tabell 6 s. 54.

<sup>323</sup> Utne 1981, s. 55f.

<sup>324</sup> Om ein frivillig bad om innsetjing, kunne ein likevel ikkje velje å forlate anstalten når ein først var innsett.

Sundt delte årsakene til innsetjing inn i elleve ulike kategoriar, der innsetjing etter fattiglovas paragraf 61 (drukkenskap og ørkesløyse) var den viktigaste. Andre viktige årsakskategoriar var frivillig innsetjing, avgjerd av fattigkommisjonar og rekvisisjon frå framande kommunar (Tabell 4-7).

**Tabell 4-7: Årsaker til innsetjing på tvangsarbeidsanstalten i Christiania 1853-68.**

	1853-58	1859-63	1864-68
§ 61	65.7	55.8	72.5
Frivillig	11.1	19.8	7.9
Fattigkom.	16.8	18.3	12.9
Andre	6.4	6.1	6.7
	100.0	100.0	100.0
	440	749	996

Kjelde: Sundt 1978, s. 146f.

Utne var ikkje like detaljert som Sundt i si inndeling av årsaker til innsetjing i Stavanger, men skil mellom politiet i Stavanger, Kristiansand og "andre myndigheter" for åra 1873-91. 84 prosent av innsetjingane (i alt 3313) vart gjort av politiet anten i Stavanger eller i Kristiansand, med ein stigande tendens frå byrjinga til slutten av perioden. Utne skriv at fattigkommisjonane slutta å bruke anstalten etter 1879.<sup>325</sup> Talet er ikkje heilt samanliknbart med Sundt sine tal over dei innsette etter paragraf 61. Sundt skilde ut dei som sjølv bad om å bli innsett, samt husville, som formelt kan ha vore innsett av politiet. Slår ein saman Sundt sine tal for frivillige innsette og innsette etter paragraf 61, utgjorde dei 78 prosent av alle innsetjingane 1853-68. Med tanke på at politiet hadde ein noko lågare andel i byrjinga ved innsetjing i tvangsarbeidsanstalten i Stavanger (1873-75 var den heilt nede i 68 prosent), synest årsakene til innsetjing å samsvare mellom dei to anstaltane.

Heile perioden sett under eitt var 21 prosent av dei innsette på tvangsarbeidsanstalten i Stavanger kvinner, noko som haldt seg nokså stabilt.<sup>326</sup> Dette samsvarte bra med det Sundt si undersøking i Christiania 1864-69. Han fann at 23.6 prosent var kvinner.<sup>327</sup> Kjønnfordelinga mellom tvangsarbeidarane skilde var temmeleg likt kjønnfordelinga blant dei straffedømde.

Utne tok ikkje med alder på dei innsette, men gav uttrykk for at gjennomsnittsalderen var aukande utover på 1860- og 70-talet.<sup>328</sup> Sundt presenterer ikkje tal som viser aldersfordelinga til dei innsette generelt, men alder ved første innsetjing etter sivilstand i året 1869 (Tabell

<sup>325</sup> Utne 1981, s. 56.

<sup>326</sup> Utne 1981, tabell 3 s. 51.

<sup>327</sup> Sundt 1978, s. 151.

<sup>328</sup> Utne 1981, s. 55.

4-8). Han gir såleis debutalder ved innsetjing. 39 prosent av dei mannlege innsette debuterte før dei var 30 år, samanlikna med 45 prosent av kvinnene. Skilnaden mellom gifte og ugifte menn avspeigla delvis omfanget av gifte yngre enn 30 år, men berre delvis. Det var ein overvekt av ugifte menn og kvinner uansett alder samanlikna med befolkninga i Christiania generelt, og særleg galdt dette kvinner over 30 år. Kvinner debuterte yngre enn menn, og ikkje minst var det langt meir uvanleg at kvinnelege tvangslemmar var gifte. Det er vanskeleg å samanlikne desse tala med dei innsette i straffanstaltane, men sett opp mot dei innsette i Botsfengslet der ein kunne identifisere maksimum debutalder, synest mennene å debutere langt seinare på tvangsarbeidsanstalten enn i straffanstaltane.

**Tabell 4-8: Alder ved debut på tvangsarbeidsanstalten i Christiania i 1869.**

	Menn			Kvinner		
	Gifte	Ugifte	Totalt	Gifte	Ugifte	Totalt
15-20	0.0	16.0	12.2	0.0	13.3	12.6
20-30	1.9	34.3	26.6	5.9	34.0	32.7
30-40	27.8	17.1	19.7	17.6	17.0	17.0
40-50	42.6	14.3	21.0	52.9	18.4	20.1
50-60	20.4	10.3	12.7	11.8	10.1	10.2
60-70	5.6	3.4	3.9	5.9	3.2	3.3
70+	1.9	4.6	3.9	5.9	4.0	4.1
	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
n	54	175	229	17	347	364

Kjelde: Sundt 1978, s. 152

Sundt sine oppgaver over alder er det næraste ein kjem ein longitudinell analyse av tvangsarbeidsanstaltane. I samband med utarbeidinga av debutalder, fann Sundt at 347 av 767 tvangslemmar vart innsett for første gong i 1869.<sup>329</sup> Det betyr at eit fleirtal hadde eitt eller fleire opphald på tvangsarbeidsanstalten frå før (55 prosent). Samtidig var det eit klart skilje mellom menn og kvinner. 58.4 prosent av mennene hadde opphald frå før, 45.6 prosent av kvinnene. Sundt hadde venta at fleire hadde opphald frå før, ettersom Mangelsgaarden vart rekna for å ha ein "fast" og "uforbederlig stok", særleg om vinteren.<sup>330</sup>

Sundt gir ein samanfattande karakteristikk av dei innsette som "drukenbolte og skjøger" som utgjorde "byens udskud", og gir uttrykk for at det fanns eit kjerne klientell som hyppig returnerte til anstalten.<sup>331</sup> Utne var meir forsiktig og karakteriserte dei mannlege innsette i Stavanger som arbeidslause, alkoholiserde og fattige. Med grunnlag i Alexander Kiellands omtale av kvinnene på anstalten, sett opp mot alder og formell innsetjingsårsak, meiner Utne

<sup>329</sup> Basert på Sundt 1978, s.152f.

<sup>330</sup> Sundt 1978. s.152.

at prostitusjon sannsynlegvis var den viktigaste innsetjingsårsaka for kvinnene. Han augnar også ei form for karriere for dei innsette – frå prostituert til tiggerske.<sup>332</sup> Arne Omsted gav i 1949 uttrykk for at Mangelsgaarden på slutten av 1800-talet var

*”av fengselsmessig art og belegget bestod for en vesentlig del av oftere straffede, tildels farlige forbrytere [...]”*<sup>333</sup>.

Kunnskapen om dei innsette i tvangsarbeidsanstaltar på 1800-talet kjem altså frå to ulike forskingsarbeid, Sundt og Utne sine, med over hundre års mellomrom, ikkje frå trykt statistikk. Det gjer nødvendigvis kunnskapen avhengig av problemstillingane dei to forfattarane la opp, som i mindre grad samsvarte med mine. Kunnskapen om dei innsette i tvangsarbeidsanstaltane er minst like avgrensa som for straffanstaltane. Dei undersøkingane som er foretatt, har rett nok tatt for seg alle innsette, i motsetnad til konsentrasjonen om straffearbeidsfangar for straffanstaltane, men med unntak av Sundt si eineståande undersøking av debutalder i Christiania 1869, er den longitudinelle kunnskapen om tvangsllemmane endå meir mangelfull enn for straffe(arbeids)anstaltane.

Bruken av fridomssanksjonar gjekk gjennom dramatiske endringar i Norge som i andre europeiske land i løpet av 1800-talet. Den steig dramatisk i første halvdel av 1800-talet, noko som reflekterte ein auke i talet på kriminalsaker. Vidare viser bruken ei endring i straffereaksjonane. Fridomsstraff vart etablert som dominerande straffereaksjon, samtidig som straffearbeid vart avløyst av fengsel på vatn og brød eller vanleg fangkost utover 1800-talet. Men straffearbeidet forsvann ikkje, i alle fall ikkje i første omgang. Det vart i staden nytta til forvaring av dei ein oppfatta som dei mest hardbarka og upåvirkelege kriminelle som skulle sone lengre straffar. Før 1842 var dei svært korte straffane (under seks månader) mest vanleg i straffearbeidsanstaltane. Etter den nye straffelova var det nettopp desse straffane som skulle sonast i fengsel, og dette medførte at straffearbeidsanstaltane fekk mindre gjennomstrøyming utover på 1800-talet. På tvangsarbeidsanstaltane i Christiania og Stavanger var talet på innsette aukande, i Christiania frå rundt 1860 og i Stavanger frå rundt 1865, og tvangsarbeid utgjorde ein stor del av dei samla fridomssanksjonane i desse byane.

Dei innsette, både straffangane og tvangsllemmane, har ein berre avgrensa kunnskap om. Når det gjeld straffangane har statistikk og litteratur konsentrert seg om kriminelle generelt eller dei innsette i straffearbeidsanstaltar spesielt. Tvangsllemmane finst det ikkje offisiell statistikk

---

<sup>331</sup> Sundt 1978, s. 152 og 145.

<sup>332</sup> Utne 1981, s.55.

<sup>333</sup> Arne Omsted: *Fra Mangelsgården til Sing-Sing. Iakttagelser og erfaringer hjemme og ute*, Oslo 1949, s.11

over, og litteraturen om dei er avgrensa. I tillegg er desse to gruppene av innsette undersøkt fullstendig isolert frå kvarandre. Kunnskapen om karriera til straffangar og tvangslemmar, og graden av anstaltkryssing, er difor mangelfull. Eg har som siktemål i denne avhandlinga å kartleggje karrierar til straffangar og tvangslemmar, og å undersøke graden av overlapping mellom desse to typane av anstaltar.

## 4.2 KUNNSKAPEN OM SANKSJONSGJEVARANE SINE MOTIV

Sjølv om kunnskapen om tildeling av fridomssanksjonar er relativt avgrensa, særleg når det gjeld den longitudinelle tilnærminga, så er det ein klar og tydleg kjennsgjering at fridomsstraff vaks fram som ein dominerande straffereaksjon på 1800-talet. Eg vil her sjå på kva som har vore sett på som motiva bak denne utviklinga.

### 4.2.1 Teoriar på framveksten av fridomssanksjonar

Dei eldre straffemåtane kan seiast å vere motivert av ønske om avskrekking og hemn og å vise monarkens uavgrensa makt, men også mildskap og nåde. Straffeeksekveringa trong ikkje ramme alle som braut lova, men enkelte for å statuere eksempel. Straff på kroppen og store seremonielle avrettingar og manifesteringar av makt verka imidlertid etterkvart mot sitt formål. Publikum fekk medynk med dei straffa i staden for å verte skremt. I tillegg gjekk opplysningstidas strafferettsfilosofi ut på at alle lovbrøt skulle straffast. Det skulle praktiserast likskap når det galdt straff. Med det gamle straffesystemet ville dette medført eit blodbad. Løysinga vart å ta straffa vekk frå det offentlege rom, føreta avrettingar bak lukka dører og setje i fengsel. David Rothman meiner at fengslet "redda" straffesystemet ved å erstatte straffar som hadde mista nytteverdi og legitimitet.<sup>334</sup> Det gamle straffesystemet var i ei krise fordi brutaliteten i dei gamle straffane ikkje lenger var legitime, men vart oppfatta som barbariske. Fengslet kom som eit reddande alternativ og ikkje noko som *fortrengte* det gamle straffesystemet. Fengslet kom slik til å fylle eit tomrom, og først etterkvart vart det gitt ei utforming og innhald etter nye prinsipp og brukt aktivt som instrument. Avsky for galgen, ikkje trua på innesperringa, førte til framveksten av fengsla. Avskrekking var framleis ei målsetjing.<sup>335</sup>

---

<sup>334</sup> David Rothman: *The Discovery of the Asylum. Social Order and Disorder in the New Republic*, Boston-Toronot-London 1990, s. xviii (revidert utgåve. Første gong utgitt 1971).

<sup>335</sup> David Rothman: "Perfecting the Prison: United States, 1789-1965" i *The Oxford History of the Prison. The Practise of Punishment in Western Society*, Oxford University Press 1998, s. 103.

Det sentrale spørsmålet i forskinga på framveksten av fengslet har vore kvifor akkurat fengslet kom til å fylle dette tomrommet. Svaret har vorte gjeve er at innesperring oppfylte visse funksjonar som gjorde at fengslet i første omgang ikkje berre vart dominerande, men også seigliva som straffeform. Eg stilte innleiingsvis opp fire teorisyntesar på kva funksjonar innesperringa oppfylte: Rehabiliterer for å reintegrere, disiplinere for å forme, framandgjere for å legitimere og til slutt internere for å uskadeleggjere. Eg vil gå gjennom ulike teoriar som fell inn under desse syntesane, men vil leggje til at det er glidande overgang mellom dei tre første teoritilnærmingane.

#### 4.2.2 Rehabiliterer for å reintegrere

Historia om framveksten av innesperring som dominerande straffeform vart lenge framstilt som “det godes” siger, prega av framstegstru og sivilisasjonsoptimisme. Innesperringa avskaffa dei gamle barbariske straffemåtane, dei nye fengsla skulle vere hygieniske, lyse og romslege. Straff skulle ikkje lenger berre vere hemn og avskrekking, men rehabilitering og omsorg for dei villfarne. Isolering i celler og rom for den kontemplative angeren, saman med opplæring i såvel verdslege kunnskapar som dei endå meir dominerande religiøse, gav tru på at fangane verkeleg skulle kunne vende tilbake til samfunnet som omvendt. Fengselssystemet skulle byggjast på menneskeverd, humanisme og nestekjærleik. Dette var dei samtidige reformatorane sin retorikk, og dette var dei neste generasjonane sin ‘dom’ over fengselssystemet. Fengselssystemet sin funksjon var å rehabiliterer lovbrytarar for å kunne reintegrere dei som velfungerande og produktive medlemar av samfunnet.

Målsetjinga om rehabilitering har aldri vorte oppgitt i fengselspleia, men det er vanskeleg å finne forskarar som legg ei eintydig humanistisk haldning til grunn for framveksten av fengselsvesenet og bruken av innesperring. Imidlertid finns ein del kulturelt funderte teoriar med visse likskapstrekk. Norbert Elias har beskrive korleis ei grunnleggjande mentalitetsendring over lang tid resulterte i dei kulturelle og psykologiske strukturane som er vanleg å omtale som den “vestlege sivilisasjonen”, og som forklarar transformasjonen i menneskeleg atferd.<sup>336</sup> Ein hovudtese i Elias sin siviliseringsprosess er at ytre restriksjonar og band vart avløyste av ein indre sjølvkontroll. Denne mentalitetsendringa var ikkje ein medviten prosess bore fram av enkeltpersonar eller ein artikulert plan, men eit superindividuell produkt av menneskeleg interaksjon.<sup>337</sup> Pieter Spierenburg og David

---

<sup>336</sup> Norbert Elias: *The Civilizing Process*, Oxford 1994. Utkom første gong i 1939.

<sup>337</sup> Elias 1994, s. 365ff.



Garland har bygd vidare på Elias' sine teoriar og sett på utviklinga av straff og innesperring som eit resultat av kulturelle endringar.<sup>338</sup> Spierenburg, som Elias, legg til grunn at det fann stad ein passifiserande prosess over tid. Samtidig skjedde det endringar i samfunnet, og særleg eliten, si kjenslevarsemd. 15-1600-talet var prega av utrygge samfunn der føydalistisk krigar-mentalitet og æresomgrep framleis stod sterkt, og toleransen for vald var stor.<sup>339</sup> På 1600-talet augnar Spierenburg, først som nølande skepsis, seinare som sjølverklært humanisme, ein kjenslemessig motstand mot vald og pinsler. Denne utviklinga avgrensar Spierenburg først og fremst til eliten:

*“the elites had reached a new stage and identified to a certain degree with convicts on the scaffold. These delicate persons disliked the sight of physical suffering: even that of the guilty”.*<sup>340</sup>

Eliten sin reaksjon var delvis å privatisere pinslene, dels å endre straffemåtane. Garland seier at reaksjonen mot den ukritiske “sigerssoga” var nødvendig og nyttig, men at avvisinga av fornuft og moralske overbevisningar som forklarande rammeverk rundt bruken av straff har vore altfor heftig. Vektlegginga av teoriar om sosial kontroll og dominering har skyggelagd den viktige rolla som kulturelle verdiar og oppfatningar har hatt ved formgjevinga av straffesystemet.<sup>341</sup> Vel kan avskaffinga av dei eldre brutale avstraffingane forståast som at dei ikkje lenger passa inn i samtida sine herskarstrategiar. Men dominerande oppfatningar av kva som er moralsk akseptable straffereaksjonar i dagens vestlege samfunn ville uansett gjort det uråd å innføre slike avstraffingsmåtar på nytt, om det hadde høvd inn i moderne herskarstrategiar. Ein fordel med å sjå på straff som eit komplekst kulturprodukt, meiner Garland, er at ein kan ta reformatorane sin eigen retorikk på alvor.<sup>342</sup> Strafferettspleien, og utøvarane av den, er underlagte ein form for straffekultur. Denne kulturen er ei lausleg samanblanding av teori, røynsler, institusjonell visdom og profesjonelt ‘bondevett’. Dei viktigaste berarane av denne kulturen er dei sentrale figurane innanfor straffe- og rettspleien, som retts- og fengselspersonell. Det avgjerande for den praktiske utøvinga av straffepleien var treninga, utdanninga og den sosiale oppsedinga av utøvarane, som til dømes dommarar og fengselsvoktarar. Garland sitt poeng er at desse ikkje levde i eit kulturelt vakuum, men vart påverka av ein breiare kulturell kontekst og den folkelege opinionen.

---

<sup>338</sup> Pieter Spierenburg: *The Spectacle of Suffering: Executions and the Evolution of Repression*, Cambridge 1984 og David Garland: *Punishment and Modern Society. A Study in Social Theory*, Oxford 1990.

<sup>339</sup> Spierenburg 1984, s. 13 og 54.

<sup>340</sup> Spierenburg 1984, s. 204.

<sup>341</sup> Garland 1990, s. 196f.

<sup>342</sup> Garland 1990, s.198.

### 4.2.3 Disiplinere for å forme

Med opplevinga av at det moderne fengslet faktisk var alt anna enn humant på 1950-talet, vart også oppfatninga av fengselsreformane som eit naturleg steg i humaniserande retning for alvor utfordra.<sup>343</sup> I staden for ei forståing av fengsla som ein institusjon som skulle rehabiliterer for å reintegrere, vaks det fram nye teoriar der disiplin og påverknad framleis var sentralt, men målet for dette vart omdefinert. Rehabilitering inneber disiplinering og har som mål å forme enkeltindivid. Slik er teorien om å rehabiliterer svært nærskyld teorien om å forme. Men her finns likevel nyansar. Rehabiliterer for å reintegrere vil seie å føre *lovbrytaren* tilbake til samfunnet, og fokus og målet for innesperringa er den enkelte lovbytar. Ein skal føre lovbytare tilbake til ein normalsituasjon. Ved disiplinering for å forme er den innsette det konkrete disiplineringobjektet, men ikkje det endelege målet for disiplineringa. Det er samfunnet, ikkje først og fremst dei enkelte lovbytarane, som skal normaliserast. Denne teorien bygger på ei oppfatning av at samfunnet ved framveksten av fengslet var i ei form for sosial krise som eit resultat av store og hurtige endringsprosessar som resulterte i normoppløysing.

David Rothman bygde framstillinga i *The Discovery of the Asylum. Social Order and Disorder in the New Republic* frå 1971 på ein slik teori, og følgde dette opp i ein nyskriven introduksjon til same boka i 1990 og i *The Oxford History of the Prison* i 1998.<sup>344</sup> Fængsel og mentalinstitusjonar baserte seg begge på (ufrivillig) innesperring, og vart hovudmekanismen for såvel straff som behandling, og er fundert på dei same organisatoriske prinsippa. Framveksten av asyla og fengsla har ei felles historie og vert forklart med ein felles teori.<sup>345</sup> Hovudtesa i Rothman si bok er at tiltrua til den sosiale organiseringa av den amerikanske republikken på 1820-30-talet var i oppløysing. Den gamle samfunnsordenen var basert på hierarki og statiske sosiale strukturar. Born var nøgde med deira posisjon i samfunnet og følgde i foreldra sine fotspor. Politikk vart overlatt til dei som var trent til det, familien var basert på disiplin og orden. Sjølv om det også i det koloniale Amerika var manglande samsvar mellom samfunnsteori og røyndom, var det først rundt 1830 at det amerikanske samfunnet sjølv oppdaga det. Samfunnet var vorte meir dynamisk enn før, med større geografisk og sosial mobilitet. Familiefedrene mista den disiplinerande autoriteten i familien, anten fordi dei var for opptatte av sosio-økonomisk avansering eller fordi borna flytta ut av familien for å etablere seg sjølve tidlegare enn før. Amerikanarane flytta på seg, ut til “The

---

<sup>343</sup> Rothman 1998, s. 114.

<sup>344</sup> David Rothman: *The Discovery of the Asylum. Social Order and Disorder in the New Republic*, Boston 1971, her i opptrykk frå 1990 med nyskriven introduksjon til 1971-utgåva. Rothman 1998.

<sup>345</sup> Rothman 1990, s.xxivff.

Frontier” og inn til byane, samtidig som store massar av innvandrarar kom med ei tru på framsteg og sosial klatring.<sup>346</sup> Den gamle ordenen vart for alvor utfordra, og ein frykta at dei sosiale nettverka som lokalsamfunnet, kyrkja og familien representerte, ville forvitte og vere ute av stand til å utøve sosial kontroll. Denne frykta vart forsterka av omfanget av kriminalitet, fattigdom, avvik og galskap ein såg rundt seg.<sup>347</sup>

Svaret på dei samfunnsmessige utfordringane vart ifølgje Rothman innesperring i asyl og fengsel. Institusjonane skulle etablere ro og orden, punktligheit og presisjon, basert på nøysemd, flid og arbeid. Slik skulle institusjonane dels ha behandlande funksjon (forming gjennom disiplinering), dels almennpreventiv, men ikkje minst fungere som ein modell for god samfunnsorganisasjon og orden for samfunnet som heilskap. Først på 1820-talet, med eksperimenteringa med nye fengslessystem (Auburn og Philadelphia), vart reform og påverknad, ikkje som tidlegare avskrekking, hovudmålsetjinga med straff og innesperring.<sup>348</sup>

Rothman ser ikkje på den sosiale oppløysinga og innføringa av det disiplinerande fengslet som eit resultat av klassestrid. Sjølv om det var middel- og overklasse, grupper med etablerte sosiale posisjonar i samfunnet som i stor grad artikulerte synspunkta offentleg, reflekterte dei ein ålmen frykt for moralsk oppløysing, snarare enn redsel for at økonomiske interesser var truga:

*“[...] their fear of disorder was far more a fear of moral dissoluteness than of class warfare; it was the weakened authority of the family and the community, not the aggressive demands of a submerged laboring class, that frightened them.”<sup>349</sup>*

Hjå Rothman har innesperringa ein konservativ funksjon, det skal hindre oppsmuldringa av den beståande, men truga, sosiale orden. Michael Ignatieff følgde denne teorien opp eit stykke på veg i sitt arbeid frå 1978.<sup>350</sup> Også han forklarar framveksten av innesperring med behov for nye kontrollformer under inntrykk av krise i Storbritannia etter 1815. Dei sosiale banda var i oppløysing i dei tradisjonelle jorbruksområda, i dei framveksande fabrikkområda og i London.<sup>351</sup> I jordbruksområda kom dette til uttrykk i lausgjengeri, pauperisme og kriminalitet. I London var også det sosiale trykket stort og det braut tidvis ut oppløp som politiet hadde vanskeleg for å hanskast med. I industribyane i nord var arbeidsmarknaden

---

<sup>346</sup> Rothman 1990, s. 127.

<sup>347</sup> Rothman 1990, s. xxx.

<sup>348</sup> Rothman 1998, s. 106.

<sup>349</sup> Rothman 1998, s.108.

<sup>350</sup> Michael Ignatieff: *A Just Measure of Pain: The Penitentiary in the Industrial Revolution*, London 1978

<sup>351</sup> Michael Ignatieff: "State, Civil Society and Total Institutions" i *Social Control and the State* (S. Cohen & A. Scull, red.), New York 1983, s. 88ff.

nært knytt opp til enkeltindustriar som bomull- og tekstilproduksjon, og dermed uhyre utsett for konjunktursvingingar og etterspurnaden i marknaden. Tidsvis massearbeidsløyse truga med samanbrot i den disiplinerte arbeidsmarknaden. Framveksten av anstaltar måtte etter Ignatieff si meining forståast i lys av styresmaktene si frykt for at det stabile samfunnet ville bryte saman og at eit antagonistisk klassesamfunn ville oppstå. Bak reformarbeidet augnar Ignatieff ei rad ulike drivkrefter og motiv, frå evangeliske ønske om å frelse til ønske om å skape ein disiplinert arbeidsstyrke tilpassa den nye arbeidsrytmen i fabrikkssystemet.<sup>352</sup>

*“[...] its support rested on a larger social need. It had appeal because reformers succeeded in presenting it as a response, not merely to crime, but to the whole social crisis of a period, and as part of a larger strategy of political, social, and legal reform designed to reestablish order on a new foundation.”<sup>353</sup>*

Uansett vart det opplevd som nødvendig at staten overtok “oppsedinga” og disiplineringa av befolkninga der dei gamle paternalistiske banda var gått i oppløysing. Kriminalitet var ikkje eit resultat av ondskap eller synd, men av moralsk forvitring av samfunnet og medfølgjande sosiale krisetilstandar. Gjennom å understreke skilnaden på rett og galt gjennom innesperring, restituerte ein orden i det kaoset som truga. Fengslet og innesperringsanstaltar var slik delvis med på å fylle eit tomrom, disiplinen i den gamle paternalismen, slik også Rothman meinte. Men samtidig kan ein seie at disiplineringa, i alle fall for enkelte av reformatorane, hadde som mål å skape noko nytt. I overgangen til eit industrielt samfunn, basert på klokkesdisiplin og fabrikkssystem, var det nødvendig å forme og tilpasse samfunnsmedlemene til det nye produksjonssystemet. Ein måtte disiplinere for å tilpasse, og her var innesperringsanstaltane eigna verkemiddel.

*“Nor was it accidental that these state institutions so closely resembled the factory [...] The intensification of labor discipline went hand in hand with the elaboration of the freedom of a market in labor [...] Given the economic, ideological, and social connections between prison reformers and the new industrial employers, it is not surprising that the reformers assumed that a prison should be run like a ‘well-ordered manufactory’ [...] In this way, penal and industrial discipline developed along the same trajectory of severity.”<sup>354</sup>*

Sjølv om Ignatieff i 1978 identifiserte og vektla denne drivkrafta, var han berre få år etter skeptisk til å forklare framveksten av fengselsvesenet med behovet for ei disiplinert arbeidsstyrke aleine. Fabrikken og fengslet likna på kvarandre fordi både styresmakter og arbeidsgjevarar delte dei same prinsippa “about the regulation of the body and the ordering of time.”<sup>355</sup> I same artikkelen frå 1983 kritiserte han revisjonismen i synet på framveksten av fengslet, altså dei som stilte spørsmål ved den tidlegare framstillinga av fengslet som ei

---

<sup>352</sup> Ignatieff 1983, s. 88ff.

<sup>353</sup> Ignatieff 1978, s. 210.

<sup>354</sup> Ignatieff 1978, s. 215.

humanitært motivert reform. Revisjonistane identifiserte han til Rothman, Foucault og seg sjølv (1978). Kritikken var i første rekke ei åtvaring mot einfaktor-forklaringar:

*“The real challenge is to find a model of historical explanation which accounts for institutional change without imputing conspiratorial rationality to a ruling class, without reducing institutional development to a formless ad hoc adjustment to contingent crisis, and without assuming a hyper-idealist, all-triumphant humanitarian crusade.”*<sup>356</sup>

I 1983 uttrykkjer han at årsakene til at fengslet og innesperringa vaks fram var meir komplekse enn kva han meinte i 1978, og særleg galdt det vektleggjinga av fengslet som ein eit reiskap for kontrollere ein arbeidarklasse.<sup>357</sup> Særleg synest ei oppdaging av at refs og sosial kontroll i stor grad var horisontalt initiert og kom etter påtrykk frå andre medlemmar i same sosiale gruppe, i tillegg til den vertikalt påførte sanksjonen, å gjere Igantieff skeptisk til ein-sidedig å sjå på fengslet som eit reiskap og middel for ei styresmakt.<sup>358</sup>

#### 4.2.4 Framandgjere for å legitimere

Å rehabilitere for å reintegrere er eit motiv for innesperring som er filantropisk motivert, og målet for påverknad er den som vert utsett for innesperring. Både Rothman og Igantieff (1978) bygger forståinga av innesperringa på teoriar om ei form for skjult agenda, fundert på utøving og konservering av makt. Målsetjinga var ikkje først og fremst å disiplinere enkeltindivid, men ein superindividuell samfunnsorden. Det gjeld definitivt også Michel Foucault sine teoriar. Det sentrale i hans teori er at målet for straff flytter seg frå kropp til sjel. I staden for dei gamle straffemåtane med vekt på pinsler, vart straffa retta mot lovbrytaren si sjel. Dette skjedde av ulike grunnar. Også Foucault ser at dei gamle straffereaksjonane mista legitimitet.<sup>359</sup> Samtidig endra lovbrot seg i andre halvdel av 1700-talet i takt med endringar i produksjonstilhøve og kapitalakkumulasjon. Den tidlegare toleransen for å “ta seg fridomar” forsvann med ei større verdsetjing av eigedom enn tidlegare. Formålet med straff var ikkje lenger herskaren sin hemn, men vern av borgarskapet sine interesser.<sup>360</sup> Vernet bestod av å overtale forbrytaren til ikkje å begå lovbrøt i strid med desse interessene. Behovet for overtaling gjorde det nødvendig å overføre straff frå kropp til sjel, noko som igjen gav behov for nye kontrollformer. Samtidig var det i styresmaktene si interesse at det vart utført visse lovbrøt. Fengsla produserte forbrytarar, men ein forbrytartype som styresmaktene kunne kontrollere, og som ein kunne styre aktiviteten til. Disiplineringa i

---

<sup>355</sup> Ignatieff 1983, s. 93.

<sup>356</sup> Ignatieff 1983, s. 77.

<sup>357</sup> Ignatieff 1983, s. 92.

<sup>358</sup> Ignatieff 1983, s. 96.

<sup>359</sup> Michel Foucault: *Overvåkning og straff. Det moderne fengsels historie*, Oslo 1995, s.59.

form av innesperring hadde som viktigaste mål å vere “en metode til å få kunnskap om, mestre og dra nytte av andre mennesker.”<sup>361</sup> Foucault bruker mykje plass på å vise korleis dette konkret vart oppnådd gjennom innesperringa: klassifisering, modulisering (løpande tilpassing av straffene), arbeid, opplæring og oppfølging.<sup>362</sup> Fengslet, og allment straffane, hadde ikkje som mål å hindre lovbrøt generelt, men å skilje enkelte av desse ut og nyttegjere seg dei. Fengsla var mislukka som verkemiddel for å avgrense kriminalitet, men var med sine stigmatiserande konsekvensar vellukka i å produsere kriminalitet. Innesperringa gjorde det mogleg, ikkje å utrydde kriminalitet, men å kontrollere den. Ein kunne lage ei

*“relativt begrenset og lukket gruppe individer som kan holdes under konstant bevoktning. Det er dessuten mulig å pense denne innkapslete kriminalitet inn på ufarlige former for lovstridig virksomhet: Den strenge kontrollen driver forbryterne bort til samfunnets randsoner, og tvinger dem til å holde seg der. Redusert til usikre eksistensvilkår, uten forbindelse med en befolkning som hadde kunnet støtte dem [...] faller forbryterne uavvendelig tilbake på en lokalisert kriminalitet, som ikke virker forlokkende, er politisk ufarlig og økonomisk betydningsløs.”*<sup>363</sup>

Målet var altså å få fram ein form for kriminalitet som kunne kontrollerast. Fengsel og politi er her nært knytt saman. Politiet rekrutterte lovbrøytarar til fengslet, som på si side igjen forvandla desse til forbrytarar, til “angrepsmål og hjelpesmenn for politikontrollen, som jevnlig sender noen av dem tilbake til fengslet igjen.”<sup>364</sup> Målsetjinga med fengslet, og det som gjer at det har overlevd trass i at det på mange måtar var mislykka, er altså evna det gir til å kontrollere samfunnet, meir enn å kontrollere den enkelte lovbrøytar. Slik representerer Foucault ei blanding mellom teorien om å disiplinere for å forme og teorien om å framandgjere for å legitimere.

For Foucault er utskiljinga og ekskluderinga av ei gruppe personar som blir forma i egne interesser sentralt, samtidig som trusselen frå den same marginaliserte gruppa overfor samfunnet legitimerer eit politisk kontrollapparat. Her har Foucault klare tilknytingspunkt til den engelske skule innan historisk kriminalitetsforskning. Den kanskje fremste representanten for denne skulen er V.A.C. Gatrell som i 1980 var medredaktør av *Crime and the law: the social history of crime in Western Europe since 1500*.<sup>365</sup> Boka hadde eit ideologisk program, der kriminalitet vart oppfatta som eit resultat av produksjonsforhold, og kriminelle ikkje berre som resultat av dei herskande eigeidomstilhøva, men som ei nyttig utgruppe for å legitimere

---

<sup>360</sup> Foucault 1995, s. 71ff.

<sup>361</sup> Foucault 1995, s. 132.

<sup>362</sup> Foucault 1995, s. 240f.

<sup>363</sup> Foucault 1995, s.247.

<sup>364</sup> Foucault 1995, s. 250.

<sup>365</sup> V.A.C. Gatrell: ”The Decline of Theft and Violence in Victorian and Edwardian England” i *Crime and the Law. The Social History of Crime in Western Europe since 1500*, London 1980.

makt og kontroll. Medan teoriane eg har presentert tidlegare la vekt på å vise korleis innesperringa la til rette for å påverke og disiplinere dei innsette, er den engelske skulen meir opptatt av kvifor ein *sanksjonerte*, meir enn av sanksjonsform.

Gatrell sjølv påviste nedgangen i tjuveri og vald i England frå midten av 1800-talet, i strid med det rådande synet, at auka urbanisering og mobilitet førte til lausare sosial kontroll og auka kriminalitet.<sup>366</sup> Denne nedgangen stod også i kontrast til samtida si sterke fokusering på dei kriminelle og det som blei oppfatta som den farlege klassa. Gatrell avviste ikkje eksistensen av såkalla profesjonelle kriminelle, men oppfatta debatten omkring ei kriminell klasse som eit nyttig hjelpemiddel for den herskande klassa til å kontrollere arbeidarklassa.<sup>367</sup> Dei profesjonelle kriminelle var færre enn samtida trudde og utgjorde ingen subkultur med sær eigen livsstil skilt frå den allmenne arbeidarklassa. Her fanst ingen grenser mellom subkulturane, i alle fall ingen som ikkje vart kryssa begge vegar. Kriminalitet var ein supplementær måte å skaffe seg inntekter på i avgrensa fasar og situasjonar, der ein særleg kan tale om ein dialektikk eksponert gjennom arbeid-arbeidsløyse-fattigdom-kriminalitet. Dei kriminelle var ein integrert del av den større og meir ålmenne arbeidarklassa.

Jennifer Davis følgde i same boka opp med å analysere korleis dei såkalla moralske krisene vart nytta for å byggje opp myter om den farlege og kriminelle klassa, korleis slike kriser "serve to 'amplify' deviance and to promote new measures for its control".<sup>368</sup> I 1862 fokuserte avisene på ei rekkje ran i London og skapte slik inntrykk av ei kriminell bølge. Resultatet var offentleg frykt for denne bølga. Med utgangspunkt i slike panikkar vart lovene utvida og gav styresmaktene større kontroll med massane, legitimert nettopp gjennom samfunnets behov for vern mot dei farlege. Med desse hendingane kulminerte også bruken av omgrepet "kriminell klasse".<sup>369</sup> Davis viser korleis panikken var medieskapt og utan rot i ei verkeleg kriminalitetsbølge. Tvert om var det panikken som skapte ei tilsynelatande bølge. Først etter

---

<sup>366</sup> Gatrell 1980, s.238ff.

<sup>367</sup> Gatrell 1980, s.264f.

<sup>368</sup> Jennifer Davis: "The Londond Garotting Panic of 1862: A Moral Panic and the Creation of a Criminal Class in Mid-Victorian England" i *Crime and the Law. The Social History of Crime in Western Europe since 1500*, London 1980, s. 191.

<sup>369</sup> J.J.Tobias: *Crime and Industrial Society in the Nineteenth Century*, Penguin Books 1972, s. 59ff seier at omrepet "Criminal Class" dukkar opp på 1820-talet og blir i aukande grad brukt utover saman med meir eller mindre synonym som "Dangerous Classes". Omgrepet er særleg knytta til Storbritannia, mellom anna pga Mayhew som på sundtske manerar føretok feltstudier i dei fattigste områda, særleg i London (Mayhews hovudverk var *London Labour and London Poor* frå 1864). S.J. Stevenson knyter framveksten av omgrepet til bortfallet av deportasjon. Ettersom Australia ikkje lenger var villig til å ta imot kriminelle, og Amerika var stengt allereie i hundreåret før, måtte leve saman med dei kriminelle. Særleg knyter Stevenson framveksten til 1850-talet, og han meiner den første gongen omgrepet "Criminal Class" blei brukt var i 1851 (S.J.Stevensen: *The 'Criminal Class' in the Mid-Victorian City*, Oxford 1983, note 1 side 1).

den sterke fokuseringa på kriminalitet byrja talet på saker å stiga, og nettopp kravet om handling førte til strengare tiltalar og større grad av domfelling samanlikna med tida før fokuseringa. Davis ser på bruken av stigmatisering ("labelling") som ein medviten strategi frå den herskande klassa. Gjennom splitt og hersk skulle ein overvinne dei lågare klassane.<sup>370</sup> Trusselen som den engelske herskande klassa følte på 1850- og 60-talet var eit resultat av at transporterenga av straffangar til Australia hadde stoppa opp og at 'den menneskelege kloakken' blei slept laus i Storbritannia.

Desse kriminalitetshistorikarane er mindre interesserte i dei kriminelle enn i dei som gav dei merkelappen "kriminelle". For desse var og er det interessante "how labels [som 'criminal' og 'criminal class'] are manufactured and applied". Dette var oppfatta å vere "of greater importance than who criminals were".<sup>371</sup> I følge Gatrell er kriminalitetshistorie i stor mon historia om korleis overklassa disiplinerer den underlegne arbeidarklassa og korleis denne eliten brukte utvalde kriminelle for å legitimere sin eigen autoritet.<sup>372</sup> På 1800-talet, meiner Gatrell, fekk staten ein sterkare kontroll med det kriminelle systemet og det utbygde politiapparatet blei eit verktøy i dette. Dei kriminelle rettferdiggjorde autoritære sanksjonar mot anti-sosiale og dermed farlege handlingar mot det beståande frå dei fattige. Stemplinga av lovbrutarane som kriminelle og medlemar av ei kriminell klasse fungerte sjølvoppfyllande, slik at desse etterkvart også identifiserte seg sjølve som medlemar i ei kriminell klasse.<sup>373</sup>

Dette ideologiske funderte synet på "den kriminelle klassa" og sanksjoneringa av den, er seinast forfekta av David Taylor i 1998:

*"[...] the identification and marginalization of these 'threats' [altså den kriminelle klassa] to society helped to legitimize the state and its increasingly visible agents, the police".<sup>374</sup>*

Der Gatrell snakker om "politistaten", snakker Taylor, med teoretisk hjelp frå Foucault, om "den disiplinerande staten", men resultatet blir det same:

*The public concern with the threat of crime was accompanied by a growing desire to identify the type of person responsible for criminal activity [...]. This concern with the criminal led to scapegoating of certain groups and to the creation of mythical types upon whom could be heaped the blame for the myriad ills of society [...] [T]he criminal underworld was, with the possible exception of London, a literary construction. The evidence of the courts does not*

---

<sup>370</sup> Davis 1980, s. 192.

<sup>371</sup> Gatrell i epost til forfattaren 31.08.1999.

<sup>372</sup> V.A.C. Gatrell: "Crime, authority and the police-man state", band 3 i *The Cambridge Social History of Britain 1750-1950*, Cambridge University Press 1990, s.245.

<sup>373</sup> Gatrell 1990, s. 320.

<sup>374</sup> Taylor 1998, s. 5.



*reveal a distinct criminal class. Rather, it suggests that criminals were drawn from the more marginal and more vulnerable sectors of ordinary society.*<sup>375</sup>

Kritikken mot bruken av omgrepet ”den kriminelle klasse” var ikkje berre ideologisk fundert, men har også vorte følgt opp reint empirisk. Kritkarane viste at dei kriminelle og den såkalla kriminelle klassa ikkje skilde seg ut frå arbeidarklassa elles. S.J. Stevenson undersøkte i ei doktoravhandling frå 1983 den ”kriminelle klassa” i deler av to engelske byar, London og Birmingham med utgangspunkt i *the Habitual Acts* av 1869 og 1872.<sup>376</sup> Dei repetitive kriminelle var sterkt integrert i samfunnet elles:

*“The evidence of this chapter is directed towards refuting that mid-Victorian belief that, in general, such criminals 'had no ties of kin ... no home,' 'know of no society but their own,' 'harboured 'only with those of similar tastes,' 'one of a brotherhood leagued together by the bond of common enjoyment, common interest, dommon danger’.”*<sup>377</sup>

Dei vanekriminelle levde i staden i ei verd prega av ein dualistisk moral.<sup>378</sup> På den eine sida vart ein prega av venner i same alder, av menn og kvinner med ein mindre heldig påverknad. På den andre sida var ein prega av foreldre og ektefeller som forsøkte å påverke til eit meir 'moralske' levesett. I dette skjæringspunktet av påverknad frå sosiale omgjevnader gjekk det føre seg ein kamp som drog dei vanekriminelle att og fram:

*“All along that line which separated the criminal opportunists and their actions from the 'awesomely respectably' living in the same districts, battles were probably being waged in which criminal sub-cultures and associations were alternately reinforced, then freshly assailed, first reinforced by imprisonment and its consequent stigmatization, next assailed by influences from within the family. Some considerable pressure might be exerted.”*<sup>379</sup>

Meir enn å tilhøyre eit lukka og eksklusivt miljø, hadde det store fleirtalet av repetitive kriminelle ein bakgrunn der familieverdiane sannsynlegvis var dei same som i den 'respektable' delen av samfunnet, og også frå nabolag som rett nok kunne vere fattige, men som ikkje var spesielt kriminelle.<sup>380</sup> Den såkalla vanekriminaliteten utført av 'den kriminelle klassa' vart gjort innimellom andre formar for sysselsetjing.

Clive Emsley var heller ikkje framand for ei ideologisk forklaring på framveksten av omgrepet *kriminell klasse*, men presenterte også ein meir deskriptiv kritikk.<sup>381</sup> Han argumenterte i første rekke mot bruken av omgrepet 'klasse' i denne samanhengen. Dette

<sup>375</sup> Taylor 1998, s. 48ff.

<sup>376</sup> Stevenson 1983.

<sup>377</sup> Stevenson 1983, s.310. Sitata er frå ein avisartikkel i 1857.

<sup>378</sup> Stevenson 1983, s. 331.

<sup>379</sup> Stevenson 1983, s. 338.

<sup>380</sup> Stevenson 1983, s. 346.

<sup>381</sup> Clive Emsley: *Crime and Society in England 1750-1900*, London 1987.

omgrepet forutsette ei mykje større og meir homogen gruppe enn kva som røyndeg eksisterte.<sup>382</sup> Han viste til at historiske undersøkelser av både Stevenson og Davis som konkluderte med at det ikkje var noko distinkt skilje mellom dei kriminelle og arbeidarklassa generelt.

Emsley følgde dette opp med observasjonen om at kriminalitet i første rekkje vart utført av menn frå dei fattigare delane av arbeidarklassa og at det var ein mellombels aktivitet, ofte utløyst av økonomiske vanskar og situasjonsbetinga høve til å stjele. Ikkje berre var kriminell aktivitet avgrensa og mellombels, men dei kriminelle utgjorde heller ikkje eit eige sosialt nettverk, åtskilt frå meir tradisjonelle basert på familie, arbeid og nabolag.<sup>383</sup> Emsley konkluderte:

*"Most thefts, and most crimes of violence, cannot be attributed to profession criminals; nor is it helpful to think of these offences as committed by a group which can, in any meaningful sense, be described as a class".*<sup>384</sup>

Også Gatrell poengterte at dei repetitive kriminelle og den 'ærlege' arbeidarklassa hadde felles sosiale nettverk og livsløp.<sup>385</sup> Denne medvitne framandgjeringa, for ikkje å seie demoniseringa, av ein utvald, men i røynda tilfeldig del av arbeidarklassa, hadde sin funksjon. At denne framandgjeringa skjedde gjennom fengsling og innesperring, var altså meir underordna. Det sentrale var å manifestere eksistensen av ein trussel gjennom å produsere sanksjonar.

#### 4.2.5 Internere for å uskadeleggjere

Ei fjerde tilnærming til innesperring er synet på at interneringa har som formål å uskadeleggjere. Tilnærminga har også sine likskapstrekk med både Foucault og den engelske skulen, nemleg strategi om å ekskludere, men motiva er likevel ulike. I staden for å ekskludere for å kontrollere samfunnet, ønsker ein her å ekskludere for å beskytte samfunnet. Individ som vart oppfatta som ein trussel vart tatt ut av sirkulasjon for ein periode og gjort ute av stand til å utføre uønska handlingar. Denne tilnærminga har sitt teoretiske opphav i den såkalla italienske krimnologiske skulen.<sup>386</sup> For denne skulen var kriminalitet deterministisk bestemt utfrå biologiske og arvemessige eigenskapar ved lovbyrtaren som også gjorde rehabilitering problematisk. Straff vart derfor ei form for sosialt sjølvforsvar og dødsstraff var

---

<sup>382</sup> Emsley 1987, s. 71.

<sup>383</sup> Emsley 1987, s. 134.

<sup>384</sup> Emsley, 1987, s. 135f.

<sup>385</sup> Gatrell 1990, s. 303.

<sup>386</sup> Sjå t.d. Ragnar Hauge: *Straffens begrunnelser*, Oslo 1996, s. 183ff.

difor nødvendig i visse uforbederlige samanhengar. Innesperring fungerer likeins som ein uskadeleggjering ved å fjerne “den fødde forbrytar” frå samfunnet. Den italienske skulen er knytta til siste fjerdedelen av 1800-talet, og påverka såleis ikkje framveksten av innesperringa som dominerande straffeform. Men ønsket om å fjerne eit onde ved hjelp av innesperring, kan likevel ikkje utelukkast også i min periode. Den eskalerande straffereaksjonen ved gjentaking er eit klart teikn på det.

#### 4.2.6 Den norske tilnærminga til bruken av innesperring

Utviklinga av og formålet med fridomsstraff spesielt har fått langt større merksemd enn dei innsette, både i samtida og i forskingslitteraturen. For perioden før fridomsstraff fekk gjennomslag har Marit Slyngstad undersøkt funksjonen til tukthuset i Christiania 1741-63 gjennom ein analyse av dei innsette tukthuslemmane. Tukthuset var på denne tida meir ein tvangsarbeidsanstalt enn straffanstalt og heimla i fattiganordninga. Slyngstad konkluderer med at staten sitt mål med innesperringa i denne anstalten var å få bukt med grupper i samfunnet som representerte problem, økonomisk, moralsk og ordensmessig.<sup>387</sup> Formålet med straff og framveksten av fridomsavgrensinga på 1800-talet har i den norske forskingslitteraturen vore underordna ei empirisk undersøking av kriminaliteten.<sup>388</sup> Ein finn obligatoriske øvingar i kriminologisk historiografi med vekt på spørsmålet om kvifor det finst kriminalitet, ikkje kvifor ein straffar eller kvifor fengsel vaks fram som dominerande straffeform. Eit unntak er Ola Hope, i hans tilfelle med vekt på bruken av dødsstraff. Hope stiller opp to årsaksmodellar som kan forklare avviklinga – basert på humanisme og disiplin. Humanismen er uttrykk for auka sivilisering – dødsstraffen lot seg ikkje legitimere, den var for brutal. Den andre vektlegg kontrollperspektivet. Det moderne fengslet erstatta dødsstraff og gav eit meir effektivt kontrollinstrument. Han konkluderer at sivilisering heilt klart var ei medverkande årsak til at dødsstraffen vart avskaffa, men han er forsiktig med å hevde at det var hovudårsaka. Styresmaktene si aukande satsing på alternative straffe- og kontrollmekanismer førte til at dødsstraffa vart avskaffa. Ein hadde god kontroll med dei kriminelle ved hjelp av fengsel og straffearbeid.<sup>389</sup>

---

<sup>387</sup> Slyngstad. 1994, s. 240.

<sup>388</sup> Eit unntak er Erling Sandmo som presenterte Foucault og kritikken mot Foucault i “Foucaults fengsel” i *Historisk Tidsskrift* band 71 1/1992. Ragnar Hauge (*Straffens begrunnelser*, Oslo 1996) har skrive om bruken av straff frå antikken til moderne tid og den endra grunngevinga for straffa som følgte. Men hans framstilling har som mål å vere ei innføring i andre sine synspunkter, og tek ikkje stilling til nokon av teoriane sjølv.

<sup>389</sup> Hope 2001, s. 109.

Tvangsarbeid har i Norge ikkje vore gjenstand for like mykje forskinga som kriminalitet og straff generelt, men to arbeid er verdt å nemne i ein teoretisk samanheng. Eilert Sundt grunn gav til dømes bruken av tvangsarbeid overfor fantane med dei disiplinerande og behandlande fruktene det ville medføre. Men det skulle ikkje berre fungere rehabiliterande, men også “befri Samfundet en Stund for Fanernes Plage”, og slik opnar Sundt opp for at ein i samtida såg på dei ulike anstaltane som ein måte å uskadeleggjere individ med uønska atferd.<sup>390</sup>

Georges Midré var ikkje oppteken av fridomsavgrensing som straff, men å undersøke ”avgrensingsinstitusjonane”, det vil seie dei mekanismane som skilde dei verdige frå dei uverdige trengande i tildeling av offentlege ytingar.<sup>391</sup> Så lenge ein hadde ytingar som ikkje var universelle, men behovsprøvde, måtte samfunnet ha slike mekanismar. Tvangsarbeidsanstaltane på midten av 1800-talet hadde sin viktigaste funksjon som avgrensingsansalt, ein moralsk test på om ein var verdig, og ein oppbevaringsanstalt for dei uverdige. Men Midré tek opp Sundt si tru på tvangsarbeidsansaltane sin disiplinerande og behandlande rolle. Midré drøftar ikkje desse påstandane og er sjølv utydelig i standpunkt, men skriv:

*”De behandlende og rehabiliterende målsettinger var likeledes klart til stede. Utkomme, straff, lønnsomhet og hjelp til selvhjelp. Alle disse mål skulle anstalten oppfylle for å ivareta den overordnede hensikt: å redusere fattigutgiftene.”*<sup>392</sup>

For Midré forblir likevel tvangsarbeidsanstaltane ein avgrensingsinstitusjon, den fekk ei passiv rolle i å teste dei som ønskte å motta ytingar. Det var ikkje ein aktiv institusjon som medvite vart nytta for å disiplinere og sanksjonere, eller rehabilitere for den del. Dette var tilleggfunksjonar når tvangsløsmen først var innesperra.

Teoriane som knyter innesperringa an til oppfatninga av ei sosial krise og nødvendet av å normalisere eller tilpasse samfunnet, har sitt utgangspunkt i Storbritannia og USA. Her kan det vere relevant å snakke om sosiale krisetilstandar. Storbritannia var på byrjinga av 1800-talet i ferd med å bli sterkt industrialisert og sosialt differensiert. Rundt 1830 var det sosiale trykket sterkt og dette utløyste også sterke samfunnsmotsetningar. Tilsvarende samfunnsmotsetningar fanst ikkje i USA, men den voldsomme ekspansjonen vestover saman med sterk innvandring gav eit veldig dynamisk samfunn der fråver av tradisjonelle band og strukturar kan ha vorte opplevd som kritisk og trugande. Norge kom aldri i nærleiken av noko

---

<sup>390</sup> Eilert Sundt: *Fante- eller Landstrygerfolket i Norge*, Christiania 1852, s. 330.

<sup>391</sup> Midré 1990.

liknande. Riktig nok auka proletariseringa utover på 1800-talet og husmannsvesenet nådde klimaks på midten av hundreåret. Opposisjonen var likevel først og fremst konservativ. Eit unntak var Thrane-rørsla som nok vart oppfatta trugande av styresmaktene, men denne var relativt kortvarig og kom i etterkant av starten på reformarbeidet. Rothman såg også framveksten av anstaltane som noko typisk amerikansk i si første utgåve av *The Discovery of the Asylum* frå 1971. Under påverknad frå seinare forskning valde han i 1990 å sjå på framveksten av anstaltane som ei parallell utvikling i dei vestlege landa.<sup>393</sup> Uansett har Rothman og Ignatieff sine teoriar utgangspunkt i heilt særigne historiske kontekstar, som ikkje var til stades under det tilsvarande reformarbeidet i Norge.

Fattigdomsproblemet, og opplevinga av det som trugande, kan sjølvsagt likevel ikkje avvisast. Tvangsarbeidsanstaltane, som nettopp vart heimla i fattiglovene, vart motivert utifrå ønske om å ha eit handlekraftig motsvar mot fattigdomsproblemet. Dei ulike sosiale rammene reformane vart utmeisla innafor, ser ikkje Tove Stang Dahl på som grunnlag for å avvise teoriane sin gyldigheit for Norge. Ho karakteriserte det sosialpolitiske reformarbeidet i Norge på 1800-talet, inkludert fattig- og straffepolitikken, først og fremst som eit resultat av idéimport.<sup>394</sup> Sjølv om samfunnsstrukturar og sosiale tilhøve i Norge kunne vere svært så forskjellig frå andre vestlege land, og då særleg Storbritannia, så var forståinga av problema og dei praktiske løysingsforslaga svært like. Det reformarbeidet som i Storbritannia var oppfatta som nødvendig for å reparere og førebyggje negative konsekvensar av industrialisering og samfunnsending, vart i Norge innført meir tilfeldig i den forstand at dei ikkje var nødvendige på same måten ettersom samfunnsproblema ikkje var dei same. Parallelt med import av idéar og praktiske løysingiltak, innførte ein ei oppfatning av kva samfunnsproblem ein hadde. Slik kan frykt for sosialt kaos vere ein like gyldig forklaring på reformane i Norge, sjølv om det norske samfunnet aldri var i nærleiken av ein slik situasjon.

Teoriane som vektlegg maktaspektet, som særleg Foucault og Gatrell representerer, er også problematiske, om enn på eit meir generelt grunnlag. Foucault er veldig objektorientert i sitt perspektiv. Objekta for maktbruken, dei som vert utsett for disiplinering, er lette å få auga på, medan dei eigentlege aktørane forsvinn og blir ikkje subjektivisert. David Garland viser i sin kritikk at Foucault av og til nyttar omgrep som signaliserer aktørane ('the state', 'the dominant class', 'the bourgeoisie'), men at dei ofte forblir marginalt subjektivisert. Tvert om

---

<sup>392</sup> Midré 1990, s.114.

<sup>393</sup> Rothman 1990, s.xl.

<sup>394</sup> Dahl 1978, s. 105ff.

finn Garland Foucault sitt maktomgrep merkeleg apolitisk.<sup>395</sup> Makt er for Foucault noko flytande som oppstår der sosiale relasjonar er til stades og som ikkje er lett å knyte opp til konkrete strukturar. For Gatrell og hans engelske skule er derimot både strukturane og aktørane tydelege. Rettsvesenet og fengselsvesenet er der den herskande klassa (borgarskapet) sitt verktøy for å undertrykkje ei arbeidarklasse og derved konservere strukturar. Dette er klargjerande, men aukar ikkje nødvendigvis relevansen for tilnærminga.

Den noko dogmatiske einfaktortilnærminga desse står for er ikkje utan vidare overbevisande, i alle fall ikkje i Norge. David Garland representerer ei mangefaktor-tilnærming til bruken av straff generelt og bruken av fridomsavgrensing spesielt, og ei breitt anlagt tilnærming til bruken av fridomsavgrensing synest mest fruktbar:

*“Then, as now, penal policy was shaped by a variety of ends – such as justice, economy, vengeance, forgiveness, charity, evangelism, and so on – and had to find a way of combining rational strategies with the demands of legal culture, popular sentiment, and ritualistic tradition.”*<sup>396</sup>

Men Garland avviser ikkje at også straffepolitikken hadde som mål å kontrollere oppførsel til avvikarar og potensielle avvikarar, men dette var berre éitt av mange mål. Samtidig må ein gje Pieter Spierenburg rett i at det er mogleg å kombinere eit krav om meir human utøving av straffepleien med ei ønske om større kontroll.<sup>397</sup> Slik treng det ikkje vere nokon motsetnad mellom ønske om å rehabiliterer og ønske om å kontrollere.

#### 4.2.7 Frå teori til empiri

Dei ulike teoretiske perspektiva presentert ovanfor har mange tilstøyttingspunkt, og det må også seiast å ha klare overlappingar. Mi eiga tilnærming til teoriane har fokus på sanksjonsmottakarane og korleis dei faktisk vart tildelt sanksjonar, og ikkje i første rekke på lovgjevararar og –handsamarar gjennom deira artikulerte eller skjulte motiv for å tildele sanksjonar. Teoriane fokuserer mest på det siste og dannar derfor i min samanheng i første rekke ei forståingsramme og leverandør av problemstillingar til det individuelle mottaket av sanksjonar. Samtidig er spørsmålet om den faktiske bruken av sanksjonar avspegla nokon av dei teoretiske perspektiva eit bakteppe i den empiriske analysen.

---

<sup>395</sup> Garland 1990, s.170.

<sup>396</sup> Garland 1990, s 163f.

<sup>397</sup> Spierenburg 1984, s.184.

Denne framstillinga er sterkest prega av Garland sin mangefaktor-teori, og er open for at sanksjonsbruken hadde fleire ulike formål. I Bergen opna anstaltsystemet for at fleire faktorar spela inn når det gjaldt tildeling av og formålet med bruken fridomssanksjonane. Det er nødvendig å sjå dei prinsipielt ulike typane av anstaltar, basert på straff og tvang, i samanheng. Vart desse brukt ulikt og mot ulike grupper i samfunnet, eller utgjorde dei eit heilskapleg og integrert sanksjonssystem brukt overfor dei same gruppene? Høvet til å setje folk inn i seks månader utan dom gjorde tvangsarbeidsanstalten ualminneleg godt eigna til å uskadeleggjere enkeltpersonar over ein ikkje ubetydeleg periode. Dette gjaldt både personar som vart oppfatta som vanekriminelle og kvinner som dreiv utukt i strid med retningslinene for prostitusjonen. Fekk tvangsarbeidsanstalten tillagt ein slik funksjon som alternativ til straff?

Dei ulike måtane å organisere dei ulike anstaltane på, først og fremst tvangs- og straffearbeidsanstaltane på den eine sida og det moderne celle-baserte fengslet på den andre sida, er også sentralt. Etter at det nye fengslet vart opna i samsvar med fengselslova, var tilhøva lagt langt betre til rette for disiplinering og ikkje minst rehabilitering av dei innsette i samsvar med dei rådande prinsippa om avsondring og klassifisering. Særleg innsetjing i det gamle fengslet kan vanskeleg seiast verken å ha hatt disiplinierende eller rehabiliterande effekt. Dei forholdsvis korte fengselsstraffane betyr at det heller ikkje hadde vidare funksjon som uskadeleggjerande tiltak. Tilbake stod i beste fall ein noko arkaisk funksjon som avskrekkande instrument. Det same må også til dels seiast om straffearbeidsanstaltane. Innhaldet var her eit anna enn i fengslet. I tillegg til arbeid, kunne både prest og lærar virke på dei innsette over tid. Organiseringa som fellesanstaltar motarbeidde likevel både den disiplinierende og rehabiliterande evna anstaltane hadde. I motsetnad til fengslet, var straffelengda så lang at dei var effektive for å uskadeleggjere enkeltpersonar. Tvangsarbeidsanstalten hadde avgrensa innsetjingstid, og vanskeleggjorde påverknaden av dei innsette. Styresmaktene viste heller ikkje den same interessa for å fylle denne anstalten med intellektuelle aktivitetar. Spørsmålet om korleis opninga av det nye fengslet spelte inn på den praktiske tildelinga av sanksjonar er dermed interessant. Er det noko som tyder på at det moderniserte fengslet fekk ein annan funksjon enn det gamle?

Tvangsarbeidsanstalten var ein utveg for å handtere akutte sosiale problem, anten husmangel, gatebråk, bråk innan familie og/eller alkoholisme. Tvangsarbeidsanstalten kunne lære vekk kva "gode dydar" var ved klart å markere kva "dydar" som ikkje var gode. Typisk for Foucault og den engelske skulen var at initiativet til innesperring kom "ovanfrå." Det var

agentar i maktstrukturen som handla overfor marginaliserte grupper. Men initiativet kunne også kome frå personar som stod den innsette nært, som familie og nabolag. Catharina Lis og Hugo Soly viste at initiativet til innsetjing i tukt- og tvangsarbeidshus i Nederland på 1700-talet ofte nettopp var familie og naboar, noko som også vart eit poeng hjå Ignatieff.<sup>398</sup> Var innsetjing i straffanstaltar og særleg tvangsarbeid eit uttrykk for at foreldre og andre føresette “gav opp” og sa frå seg ansvaret for sosiale og/eller moralske problem? I så fall kan ein seie at fridomssanksjonar like mykje var eit klart signal overfor born, slektningar og naboar, som eit ønske om å rehabiliterer eller ”refse”. Interessant i denne samanhangen er at bruken av fridomssanksjonar også må forklarast i eit samfunnsmessig horisontalt og ikkje berre eit vertikalt perspektiv. Innesperring var ikkje berre eit resultat av eit maktapparat sitt ønske om å refse, men også at det breie lag av samfunnet skyv eit problem frå seg og overlet det til styresmaktene. Innhaldet i og organiseringa av tvangsarbeidet umogleggjorde nokon form for disiplinering i andeleg forstand. Men det kunne fungere disiplinerande i den forstand at ein ”øvde” samfunnsmedlemmane opp i å forstå grensene for akseptabel og uakseptabel livsførsel, og at denne funksjonen i like stor grad sprang ut frå allmugen i byane sine egne behov som styresmaktene sine.

---

<sup>398</sup> C. Lis & H. Soly: *Disordered Lives. Eighteenth-Century Families and their Unruly Relatives*, Cambridge 1996.



## 5 KJELDER OG METODE

I dette kapitlet vil eg gå gjennom dei sentrale kjeldene og metoden som er nytta for å lenke kjeldeopplysningar saman. Den longitudinelle analysen baserer seg på kompilering av enkeltbiografiar, eller karrierer, for dei som mottok fridomssanksjonar. Ei slik kompilering av biografiar vert normalt kalla ein prosopografisk metode. Eg vil gå gjennom kva kjelder ein har til disposisjon i analysen av fridomssanksjonar og kva som er innhaldet i desse kjeldene. Eg vil også kort presentere andre kjelder som er lenka opp mot kjeldene etter sanksjonsanstaltane for å skape biografiane. Når ein lenker inn opplysningar frå ulike kjelder, vil ein raskt få motstridande opplysningar om den enkelte. Eit yrke kan naturlegvis variere frå år til år, likeins bustad, men fødestad og fødeår er konstante verdiar. Korleis kodar ein konstante verdiar når desse faktisk varierer i kjeldene? Sjølve lenkinga av opplysningar mellom kjeldene er ikkje uproblematisk og medfører ein del val. Eg vil vise korleis denne lenkinga gjort, og kva val eg har føretatt.

### 5.1 KJELDER TIL FRIDOMSAVGRENSING

Som grunnlag for analysane har eg dataregistrert protokollar over straffangar og tvangslemmar i Bergen som dekker tida 1850-75. Alle desse protokollane kjem frå arkiva etter dei ulike anstaltane ved Statsarkivet i Bergen og i Bergen byarkiv. Det finst eit svært omfattande kjeldemateriale som registrerer slike fridomssanksjonar, først og fremst for straffeanstaltane. Eg vil derfor drøfte bruksverdien dei ulike kjeldene har i min samanheng og grunnleggje mitt eige val av kjelder.

Ein detaljert inngang til dei enkelte kriminalsakene er dei ordinære justisprotokollane frå byrett og overordna rettsinstansar, i tillegg til politiretten. Fordelen med desse er detaljnivået. Dette gjev inngåande kjennskap til alle saker det var reist tiltale i, både i dei tilfella der dei tiltalte vart dømde og der dei vart frikjende. Vidare vil dette materiale avdekke alle former for sanksjonar på lov- og vedtektsbrot, inkludert både betalte og ubetalte bøter. Verdifulle er også den detaljerte gjennomgangen av saka ein får i dei fleste tilfelle, som bakgrunnen for brotet og ulike demografiske opplysningar om den tiltalte og kven ein eventuelt har handla saman med. Ulempa er at materialet er omfattande og lite strukturert. Mange av opplysningane lar seg lett strukturere for analysering, men må uansett identifiserast og skiljast ut. Vidare vil det vere problematisk å følgje eit omfattande tal saker på vegen gjennom ankeinstansar i rettssystemet. Byretten anka inn til stiftsoverretten og deretter til Høgsterett. Saker i

politiretten vart anka direkte til Høgsterett, og dette kjeldematerialet etter høgsterett finst på Riksarkivet i Oslo. Ein sanksjon var ikkje formell før den var rettskraftig, og det å avklare om ein dom i ein underrett vart rettskraftig, er eit omfattande arbeid ved eit stort datamateriale. Ein kan sjølvsagt velje å berre nytte dommar i underretten og ikkje bry seg med om ein person faktisk vart dømd eller ikkje til slutt, og følgjeleg heller ikkje om ein eventuell fridomsanksjon vart eksekvert.

Den fullstendige karakteren og detaljrikdomen til rettsmaterialet er sjølvsagt verdfull og spanande, men samtidig eit problem som krev ei avgrensing av materialet. I tillegg til ei avgrensing i tid, må ein føreta ei geografisk avgrensing. Her vil jurisdiksjonane utgjere naturlege grenser og i min samanheng er byretten og politiretten i Bergen ei naturleg avgrensing. Byretten og politiretten handsama ulike saker. Dommar i politiretten førte normalt til bøter, og i ei undersøking av fridomsavgrensing ville dermed byretten (justissakene) vere eit naturleg val. Men dette er problematisk, særleg i Bergen. Bøter førte til soning i fengslet når dei ikkje vart betalte. I tillegg hadde politiretten i Bergen fram til 1867 høve til å dømme i mindre kriminalsaker (første gongs simpelt tjuveri).<sup>399</sup> Ved å velje ut rettsprotokollane frå byretten vil ein dermed miste ei hovudgruppe av kriminalsaker, ved å inkludere politiretten vil ein få eit overmåte stort materiale. Også ei utskiljing av kriminalsakene frå politiretten ville framleis medført eit avskrekkande stort arbeid.

Ettersom mitt fokus ikkje er på kriminalitet generelt eller domfelling for den del, men på sanksjonsmottakarane og eksekveringa av fridomssanksjonar, er rettsprotokollane lite eigna, både på grunn av utvalsproblem og manglande kjennskap til straffe-eksekvering. Eg har difor vald å gå rett på kjelder som registrerte straffefullbyrding. Fordelen med desse er at ein kan vere viss på å ha registrert den endelege sanksjonsavgjerda. Vidare er dette kjelder som er strukturerte, om enn i noko varierende grad. Identifisering av relevant informasjon går kjapt og mogleggjer registrering av eit stort materiale. Ulempa er at ein altså mister ein del informasjon som rettsprotokollane har og som ville vore nyttig. Ei anna ulempe, varierende etter anstalt, er registreringa av innsette som i og for seg ikkje er relevant i karriereanalysen. Dette gjeld først og fremst straffeanstaltane der tukthuset og særleg slaveriet har større geografiske rekrutteringsområde og dermed innsette utan tilknytning til analyseområdet utover det å sitje innesperra der. Den manglande detaljrikdomen i opplysningane kan for straffearbeidsanstaltane avhjelpast gjennom bruk av domsakter.<sup>400</sup> Her vil ein få utskrifter frå

---

<sup>399</sup> Rescript 9.10.1811 (Wessel Berg 1845).

<sup>400</sup> SAB: Bergen Strafanstalt, Domsakter 1816-85.

rettsprotokollane, ikkje berre frå den aktuelle saka som førte til innsetjing, men alle kjende saker som vedkomande har vore domfelt for tidlegare, uansett jurisdiksjon. Ved ein meir detaljert analyse av dei innsette i straffearbeidsanstaltane vil derfor domsaktene vere ei betre kjelde enn rettsprotokollane. Bruk av domsaktene vil imidlertid gi ein del av dei same problema som rettsprotokollane, først og fremst arbeidet med å skilje ut og strukturere informasjon. Men mest problematisk er avgrensinga til berre straffearbeidsanstaltane. For Mid- og Nordhordland sorenskriveri har ein domsakter for dei innsette i fengslet. For dømde i Bergen byrett er domsaktene ved innsetjing i fengslet tapte i brann. I tillegg følgjer domsaktene kvar enkelt fange, og desse kan derfor vere å finne i arkiv etter kva som helst straffeanstalt i landet.

Sjølv om valet mellom å bruke førstehands rettsprotokollar/domsakter og andre fortegnelsar med utdrag er avklart, er det framleis ei rekkje val å ta i avgrensinga av kjeldematerialet. Fortegnelsane er av to hovudtypar. Den eine er lister over personar som er eller har vore under tiltale for justislovbrot, den andre er lister over personar som er innsett i ulike straffeanstaltar, anten etter endeleg dom eller som varetekt.

Den første typen fortegnelsar finn ein først og fremst i Riksarkivet som innberetningar frå dei lokale jurisdiksjonane.<sup>401</sup> Desse kriminalfortegnelsane er problematiske å bruke, dels av dei same grunnane som rettsmaterialet. For det første gav dei ein oversikt over kven som hadde vore eller var under justisaksjon kvart enkelt kvartal. Fleire personar hadde ei sak gåande over fleire kvartal, og dermed også over fleire fortegnelsar. Dette gjer dei uoversiktlege med referansar på tvers av dei enkelte fortegnelsane, alt etter om ei sak var avgjort eller ikkje. Dette medfører eit stort arbeid ved ei eventuell registrering. Data-assistert lenking mellom fortegnelsane basert på referansar og til dels namn ville letta arbeidet, men uansett ville det medført unødvendig mykje registrering. Ved bruk av desse listene må ein også vurdere kor store område ein skal registrere for, anten avgrense til Bergens jurisdiksjon åleine, eller eventuelt til det kringliggjande omlandet i tillegg. Fortegnelsane har rubikkar for alder og yrke, men begge desse synest vere svært varierende ført. Dette gjeld særleg for dei innførslene der saka ikkje var avgjort, og som dermed kan ha alder ført i ein av dei andre innførslene. Alder synest også mest konsekvent ført i dei alvorlegaste sakene. Eit klart problem med desse listene er at dei ikkje har geografiske opplysningar, utover jurisdiksjonen tiltalen vart reist i. Dei opplyser verken om fødestad eller heimstad til dei enkelte. Andre

---

<sup>401</sup> RA: JPD. Kriminalkontor A, Fa. Kriminalfortegnelser.

utvalsproblem er kva personar ein skal velje ut. Ein kan ta med alle, både tiltalte som fekk tiltalen fråfallen eller som vart frikjende, eller berre dei dømde. I siste fall må ein igjen ta stilling til om ein skal ta med bøtedømde (og forsåvidt dei som vart dømde til risstraff eller andre straffar), eller berre dei som mottok fridomsavgrensande sanksjon. I min samanhang er det siste eit naturleg val.

Den andre hovudtypen av fortegnelsar er protokollar og innberetningar over personar som i løpet av året har vore innsett i dei enkelte anstaltane. Slike finn ein dels lokalt, dels i Riksarkivet.

For tvangsarbeidsanstalten er dei originale protokollane over innsette fram til 1889 å finne ved Byarkivet i Bergen. Seinare finn ein fortegnelsar over tvangslemmar ved Statsarkivet i Bergen, ført av presten. Frå og med 1876 sende presten ved arbeidsanstalten lister til det nyoppretta fengselsstyret med opplysningar om dei innsette tvangslemmane.<sup>402</sup> Desse listene har detaljerte opplysningar over namn, yrke, sivilstand, heimstamn, autoritet ved innsetjing, kva distrikt ein var innsett frå, årsaka til innsetjinga, tidslengd, når innkomen og når lauslaten, kva ein arbeidde med i anstalten, eventuelle straffar i anstalten og til slutt merknader. Desse listene skil seg frå protokollen ved å mangle opplysning om fødestad, samt ein del administrative opplysningar som kostnader, kven som betalte, når og kor lenge ein midlertidig var vekke frå anstalten til dømes i arrest eller på sjukehus. Uansett starta desse fortegnelsane etter min undersøkingsperiode, og dei lokale protokollane er her einaste kjende oversyn over tvangslemmar i Bergen.

For straffangar har ein imidlertid ei rekkje ulike seriar av protokollar og lister. Her er så mange at det vanskeleggjer å få oversyn over kva som er tilgjengeleg, kva som er ført i dei enkelte protokollane, og kva formål dei enkelte kjeldeseriane hadde.

### 5.1.1 Riksarkivet – innsende lister

I 1875 vart det oppretta eit ekspedisjonssjefembete for *Afdeling for Strafanstalt og Fængselsvæsenet*, seinare kalla Fengselsstyret. Ein rekke eldre arkivseriar vart med denne etableringa overflytta til fengselsstyret, sjølv om ikkje alt tok denne vegen. Innsende oppgåver over straffangar i Riksarkivet finn ein derfor dels under *Kriminalkontoret* (fram til 1859) og dels dels under *Fængselsstyret*.

---

<sup>402</sup> RA: JPD. Fengselsstyret, Kontor D, 1814-1958, Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907.

Under Kriminalkontoret finn ein av- og tilgangslister fram til 1859.<sup>403</sup> Dette er lister med forholdsvis lite informasjon om den enkelte. Typisk er namn, lovbrott og når ein kom inn og vart slept ut. I tillegg finn ein her konduitelister 1848-50, altså oversikt over alle som anten sat inne i ein straffeanstalt eller kom inn i løpet av eit år.<sup>404</sup> Desse konduitelistene finst frå og med 1851 i arkivet etter Fengselsstyret.<sup>405</sup> Konduitelistene startar med innførsler for alle som sat inne ved byrjinga av kvart enkelt år, og etterfølgjande nyinnsetjingar. Dei er av stor interesse, og har omfangsrik informasjon om dei enkelte fangane. Mellom anna får ein her vite heimstad, sivilstand, alder, om ein har barn, og korvidt ein tidlegare har vore straffa. Kopiar av desse innsende listene finn ein også lokalt ved Statsarkivet i Bergen, dels i listeforamt, dels i protokollforamt.<sup>406</sup> Dei same opplysningane finst også i protokollane over slaveriet lokalt. Ulempa med å nytte konduitelistene er at dei er avgrensa til straffearbeidsanstaltane. Ein alternativ strategi til å nytte berre dei lokale protokollane ved innsetjing i straffeanstaltar, ville vore å velje konduitelistene og registrert kun nyinnsetjingar dei ulike åra, i tillegg til protokollane for fengslet og tvangsarbeidsanstalten.

### **5.1.2 Statsarkivet – lokale straffangeprotokollar**

Ved Statsarkivet i Bergen ligg dei originale protokollane over innsette i dei ulike straffeanstaltane i Bergen. Også her finn ein ulike seriar av protokollar som dels har ulikt innhald, og som registrerte ulike typar av sanksjonar. Ein kan i hovudsak skilje mellom ulike varetects- og nattarrestprotokollar på den eine sida, og protokollar over straffangar på den andre sida.

I den første typen kjelder finn ein sjølv sagt langt fleire enn dei som etterkvart vart straffedømde. Ved varetects fengsling skilde ein mellom politiretten og byretten, altså mellom dei som vart fengsla mistenkt for politimisferder og mindre kriminallovbrott, og dei som vart fengsla for brott mot kriminallova. Ein førte separate protokollar for desse fengslingane.<sup>407</sup> Informasjonsstrukturen var den same i dei to kjeldeseriane, jamvel om opplysningane ikkje var konsekvent ført ved innsetjing. I tillegg til namn, stand, alder, heimstad og signalement, har protokollane kolonner for tidspunkt, heimel, forbrytelse, arrestomkostningar etc. Desse

---

<sup>403</sup> RA:JPD. Kriminalkontor A.Fb. Diverse vedr. straffanstalter .Til- og avgangslister.

<sup>404</sup> RA: JPD. Kriminalkontor A.Fb. Diverse vedr. straffanstalter . Liste over fanger. Konduitelister.

<sup>405</sup> RA: JPD. Fengselsstyret, Kontor D.

<sup>406</sup> SAB: Bergens Strafanstalt (Tukthuset): Fortegnelse over kvinnelege og mannlege fangar som sat inne ulike år 1850-71 (boksar) og 1872-85 (protokollar).

protokollane omfattar sjølvsagt langt fleire enn protokollar over straffangar, ettersom også personar som ikkje vart straffedømde, men fekk saka fråfalt eller vart frikjende, også er inkludert. På den andre sida vart ikkje alle straffedømde varetektsfengsla. Bruken av varetekt er svært interessant, også i min samanheng, men arbeidsmessig lar det seg ikkje gjere å inkludere dette materialet i mi undersøking.

Nattarrestantprotokollane er registrerte dei politiet valde å arrestere av ulike grunnar.<sup>408</sup> Slik kunne nattarresten vere første stoppestad i meir alvorlege saker. Som mistenkt for til dømes tjuveri kunne ein bli innsett her natta over før avhøyr og eventuell overføring til varetekt fann stad. I dei fleste tilfella dreidde det seg likevel om tilfelle av drukkenskap og anna form for politiuorden, og som enda med lauslating etter betalte arrestomkostnader dagen etterpå, eventuelt ilegging av bøter eller også overflytting til tvangsarbeidsanstalten. Også denne kjeldeserien er naturlegvis av interesse, men arbeidsmengda hindrar igjen ei registrering av dette materialet.

Preste-embetet ved Bergens straffeanstaltar vart oppretta i 1841, og som hjelp i arbeidet med sjelearbeidet og den andelege påverknaden presten var meint å skulle bidra med, førte han protokollar over fangar. 1849-70 førte presten eit manntal over fangar som sat i dei sivile varetektsarrestane.<sup>409</sup> Dette er ingen straffangeprotokoll, men eit oversyn over varetektsfangar frå Bergen, Nord- og Midhordland som presten kom i kontakt med. Også i denne protokollen finn ein ulike opplysningar, som namn, alder, heimstad og yrke. I tillegg har den opplysning om sjølve opphaldet i varetektsarresten, som tidspunkt, årsak, samt kva kontakt presten hadde med vedkommande og korleis presten vurderte sjeletilstanden. Protokollen er rimeleg gjennomført på alder og har ein svært spennande del om sjelstilstanden til fangane. Ulempa er at den altså ikkje dekker alle innsette i straffeanstaltane, berre dei som vart innsett etter først å ha vore i varetekt, og berre fram til 1870. For tukthuset og slaveriet førte presten eigne protokollar som grunnlag for sjeleomsorgen.<sup>410</sup> I tillegg må også kopibøkene til presten nemnast.<sup>411</sup> Dette var kopiar og dels samandrag av brev presten

---

<sup>407</sup> SAB: Bergen Kretsfengsel (Bergen distr.fengsel 1867), I.A.a. Varetekstprotokollar for bytingsarresten og I.A.b. Varetekstprotokollar for Bergen Politiarrest.

<sup>408</sup> SAB: Bergen Kretsfengsel. I.B. Nattarrestanter (Eigen protokollserie frå 1867).

<sup>409</sup> SAB: Prestearkivet arkiv etter Bergens Straffanstalt og Bergenhus Straffanstalt. Mandtal over de i Bergens civile Arrester hensiddende fanger, 1849-70.

<sup>410</sup> SAB: Bergens straffanstalt (Bergens Tugthus), Manntal over fangar i Bergens Tugthus 1841-1885. Desse finns i ulike protokollar og med ulike nemningar; Mandtalsprotokoll 1841-45, Sjeleregister 1845-52, 1852-61, 1861-72, Mandtalsprotokoll 1872-85, Mandtalsprotokoll over kvindelige Fanger 1841-60. For slaveriet: SAB: Bergenhus Slaveriet. Manntal over slavane på Bergenhus 1841-1852, 1852-77.

<sup>411</sup> SAB: Bergens Straffanstalt: Kopibog for udgaende Skrivelser fra Fængselspræst-Embedet i Bergen 1841-67 og 1868-85. Også tilgjengeleg som faksimilie på url <http://www.hist.uib.no/fengselspresten>.

sende til andre instansar. Mange av desse breva omhandla straffangar, og dei mest innhaldsrike breva om dei enkelte fangane er skrivne i samband med søknad om overflytting til botsfengslet eller benådning.

### 5.1.3 Innsette i fengslet

Ordinære straffangeprotokollar finst for dei ulike straffeanstaltane særskilt. For fengslet startar slike protokollar i 1825.<sup>412</sup> Men dei første protokollane er svært inkonsekvent ført og var i første rekke protokollar over varetekt før fengslet slo gjennom som dominerande straffeform etter 1842. Frå og med 1844 finn ein systematiske protokollar med kolonneførte opplysningar og varetektsfangane skild heilt ut. Berre faktiske straffangar, altså personar som sat fengsla som resultat av ein dom, var att.<sup>413</sup> Protokollane har felt for namn og stand som i tillegg til namn inkluderte yrke og heimstad. Vidare har dei opplysningar om kor tid fengslinga fann stad, kva heimelen for fengslinga var og kva brotsverk som låg til grunn, type straff, dimmisjonstidspunkt og dimmisjonsårsak. I tillegg har protokollen også nokre administrative opplysningar, som kven som fekk rekninga for fengselsopphaldet. Frå og med protokoll nr 2, som starta i 1851, er skjemaet trykt. Innhaldet er likevel det same, med unntak av at ein også spør kvar lovbrotet fann stad. Denne siste opplysningen er likevel berre unntaksvis ført ved innsetjing. Med protokoll 3 frå 1873 vart spørsmålet om kvar lovbrotet fann stad utskilt frå feltet om heimel og lovbrot, og føringa av opplysningen vart praktisert konsekvent. Straffangeprotokollane har eg registrert for perioden 1850-75.

### 5.1.4 Innsette i tukthuset

Arkivet etter tukthuset i Bergen er mangfoldig og for ein stor del uordna. Dette gjer det problematisk å få fullt oversyn over kva som finns og kva som var formålet med dei ulike delane av arkiva. Arkivet er dominert av administrative tilhøve ved sjølve drifta av anstaltane. Det vart ført ein nitidig kontroll med sjølve arbeidsdrifta, både over materiale som vart nytta, og kvar enkelt fange sin produksjon. Elles finst protokollar over fangar innlagt på sjukehus, straffeprotokollar, protokollar over undervisninga generelt og den enkelte fange si deltaking spesielt, karakterar og kommunikantprotokollar. I tillegg førte som nemnt presten sine eigne protokollar over dei innsette med sine merknader om sjeletilstanden. Vidare finn ein ulike lister og protokollar over innsette og lauslatne fangar.

---

<sup>412</sup> SAB: Bergen Kretsfengsel, I.D.a.1-4 Protokollar over Straffanger i Bergen.

<sup>413</sup> SAB: Bergen Kretsfengsel, I.D.a.2. Protokoll over Straffanger i Bergen, 1844-51. For bytingsarresten finst eigne varetektsprotokollar frå 1819, for politiarresten frå 1842.

Hovudprotokollane over innsette i tukthuset dekker åra 1777-1838 og 1838-85.<sup>414</sup> Desse hadde relativt få felt. I tillegg til eit løpenummer, vart ”De Indkomne Fangers Navne, efter hvilken Dom for hvilken Forbrytelse” ført i eit eige felt, og innsetjingstidspunkt, straffelengd og dimmisjon ført i tre ulike felt. Protokollen har førenamnsregister over dei innsette. Protokollen fangar 1838-85 har vore utgangspunktet for dataregistreringa av innsette i tukthuset. Parallelt førte ein av- og tilgangsprotokollar som hadde varierende informasjonsstruktur, men som normalt er knappe i opplysningane, dei mangla til dømes opplysningar om sjølve lovbrøtet og domsavgjerdane, men refererte til tukthusprotokollane.<sup>415</sup> Av- og tilgangsprotokollen som dekkar perioden 1849-78 var likevel innhaldsrik og hadde mellom anna opplysningar om signalement der opplysning om fødestad var sentralt.<sup>416</sup> I dataregistreringa over innsette på tukthuset har eg supplert opplysningar om fødestad frå denne protokollen.

Som nemnt finst dei same konduitelistene over tukthuset også lokalt ved statsarkivet i Bergen. Desse listene oppsummerte ved utgangen av kvart år kven som i løpet av året hadde vore innsette som fangar. Hadde eg vore oppmerksom på desse listene på eit tidlegare stadium, ville eg vurdert å registrere desse i staden for tukthusprotokollen. I motsetnad til konduitelistene ved Riksarkivet som var i ein slik forfatning at dei vanskeleg ville latt seg kopiere og tolke alle innførslene, er dei lokale listene i god stand. Sjølve formatet på listene ville likevel ha vanskeleggjort kopiering til eit handterleg format for registrering.

Dei ulike kjeldeseriane, med sine skiftande innhald, vanskeleggjer fullgod oversikt over dei enkelte fangane utan ei omfattande krysskopling mellom ulike protokollar og lister. Arbeidsmengda gjer at dette berre let seg gjere i avgrensa grad.

### 5.1.5 Innsette i slaveriet

Opphavet til slaveriet som straffeanstalt er ukjend, men dei første protokollane over innsette startar i alle fall i 1767 og dekker tida heilt fram til nedleggjinga i 1878.<sup>417</sup> Også i desse protokollane varierer innhaldet over tid. Protokollen som dekkar tida frå 1851 til nedleggjinga er grunnlaget for mi dataregistreing. Andre kjeldeseriar er signalementsprotokoll 1855-78,

---

<sup>414</sup> SAB: Bergens Strafanstalt (Tukthuset): Journal over lemmernes av tilgang No. 2 1777-1838. og Register over fangene i Bergenhuus Slaveri 1838-1885 (Tukthuset). Lnr.2.

<sup>415</sup> SAB: Bergens Strafanstalt (Tukthuset): Journal over lemmernes av- og tilgang. Startar i 1771.

<sup>416</sup> SAB: Bergens Strafanstalt (Tukthuset): Journal over lemmenes av- og tilgang nr. 17, 1849-78.



straffeprotokollar 1834-78 og ei "listeboek" 1832-76 som synest vere grunnlaget for innberetningane til departementet.<sup>418</sup> Frå 1846-77 finn ein også to kopibøker med brev til lokale politistyresmakter om lauslatne straffangar.<sup>419</sup> I tillegg førte presten sine manntal som grunnlag for sjeleomsorgen 1841-77 fordelt på to protokollar. Arkivet etter slaveriet er mindre og følgjeleg også meir oversiktleg enn arkivet etter tukthuset.

I tillegg har tukthuset og slaveriet har ein protokollserie med av- og tilgangslister felles.<sup>420</sup> Desse er ordna etter lauslatingstidspunkt og skulle vere ein oversikt over kva fanger som til ei kvar tid hadde vore lauslatne frå dei ulike straffearbeidsanstaltane. Protokollen er forholdsvis knapp og innhaldsfattig.

### **5.1.6 Innsette på tvangsarbeidsanstalten i Bergen**

Kjeldene etter tvangsarbeidsanstalten er i Bergen byarkiv. Den sentrale rekka med kjelder er protokollane med oversyn over dei innsette tvangslemmane.<sup>421</sup> Slike protokollar finst frå 1843 og fram 1888, fordelt på fire protokollar. I tillegg finns ein protokoll med framande tvangslemmar 1867-85.<sup>422</sup>

Eg har registrert perioden 1850-75 i protokoll nr. 2 (Hovedregister 1847-70) og 3 (Hovedregister 1868-76). Den første av desse dekker åra reelt åra 1850-67. Den opner med å nyregistrere alle som blei innsett det siste halvåret av 1849 og som framleis var tvangslem då året starta. I den andre protokollen er registreringa avslutta ved utgangen av 1875. I tillegg til å ha oversyn over alle innsette, har desse protokollane etternamnsregister på dei innsette.

I strukturerte kolonner hadde protokollane opplysningar over namn, dato for innsetjing, lengd på opphald, fødestad, yrke, alder og dimisjon, i tillegg til eit merknadsfelt. I byrjinga av den første protokollen (1843-49) er også informasjon om høgde, lekamsbygning, auge- og hårfarge, samt andre særkjende innført. Fram til april 1846 vart alle innsett på "ubestemt Tid", men fattiglova av 1845 regulerte dette nøyre, og maksimal innsetjingstid var som

---

<sup>417</sup> SAB: Bergenhus Slaveriet. Protokoll over slaverne 1767-1810, 1808-1851 og 1851-78.

<sup>418</sup> SAB: Bergens Strafanstalt (Slaveriet): Signalements Fortegnelse over Fanger i Bergenhus Fæstnings Strafanstalt 1855-78, Straffeprotokoll 1834-76, 1876-77, Listebog 1834-78.

<sup>419</sup> SAB: Bergenhus Slaveriet. Protokoll over løsladte fanger. No.1 1845-65, No 2 1866-77.

<sup>420</sup> SAB: Bergen Kretsfengsel: I.F.1. Av og tilgangslister 1840-74, 1874-85.

<sup>421</sup> BB. Fattigvesenet. Arbeidsanstaltens arkiv. Hovedregister over Lemmerne i Tvangsarbeidsanstalten. 1-4 1843-89

<sup>422</sup> BB. Fattigvesenet. Arbeidsanstaltens arkiv. Register for fremmede Tvangslemmer 1867-1885.

tidlegare vist normalt seks månader. For dei fleste var innsetjingstida gitt i månader, men i få tilfelle også i dagar.

Feltet for dimmisjon gir først og fremst opplysning om når den innsette forlot anstalten, men samstundes også korleis. Dei fleste vart lauslatne utan særlege kommentarar, men ein del forsvann fordi dei døde eller vart overflytta til ein annan anstalt, anten som fattiglem på fattigavdelinga ved arbeidsanstalten eller til fengsel eller anna straffeanstalt som varetektsfange eller straffange. Feltet hadde også opplysningar om kven som eventuelt gav ordre til lauslating om dette skjedde før tida.

Merknadsfeltet inneheld varierende opplysningar, og den viktigaste er kva styresmakt som stod bak innsetjinga. Frå 4. september 1862 til 13. august 1865 og frå 28. juni 1867 og ut protokollen (nyåret 1868) er innførsle om innsetjingsmakt ukomplett. Den etterfølgjande protokollen manglar desse opplysningane totalt, med unntak av to tilfelle der det er notert at innsetjinga skjedde etter dom for betleri.

I tillegg har protokollane eit kommentarfelt utan overskrift der ulike tilhøve ved opphaldet på tvangsarbeidsanstalten vart notert. Dette galdt til dømes bortrømming, mellombels overføring til sjukehus, arrest, kor mange dagar opphaldet varte totalt og til kven rekning eventuelt vart sendt. Frå 2. september 1859 til 21. oktober same året og frå 10. oktober 1860 fram til 17. november 1864 vart heimstamn ført i eit eige felt.

Ved Bergen Byarkiv endar serien med protokollar over tvangslemmar i 1889. Tvangsarbeidsanstalten vart som kjend ikkje nedlagd før i 1912. Kvar protokollane for den resterande tida er, er ukjend. Statsarkivet i Bergen har lister over innsette ført av presten, og ved Riksarkivet finst innsende lister for dei fleste åra etter 1889.<sup>423</sup> I min periode har ein likevel fullstendig oversyn over innsette tvangslemmar i Bergen.

## 5.2 KJELDEREGISTRERING OG -LENKING

Protokollar over innsette i dei ulike anstaltane vart registrert i relasjonsdatabasesystemet Microsoft Access. I same databasen vart også andre strukturerte og supplementære

---

<sup>423</sup> RA: JPD: Fængselsstyret, Kontor D, 1814-1958, Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907 og SAB: Bergen domprosti. Bergens kommunepreststilling, Pleiehjemstiftelsen (og. tidl. stiftelsespresten). Stiftelsespresten. I.2.a. kopibog, ut, 1874-92.

dataregister registrert ved Statsarkivet i Bergen importert. Valet av ein relasjonsdatabasemodell fall naturleg ettersom kjeldemateriale i utgangspunktet er strukturert i listeform eller forholdsvis enkelt lar seg strukturere.

### 5.2.1 Frå protokollar til databasar

Ei metodisk utfordring er digitaliseringa av kjeldematerialet og ikkje minst å lenke dei ulike kjeldeopplysningane saman i etterkant. Idealet ved dataregistrering er sjølvsagt å registrere heile kjelda mest mogleg nøyaktig, ein skal vere kjeldetru. Koding baserer seg alltid på skjøn og tolking, og kan vanskeleggjere ein allsidig etterbruk av databasar. Både kodinga i seg sjølv, og eventuelt utelating av enkelte gjennomgåande kjeldeopplysningar avgrensar også etterbruken kraftig, særleg om ein ønsker å reformulere problemstillingar. I dataregistreringa har eg prøvd å ta omsyn til kravet om kjeldetruskap, men har samtidig vore nøydd til å føreta visse val av arbeidsomsyn. Sjølv om kjeldene etter innsette i dei ulike anstaltane er forholdsvis strukturerte og dermed i utgangspunktet tilpassa overføring til ein relasjonsdatabasemodell, må ein nødvendigvis føreta val under registreringa som viker frå kjeldetruskapen. Enkelte opplysningar frå originalkjeldene er utelatne i dei dataregistrerte registra, og andre opplysningar er koda og/eller trekte ut. I tillegg har eg oppretta nye felt, anten fordi dei har ein intern teknisk funksjon i databasen, eller fordi dei konverterer informasjon til eit meir fruktbart format for datahandsaming. Døme på dette siste er datoar og utrekning av fødeår basert på alder og innsetjingsdato.

Kvar enkelt anstalt er registrert som eigen tabell. Tukthuset og tvangsarbeidsanstalten hadde namneregister, og desse er registrert i eigne tabellar og var utgangspunkt for registreringa av den eigentlege protokollen. Datastrukturen til dei ulike tabellane kan ein sjå i Appendiks. Protokollane mangla gjennomgåande opplysningar om kjønn på dei innsette. For alle tabellane er det derfor lagt til eit eige felt for kjønn, basert på namnet til den innsette.

I tabellen etter fengslet er løpenummer, namn, yrke og bustad kjeldetru avskrive. Resterande opplysningar er koda eller utelatne. Tidspunktet for innsetjing er koda til datoformat. Lengda på straffa er registrert med tal på dagar, uavhengig av om straffa var på vatn og brød eller på vanleg fangekost. Tidspunktet for dimisjonen er ikkje registrert, men utrekna på grunnlag av innsetjingsdato og antal straffedagar. Ei rad variablar er koda på grunnlag av opplysningar i feltet "Med hvad Hjemmel og for hvilken Forbrydelse eller Lovovertrædelse". Eit døme på innhald i dette feltet er Marthe Knudsdatter Sandak si innsetjing i 1862: "Efter Politiretsdom

af 16de Juni d.A. for 1ste Gangs simpelt Tyveri, begaaet i Bergen”.<sup>424</sup> På grunnlag av denne innførsla kan ein kode heimel (Politiretsdom), dato for dom (16.6.1862), lovbroet (første gongs simpelt tjuveri), Referanse til kriminallov (19-1) og brotsstad (Bergen). Brotsstad er dels koda på grunnlag av direkte utpeiking av brotsstaden (“i Bergen” eller “heri Byen”) eller gjennom jurisdiksjonen tiltalen vart reist i. Når fleire nivå i rettshandsaminga var ført, er den lågaste rettsinstansen nytta som indikator på kvar lovbroet vart utført. Dom i politirett og byrett betyr lovbroet utført i Bergen, dom i til dømes sorenskrivaren i Nordhordland betyr at lovbroet vart utført i Nordhordland. I tillegg er opplysningar om årsak til innsetjing (“Værtshusallarm” eller “Gadeallarm”) tilstrekkeleg kriterie for å knyte eit lovbroet til Bergen, dersom ikkje andre opplysningar gir meir presise opplysningar. Protokollen som starta i 1873 hadde forøvrig eige felt for kvar lovbroet fann stad.

Protokollen over innsette i fengslet mangla eige felt for alder, og dette vart berre unntaksvis ført i margen til protokollen. I den dataregistrerte utgåva er alder ført i eige felt. I tillegg er alder manuelt supplert frå presten sitt manntal over varetektsfangar i eit eige felt. Feltet for fødeår er utrekna på grunnlag av alder i dei to aldersfelte og innsetjingsdato.

Manglande felt i den dataregistrerte utgåva er for det første lauslatingstidspunktet (som altså i stadenfor er rekna ut), og økonomisk-administrative tilhøve, som “Beløbet af alle af den stedfundne Fængslings flydende Omkostninger” som ein i praksis slutta å føre frå 1873.

Utgangspunktet for registrering av tukthuset var namneregisteret. Her var kvar enkelt innført éin gong og hadde tilvisingar til folio der sjølv innførselene stod.<sup>425</sup> Det komplette registeret vart så lenka opp mot ein tabell over sjølv protokollen og sortert på folio og registrert. Fordelen med å starte med registeret først var å utnytte den interne lenkinga som dermed allereie var utført. Ulempa var at ein måtte sjekke om protokollen inneheldt personar som av ein eller annan grunn ikkje var kome med i registeret.

Protokollen over innsette i tukthuset er kjeldetru avskrive. I tillegg til løpenummer, tidspunkt for innsetjing, straffelengd og dimmisjon, har protokollen eit mangfoldig felt med tittelen “De Indkomnes Navne, og for hvilken Forbrydelse”. Frå dette feltet er namnet skild ut, resten er

---

<sup>424</sup> SAB: Bergen kretsfengsel, I.D.a.3 Straffangeprotokoll, 1862-73-62, No 105, sett inn 4.7.1862.

<sup>425</sup> Om plassomsyn ikkje gjorde det mogleg å føre inn fleire folio-referansar for den same personen, kunne namnet verte ført opp på ny seinare i registeret.

ført kjeldetru. I tillegg til namn og lovbrott, var alder og opplysningar om domstol og domsdato vanlegvis ført.

Frå det kjeldetru utgangspunktet har eg lagt til nye felt til koda informasjon. Tidspunkt er koda i datoformat og straffelengda i tal på månader. Alder er trekt ut og fødeåret rekna ut på grunnlag av alder ved innsetjingsdatoen. I tillegg er opplysningar om heimel (jurisdiksjon) og dato for dom, samt lovbrott koda på same måte som for fengslet. Protokollen hadde berre sporadiske opplysningar om den geografiske bakgrunnen til dei innsette. I den dataregistrerte utgåva er eit felt for fødestad lagt til og registrert med utgangspunkt i den parallelle protokollen over lemmane sin av- og tilgang.<sup>426</sup> Denne protokollen er svært strukturert og lett tilgjengeleg. Sjølve tilføyinga av fødestad føregjekk manuelt ved å sortere protokollen for tukthuset etter dato for innsetjing og løpenummer. Det gav, med enkelte unntak, same rekkefølge for dei innsette i den dataregistrerte protokollen og i protokollen med fødestad, og gjorde overføring av fødestad enkelt.

I protokollen for slaveriet var rubrikkoverskriftene handskrivne, og den nøyaktige feltformuleringa varierte noko frå side til side. Med eitt unntak var det uproblematisk. Frå og med 1. desember 1860 skifta overskrifta 'Hjemsted' plutselig til 'Fødested'. I følge rundskrivet frå justisdepartementet frå 1849 for skjemaføringa skulle heimstaden ('Hjemsted') førast i dette feltet for slaveria.<sup>427</sup> Skjemaet i rundskrivet er nøyaktig i samsvar med slaveriet sin protokoll elles, og feltet er konsekvent tolka som heimstad protokollen gjennom.

Store deler av protokollen er avskriven kjeldetru. Det gjeld namn og tilleggsopplysningane som var ført i namnefeltet. Desse tilleggsopplysningane vart registrert i eit oppretta merknadsfelt, og omhandla først og fremst forhold kring dimmisjonen. Viktige felt elles er yrke, heimstad, lovbrott og tidlegare dommar som vart registrert kjeldetru. Straffelengda er koda numerisk på år, det same gjeld alder og fødeår er utrekna på grunnlag av alder ved innsetjing. Innsetjingsdatoen er registrert i datoformat og dimisjonstidspunktet er trekt ut frå merknadsfeltet og koda i datoformat. Lovbrottet er også trekt ut og koda i samsvar med kriminallova i eige felt.

---

<sup>426</sup> SAB: Bergens Strafanstalt: Journal over lemmenes av- og tilgang nr. 17, 1849-78.

Tabell 5-1 : Supplementært kjeldemateriale registrert digitalt.

Kjeldetype	Tabellnamn	Innhald	Eigar	
Folketeljingar	1865	Folketeljinga 1865 inkludert landsokna og Årstad	SAB	
	1875	Folketeljinga 1875 inkludert landsokna	SAB	
	År75	Folketeljinga for Årstad 1875	SAB	
	Asko65	Folketeljinga for Askøy 1865	SAB	
	Asko75	Folketeljinga for Askøy 1875	SAB	
	Kyrkjebøker	Døypte 1816	Døypte i Bergen 1790-1894, basert på databasane Døypte i Bergen 1668-1815 og døypte i Bergen 1816-1894	SAB
Foedst		Døypte på Fødselsstifelsen i Bergen 1863-1911 (1905)	SAB	
DodeE1849		Gravlagde i Bergen 1849-86. Utdrag frå databasen Gravlagde i Bergen 1814-1886	SAB	
Doed1881		Døde i Bergen 1881-1911	SAB	
VigdB		Vigde i Bergen 1816-1890	SAB	
Askovigd		Vigde i Askøy 1743-1911	SAB	
AskoyDod		Døde i Askøy 1742-1927	SAB	
Andre		Hjemstav	Register over heimstamnsforhøyr i Bergen 1854-84	SAB
		Domnh	Register over Domsakter i Nordhordland Fogderi 1839-1899.	SAB
	Hoved	Register over hovedruller ca. 1830-59 og loddtrekning 1860-70	SAB	

Protokollane for tvangsarbeidsanstalten er registrert på same måte som for tukthuset, med éin tabell for register og éin for sjølve protokollen. Ved registrering av protokoll nummer to (1870-75) gjekk eg bort frå dette ved berre å registrere protokollen og deretter lenke den til registeret. I dei tilfella tvangslammen ikkje fanst i registeret, vart namnet kopiert til registertabellen.

For den første protokollen er namn ved innføringa berre registrert dersom det skilde seg frå namnet i registeret på ein slik måte at det påverka lenkeprosessen. I tilfelle der registeret til dømes hadde varianten Niels og protokollen Nils, vart ikkje namnet registrert på nytt, men henta frå registeret. Innsetjingstidspunkt, fødestad og yrke vart kjeldetru registrert, medan tidslengd vart koda etter tal på månader, på same måte som alder vart koda numerisk. Innsetjingsmakta vart koda i den forstand at innsetjingar autorisert av politiet fekk koden 'p' etterfølgd av jurisdiksjonen til politiet – 'p Bergen' var ei innsetjing autorisert av politiet i Bergen. Som vanleg vart tidspunkt koda i datoformat i nye felt og fødeår utrekna på grunnlag av alder ved innsetjing. Feltet for heimstamn vart registrert kjeldetru.

I tillegg til eigenregistrerte kjelder var ei rekkje kjelder allereie digitalisert. Dette galdt først og fremst kjelder av demografisk karakter, og som tildels vart tilpassa mine behov. Typiske tilpassingar har vore endring av format på felt. Alder ført i tekstfelt er endra til numerisk felt,

<sup>427</sup> Love, Resolutioner, Reglement, Instruxer, Skrivelser m.m. vedkommende Fængselsvæsenet 1814-97, Chra 1898. Skrivelse frå Justisdepartementet til Strafanstaltane om korleis dei årlege konduitelisteene skal utformast, datert 19.12.1849.

på same måte som felt med datoopplysningar er endra til maskinlesbart datoformat. Også fødeår er lagt til der dette mangla, men lot seg rekne ut på grunnlag av alder.

Dei fleste av desse databasane er tilgjengelege i Digitalarkivet. Nokre er enno ikkje gjort tilgjengelege då dei enno ikkje er korrekturlesne. Dette gjeld tabellen for fødde på Fødselsstiftelsen, heimstamnsregistra og registeret for hovudrullen og loddtrekningsprotokollen.

### 5.2.2 Kjeldelenking – kopling mellom tabellar

I databasen har eg i alt seks tabellar for dei ulike sanksjonsanstaltane, fire for protokollane og to med register. Registra vart allereie ved protokollregistreringa lenka saman gjennom id-felt, slik at ein i praksis opererer med fire ulike sett av tabellar over sanksjonsanstaltar. I tillegg har eg 15 supplementære tabellar av fortrinnsvis demografisk karakter. Alle tabellane er nominative, det vil seie at dei har informasjon om enkeltpersonar. Desse tabellane måtte lenkast saman, dels for å innhente sentrale opplysningar, dels for å compilere karrierar og mini-biografiar for analyse.

Kjeldelenking har heile tida vore ein sentral del av den prosopografiske metoden. Ettersom den prosopografiske metoden oftast har teke utgangspunktet i ein forholdsvis avgrensa elite og ofte i hovudsak kvalitativt kjeldemateriale, har denne lenkinga føregått manuelt og utan spesielle algoritmar eller verktøy. Først med tilgang til store, og gjerne kvantitative og strukturerte datamengder, har ein innan historieforskning interessert seg for å utvikle metodar for å kunne lenke ved hjelp av dataverktøy.

Kjeldelenking har ein to-trinns prosess. Først må datamaterialet gjennom ei eller anna form for *koding*, dernest må ein strategi for *lenking* etablerast. Namn og kjønn er normalt dei viktigaste identifikatorane, og det gjeld også i min samanheng. Supplementære identifikatorar er fødeår, bustad/fødestad og yrke. Avhengig av lenkingsstrategi, må minst eitt av identifikatorfelte kodast. I dei fleste tilfella gjeld dette namne-feltet. Ulike variantar av namn må reduserast, Niels og Nils må til dømes bli oppfatta som same namnet. Kjønn er kanskje den mest effektive variabelen for å eliminere potensielle lenker. Fødeår, med avvik, er ein meir påliteleg identifikator enn bustad og yrke, og dels også fødestad. Ved ei maskinell lenking må alle desse variablane kodast. Varierer ei kjelde mellom å nytte alder eller fødeår, må dette standardiserast, fødestad kan skrivast ulikt frå kjelde til kjelde, både reint ortografisk og med omsyn til presisjon. Det same gjeld yrke.

Namn vert likevel den viktigaste identifikatoren, og det er her forskingsinnsatsen har vore størst for å finne fram til tenlege kodesystem. Mest kjend er *Soundex* som har sitt opphav i den amerikanske folketeljinga 1880, då familiar med barn under ti år vart indeksert etter dette prinsippet.<sup>428</sup> Soundex kodar namn basert på lydleg attgjeving av skrivne ord. Namn som høyrer like ut, skal i prinsippet ha den same koden. Eit namn får ein kode på fire teikn, éin bokstav og tre siffer. Soundex held alltid på den første bokstaven uendra, men dei resterande bokstavane vert koda etter fonetisk likskap. Doble konsonantar blir redusert til enkla. Vokalar blir utelatne fullstendig ved koding, og det same gjeld enkelte stumme konsonantar som 'w' og 'h'. Tabell 5-2 viser korleis konsonantane elles blir gruppert. Eit namn som Olsen vil ved koding behalde O som første teikn, 'l' blir koda til 4, 's' til 2, vokalen 'e' går ut medan 'n' får koden 5, altså O425. Ved manglande bokstavar, blir koden komplettert med nullar inntil fire teikn er oppnådd.

**Tabell 5-2: Soundex-kodar.**

Kode	Tilsvarande bokstav
1	B,F,P,V
2	C,G,J,K,Q,S,X,Z
3	D,T
4	L
5	M,N
6	R
0	Bokstav manglar

Eit alternativ kodeskjema er *Viewex*.<sup>429</sup> I motsetnad til Soundex som kodar reint lydmessig og som freistar å gjenskape det uttalte namnet, freistar Viewex å gjenskape eit visuelt bilete av namnet i kodeform. Ideen bak bygger på dei problema som kan oppstå ved transkribering av tekst. Enkelte bokstavar er visuelt like og kan lett forvekslast. I gotisk skrift har bokstavane 'h' og 's' i visse tilfelle stor visuell likskap, og det same gjeld til dømes 'v' og 'r' eller 'n' og 'e'. Bokstaven 'h' vert ikkje koda i soundex, men bokstaven 's' har koden 2. Ei forveksling av desse bokstavane vil dermed føre til ulike soundex-kodar. Det same gjeld ei forveksling av 'v' og 'r' eller 'e' og 'n'.

Både Soundex og Viewex er forholdsvis enkla algoritmar basert på få reglar. Andre algoritmar freistar å standardisere namn basert på komplekse regelsett for å redusere antal namnevariasjonar. Lars Nygård har utvikla ein algoritme som tar etymologiske omsyn, til

<sup>428</sup> National Archives and Records Administration: "Using the Census Soundex", *General Information Leaflet* 55, , Washington, DC 1997, s. 1.



dømes at Lisbeth og Elisabeth er det same namnet.<sup>430</sup> Gunnar Thorvaldsen tok utgangspunkt i *Norsk personalnavnleksikon* si namnestandardisering i si doktoravhandling frå 1995.<sup>431</sup> Målsetjinga var å normalisere namn til felles grunnformer ved hjelp av 19 reglar for skriftleg og munnleg attgjeving av namn. Algoritmen tok omsyn til kva vokalar og konsonantar som var stumme og dermed kunne strykast, assimilasjon, jamning, diftongering, variasjon mellom stemt og ustemt attgjeving av lydar.<sup>432</sup>

Etter val av kodesystem må ein velje strategi for lenking. Ei heilautomatisk lenking overlet alle avgjerder til datamaskina som etablerer lenker på grunnlag av treff på tvers av kjeldene. Ein kan til dømes bestemme seg for at postar som har like kodar for namn, fødeår og fødestad er identiske personar. Krav om samsvar for mange ulike eigenskapar aukar sannsynlegheita for korrekte lenker, men reduserer naturlegvis sjansane for treff. Meir vanleg er difor å utarbeide ein algoritme som vektar verdien av treff for ulike eigenskapar.<sup>433</sup> Normalt vil treff på namn gi ein høg score, medan treff på fødestad og yrke gir mindre score. Samla vil ein kunne få ein maksimal score om alle kodane til alle eigenskapane var identiske i dei to kjeldene. Ved lenking kan ein bestemme seg for at ein viss score er tilstrekkeleg for å etablere ei lenke, og likeins at lenka blir lagt til den posten med høgast score om fleire ulike oppnår tilstrekkeleg score.

Heilautomatiske lenkesystem har vist seg lite tenlege i praksis. Resultatet er ofte anten for mange ukorrekte lenker eller for mange forkasta lenker. Semi-automatiske lenkesystem der datamaskina vel ut potensielle lenker og presenterer dei for brukaren som føretar det endelege valet, har derimot vist seg fruktbare. Framgangsmåten er likevel i prinsippet den same. I staden for at ei datamaskin føretar eit val automatisk, overlet den valet, eller stadfestinga av eit føreslått val, til historikaren.

Gunnar Thorvaldsen skilde mellom kopling og lenking i sin lenkestrategi.<sup>434</sup> Lenking er samanknytning av opplysningar om *same person* i ulike kjelder, medan kopling er samankopling av *ulike personar* som står i ein eller annan *relasjon* til kvarandre, som mann-kone eller far-son. Kopling er mest relevant i kjelder der personar opptrer i grupper, som i

---

<sup>429</sup> Sjå t.d. Charles Harvey & Jon Press: *Databases in Historical Research*, Macmillan Press 1996, s.229.

<sup>430</sup> Sjå Lars Nygård: "Name Standardization in record Linking: An Improved Algorithmic Strategy" i *History and Computing* Vol 4, No 2, 1992.

<sup>431</sup> Gunnar Thorvaldsen: *Migrasjon i Troms i annen halvdel av 1800-tallet. En kvantitativ analyse av folketellingene 1865, 1875 og 1900*, Tromsø 1995.

<sup>432</sup> Thorvaldsen 1995, s. 200ff.

<sup>433</sup> Harvey & Press 1996, s. 243ff.

folketeljingar der mann-kone, eller foreldre-barn koplingar kan forekome i fleire ulike kjelder. Ved innsetjing i sanksjonsanstaltar skjer dette individuelt, med enkelte få unntak. I eit overveldande fleirtal av tilfella mangla individa koplingar i utgangspunktet, og kan dermed heller ikkje nyttast ved lenking av andre kjelder. Framgangsmåten kunne i min samanhang ha vore nytta etterkvart som ulike kjeldetypar vart lenka inn, som gifte, born og forsåvidt folketeljingar. Her oppstår koplingar som kunne vore alternativ strategi ved gjenfinning av desse personane i andre supplementære kjelderegister.

### 5.2.3 Min algoritme: namnestandardisering og soundex-koding

Kodinga av namn gjekk føre seg i fleire steg. Aller først vart namna delt opp i høvesvis førenamn, patronym og etternamn, der dette ikkje var gjort under sjølvne registreinga. Eit Visual Basic Script i Access gjorde dette arbeidet, dels på grunnlag av ordplassering (siste ordet blir etternamn), dels på grunnlag av bokstavkombinasjonar. Eit ord som slutta med "datter", "dat.", "sen" etc. vart til dømes tolka som patronymikon. Oppdelinga vart i ettertid kontrollert manuelt. Personar som ikkje hadde eigentlege etternamn, men berre patronymikon, fekk patronymikon kopiert til feltet for etternamn.

**Tabell 5-3: Normeringsprinsipp.**

GJ->J	AA->A
HJ->J	SCHJ->SJ
W->V	SCH->SJ
HV->V	C->K
Q->K	CE->SE
X->KS	CH->K
Z->S	CI->SI
Å->A	ND i enden av ord->N
Æ->E	LD i enden av ord->L
Ø->O	

I neste omgang gjekk namna gjennom ein enkel form for normering. Dette vart også gjort ved hjelp av eit script i Access. Enkelte namn med sterk lydleg likskap, men med bokstavsamansetjingar som ville ført til ulike soundex-kodar, måtte normerast slik at desse fekk same Soundex-kode. Sidan Soundex held på første bokstaven, var dette særskilt viktig i første stavinga. Tabell 5-4 viser korleis eg normerte namna. "Gj" vart gjort til "J", "Q" til "K" og så bortetter. I tillegg vart norske teikn skifta ut (æ=e, ø=o og å=a). Dobbel-V ('W') blir oversett i Soundex, i motsetnad til enkelt-V ('V'), og gir såleis i utgangspunktet ulike kodar som i norsk namnetradisjon skulle hatt like kodar. Dette løyste eg ved å normere alle

<sup>434</sup> Thorvaldsen 1995, s. 187ff.

doble v'ar til enkle. Bokstavkombinasjonar som i og for seg kunne normerast, men der normeringa ikkje har betydning ved Soundex-kodinga, er uendra. Etternamnet Dahl og Dal er ortografisk ulike, men lydleg det same. Ettersom bokstaven 'h' ikkje vert koda i soundex, vil dei to variantane få den same koden uansett og gjer ei normering unødvendig.


Etter namnenormaliseringa vart namna koda etter Soundex-tabellen (sjå Tabell 5-2). Ettersom eg har køyrt namna gjennom ei normering i forkant av soundexkodinga, vil bokstavane C, Q og Z bli erstatta med andre bokstavar i mine kodar. Dette har ingen innverknad på kva talkode bokstavane ville fått, men utgjer heile skilnaden der dei er første bokstav. Carl og Karl ville til dømes fått same koden (K640) med mi normering i forkant, medan kodane utan normering ville blitt C640 og K640, og slik ikkje blitt foreslått som same person av Access. Nicolai og Nikolai, derimot, ville fått same koden utan normering (N240). Normeringa av bokstav-kombinasjonen "LD" til "LL" i slutten av eit ord, har betydning for Soundex-kodinga. Eit namn som "Fjeld" ville fått Soundex-kode F243, medan "Fjell" ville fått F240.

Namnenormering og Soundex-koding vart føretatt på fornamn, patronymikon og etternamn i samtlige tabellar og skild ut som eigne felt. Unntaka var protokollane til tukthus og tvangsarbeidsanstalt som avgrensa dette til registeret. (Sjå appendiks for tabellstruktur). Også for tvangsarbeidsanstalten vart registeret nytta, men protokoll nummer to vart lenka opp til registeret i den første protokollen og nødvendiggjorde ei soundex-koding av namna i protokollen.

Det neste steget var å utarbeide ein strategi for lenkingsprosedyre. Eg valde å opprette ein ny, overordna tabell (kalla SuperPerson) som etablerte ein unik identitet på personane i dei ulike kjeldene. Desse personane har eg valt å kalle superpersonar ettersom dei i og for seg ikkje er henta frå kjelder, men er konstruerte og namnet i praksis henta frå tilfeldige kjelder. Den overordna tabellen har i røynda to viktige funksjonar. For det første å opprette ein unik identitet gjennom eit id-nummer for å knytte postar i dei ulike kjeldene opp mot den konstruerte superpersonen. Dessutan er namnet nytta som utgangspunkt for namnekoding og framleiting av relevante lenkeforslag.

SuperPerson-tabellen blei laga etappevis, ved å ta ei kjelde om gongen. Først vart alle i registeret på tukthuset kopiert over til den nye SuperPerson-tabellen. Registeret fekk samtidig tillagt eit nytt id-felt som samsvarte med id'en til Superpersonen. I neste omgang vart registeret i Tvangsarbeidsanstalten lenka mot SuperPerson-tabellen. Dette registeret fekk

Figur 5-1: Framgangsmåte ved kjeldelenking.



tillagt eit id-felt for referanse til superpersonen, og ved gjennfinning av ein tvangslem som superperson vart superpersonen sin id tillagt tabellen til registeret. Personane som ikkje vart funne att i SuperPerson-tabellen, blei kopiert til SuperPerson-tabellen og gitt eigen id. Tilsvarande framgangsmåte vart vald for fengslet og til slutt slaveriet. På denne måten hadde eg til slutt ein overordna SuperPerson-tabell der alle postane i dei ulike tabellane frå sanksjonsanstaltane var lenka opp tid ein post og dermed unik identifikator i den overordna tabellen.

Sjølv lenkinga føregjekk data-assistert ved at dataprogrammet presenterte meg for personar som etter den gitte algoritmen *kunne* vere den same. Denne algoritmen gav treff om førenamn og patronymikon eller førenamn og etternamn gav lik Soundex-kode (sjå figur A-5 og A-6 i Appendiks). I tillegg måtte kjønn vere det same. Denne doble sjekken mot både patronymikon og etternamn separat auka sjansane for attfinning. Særleg i byane var namnepraksisen ustabil. Somme nytta gardsnamn eller familienamn som etternamn, andre nytta berre patronymikon. At namneregistreringa til ein og same person kunne variere mellom desse to prisnipa, berre understrekar problematikken og behovet for ein dobbel identitetssjekk.

Ein så open algoritme som eg valde gav stor sjanse for å finne att riktig person, men samtidig mange ulike alternativ i visse tilfelle. Vurderinga av om ein har eit røyntreff er basert på namnelikskap og tilleggsinformasjonen ein elles har om superperson og dei utvalde alternativa. Når såpass særeigne namn som til dømes Absalon Johan Sæbdahl dukkar opp i både fengselsprotokollen og i tukthusprotokollen, er sannsynleg at ein har å gjere med same personen. Det motsette gjeld eit namn som Carl Hansen.

Ei slik form for lenking gir alltid feilkjelder. To ulike personar kan ha blitt lenka til same person i SuperPerson-tabellen. Meir sannsynleg er likevel at ein i røynda same personen i ulike tabellar kan ha blitt til to eller fleire unike personar i supertabellen. Dette er særleg eit problem ved lenking av ein populasjon som i dei fleste tilfella tente på å skjule sin rette identitet for styresmaktene. Tidlegare straffellinger førte til hardare reaksjon ved ny dom, og ved å endre namnet kunne ein unngå at styresmaktene fann ut at ein var dømd frå før. Gjest Baardsen er eit kjent eksempel på akkurat dette. Han kalla seg mellom anna Even Christiansen og Niels Andreas Rasmussen, og skal i alt ha opptrådd med heile 20 ulike namn.<sup>435</sup> Døme frå mitt eige materiale er Ole Jørgen Rasmussen. Han vart innsett i tukthuset 2. februar 1873. I lista som var grunnlaget for innberetningane til departementet fekk han tillagt følgjande: "Hans rette Navn er Karlot Emil Johnsen."<sup>436</sup> Eit anna tilfelle er Carl Axelsen. Han oppgav namnet Johan Larsen for politiet i 1867. Politiet fatta mistanke og konfronterte han med fotografi politiet fekk tilsendt frå Ålesund:

*"Efter Modtagelsen af Hr. Byfogdens Skrivelse af 5te Dennes blev Johan Larsen tagen i Examination og benægtede først længe at være Carl Axelsen, men da begge Fotografier lignede ham indsatte jeg ham i Arrest saasom Tvangsarbejdsanstalten ikke er saaledes indrettet at man kan være tryk for Rømning. Efter at være bleven arresteret erkjendte han at være Carl Axelsen og opgav den 14 dennes herom Forklaring til Forretningsjournalen hvoraf Afskrift følger."*<sup>437</sup>

Slike feilkjelder er det uråd å gardere seg mot. Litt betryggande er det at styresmaktene oppfatta falsk opplysningar av namn som alvorleg og brukte både tid og ressursar på å avklare slike spørsmål, nettopp fordi det hadde så stor betydning for straffeutmålingar.

Frå registeret til tukthuset vart 2630 personar flytta opp til SuperPerson-tabellen. Av 1501 personar i registeret til arbeidsanstalten, vart 1241 flytta opp til SuperPerson-tabellen, av 3573 tilsynelatande unike personar frå fengslet, blei 2827 flytta opp til SuperPerson-tabellen og til slutt blei 122 av 279 unike personar frå slaveriet flytta opp. Totalt utgjør SuperPerson-tabellen 6820 unike personar som er aktive i materialet.

Talet på unike straffelte i materialet er altså 6821. Igjen, talet er nesten garantert feil, ettersom det framleis uunngåeleg vil vere personar som er knytta feil saman til éin SuperPerson eller meir sannsynleg ulike supersonar som burde vore slått saman til éin.

---

<sup>435</sup> Sjå Digitalarkivet: *Gjest Baardsen – en kildepresentasjon*, url: <http://digitalarkivet.uib.no/miniutstilling/gjestforside.htm>

<sup>436</sup> SAB: Bergens Strafanstalt. Fortegnelse over fanger som have hensiddet i Tugthuset i Aaret 1873, innførsle nr. 165, 2.2.1873.

<sup>437</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Kopibok, Brev til byfogden i Ålesund datert 16.8.1867.

For kvar ny tabell som vart lenka opp mot superpersonen produserte eg referansetabellar med alle kjende variantar av namn, fødeår, yrke og lokalitet (bustad, fødestad, jurisdiksjonar etc). Denne tilleggsinformasjonen var tilgjengeleg under den vidare lenkinga. Framgangsmåten med å lenke ei og ei kjelde om gongen medfører at feillenking på eit tidleg stadium, som ved lenking mellom innsette i fengslet og superperson (som i praksis var tukthuset), kan avdekkast med ny informasjon som vert tilgjengeleg etterkvart. Her, som elles ved lenking, er det to moglege feilkjelder; ein lenkar saman to ulike personar og gir dei éin identitet, eller éin og same person opptrer to gonger i superperson-tabellen med dels ulike namn og ulike innlenka opplysningar. Dette vart kontrollert på to måtar. For det første vart namne-kodane i SuperPerson-tabellen kopla saman på same måte som ved innlenking av andre kjelder, altså der soundex-kodane for førenamn og patronym eller førenamn og etternamn samsvarer. Eg sjekka samtlege superpersonar som hadde treff med andre superpersonar for å vurdere om dei var identiske på grunnlag av opplysningane ein elles hadde om dei. For det andre skreiv eg ut rapportar over alle superpersonane med den førebelse karriera kronologisk med superpersonen sin namn og id som overskrift og dei innlenka opplysningane under. Desse listene vart gjennomlest og sjekka for klare feilkoplingar, basert på namn, fødeår og fødestad/bustad (der desse to siste opplysningane var tilgjengeleg). Slik kunne eg løyse opp enkelte feillenkingar og etablere nye superpersonar.

Lenkinga mot det supplementære materiale vart i prinsippet gjort på same måte som lenkinga av sanksjonsanstaltane mot ein superperson. Kva enkelt superperson vart sjekka mot det aktuelle dataregisteret på grunnlag av samsvar mellom soundex-kodane til normerte førenamn og patronymikon på den eine sida og førenamn og etternamn på den andre. Dei potensielle identiske personane vart presentert i kvar sin tabell, som vist i appendiks. Også her har ein til ei kvar tid tilgang til alle referansetabellar og oppdatert karrieretabell til superperson. Lenkene vart i etterkant kontrollert manuelt ved gjennomsyn av utskrivne lister. Som ved lenkinga av sanksjonsanstaltane, skreiv eg ut karriera til kvar enkelt superperson med kronologiske innførsle. Med og fødeår som primærkriterie og fødestad/bustad og yrke som sekundærkriterie, leitte eg etter mistenkelege lenker og vurderte desse på nytt. Eventuelle feillenkingar vart deretter oppløyse.

Med ein så open algoritme som eg har vald, vert nødvendigvis lenkeresultatet sterkt påverka av mine vurderingar undervegs. Reint prinsipielt er det naturlegvis uheldig og kan forringe dokumentasjonen av lenkevala, samstundes som det også vanskeleg å etterprøve mine lenkeval. Med ein trass alt avgrensa populasjon (dei innsette i sanksjonsanstaltar i Bergen ca.

1850-75) er det gjennomførleg å praktisere ein såpass stor grad av manuell lenking. Vanskane som er forbunde med standardisering tilseier også ein stor grad av skjønn i lenkingsprosessen. Ein må gje Kevin Schürer, Jim Oeppen og Roger Schofield rett når dei seier at namnevariasjonar gjer det uråd å lenke hundre prosent basert på fasttømra algoritmar. Data-assistert lenking er ei uvurderleg hjelp i lenkeprosessen, men det er "[...] essential that the historian checks the output carefully and takes final responsibility for the result."<sup>438</sup> Dette gjeld i endå større grad med eit materiale der usikkerheitene er større enn vanleg, både fordi dei enkelte individa har grunn til å forvrengje sin eigentlege identitet og fordi namnematerialet i stor grad har sitt opphav i ein urban kontekst der nettopp namnebruken var lite statistisk. Desse problema gjer det nødvendig med stor grad av skjønn på kostnad av etterprøvbar dokumentasjon.

Propopografi har ei mikrotilnærming, eller individtilnærming. Ein undersøker 'livet' eller livsbanar til enkeltindivid. Det er likevel viktig å skilje denne tilnærminga frå den reine biografien. Medan biografien som sjanger har enkeltindivid som det endelege målet for sine undersøkingar, er enkeltindivid i livsløpsforskinga underordna det kollektive. Livsløpsundersøkingar vil heller aldri basere seg på éit enkelt livsløp, men ei rekkje livsløp. Ein bør difor heller bruke omgrep som "kollektiv biografi". Enkeltindivid vil berre bli trekt fram for å eksemplifisere eller kontrastere dei kollektive strukturane. Ein er til dels nøydd å velje mellom å vektlegge validitet og representativitet. Om ein må forkaste mange potensielle lenker fordi ein ikkje kan avgjere relasjonen sikkert, ender ein fort i ein situasjon der materialet ikkje lenger er representativt for gruppa. Ettersom prosopografisk metode, i motsetnad til den genealogiske, ikkje er avhengig hundre prosent sikre lenker, kan ein akseptere det sannsynlege nærveret av feillenker, så lenge validiteten ikkje vert signifikant svekka. Karrierane som eg produserer på grunnlag av kjeldelenkinga gjer dermed ikkje krav på å vere hundre prosent korrekt, men å vere tilfredsstillande komplette både med omsyn til representativitet og validitet.

---

<sup>438</sup> Kevin Schürer, Jim Oeppen & Roger Schofield: "Theory and Methodology: an Example from Historical Demography" i *History and Computing II*, Manchester University Press 1989, s. 136.

### 5.3 KLARGJERING TIL ANALYSE – KODING AV SUPERPERSON OG PRODUKSJON AV ANALYSETABELLAR.

Etter lenkinga var det nødvendig dels å utvide eksisterande tabellar med nye felt, og dels å produsere nye tabellar som grunnlag for analysen. Som eit grunnlag for tilretteleggjinga av analysen var det også nødvendig å kode geografiske opplysningar og yrke. Dei geografiske opplysningane (fødestad, bustad, opphaldsstad og brotstad) var koda etter kommunenummer. Yrke vart koda etter ein standard som Registreringssentral for historiske data (RHD) i Tromsø har utarbeidd, med enkelte tillempingar.<sup>439</sup> Sjølve kodearbeidet tok utgangspunkt i eit kodeprosjekt av yrkesnemningane i dei bergenske folketeljingane 1865, 1875, 1891 og 1900 ved Historisk institutt, UiB.<sup>440</sup> Desse kodane vart køyrde mot mitt eige materiale og supplert med nye yrkesnemningar.

For kvar enkelt anstalt produserte eg tabellar for tverrsnittsanalyse. Desse innhenta all kjend kunnskap om kvar enkelt innsett. I tilfelle der informasjon mangla for den enkelte anstalten eller innsette, slik som alder for dei fleste i fengslet, vart denne opplysningen lenka inn der den fanst i andre kjelder. I tillegg produserte eg koda tabellar for den longitudinelle analysen, samt ein tabell med aggregerte opplysningar om kvar enkelt superperson, som antal innsetjingar, debutalder osv (sjå Tabell A-1 og A-3 i Appendiks).

Opplysningar om fødestad og fødeår har eg frå ei rekkje ulike kjelder. På tvangsarbeidsanstalten og i tukthuset kjenner eg til fødestaden til dei fleste innsette. Av supplementært kjeldemateriale finst opplysningar om fødestad i folketeljingane, kyrkjebøkene og hovudrullene i militæret. Dataregistra for gravlagde i Bergen hadde først opplysning om fødestad i registeret som starta i 1881. Fødeår kjenner ein frå mykje dei same kjeldene, i tillegg til heimstamnsforhøyr og nokre innførsle i fengslet. I tillegg hadde presten sitt manntal over innsette i arrestane fødeår. For dei som hadde fleire innførsle, er det slett ikkje gitt at den same fødestaden eller fødeåret var oppført kvar gong. Ved analysar av dei innsette, må eg likevel operere med éin fødestad og éitt fødeår. Eg måtte dermed bestemme seg kva for eg ville verdi bruke. Dei mest pålitelege er sjølvstilt innførslene ved eigen dåp i kyrkjebøkene. Eg har tatt utgangspunkt i dei 772 som eg fann att som fødte i kyrkjeboka i Bergen og undersøkt kva type kjelde som hadde mest avvik frå kyrkjeboka for fødestad og fødeår.

---

<sup>439</sup> Marianne Erikstad og Gunnar Thorvaldsen: "Koding av yrker" i *Heimen* nr 4/1998. Kodeboka er tilgjengeleg på url: <http://www.rhd.uit.no/ftkoder/kodebok.html>.



Av dei 772 personane eg fann att i kyrkjebøkene, hadde i alt 245 innførsle i hovudrullane (Tabell 5-5). I tre av desse innførslene var fødestaden ein annan enn Bergen, og det utgjorde 1.22 prosent av alle innførslene i denne kjelda. Dei hadde nesten 1400 innsetjingar på tvangsarbeidsanstalten, og vart her innført med ein annan fødestad enn Bergen 39 gonger. Det betyr at fødestaden var feil i 2.8 prosent av tilfella for denne gruppa av bergensfødde. Det låge avvike for tvangsarbeidsanstalten er positivt sidan nettopp denne kjelda hadde så mange registreringar av fødestad. Størst avvik var det for folketeljingane, vigde og døde etter 1881.

**Tabell 5-4: Tal på postar i ulike kjelder med opplysningar om fødestad og –år.**

Kjelde	Fødestad	Fødeår
Tvangsarbeidsanstalten	4616	4358
Tukthus	1737	1926
Fengsel		444
Slaveriet		316
Fengselspresten sitt manntal		902
Eigen dåp	772	772
Vigsel Bergen	677	688
Vigsel Askøy	56	64
Døde 1849-		493
Døde etter 1881	370	374
Døde Askøy	31	40
F 1865	942	938
F 1875	728	732
Heimstamnsforhøyr	599	667
Hovudrulle	408	404

**Tabell 5-5: Prosent Avvik i fødeår i ulike kjelder frå dåp i kyrkjebok. N=772 døypte i Bergen.**

Kjelde	n	Avvik	% avvik
Dåp	772	0	0.00
Hovudrulle	245	3	1.22
Tvangsarbeidsanstalten	1393	39	2.80
Heimstamnsforhøyr	139	4	2.88
Tukthus	160	5	3.13
F 1865	287	12	4.18
F 1875	241	14	5.81
Vigsel Bergen	302	18	5.96
Døde etter 1881	139	10	7.19

Resultata verkar rimelege. Dei kjeldene der opplysningar om fødestad har mest å seie, har også minst avvik, dette gjeld særleg registra over heimstamnsforhøyr og tvangsarbeidsanstalten. Her hadde Bergen eit økonomisk motiv for å kartleggje fødestad og

<sup>440</sup> I dette kodeprosjektet deltok Arne Solli, Jan Oldervoll, Morten Bjørndal, Yngve Torvanger og Frode Ulvund.

heimstamn, og dermed kven som skulle bere utgiftene anten ved fattigforsorg eller opphald på tvangsarbeidsanstalten. Hovudrullen fulgte i praksis dei enkelte frå fødsel til fylte 31 år. Som barn vart ein innført i ungdomsrullen og som 17-åring vart ein overført til hovudrulla.<sup>441</sup> Denne tette oppfølginga bidrog til at opplysning om fødestad her vart svært pålitleg

I tillegg registrerte også vigde og døde på Askøy fødestad. Eg lar desse kjeldene få same pålitsgraden som tilsvarande kjelde i Bergen med omsyn til fødestad. Ved koding av fødestad i SuperPerson-tabellen nytta eg ei rangering basert på det prosentvise avviket. Superpersonar som hadde opplysning frå hovudrullen, fekk denne fødestaden registrert, om dei ikkje vart attfunne som døypte. Mangla innførsle som døypt eller i hovudrullen, sjekka eg tvangsarbeidsanstalten, så heimstamnsforhøyr og så bortetter.

Eit metodisk problem er at denne rangeringa pålitsgraden til fødeår og fødestad i ulike kjelder berre tek utgangspunkt i attfunne dåpsbarn i Bergen. Avvika hadde kanskje vore annleis om ein tok utgangspunkt i dei som var fødde utanfor Bergen. Generelt kan ein anta at avvika er større for personar fødde utanfor Bergen. Dess lenger ein har budd i Bergen, desto større var sjansane for at ein også etterkvart fekk Bergen som fødestad, sjølv om ein faktisk var fødd utanfor. Igjen er det likevel størst grunn til å anta at dette gjeld for kjelder der fødestaden ikkje hadde spesiell betydning.

**Tabell 5-6: Avvik i fødeår i ulike kjelder frå dåp i kyrkjebok. N=772 døypte i Bergen.**

Rangering	Kjelde	n	Snittavvik	% <3 år	% <2 år
1	Dåp	772	0.00	100.00	100.00
2	Hovudrulle	245	0.12	99.18	98.37
3	Vigsel	309	0.50	96.12	92.56
4	Slaveriet	21	0.86	95.24	95.24
5	Døde etter 1881*	141	0.85	90.78	84.40
6	F 1865	285	0.91	89.12	83.86
7	F 1875	244	0.94	90.98	80.33
8	Fengsel	150	0.95	90.67	86.00
9	Barns dåp	369	1.01	90.51	83.74
10	Heimstamnsforhøyr	150	1.03	91.33	80.00
11	Tukthuset	176	1.02	88.07	82.39
12	Fengselspresten sitt manntal	194	1.10	80.41	86.60
13	Tvangsarbeidsanstalten	1314	1.49	84.55	69.18
14	Døde før 1881*	132	1.63	78.79	65.91

\*Døde på Askøy er rangert tilsvarande som døde i Bergen

<sup>441</sup> Yngve Nedrebø: *Kilder om sjøfolk ved Statsarkivet i Bergen*, Statsarkivet i Bergen 1999, url: <http://home.online.no/~fnbred/sjoman.htm>.

Tvangsarbeidsanstalten hadde også flest registreringar av fødeår. Men Tabell 5-6 viser samtidig at nettopp denne anstalten er blant dei minst pålitelege når det galdt å registrere fødestad. For kommunen var det viktig nok å etablere sikker kunnskap om heimstamn (og dermed fødestad), men alder var mindre interessant så lenge vedkomande var minst 15 år. I snitt skilde alderen på tvangsarbeidsanstalten seg halvanna år frå den røynelege. I nærmare 15 prosent av innsetjingane, avveik alderen med tre år eller meir. Igjen var hovudrulla mest påliteleg, her var variasjonane veldig små.

Registeret med vigde på Askøy er ikkje med i Tabell 5-6 fordi dei attfunne her er for få til å vere representativt for kjelda generelt. Her finst i alt 64 registreringar av fødeår på personar i SuperPerson-tabellen. I tillegg finst berre éin registrering av døde på Askøy der ein kjenner fødeåret frå kyrkjebøkene i Bergen, medan det i alt finns 40 registreringar av fødeår frå døde på Askøy. Vurderinga av desse to kjeldene er difor gjort på grunnlag av den same typen kjelder i Bergen. Dei vigde på Askøy vart rangert som vigde i Bergen. Dei døde på Askøy er litt meir komplisert. Det er ein skilnad i pålitsgraden mellom dei døde før 1881 og dei etter, med aukande presisjon framover i tid. Dei døde på Askøy fordeler seg jamt med 19 døde før 1881 og 21 etter. Også for Askøy skil eg derfor mellom døde før og etter 1881, slik det er gjort for Bergen.

På grunnlag av dei koda verdiane av fødestad og fødeår, vart desse tillagt superpersonen og brukt som grunnlag for både tverrsnittsanalysar og den longitudinelle analysen. Der statiske opplysningar var tilgjengelege (fødestad og fødeår), vart desse kodane nytta i tabellane for tverrsnittsanalysane. Opplysningar som kunne variere vart naturlegvis halde på i tverrsnittsanalysen. Kvar enkelt anstalt fekk ein ny tabell med innlenka og koda alder, fødestad, yrke, bustad, lovbrott, straffelengd, heimel (brottsstad) og så bortetter i tillegg til datoar. Desse analysetabellane var nytta i tverrsnittsanalysen av kvar enkelt anstalt.

I tillegg produserte eg ein ny tabell for superpersonane med samandrag av deira karriere (sjå Tabell A-3 i Appendiks). Denne tabellen inneheldt opplysningar om første innsetjing i ein straffeanstalt, i tvangsarbeidsanstalt, debutaldrar, antal innsetjingar, karrierelengd og så bortetter. Sjølv Superpersontabellen vart oppdatert med dei viktigaste statiske opplysningane, som koda fødestad og fødeår. I tillegg koda eg alle former for geografisk tilknytning. Fire ulike former for tilknytning til ein geografisk stad vart koda; fødetad (F), bustad (B), opphaldsstad (O) og jurisdiksjon (J). Form for tilknytning vart skild frå kommunenummer med alfakrøll (@).Var ein registrert med Bergen som bustad fekk ein

koden "B@1301", og var ein i tillegg registrert med Bergen som fødestad ville koden bli "B@1301\_F@1301".

Til slutt produserte eg ein ny karrieretabell med aggregert longitudinell informasjon (KarriereAggregert – sjå appendiks). Denne tabellen set kvar enkelt hending, frå innsetjing i fridomsavgrensande anstaltar til giftarmål og nærver i folketeljingar, inn i ein relativ samanheng. I tillegg til ein del statiske opplysningar, som debutdatoar, har tabellen opplysning om tal på dagar sidan debut, tal på innstejingar i straffeanstaltar, siste anstalt ein sat i, ved kvar ny hending. I fall ei hending kom før hendinga den er relatert til, blir verdien negativ. For eksempel vil hendinga (eigen) fødsel alltid ha ein negativ verdi (tal på dagar) i forhold til første innsetjing i ein fridomsavgrensande anstalt.

**Tabell 5-7: Resultat av lenking – tal på hendingar i karrieretabell.**

Kjeldetype	Tabellnamn	Innhald	Innlenka postar
Sanksjon-sanstalt	Fengsel	Innsett i fengsel	4873
	Protokoll	Innsett på tvangsarbeidsanstalt	4651
	ProtokollTukt	Innsett på tukthus	3380
	Slaveri	Innsett på Slaveriet	320
Folketeljingar	1865	Folketeljinga 1865 inkludert landsokna og Årstad	888
	1875	Folketeljinga 1875 inkludert landsokna	673
	År75	Folketeljinga for Årstad 1875	39
	Asko65	Folketeljinga for Askøy 1865	57
	Asko75	Folketeljinga for Askøy 1875	21
	Kyrkjebøker	Døypte 1816	Fødd 1790-1894
Fedre 1790-1894			2892
Mødre 1790-1894			534
Foedst		Fedre fødselsstiftinga 1863-1911	71
		Mødre fødselsstiftinga 1863-1911	19
DodeE1849		Gravlagde i Bergen 1849-86. Utdrag frå databasen Gravlagde i Bergen 1814-1886	505
Doed1881		Døde i Bergen 1881-1911	374
VigdB		Vigde i Bergen 1816-1890	689
Askovigd		Vigde på Askøy 1743-1911	66
AskoyDod		Døde på Askøy 1742-1927	40
Andre	Hjemstav	Register over heimstamnsforhøyr i Bergen 1854-84	1078
	Domnh	Register over Domsakter i Nordhordland Fogderi 1839-1899.	635
	Hoved	Register over hovedruller ca. 1830-59 og loddtrekning 1860-70	414
<b>Samla tal på hendingar</b>			<b>22991</b>

I alt gav dette ein karrieretabell med nesten 23 000 hendingar fordelt på 6821 unike personar (Tabell 5-7). 13 224 av dei galdt innsetjingar i ein fridomsavgrensande anstalt, og knappe 10 000 var ulike hendingar innlenka frå supplementære kjelder. Dei fleste supplementære

hendingane var barnefødsjar. I alt fekk min populasjon 3516 barn, dei vart registrert 1678 gonger i ei folketeljing og avhøyrte av politiet om heimstamn 1078 gonger.



## 6 FRÅ FORMELLE RAMMER TIL PRAKSIS - STRAFFANGAR I BERGEN 1850-75

Det formelle rammeverket for bruken av sanksjonar la sjølvsagt klare føringar på praksis, men er like sjølvsagt ikkje ei avspegling av røyndomen. Det ein gjennomgang av lovverk ikkje seier noko om, er variasjonane innanfor det vedtekne rammeverket. Kven som kunne straffast eller tvingast, seier ikkje noko om kven eller kor mange som verkeleg vart det. Langt på veg må ein likevel rekne med at dei formelle reglane vart følgde, det *var* reglar for kven som skulle sitje på tukthuset og kven som kunne overførast til botsfengslet, på same måte som lova gav klare rammer for straffeutmålinga. Alvorlege lovbrøt førte til straffearbeid, mindre alvorlege til fengsel. I tilfelle der det ikkje var grunnlag for å gå til rettslege steg, kunne ein bli sett i tvangsarbeidsanstalten. Vidare avgjorde jurisdiksjonsgrenser og administrative inndelingar kven som kunne bli innsett i anstaltane i Bergen. I tilfella der initiativ til fridomsstraff vart teke i Rogaland, kunne ein hamne på slaveriet i Bergen, men ikkje på nokon av dei andre anstaltane. Ein kunne bli dømd til tukthuset i Bergen frå Sunnmøre, men ikkje til opphald i fengslet. Det same gjaldt forsåvidt Sogn og Fjordane, Hardanger og Voss og Sunnhordland. Vanlegvis var det berre frå Nord- og Midhordland at ein vart sendt til Bergen for å sone fengselsstraff. Vossingane hadde sitt eige hjelpefengsel dei delte med hardingane, og slike fengsel hadde dei også i Vik i Sogn og på Stord i Sunnhordland.

I kapittel 4.1.2 *Kunnskapen om sanksjonsmottakarane*, har me sett at fridomsstraff vaks fram som den dominerande straffeforma, og fengslet fortrenkte straffearbeidsanstaltane, sjølv om desse ikkje forsvann heilt. Dei dominerande lovbrota blant menn var tjuveri og anna vinningskriminalitet. For kvinner var i tillegg lovbrøt knytt til seksualitet ei viktig årsak til straffelling. Kriminalitet vart utført av unge menneske, men slett ikkje berre av denne aldersgruppa. Ratemessig, altså i forhold til befolkninga generelt i dei ulike aldersgruppene, vart flest menn i aldersgruppa 20-24 år tiltalt. At fleire i aldersgruppa 30-39 år vart tiltalt enn 15-17 år, samanlikna med folketalet i desse aldersgruppene, viser at det er viktig å ikkje overdrive kriminalitet som eit ungdomsfenomen. Blant kvinner var raten over tiltalte høgast nettopp i aldersgruppa 30-39 år, først og fremst fordi så mange av "løsagtigheitssakene" var knytt til denne aldersgruppa. På tvangsarbeidsanstaltane synest ei differensiert gruppe av menn sett inn etter lausgjengarparagrafen i fattiglova å dominere. Samtidig synest klientellet her å vere eldre enn i straffeanstaltane. Det gjaldt likevel ikkje for kvinnene, der dei unge i 20-

årsalderen var ei stor gruppe. Det har også bidratt til å gi desse kvinnene rykte som prostituerte.<sup>442</sup>

Dei følgjande to kapitla har som formål å konkretisere og kontekstualisere bruken av fridomssanksjonar gjennom tverrsnittsanalysar av dei ulike anstaltane i Bergen for perioden 1850-75. Ein tverrsnittsanalyse fokuserer på enkeltinnsetjingar (sak) meir enn på innsette (person). Undersøkjingsobjektet er dermed i praksis dei ulike anstaltane, meir enn dei innsette sjølve. Det sentrale er å undersøke det samla *omfanget* av fridomssanksjonar i dei ulike anstaltane i Bergen. Dernest er det sentralt å undersøke *kven* som til ulike tider vart sett inn i dei ulike anstaltane, *kor lenge* og *kvifor* dei sat der. Målsetjinga med dette er å undersøke kor differensiert klientella var, både innanfor kvar enkelt anstalt og mellom dei ulike anstaltane. Dominerte ulike grupper av sanksjonsmottakarar i dei ulike anstaltane? I tillegg til årsak og straffelengd, vil alder, geografisk bakgrunn og dels yrke vere indikatorar på kor einsarta eller differensiert dei ulike anstaltane var samansett. Særleg vil det vere viktig å undersøke om tvangslemmane som gruppe skilde seg frå straffangane på ein måte som underbyggjer utsegnene til Sundt og Kielland om at tvangslemmar var særlege ”utskot” i bysamfunnet.

Tverrsnittsanalysen er ikkje berre sentral for å setje den longitudinelle analysen inn i ein samla kontekst, men er også eit nødvendig operasjonaliserande grep for den longitudinelle analysen. Det er avgjerande å klarleggje i kva grad det er mogleg å rekonstruere karrierane til kvar enkelt innsett, og då er særleg kjennskap til den geografiske bakgrunnen (som fødestad, bustad og brotsstad) til dei enkelte viktig. For å kunne føreta ein longitudinell analyse må eg få avklart i kva grad dei innsette i dei ulike anstaltane eignar seg til ein slik analyse, og eventuelt avgrense analysepopulasjonen til dei av dei innsette det er mogleg å følgje over tid.

Med unntak av eit generelt oversyn over fridomssanksjonar i Bergen på 1800-talet, avgrensar eg meg i dette kapitlet til straffangane. Tvangslemmane er gjenstand for ein tverrsnittsanalyse i eit eige kapittel.

---

<sup>442</sup> Sjå til dømes Utne 1981, s. 55.




## 6.1 FRIDOMSSANKSJONAR I BERGENSKE ANSTALTAR

Figur 6-1 viser talet på innsette i dei ulike straffeanstaltane i Bergen i tida 1766-1900 og i tvangsarbeidsanstalten 1843-88. Talgrunnlaget er oppteljingar i dei ulike protokollane. For slaveriet kjenner me talet på innsette frå 1766 til den siste innsetjinga i 1877 og for tukthuset frå 1775 fram til avviklinga i 1885. Fengsel var svært lite brukt som straff før 1842, og var mest brukt til varetekt. Protokollen over straffangar 1825-44 lista opp ulike typar av innsette, både på dei som sat på straff etter dom og i varetekt i påvente av dom eller beslutning om å bli sett fri utan tiltale. For denne protokollen har eg ikkje talt opp alle innsette, men ved gjennomlesing talt dei som sat inne for straff enkelte år. Slik er tala over innsette i fengslet før 1850 samanliknbare med dei etter som heller ikkje inkluderer innsette i varetekt.

Figuren viser tydeleg kor mykje straffelova av 1842 fekk å seie for val av straffesanksjon. Før 1842 var fengsel berre unntaksvis nytta til noko anna enn forvaring i påvente av dom. Tukthus var den dominerande straffeanstalten, men også slaveriet hadde eit aukande belegg fram mot lovrevisjonen, noko som skapte press på anstalten. Med unntak for to år, var det heile tida 1826-38 mindre enn ti innsette årleg på straff i fengslet. Så seint som i 1842 vart berre 13 personar innsett på straff i fengslet i Bergen.

**Figur 6-1: Fridomssanksjonar i Bergen 1766-1900.**




Etter 1842 endra dette seg dramatisk, og fengslet vart den klart mest brukte straffeanstalten. Talet på innsette i straffearbeidsanstaltane gjekk ned, men med den auka bruken av fengsling auka det samla talet på fridomssanksjonar drastisk. Fram til 1830-talet eksekverte ein berre unntaksvis meir enn 100 fridomssanksjonar årleg i Bergen. Dette steig raskt til ein topp i underkant av 200 i 1840. Ein overgangsperiode frå gamal til ny straffelov førte ei kort stund

til nedgang før talet på straffesanksjonar stabiliserte seg på godt over 200 kvart år, og nærare 400 i 1875. Frå 1877 sona ikkje lenger kvinnelege straffarbeidsfangar straffa si i Bergen, og frå 1885 galdt det same for menn. Det gjer det samla talet på tildelte fridomssanksjonar i Bergen mindre samanliknbart for 1800-talet under eitt. Trass i desse manglande fridomsstraffane førte den kraftige auken i fengsla mot slutten av hundreåret til ein dramatisk auke i talet på fridomssanksjonerte totalt i Bergen. Bruken av fridomsstraff i Bergen speglar såleis den ålmenne bruken av fridomsstraff i Norge under eitt.

I dette oversynet må det poengterast at ein god del av innsetjingane i fengslet ikkje i utgangspunktet var fridomssanksjonar, men bøtestraffar som endte med fengsel på grunn av manglande betaling. Det vil eg kome tilbake til når fengselssanksjonane vert presentert og drøfta meir inngående.

**Figur 6-2: Fridomssanksjonar i Bergen 1850-75.**



Omlag samtidig med straffelova vart tvangsarbeidsanstalten oppretta, og frå 1843 kjenner me frå protokollane talet på innsette også her. Det første året vart 88 innsette og først i 1846 passerte talet 100. 1847 og 1848 viste ein sterk vekst då over 250 vart innsette det siste året. Sidan fall det og låg på rundt 100 innsette kvart år, stigande til rundt 200-250 i tida rundt 1870. Seinare fall talet igjen noko, men låg alltid over 150 innsette årleg så langt talet er kjent. Den sterke auken i innsette rundt 1848 må ha hatt samband med dei svært vanskelege tidene som toppa seg i eit oppløp mot betalinga for kommunalt nødsarbeid same året.<sup>443</sup>

Det samla talet på fridomssanksjonar i perioden eg har fullstendig oversyn over dette (1850-

75), syner vekst. Rundt 1850 vart rundt rekna 350 fridomssanksjonar eksekverte årleg, medan talet rundt 1875 låg på ca 600. Tek me omsyn til folketalet i Bergen, får me omlag 140 fridomssanksjonar pr 10 000 innbyggjarar i Bergen med landsokna i 1850 mot ca 150 pr 10 000 i 1875. Med den aukande tyngda av innsette i tvangsarbeidsanstalten og fengslet, altså meir lokalt forankra anstaltar enn tukthuset og slaveriet, auka i røynda raten over lokalt initierte fridomssanksjonar endå meir.

Alt i alt ser ein at bruken av fridomssanksjonar, anten desse var judisielle eller administrative, auka dramatisk frå midten av 1800-talet og framover. Straffarbeidsanstaltane, og særleg slaveriet, fekk etter 1842 relativt sett ein minkande betydning som sanksjonsanstalt på kostnad av fengsel og tvangsarbeid. Straffarbeidsfangane vart i aukande grad ei eksklusiv gruppe mellom straffangane. Det i seg sjølv aktualiserer ei samanlikning av kven som vart innsett i dei ulike anstaltane.

## **6.2 INNSETTE I FENGSLET**

### **6.2.1 Talet på fengsla personar 1850-75**


Straffelova frå 1842 markerte altså eit overmåte skilje i bruken av fengsel, både som straff i det heile og som føretrekt anstalt ved fridomsstraff. Veksten var stor i åra etter at lova trådde i kraft. Figur 6-3 viser utviklinga i tida 1850-75 for menn og kvinner og kor stor del menn utgjorde blant dei innsette. Stort sett varierte talet på innsette mellom ca 150 og 200 årleg fram til utpå byrjinga av 1860-talet. Då kom ein liten nedgang før talet på innsette vaks brått resten av perioden. I figur 6-1 såg ein at denne veksten heldt fram til ut på 1880-talet før den steig raskt mot nye høgder på 1890-talet.

Det er naturleg å setje skiljet i 1867 i samband med opninga av det nye distriktsfengslet i Bergen, samtidig som lovendingar omgjorde ein del tukthusstraffar til fengsel.<sup>444</sup> Fram til dette året var rådstukjellaren byens fengsel. I tillegg til å vere rehabiliteringsmessig fullstendig ueigna, usanitært og direkte helseskadeleg, var det også trongt. Sjølv om ein kunne stue inn mange på kvar enkelt celle, var det berre plass til eit avgrensa tal på fangar. Nedgangen i talet på innsette siste tida fram mot 1867 kan tyde på ei viss nøling i bruken av fengselsstraff, gjerne i påvente av det nye fengslet. Det nybygde distriktsfengslet var lyst,

---

<sup>443</sup> Ertresvaag 1995, s. 301.

Figur 6-3: Innsette i fengslet 1850-75. Menn og kvinner.



reint og hadde god plass, i alle fall ei stund, og gjorde auka bruk av fridomssanksjonering innanfor forsvarlege rammer mogleg. I 1867 vart 116 personar innførte i straffangeprotokollen for fengslet, åtte år seinare var talet kome opp i heile 322 innsetjingar, ein vekst på 178 prosent. Ein skal likevel vere svært forsiktig med tilleggjje styresmakter ei altfor fleksibel haldning andsynes fengsling. Dei formelle reglane i kriminalprosessen gjorde det vanskeleg å regulere talet på straffangar. Hovudårsaker til auken i fengslet er truleg å finne i lovendringar som påverka fordelinga av fangar, auka kriminalitet og kanskje også ein auka vilje til både å melde brotsverk og auka innsats ved etterforskinga av desse. I tillegg kan det vere eit resultat av ein viss regulering av soningskøen. Median tid frå domfelling til innsetjing gjekk ned frå 21 dagar 1862-65 til berre ti dagar 1867-70, også dei andre kvartila fall sterkt. 1866 var spesielt med færre innsetjingar enn dei andre åra og særleg låg tredje kvartil. Det nye fengslet klarte å ta unna fangar raskare enn det gamle.

Talet på innsette etter opninga av det nye fengslet nådde ein mellombels topp i 1870. Det var forårsaka av etterdønningane etter den såkalla "poteteskrigen" som fann stad i Bergen august 1868. Mellommenn pressa opp prisane på poteter frå bonde til forbrukar og utløyste raseri og "tumultar" mellom på den eine sida byallmuge og arbeidarar ved verfta i utkanten av sentrum, og politi, borgarvæpning og regulære militærstyrkar på den andre sida. Opptrinnet vart oppfatta som dramatisk, men ingen vart alvorleg skadd. I alt 54 personar vart etterkvart tiltalt, og då saka var endeleg avgjort i Høgsterett våren 1870, vart 34 av dei dømde og 27

<sup>444</sup> Lov 9.6.1866 (Mejlænder 1871).

fekk fengselsstraff.<sup>445</sup> Denne hendinga var spesiell, og denne gruppa av innsette var såpass lite representativ for dei som vanlegvis hamna i fengsel at fengselspresten poengterte dette i eit telegram då saka kom opp for høgsterett:

*“Rygtet: Poteteskrigarrestanterne er Udskuddet Befolkningen aldeles uefterretteligt. En undtagen, skikkelige Folk, fordelagtig udmærkede sig fra Varetægtsfanger i Almindelighed.”*<sup>446</sup>

Andelen menn blant dei innsette låg heile perioden stabilt på mellom ca 85-90 prosent. Kriminalitet, i alle fall den registrerte, var eit maskulint fenomen, og det har ei naturleg følge også for klientellet i straffeanstaltane. I 1998 var til samanlikning 92 prosent av fengselsdømde menn.<sup>447</sup>

### **6.2.2 Geografisk bakgrunn til innsette i fengslet**

Som vist i kapittel 3.4.1 skulle fengslet i Bergen i første rekke motta straffangar frå Bergen by, i tillegg til Mid- og Nordhordland sorenskriveri – Strilelandet. På Voss og i Sunnhordland fanst eigne hjelpefengsel, men også herifrå skal fengslet ha motteke fangar. Bergen dominerte sjølvsagt fullstendig som sentralstad i dette området, men folketalet på Strilelandet overgjekk likevel Bergen samla. I 1865 budde vel 30 000 i Bergen med landsokna. På Strilelandet var folketalet heile 56 000. Betyr dette at fengslet i større grad huste fangar med ei rural heller enn urban tilknytning? Ulik geografisk bakgrunn treng likevel ikkje bety at skiljet mellom tilsynelatande urbane og rurale kriminelle er større enn at dei typisk utførte urbane brotsverk. Med andre ord vil eg i tillegg til bustad undersøke kvar initiativa til innsetjinga vart tatt. Formålet med å undersøke geografisk opphav til dei innsette er todelt. For det første er bustad og brotsstad ein indikator på kor differensiert eller eventuelt homogen gruppa av fengsla i Bergen var. For det andre er det avgjerande for å vurdere tilknytninga sanksjonsmottakarane hadde til Bergen for dermed å kunne avgrense i populasjonen i den longitudinelle analysen.

Protokollen over straffangar i fengslet gir to typar av geografiske opplysningar, bustad til den innsette og brotsstaden. Protokollen hadde ikkje eige felt for bustad, men dette vart normalt oppgitt i feltet der namn og stand skulle skrivast. Typisk innførsel kunne vere ”Sjouer Samuel Olsen Slettehoug af Bergen”.<sup>448</sup> Brotsstaden skulle førast i feltet ”Med hvad Hjemmel og for hvilken Forbrydelse eller Lovovertrædelse, samt hvor denne er begaaet”. Brotsstaden er ikkje

---


<sup>445</sup> SAB: Byfogd og byskriver i Bergen, I.D.a.6. Akter ang. Optøierne i Bergen 1868 (Poteteskrigen).

<sup>446</sup> SAB: Byfogd og byskriver i Bergen, I.D.a.6. Akter ang. Optøierne i Bergen 1868 (Poteteskrigen), telegram frå fengselspreste Hille til advokat Birch, Christiania, datert 19.2.1870.

<sup>447</sup> NOS C 644 *Kriminalstatistikk 1998*, Oslo 2001. Tabell 49 Nyinnsettelse, etter reaksjonens art, kjønn og alder.

<sup>448</sup> Innsett 22.11.1851, lnr. 146.

Figur 6-4: Prosent med ukjend bustad ved innsetjing i fengslet 1850-75.



konsekvent ført, men kan i ein del tilfelle rekonstruerast utifrå kva domstol dei var dømde i. Var ein dømd i byretten eller politiretten, kan eg rimeleg sikkert slå fast at brotet var utført i Bergen. Der heimelen var ein høgsterettsdom eller stiftsresolusjon, stiller dette seg heilt annleis. Her kunne brotet vere begått kvar som helst, men i praksis likevel som oftast i Bergen, Nord- eller Midhordland som jurisdiksjonsmessig sokna til fengslet. I slutten av 1873 tok ein i bruk ein ny protokoll, og endra på oppsettet. Framleis var det ikkje eige felt for bustad, samtidig som ein allereie i slutten av førre protokoll i stadig mindre grad førte inn denne informasjonen. Vidare vart opplysningen om brotsstaden skild ut i eit eige felt og føringane av desse opplysningane meir konsekvent gjennomført. Resultatet er meir eller mindre konsekvent føring av bustad fram til 1870, då bustad mangla for mindre enn to prosent i heile denne perioden. Dette glei fullstendig ut på 1870-talet og i 1875 er mangelen på føring av bustad nokså konsekvent (Figur 6-4).

Opplysningar om brotsstad er konsekvent ført, men altså med varierende detaljnivå. I enkelte tilfelle kjenner ein berre til den omtrentlege brotsstaden gjennom jurisdiksjonen, og i andre tilfelle igjen er den umogleg å stadfeste på formålstenleg måte. Knappe fem prosent av brotsverka er uråd å stadfeste på denne måten. Manglande kjennskap til brotsstad var først og fremst eit problem på 1850-talet, og verst var det i 1859 då denne opplysningen mangla for 13 prosent av dei innsette.

Det går også fram av praksis ved føringa av protokollane at bustad var identisk med fast opphaldsstad, ikkje med det juridisk funderte heimstamn. Lars Knudsen Lundeqvam vart innsett i fengslet 16. oktober 1860 med Bergen som bustad. Knappe to veker seinare vart han innsett i tvangsarbeidsanstalten, men med Førde som heimstamn. Lars Elias Ulfeldt vart

fengsla samtidig med Lars Knudsen og på ny 21. oktober 1860. I tvangsarbeidsanstalten kom han 29. november same året. Ved innsetjingane i fengslet vart Bergen oppført som bustad, medan tvangsarbeidsanstalten førte Trondheim som heimstamn. Fengslet fører altså opp Bergen som bustad, sjølv om heimstamn på dei aktuelle tidspunkta var ein heilt annan. Tilsvarande finst det fleire eksempel på.

Med denne avklaringa kan me gå vidare og spørje kvar dei dei innsette i fengslet budde og kvar dei gjorde lovbrota sine. Fleirtalet av dei protokollen oppgir bustad til, budde i Bergen. Det galdt både menn og kvinner (Tabell 6-1). Vidare var *Strilelandet*, altså Mid- og Nordhordland viktig, kvar femte mannlege innsette og kvar fjerde kvinnelege innsette budde i dette området. Høvesvis 79 og 87 prosent av dei innsette budde i eitt av desse områda, og dominerte slik mellom dei innsette. Dette har naturlegvis samanheng med at desse områda sokna til fengslet reint administrativt. Folk frå Sogn og Fjordane skulle normalt sone i Vik, folk frå indre Hordaland på Voss og sunnhordlendingar i Leirvik på Stord. Fjernare område hadde sine egne straffeanstaltar. Berre i få tilfelle, der den riktige straffeanstalten låg svært fjernt frå staden ein person var pågripen, skulle ein avsone fengselsstraffar i andre område enn der ein reint jurisdiksjonsmessig hørde heime.

**Tabell 6-1: Bustad for innsette i fengslet 1850-75. Prosentvis fordelt.**

Bustad	Menn		Kvinner	
	Alle	Kjend bustad	Alle	Kjend bustad
Nordafjeldske*	0.7	0.9	0.4	0.6
Møre og Romsdal	0.4	0.5	1.2	1.5
Nordfjord	0.5	0.7	0.0	0.0
Sunnfjord	1.3	1.6	1.2	1.5
Sogn	3.6	4.6	1.9	2.4
Strileland	16.7	21.3	20.7	25.5
Bergen	45.2	57.4	50.0	61.7
Hardanger og Voss	2.6	3.4	1.0	1.3
Sunnhordland	2.2	2.8	2.2	2.8
Rogaland	0.6	0.7	0.6	0.7
Sørlandet	0.6	0.8	0.4	0.6
Austlandet	2.2	2.8	1.0	1.3
Utlandet	1.5	1.8	0.0	0.0
Ukjend	0.5	0.6	0.3	0.4
Manglar	21.3	-	18.9	-
Sum	99.9 (n=4201)	99.9 (n=3305)	99.8 (n=572)	99.9 (n=545)

\* Her i tydinga nord for Møre og Romsdal

Strilane dominerer altså ikkje slik ein utifrå folketalet kunne vente. Tvert om gav dei mange bergensbusette dei innsette eit langt sterkare urbant enn ruralt preg. Folketalet i 1865 er ikkje representativt perioden 1850-75 under eitt, men gir likevel ein peikepinn på forholdet mellom

dei ulike områda. Tabell 6-2 viser at det samla talet på innsette strilar 1850-75 utgjorde 2.5 prosent av menn og berre 0.5 prosent av kvinner busett på Strilelandet i 1865. Bergensarane derimot, utgjorde heile 12.7 prosent av menn og 2.0 prosent av kvinner i 1865. Bergensarane dominerte stort både i absolute og relative tal. Dei fengsla hadde eit langt sterkare urbant preg enn kva rekrutteringsområdet til fengslet skulle tilseie.

Om ein bryt tala for Strilelandet ned på kommunar, blir denne urbane dominansen berre forsterka (Tabell 6-2). To område skilde to av dei seg ut absolutt sett, nemleg Askøy og Manger, både blant menn og kvinner. Sett opp mot folketalet i dei ulike kommunane i 1865, rekrutterte dei mest bynære områda flest til fengslet. Askøy kan forklarast med sin bynære plassering og verftsområdet på Laksevåg som ikkje berre var bynært, men i seg sjølv eit urbanisert område med ein ikkje ubetydeleg arbeidarbefolkning. I absolute tal peikte ikkje Årstad og det tilsvarande miljøet i Solheimsviken seg ut, men samanlikna med folketalet i desse områda vart forholdsvis mange frå Årstad sett inn. Fana låg også nært byen og hadde forholdsvis stor rekruttering til fengslet. At Manger og Os, som låg fjernare frå Bergen enn til dømes Hamre, hadde såpass stor rekruttering er vanskelegare å forklare, men det kan i alle fall delvis vere utslag av at desse områda hadde nokre aktive gjengangarar som dreiv opp tala for desse områda.

**Tabell 6-2: Innsette i fengslet frå Strilelandet 1850-75.**


	Menn				Kvinner			
	n	%	F 1865	% av F 1865	n	%	F 1865	% av F 1865
Årstad	29	4.1	693	4.2	8	5.8	705	1.1
Askøy	114	16.2	2032	5.6	23	16.5	1931	1.2
Fana	71	10.1	1753	4.1	11	7.9	1882	0.6
Fjell	54	7.7	3271	1.7	11	7.9	3245	0.3
Fusa	24	3.4	1518	1.6	12	8.6	1656	0.7
Hamre	53	7.5	2583	2.1	7	5.0	2663	0.3
Haus	58	8.3	3006	1.9	10	7.2	3285	0.3
Hosanger	26	3.7	2011	1.3	4	2.9	2081	0.2
Lindås	66	9.4	3462	1.9	13	9.4	3641	0.4
Manger	115	16.4	3370	3.4	18	12.9	3481	0.5
Os	57	8.1	1805	3.2	14	10.1	1945	0.7
Sund	36	5.1	2027	1.8	8	5.8	2184	0.4
Strilelandet	N=703	100.0	27531	2.6	N=139	100.0	28699	0.5
Bergen	N=1897		14915	12.7	N=336		16860	2.0

Kjelde: Befolkningstal 1865 henta frå Digitalarkivet og Bing 1915, s. 120.

Over tid varierte bustaden til dei innsette noko. Det mest slående med figur 6-5 er sjølvsagt den sterke auken i personar med ukjend bustad på 1870-talet. Elles er auken i talet på innsette med bustad på Strilelandet fram til 1865, og ein tilsvarande nedgang etter mest interessant. I



Figur 6-5: Innsette i fengslet 1850-75 prosentvis fordelt etter bustad.



1865 vart fleire strilane enn bergensarar sett inn. Etter ein nedgang på byrjinga av 1860-talet, auka igjen dei bergensbusette før den høge andelen med ukjend bustad tåkelegg utviklinga.

Igjen er det nærliggjande å setje utviklinga i samband med fengselslova og opninga av distriktsfengslet i Bergen i 1867. Kan det tenkjast at plikta til å motta fangar frå nærområda i ein pressa fengselsanstalt har ført til at ein i det lengste unngjekk å setje lokale kriminelle i fengsel? Ein har allereie sett at innsetjinga i tvangsarbeidsanstalten tok seg opp etter at denne vart utbygd på byrjinga av 1860-talet. Valde politiet i Bergen å sanksjonere mot enkelte småkriminelle ved å setje dei i tvangsarbeidsanstalten i staden for i fengslet? Det er ikkje utenkjeleg, særleg ikkje med tanke på at Bergen hadde lågare kriminalitetsratar enn til dømes Trondheim. I gjennomgangen av årsaker til innsetjing på tvangsarbeidsanstalten skal eg vise at det faktisk fann stad ureglementær innsetjing på tvangsarbeidsanstalten. Her er likevel fleire forhold som gjer ein skeptisk til ein fleksibel bruk av fengslet. Den høge andelen av bergensbusette i fengslet allereie i 1866, før opninga av det nye fengslet, underbyggjer dette. Det gjer også det faktum at talet på innsette i tvangsarbeidsanstalten først flater ut i 1870, fleire år etter opninga av det nye fengslet. I tillegg var det uansett måte på kor mykje ein kunne bøye eit regelverk.

Dei innsette i fengslet i Bergen kan delast i tre ulike grupper på grunnlag av den geografiske bakgrunnen. Den dominerande gruppa var dei urbane kriminelle med bustad i Bergen. Ved sida av denne fanst ei gruppe med rural tilknytning, først og fremst til det omliggjande Strilelandet. Den tredje gruppa, som kan ha utgjort omlag 20 prosent, hadde heimstaden sin

utanfor for rekrutteringsområdet til fengslet. Desse endte opp i fengslet av tre hovudgrunnar. Dei kunne av ulike grunnar vere sende til Bergen for å sone, slik ein mottok fangar frå Voss, Hardanger og Sunnhordland i enkelte tilfelle. Det kunne vere personar med dom frå andre jurisdiksjonar som vart pågripne i Bergen og som styresmaktene vedtok skulle sone her. Det galdt til dømes om ein vart pågripen i eit anna stift enn det ein var dømd i. I dei fleste tilfella var det likevel personar som gjorde seg skuldig i lovbrøt under besøk i byen, eller i det nære omlandet, og som følgeleg også vart fengsla her. Ein såpass dynamisk og internasjonal handelsby som Bergen hadde mange besøkande året rundt, og naturlegvis særleg i stevnetida i mai og august. Nordlendingar gjorde likevel svært lite av seg i fengslet, ein finn til dømes langt fleire utlendingar enn nordlendingar der. Typisk nok hadde ikkje ei einaste av kvinnene bustad i utlandet. Utanlandske sjømenn var nettopp menn.

Denne tredelinga representerer likevel ikkje tre segregerte grupper av straffangar utan andre tilstøyttingspunkt. At ein har ein rural bakgrunn var ikkje noko hinder for at lovbrøtet vart utført i ein urban kontekst, det vil seie i Bergen. Eit fleirtal vart også sett i fengsel for brotsverk utført i Bergen. For halvparten av dei innsette var domsinstanden i Bergen, som byretten eller politiretten. Dette er minimumstal, ettersom ein del saker som vart pådømt i Bergen i ein underrett vart anka til stiftsverretten eller høgsterett. For bøtesonarane kjenner ein heller ikkje domstol i første instans, berre at det var stiftet som resolverte avsoning. Tel me tilfella der me *veit* at domsinstanden var ein annan enn Bergen og Strileland, utgjorde dette mindre enn fire prosent av innsetjingane.

Ei krysskopling mellom brotsstad og bustad klargjer dette spørsmålet. Brotsstad var meir presist lokalisert enn sjølve jurisdiksjonen. Fengselsprotokollen kunne ha innførsler som viste at innsetjinga var eit resultat av ein stiftsresolusjon for avsoning av ei bot for slagsmål ”her i Byen”, eller liknande. Her kan ikkje jurisdiksjonen formelt avgrensast nærare enn til stiftet, men brotsverket kan lokaliserast til Bergen. Samtidig tyder det på at saka også har vore tatt opp til handsaming i ein instans i Bergen, anten i byrett, politirett eller som vedtatt bot på politikammeret. Med unntak av områda nærmast Bergen, vart eit fleirtal uansett bustad, dømde for eit brotsverk i Bergen (73 prosent – sjå Tabell 6-4). Unntaka var dei som var busette på Strilelandet, Hardanger, Voss og i Sunnhordland. Dømde på Strilelandet – i Nord- og Midhordland sorenskriveri – skulle heile tida avsone straffane sine i fengslet i Bergen. Meir enn kvar fjerde stril (28 prosent) vart sett i fengslet for ei handling utført i Bergen, og ikkje i heimedistrikta og viser at rurale kriminelle ikkje nødvendigvis utførte rurale lovbrøt. I tillegg er lovbrøt utførte på Laksevåg og i Solheimsviken i denne samanhengen å rekne som

eit ruralt utført lovbrøt, sjølv om desse områda er meir typisk urbant enn landleg. Dei typiske urbane kriminelle, gjorde også typisk sine lovbrøt i ein urban kontekst. 89 prosent av bergensarane veit me utførte lovbrøtet i Bergen. Nesten sju prosent av lovbrøta kunne ikkje plasserast geografisk og berre 2.6 prosent kunne knytast til Strilelandet, og sannsynlegvis i dei fleste tilfella til Laksevåg og Solheimsviken.

**Tabell 6-3: Jurisdiksjon ved innsetjing i fengslet 1850-75.**

	n	%
Bergen	2432	49.9
Stiftet	1301	26.7
Midhordland	332	6.8
Høgsterett	299	6.1
Nordhordland	255	5.2
Søndre Bergenhus	63	1.3
Sunnhordland	58	1.2
Hardanger og Voss	28	0.6
Andre byar	26	0.5
Sogn	16	0.3
Ukjend	9	0.2
Sunnfjord	8	0.2
Nordre Bergenhus	6	0.1
Nordfjord	4	0.1
Andre	36	0.7
	4873	100.0

Fengslet i Bergen tok som nemnt tidvis også imot fangar frå andre delar av amtet.<sup>449</sup> Sunnhordland hadde lenge eit fengsel som ikkje var eigna for avsoning av straff. I Skånevik fanst eit arresthus, men det oppfylde ikkje fengselslova sine krav til straffeanstalt.<sup>450</sup> Då fengselsvesenet for Søndre Bergenhus vart godkjend i departementet i 1867, hadde Sunnhordland fått nytt og meir tidsmessig fengsel på Leirvik. 49 av dei 50 frå Sunnhordland som hamna i fengslet i Bergen, kom også før 1866. Likevel vart nesten like mange sunnhordlendingar innsette for eit brotsverk i Bergen som i heimejurisdiksjonen (41 prosent mot 47 prosent), og inkluderer me Nord- og Midhordland var det endå fleire. Av 42 inndømde frå Hardanger og Voss, var 38 inndømde før 1853. Voss hadde eigen arrest frå gammalt av, og i alle fall frå 1845 fungerte dette som eit hjelpefengsel. Utover på 1850-talet vart tydelegvis behovet for fengselslokale tilfredsstilt på Voss, og avsending av fangar til fengslet i Bergen skjedde berre sporadisk med to i 1862 og nye to i 1864. Vidare fram til 1875, vart ingen inndømd frå Hardanger og Voss. Også frå dette området vart fleire

<sup>449</sup> UBB: (Til Bergens Magistrat og Formandskab) / Carl N.S. Platou, Georg Houge, J. Bonnevie, Bilage til Fængselsagen, Bergen 1861, s. 13f.

<sup>450</sup> NOS Fjerde Række Nr. 86. *Meddelelser om Det norske Fængselsvæsen i det 19de Aarhundrede*, Udgivet af Expeditionschefen for Fængselsvæsenet, Kristiania 1904, s. 139.

inndømde for brotsverk utførte i jurisdiksjonane som fengslet i Bergen sokna til enn i heimejurisdiksjonen.

**Tabell 6-4: Innsette i fengslet i Bergen 1850-75 etter bustad og brotsstad.**

Bustad	Brotsstad										
	Bergen	Nordhordl.	Midhordl.	Sunnhordl.	Hard. og Voss	S. Bergenhus	N. Bergenhus	Andre	Uplasserbar	SUM	n
Nordafjeldske	78.1	6.3	3.1					12.5		100.0	32
Møre og Romsdal	73.1	3.8	3.8	7.7				11.5		100.0	26
Nordfjord	72.7		9.1			4.5	9.1		4.5	100.0	22
Sunnfjord	74.2	1.6	11.3		1.6		6.5	3.2	1.6	100.0	62
Sogn	68.1	2.4	6.6		0.6		15.7	4.2	2.4	100.0	166
Strileland	28.0	27.6	39.9	0.5	0.2	1.5	0.4	0.6	1.3	100.0	842
Bergen	89.0	0.4	2.2	0.1			0.2	1.2	6.9	100.0	2234
Hardanger og Voss	34.7	8.5	5.1	9.3	35.6	1.7	3.4	1.7		100.0	118
Sunnhordland	41.1	3.7	3.7	46.7			0.9	3.7		100.0	108
Rogaland	57.1	7.1	14.3	3.6				14.3	3.6	100.0	28
Sørlandet	72.4		6.9	10.3				6.9	3.4	100.0	29
Austlandet	70.0	2.0	8.0	5.0	2.0			13.0		100.0	100
Utlandet	75.4	4.9	8.2	1.6				4.9	4.9	100.0	61
Ukjend	63.6	9.1	13.6	4.5	4.5			4.5		100.0	22
Manglar	82.3	3.0	9.0	0.3		0.5	0.6	3.4	0.9	100.0	1023
Totalt	72.6 % n=3536	6.2 % n=302	10.9 % n=532	1.7 % n=84	1.0 % n=49	0.4 % n=21	1.0 % n=50	2.3 % n=111	3.9 % n=188	100.0	N=4873

Innsette i fengslet i Bergen som var busette utanfor Søndre Bergenhus vart for det meste sett inn for brotsverk utførte i Bergen eller dei nærmast liggande områda som også, i alle fall i periodar, sende sine straffangar til Bergen. Ein del av innsetjingane var eit resultat av dommar i domstolar som det ikkje er råd å plassere geografisk på formålstenleg måte. Var ein innsett etter ein stiftsresolusjon, kunne underdomstolen vere lokalisert i eit stort område. Reglane for kven som skulle innsetjast i fengslet sannsynleggjer likevel at så å seie alle desse sakene vart innanka frå ein underdomstol i Bergen og dels Strilelandet (Mid- og Nordhordland sorenskriveri), men dette kan berre sikkert avklarast ved å leite etter dommen i dei aktuelle underrettane.

Eit klart fleirtal av dei innsette hadde ein urban bakgrunn eller hamna i fengslet på grunn av handlingar utført i ein urban kontekst. Berre frå Strilelandet utførte eit fleirtal av dei innsette den kriminelle handlinga utanfor Bergen, sjølv om også ei stor gruppe av strilar vart dømde i Bergen. Det er grunn til å halde fast på tredelinga av dei innsette; dei bergensbusette, strilane og ein restkategori med for det meste besøkjand. Samtidig må ein ha auge for nyansar innafør og mellom desse gruppene, ikkje minst på grunnlag av tilknytning til Bergen gjennom lovbrott. I ein longitudinell samanheng er dette naturlegvis ei utfordring. Grappa av bergensbusette er

minst problematiske, men ingen i dei to andre gruppene kan automatisk innlemmast i ein longitudinell analyse. For desse er det nødvendig å utarbeide tilleggskriterie.

### 6.2.3 Alder til dei innsette i fengslet

Personar under 15 år kunne fram til 1875 fengslast ved varetekt, ikkje som straff. Politimesteren sin ”fortegnelse” over barn under 15 år dømde i Bergen mellom juli 1852 og juli 1855 inneheldt 52 namn. Sju av desse sona straffa i form av fengsel, og alle desse hadde fyllt 15 år. Det vil seie dei var tiltalte og eventuelt dømde yngre enn 15 år, men var 15 år eller meir då straffa skulle eksekverast.<sup>451</sup> Elles vart dei yngste konsekvent straffa med ris.<sup>452</sup> I fengselsprotokollen finst også nokre få personar under 15 år som vart ført til fengslet for å risast. Desse sona ikkje ein fridomsstraff, men straffa vart eksekvert i fengslet og nokre av dei, uvisst av kva grunn, vart også innført i fengselsprotokollen. Frå og med 1875 opna revisjonen av kriminallova for fengsling også av barn under 15 år, og særleg jenter. På landsbasis finn ein til dømes at 41 gutar og tre jenter under 15 år fekk fengselsstraff for tjuveri dette første året.<sup>453</sup> I Bergen vart ingen under 15 år registrert innsett i fengslet, og kriminalstatistikken viser også at dei tre under 15 år som vart dømde for tjuveri i Bergen i 1875, fekk risstraff.<sup>454</sup>

Desse yngste kunne bli sett på tukthuset, men som eit resultat av svært alvorlege lovbrøt, som til dømes mord og mordbrann, og var svært sjeldne unntak. Ingen under 18 år kunne setjast på slaveriet, og lovverket avgrensa også høvet til å setje unge under 18 år på tukthuset. Me har allereie sett at flest menn i aldersgruppa 20-24 vart dømde i landet under eitt samanlikna med befolkninga elles. Vidare har me sett at fleire i aldersgruppa 30-39 år vart dømde enn i aldersgruppa 15-17, også sett opp mot alderstrukturen i befolkninga. For kvinnene var raten over dømde størst i aldersgruppe 30-39 år. Dermed reiser spørsmålet om fengslet spegla aldersstrukturen til straffedømde generelt, eller om anstalten i større grad bar preg av å vere dominert av unge.

---

<sup>451</sup> Sjå også straffelova 20.8.1842, Cap. 2, §39 (Schmidt 1850).

<sup>452</sup> SAB: Stiftamtmanden: Fortegnelse over de Børn, som for Forbrydelser, begaaede før Opnaaelsen af criminel Lavalder, her i Byen ere dømte til Straf i Tidsrummet fra 1te Juli 1852 til samme Dag 1855 efter forhen at have været underkastet Forhør paa Politikammeret. Vedlegg i brev frå politimesteren i Bergen 15.12.1855, lnr. 1457, jnr. 3068/55.

<sup>453</sup> NOS Ældre Række. B. No.1: *Criminalstatistiske Tabeller for Kongeriget Norge Aaret 1875*, Christiania 1877. Tabell XI, s. 142. Trass i at jenter over 12 år skulle fengslast, var dei likevel færre enn gutane fordi langt færre jenter enn gutar var dømde.

<sup>454</sup> NOS Ældre Række. B. No.1: *Criminalstatistiske Tabeller for Kongeriget Norge Aaret 1875*, Christiania 1877, tabell XI, s. 166.

I motsetnad til bustad som vanlegvis vart ført, gav fengselsprotokollane berre unntaksvis opplysning om alder. For dei fleste innsette i fengslet ein kjenner alder til, er denne kjend fordi eg har klart å lenke inn aldersopplysningar frå andre kjelder, og ikkje fengslesprotokollen. Koding av fødeår er basert på veginga av opplysningar i ulike kjelder som er drøfta tidlegare (sjå kap. 5), og i analysen av fengslet er den koda alderen nytta, sjølv om det måtte vere avvik mellom den koda og den oppgitte alderen i fengselsprotokollen. Frå tabellen til fengslet kjenner me til alder for 1012 innsette (444 frå fengselsprotokollen og 902 frå presten sitt manntal over varetektsfangar). Inkludert opplysningar frå alle kjelder som er lenka, kjenner ein til fødeåret til 3131 innsette i fengslet. Det betyr igjen at eg manglar alder i 35.7 prosent av innsetjingane, noko som i utgangspunktet utgjer eit representativitetsproblem. Dette problemet galdt særleg dei som ikkje hadde tilknytning til Bergen og som dermed også i mindre grad vart fanga opp av supplementære kjelder.


**Tabell 6-5: Aldersfordeling for innsette i straffeanstaltar i Bergen samanlikna med aldersfordelinga over personar tiltalte for forbrytelsar i Norge 1861-75.**

Alder	Menn					Kvinner				
	NOS	Bergen	Diff.	Bergen u/p.	Diff.	NOS	Bergen	Diff.	Bergen u/p.	Diff.
15-18	8.2	8.2	0.0	12.1	3.9	5.0	9.0	4.0	10.5	5.4
18-19	7.5	6.4	-1.0	7.7	0.3	6.5	8.4	1.9	8.8	2.3
20-24	19.4	16.6	-2.8	16.8	-2.5	16.8	17.2	0.3	17.6	0.8
25-29	15.2	14.9	-0.2	14.3	-0.8	15.1	11.4	-3.8	11.7	-3.5
30-39	22.3	24.3	2.0	22.3	0.0	31.0	24.4	-6.6	24.0	-6.9
40-49	15.7	17.1	1.3	15.3	-0.4	18.0	18.2	0.1	17.1	-0.9
50-59	7.9	9.3	1.4	8.4	0.4	5.1	8.8	3.7	7.9	2.8
60+	3.8	3.2	-0.7	3.1	-0.8	2.4	2.8	0.4	2.4	0.0
	100.0	100.0	0.0	100.0	0.0	100.0	100.0	0.0	100.0	0.0
N	2488	3536		2091		718	501		420	


Forklaring: Kolonnene NOS er gjennomsnittleg antal årleg tiltalte for forbrytelsar 1861-75 fordelt på aldersgrupper og kjønn (NOS 3.70, tabell IX, s. 48). Kolonnene Bergen viser fordeling av innsette i alle straffeanstaltane på aldersgrupper. Kolonnene Bergen u/p. viser den same fordelinga fråtrekt dei som vart innsett på grunn av politimisferd eller avsoning av bøter. Kolonnane med differanse viser skilnaden mellom den landsfemnande fordelinga til NOS og alle straffangar i Bergen inklusiv og eksklusiv politimisferd/bøtesoning.

Det var særleg dei yngste som fekk alderen sin notert i protokollane til fengslet. Over 60 prosent av dei fengsla med oppgitt alder var under 20 år, mot 20 prosent for alle innsetjingane der ein kjenner alderen. 153 av 444 personar hadde berre opplysningar om alder frå fengslet, og ikkje frå innlenka kjelder i tillegg. Ettersom desse berre har alder frå fengselsprotokollen, er dei isolert ikkje representative aldersmessig for dei innsette i fengslet. Tilsaman utgjorde denne gruppa likevel mindre enn fem prosent av alle med kjend alder i fengslet.

Figur 6-7a: Aldersfordeling på menn innsett i fengslet 1850-75 etter fødestad.



Figur 6-7b: Innsette menn i fengslet prosent av dei same aldersgruppene i folketeljinga 1865 etter fødestad.



For begge desse figurane er aldersoppgåvene henta frå folketeljinga for Bergen 1865 i Digitalarkivet.

Det finst ikkje offisiell statistikk over alder på innsette i fengsla for min periode, berre for innsette i straffearbeidsanstaltane. Dermed kan eg heller ikkje samanlikna dei innsette i Bergen med aldersstrukturen i norske fengsel generelt. Det næraste ein kjem er å samanlikne aldersfordelinga til alle dømde for brotsverk i Norge med aldersfordelinga på alle straffeanstaltane i Bergen. Frå tukthuset og slaveriet kjenner ein til alder til dei fleste innsette, slik at det einaste usikkerheitsmomentet er alder til dei innsette i fengslet. Om avviket mellom aldersfordelinga for forbrytarar generelt og straffangane i Bergen er lite, styrkar det representativiteten til dei med kjend alder i fengslet.

Tabell 6-5 viser aldersfordelinga for menn og kvinner tiltalte for brotsverk 1861-75 i ulike aldersgrupper, samt den same fordelinga for innsette på straffeanstaltar i Bergen, både inklusiv og eksklusiv politimisferd- og bøtesonarar. Utgangspunktet for aldersfordelinga

lokalt er det koda fødeåret, slik at også fengsla personar utan oppgitt alder ved innsetjing har opplysningar om dette når det er kjend frå andre kjelder. Det sentrale er her differansane ein får i prosentfordelinga mellom dei landsfemnande oppgåvene og dei lokale. Generelt er avviket større blant kvinner og størst når ein ekskluderer kvinner som ikkje var innsett for brotsverk. Det var ein overrepresentasjon av unge kvinner og underrepresentasjon av kvinner i alderen 25-40 år. Utslaga var mindre for menn, og særleg når ein berre såg på fangar innsett for forbrytelsar, var avvika små. Også mellom menn var det ein overrepresentasjon av dei yngste, og underrepresentasjon mellom dei tidlegast i 20-åra. Elles var utslaga mindre enn eitt prosentpoeng.

Desse tala seier ikkje noko direkte om samsvaret mellom fengsla personar i Bergen og i landet generelt. Men dei relativt små skilnadene, og særleg for menn, indikerer klart at aldersfordelinga i fengslet, etter innlenking og koding av fødeår, i stor grad er representativ for den røynelege aldersfordelinga i fengslet.

**Tabell 6-6: Sentralmål for alder på innsette i fengslet i Bergen 1850-75 etter bustad.**


	Menn				Kvinner			
	Bergen	Strileland	Andre	Totalt*	Bergen	Strileland	Andre	Totalt*
1 kvartil	21	20	22	21	20	17.5	19.75	20
2 kvartil	30	28	28	30	31	28	22.5	30
3 kvartil	42	40	34	40	43	39	32.25	41
Modus	16	17	21	16	18	16	19	16
Gjennomsnitt	32.3	30.9	29.8	31.9	32.9	29.4	27.3	31.8
n	1482	300	423	2727	218	63	36	370

\*Inkluderer fleire enn dei andre kolonnene ettersom personar utan kjend bustad er med her.


Gjennomsnittsalderen i fengslet var rundt 32 år for både menn og kvinner (Tabell 6-6). Heller ikkje andre sentralmål viser nokon nemneverdig skilnad mellom kjønna. Median begge kjønn var 30 år. For menn hadde bustad lite å seie for alder ved innsetjing. Både dei urbane og dei rurale straffangane hadde dei same sentralmåla og mykje den same spreinga. Dei einaste som skilde seg ut var kvinner frå andre stader enn Bergen og Strilelandet med ein langt lågare alder, særleg målt med median. Denne skilnaden lar seg ikkje forklare umiddelbart og kan like godt vere tilfeldige utslag. Talet på personar med kjend alder er forholdsvis lite, både absolutt og relativt. Alder for denne gruppa er til dømes berre kjend for 45 prosent av dei innsette.



Figur 6-9a: Aldersfordeling på kvinner innsett i fengslet 1850-75 etter fødestad.



Figur 6-9b: Innsette kvinner i fengslet prosent av dei same aldersgruppene i folketeljinga 1865 etter fødestad.



For begge desse figurane er aldersoppgåvene henta frå folketeljinga for Bergen 1865 i Digitalarkivet.

Dei fengsla hadde stor aldersmessig spreing, og den var òrlite større for kvinner enn for menn. Differansen mellom første og tredje kvartil for kvinner var 21 år, medan den var 19 for menn. Denne spreinga er også framstilt for menn i figur 6-7a og for kvinner i figur 6-9a. Protokollane for fengslet gav ikkje opplysningar om fødestad, men er her lenka inn frå andre kjelder. Dette er gjort for å kunne skilje dei lokalfødde frå dei innflytta. Innflyttinga til Bergen skjedde gjerne i 20-årsalderen, og dermed kunne dei som kom frå området utanfor Strilelandet berre verte fengsla under besøk i byen. Medan talet på innsette menn fødd i Bergen fall jamnt og trutt dess eldre dei var, vart flest menn fødde utanfor innsett i byrjinga av 30-åra. Tala er ikkje heilt samanliknbare med sentralmåla for bustad, sidan eg manglar fødestad for 15 prosent av dei innsette med kjend alder, men gir likevel ein peikepinn. I absolute tal utgjorde unge menn fødd i Bergen ei stor gruppe, og større enn innflyttarane. For gruppa med Bergen som bustad er det difor store interne skilnader. Eit klart fleirtal av dei

bergensfødde var under 30 år ved innsetjing i fengslet, medan eit like klart fleirtal av dei som var fødd utanfor Bergen, men busett der ved innsetjinga, var over 30 år (Tabell 6-7).

Sjølv om ein dermed kan slå fast at unge bergensarar var ei stor gruppe i fengslet, er det likevel ikkje riktig å seie at desse dominerte. Aldersstrukturen i folketeljinga for Bergen i 1865 kan ikkje reknast som representativ for aldersstrukturen i byen heile perioden 1850-75, men gir likevel ein klar indikator på prevalens (tal på innsette i ulike aldersgrupper i forhold til desse aldersgruppene i byen generelt). Den viser at den store dominansen av unge menn blant dei bergensfødde vart avløyst av ein overvekt av menn i 20-årsalderen med tyngd mot slutten av 20-åra (Figur 6-7b). For menn fødde utanfor Bergen, endra ikkje biletet seg vesentleg. Her må det understrekast at aldersfordelinga for personar fødde utanfor Bergen i 1865 ikkje umiddelbart kan nyttast som grunnlag for utrekning av aldersratar til utanbys fødde i fengslet. Skil me ut dei som var fødde utanfor Bergen, men busette i byen, auka andelen fengsla i prosent av talet på utanbys fødde i Bergen 1865 heilt til slutten av 40-åra.

**Tabell 6-7: Andel menn med alder under og over 30 år og med Bergen som bustad etter fødestad.**

Alder	Bergen	Strilelandet	Andre
Under 30	56.2	37.6	24.9
Over 30	43.8	62.4	75.1
	100.0	100.0	100.0
n	906	133	325


**Tabell 6-8: Aldersfordeling for innsette i fengslet før og etter 1867.**

	Menn		Kvinner	
	Før 1867	Etter 1867	Før 1867	Etter 1867
Under 30	51.1	48.3	47.1	51.6
30+	48.9	51.7	52.9	48.4
	100.0	100.0	100.0	100.0
	(n=1586)	(n=1141)	(n=244)	(n=126)

Som isolert gruppe dominerte dei unge i fengslet, og særleg framstod unge bergensfødde menn som ei dominerande gruppe i fengslet. Men samtidig er det grunn til å understreke at menn vart fengsla i alle aldrar. Sett opp mot folketalet, og dermed potensielle innsette i ulike aldersgrupper, er dei store variasjonane i aldersbakgrunnen til menn mest påfallande i fengslet.

For kvinner manglar fødestad til 22 prosent av dei fengsla med kjend alder, og samtidig er alder til kvinner noko mindre representative enn for menn i utgangspunktet. Kurva for innsette kvinner hadde ein u-form før også den fall dess eldre kvinnene var. Frå toppen i

Figur 6-10: Fengsla menn fordelt på aldersgrupper over tid.




slutten av tenåra og tidleg i 20-åra, fall kurva raskt for kvinnene, før den tok seg opp att tidleg i 30-årsalderen (figur 6-9a). Kvinner fødd i Bergen var aldersmessig differensiert, medan unge kvinner fødte utanfor Bergen var overrepresentert samanlikna med folketeljinga i 1865 (figur 6-9b). Igjen er jamføringa for denne gruppa ikkje heilt reell, og dessutan er talmaterialet forholdsvis spinkelt. Tendensen burde likevel vere reell, nemleg ei todeling av klientellet. I absolutte tal finn me ei gruppe mellom dei yngste (rundt 20 år) og ei gruppe i 30-årsalderen. Seinare skal me sjå at denne todelinga var eit resultat av at desse vart innsett for ulike brot. Todelinga bør heller ikkje overdrivast. Det var ingen polarisert aldersstruktur, særleg ikkje om ein tek omsyn til folkesetnaden i Bergen generelt.

Målt med litt grove mål er det ingen store forskyvningar i aldersstrukturen i fengslet over tid. Både for menn og kvinner fordelte dei innsette seg nokonlunde jamt på dei under og dei over 30 år, både i tida før og etter lovendringa i 1867. Menn over 30 utgjorde etter 1867 ein litt større del av dei innsette enn før. For kvinner var det omvendt, her vart dei under 30 år relativt sett fleire etter 1867. Her må me imidlertid hugse på at talet på innsette utan kjend alder er høgt og aldersdifferansane forholdsvis små. I 1998 utgjorde dei innsette under 30 år i fengslet etter dom til samanlikning 48 prosent blant menn og 38 prosent blant kvinner.<sup>455</sup> Klientellet i fengslet 1850-75 var altså yngre enn i moderne tid, særleg for kvinnene, men for menn heng dette sjølvsagt saman med oppdelinga i ulike straffeanstaltar på 1800-talet i motsetnad til i dag. Forbrytarar med lengst karriere, og dermed høgast alder, hamna gjerne etter kvart i tukthus eller slaveri, slik at gjennomsnittsalderen i fengslet var noko yngre enn

<sup>455</sup> NOS C 644 *Kriminalstatistikk 1998*, Oslo 2001, tabell 49 Nyinnsettelse, etter reaksjonens art, kjønn og alder.

Figur 6-11: Tal på gutar og unge menn i Bergen tiltalte for brotsverk 1866-75.



Kjelde: NOS Kriminalstatistikk 1866-75

for alle dømde til ferdomsstraff under eitt.

Bryt me tala ned på mindre tidseiningar, framstår likevel årlege endringar. Figur 6-10 viser aldersfordelinga blant menn i fengslet 1850-75 i ulike aldersgrupper. Mest påfallande er dei store variasjonane over tid for dei aller yngste innsette. Menn under 20 år utgjorde ein relativt stor andel i byrjinga av 1850-talet. Så sank den gradvis til rundt 1860 før den steig sakte igjen mot ein topp på slutten av 1860-talet. 1867 framstår ikkje som noko veldig klart merkeår her. Men målt i absolutte tal auka talet på innsette menn under 30 år frå 45 årleg i gjennomsnitt 1860-66 til 57 i 1867, 64 i 1868 og 81 i 1869. For dei yngste under 20 år var det årlege gjennomsnittet 15 innsette 1860-66. Dette auka raskt til 28 i 1867 og 36 i 1868 og 35 i 1869. Sidan fall talet hurtig til berre sju i 1872 før det igjen steig til over 30 i året i 1874 og 1875. Dei yngste innsette samsvarte veldig godt med talet på barn og unge tiltalte for brotsverk i Bergen same perioden (figur 6-11). Lovendringa i 1867 som sette ned straffa for ein del lovbrøt, førte til at dei yngste ikkje vart så synlege relativt sett, jamvel om dei auka i absolutte tal.

Den generelle straffenedsetjinga i 1867 førte til at fleire enn tidlegare vart fengsla. Trass i ein generell vekst i talet på innsette, auka talet på dei aller yngste endå meir rett etter 1867. Slik synest endringane i lovverket og det nye fengslet i 1867 å ha hatt ein verknad. Andelen av dei yngste fall igjen nokre år frå rundt 1870, både aboslutt og relativt. Grunnen til denne nedgangen er litt uklar. Omlag samtidig auka gruppa av innsette me ikkje kjenner alderen på, men nedgangen sette inn før alderskjennskapen vart vesentleg svekka. Aldersgruppa under 20 år var relativt sett størst i 1868, medan gruppa med ukjend alder var minst i 1870 (15

prosent). Nedgangen i talet på dei yngste tidleg på 1870-talet synest derfor å vere reell.

Dei unge aldersgruppene dominerte i fengslet målt i absolutte tal, men samtidig var aldersspreiinga stor. Denne spreiinga var endå større om ein tek omsyn til aldersfordelinga i bysamfunnet utanfor murane. Det var liten skilnad mellom menn og kvinner på alle dei variablane som er målte, med unntak av forma på alderskurva. Det er difor variasjonane, meir enn tendensane som er mest slåande når det gjeld aldersstrukturen i fengslet. Endringane i 1867, både endringar i lovverket og opninga av det nye fengslet, synest å ha hatt ein innverknad på aldersfordelinga, men verknaden blir noko uklar på grunn av ei aukande gruppe av fangar med ukjend alder. Gruppa med ukjend alder var heile perioden igjennom såpass stor at ein må føreta visse reservasjonar med omsyn til analysen av alder på dei innsette, jamvel om innlenkinga av aldersopplysningar synest å ha gitt fengslet ein god representativitet.

Fengslet synest dermed å reflektere dei straffedømde generelt. Det faktum at fengslet dominerte som sanksjonsanstalt i det heile, tilseier også at aldersstrukturen i fengslet i stor spegla aldersstrukturen til kriminelle generelt. Eit poeng i denne samanhangen er også at eg så langt ikkje har skild mellom straffangar som sonde etter eit brot mot kriminallova og fangar som hadde borte politivedtekter eller som avsonde bøter.

#### **6.2.4 Yrkesbakgrunn til dei fengsla**

Det er ei kjend sak at dei lågaste i samfunnet, dei med den lausaste tilknytninga til arbeidsmarknaden og dårlegast økonomisk stilte, var overrepresenterte i kriminalstatistikken.<sup>456</sup> For perioden 1851-85 viser kriminalstatistikken at 79 prosent av alle tiltalte i Norge var i underordna yrkesstillingar. Dette talet inkluderte 31 prosent dagarbeidarar, 18 prosent handverksarbeidarar og 11 prosent husmenn.<sup>457</sup> Knappe 16 prosent tilhørde det ein kan rekne som middel- og overklasse, og her dominerte gardbrukargruppa med 8 prosent og handverkarar med nesten 5 prosent. I tillegg var det ei restgruppe med ukjende eller andre yrkesnemningar på fire prosent. Knudsen fann at 68 prosent av dei dømde i Trondheim som også var heimhøyrande i byen tilhørde det han kalla nedre sjikt av

---

<sup>456</sup> Sjå til dømes Knudsen 1997 for den ferskaste undersøkinga på yrke og kriminalitet på 1800-talet, kapittel 8.

<sup>457</sup> NOS Tredie Række No 70: *Oversigt over de vigtigste Resultater af Norges Kriminalstatistik for Aarene 1846-1885*, Christiania 1888, s. 29. Dei underordna yrkesnemningane var "Husmænd og Inderster", "Haandværksarbeidere, Værksarbeidere, Tjenere", "Søfarende", "Dagarbeidere og Fiskere", "Hjemmевærende Børn (under 18 Aar)", "Løsgjængere, Betlere".

arbeidarklassa.<sup>458</sup> Ved inkluderinga av det øvre sjiktet av denne klassa kunne han plassere så mykje som 91 prosent av dei dømde der. Kvinnene var i endå større grad knytt til dei lågaste sjikta, 91 prosent av kvinnene hørde til den lågaste delen av arbeidarklassa, som samla stod for 96 prosent av domfellingane for dei trondheimsbusette.

**Tabell 6-9: Oppgitte yrkesnemningar til innsette i fengslet i Bergen 1850-75.**

Yrke	Menn				Kvinner			
	Alle		busett i Bergen		Alle		busett i Bergen	
	n	%	n	%	n	%	n	%
Arbeider, dagarbeider	1697	40.5	818	43.3	3	0.4	2	0.6
Svenn	477	11.4	319	16.9				
Ungkar/Pige/Dreng	425	10.1	174	9.2	351	52.3	155	46.0
Lærling	336	8.0	229	12.1				
Gardbrukargruppa	431	10.3	2	0.1				
Handverkar	215	5.1	96	5.1				
Tjener, budeie, dreng, indepige, kokke ol	121	2.9	24	1.3	35	5.2	12	3.6
Selvstendig, privat næringsdrivende	106	2.5	47	2.5	2	0.3	1	0.3
Legdslem, fattiglem	79	1.9	60	3.2	10	1.5	9	2.7
Husmann uten jord	47	1.1		0.0				
Fange	40	1.0	22	1.2	5	0.7	4	1.2
Funksjonær, off tjenestemann, betjent	39	0.9	16	0.8				
Understøttet av slekt (manden)	1	0.0		0.0	200	29.8	115	34.1
Enkestand				0.0	48	7.2	32	9.5
Andre	161	3.8	75	4.0	16	2.4	6	1.8
Manglar	13	0.3	5	0.3	1	0.1	1	0.3
	4188	100.0	1887	100.0	671	100.0	337	100.0

Kommentar: Ein del av dei nemningane som vart ført i feltet for yrke i fengselsprotokollen er ikkje yrke, men uttrykk for til dømes sivilstand. Desse nemningane er inkludert i denne tabellen for oversikten sin skyld.

Ved innsetjing i fengslet vart yrke notert nokså konsekvent. Liknande opplysningar manglar eg frå tukthuset, noko som medfører at eg ikkje har komplette opplysningar om yrkesbakgrunn til innsette i alle straffeanstaltane i Bergen. Det er i og for seg uheldig, men det mest interessante i samband med yrke er å kunne samanlikne med tvangsarbeidsanstalten. Fengslet ligg nærare tvangsarbeidsanstalten som type anstalt enn tukthuset. Dette er dei to mest lokale anstaltane, samtidig som dei begge sanksjonerte mot dei minst alvorlege norm- og lovbrota. Det gjer det interessant å samanlikne den yrkesmessige bakgrunnen til straffangar i fengslet samanlikna med tvangsløsmene for å sjå om dei to anstaltane rekrutterte frå ulike miljø i byen. Også ved innsetjing i slaveriet noterte ein yrke ("stilling") og mogleggjer dermed ei samanlikning av yrkestilknytning for dei innsette i den mildaste og strengaste straffanstalten, og dermed ei samanlikning av vanekriminelle med dei minst

<sup>458</sup> Knudsen 1997, s. 125.

belasta kriminelle.

Tabell 6-9 viser at tilknytninga til arbeidargruppa var klart størst blant menn i fengslet. Den utvida tabellen i appendiks viser at sjømenn var den største enkeltgruppa her, men ulike typar av lausarbeidarar dominerte, kvar femte mannlege innsette kunne knytast til desse. Elles finn me yrkesnemningar som i utgangspunktet er knytt til livsfasar, og ikkje yrke, som ugifte, svennar og lærlingar. Å vere ugift var sjølvstekt ikkje eit yrke, men vart i mange samanhengar brukt i staden for, særleg for kvinner og dei yngste mennene. Svennar og lærlingar utgjorde naturleg nok også ein større andel blant dei innsette som hadde Bergen som bustad enn alle innsette under eitt. Desse yrkesgruppene tilhøyre aldersgrupper som ofte vart sett inn, særleg galdt det dei bergensbusette.

Svenne- og lærlingeinstitusjonen var saman med standssamfunnet i full oppløysing på midten av 1800-talet. Svennane og lærlingane kunne ikkje lenger rekne med sosialt avansement til mester og det tidlegare hushaldsfellesskapet med mester og andre svenner og drengar vart avløyst av permanent svennetilvêr i eigne hushald, gjerne som gifte familieforsørgjarar.<sup>459</sup>

Bøkkerane, skomakarane og skreddarane var alle utsette for konkurranse frå utlandet eller frå bygdene omkring. Også konkurransen innad i byen var stor, og det skal ved inngangen til 1850-talet ha vore ein overkapasitet i fleire handverksnæringar, særleg skomakarar.<sup>460</sup> Ein del av handverksyrka vart i aukande grad kapitalisert med relativt store verksemder. Repslaging, saman med bøkkerverksemd og bakeridrift, var døme på det. Allereie i 1847 hadde kvar repslagarmester 13.5 tilsette i gjennomsnitt, likt fordelt mellom svennar og drengar.<sup>461</sup> Bøkkar- og bakarmestrane hadde i overkant av fem tilsette kvar, medan smedane hadde 3.6 og seglmakarane 3.9 tilsette. Denne proletariseringa av store delar av handverksnæringa har sjølvstekt medverka til å gjere tilknytninga til arbeidsmarknaden lausare for desse yrkesgruppene. Kvar enkelt vart meir utsett for mellombelse økonomiske vanskar, noko som la grunnlag for statusfrustrasjonar for svennar og andre underordna handverkarar.

Dei rurale straffangane hadde ein meir differensiert yrkesbakgrunn enn dei urbane. Garbrukargruppa utgjorde til dømes ti prosent av alle innsette menn i fengslet. Mellom dei urbane straffangane er det lengre mellom yrkesnemningar som antyder middelklasse. 2.5

---

<sup>459</sup> Boge 1996.

<sup>460</sup> Sandberg 1945, s. 24.

<sup>461</sup> Sandberg 1945, s. 38.

prosent tilhøyre sjølvstendig næringsdrivande og fem prosent var nemnd som handverkarar. Den manglande presisjonen i yrkesnemningane, samt dei store variasjonane i sosioøkonomisk status innan for dei, gjer det vanskeleg å vurdere den sosioøkonomiske plasseringa til desse. Nemningar som handverkar, eller meir presise nemningar som repslagar eller hjulmakar for den del, seier ingenting om den innsette var meister, svenn eller annan underordna handverksarbeidar. Sjølv innanfor meister-gruppa var det store variasjonar. I 1875 tente kvar tredje handverksmeister mellom 100 og 199 spesiedalar. Vel 60 prosent tente mellom 100 og 999 spd, medan seks prosent tente over 1000 spesiedalar.<sup>462</sup> Sjølve yrket treng difor ikkje seie så mykje om verken økonomisk stilling eller sosial status for desse. Same året tente 96 prosent av handverkssvennane mindre enn 200 spesiedalar, medan det same galdt heile 99 prosent av daglønningar og tenarar. Tilhald til desse gruppene var altså klart eit uttrykk for ei svak økonomisk stilling, sjølv om ein sjølv sagt ikkje trong lide materiell nød av den grunn.

Kvinnene vart i liten grad definerte ut frå yrke, men frå sivil status. Vel halvparten var ugifte ”piker” og omlag ein tredjedel var ”koner” og definert som forsørger av mannen. Den tredje største gruppa var typisk nok enkene. Tenestejentene utgjorde berre fem prosent, men det er klart at ei svært stor gruppe av ”pikene” faktisk har vore tenestejenter.

Mange av dei fengsla hadde ein yrkesbakgrunn som viser ei lausleg tilknytning til arbeidsmarknaden, noko som indikerer at dei var utsette for arbeidsløyse og fattigdom, i alle fall mellombels. Yrkesgrupper med sesongvariasjonar i sysselsetjinga dominerte, saman med ulike underordna handverksnæringar. For kvinner er biletet meir uklart sidan sivilstand vart ført oftare enn egentlege yrke. Grovt sett kan me rekne med ei todeling – dei som arbeidde som tenestejenter og dei som var heimeverande koner utan faste lønnsinntekter. Ein del av dei som er nemnd som koner har likevel vore nøydd til å ta seg utearbeid, anten lønna eller til dømes som selgekoner. Det gjeld nok i endå større grad enkene.

Ein kan likevel slå fast at den yrkesmessige bakgrunnen til straffangane i fengslet var langt meir einsarta enn aldersbakgrunnen. Tilknytninga til arbeidsmarknaden hadde med andre ord mykje meir å seie for om ein endte opp i fengslet enn kva alderen hadde.

---

<sup>462</sup> Ertresvaag 1995, s. 151.




### 6.2.5 Årsak til fengsling – tjuveri og bråk

Alvorlege lovbrota og gjentakning av brot mot kapittel 18 (Om Løstgithed) og vinningsbrota i kapittel 19-22 i straffelova skulle normalt føre til straffarbeid. Det gir eit automatisk skilje i årsaker til innsetjing i dei ulike straffanstaltane. Mindre alvorlege lovbrota, samt brot mot politivedtekter, skulle normalt saman med bøter avsonast i fengslet. Dette gir to hovudkategoriar av innsette i fengslet - dei som blei dømde direkte til fengselsstraff av retten og dei som måtte avsona bøter i fengslet. Forenkla kan ein seie at den første gruppa vart dømde for brotsverk og den andre gruppa var dømde for politimisferder. Etersom både fengslet og tvangsarbeidsanstalten sanksjonerte begge mot dei minst alvorlege norm- og lovbrota, er ei samanlikning av årsaker til innsetjing i desse to anstaltane mest interessant. Det er også grunn til å tru at valet mellom tiltale for ulike former for politiuorden eller innsetjing på tvangsarbeid for "ørkesløyse" eller drukkenskap i enkelte tilfelle har vore eit skjønnsprøsmål for politiet.

To typar brotsverk og misferder stod for brotarten av innsetjingane (Figur 9-12). Dette var vinningsforbrytelsar (straffelovas kapittel 19 til 22), og då i hovudsak tjuveri (kapittel 19), og ulike former for uorden, som slagsmål, drikking og motstand mot politiet. Tjuveri var innsetjingsgrunn, åleine eller saman med andre lovbrota eller misferder, i grovt rekna mellom 30 og 50 prosent av innsetjingane kvart enkelt år. Inkluderer me brot på kapittel 21 i straffelova ("Bedrageri, Falsk og anden Svig") utgjør desse sakene enkelte år nærmare 60 prosent. Etter ein nedgåande tendens for tjuveribrotsverk fram til byrjinga av 1860-talet, steig den utover resten av perioden.

**Figur 6-12: Ulike typar lovbrota sin andel av innsetjingar i fengslet i Bergen 1850-75.**



Grafen for mulkter er langt på veg komplementær med grafen for politiuordenar. Dette er ikkje tilfeldig. I ein periode frå midten av 1850-talet til midten av 1860-talet gir fengselsprotokollane i stor grad berre opplysningar om at ei bot er resolvert sona, ikkje kva som var årsaka til at vedkomande fekk bot. Den negative samvariasjonen mellom desse variablane gjer det nærliggjande og sannsynlegvis også uproblematisk å slutte at ein svært stor del av desse mulktene galdt politiuorden.

Ved å bryte tala ned på kjønn, framstår klare skilnader. Utanom brot som førte til mulkter, var vinning, og særleg tjuveri, saman med løsaktigheitslovbrot (straffelovas kapittel 18) heilt klart typiske feminine lovbro. Vinningslovbrot var definitivt dominerande også for menn, men her var uorden, anten heimla i politilovgjevinga eller i straffelovas kapittel 10, saman med valdskriminalitet heimla i kapittel 15, også var viktige innsetjingsgrunnar.<sup>463</sup> Medan løsaktigheit stod for kvar femte fengsling av kvinner, var dette tilfelle i mindre enn to prosent for menn. I 40 prosent av tilfella der kvinner vart dømde til fengselsstraff på grunn av løsaktigheit, spesifiserte ikkje innsetjinga brotet nærare. Men der ein finn ei nærmare spesifisering, vart 25 prosent innsett for å ha levd saman som ektefolk utan å vere det (konkubinatt). Leiermål første og andre gong utført vart avkriminalisert alt i 1812.<sup>464</sup> Gravidditet med tre ulike personar var likevel framleis straffbart for både menn og kvinner. 21 prosent av kvinner dømde i løsaktigheitssaker vart fengsla for å ha vorte gravid med tre ulike menn. Ti prosent av løsaktigheitssakene galdt prostitusjon.

**Tabell 6-10: Årsak til fengsling 1850-75 i prosent. Menn og kvinner.**

	10-	15-	18-	19-	21-	Politi- uorden	Mulkt	n
Menn	4.3	5.9	1.7	35.3	8.0	18.6	44.5	4201
Kvinner	0.4	1.5	19.9	51.9	10.3	4.8	16.5	672

Samla har me sett at det aldersmessig var liten skilnad mellom innsette menn og kvinner. Median for begge låg rundt 30 år. Heller ikkje med omsyn til spreing i aldersamansetjinga var det nokon vidare skilnad. Likevel viste figuren over aldersfordelinga eitt trekk som skilde menn og kvinner. Medan talet på innsette menn var jamnt fallande med alderen, viste talet på innsette kvinner ein auke for dei i slutten av 20-åra og tidleg i 30-åra. Skilnaden er eit resultat

<sup>463</sup> Uorden finn ein omtala i politivedtektene (24.1.1710: Anordning om Politiens Administration i Bergen – Schmidt1851a) 3-3: ”Dersom nogen fordrister sig til Nat eller Dag med draget Gevehr at gave Grasate-gang, eller nogen Fortred paa Gaderne at forøve, demmen skal hand [politimeisteren], hvad heller de kunde være beskienkede eller ey, lade paagribe og arrestere, og siden med Mulct eller i andre Maader, ligesom Forseelser er ti, efter Politie-Rettens sigelser lade afstraffe [...]” og i straffelova frå 20.8.1842 kapittel 10 som omhandla forbrytelse mot den offentlege styresmakta (Schmidt 1850).

av at menn og kvinner vart innsett av ulike årsaker. Jamnt over var det liten aldersskilnad mellom kjønna innanfor dei enkelte lovbrota (Tabell 6-12). Størst var den i dei tilfella ein vart dømde til bøter, her var kvinnene eldre enn mennene. I bedragerisaker hadde kvinnene større aldersspreiing enn menn og i løssaktigheitssaker var kvinnene også noko yngre enn menn innsett for det same.

**Tabell 6-11: Årsak til innsetjing i fengslet for menn prosentvis fordelt etter utvalde yrke.**

Yrke	% 19-	% politimisf.	% andre	n
Arbeider, dagarbeider	29.0	55.9	15.3	1695
Svenn	21.1	68.4	10.5	477
Ungkar/Pige/Dreng	73.6	15.6	11.6	424
Gardbrukargruppa	48.8	17.2	34.0	418
Lærling	43.5	47.4	10.2	333
Handverkar	22.3	59.5	17.7	215
Tjener, budeie, dreng, indepige, kokke ol	48.8	26.4	25.6	121
Selvstendig, privat næringsdrivende	15.1	58.5	26.4	106

**Tabell 6-12: Sentralmål over alder ved innsetjing i fengsel for ulike lovbrota.**

Kapittel	10-	15-	18-		19-		21-		Politiuorden	Mulcter	
	M	M	M	K	M	K	M	K	M	M	K
1. kvartil	25	24	29.5	27	17	18	21	18.75	25	25	28
2. kvartil	31	31	34	33	23	23	29	32	33	32	40
3. kvartil	39	39	48.5	40	35	35	41	43.75	45	43	49
Modus	28	32	32	30	16	16	67	15	29	23	23
Snitt	33.9	32.4	38.4	33.4	27.3	27.6	31.4	33.1	35.6	34.6	38.9
n	126	152	39	85	974	207	158	36	564	1291	53

**Tabell 6-13: Sentralmål over alder i fengslet før og etter 1867.**

	Tjuveri				Andre brot			
	Menn		Kvinner		Menn		Kvinner	
	1860-66	1867-75	1860-66	1867-75	1860-66	1867-75	1860-66	1867-75
1. kvartil	17	17	17	18	24	24	31	30
2. kvartil	21	23	23	21.5	33	32	35	38
3. kvartil	28.75	37	33	36.5	42	44	44	44.25
Gjennom- snitt	25.2	27.5	26.5	27.9	34.6	34.5	36.5	37.5
n	202	489	48	86	590	724	47	42

Vinningskriminalitet var eit typisk ungdomslovbrot i fengslet, sjølv om også eldre personar vart dømde for det. Kvar fjerde mann og kvinner innsett for vinningskriminalitet var trass alt 35 år eller eldre. Løssaktigheitsbrota vart mest typisk begått av relativt eldre menn og kvinner. Eitt unntak i så måte var prostitusjon, som i hovudsak, men ikkje utan unntak, vart utførte av yngre kvinner. Seks av 13 inndømde for prostitusjon var 22 år eller yngre. Likevel, den

<sup>464</sup> Canc.Prom. 8.8.1812 (Wessel Berg 1845).


relativt store andelen av løssaktigheitssaker utført av litt eldre kvinner forklarar langt på veg den U-forma aldersstrukturen for kvinner i fengslet. Det var løssaktigheitssakene som førte til den relativt store andelen rundt 30 år.

Ulike yrkesgrupper vart innsett av ulike årsaker (Tabell 6-1). Den desidert største gruppa var i fengslet var arbeidargruppa. Eit fleirtal av desse vart innsett på grunn av politimisferd og soning av bøter, og berre knappe kvar tredje for tjuveri. Dette galdt i endå større grad svennane. Motsett vart nesten tre av fire som hadde ei yrkesnemning knytt til livsfase (ungkar, pige, dreng) innsett på grunn av tjuveri. Biletet peiker klart i retning av at unge menn, gjerne enno utan særleg tilknytning til arbeidsmarknaden og eit fast yrke, vart innsett for tjuveri, medan menn med lausleg tilknytning til arbeidsmarknaden og vart innsett for uordenssaker. Også handverkarar og særleg gruppa av sjølvstendige næringsdrivane vart sett i fengsel på grunn av brot mot politivedtekter. Dette er grupper som braut vedtekter knytt til næring meir enn typiske uordenssaker. Innsette med det rurale og middelklasse prega yrket som gardbrukar vart sjeldnare innsett på grunn av politimisferd, men derimot for andre typar lovbrott og særleg tjuveri.


Dei bøtedømde samsvarte aldersmessig med dei inndømde for politiuorden, og her er det også overlapping – ein avsona bøter for politiuorden, sjølv om ikkje dette var oppgitt i fengselsprotokollen.

Me ser av Tabell 6-13 at lovendringa i 1866 fekk innverknad på aldersstrukturen til tjuveridømde menn i fengslet. Som nemnt medførte denne endringa, som trådte i kraft i 1867, at ein del personar som tidlegare ville ha sona gjentekne tjuveri i tukthus no skulle sone i fengsel. Dei yngste av dei tjuveridømde vart ikkje yngre etter 1866. Desse hadde gjerne ei kortare karriere frå før, samtidig som aldersgrensa for å rekne med tidlegare dommar ved ny straffeutmåling same året vart heva til 18 år. Dei var derfor heller ikkje kvalifiserte til tukthus før lovendringa. Men gruppa av litt eldre tjuvar som no sona i fengsel i stadenfor tukthus vart eldre. Dermed vart spreinga i alderen til dei tjuveridømde større enn før. Avstanden mellom første og tredje kvarter for menn auka frå knappe 12 år før til 20 år etter lovendringa og viser slik tydeleg verknaden reformen hadde på aldersfordelinga blant klientellet i fengslet. Dette forklarar også at prosentandelen av dei innsette under 30 år gjekk ned i tida etter 1867 samanlikna med tida før (Tabell 6-8) For kvinnene er utviklinga meir diffus. Median for tjuveridømde kvinner gjekk faktisk ned, men gjennomsnittsalderen litt opp. Talgrunnlaget for kvinner er spinklare enn for menn, og både før og etter 1867 manglar opplysning om alder til

Figur 6-14: Bøtesoning i 1865.



Figur 6-13: Prosent innsette i fengslet for mulkter 1850-75.



rett i overkant av 40 prosent av dei tjuveridømde kvinnene, noko som medfører litt uvisse.

Tidlegare har me sett at bøter var straffereaksjon i omlag ti prosent av justissakene både for menn og kvinner (Tabell 4-2). I politimisferder var bøter i praksis einerådande. Til dømes fekk berre 81 andre straffar enn bøter mellom dei vel 13 000 som på landsbasis vart dømde for politimisferder i 1865, eller omlag ein halv prosent.<sup>465</sup> Dei aller fleste av desse bøkene vart vedtekne utan at sak vart anlagt (det galdt 92 prosent av bøkedommane).<sup>466</sup> Me kan altså slå fast at justisbrot normalt førte til opphald på ein straffeanstalt og at politimisferder "alltid"

<sup>465</sup> NOS Ældre Række. B. No.1: *Criminalstatistiske Tabeller for Kongeriget Norge for Aaret 1865*, Christiania 1869, s.156.

<sup>466</sup> NOS Ældre Række. B. No.1: *Criminalstatistiske Tabeller for Kongeriget Norge for Aaret 1865*, Christiania 1869, s.155.

førte til bøter.

Bøtesonarane i fengslet representerer berre eit utval av dei bøtelagde. Dei fleste som vart dømde til bøter betalte, men for eit mindretal enda dette med fengselsstraff og dermed nærver i mitt kjeldemateriale. Figur 6-13 viser fordelinga for byane og landdistrikta i 1865 for både justis- og politimisferder. I landdistrikta betalte tre av fire bota si, medan berre ti prosent avsona bota i fengsel. I byane var delen som avsona den same, men ein større del av bøtene stod framleis uoppgjorte ("uberigtigede") ved utgangen av året.<sup>467</sup> I Bergen same året avsona 50 personar bota si i fengsel, noko som berre utgjorde knappe fire prosent av dei bøtelagde, mindre enn for landet elles.<sup>468</sup> Trass i at såpass få i 1865, både for landet generelt og i alle fall for Bergen spesielt, avsona bøter i fengsel, er desse bøtesonarane ein betydeleg del av dei innsette i fengslet. Figur 6-13 viser talet på bøtesonarar 1850-75 i absolutte tal og i prosent av dei innsette i Bergen. Fram til første halvdel av 1860-talet auka det relative talet på bøtesonarar frå rundt 30 prosent av dei innsette til rundt halvpraten. Resten av perioden gjekk dette noko ned, men låg stort sett stabilt mellom 30 og 40 prosent av dei innsette. Me har allereie sett at her var store skilnader mellom menn og kvinner. Nesten 45 prosent av dei innsette mennene avsona ei bot, men berre kvar sjette kvinne gjorde det. Det har samanhang med at menn i langt større grad vart arrestert og bøtelagde for ulike politimisferder, først og fremst for politiuorden.

**Tabell 6-14: Årsaker til bøteleggjing ved bøtesoning.**

Brot	Menn		Kvinner	
	n	%	n	%
Berre mulkt	675	36.1	33	29.7
Politiuorden	710	38.0	26	23.4
Politimisferd - næringsbrot	151	8.1	9	8.1
Politimisferd - tenestebrot	145	7.8	21	18.9
Politimisferd - diverse	91	4.9		
10- (Om Forbrydelser imod den offentlige Myndighed)	69	3.7	1	0.9
15- (Om Fornærmelser paa Legeme eller Helbred)	68	3.6		
21- (Om Bedrageri, Falsk og anden Svig)	13	0.7	6	5.4
Bøtelagde	1870		111	

<sup>467</sup> NOS Ældre Række. B. No.1: Criminalstatistiske Tabeller for Kongeriget Norge for Aaret 1865, Christiania 1869, tabell XIVa og XIVb.

<sup>468</sup> NOS Ældre Række. B. No.1: Criminalstatistiske Tabeller for Kongeriget Norge for Aaret 1865, Christiania 1869, tabell XIVa.

Ved registrering av bøtesonarar i fengslet varierte det veldig i kva grad ein spesifiserte kva for lovbrøt eller misferd bota galdt. Generelt var ein lite opptatt av slik registrering heilt først i perioden og frå midten av 1850-talet til midten av 1860-talet (figur 6-14). For rundt kvar tredje bøtesonar er difor årsaken til bõtleggjinga ukjend. I 90 prosent av tilfella der årsaka til innsetjinga er kjend, var politimisferd grunnen. Av desse var igjen politiuorden hovudårsaka. Justisbrotsverk førte normalt til fridomsstraff direkte, men ein del fekk bøter for motstand mot ei offentleg styresmakt (kapittel 10), vald (kapittel 15) og bedrageri (kapittel 21) som dei avsona (Tabell 6-14). Også for kvinner var politiuorden ein hovudgrunn, men forholdsvis stor mange vart også dømde for ymse forhold i samband med utøving av tenestegjering.

Me kan slå fast at det store fleirtalet av dei bõtelaagde manglar i mitt materiale. Berre i Bergen i 1865 betalte 1069 bota si medan berre 50 sonde den. Den manglande registreringa av bõtelaagde ville representert eit problem om fokus var på kriminalitet generelt. Mest vesentleg i min samanheng er at registreringa av debut og avslutning på kriminell karriere og dermed også den kriminelle karrieras lengd vil bli målt på ulikt grunnlag for dei som betalte og dei som ikkje gjorde det. Vidare vil det medføre at den kriminelle karrieras intensitet vil kunne variere med antal bøter som den enkelte sonde istadenfor å betale. Ettersom fokus i min samanheng er fridomssanksjon, og karriera som innsett i ein sanksjonsanstalt, er ikkje betalte bøter eit problem.

Oppsummert kan me slå fast at menn vart sett i fengslet på grunn av tjuveri og ulike former for politiuorden, gjerne som eit resultat av ei ubetalt bot. Blant menn framstår to hovudgrupper mellom dei innsette – unge menn som hadde utført tjuveri og dei litt eldre som vart sett inn på grunn av politiuorden, likevel med klare overlappingar. Denne siste gruppa mottok dermed ein fridomssanksjon på grunn av forhold som i type ligg nært føresegnene i fattiglova som kunne føre til tvangsarbeid og som ein også kan mistenke hadde mykje til felles med tvangslemmane. Sjølv om me her kan utpeika ulike grupper av innsette i fengslet, betyr ikkje det nødvendigvis at dei utgjer ulike segregerte grupper. Ein tverrsnittsanalyse fangar ikkje opp individuell utvikling over tid. Først når ein longitudinell analyse kan vise graden av spesialisering i årsaker til sanksjonering for dei enkelte over tid, vil me ha grunnlag for å ha ei meining om dette. For kvinner var uordenssaker langt meir uvanleg enn for menn. I staden dominerte vinningsbrøt, og særleg tjuveri, saman med brøt mot kapittel 18 ("Om Løstgighed"). Det gir grunnlag for å tru at dei kvinnelege straffangane i fengslet skilde seg sterkare frå tvangslemmane enn kva menn gjorde.

### 6.2.6 Straffelengd – raskt ute på gata att.

Straffelengda i fengslet var langt kortare enn i straffearbeidsanstaltane, og var avgrensa oppover til 120 dagar på vanleg fangekost. På vatn og brød var den lengste straffetida 30 dagar. Desse grensene hindra i utgangspunktet store variasjonar i straffetida i fengslet. Føresegnene i straffelova vart også følgd, ingen sat inne lenger enn 120 dagar.<sup>469</sup> I gjennomsnitt sat kvar kvinne inne i 14 dagar, medan mennene sona i 11 dagar. Median var litt kortare, ti dagar for kvinnene og åtte for menn. Dei fengsla fekk korte straffar og var raskt tilbake på gata og på frifot.

Denne skilnaden mellom menn og kvinner botna i ulike innsetjingsårsaker. Nedre straffegrense var 16 dagar på vanleg fangekost og fire dagar på vatn og brød, men ved bøtesoning var den nedre grensa to dagar. Jamvel om menn hadde ein tendens til å få lengre fengselsstraffar for det mest vanlege lovbrottet – tjuveri, vart dette meir enn utjamna av menns større tendens til å bli ilagd bøter dei ikkje betalte og som dei dermed måtte avsona. Ubetalte bøter vart konvertert til straff etter ein skala i straffelova.<sup>470</sup> Bøter inntil to speciedalar gav to dagar i fengsel, bøter over to, men mindre enn fem speciedalar gav tre dagar og så vidare til maksimum 30 dagar for bøter på over 500 speciedalar. Menn hadde også ein tendens til å få lågare bøter enn kvinner, og påfølgjande kortare fengselsstraffar.

**Tabell 6-15: Sentralmål og spreiiing for fengslingsdagar ved innsetjing i fengslet 1850-75.**

	Menn	Kvinner
1 kvartil	2.0	5.0
2 kvartil	8.0	10.0
3 kvartil	12.8	16.0
Modus	2.0	10.0
Gjennomsnitt	10.9	14.2
N	4170	667

**Tabell 6-16: Gjennomsnittleg tal på straffedagar i fengslet 1850-75 etter årsak til innsetjing.**


Årsak	Menn		Kvinner	
	Dagar	n	Dagar	n
Kap. 10	11.2	179	5.3	3
Kap. 15	10.2	246	13.2	10
Kap. 18	18.6	70	19.1	134
Kap. 19	20.2	1485	15.6	349
Kap. 21	14.4	337	13.4	69
Mulkt	3.9	1873	5.2	113
Politiuorden	3.3	782	6.2	32

<sup>469</sup> I det dataregistrerte materialet er det ikkje skild i straffetid mellom dei som sona på vatn og brød og dei som sona på vanleg fangekost.

<sup>470</sup> 20.8.1842: Lov om Forbrydelsar Cap. 2 § 28 (Schmidt 1850).



Figur 6-15: Fengslingstid i snitt pr innsett og samla for alle innsette 1850-75. I dagar.



Sjølv om alle sat gjennomgåande kort tid i fengslet, skil bøtesonarane seg klart ut som gruppe, særleg samanlikna med den store gruppa av tjuveridømde. Desse sat inne i gjennomsnitt berre knappe fire dagar.

Figur 6-15 viser ein stor grad av samvariasjon mellom gjennomsnittleg soningslengd pr innsett og den samla soningslengda i dagar for alle innsette. Etter ein topp tidleg på 1850-talet sank både den gjennomsnittlege soningstida og med det den samla soningstida fram til slutten av 1850-talet. Så snudde trenden igjen, og straffelengda går oppover fram til slutten av 1860-talet. Etter ein ny nedgang, steig den igjen brått heilt i slutten av min periode. Denne er igjen naturlegvis påverka av årsaken til soninga, brotsverket som var gjort og i kor stor grad innsetjinga var dominert av bøtesonarar, og har ein stor grad av samvariasjon med talet på vinningsforbrytelsane.

Det er også verdt å merke seg at det samla talet på soningsdagar ikkje var høgare etter opninga av det nye fengslet enn på det høgaste på 1850-talet. Det same gjeld det gjennomsnittlege talet på innsette på straff. Men frå 1866 til 1869 vart det samla talet på soningsdagar dobla, og det same galdt det daglege gjennomsnittsbelegget.

Samanfattande kan me seie at dei fengsla anten budde i Bergen eller nærmaste omland, eller hadde begått ein forbrytelse i området. Eit klart fleirtal budde i Bergen eller på strilelandet. For dei me kjenner bustaden til, budde nesten åtte av ti menn og nesten ni av ti kvinner i dette

området (høvesvis 78.7 og 86.9 prosent). Aldersmessig var det stor spreing, særleg mot slutten av perioden. Dei yngste var flest absolutt sett, men likevel ikkje overrepresentert om me tek omsyn til aldersfordelinga i byen elles. Årsaken til fengsling var som oftast tjuveri eller bøtesoning for menn og i tillegg til tjuveri og mulkter også løsaktigheitsbrot for kvinner.

Grovt sett skilde to grupper seg ut for menn. Unge menn utan etablerte yrke som vart fengsla for tjuveri og litt eldre menn som, i tillegg til tjuveri, også ofte vart fengsla for politiuorden. Utan at ein tverrsnittanalyse gir dekning for det, gir biletet oss likevel eit inntrykk av ei karriereutvikling; frå tjuveri som ungdom til politiuorden som vaksen. På same måte får me også ein mistanke om at dei vaksne straffangane i fengslet var kvalifiserte til innsetjing i tvangsarbeidsanstalten og at det slik har vore ei overlapping i klientell mellom dei to anstaltane.

I forhold til ein longitudinell analyse har den geografiske bakgrunnen til dei innsette vist at ei avgrensing er nødvendig. Dei fleste innsette hadde ein urban bakgrunn, anten gjennom bustad eller brotsstad. Saman med dei strilefødde dominerte desse i fengslet, i tråd med reglane for innsetjing i anstalten. I ein rein analyse av karrierer som straffange kunne personar frå Strilelandet vore inkludert, men for å kunne inkorporere tvangsarbeidsanstalten som ein mogleg anstalt, må analysepopulasjonen avgrensast til dei med tilknytning til Bergen utover det tilfeldige.

Fengslet var lite eigna til rehabilitering, jamvel etter opninga av det nye. Straffetidene var så korte at ein vanskeleg kunne klare å påverke dei innsette. Opphaldet hadde lite innhald utover fridomsavgrensinga. Presten rakk knapt å besøke fangane før dei igjen forlot fengslet. Botsfengslet i Christiania kombinerte tildels lange straffetider med avsondringsprinsippet, og var slik i samsvar med dåtida sitt syn på rehabilitering og fruktbar straff, men dette fengslet var det einaste i sitt slag i Norge. Det kan tenkast at ein også lokalt såg visse rehabiliteringsmessige fortrinn i å kunne avsondre dei aller yngste i såpass korte straffetider som 10, 20 eller 30 dagar. Ein kan ha trudd at også slike straffar, sjølv om ein ikkje fekk drive påverknad over lang tid, ville fungere som ein vekkar for dei yngste og mest uerfarne. Innsetjing i fengslet kunne slik ha funksjon som *åtvaringsstraff*. Samtidig som det einsame fengslet skulle vekke ein viss anger og ettertanke hjå dei "villfarne", gjerne forsterka av nokre formanande besøk av presten, var den viktigaste funksjon sjølve åtvaringa som låg i tapet av fridom. Auken i talet på dei aller yngste etter opninga av det nye fengslet kan tyde på dette, men nedgangen kun få år seinare tyder i så fall på at ein ganske raskt vart desillusjonert

over resultatet.

### **6.3 INNSETTE I TUKTHUSET**

Tukthuset skilde seg frå fengslet på fleire måtar. For det første var tukthuset ein straffarbeidsanstalt i motsetnad til fengslet som berre var ein straffanstalt, noko som gav opphaldet eit anna innhald enn i fengslet. For det andre hadde tukthuset dels eit utvida og dels eit ulikt rekrutteringsgrunnlag. Tukthuset skulle motta fangar frå heile Bergen stift, frå Sunnhordland i sør til Sunnmøre i nord. Denne geografiske utvidinga måtte nødvendigvis medføre at ein mindre grad av urbane straffangar med tilknytning til Bergen i tukthuset samanlikna med fengslet, noko som også har betydning for den longitudinelle analysen. Fengslet sanksjonerte berre mot kvardagskriminalitet, medan tukthuset skulle sanksjonere mot dei meir alvorlege lovbrota og kvardagskriminalitet utført av vanekriminelle, eller i det minste personar som var straffa frå før. Det reiser eit spørsmål om kva for gruppe som dominerte blant dei innsette i tukthuset, og dermed også kva som var den viktigaste funksjonen til anstalten – sanksjonere grove lovbrott eller slå ned på plagsomme vanekriminelle. Det reiser samtidig spørsmål om aldersfordelinga til dei innsette i tukthuset. Var den like differensiert som i fengslet, eller gav ei ei gruppe av eldre vanekriminelle anstalten eit vakse preg? Me har sett at fengslet i beste fall kunne ha funksjon som ei åtvaringsstraff på grunn av dei korte straffetidene. Tukthuset hadde normalt ei nedre straffetid på seks månader og for menn ei øvre på seks år. Kor store variasjonar i straffetida var det blant dei innsette

#### **6.3.1 Talet på tukthusfangar 1850-75**


Frå 1775 og fram til tukthuset vart lagt ned i 1885 har me kjennskap til kvar enkelt som vart innsett. Talet på innsette kunne variere frå år til år (sjå figur 6-1). Midten av 1780-talet var ein periode med mange innsette, det same var tida opp mot 1810 og rundt 1825. Mest påfallande var likevel veksten fram til byrjinga av 1840-talet og den nye straffelova, noko som var ein ålmen trend også på landsbasis. Mellom ca. 1850 og slutten av 1860-talet fall talet på innsette kvart enkelt år. Etter ein kortare oppgang, fall det igjen inntil nedleggjinga. Den utprega toppen i 1871 skuldast for ein stor del at tukthuset tok imot straffangar frå det overfylte tukthuset i Christiania. Eit overveldande fleirtal var heile tida menn, men fram til slutten av 1860-talet var mannsdominansen her mindre enn i fengslet. At kvinner var meir synlege i tukthuset enn i fengslet hadde samanheng med at menn med straffar over seks år

skulle sone straffearbeidet i slaveria, medan tukthuset var einaste straffearbeidsanstalt for kvinnene. Den relative auken i talet på menn på slutten av perioden var eit resultat av at færre kvinner vert innsett i tukthuset. Samtidig medførte lovendringa i 1866 ei generell straffenedsetjing og tukthuset vart eit alternativ til slaveriet i ein god del saker. Viktigast for kjønnsamansetjinga var likevel at lovendringa førte til at kvinner som tidlegare sonde i tukthuset no gjorde det i fengslet. I tillegg vart ein del menn overførte frå slaveriet og tukthuset i Christiania på 1870-talet i samband med omlegginga av straffearbeidsanstaltane.

### 6.3.2 Geografisk bakgrunn til tukthuslemmane

Ved innsetjing i tukthuset vart fødestad konsekvent ført i av- og tilgangslistene. Av i alt 1782 innsetjingar i tida 1850-75, mangla fødestad berre i 45 tilfelle (2.5 prosent). Bustad vart ikkje oppgitt, men for ein del kan denne supplerast frå fengselspresten si manntalsliste over varetektsfangar for perioden fram til 1870.<sup>471</sup> Dette manntalet var langt frå komplett, og berre i 302 av innsetjingane i tukthuset kunne bustad etablerast gjennom fengselspresten si liste. Dette gjaldt først og fremst dei som vart dømde i Bergen og omegn. Av dei 108 ein kan plassere domsjurisdiksjonen geografisk, kom kun éin frå ein jurisdiksjon som ikkje sokna til fengslet i Bergen. Opplysningane om bustad frå fengselspresten har ein dermed berre for ei gruppe av tukthuslemmar som var i varetekt i Bergen i forkant av sjølve tukthusopphaldet. I

Figur 6-16: Innsette i tukthuset 1850-75.



<sup>471</sup> SAB: Arkivet etter presten på Bergens Straffanstalt og Bergenhus. Mandtal over de i Bergens civile Arrester hensiddende Fanger 1849-70. Bustad for samtlege kan derimot gjenskapast gjennom innberetningar sende til departementet. Kjennskapen til desse listene kom for seint til at eg kunne nyttegjere meg dei.

fortegnelsane som var grunnlaget for innberetningane til departementet får ein vite bustad til dei innsette, men desse er ikkje dataregistrerte.

Bustad er også kjent for ein del gjennom andre innlenka kjelder, først og fremst frå fengslet. Tabell 6-17 viser kva kjelder eg har kjennskap til bustad ved innsetjing i tukthuset frå. Her er vilkåret at tidspunktet for kjelderegistrering i innlenka kjelder ikkje var meir enn to år frå sjølve innsetjinga. I alt kjenner eg til bustad i 582 av innsetjingane i tida 1850-75, og dette utgjorde 33 prosent. Uansett vil det vere ein stor overvekt av innsette med bustad i Bergen eller nærmaste område der denne lettare kan etablerast gjennom supplerande kjelder, slik at eit oversyn over bustad ikkje blir representativt.

**Tabell 6-17: Kjennskap til bustad/heimstad ved innsetjing i tukthus. Maks to år i tidsavstand mellom innsetjing og annan kjelderegistrering av bustad/heimstad. Innsette 1850-75.**

Kjelde	n	%
Barns dåp	48	8.2
Død	18	3.1
Fengsel	208	35.7
F 1865	69	11.9
F 1875	54	9.3
Fødselsstiftelsen	1	0.2
Slaveri	44	7.6
Tukthus	324	55.7
N	582	100.0

**Tabell 6-18: Fødestad for innsette i tukthuset 1850-75.**

Fødestad	Menn		Kvinner	
	n	%	n	%
Nordafjeldske*	31	2.1	10	3.1
Møre og Romsdal	143	9.8	51	16
Nordfjord	67	4.6	10	3.1
Sunnfjord	163	11.1	25	7.8
Sogn	273	18.7	43	13.5
Strilelandet	198	13.5	46	14.4
Bergen	186	12.7	77	24.1
Hardanger og Voss	115	7.9	15	4.7
Sunnhordland	103	7.0	26	8.2
Rogaland	41	2.8	5	1.6
Sørlandet	26	1.8	3	0.9
Austlandet	74	5.1	5	1.6
Utlandet	21	1.4		
Ukjend	14	1.0	1	0.3
Manglar	8	0.5	2	0.6
N	1463	100	319	100

\*Her nord for Møre og Romsdal

Tukthuset skulle motta fangar frå eit forholdsvis stort geografisk område. Knappe 13 prosent

av dei innsette mennene var fødde i Bergen, fleire var fødde både i Sogn og på Strilelandet. Nesten like mange var fødde i Sunnfjord som i Bergen. Dette fortel nødvendigvis ikkje om noko anna enn flyttemønstret i samtida, ettersom dette var område som hadde stor tilflytting til Bergen. Lovbrotet som førte til innsetjing i tukthuset kan ha vore gjort lokalt, i Bergen eller ein heilt annan stad.

Ved innskriving i tukthusprotokollen vart dommen som førte til innsetjinga notert. Ved anke oppgav ein berre dommen frå den siste ankeinstansen, ikkje kva for underrett(ar) saka hadde gått for. Eit fleirtal av både menn og kvinner hadde innsetjingsheimel frå ein ankedomstol. Godt og vel 35 prosent vart dømde i Høgsterett, 21 prosent vart dømde i Bergens stiftsoverrett. Kva jurisdiksjon, og dermed indirekte kvar lovbroten fann stad, vert vanskeleg å lokalisere presist. Ein rekonstruksjon av første instans kan naturlegvis gjerast ved å gå gjennom dei aktuelle kjeldene, som stiftsoverretten i Bergen og Norsk Retstidende frå 1860-talet av, domsakter der det finst eller kriminalfortegnelsane i Riksarkivet, men dette har vore uoverkomeleg arbeidsmessig sett.

**Tabell 6-19: Jurisdiksjon/domstol ved innsetjing i tukthuset 1850-75.**

	Menn			Kvinner		
	n	% alle	% kjend jurisdiksjon	n	% alle	% kjend jurisdiksjon
Trondheim Stift	1	0.1	0.2		0.0	0.0
Sunnmøre	85	5.8	14.0	22	6.9	16.9
Nordfjord	22	1.5	3.6	5	1.6	3.8
Sunnfjord	34	2.3	5.6	4	1.3	3.1
Yttre Sogn	21	1.4	3.5	5	1.6	3.8
Indre Sogn	33	2.3	5.5	5	1.6	3.8
Nordhordland	29	2.0	4.8	7	2.2	5.4
Midhordland	48	3.3	7.9	9	2.8	6.9
Bergen	249	17.0	41.2	55	17.2	42.3
Hardanger og Voss	35	2.4	5.8	4	1.3	3.1
Sunnhordland	43	2.9	7.1	14	4.4	10.8
Stiftet (Bergen Stift)	309	21.1	-	67	21.0	51.5
Rogaland	1	0.1	0.2	-	-	-
Kristiansands Stift	1	0.1	0.2	-	-	-
Austlandet	3	0.2	0.5	-	-	-
Underrett	-	-	-	1	0.3	-
Komb	5	0.3	-		0.0	-
Høgsterett	524	35.8	-	119	37.3	-
Militær	1	0.1	-	-	0.0	-
Manglar	19	1.3	-	2	0.6	-
N	1463	100	100	319	100	100

Fjerner ein alle innsetjingane som berre var heimla i ein ankeinstans, blir dei fleste innsett med heimel frå Bergen. Vel 40 prosent av begge kjønn vart dømde i Bergen byrett eller i politiretten. Dette er lågare enn for fengslet og naturleg ettersom tukthuset har eit langt større

geografisk område å rekruttere frå. Tukthuset hadde altså eit langt mindre urbant preg blant dei innsette enn kva som var tilfellet i fengslet.

Spørsmålet er om ikkje det urbane preget faktisk var endå mindre enn kva det ovannemnde tydar på, og om inkludering av underrettane for ankesakene hadde ført til endå fleire ruralt initerte innsetjingar. Kriminalstatistikken for 1865 viste til dømes at domstolane i Sunnhordland, Hardanger og Voss, Bergen og Sunnmøre alle fekk endeleg dom i første instans i mellom 70-77 prosent av tilfella.<sup>472</sup> Nordhordland og Sogn hadde endeleg dom i høvesvis 56 og 57 prosent av tilfella, medan Sunn- og Nordfjord berre hadde det i 42 prosent av tilfella. I desse siste områda endte altså straffesakene oftare i ein ankeinstans. Ei undersøking av talet på straffedømde personar som kvalifiserte til innsetjing på tukthuset i Bergen 1866-68 i den offisielle statistikken kan gi ein peikepinn. 28 prosent av dei som ifølgje statistikken vart dømde til tukthusstraff desse åra, vart dømde i Bergen, 19 prosent på Sunnmøre og omlag 12 prosent i fogderia i Nordre Bergenhus amt, samt i Nordhordland (Tabell 6-19). Samanliknar me desse tala med dei som vart innsett på tukthuset etter dom frå denne perioden og som hadde geografisk kjend brotsstad, ser me at dei inndømde frå Bergen og i noko mindre grad Sunnhordland var overrepresentert og innsette frå Nordre Bergenhus underrepresentert. Aller mest underrepresentert var dei innsette frå Sunn- og Nordfjord. Berre for 3.6 prosent var desse sorenskriveria oppgitt som jurisdiksjon ved innsetjing på tukthuset. Kriminalstatistikken viste derimot at nesten 13 prosent av dei dømte til tukthusstraff i perioden, fekk dommen i Sunn- eller Nordfjord sorenskriveri. Denne underregistreinga vert forståeleg når me tek omsyn til kor mange av dommene i desse jurisdiksjonane som vart anka og dermed tapt geografisk.

**Tabell 6-20: Idømde tukthusstraffar 1866-68 i jurisdiksjonar i Bergen tukthus' område.**

Jurisdiksjon	1866	1867	1868	Sum	%	% faktisk innsette med kjend jurisd. etter dom 1866-68
Sunnmøre	20	10	7	37	18.6	16.9
Sunn- og Nordfjord	8	9	8	25	12.6	3.6
Sogn	6	10	9	25	12.6	7.2
Nordhordland (Strileland)	7	10	7	24	12.1	13.3
Bergen	15	21	20	56	28.1	38.6
Hardanger og Voss	4	4	5	13	6.5	7.2
Sunnhordland	11	4	4	19	9.5	13.3
	71	68	60	199	100.0	100.0

Kjelde: NOS Ældre Række. B. No.1: Criminalstatistiske Tabeller for Kongeriget Norge 1866-68

<sup>472</sup> NOS Ældre Række. B. No.1: Criminalstatistiske Tabeller for Kongeriget Norge for Aaret 1865, Christiania 1869, s.182.

Medan fengslet i Bergen var dominert av bergensarar og strilar eller andre som hadde begått lovbrøt i det same området, var det geografiske opphavet til dei innsette på tukthuset langt meir differensiert geografisk og med større tyngd av ruralt initierte innsetjingar og følgeleg også tukthusfangar med ein rural bakgrunn. Både bergensarane og strilane var likevel ei stor gruppe også i tukthuset, men dei var i langt større grad blanda med fangar frå fjernare område frå Sunnmøre i nord til Sunnhordland i sør. For mange av desse siste var Bergen ein stad dei vart send for å sone og som dei elles ikkje hadde noko nærmare forhold til. Orlaug Pedersdatter Nyre frå Voss vart i 1856 dømd til ti år tukthusstraff for å ha tatt livet av sitt nyfødde barn.<sup>473</sup> Ho fekk amnesti for det siste året og slapp ut att 16. september 1865. I folketeljinga opptatt nokre månader seinare var Orlaug tilbake på Voss som ugift inderst.<sup>474</sup> Ole Knudsen Hegrenes frå Jølster slapp ut på vårparten i 1865 og i folketeljinga er han igjen å finne hjå kone og to barn som jordlaus husmann og bordarbeidar i Jølster.<sup>475</sup> Sameleis, av 332 personar dømde i jurisdiksjonar utanom Bergen og Strilelandet vart berre fem prosent funne att som busett i Bergen på eit seinare tidspunkt enn innsetjinga på tukthuset. Dette er definitivt minimumstal, men indikerer likevel at for desse var Bergen ein soningsstad først og fremst. Dette viser også at ei avgrensing i populasjonen i endå større grad vil vere nødvendig ved ein longitudinell analyse som inkluderer innsette i tukthuset.

### 6.3.3 Alder på tukthusfangane

Dei innsette i tukthuset hadde ein aldersstruktur som i form ikkje skilde seg vesentleg frå aldersstrukturen i fengslet, i alle fall for menn. Hovudskilnaden var ei ålmen forskyving i retning av eldre fangar. Dette hadde igjen samanhang med straffelova og reglane for fordeling av straffangar på dei ulike anstaltane. Residivisme og retur til ein straffeanstalt kunne føre til opptrapping i straffereaksjonen, og dermed auka sjansane for innsetjing i tukthus i staden for i fengsel. Personar med rulleblad var gjerne, men slett ikkje nødvendigvis, eldre personar. I alle tilfelle måtte ein gjentaking vere eldre enn til dømes ved ved første gongs tjuveri. Ein annan skilnad mellom fengslet og tukthuset var at kvinnene jamt over var noko eldre enn mennene. Dette må forklarast på same måten. Menn med mange dommar bak seg, hamna gjerne etterkvart på slaveriet i staden for på tukthuset, medan tukthuset heile tida var den strengaste anstalten for kvinnene. Inkluderer me dei slaveridømde


---

<sup>473</sup> SAB: Bergen Strafanstalt. Register over fangene i Bergenhuus Slaveri 1838-1885 (Tukthuset). Lnr.2. 16.9.1856.


<sup>474</sup> Digitalarkivet: Folketeljinga 1865 for Voss, distrikt 3, side 163, på garden Fladeqval.



Figur 6-18a: Aldersfordeling på menn innsett i tukthuset 1850-75.



Figur 6-18b: Innsette menn i tukthuset i prosent av dei same aldersgruppene i folketeljinga 1865.



mennene i tukthuset, forsvinn også alderskilnaden mellom kjønna.


Tabell 6-21: Sentralmål og spreining for alder. Tukthuset 1850-75.

	Menn	Kvinner
1. kvartil	23	25.5
2. kvartil	31	33
3. kvartil	40	44
Modus	22	30
Snitt	33.3	35.1
N	1453	315


Det var flest mannlege tukthusfangar i 20-åra, men den aldersmessige spreinga var stor, særleg om ein tek omsyn til alderssamansetjinga til bybefolkninga utanfor tukthuset (Figur 6-18a). Mellom kvinnene var aldersspreinga så stor at ingen spesielle aldersgrupper dominerte nemneverdig framfor andre (6-20a og 6-20b).

<sup>475</sup> Innsett på tukthuset for tjuveri 3.7.1864 og Digitalarkivet: Folketeljinga 1865 for Jølster, distrikt 9, side 134

Figur 6-20a: Aldersfordeling på kvinner innsett i tukthuset 1850-75.



Figur 6-20b: Innsette kvinner i tukthuset prosent av dei same aldersgruppene i folketeljinga 1865.



Median alder til ein mannleg tukthusfange ved innsetjing var 31 år, medan kvinnene var to år eldre. Kvinnene hadde noko større spreing i alder, noko også figuren viser. Aldersskilnaden mellom første og tredje kvartil var 18.5 år for kvinner og 17.5 for menn. Meir iaugefallande er heile aldersforskyvinga. Dei yngste kvinnene var eldre enn dei yngste mennene og dei eldste kvinnene var eldre enn dei eldste mennene. Det siste er ikkje overraskande, men det første lar seg ikkje umiddelbart forklare med institusjonsfordelinga.

I fengslet såg me at bergensfødde menn var yngre enn andre. Det same er tilfellet på tukthuset, og det gjeld også om ein ser på personar fødde i rekrutteringsområdet til tukthuset (figur 6-18a). Dei urbane bergensfødde mennene synest å hamne tidlegare i straffanstaltane enn menn frå landsbygdene utanfor byen, i første omgang i fengslet og seinare også tidlegare i tukthuset enn andre. I samband med den longitudinelle analysen av debutalder vil eit

hovudpoeng vere å sjå om bergensfødde faktisk debuterte tidlegare enn andre. Skilnaden botna dels i kulturelle tilhøve og mangel på alternative konfliktløysingsmekanismer i byen som landområda i større grad hadde, og som dermed førte til færre kriminalsaker. Dels botna skilnaden også i skilnader i den fysiske og økonomisk strukturen som prega byen framfor det rurale omlandet.

Alder ved innsetjing gir ikkje noko grunnlag for å skilje ut enkeltgrupper blant dei innsette. Aldersspreiinga var generelt stor, og særleg om ein samanliknar aldersstrukturen på tukthuset med den generelle aldersstrukturen i Bergen, er variasjonane meir påfallande enn sentraltendensar. Tukthusfangane var generelt ein del eldre enn straffangar i fengslet, eit naturleg resultat av straffeeskalerting, noko også endringar i reglane for fordeling av fangar mellom anstaltane viste. Ein tendens var likevel påfallande, nemleg det yngre bergensfødde menn hadde samanlikna med andre. I den longitudinelle undersøkinga vil dette bli følgt opp med ei undersøking av debutalderen til desse. I første omgang vil eg belyse denne skilnaden ved å undersøke årsaker til innsetjing på tukthuset.

#### **6.3.4 Årsak til innsetjing på tukthuset**

Frå byrjinga av fungerte tukthuset som ein tvangsarbeidsanstalt, men med innføring av tukthusarbeid som straff for tjuveri i 1789 tok ein det først avgjerande steget mot å etablere tukthusa som straffeanstaltar.<sup>476</sup> Med straffelova frå 1842 vart dette formalisert og gjennomført. I motsetnad til fengslet som mottok ei stor gruppe av bøtesonarar, var klientellet på tukthuset så å seie utan unntak personar som hadde brote straffelova. Andre lovbrott kunne vere ein del av dommen, men normalt berre i samband med brott på straffelova. Innafor desse rammene la reglane for fordeling av straffangar mellom anstalttypene som nemnt opp til ei potensiell todeling på tukthuset med ei gruppe som hadde utført alvorlege, men sjeldan gjentekne, lovbrott på den eine sida og ei gruppe av vanekriminelle som utførte meir kvardagskriminalitet. Om det siste er tilfellet, skil dei innsette på tukthuset seg kvalitativt sett mindre frå fengsla enn om den første gruppa dominerer.

Tabell 6-22 viser tydeleg at tjuveri var dominerande årsak til innsetjing på tukthuset, og at dette i større grad galdt for menn enn for kvinner. Heile 82 prosent av mennene vart innsett for tjuveri, og inkluderer me resten av vinningslovbrota (kapitla 19-21), utgjorde desse 90 prosent, anten aleine eller i sjeldnare tilfelle i kombinasjon med andre typar lovbrott. Tjuveri

---

<sup>476</sup> Forordning 20.2.1789 (Schmidt 1852).

og anna vinningskriminalitet var klart dominerande også blant kvinner, høvesvis 61 og 68 prosent (inkludert tjuveri) sat inne for det. I tillegg utgjorde løssaktigheitssakene (kapittel 18), saman med drapssaker (kapittel 14), dei viktigaste lovbrota for kvinnene.

**Tabell 6-22: Årsaker til innsetjing i tukthuset i Bergen 1850-75.**

Årsak	Menn		Kvinner	
	n	%	n	%
Betleri	13	0.9	8	2.5
Kap. 10-Om Forbrydelser imod den offentlige Myndighed	16	1.1		
Kap. 11-Om Eftergjørelse eller Forfalskning af offentlige Dokumenter, Mynter, Pengesedler m.m.	8	0.5		
Kap. 14- Om Manddrab	8	0.5	65	20.4
Kap. 15- Om Fornærmelser paa Legeme eller Helbred	42	2.9	4	1.3
Kap. 18- Om Løssagtighed	73	5.0	51	16.0
Kap. 19- Om Tyveri	1201	82.1	196	61.4
Kap. 21-Om Bedrageri, Falsk og anden Svig	196	13.4	21	6.6
Andre	15	1.0	7	2.2
N	1463	-*	319	-*

\* Prosentueringa går ikkje opp i 100 fordi ein kunne bli dømd for fleire lovbrota samtidig.

**Tabell 6-23: Innsette for tjuveri (kap. 19) 1850-75 og kombinasjonar med andre lovbrota.**

	Menn			Kvinner		
	n	% av alle dømd etter 19-	% som også vart dømd etter 19-7	n	% av alle dømd etter 19-	% som også vart dømd etter 19-7
19-1	917	76.4	76.0	156	79.6	84.0
19-2	27	2.2	25.9	3	1.5	(33.3)
19-3	414	34.5	25.8	36	18.4	19.4
19-4	1	0.1	(100.0)		0.0	
19-5	5	0.4	(40.0)	2	1.0	
19-6	100	8.3	57.0	24	12.2	62.5
19-7	797	66.4		151	77.0	
19-8	1	0.1	(100.0)		0.0	
19-9	4	0.3	(25.0)	1	0.5	(100.0)
N	1201	-*	66.4	196	-*	77.0

\* Prosentueringa går ikkje opp i 100 fordi ein kunne bli dømd for fleire lovbrota samtidig.

Simpelt tjuveri (19-1) kunne føre anten til fengsel eller straffarbeid i femte grad (inntil 3 år). Både for menn og kvinner var dette det mest vanlege tjuvsbrotet (Tabell 6-23). Samtidig ser me at to av tre menn og tre av fire kvinner blant desse, vart dømde etter straffelovas kapittel 19-7. Det betyr at dei har vore dømde for vinningskriminalitet tidlegare. Det var særleg to former for lovbrota som var kombinert med kapittel 19-7. Det var simpelt tjuveri og medhjelp med eiga vinning etter 19-6. Som medhjelpar skulle ein dømmast som om ein sjølv var gjerningsmann. Ved simpelt tjuveri kunne retten velje mellom fengsel eller straffarbeid i den mildaste enden. Tre av fire menn og 84 prosent av kvinnene som vart dømde til tukthusstraff for simpelt tjuveri, hadde dommar på vinningskriminalitet frå før. Simpelt tjuveri førte altså

vanlegvis til fengsel, men i tilfelle der den domfelte hadde rulleblad, eller samtidig vart dømd for andre lovbrøt, var tukthus vanleg. I berre fire prosent av tilfella for menn (37 av 917 innsetjingar) og i to prosent for kvinner (3 av 156 innsetjingar) var tukthusopphald straffa for simpelt tjuveri aleine, utan før å ha vore dømd for vinningsbrøt. Det går ikkje fram av tukthusprotokollen om ein var medhjelpar til simpelt eller grovt tjuveri. Medhjelp ved grovt tjuveri ville føre til tukthusstraff utan tidlegare dommar, medan tukthusstraff ved medhjelp til simpelt tjuveri i dei fleste tilfelle var ei følgje av rulleblad. Sakene i straffelovas kapittel 21 hadde nært slektskap til tjuverisakene og vart ved gjentakning vurdert som same type lovbrøt. Dei viktigaste sakene her var forfalsking av dokument, bruk av dokument ein visste var falske, saman med unnlating av å opplyse om funne hittegoods.

I absolutte tal vart fleire menn enn kvinner innsett på tukthuset for løsaktigheitslovbrøt etter straffelovas kapittel 18, men relativt sett var dette i større grad eit kvinnelovbrøt enn mannslovbrøt. Inkluderer ein løsaktigheitssakene i fengslet, var det fleire kvinner som vart dømde for dette også absolutt sett. For menn var det to typar løsaktigheitssaker som dominerte. For det første ulike typar av incest, anten med søsken eller med stebarn, men ingen menn vart inndømde for utukt med egne barn. Den andre hovudgruppa var ulovleg samliv. Ugifte personar som levde saman (18-22), skulle ved første gongs dom ileggjast bot eller fengsel, men ved gjentakning kunne straffarbeid kome som eit alternativ for fengsel. Straff fall likevel bort om dei gifta seg. Den største enkeltgruppa av løsaktigheitsbrøt blant menn var ulovleg samliv der den eine eller begge var gifte frå før. Også her kunne retten velje mellom fengsel og straffarbeid, bortsett frå når begge var gift på annan kant. I så fall påla straffelova retten å dømme dei skuldige til straffearbeid i femte grad (frå seks månader og inntil tre år).

Incest mellom søsken var også ei stor gruppe mellom kvinnene, naturleg nok ettersom brødrene vart dømde for det. Likeins finn ein også fleire dømde for ulovleg "samlevnet". Men dei fleste sakene galdt ikkje ulovleg samliv, men ulovleg seksuell omgang mellom vaksne som ikkje var i slekt. Fekk ein barn med tre ulike menn førte det til fengsel, besvangring ei fjerde gong førte til tukthusstraff. 19 kvinner, eller 37 prosent av dei kvinnelege løsaktigheitssakene, vart innsett etter denne paragrafen. Seks av desse vart i tillegg dømde for abort eller barnedrap. Ein del av desse sakene har nær tilknytning til og er eit resultat av prostitusjon (18-26). Ser ein 18-25, 18-26 og paragrafen om horehushald og hallikverksemd (18-27) under eitt, galdt desse 31 av innsetjingane, eller 42 prosent av løsaktigheitssakene.

Med unntak av dei aller alvorlegaste løssaktigheitssakene etter kapittel 18, var innsetjing på tukthuset etter desse paragrafane først vanleg når ein hadde dommar i tilsvarande saker frå før. Slik representerte enkelte av desse ein form for moral-opposisjon, ein tilpassa seg ikkje det rådande normsystemet sjølv etter å ha motteke offentlege sanksjonar for dei same tilhøva tidlegare. For andre igjen har gjentekne lovbrøt mot desse paragrafane ikkje vore frivillig og meir eit resultat av val som andre (overgripingar) tok. Saman med dei tjuveridømde, finn ein her ei gruppe av kriminelle med rulleblad.

**Tabell 6-24: Innsette på tukthuset 1850-75 etter straffelovas kapittel 18 (Om løssaktighet).**

Paragraf	Menn		Kvinner	
	n	%	n	%
18-1	2	2.7		
18-2	1	1.4		
18-11			2	3.9
18-12	11	15.1	10	19.6
18-13	15	20.5		
18-14			1	2.0
18-19	6	8.2		
18-20	1	1.4		
18-21	8	11.0		
18-22	10	13.7	3	5.9
18-23	18	24.7	4	7.8
18-24	1	1.4	1	2.0
18-25	2	2.7	19	37.3
18-26		0.0	6	11.8
18-27	2	2.7	8	15.7
	73	100.0	51	100.0

Drapsaker avsona på tukthuset galdt berre unntaksvis mord eller forsetteleg drap, i dei fleste tilfella var det snakk om drap av barn i tilknytning til fødsel, eller ulovleg abort. Og det var kvinner som vart utsett for sanksjonar etter slike hendingar. I 65 innsetjingar av kvinner som var dømde etter straffelovas kapittel 14 ("Om Manddrab"), vart berre tre innsett for andre forhold enn omstende rundt foster/barnedrap. 75 prosent av desse tilfella dreide seg om drap eller forsøk på drap av barn rett i etterkant av fødsel, 18 prosent galdt abort eller forsøk på det og dei to siste sakene galdt deltaking i barnedrap eller abort. Denne gruppa hadde også dei lengste straffane på tukthuset.

Det var kvardagskriminalitet som førte dei fleste til tukthuset, både blant dei mannlege og kvinnelege tukthusfangane. Men dette var likevel aller mest tydeleg for menn. Vinningskriminaliet var klart dominerande, og nesten to av tre menn på tukthuset (63 prosent) vart innsett på grunn av gjentakning av simpelt tjuveri, det mest typiske av alle

kvardagslovbrot omfatta av straffelova. Den største skilnaden mellom dei mannlege innsette på tukthuset og i fengslet var difor mangelen av uordenssaker og gjentakinga av lovbrott. Mannlege tukthusfangar var meir vanekriminelle enn mannlege fangar i fengslet. Kvardagskriminalitet var også ein sentral innsetjingsårsak for kvinner, nesten halvparten av alle kvinnene vart innsett for gjentakning av simpelt tjuveri, og eit klart fleirtal for vinningsbrot generelt. Men samtidig skil ei stor gruppe seg ut ved å ha utført brott mot kapittel 14 og 18 i straffelova, som omhandla høvesvis drap og løssaktigheit. Drapssaker, og delvis løssaktigheitssaker, var ikkje typisk kvardagskriminalitet, og framstod også for styresmaktene som ei spesiell gruppe på anstalten. Presten gav gjerne i sine omtalar av barnemorderskene uttrykk for at dei var svært ulukkelege og framstilte sakene som svært tragiske. Eit døme på dette siste er Anne Christophersdatter Bolstad som i 1866, seks år etter innsetjinga, søkte om benådning for drap på barn under fødsel i dølgsmål (14 § 18):

*”Jeg har ingen Tvivl over, at Anne Christofersdt. Bolstad nu med hjertelig Anger erkjender sin Synd og er alvorlig paavirket af Gs Ord, og Benaadning – hvortil jeg paa det Bedste anbefaler hende – vil vistnok sjeldnere falde paa en værdigere Fange.”<sup>477</sup>*

Eit anna døme er Anne Christine Waage. Ho vart dømt for deltaking i barnedrap ved fødsel (14 § 17) og søkte i 1867 om benådning sju år etter innsetjing:

*”Tugthusfange Anne Christine Waage er et høist ulykkelig gammelt Msk., og Straffen har været hende saa tung at bære, at hun længe var uimodtagelig for christl. Trøst.”<sup>478</sup>*

Desse står i sterk kontrast til presten si oppfatning av tjuven Iver Christensen Storoxe, fleire gonger dømd til både fengsel og tukthus:

*”Han er neppe kommet til nogen alvorlig Erkjænd. og Hjertets Bøielse og han har paa Grund deraf vist sig temmelig ligegyldig til sit aandelige Vel.”<sup>479</sup>*

Generelt var dei innsette på tukthuset eldre enn innsette i fengslet, sjølv om ein finn både unge og eldre i begge anstaltane. Bryt me tala ned på dei enkelte lovbrota, finn me at dette stort sett var gjennomgåande for dei største brotskategoriane (Tabell 6-25). Unntaket var altså kvinner dømde etter kapittel 14 og dermed for barnedrap eller abort, som var noko yngre enn andre innsette, og særleg andre kvinnelege tukthusfangar. Til gjengjeld skal me sjå at nettopp desse fekk dei lengste straffane, og som gruppe på tukthuset vart desse etterkvart mellom dei eldste blant kvinnene. Aldersskilnaden var størst mellom menn og kvinner som var dømde

---

<sup>477</sup> SAB: Bergen Strafanstalt: Kopibog for udgaaende Skrivelser fra Fængselspræst-Embedt i Bergen 1841-67, FP, Erklæring datert 11.12.1866, fol.86b.

<sup>478</sup> SAB: Bergen Strafanstalt: Kopibog for udgaaende Skrivelser fra Fængselspræst-Embedt i Bergen 1867-85, Erklæring 2.5.1867, fol. 4a.

<sup>479</sup> SAB: Bergen Strafanstalt: Kopibog for udgaaende Skrivelser fra Fængselspræst-Embedt i Bergen 1867-85, Erklæring 29.1.1867, fol. 89a.

for tjuveri. Igjen har dette samanheng med reglane for fordelinga av straffangar – menn med flest tjuveridommar sona i slaveriet, ikkje i tukthuset.

Tabell 6-26 viser korleis lovendringane i 1866 og 1872 verka inn på aldersstrukturen til dei innsette generelt og dei tjuveridømde spesielt. Lovendringane hadde størst innverknad for den sistnemnde gruppa. Endringa i 1867 førte til at dei minst ”bederva” tjuvane sona i fengslet i staden for tukthuset, samtidig som dei mest ”bederva” i slaveriet skulle sone i tukthuset. I 1872 vart dei mest ”garva” kriminelle i tukthuset atter overført til slaveriet. Dette fekk utslag på sentralmåla for alderen til dei tjuveridømde. I tida 1867-72 vart aldersstrukturen til dei innsette heva samanlikna med åra før. Avstanden i år frå første til tredje kvartil var omlag den same, men begge heva cirka to år. Fram mot 1875 skifta dette tilbake igjen, og spreinga vart også litt mindre.

**Tabell 6-25: Sentralmål over alder ved innsetjing i tukthus etter brotsverk.**

	14-	18-		19-		21-	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
1 kvartil	24	27.75	26	23	26	25	26
2 kvartil	28	36	34	30	36	32	30
3 kvartil	32	43.25	40	40	46	40	42
Modus	28	34	39	21	23	26	27
Gjennomsnitt	29.0	37.3	34.0	32.9	37.3	34.3	34
n	194	72	50	1192	195	194	21

**Tabell 6-26: Sentralmål over alder for innsette i tukthuset før og etter 1867 (og 1873).**

	Menn						Kvinner			
	Før 1867		1867-72		1873-75		Før 1867		Etter 1867	
	Alle	19-	Alle	19-	Alle	19-	Alle	19-	Alle	19-
1. kvartil	23	23	24	24	22.5	22	26	26	24.25	26.5
2. kvartil	31	30	32	31	28	27	33	37	33	36
3. kvartil	40	40	43	43	40	40	43	45	45	48.75
Gj.snitt	33.2	32.7	34.0	33.8	32.4	31.7	35.1	36.9	35.4	38.0
n	996	797	335	271	151	120	239	162	74	36

**Tabell 6-27: Sentralmål over alder for menn med fødestad i Bergen og nærområdet etter brot.**

	Nordre og Søndre Bergenhus		Bergen	
	19-	Andre	19-	Andre
1 kvartil	23	25	21	29.75
2 kvartil	31	31	28	41
3 kvartil	41	40	40	53
n	748	154	165	22

For kvinnene medførte lovrevisjonen noko større aldersspreing. Før 1867 var aldersdifferansen frå første til tredje kvartil 17 år. I siste del av perioden var denne komen



opp i 21 år, altså ein auke på fire år. No gjekk talet på innsette kvinner ned i den siste delen av perioden, berre 74 kvinner vart innsett. Dette aukar dermed også sjansane for tilfeldige utslag.

Menn fødd i Bergen skilde seg klart ut frå andre menn fødd i Nordre og Søndre Bergenhus ved ein lågare median for tjuvane og ein langt høgare median for andre fangar. Det siste kan vere eit resultat av få innsetjingar og tilfeldige utslag. Den lågare alderen på bergensfødde tjuvar viser at aldersskilnadene ikkje var eit resultat av at dei vart dømde for ulike typar lovbrøt, men at dei ganske enkelt vart innsett i ein yngre alder. Bergenske menn hamna i straffeanstaltar tidlegare enn menn i naboområdet.

Den typiske mannlige tukthuslemmen var altså ein tidlegare dømd tjuv, og saman med andre vinningskriminelle dominerte dei tjuveridømde fullstendig. Også eit klart fleirtal av kvinnene var tidlegare dømde tjuvar, men med tukthuset som den einaste straffearbeidsanstalten for desse, var også ei stor gruppe av desse innsette for mindre kvardagslege brotsverk. Slik var skilnadene innanfor tukthuset, mellom ei gruppe med fleire kvardagsbrot bak seg og ei gruppe innsett for spesielle enkeltbrot, på mange måtar større enn mellom tukthuset og fengslet. Sjølv om uordenssakene stod sentralt i fengslet, i alle fall for menn, var desse også typisk triviell kriminalitet, på line med simple tjuveri.

### 6.3.5 Tukthuset - lengre straffar


I fengslet var den øvre grensa for innsetjingtid 120 dagar, men på straffearbeidsanstaltane fanst ikkje slike øvre grenser. Menn med dommar over seks år skulle rett nok sone på slaveria (over tre år i visse tilfelle frå 1872), men kvinner som fekk livstidsstraff skulle sone denne på tukthuset. Den nedre grensa på tukthuset var seks månader. Dette var i hovudtrekk reglane for soningstid på tukthuset i min periode. Straffelengdene var dermed vesentleg lengre enn for fengslet, men samtidig var det også på tukthuset rom for store individuelle variasjonar. Mest interessant her er å jamføre straffelengdene for dei to ulike hovudgruppene av innsette, dei repetitive vinningskriminelle og dei innsette for alvorleg eingongsbrottsverk.

**Tabell 6-28: Mål over straffelengd på tukthuset 1850-75 i månader.**

	Menn	Kvinner
1 kvartil	8	8
2 kvartil	12	12
3 kvartil	36	48
Modus	12	6
Gjennomsnitt	22.5	34.7
n	1460	314

I gjennomsnitt var kvar mannleg tukthusfange dømd til ei straffetid på omlag 23 månader, eller knappe to år, medan kvinnene i gjennomsnitt vart inndømd til 35 månader, som er knappe tre år. I gjennomsnitt sonde kvinner altså eit heilt år, eller 50 prosent, lenger enn menn. Dette var eit resultat av skilnader mellom dei med dei lengste straffane. Me ser av Tabell 6-28 at alle kvartilane i aldersfordelinga var like, inkludert median, med unntak av tredje kvartil. Den var på 3 år for menn (36 månader) og fire år (48 månader) for kvinner. I tillegg var også skilnaden mellom dei to ulike måla for sentraltendens uvanleg stor. Median for begge kjønn var 12 månader, eller eit knapt år mindre enn det aritmetiske gjennomsnittet for menn og nesten to år for kvinner. Den store skilnaden i gjennomsnittlege tukthusopphald mellom menn og kvinner var eit resultat av at relativt mange kvinner fekk svært lange straffer og slik drog opp gjennomsnittet. Median er difor meir dekkande for den reelle sentraltendensen på tukthuset for alle under eitt.

**Figur 6-21: Gjennomsnittleg straffelengd i månader på tukthuset 1850-75. Flytande gjennomsnitt på 3 år.**



Over tid var tendensen i straffelengda for menn og kvinner ulik. Den gjennomsnittlege straffetida for kvinner steig, frå rundt 30 månader i første halvdel av 1850-talet til over 50 månader i andre halvdel av 1860-talet (figur 6-21). I den resterande delen av perioden gjekk den og låg på rundt 35 månader. På midten av 1850-talet var gjennomsnittet for menn rundt 25 månader. Tendensen fram til andre halvdel av 1860-talet var fallande og kom under 20 månader. I denne perioden var skilnaden i gjennomsnittet mellom kjønna på det største med 38 månader, eller over tre år. Medan kvinnene i snitt fekk kortare straffar på slutten, fekk

menn noko lengre straffar frå andre halvdel av 1860-talet før tendensen igjen snudde etter 1872. Dette siste var ein direkte direkte konsekvens av lovendingane som fann stad i denne perioden.

Det er ikkje utan vidare ukomplisert å undersøke samvariasjonen mellom lovbrott og straffelengd på grunnlag av innførsleane i tukthusprotokollen. Tukthusfangane kunne bli inndømd for fleire lovbrott samtidig, slik at den samla straffa var lenger enn kva dei ulike lovbrota enkeltvis ville gitt. I 76 prosent av innsetjingane vart ein inndømd etter meir enn éin lovparagraf. Mest vanleg var det likevel å verte dømd etter ulike paragrafar innan same lovkapittel, som kombinasjonen av 19-1 og 19-7 (simpelt tjuveri etter før å ha vore dømd for vinningskriminalitet). Mindre enn 14 prosent av dei innsette etter kapittel 19 fekk dom i kombinasjon med lovbrott i andre kapittel i straffelova. Størst omfang av kombinasjon med andre lovkapittel hadde dei som vart inndømd etter kapittel 15 og kapittel 21. Dei fleste av desse vart dømde etter kapittel 19 i tillegg. Samla sett var det likevel få kombinasjonar på tvers av lovkapitla. Den trass alt avgrensa kombinasjonen på tvers av lovkapitla gjer det forsvarleg å undersøke straffelengd etter lovbrott.

**Tabell 6-29: Kombinasjonar av lovbrott på tvers av kapittel i straffelova for innsette på tukthuset 1850-75.**

Lovkapittel	Kombinasjon med andre lovkapittel	Totalt	% med kombinasjon
14-	14	73	19.2
15-	26	46	56.5
18-	28	124	22.6
19-	190	1397	13.6
21-	114	217	52.5

**Tabell 6-30: Sentralmål over straffelengd på tukthuset for ulike typar lovbrott 1850-75. I månader.**

	14-	15-	18-		19-		21-
	Kvinner	Menn	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
1 kvartil	60	8	8	6	8	8	9
2 kvartil	93.5	13.5	12	8	12	12	13
3 kvartil	120	24	18	12	36	38	30
Modus	120	8	8	6	12	6	12
Snitt	89.8	18.8	16.9	21.5	22.2	23.6	21.6
n	62	42	73	51	1200	194	196

Me finn for det første relativt liten skilnad mellom kjønna for den største gruppa – dei tjuveridømde. Få menn vart sett inn for drap på tukthuset, men det vart til gjengjeld ein god del kvinner. Dei lengste straffene for drap var på ti år, men typisk var 7-8 år, og slik dei lengste straffeopphalda på tukthuset. Denne gruppa skil seg kraftig ut frå andre innsette, og forklarar skilnaden mellom kjønna generelt. Ekskluderer me desse drapssakene hadde

kvinner til og med noko kortare gjennomsnittlege straffelengder enn menn. Straffelova hadde heller ikkje kjønnsespesifikke straffar, med unntak av dei under 15 år etter 1874.

Meir spesielle var straffene som vart gitt for løsakthetslovbrot. Median for desse lovbrota var høgare for menn, det same var tredje kvartil. Men nokre av kvinnene har fått svært lange straffar, fordi straffa er kombinert med andre lovbrota, og i desse tilfella gjeld det brot mot kapittel 14 (drap), som nettopp gav lange straffar. Gjennomsnittet er her uhyre misvisande, og den typiske kvinnelege lovbytarar mot kapittel 14 fekk gjennomgåande kortare straffar enn tilsvarande manlege lovbytarar, og likeins dei kvinnelege fangane generelt. Den sterke veksten i den glidande gjennomsnittlege soningstida for kvinner på slutten av 1860-talet (figur 6-21) var eit resultat av unormalt høgt gjennomsnitt i 1868. Dette året vart seks kvinner sett inn, tre av dei vart dømde for drap. To fekk ti år og éi fekk heile 13 år. Sjølv om desse tre skapar tinden på grafen, var likevel den almenne trenden riktig nok med aukande straffelengder fram mot slutten av 1860-talet.

Det var ikkje så veldig stor skilnad i straffelengd for dei som vart innsett for gjentatt kvardagskriminalitet og dei som vart innsett for andre, og meir enkeltstående, lovbrota. Eitt unntak stig likevel klart fram, nemleg gruppa av kvinner innsett for drap. Det var berre unntaksvis at dømde for andre lovbrota kom i nærleiken av tilsvarande straffelengder. Isolering og uskadeleggjering av vanekrimienelle som samfunnet oppfatta som farlege, særleg med tanke på eigedomsretten, og straff av brot som den ålmenne rettskjensla og rådande teoriar om samsvar mellom straff og brotsverk kravde lange straffar for, framstår som den viktigaste funksjonen til tukthuset.

Den største gruppa av innsette menn og kvinner skilde seg først og fremst frå dei innsette i fengslet ved å vere tidlegare dømde, meir enn ved lovbrota dei utførte. Straffelengd hadde stor betydning for intensiteten i ei kriminell karriere under eitt og dermed også i sanksjonskarriera. Lange straffar drog sanksjonsmottakarar ut av sirkulasjon og hindra nye lovbrota og påfølgande innsetjing. I denne samanhangen er ikkje dei som vart innsett for dei mest alvorlege lovbrota, som barnedrap, mest interessant. Dette var lovbrota som sjeldan vart gjentatt, og sanksjonsmottakaren kom berre unntaksvis kom i kontakt med rettsvesenet på nytt. For desse påverka ikkje soningstid intensiteten i karrierene, ganske enkelt fordi dei som oftast hadde null-karrierer (ingen residivisme). Men for den viktigaste gruppa, dei som vart innsett på tukthuset fordi dei hadde tidlegare dommar så er dette av ein viss betydning, alt etter korleis ein målar intensiteten. Det galdt i første rekkje dei tjuveridømde, men også

løsaktighetsdømde, Med lange straffar på opptil fleire år, i motsetnad til dei korte fengselsstraffane, vart desse no hindra i å begå lovbrøt og bli påført nye sanksjonar.

Måten tukthuset var organisert på, med fellesrom for fangane døgeret rundt, kun skild etter kjønn, vanskeleggjorde rehabilitering og forsåvidt disiplinering som funksjon. Tukthuset kunne gje lange straffar, men median var såpass kort som eitt år. Ein fjerdedel av dei tjuveridømde fekk tre år eller meir. Slik var tukthuset langt meir eigna for uskadeleggjering av enkeltpersonar i ein avgrensa, men likevel betydeleg tidsperiode. Samla var det viktigaste funksjonen til tukthuset.

Andsynes den longitudinelle analysen ser ein også at utvidinga av rekrutteringsområde førte til minkande urbant preg over dei innsette, og dermed ein minkande tilknytning til Bergen. Dette vil føre til at ein mindre del av tukthusfangane enn straffangane i fengslet vil vere relevante i ein lengdesnittsanalyse.

## **6.4 INNSETTE I SLAVERIET**

Slaveriet var den strengaste straffearbeidsanstalten, og skulle huse mannlege straffarbeidsfangar med dom på seks år eller lenger. Lovendringa i 1867 sette tukthuset til straffeanstalt i staden for slaveriet for ein del lovbrøt ved at straffelengda vart redusert. I 1872 skulle mannlege tjuveridømde som fekk straff på tre år eller meir etter å ha sona straffearbeid tidlegare, eller straffarbeidsdømde i det heile som før hadde vore på slaveri, sone på slaveriet.<sup>480</sup>


Dei sentrale spørsmåla som vart stilt ved gjennomgangen av tukthuset er like relevant for slaveriet. Hovudspørsmålet er om dei innsette i slaveriet skilde seg kvalitativt frå dei innsette i tukthuset og fengslet, og om det skilde seg ut grupper innan slaveriet. Lovverk, rekrutteringsområde og røynsle frå tukthuset tilseier at slaveriet hadde ei stor gruppe av eldre vanekriminelle frå eit vidt geografisk område som utførte lovbrøt som i utgangspunktet ikkje var spesielt alvorleg. I motsetnad til ved innsetjing i tukthuset, kjenner me til yrkesbakgrunn ved innsetjing i slaveriet. Det gjer oss i stand til å samanlikne den sosiale bakgrunnen til slavane med straffangane i fengslet, særleg med tanke på tilknytning til arbeidsmarknaden. Ettersom me forventer ei stor gruppe av vanekriminelle på slaveriet, kan

me også forvente oss at slavane hadde mindre stabil tilknytning til arbeidsmarknaden.

#### 6.4.1 Talet på slavar 1850-75

Talet på innsette på slaveriet hadde ein synkende tendens nettopp til slutten av 1860-talet. På byrjinga av 1850-talet vart rundt 20 nye slavar innsett kvart år. Det lågaste nivået vart nådd i 1869, etter nedsetjinga av straff for tjuveri, då berre éin einaste ny fange vart sett inn på slaveriet ved Bergenhus festning heile året. Dette var ei utvikling som slaveriet i Bergen hadde felles med dei andre slaveria i Norge. Nedgangen i talet på fangar i slaveriet kom samtidig med ein auke i innsetjing på tukthusa, og var ein direkte årsak til lovendringa i 1872, som sikta mot betre fordeling av fangane.

Figur 6-22: Antal innsette i slaveriet i Bergen 1851-78.



I alt vart 320 menn innsett i slaveriet 1851-78, av desse 303 i min periode. Slaveriet var slik altså ein svært eksklusiv straffeanstalt samanlikna med fengslet og tukthuset, og som me skal sjå seinare også tvangsarbeidsanstalten.

#### 6.4.2 Geografisk bakgrunn til slavane

Opplysningane om geografisk bakgrunn for dei innsette på slaveriet er problematiske. Fram til 1. desember 1860 førte den handskrivne protokollen "Hjemsted" som overskrift, medan perioden etter hadde "Fødested". Ifølgje justisdepartementet sitt skjema, var det heimstad

<sup>480</sup> 4.5.1872: Lov om Forandringer i Lov om Forbrydelser 20.8.1842 (Mejlænder & Mallings 1878).

som skulle førast.<sup>481</sup> Om det var fødestad, heimstad eller heimstamn som vart ført i protokollane til slaveriet er difor i utgangspunktet noko uklart, noko dei etterfølgjande døma også illustrerer. 7. mars 1859 vart Peter Andreas Larsen Kjøllås innsett i slaveriet med Strand prestegjeld som heimstad, men både før og etter dette tidspunktet finn me den same Peter innsett i fengslet med Bergen som bustad. Anders Eriksen Balland vart hausten 1856 innsett i fengslet med bustad i Bergen. Då han to år seinare vart innsett i slaveriet hadde han heimstad Os. Anders Gjebleesen Myre vart innsett i slaveriet 12. desember 1862 med heimstad i Evindvik, men så langt attende som i 1856 var han å finne som (uekte) far i kyrkjebøkene for Bergen med bupel i rode 10, hus 41. I 1859 vart han innsett på tvangsarbeidsanstalten to gonger, begge gongene med politiet i Bergen som innsetjingsmakt. I 1862 vart han sett på Tvangen på nytt, samtidig som det vart halde heimstamnsforhøyr over han, før han altså vart sett i slaveriet på slutten av året. Anders oppheldt seg for det meste i Bergen og hadde tydelegvis Bergen som bustad, men får oppført ein annan stad som heimstad/fødestad ved innsetjing i slaveriet. Denne praksisen tyder i det minste på at det ikkje er bustad som er ført i slaveprotokollen, men det kan derimot vere heimstamn eller fødestad. Ettersom justisdepartementet uttrykkeleg seier at det er ”Hjemsted” som skal førast, er det truleg heimstamn som er ført i protokollen, utan at fødestad heilt kan utelukkast.

**Tabell 6-31: Heimstad til innsette i slaveriet 1851-78.**

<i>Region</i>	<i>n</i>	<i>%</i>
Nordafjeldske*	5	1.6
Møre og Romsdal	9	2.8
Nordfjord	6	1.9
Sunnfjord	15	4.7
Sogn	36	11.3
Nordre Bergenhus amt	1	0.3
Strileland	29	9.1
Bergen	53	16.6
Hardanger og Voss	20	6.3
Sunnhordland	12	3.8
Søndre Bergenhus amt	3	0.9
Rogaland	63	19.7
Sørlandet	28	8.8
Austlandet	20	6.3
Utlandet	1	0.3
Ukjend	14	4.4
Manglar	5	1.6
N	320	100.0

\*Her nord for Møre og Romsdal

<sup>481</sup> Love, Resolutioner, Reglement, Instruxer, Skrivelser m.m. vedkommende Fængselsvæsenet 1814-97, Kristiania 1898. Skrivelse frå Justisdepartementet til Strafanstaltane om korleis dei årlege konduitelisteene skulle utformast, datert 19.12.1849.

Slaveriet hadde det største geografiske rekrutteringsområdet av alle bergensanstaltane. I tillegg til områda som sokna til tukthuset, hørde også Rogaland til slaveriet i Bergen. Rogaland sokna elles til Kristiansand ved innsetjing i tukthus. Rogalendingane utgjorde ei stor gruppe på slaveriet, kvar femte hadde sin heimstad her. Samla sett vart det sett inn like mange med heimstad i Søndre Bergenhus (64 i alt) som i Rogaland, og inkluderer ein Bergen, var dagens Hordaland den klart største leverandøren av fangar til slaveriet.

**Tabell 6-32: Heimstad og domsjurisdiksjon på slaveriet 1851-78. Vassrett prosentuert.**

Heimstad	Jurisdiksjon										n	Sum	
	Møre og Romsdal	N.Bergen hus	S.Bergen hus	Bergen	Bergen Stift	Rogaland	Lister og Mandals Amt	Kristiansand stift	Ukjend	Manglar			
Nordafjeldske	33.3				66.7							3	100
Møre og Romsdal	50.0	10.0	10.0		30.0							10	100
Nordfjord	60.0	20.0								20.0		5	100
Sunnfjord		31.3	18.8		43.8	6.3						16	100.2
Sogn	6.3	40.6	15.6		28.1	6.3			3.1			32	100
Strileland			24.0		68.0	4.0				4.0		25	100
Bergen	2.5	2.5	15.0		77.5	2.5						40	100
Hardanger og Voss	7.7	7.7	46.2		30.8				7.7			13	100.1
Sunnhordland			66.7		11.1	22.2						9	100
Rogaland		4.3	10.6		8.5	74.5				2.1		47	100
Sørlandet			20.0		20.0	60.0						15	100
Austlandet	14.3		14.3		35.7	21.4		7.1		7.1		14	99.9
Utlandet										100.0		1	100
Ukjend						100						2	100
Manglar	5.7	10.2	17.0	1.1	12.5	47.7	1.1	1.1		3.4		88	99.8
	6.3	10.3	18.1	0.3	30.3	30.6	0.3	0.6	0.6	2.5		320	99.9

I tillegg til felt for heimstad, hadde protokollen over slavane også eit felt for jurisdiksjonen, altså i kva område lovbroten vart tiltalt i, og dermed i røynda kva område lovbroten fann stad. Denne er berre delvis geografisk presis. 97 personar var dømde i jurisdiksjonen ”Bergen Stift”. Dette kan i utgangspunktet vere heile stiftet, frå Sunnhordland i sør til Sunnmøre i nord. Det ser likevel ut som om Bergen Stift i denne samanhengen tyder Bergen. Utanom jurisdiksjonen, gir protokollen nemleg også heimelen for innsetjinga. Skomakar Nils Ellingsen Sletteland vart i 1872 innsett på fire år for sjette gongs tjuveri. Heimelen var dom i Bergen byrett 6. juli 1872, men som jurisdiksjon fekk han oppført ”Bergens Stift”. I dei tilfella der heimelen var ein dom i ein geografisk plassérbar underrett, var dette alltid i Bergen for denne gruppa. I tillegg opererte ein med jurisdiksjonane Søndre Bergenhus, Nordre Bergenhus og Romsdal. Sjølv der heimelen var ein stiftsoverrtdom (eller høgsterettsdom), vart jurisdiksjonen ført til dømes som Søndre Bergenhus, og ikkje Stiftet.



Det er altså ikkje ankeinstansen jurisdiksjonen gir uttrykk for, men kvar den innsette vart tiltalt i underretten, eller kven som avgjorde at justisaksjon skulle iverksetjast. Medan det var dei lokale amtmannen som gav ordre om tiltale i dei enkelte amta, var det stiftamtmanden som hadde same makta i Bergen. Berre i eitt tilfelle vart "Bergen" ført som jurisdiksjon, det galdt ei innsetjing etter ein stiftsverretsdom der byfogden i Bergen var oppført som jurisdiksjon, og må reknast som ein inkurie frå protokollførar si side. Jurisdiksjonen "Bergen Stift" må altså her forståast som sjølve Bergen.

Ein knapp tredjedel kan dermed seiast å vere dømde til straffarbeid i slaveriet for eit lovbrøt utført i Bergen. Dette galdt sjølvsagt særleg dei som hadde Bergen som heimstad, men også veldig mange med heimstad på Strilelandet vart dømde for brotsverk utført i Bergen. Slik var det dels også oppover kysten og i noko mindre grad innover i fjordane, medan derimot sunnhordlendingar i liten grad vart dømde i Bergen. For alle desse utanfor Strilelandet var det ein tendens til å vere dømd i heimejurisdiksjonen. Slaveriet hadde stor geografisk spreining på fangane, men den store gruppa med heimstad i Rogaland var likevel påfallande. Dette var også ei gruppe av lovbrøytarar som elles ikkje sokna til Bergen institusjonsmessig og som følgjeleg for ein stor del vil falle utanfor ein longitudinell analyse.

Ein knapp tredjedel av dei innsette (31 prosent) vart altså dømde i Bergen, omlag to tredjedeler (65 prosent) innanfor området som sokna til tukthuset. Det høge omfanget av domfellingar i byen for strilar, 68 prosent i slaveriet mot 28 prosent i fengslet, tyder på at desse vanekriminelle i aukande grad tok opphald i Bergen i kortare eller lengre tid, utan at dei hadde fått heimstamn der. Det er ikkje utenkeleg at det var "lettare" for ein utprega vanekriminell å overleve i Bergen enn i eit oversikteleg miljø lokalt.

Den stadige utvidinga av nedslagsfeltet til anstaltane førte til stadig større variasjonar i den geografiske bakgrunnen til dei innsette. Det gav stadig fleire fangar utan annan tilknytning til Bergen enn at dei sonde ein dom der, og det medfører at ein stadig større andel av fangane mistar relevans i ein longitudinell samanheng.

### **6.4.3 Godt vaksne slavar**

Slavane var jamt over ein god del eldre enn andre straffangar og i sær dei fengsla. Median alder ved innsetjing var 42 år, og det var omlag ti år eldre enn mannlege straffangar i tukthus og fengsel (Tabell 6-33). Lovendringa i 1866 sette også sitt spor på samansetjinga av slavane. Median alder ved innsetjing gjekk ned i mellomperioden 1867-72, kanskje stikk i strid med

det ein skulle forvente (Tabell 6-33). Det var trass alt dei med dei kortaste karrierene som "vanetjuvar" som skulle overførast til tukthuset, og som ein i utgangspunktet også skulle forvente var dei yngste. Når median alder tvert imot sank, kan det forklarast med typen forbrytarar som vart att på slaveriet. Talet på innsette gjekk i det heile sterkt ned i denne perioden samanlikna med både den før og den påfølgjande. I snitt vart det innsett knappe fem nye slavar i året 1867-72, mot 13.5 og 10 perioden før og etter. Det var særleg dei tjuveridømde som no vart sett på tukthuset. Før og etter 1867-72 utgjorde dei tjuveridømde 90 prosent av dei innsette på slaveriet, i mellomperioden mindre enn 60 prosent. Dei tjuveridømde var jamnt over eldre enn andre fangar, og når ei så stor gruppe av dei tjuveridømde ikkje lenger skulle sone på slaveriet, påverka det median. Samtidig viser første og tredje kvartil ikkje svært store skilnader, med unntak av at dei eldste vart noko eldre på slutten, det same galdt forøvrig gjennomsnittsalderen.

**Tabell 6-33: Sentralmål over alder for menn i slaveriet 1851-78.**

	1851-1867	1867-72	1873-78	1851-78
1. kvartil	30	31	28.75	30
2. kvartil	42	36	46.5	42
3. kvartil	51	56	56	52
Snitt	41.2	42.9	44.4	42.0
n	229	29	60	318

Det var altså ein vaksen gjeng som sat på slaveriet. Tre av fire var 30 år eller meir, og mindre enn åtte prosent var under 25 år. Sjølv med enkelte unge unntak, tyder dette på at slaveriet ikkje var ein anstalt for tilfeldige mordarar først og fremst, men som me skal sjå for eldre vanekriminelle.

#### **6.4.4 Yrkesbakgrunnen til slavane**

Den kriminelle bakgrunnen til dei enkelte slavane prega kraftig føringa av yrker. Tidlegare fangar ("Demitteret Straffange") var den største kategorien blant yrkesnemningane som vart oppgitt i slaveprotokollen. Heile 122, eller 38 prosent, hadde denne nemninga. Dei mange tidlegare opphalda på ulike straffeanstaltar hadde fjerna den enkelte sin yrkesmessige identitet. Desse opphalda, som vart stadig lengre, har også hindre slavane i å halde fast på ein yrkestilknytning. Det eventuelle yrket eller yrkesutdanninga dei kan ha hatt, har ikkje vore utført i tilstrekkeleg grad til ein vart rekna som yrkesutøvar. Tilknytninga til arbeidsmarknaden var med andre ord svært laus, i det minste etterkvart som karriera skrei fram.

Elles peikar yrka til dei innsette i retning av eldre fangar samanlikna med fengslet. Ingen vart

ført med sivilstand ”ugift”, og berre vel to prosent var knytta til svenne- og lærlingeinstitusjonen. I fengslet var heile 30 prosent knytt til desse tre unge livsfaseprega nemningane. Me kan også merke oss at ein i slaveriet finn færre med yrke knytt direkte til jordbruk og rurale yrke samanlikna med fengslet, trass i at slaveriet hadde eit rekrutteringsomland som var sterkare prega av landsbygd enn kva som var tilfellet for fengslet. Det kan likevel ikkje brukast som ein indikator på at kriminalitet var eit større problem i byane og vanekriminelle i slaveriet i større grad var bybuande. Ei betre forklaring er at denne gruppa hadde ein generelt svært laus tilknytning til arbeidsmarknaden. Ein vanekriminell ville aldri kunne klare å halde på og drive verken ein gard eller ein husmannsplass. I beste fall ville ein på landsbygda vorte omtala som dagarbeidar, men kanskje like mykje som eksfange.

**Tabell 6-34: Yrkesnemningar ved innsetjing på slaveriet.**

Yrke	n	%
Fange	122	38.1
Arbeider, dagarbeider	96	30.0
Handverkar	41	12.8
Tigger, betler	10	3.1
Gårdbruker/jordbruker (uspesifisert)	8	2.5
Forpakter, leilending, bygselmann	7	2.2
Tjener, budeie, dreng, indepige, kokke ol	6	1.9
Husmann uten jord	5	1.6
Svenn	4	1.3
Lærling	3	0.9
Funksjonær, off tjenestemann, betjent	3	0.9
Selvstendig, privat næringsdrivende	3	0.9
Føderåds-/kårfolk	2	0.6
Legdslem, fattiglem	1	0.3
Bestillingsmann	1	0.3
Andre	6	1.9
Manglar	2	0.6
N	320	100.0

#### 6.4.5 Årsaker til opphald på slaveriet

Slaveriet var det strengaste straffearbeidet ein kunne bli dømd til, og for menn skulle dei alvorlegaste lovbrota sonast her, om ikkje dødsstraff unntaksvis vart utfallet. Likevel finn me fleire dømde etter kapittel 14 om manndrap på tukthuset enn på slaveriet. Det skuldast først og fremst alle kvinnene som vart dømde for barnedrap eller abort.

Drap (kapittel 14) og mordbrann (kapittel 23-1) utgjorde med sine 17 innsetjingar berre fem prosent av alle innsetjingane i slaveriet, og stadfestar inntrykket som gjennomgangen av alder gav av dei innsette. Som i alle andre straffeanstaltar, var tjuveri den viktigaste årsaka til

innsetjing. På Bergenhus galdt dette i 87 prosent av tilfella. Inkluderer ein alle former for vinningskriminalitet (kapitla 19-22), auka dette til 89 prosent. Også den strengaste anstalten sanksjonerte altså først og fremst mot triviell kriminalitet som truga eigedomsretten.

Andre saker galdt forfalsking av mynt (kapittel 11), mened (kapittel 12) og brotsverk rekna under løssaktigheits-kategorien. Dette siste galdt først og fremst tilfelle av valdtekt, incest eller seksuell omgang med barn under 15 år, eventuelt i kombinasjon med andre lovbrott.

**Tabell 6-35: Årsak til innsetjing på slaveriet 1851-78.**

Kapittel i straffelova	n	%
10-Om Forbrydelser imod den offentlige Myndighed	1	0.3
11-Om Eftergjørelse eller Forfalskning af offentlige Dokumenter, Mynter, Pengesedler m.m.	6	1.9
12-Om Mened	10	3.1
14-Om Manddrab	13	4.1
18-Om Løssagtighed	10	3.1
19-Om Tyveri	278	86.9
20-Om Røveri	9	2.8
21-Om Bedrageri, Falsk og anden Svig	8	2.5
23-Om Mordbrand samt anden Ildspaesættesle og Beskadigelse af Eiendom eller Gods	6	1.9

\*Summering av n og prosentuering går ikkje opp fordi ein kunne bli innsett for fleire ulike lovbrott.

**Tabell 6-36: Yrke prosentvis fordelt på brotsverk ved innsetjing i slaveriet.**

Yrke	19-	Andre	n
Fange	95.1	4.9	122
Arbeider, dagarbeider	88.0	12.0	117
Svenn	95.2	4.8	21
Gardbrukargruppa	52.9	47.1	17
Selvstendig, privat næringsdrivende	66.7	33.3	6
Tjener, budeie, dreng, indepige, kokke ol	66.7	33.3	6
Husmann uten jord	40.0	60.0	5
Funksjonær, off tjenestemann, betjent	66.7	33.3	3
Lærling	100.0	0.0	3
Bestillingsmann	0.0	100.0	1
Legdslem, fattiglem	0.0	100.0	1
Andre	93.8	6.3	16

Slavane med den lausaste og mest utviska tilknyttinga til arbeidsmarknaden vart i større grad dømde for brott mot kapittel 19 enn andre lovbrott. Heile 95 prosent av slavane som fekk "fange" notert som yrke ved innsetjing, hamna der som eit resultat av tjuveri (Tabell 6-36). Også arbeidargruppa og den mindre gruppa av svennar vart først og fremst fengsla for tjuveri. Gardbrukargruppa var rett nok ikkje spesielt mange totalt, men skilde seg klart ut ved i langt

mindre grad å verte innsett for tjuveri. Også andre yrkesgrupper viste mindre samvariasjon med tjuveri, men for desse var talet på innsette få.

Protokollen oppgav berre i sjeldne tilfelle sjølve lovparagrafen for innsetjinga, men til dømes ”4de Gangs Tyveri grovt og simpelt”. Lovparagrafen kan ut i frå dette rekonstruerast, i dette tilfelle til 19-1 (simpelt tjuveri), 19-3 (grovt tjuveri) og 19-7 (gjentatt tjuveri). I andre tilfelle var den meir vag, som ”Tyveri”. Her kan ein ikkje avgrense lovbrottet nærare enn til kapittel 19. I desse tilfella var likevel innsetjinga heimla i kombinasjon med andre og meir presise lovparagrafar i 92 prosent av tilfella, av desse utgjorde 19-7 (tidlegare dom for vinningskriminalitet) 89 prosent.

**Tabell 6-37: Årsak til innsetjing på slaveriet 1851-78.**

Kapittel i straffelova	n	%
10-Om Forbrydelser imod den offentlige Myndighed	1	0.3
11-Om Eftergjørelse eller Forfalskning af offentlige Dokumenter, Mynter, Pengesedler m.m.	6	1.9
12-Om Mened	10	3.1
14-Om Manddrab	13	4.1
18-Om Løstgighed	10	3.1
19-Om Tyveri	278	86.9
20-Om Røveri	9	2.8
21-Om Bedrageri, Falsk og anden Svig	8	2.5
23-Om Mordbrand samt anden Ildspaesættesle og Beskadigelse af Eiendom eller Gods	6	1.9

\*Summering av n og prosentuering går ikkje opp fordi ein kunne bli innsett for fleire ulike lovbrott.

**Tabell 6-38: Årsak til innsetjing på slaveriet 1851-78 etter kapittel 19.**

	n	%	Utan kombinasjonar	%
19-Udefinert tjuveri	192	60.0	15	7.8
19-1 Simpelt tjuveri	35	10.9	0	0.0
19-2 Innbrot	9	2.8	4	44.4
19-3 Grovt tjuveri	71	22.2	34	47.9
19-6 Delaktig i tjuveri	5	1.6	0	0.0
19-7 Gjentatt tjuveri	188	58.8	0	0.0

Prosentueringa går ikkje opp i 100 fordi ein kunne bli dømd for paragrafar.

Ingen vart dømde til opphald på slaveriet for simpelt tjuveri aleine, noko heller ikkje straffelova opna for. Grovt tjuveri kunne føre til straffarbeid frå seks månader til ni år, og i nesten halvparten av sakene der grovt tjuveri var årsak, var brott mot denne paragrafen tilstrekkeleg, utan tidlegare dommar for vinningskriminalitet. Det mest vanlege var likevel å verte sett inn for tjuveri, simpelt eller grovt, etter å ha vore dømd for tilsvarende lovbrott tidlegare. Slaveriet var med andre ord i første rekke ein anstalt for avstraffing av dei vanekriminelle tjuvane, fangane med dei lengste rulleblada og dei fleste dommane bak seg.

Protokollen for slaveriet gav også opp eventuelle tidlegare dommar for dei innsette. Den viser klart at dei tjuveri-dømde i særleg grad var vanekriminelle. 87 prosent av slavane hadde ein fridomsstraff frå før, anten i fengsel, slaveri eller mest vanleg; tukthus. Dette høge talet stod dei tjuveridømde for. Heile 95 prosent av desse hadde eit opphald i ein straffanstalt frå før, mot berre kvar tredje slave som sat inne for andre brotsverk enn tjuver.

**Tabell 6-39: Tidlegare straff for innsette i slaveriet 1851-78 etter brotsverk.**

	Alle		19-		Ikkje 19-	
	n	%	n	%	n	%
Slaveri	118	36.9	114	41.0	4	9.5
Tukthus	252	78.8	240	86.3	12	28.6
Fengsel	149	46.6	143	51.4	6	14.3
Ris	10	3.1	10	3.6	0	0.0
Mulkt	1	0.3	1	0.4	0	0.0
Fridomssanksjon	278	86.9	264	95.0	14	33.3
N	320		278		42	

Dei tjuveri-dømde hadde nesten utan unntak dommar frå før, og hadde altså starta karriera si i ein mildare anstalt. Berre 12 av i alt 278 tjuveridømde mangla kriminelt rulleblad, i alle fall som rettsvesenet hadde fått med seg. Heile 86 prosent hadde eit opphald på tukthus før denne innsetjinga i slaveri, halvparten hadde hatt fengselsopphald, og så mange som 41 prosent hadde allereie vore i den strengaste anstalten minst éin gong. Om ein vart inndømd for andre lovbrotenn tjuveri var ein ikkje nødvendigvis debutant som straffange, men så mange som to av tre hadde ikkje straffedom frå før.

**Tabell 6-40: Sentralt mål og spreidding for alder for menn innsette etter straffelovas kapittel 19-.**

	Fengslet	Tukthuset	Slaveriet
1 kvartil	17	23	30
2 kvartil	23	30	42
3 kvartil	35	40	52
Modus	16	21	28
Gjennomsnitt	27.3	32.9	42
n	974	1192	278

Slaveriet sanksjonerte først og fremst mot gjentakning av tjuveri. Ettersom protokollen er lite presis i notering av årsak til innsetjing, er det uråd å seie om dette var gjentakning av simpelt eller grovt tjuveri. Omfanget av grovt tjuveri må ein likevel tru var større ved innsetjing i slaveriet enn i tukthuset. At dei ulike anstaltane dermed representerte ei eskalerande kriminell karriere når det galdt tjuveri, vart også underbygd av aldersfordelinga for dette lovbroten i dei ulike anstaltene. Den typiske mannlege tjuven i fengslet var rundt 23 år, i tukthuset rundt 30

år og på slaveriet i overkant av 40 år. I samband med lovendringane i 1866 og 1872 vart det noko forskyvingar i dette biletet, men tendensen stod uansett framleis ved lag. Utviskinga av yrkestilknyting for mange av desse tjuveridømde indikerer også at dei av styresmaktene først og fremst vart oppfatta som tjuvar, og ikkje som yrkesaktive. Dette skil slavane delvis frå tukthusfangane og særleg frå straffangane i fengslet. Felles var ei stor overlapping av tjuveridømde, men altså med større andel av grove tjuveri og mange gjentekne tjuveri i slaveriet enn til dømes i fengslet.

#### 6.4.6 Straffelengd i slaveriet

I utgangspunktet hadde slaveriet ei nedre straffegrense på seks år. Kortare straffarbeidsstraffar skulle sonast i tukthuset. Dette vart som nemnt endra i 1872 då også straffarbeid på tre år ller lengre skulle sonast i slaveriet, om ein hadde straffearbeidsdom frå før. I kvartilutrekningane er alle rekna med, også dei som vart innsett på livstid. I utrekning av gjennomsnittleg straffelengd er dei livstidsdømde naturlegvis ikkje tekne med.

Sentraltendensen for opphald på slaveriet var rundt åtte år målt etter median inntil lovendringa i 1872. Dei som var dømde for andre lovbrot enn tjuveri hadde vanlegvis noko lengre straffetid. Dette var mellom anna personar som sona meir alvorlege straffar for drap. I tillegg vart 22 personar dømde til livstid, 14 av dei for tjuveri og åtte for brot mot kapittel 14 og/eller kapittel 18. Livstid betydde likevel ikkje livstid, og alle desse vart anten benåda eller etter kvart overflytta til andre anstaltar.

Straffelengdene gjekk dramatisk ned med lovendringa i 1872. Dei som frå 1873 vart dømde for andre lovbrot enn tjuveri utgjorde ikkje fleire enn fem personar totalt, og dette gjer det vanskeleg å samanlikne med gruppa av tjuveridømde. For gruppa av tjuveridømde vart straffelengda på slaveriet omlag halvert for alle sentralmål.

**Tabell 6-41: Sentralmål og spreining for straffelengd i år.**

	Alle		19-		Ikkje 19-	
	Før 1873	Frå 1873	Før 1873	Frå 1873	Før 1873	Frå 1873
1 kvartil	7	3.5	7	3.5	7.5	6.33
2 kvartil	8	4	7.5	4	10	8
3 kvartil	10	5.6	10.0	5.0	12.0	10.0
Gjennomssnitt	8.2	4.7	8.2	4.4	8.8	7.3
Antal livsvarige dommar	22	0	14		8	
n	258	60	223	55	35	5

Uansett ser me at slaveriet hadde eit heilt anna format på straffelengda enn tukthuset. På tukthuset var median straffelengd for menn eitt år, i slaveriet var den inntil 1872 åtte gonger lenger. Den røynlige straffelengda var likevel ofte kortare enn dette. Som ved tukthuset, kunne ein frå 1851 søke overflytting til botsfengslet og få reduksjon i straffetida, eller ein kunne søke om benådning og få sleppe ut tidlegare. 66 av dei innsette sona straffa etter dommen, åtte fekk i løpet av straffetida forlenga straffa, og 246 fekk opphaldet på slaveriet i Bergen avkorta i høve dommen. Ein del av desse vart overflytta, andre vart benåda. Dei som vart overflytta fekk opphaldet på slaveriet i Bergen avkorta, men ikkje nødvendigvis straffelengda. Berre dei som vart overflytta til botsfengslet, og som dermed automatisk fekk straffa redusert med ein tredjedel, fekk kortare straff som følgje av overflytting. Dei som vart overflytta til ein av dei andre straffarbeidsanstaltane i landet, vanlegvis Akershus, fekk ikkje straffa korta ned.

Slaveriet vart altså ikkje først og fremst nytta som straff for dei mest brutale og fysisk sett farlege forbrytarane. Slaveriet var mest av alt ein anstalt til avstraffing av vanekriminelle tjuvar, dei som vart oppfatta som mest forherda, og som politi- og rettsvesen hadde minst tru på kunne rehabiliterast. Dei innsette var gjerne også ein del eldre enn mange av dei andre som var registrert som mottakarar av fridomssanksjonar i perioden. Slik finn ein kjernen mellom dei kriminelle her, dei som hadde dei fleste dommane bak seg og som hadde flest opphald på ulike straffeanstaltar. Samtidig er det på denne anstalten ein finn færrest som er relevante i ein longitudinell analyse.

## **6.5 OPPSUMMERING – STRAFFANGAR I BERGEN 1850-75**


Straffeanstaltane i Bergen mottok ei differensiert gruppe av kriminelle, både når det galdt alder, geografisk bakgrunn og kriminell belastning. Felles var likevel ei klar overvekt av menn og vinningskriminelle.

Det var som forventa ingen tvil om at det klare fleirtalet av sanksjonsmottakarane tilhørde det lågaste og mest marginaliserte sjiktet i byen og på landsbygdene rundt. Den typiske sanksjonsmottakaren hadde ei lausleg tilknytning til arbeidsmarknaden og var gjerne utsett for sesongmessige variasjonar i tilgangen på arbeid. Ein såg også at den strengaste anstalten i endå større grad indikerte manglande deltaking på arbeidsmarknaden blant dei innsette enn den mildaste, samtidig som yrka også peika i retning av eldre fangar. Likevel må det understrekast at straffangane ikkje utelukkande kom frå dei mest marginaliserte sjikta. Kvar



tiande innsette i fengslet tilhørde ei gardbrukargruppe og nesten like mange var handverkarar, sjølvstendige næringsdrivande eller funksjonærar.

**Figur 6-23: Innsette i ulike aldersgrupper prosentvis fordelt på ulike straffeanstaltar. Menn og kvinner innsett 1850-75.**




Vinningskriminalitet, og særleg tjuveri, dominerte som innsetjingsårsak i alle anstaltane, saman med politimisferder i fengslet. Begge desse var typisk triviell kriminalitet, knytt til høvesvis krenking av eigedomsrett og ulike typar av uorden, og viser at eit fleirtal av dei innsette i dei ulike anstaltane slik hadde ein felles bakgrunn uansett alder og fødestad. Straffanstaltane var derfor i første rekkje ikkje nytta for å straffe og forvare fysisk sett farlege og valdelege kriminelle, men til sanksjonering av dei mindre og meir kvardagslege brota mot skrivne reglar.

Vidare finn me mange unge, men her er det grunn til å understreke at det å motta fridomsstraff langt frå berre var eit ungdomsfenomen. Typisk nok dominerte dei unge, i alle fall mellom menn, mest i den mildaste straffeanstalten – fengslet. Dei to andre straffeanstaltane huste i større grad residivistar, kriminelle som var dømde for gjentakning av same type lovbrøt. Fængsel – tukthus – slaveri representerte ei typisk maskulin karriereutvikling, i den forstand at vanekriminelle menn før eller seinare ville hamne i den siste anstalten om karriera ikkje vart avbroten. Ei innsetjing i slaveriet var ikkje først og fremst eit uttrykk for at ein hadde utført eit særst alvorleg brotsverk, men at ein vart oppfatta av styresmaktene som ein vanekriminell.

Det er naturleg at dei strengaste anstaltane hadde dei høgaste sentralmåla over alder.

**Figur 6-24: Tal på menn i ulike aldersgrupper innsett i straffeanstaltar i prosent av folketallet i Bergen 1865 i dei same aldersgruppene.**




Residivisme og retur til ein sanksjonsanstalt tok naturleg nok tid, og her spelte også føresegnene om når residivisme skulle få innverknad ved ny domfelling inn. Med kraft frå nyåret 1867 talde berre lovbrott utførte etter fylte 18 år. Slik tok det lenger tid før ein kvalifiserte seg til opphald i dei strengaste anstaltane. Dette speglar seg også i måten dei ulike aldersgruppene fordeler seg på straffeanstalt (figur 6-22). Fengslet dominerte fullstendig som straffeanstalt for dei yngste, både menn og kvinner. Nærmare 90 prosent av gutar i alderen 15-17 og 96 prosent av jentene i same alderen vart sett i fengslet. Etterkvart som ein var eldre, og gjerne vart residivistar, vart også straffearbeidsanstaltene aktuelle straffeanstaltar.

Figurane 6-24 og 6-25 viser også korleis dei innsette i straffeanstaltane under eitt fordelte seg aldersmessig samanlikna med befolkninga i Bergen i 1865. Typisk var at både menn og kvinner fødte utanfor Bergen var overrepresenterte i alle alderskategoriar samanlikna med folketeljninga 1865, men for desse var prevalensen (omfanget av sanksjonar i dei enkelte aldersgruppene) kunstig høg. Personar som vart sende til Bergen for å avsonne ei straff, men som ikkje var heimehøyrande i Bergen, drog prevalensen kraftig opp for desse gruppene.

Uansett fødestad fekk menn i 20-åra flest fridomssanksjonar, og for dei bergensfødde var omfanget størst i femårsgruppa 25-29 år. I desse aldersgruppene fann me flest innsette samanlikna med befolkninga i byen. Samtidig medfører dette ei klar utjamning i omfanget av sanksjonar mellom aldersgruppene samanlikna med dei absolutte tala. Slik framstår igjen det sentrale poenget at kriminalitet og innsetjing i straffeanstaltar langt frå berre var eit ungdomsfenomen, men noko som råka ei svært differensiert aldersmessig gruppe. Det same galdt for kvinnene. Her fekk ein spesielt store utslag for dei yngste kvinnene fødte utanfor Bergen, og tala er like lite representative for alder ved innsetjing blant utanbygds fødde kvinner busette i Bergen som det var for menn.

**Figur 6-25: Tal på kvinner i ulike aldersgrupper innsett i straffeanstaltar i prosent av folketallet i Bergen 1865 i dei same aldersgruppene.**



Straffeanstaltane fungerte tildels rekrutterande til byen. Ein del straffangar vart verande i Bergen etter lauslating. Det er likevel grunn til å rekne med at talet på innflyttarar som vart innsett *etter* innflytting til Bergen har vore større enn talet på innsette bergensfødde, sett opp mot aldersstrukturen til dei same i Bergen.

Den geografiske bakgrunnen til dei innsette viste at dei ulike anstaltane rekrutterte frå eit stadig utvida rekrutteringsområde. Tvangsarbeidsanstalten skal me sjå rekrutterte frå det snevraste geografiske området, men fengslet kom som ein god nummer to, medan slaveriet rekrutterte breiast. Dette varierende rekrutteringsområdet har vist at det er nødvendig med ei avgrensing av analysepopulasjonen før ein longitudinell analyse kan gjennomførast.

Straffangane var differensiert aldersmessig og geografisk, men langt mindre når det galdt yrkestilknytning, sosial bakgrunn og årsak til innsetjing. Ein gruppe av vinningskriminelle gjekk gjennom alle anstaltane og dominerte mellom dei innsette. Dei fleste straffangane skilde seg frå kvarandre etter tal på tidlegare lovbrott meir enn type lovbrott. Innsetjing i dei ulike anstaltane var difor mest uttrykk for at straffangane var i ulike livsfasar, eller i det minste i ulike karrierefasar. Både politimisferd og dei fleste vinningsbrota hadde til felles at det var kvardagskriminalitet, og dei som vart innsette for desse lovbrota skilde seg ut frå dei som vart innsett for meir alvorlege og enkeltståande lovbrott. I den longitudinelle analysen vil spørsmålet om dei kvardagskriminelle utgjorde ei felles gruppe med overlapping og alternering mellom uorden og tjuveri, eller om det var to segregerte grupper skild frå

kvarandre, vil vere viktig.

Spørsmålet om overlapping i klientell på tvers av anstalttypene er endå meir sentralt enn spørsmålet overlapping innan dei enkelte anstaltane, særleg med tanke på rutinane ved innsetjing i tvangsarbeidsanstalten og utsegner om tvangslemmane som særlege utskot i byen. Korleis skilde straffangar seg som gruppe frå dei innsette på tvangsarbeidsanstalten? Vart dei rekruttert frå den same gruppa som dei straffedømde, eller var dette ei heilt sær eigen gruppe som må skiljast frå dei straffedømde?


## 7 TVANGSLEMMAR I BERGEN 1850-75

Ifølgje fattiglovene var betlarar saman med personar som var ”hengivne til Ørkesløshed og Drukkenskap” målet ved tildeling av tvangsarbeid, og kunne innsetjast i inntil seks månader (eitt år for betlarar). Me har allereie i grove trekk sett at styresmaktene i aukande grad gjorde bruk av tvangsarbeid i min periode. I dette kapitlet vil eg undersøke omfanget av tvangsarbeid nærare og kva type personar som mottok slike sanksjonar. Som nemnt er det her sentralt å avklare korleis tvangslemmane eventuelt skilde seg frå straffangane som gruppe, både med omsyn til sosio-økonomiske og demografiske eigenskapar ved dei innsette og årsak til at dei mottok sanksjon.

### 7.1 TALET PÅ TVANGSLEMMAR 1850-75

Talet på innsette var stigande perioden 1850-75 under eitt, men med enkelte toppar undervegs (figur 7-1).<sup>482</sup> Det første året hadde anstalten hundre innsetjingar. Det auka til i underkant av 200 på slutten av 1850-talet. Tida rundt 1860 var prega av ein sterk nedgang i belegget, men sidan auka talet på innsetjingar jamt og trutt fram til toppåret 1869 då anstalten hadde 272 innsetjingar. Den resterande delen av min periode og vidare til slutten av 1880-talet viste ein fallande tendens, sjølv om nivået framleis var høgt samanlikna med tida inntil andre halvdel av 1860-talet. Unntaket i den tidlege fasen av anstalten var 1847 og særleg 1848 då dramatisk

*Figur 7-1: Innsette på tvangsarbeid i Bergen 1850-88.*



fleire enn vanleg vart innsett på tvangsarbeidsanstalten, ein topp som allereie er forklart med dei sær s vanskelege tidene desse åra og arbeidsløysa det utløyste.

Størstedelen av dei innsette var menn, ein tendens som vart forsterka utover i perioden. På 1850-talet var omlag 75 prosent menn. Auken på 1860-talet var det først og fremst menn som stod for, og ved utgangen av tiåret utgjorde menn 90 prosent av innsetjingane. Talet på kvinner var høgast i absolutte tal på slutten av 1850-talet. Frå dette toppunktet fall talet raskt, men viste igjen ein stigande tendens fram til 1875. 1861-65 vart i snitt 25 kvinner innsette årleg, noko som auka til 32 og 38 dei to påfølgjande femåra.

Den merkbare nedgangen i talet på innsetjingar rundt 1860 hadde sin forklaring i plassmangel på anstalten på grunn av utbyggjing. Sjølve byggjearbeidet tok til i januar 1861, men i tida før fann det stad ei nedtrapping i belegget, særleg ved at ein stogga inntaket av framande tvangslemmar.<sup>483</sup> Den nye murbygningen i framkant av den eldre vart tatt i bruk i 1864, og all nybyggjinga var ferdig året etter. Arbeidsanstaltens fattigavdeling vart flytta til den nye bygningen og skulle ha rom til 186 fattiglemmar.<sup>484</sup> I tillegg til å huse fattiglemmar, hadde den nye bygningen ei rekkje funksjonar. Her var eit fleire kontor, både for anstaltens eigne funksjonærar og for fattigkommisjonen, spiserom, pakkammer og utsalsbod, og to kjøkken i tillegg til eit dampkjøkken og dampvaskeri.<sup>485</sup> Ellers var det sjukestover i dei to fløyane, på 1890-talet med ein kapasitet på ialt 66 sjukesenger, fordelt på begge kjønn.<sup>486</sup> I 1883, vart det også etablert ein kuranstalt for venerisk sjuke kvinner på anstalten.<sup>487</sup>

Den gamle tre-etasjes trebygningen som tidlegare hadde husa arbeidsanstalten vart ved reisinga av nybygget reservert tvangslemmane. Den hadde ein kapasitet på 110 personar, og ein ønskte å internere desse her aleine og atskilt frå resten av klientellet på fattigavdelingane.<sup>488</sup> Sjølv om den nye bygningen fekk tillagt fleire funksjonar enn kva den

---

<sup>482</sup> Denne figuren er utarbeidd på grunnlag av manuell opteljing frå protokollen over innsette 1876-88 og dei dataregistrerte protokollane 1850-75. Alle andre figurar i dette kapitlet er utarbeidd på grunnlag av det same dataregistrerte materialet, der ikkje anna er sagt.

<sup>483</sup> RA: JPD. Fengselsstyret, Kontor D. Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907, Indstilling (Angaaende yderligere Bidrag til Arbeidsanstaltens Fuldførelse m.v.) Også trykt i Bergen Kommunes forhandlinger 1864:7.

<sup>484</sup> RA: JPD. Fengselsstyret, Kontor D. Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907, Indstilling til Statsråden frå Kirke-departementet, datert 22.11.1865 i arbeidsanstaltens søknad om godkjenning andsynes den nye fattiglova.


<sup>485</sup> Bergen kommunes forhandlinger, Indstilling (Angaaende Bevilling af den fornødne Sum til Opførelse af en ny Bygning for Arbeidsanstalten), 1860:10.

<sup>486</sup> SAB: Bergen domprosti. Bergens kommunepreststilling. I.2.a Kopibog, ut 1874-92, Brev til Pastor Bomhoff ved Diakonissehjemmet i Chra datert 8.4.1890.


<sup>487</sup> Bente Kopperdal: *Prostituerte kvinner i Bergen 1865-1900*, Basisoppgåve i historie, Bergen 2000, s. 26.

<sup>488</sup> RA: JPD. Fengselsstyret, Kontor D. Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907, Indstilling til Statsråden frå Kirke-departementet, datert 22.11.1865 i arbeidsanstaltens søknad om godkjenning andsynes den nye fattiglova.

**Figur 7-3: Gjennomsnittleg belegg på tvangsarbeidsanstalten samla den første kvar månad 1851-75.**



**Figur 7-2: Belegg ved tvangsarbeidsanstalten den første kvar månad 1851-75. Antal og flytande gjennomsnitt 12 månader.**



gamle hadde hatt, auka dette kapasiteten til arbeidsanstalten, både for fattig- og tvangsavdelinga. Amtmannen karakteriserte også anstalten som ”rummelig” i 1865.<sup>489</sup>

Ved folketeljinga i 1865 budde i alt 177 personar på arbeidsanstalten.<sup>490</sup> Av desse var 24 tilsette eller i familie med slike, 46 var tvangslemmar og 107 var fattiglemmar. Ti år seinare, i folketeljinga 1875, budde i alt 210 personar på arbeidsanstalten, 28 av desse var tilsett eller i familie med tilsette, 134 fattiglemmer og 48 tvangslemmar.<sup>491</sup> Tvangslemmane fordelte seg

<sup>489</sup> RA: JPD. Fængselsstyret, Kontor D. Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907, Nr 12: Søndre Bergenhus Amts tvangsarbeidsvæsen, brev frå amtmannen i Søndre Bergenhus dater 15.11.1865.

<sup>490</sup> Digitalarkivet. Folketeljinga for Bergen 1865, rode 18-6a.

<sup>491</sup> Digitalarkivet. Folketeljinga for Bergen 1875, rode 18-6a.

temmeleg likt mellom første og tredje etasje i den gamle bygningen, medan andre etasje huste tre fattiglemer og to av personalet ved anstalten.

Belegget på tvangsarbeidsanstalten ved inngangen til kvar månad spegla naturleg nok talet på innsetjingar, men var også påverka av lengda på opphalda. Igjen ser ein den sterke nedgangen i forkant av ombyggjinga og veksten utover på 1860-talet. Det påfallande er at belegget etter ombyggjinga ikkje var høgare enn før, snarare tvert om, sjølv om talet på innsetjingar var aukande. Figurane 7-2 og 7-3 viser også tydeleg dei store variasjonane etter årstidene. Ved inngangen til sommarmånadene juni-september var det daglege belegget heile perioden under eitt i underkant av 35 i gjennomsnitt. Ved inngangen til vintermånadene desember-februar under eitt var gjennomsnittet vel 53, altså nesten 50 prosent større. Denne sesongmessige variasjonen var eit resultat av både klima og tilhøva på arbeidsmarknaden. Samtidig var husleigene i Bergen svært pressa og gjorde ein del personar utan faste inntekter husville, i det minste i periodar. Om vinteren vart det vanskeleg for desse utan fast bustad, samtidig som tilgangen på arbeid var minimal. Presten ved tvangsarbeidsanstalten i Bergen skreiv i 1887 at både den låge vyrnaden tvangslemmane vart møtt med og deira generelle nedsette arbeidsevne, førte til at dei

*”har vanskeligt for – undtagen i Sommermaanederne, at erhverve saa meget, at de kan friste saapas gode Kaar ude i Friheden, som dem de har paa Tvangen.”*<sup>492</sup>

Ein del av den faste stokken på tvangsarbeidsanstalten hadde nok ikkje så mykje imot å bli innsett på tvangsarbeid utpå hausten, og i forretningsjournalane til politimesteren finn me døme at dei sjølve bad om å verte innsett. Kor mange dette galdt, kjenner me ikkje sikkert, men enkelte månader har talet vore betydeleg. For Mangelsgaarden i Christiania fann Eilert Sundt at knappe 13 prosent av dei innsette 1853-68 sjølv bad om å bli innsett. Om auken i innsetjingar om vinteren skreiv Sundt:

*”Gangen i bevægelsen er tydlig den, at de folk, som politiet må bruge sin myndighed over [...], især befindes at være hjælpeløse ud på høsten, de indsættes mest da og for så lang tid, at de have hus og forsørgelse for vinteren. Ud på våren begynde de at slippe ud igjen; men det er endnu koldt derude, og sjou-arbeidet er ikke rigtig begyndt, hvorfor nogle af dem igjen må sættes ind for en kortere tid. Om sommeren, da der er hus i hver busk, kunne disse folk klare sig nogenlunde, og det træffer da sjeldnere, at politiet må skride ind mod dem.”*<sup>493</sup>

Også i Bergen var vårmånadene den store lauslatingstida. Talet på dimmitterte steig månad

---

<sup>492</sup> RA: JPD. Fengselsstyret, Kontor D 1814-1958, Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907:

Vedkommende Kirke-Departementet. Fattigstatistikk. C. Skema for de Formandskaber eller Amsformandskaber, som har opprettet Tvangsarbeidsanstalter. Forklaring om Bergens Tvangsarbeidsanstalt for 1886.

<sup>493</sup> Sundt 1978, s.150.



for månad allereie frå februar og nådde toppen i april og heldt seg høg også i mai før den fall sommaren og utover hausten (figur 7-2). I april månad vart i perioden 1850-75 meir enn dobbelt så mange dimmitert frå tvangsarbeid som i oktober. Som Sundt peikte på, var det svært vanleg at politiet nettopp fram mot hausten og utpå vinteren fann grunn til å sanksjonere mot deler av bybefolkninga. Nettopp fordi tilgangen til arbeid var ekstra vanskeleg på denne tida, var dei mest marginaliserte i aukande grad avhengig av å begå ulike småtjuveri for å overleve. Innsetjing i tvangsarbeidsanstalten har i tillegg til sanksjonering av uønska levesett dels vore eit tiltak retta mot personar ein mistenkte for konkrete saker, dels ein foranstaltning for å hindre dei i å begå kriminelle handlingar, og i tillegg hatt ein funksjon som akutt fattigomsorg.

Sjølv ikkje i vintermånadene då talet på lemmar var på det høgaste, vart kapasiteten på 110 tvangslemmar nokonsinne utnytta i min periode. Seinare skal me sjå at ei effektivisering av disiplineringa hadde større betydning for auken i talet på innsetjingar enn utvida plass til tvangslemmar. I tillegg fall toppen på slutten av 50-talet saman med det verste kriseåret etter Krimkrigen då fleire bergensfirma gav opp verksemda.<sup>494</sup> Dette kan ha ført til mellombels arbeidsløyse og økonomiske vanskar som vanskeleggjorde situasjonen også for andre enn dei mest marginaliserte.

Auken i innsette menn fram til 1870 kan berre delvis forklarast med folkevekst i byen. Folketalet auka med omlag 50 prosent i perioden, medan talet på innsette menn blei dobla, og meir enn det enkelte år. Det er ingen umiddelbar grunn til å tru at veksten må forklarast med at ein større del av bybefolkninga permanent eller mellombels vart rekruttert til målgruppa for tvangarbeidsanstalten. Fattigutgiftene hadde stege kraftig i første halvdel av 1800-talet, men sank mellom 1850-65 og flata deretter ut fram mot 1875.<sup>495</sup> I det heile har me sett at perioden 1850-75 karakterisert som ein oppgangsperiode med godt om arbeid avbroten av enkelte kriser også for dei fattigdomstrua gruppene.<sup>496</sup> Også amtmannsrapportane tyda på at perioden 1850-75 var god for den delen av bybefolkninga som var avhengig av lønnsarbeide. Forklaringa på veksten må truleg søkast i haldningsendringar hjå politiet og bystyresmaktene – anten ved større iver etter å sanksjonere mot dei tradisjonelle målgruppene, som eit resultat av utviding av kriteria for å bli innsett på anstalten, eller som ein kombinasjon av desse. I så fall blir den relativt store nedgangen etter 1870 interessant.

---

<sup>494</sup> Hagelsteen 1919, s. 33.

<sup>495</sup> Ertresvåg 1995, s.260.

<sup>496</sup> Ertresvåg 1995, s. 263.

Ei samanlikning med belegget på tvangsarbeidsanstalten i Stavanger viser ein felles trend, men forskyve med ti år. I Stavanger vaks talet på innsette heile tida frå etableringa i 1859 og fram til 1880 då ein hadde det maksimale talet på innsetjingar, rett nok også her med ein viss tilbakegang på byrjinga av 1870-talet. Etterpå fall også talet på innsetjingar i Stavanger og låg omlag på same nivå som i Bergen. Dei to anstaltane hadde også til felles den store overvekten av menn, men i Stavanger var dette forholdet meir stabilt over tid enn i Bergen.

## 7.2 KVAR KOM TVANGSLEMMANE FRÅ?

Tvangsarbeidsanstalten i Bergen var i første rekke mynta på byens eigne innbyggjarar. Anstalten var bygd og driven av Bergen kommune for å løyse lokale problem. Mottak av framande personar både på arbeids- og tvangsarbeidsanstalten medførte økonomiske komplikasjonar, sjølv om staten bidrog ved innsetjingar i den sistnemnde anstalten. Lokalt var det derfor motvilje og skepsis til å setje inn framande utan at dette på førehand var avklara med vedkommande heimstad for økonomisk kompensasjon. I 1852 vart boktrykkarsvenn Andreas Knudsen frå Christiania dømd til fengsel for tjuveri i politiretten i Bergen. Retten vurderte også å setje han på tvangsarbeidsanstalten for å ha praktisert betleri, men unnlot å gjere det fordi han ikkje var heimehøyrande i Bergen.<sup>497</sup> Men me finn også personar med heimstamn utanfor Bergen på tvangsarbeidsanstalten, både frå nærområdet og område lengre unna. I kopibøkene til arbeidsanstalten finn ein stadig vekk korrespondanse med fattigkommisjonar som spurde om Bergen kunne ta imot tvangslemmer, og leiinga svarte normalt positivt på slike førespurnader. Det var også eit organisert mottak av tvangslemmer frå Kristiansand i ein periode. Politiet i Kristiansand var oppgitt som innsetjingsmakt for 79 av tvangslemmane. Transporten starta sporadisk i åra 1851 og 1852 og auka så framover til toppåret 1857 då heile 27 personar kom derifrå. At transporten var organisert, ser me også på innsetjingsdatoen. 27. oktober 1856 vart seks personar innsett frå Kristiansand, 5. oktober året etter kom nye seks og 12. oktober same året kom fem. Totalt vart 17 personar frakta frå Kristiansand oktober dette året. Politiet i Mandal sendte totalt sju tvangslemmer, fordelt på åra mellom 1857 og 1859.

Justisdepartementet såg med ein viss skepsis til desse avtalane som Lister og Mandal amt hadde inngått med arbeidsanstaltane i Bergen og Kristiania.<sup>498</sup> Lausgjengarar kunne berre

---

<sup>497</sup> SAB: Politiretten, Domsprotokoll 12, 1852-1856, 4/1852.

<sup>498</sup> 10.11.1855. Skrivelse ang. Innsættelse af Betlere og Løsgjængere fra Lister og Mandals Amt i Tvangsarbeidsanstalterne i Kristiania og Bergen (Mejlænder 1857).

sendast om staten og delinkventfondet sin del av kostnadene ikkje oversteig 8 skilling pr fange pr dag, og departementet meinte at personar dømt for betling ikkje burde sendast i det heile teke. Den siste innsette frå Kristiansand kom julaftan 1858 og frå Mandal i juli 1859. Dette hadde samanheng med ombyggjinga av anstalten og plassmangelen dette medførte i denne tida.<sup>499</sup>

Etter ombyggjinga tok tvangsarbeidsanstalten imot færre framande tvangslemmar, i alle fall i organiserte former. Stavanger fekk sin tvangsarbeidsanstalt i 1859, og den geografiske nærleiken gjorde det til føretrekt anstalt for tvangslemmar frå Kristiansand. I lange periodar utgjorde desse ¼ av lemmane i Stavanger.<sup>500</sup>

Då nybyggjinga var avslutta i Bergen, vart det også der opna for å gjenoppta framande tvangslemmar. Justis- og politidepartementet sende i 1864 rundt eit skriv om at departementet måtte godkjenne ein kvar einaste avtale mellom fattigkommunar og lokale tvangsarbeidsanstaltar om statskassa skulle bidra i dekkinga av utgiftene, og ba difor amtmennene syte for at slike avtalar vart forelagt departementet snarast råd.<sup>501</sup> Amtmannen i Bergen sende dette vidare til fogdane i august 1865 med påteikning om at leiinga for Bergens arbeidsanstalt i juli same året hadde gjeve melding om at dei nye bygningane var istandsette og at det dermed ikkje lenger var noko hinder for å ta imot tvangsarbeidarar frå framande kommunar.<sup>502</sup>

I 1865 inngjekk leiinga for arbeidsanstalten avtale med Manger fattigkommisjon om å motta tvangslemmar og kommisjonen søkte i departementet om godkjenning, i samsvar med rundskrivet. Amtmannen tilrådde søknaden og spurde samtidig departementet om ikkje amtet kunne få sende ein tilsvarende felles søknad for alle fattigkommisjonane i amtet, sidan amtmannen forventa "Bergens nylig fuldførte og rummelige Arbeidsanstalt at yde alle de Fordele som med Rimelighed kunne ventes."<sup>503</sup> Departementet godkjende ein slik avtale for heile amtet og hadde då allereie godkjend ein tilsvarende avtale mellom Nordre Bergenhus og

---

<sup>499</sup> Leiinga skreiv til både Christiansand og Mandal i mars 1859 at dei med det første ikkje kunne motta tvangslemmer frå framande jurisdiksjonar pga dei føreståande hovedreparasjonane. (BB: Arbeidsanstaltens arkiv. 315: Copiebog for Tvangsarbeidsanstalten i Bergen 1842-62).

<sup>500</sup> Utne 1981, s.51.

<sup>501</sup> Rundskrivelse fra Justits- og Politi-Departementet 8.10.1864 (Munk & Mejlænder 1867).

<sup>502</sup> SAB: Sund Sokneprestembete, I.2.d. Journalsaker 1865. Brev frå fogden i Nordhordland til Sunds fattigkommisjon, datert 14. august 1865.

<sup>503</sup> RA: JPD. Kontor D 1814-1958, Tvangsarbeidspakke Lister og Mandal, Stavanger, S. Bergenhus, N. Bergenhus, Romsdal 1857-1907, pakke nr. 12., søknad datert 16.10.1865.

tvangsarbeidsanstalten i Bergen.<sup>504</sup> På nyåret 1867 godkjende departementet også ein slik avtale for Ålesund by, utvida til heile Søndre Sunnmøre i 1872.<sup>505</sup>

Mottaket av tvangslemmar frå framande kommunar var likevel ikkje spesielt omfattande. Mellom 15. august 1865 og 22. juni 1867 vart det i protokollen konsekvent ført kven som var autoritet bak innsetjinga. I alt fann det i denne perioden stad 327 innsetjingar. 317 av desse var gjort av politiet i Bergen, tre av byfogden i Ålesund, to av fogden i Sunnhordland og éin frå kvar av fogdane i Sogn, Hardanger og Voss, Nordhordland og Ryfylke.<sup>506</sup> Berre i tre prosent av innsetjingane kom initiativet frå andre instansar enn dei lokalt i Bergen. Heller ikkje mot slutten, då fleire hadde rukke å inngå avtalar, var det nokon særleg interesse for å sende tvangslemmar til Bergen. Det siste året (22.6.1866-22.6.1867), vart berre éin tvangslem innsett av framande kommunar. Det kan synast som om avtalane som vart inngått var eit ønske om å vere føre-var. Det var ikkje ordningar ein planla å ta i bruk aktivt, men ein utveg kommunane ønskte tilgjengeleg om dei fann det nødvendig. Samtidig har sikkert også intensjonen vore å nytte det som eit ris bak speigelen overfor lokale kandidatar.

Dette vart også avspeigla i kassarekneskapa som anstalten sende inn til departementet. I 1865 hadde inntektssida åtte postar, to av desse handla om mottak av pengar for framande tvangslemmar. Den eine var ein engelsk sjømann som det engelske konsulatet betalte for og den andre ein som Askøy fattigkommisjon hadde forlangt innsett.<sup>507</sup> I rekneskapet for 1866 finns ingen refusjonar frå framande kommunar, sjølv om protokollen viser at ni personar vart innsett etter initiativ utanfor Bergen, men frå 1867 finn ein dette under eigen post: ”Indbetalt af fremmede Communer”. Frå 1868 har ein i desse rapportane oversyn over kor mange som var framande tvangslemmar, og fram til 1876 viser dei at ein tok i mot 25 framande, eller vel tre om året i snitt.<sup>508</sup> Frå 1867 førte anstalten ein eigen protokoll over framande tvangslemmar, og fram til utgangen av 1875 vart berre 33 personar ialt innført her, eller mindre enn fire i gjennomsnitt. Den største gruppa var frå Ålesund som utgjorde kvar tredje framande tvangslem. Samtidig vart 2159 innsett på etter dei ordinære protokollane 1867-75. Dei framande utgjorde såleis berre 1.5 prosent av tvangslemmane i denne tida. Nytt organisert mottak av framande tvangslemmar kjenner me i Bergen først frå slutten av 1890-

---

<sup>504</sup> RA: JPD. Kontor D 1814-1958, Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907, avtalane godkjende av departementet 20.10.1865 for Nordre Bergenhus og 23.11.1865.

<sup>505</sup> RA: JPD. Fengselsstyret, Kontor D 1814-1958, Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907, godkjenning for Ålesund by 8.1.1867 og mellom Romsdal amt og arbeidsanstalten for Søndre Sunnmøre 11.6.1872.

<sup>506</sup> Tvangsarbeidsanstalten har ikkje etter det eg har sett inngått nokon avtale med Ryfylke fogderi.

<sup>507</sup> RA: JPD. Fengselsstyret, Kontor D 1814-1958, Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907: Extract af Cassa-Regnskabet for 1865.

talet, etter at Stavanger la ned sin anstalt og fekk avtale med Bergen.<sup>509</sup>

**Tabell 7-1: Heimstamn og fødestad for innsette på tvangsarbeidsanstalten 1850-75.**

Fødestad	Antal med heimstamn i Bergen	Antal med heimstamn	% heimstamn i Bergen
Bergen	264	277	95.3
Hordaland	39	63	61.9
Sogn og Fjordane	52	72	72.2
Andre	10	62	16.1
Ukjend	2	2	100.0
Manglar	6	6	100.0
Totalt	373	482	77.4

I tillegg til dei som vart innsett av ei styresmakt utanfor Bergen, finn me også dei som vart innsett av politiet i Bergen, men med heimstamn i andre kommunar. Heimstamn var berre oppgitt frå 2. september 1859 til 21. oktober same året og frå 10. oktober 1860 fram til 17. november 1864. I alt galdt ikkje dette meir enn 482 av innsetjingane.<sup>510</sup> 77 prosent av dei hadde heimstamn i Bergen, 9 prosent frå andre byar, 5 prosent frå det nærmaste området (Strilelandet) og resten (9 prosent) hadde heimstamn andre stader, fortrinnsvis langs kysten og innover fjordane. Tvangsarbeidsanstalten i Stavanger hadde ein mindre andel med heimstamn til byen enn Bergen. I gjennomsnitt hadde berre 8 prosent av dei innsette i Stavanger i utvalde år mellom 1859-92 heimstamn i Stavanger.<sup>511</sup> Det organiserte mottaket av framande tvangslemmar frå Rogaland og Kristiansand var årsaken til det låge talet i Stavanger samanlikna med Bergen.

Tre av fire innsette på tvangsarbeidsanstalten hadde altså heimstamn i Bergen. Resten av dei innsette var anten innsette av ein styresmakt utanfor byen, eller meir typisk at personar utan heimstamn i Bergen, men som oppheldt seg der mellombels eller var nyinnflytta, vart sett inn av politiet i Bergen. Trass i at talmaterialet over heimstamn er spinkelt, indikerer det at tvangsarbeidsanstalten særleg vart nytta overfor befolkninga i Bergen, anten desse var fødde her eller innflytta.

Protokollane over tvangslemmane oppgir fødestad til dei innsette. Tabell 7-2 syner fordelinga av denne på regionar perioden 1850-75 sett under eitt. Litt over halvparten hadde Bergen som

<sup>508</sup> RA: JPD. Fengselsstyret, Kontor D 1814-1958, Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907.

<sup>509</sup> Utne 1982, s.82.

<sup>510</sup> Med utgangspunkt i dei ein sende rekning for, kunne ein sannsynlegvis rekonstruert kven som ikkje hadde heimstamn i Bergen. Dette galdt fram til 1864, då slutta ein å føre opplysning om rekning vart sendt.

fødestad, elles finn me innsette med fødestad frå over ulike 150 kommunar, i tillegg til utlandet. Det var særleg kvinnene, med 64 prosent, som var fødde i Bergen, medan det same galdt for 52 prosent av mennene. At ein større andel av kvinnene enn mennene var fødde i Bergen, avspeigler den ulike andelen menn og kvinner fødde i Bergen i befolkninga generelt. Det var særleg menn som flytta inn til byen og heimfødingsprosenten mellom menn var lågare enn for kvinner. Vidare utgjorde dei bergensfødde ein mindre andel på tvangsarbeidsanstalten enn i byen elles. I 1865 utgjorde dei bergensfødde 70 prosent av befolkninga i Bergen, ti år seinare var det tilsvarende talet 63 prosent.<sup>512</sup> I tida før 1865 må den ha vore minst 70 prosent. På tvangsarbeidsanstalten utgjorde dei bergensfødde 54 prosent totalt i heile perioden min.

**Tabell 7-2: Fødestad for innsette på tvangsarbeidsanstalten 1850-75 prosentvis fordelt.**

Region	% for menn	% for kvinner	% begge
Nordre Bergenhus amt	15.2	9.1	14.1
Søndre Bergenhus amt	14.9	8.3	13.8
Bergen	51.7	63.9	53.9
Andre	16.0	16.4	16.1
Ukjend	1.4	1.6	1.5
Manglar	0.7	0.6	0.7
	100.0 (n=3418)	100.0 (n=815)	100.0 (N=4629)

**Tabell 7-3: Fødestad til strilar på tvangsarbeidsanstalten 1850-75.**

Fødestad	Menn				Kvinner			
	n	%	F 1865	% av F 1865	n	%	F 1865	% av F 1865
Årstad	25	6.6	693	3.6			705	0.0
Askøy	49	12.9	2032	2.4	9	17.6	1931	0.5
Fana	30	7.9	1753	1.7	7	13.7	1882	0.4
Fjell	20	5.3	3271	0.6	6	11.8	3245	0.2
Fusa	1	0.3	1518	0.1		0.0	1656	0.0
Hamre	33	8.7	2583	1.3	5	9.8	2663	0.2
Haus	58	15.3	3006	1.9	7	13.7	3285	0.2
Hosanger	14	3.7	2011	0.7	7	13.7	2081	0.3
Lindås	22	5.8	3462	0.6	3	5.9	3641	0.1
Manger	72	18.9	3370	2.1	4	7.8	3481	0.1
Os	55	14.5	1805	3.0	2	3.9	1945	0.1
Sund	1	0.3	2027	0.0	1	2.0	2184	0.0
N	380	100.0	27531	1.4	51	100.0	28699	0.2

For dei med fødestad i Søndre Bergenhus var det først og fremst det nærmaste området, Strilelandet, som dominerte. Tre av fire med fødestad i Søndre Bergenhus kom frå dette omrdået. Interessant nok var det eit visst samsvar mellom bustad til dei innsette strilane i


<sup>511</sup> Utne 1982, s. 54.

fengslet og fødestaden til strilane på tvangsarbeidsanstalten. Frå Nordre Bergenhus vart det rekruttert tvangslemmar frå alle fogderia, men Sogn var viktigast. Det var først og fremst blant menn at desse områda var viktige. Kvar sjette innsette var fødd utanfor Bergen og dei to bergenhussiske amta. Her dominerte Kristiansand (124 innsetjingar), Sverige (100), Trondheim (64) og Stavanger (60).

### 7.3 UNGE JENTER OG LITT ELDRE MENN

Figur 7-4 viser aldersfordelinga for tvangslemmane. Alder var oppgitt for 94 prosent av dei innsette, 97 prosent for kvinner og 93 prosent, for menn. Ein ser at menn og kvinner hadde ein svært ulik aldersfordeling. Medan menn mellom 30 og 60 år dominerte, er grafen til kvinnene skeiv, med klar tyngd rundt dei tidlege 20-åra. Gjennomsnittsalderen for menn var 42,3 år og median like ved på 43, medan modus låg på heile 56 år. Kvinnene var ikkje dramatisk mykje yngre i gjennomsnitt med 35,7 år. Median var 33 år, medan modus her berre var 19 år.

Figur 7-4: Aldersfordeling på innsette i tvangsarbeidsanstalten 1850-75.




Tabell 7-4: Sentralmål og spreing over alder på tvangsarbeidsanstalten 1850-75.

	Menn	Kvinner
1 kvartil	31	22.25
2 kvartil	43	33
3 kvartil	54	46.75
Modus	56	19
Gjennomsnitt	42.3	35.7
N	3774	834


<sup>512</sup> Ertresvaag 1995, s.138.

**Figur 7-5: Tvangsinnsetjingar 1850-75 i ulike aldersgrupper i prosent av folketeljinga 1865. Menn.**



Figurane 7-5 og 7-6 syner fordelinga i dei ulike aldersgruppene samanlikna med befolkninga i Bergen i 1865, fordelt på dei som var fødde i og utanfor byen. Eldre menn, det vil seie menn i alderen 40-60 år var klart overrepresentert samanlikna med dei yngste. For kvinner var det motsett, sjølv om skilnadene var meir utjamna. Typisk var også at dei yngste mannlege innflyttarane var overrepresenterte samanlikna med dei bergensfødde. Dette har tydeleg møtt ein del vanskar i i tida etter innflyttinga som bergensarane har unngått. Skiljet mellom dei to gruppene var likevel langt frå dramatisk. Samtidig var bergensfødde kvinner i 20-åra overrepresentert samanlikna med innflyttarane.

**Figur 7-6: Alder ved innsetjing 1850-75 på tvangsarbeidsanstalten i prosent av alder i folketeljinga 1865. Kvinner.**





Desse tala fortel oss at tvangsarbeidsanstalten ikkje i hovudsak vart nytta til plassering av gamle og personar i arbeidsufør alder. Dei fleste, både menn og kvinner, var i *hovudsak* i ein alder som under normale omstende tilseier at dei burde klare å forsørgje seg sjølve. Særleg påfallande er at så mange kvinner var svært unge. Over halvparten av desse var under 35 år og modus var altså berre 19 år. Dette viser også at innsetjingane var i tråd med intensjonane til anstaltane, slik dei var uttrykte i fattiglova, nemleg som eit tilbod til og verkemiddel overfor dei 'uverdige' fattige.<sup>513</sup> Mellom anna skulle arbeidsføre fattige få den nødvendige motivasjonen til å anstrenge seg det ekstra som skulle til for å klare seg sjølv.

Alderskilnaden mellom kjønna berre auka over tid, og særleg utover på 1860-talet. Tabell 7-5 viser sentralmåla over alder for menn og kvinner før og etter 1865. For kvinnene vart den ungdommelege dominansen forsterka, ikkje ved at anstalten slutta å ta inn dei litt eldre kvinnene, men ved å konsentrere seg om dei aller yngste. Her sank første kvartilet frå 26 til berre 21 år. Mennene derimot, gjekk som gruppe gjennom ein forgubbingsprosess. Fram til tidleg på 1860-talet vart differansen mellom gjennomsnittsalderen for menn og kvinner stadig mindre og i både 1861 og 1862 var den faktisk høgare for kvinner enn for menn. Men frå midten av 1860-talet, og i 1875 var mennene i gjennomsnitt meir enn 15 år eldre enn kvinnene. Median auka frå 39 til 46 år for menn innsett før og etter 1865, medan den gjekk ned frå 34 til 29 år for kvinnene. I slutten av perioden var rundt to tredjedeler av dei kvinnelege tvangslemmane under 30 år, medan berre kvar femte mannlege tvangslem var det.

**Tabell 7-5: Sentralmål og spreining over alder på tvangsarbeidsanstalten.**

	Menn		Kvinner	
	Før 1865	Frå 1865	Før 1865	Frå 1865
1 kvartil	29.25	33	26	21
2 kvartil	39	46	34	29
3 kvartil	50	56	47	46
Modus	34	56	19	18
Gjennomsnitt	39.6	44.4	36.6	34.4
n	1654	2120	479	355

Tvangsarbeidsanstalten huste altså både menn og kvinner fortrinnsvis i arbeidsfør alder. Dette var særleg tydleg for kvinnene. Med tanke på at konjunkturane generelt ikkje skulle tyde på arbeidsløyse eller økonomiske vanskar perioden sett under eitt, indikerer dette at den eigentlege årsaken for innsetjing for svært mange av desse unge kvinnene må ha vore gateprostituasjon og politiuorden som følgde med prostituasjonsverksemda. Det blir også

<sup>513</sup> Sjå Midré 1990, s.98ff.

underbygd av uttalane frå til dømes presten ved anstalten og andre. Dette vil eg kome tilbake til.

På grunnlag av alder kan me anta at ein aukande del av mennene også må ha vore sjukelege og fysisk handikappa på arbeidsmarknaden, og ikkje berre drukkenboltar og småkriminelle. Det er sjølvstundt også ein samanheng mellom å vere mindre eigna til å konkurrere i arbeidsmarknaden og ha vore alkoholikar over lengre tid. Men trass alt utgjorde dei mange relativt unge og arbeidsføre eit fleirtal mellom menn, og det tyder på at anstalten medvite vart nytta for å reinse gatene for personar styresmaktene ikkje hadde vidare godhug for, og som ein mistenkte for å kunne utføre kriminelle handlingar.

#### 7.4 MANNLEGE ARBEIDAR OG KVINNELEG TENARAR

For tvangsarbeidsanstaltane er yrke og tilknytning til arbeidsmarknaden ikkje tidlegare undersøkt systematisk. Almenne utsegner i samtida, samt overflatiske gjennomsyn av protokollar, peiker i retning av at dei innsette i tvangsarbeidsanstaltane har hatt ein minst like ustabil tilknytning til arbeidsmarknaden som dei kriminelle. Utne foretok ikkje ei opprekning av yrka til dei innsette i Stavanger, men gir likevel klart uttrykk for at ufaglærte yrke dominerte for menn, saman med ulike handverksnemningar.<sup>514</sup> For kvinnene var yrkesnemningane meir vage i Stavanger og avspeigla sivilstand meir enn yrke.

**Tabell 7-6: Yrke til innsette på tvangsarbeidsanstalten 1850-75.**

Yrke	Menn		Kvinner	
	n	%	n	%
Arbeidar, dagarbeidar	1847	48.7		
Handverkar	917	24.2		
Svenn	345	9.1		
Ungkar/Pige	234	6.2	353	42.5
Tenar o.l.	7	0.2	2	0.2
Sjølvstendig, privat næringsdrivande	66	1.7	1	0.1
Forsørges av manden			199	23.9
Mester	65	1.7		
Funksjonær, off tenestemann, betjent	64	1.7		
Lærling	50	1.3		
Fange	29	0.8	1	0.1
Enkestand	9	0.2	71	8.5
Barn				
Andre	108	2.8	164	19.7
Manglar	55	1.4	44	5.3
Totalt	3796	100.0	831	100.0

<sup>514</sup> Utne 1981, s. 55.

Funksjonærene ved tvangsarbeidsanstalten i Bergen var rimeleg konsekvente i å notere seg yrka til dei innsette. Dette mangla berre for 1.5 prosent av mennene og fem prosent for kvinnene.

Tabell 7-6 viser kva tilknytning tvangslemmane hadde til arbeidsmarknaden. Den dominerande yrkeskategorien for menn var ”arbeidar, dagarbeidar”. Dagarbeidarane dominerte igjen klart blant desse. Halvparten, eller knappe 30 prosent av alle menn, hadde ein slik laus tilknytning til arbeidsmarknaden (sjå appendiks, tabell A-7). Denne yrkesnemninga er også såpass vag at personar utan nokon særleg tilknytning til arbeidsmarknaden i det heile nok også for lettvints skyld vart gitt denne nemninga. På same måte fekk andre igjen nemningar som ”Løsarbeide”, som i røynda ikkje skil seg frå dagarbeide. Den nest største gruppa blant arbeidarane var sjømenn (ni prosent av alle menn). Kanskje med eit unntak av bøkkararbeidarane, var det ufaglærte yrkesgrupper som dominerte klart blant dei innsette. Kun i seks av innsetjingane hadde den innsette eit typisk moderne og faglærte yrke, nemleg jernstøypar og maskinist med to kvar og kjeleklinkar og fyrbøtar med éin kvar.

Elles utgjorde handverkarane (alle som hadde eit handverk som yrke utan å vere nemnd verken som mester, svenn eller lærling) kvar fjerde innsette og her er grensa mot arbeidargruppa, og forsåvidt meistergruppa, noko problematisk. Til dømes har eg ført alle bøkkararbeidarane som arbeidarar, medan dei som vart omtala som bøkkar er ført som handverkar. Ein bøkkararbeidar er ein underordna handverksarbeidar, men det kan også ein bøkkar vere. Til saman utgjorde bøkkarane og bøkkararbeidarane over fem prosent av alle innsette. På same måte er avgrensinga mellom handverkarane og handverksarbeidarar på den eine side og handverkssvennane på den andre sida problematiske.

Talet på innsette svennar sank både absolutt og relativt etter 1865. Før 1865 utgjorde dei 12 prosent av alle innsette, etter var dette nede i sju prosent, og skiljet ser ut til å gå ganske skarpt rundt 1860. Denne utviklinga er nok meir eit uttrykk for den fallande statusen til svenneinstitusjonen, og at svennar gjekk over til å verte kalla arbeidarar (til dømes ”bødkerarbeider”) eller særleg handverksnemninga (”bødker”), enn at færre svennar vart innsett enn før. Innsette med eit handverk som yrkesnemning (men altså verken mester, svenn eller lærling), utgjorde ni prosent av alle innsette på 1850-talet, mot 33 prosent på 1870-talet. Samtidig har me sett at dei mannlege tvangslemmane også vart eldre på slutten av perioden, noko som også kan ha ført til at færre fekk nemninga svenn. Tabell 7-7 viser også at svennane vart langt eldre i siste del av perioden, og forskyvinga i retning av eldre var større

for denne gruppa enn for både arbeidarar og handverkarar. I 1801 var gjennomsnittsalderen til svennane i Bergen 29 år.<sup>515</sup> I folketeljinga 1865 og 1875 var den auka til 34 år. Svennetilveret var allereie i ferd med å bli eit livslangt yrke før 1865. Samtidig fann det mest sannsynleg stad ei aukande overlapping mellom gruppa av svennar og dei to andre hovudgruppene – handverksarbeidarar og handverkarar utan spesifisering i retning av verken meister eller arbeidar, som yrkesnemning. Aldersmessig var svennane på 1850-talet langt nærare gjennomsnittet for svennane enn på 1860-talet og utover. Svennane vart eldre år for år i gjennomsnitt, men aldersforskyvinga var særleg avgrensa til 1850-talet. 1850-54 var svennane innsett på tvangsarbeidsanstalteni gjennomsnitt 34 år gamle, i den neste femårsperioden 37 og i det første femåret av 1860-talet 43 år gamle, noko som berre auka svakt til 45 i 1870-75. At svennane innsett på tvangsarbeid vart såpass mykje eldre enn svennane generelt, indikerer igjen at det var dei mest statusfrustrerte svennane som vart innsett.

**Tabell 7-7: Gjennomsnittleg alder for ulike yrkesgrupper på tvangsarbeidsanstalten. Menn 1850-75.**

	1850-59		1860-75	
	Gjennomsnittleg alder	n	Gjennomsnittleg alder	n
Svenn	35.6	150	44.6	195
Handverkar	42.8	96	46.3	821
Arbeidar	41.7	623	45.3	1222

Særleg med tanke på at heile handverkssystemet var i full oppløysing nettopp i denne tida, er det grunn til å tru at nemningane er mindre presise enn tidlegare. Til saman utgjorde arbeidarar, handverkarar og handverkarsvennar 82 prosent. I alt hadde 87 prosent av dei manlege innsette underordna stillingar. Om me reknar dei 130 som var nemnde som ”ungkarl” som tilhøyrande ei underordna yrkesgruppa, hadde i alt 90 prosent ei slik tilknytning.

Mannlege tvangslemmar hadde ein lausleg tilknytning til arbeidsmarknaden, gjerne sysselsett i ei næring med store sesongvariasjonar i tilgangen til arbeid. Elles var den ufaglærte arbeidaren typisk, saman med handverksyrke som var utsett for aukande konkurranse eller sterk kapitalisering. Tidlegare har me sett at dette allereie var i full gang ved inngangen til 1850-talet, særleg for repslagarane. Repslagarane vart etterkvart også utsett for sviktande sysselsetjing. På 1850-talet fann det stad 1.7 innsetjingar av repslagarar i snitt kvart år, den

<sup>515</sup> Digitalarkivet: Folketeljinga 1801 for Bergen. Utval er personar med yrke som inneheldt ”sven” eller

resterande perioden fram til 1875 vart nesten seks repslagarar innsette kvart år.

Blant kvinnene var den noko diffuse gruppa av ”piker” størst, men også dei som vart forsørge av mannen og samlenemninga ’andre’ var store. Praksis ved føring av yrke til kvinner samsvarte slik med praksis i Stavanger. Samlegruppa ’andre’ er kanskje mest interessant. Heile 156 av desse 167, eller 18 prosent av alle kvinnene, var vertshuspiker. Det var nemninga på dei prostituerte som heldt til på bordella i byen. Dei fleste vertshuspikene vart sett inn på 1850-talet, men så seint som i 1874 vart fem, og i 1875 fire kvinner med yrket vertshuspике innsett på tvangsarbeidsanstalten. I 1876 døydde eigaren av dei offentlege bordella i Bergen, og sannsynlegvis vart dei nedlagde same året. Etter den tid finn ein ikkje lenger vertshuspiker innsett på tvangsarbeidsanstalten.<sup>516</sup> I folketeljinga for Bergen 1865 har fire kvinner yrket vertshuspике, alle med tilhald i eitt av dei to offentlege bordella i Nøstegaten.<sup>517</sup> I 1875 finn ein også tre vertshuspiker, alle innlagde på byens sjukehus.<sup>518</sup> I tillegg finn ein ei ”Værtshusbestyrerinde” saman med tre ”sjøger” i det same bordellet i Nøstegaten og ei ”Værtshushalderske” med tre ”skjøger” på det andre offentlege bordellet like bortanfor.<sup>519</sup>

Den gjennomgåande unge alderen til kvinnene gir også grunnlag for å hevde at langt fleire enn dei som vart oppførte som vertshuspiker var prostituerte. Utover på 1860-talet auka andelen kvinner under 30 år til bortimot 70 prosent, og svært mange av desse må ha vore prostituerte, eller i det minste mistenkte for det. Ein god del av jentene som vart omtalt som ”pike” har nok vore tenestejenter, og særleg mellom denne gruppa er det grunn til å tru at ein del har drive med prostitusjon i større eller mindre omfang. Christopher John Harris formidlar ei erindring frå første halvdel av 1800-talet der tenestejenter hadde som tilsetjingsvilkår at dei måtte kunne bruke deler av tida på bordell om dei vart tilspurt.<sup>520</sup> Frå ei rettssak i 1868 har ein eksempel på nettopp dette. Ein hallikk hamna på tukthuset for å ha drive prostitusjonsverksemd i bakrommet til biljardhallen sin i Bergen. Han gjekk rundt på båtane som låg ved kai i Bergen og anbefalte ”etablissementet” sitt til kapteinane, og tilbydde rommet både med ’tenestepike’ og utan om kundane valde ”medbragt”. Han kunne også ordne budsending av ’letfærdige Jomfruer’ om den faste tenestejenta ikkje skulle falle i

---

”svæn”.

<sup>516</sup> Kopperdal 2000, s.16. Opplysningen om innsetjing av vertshuspiker etter 1876 kjem frå Bente Kopperdal.

<sup>517</sup> Digitalarkivet: Folketeljinga for Bergen 1865, rode 10-65.

<sup>518</sup> Digitalarkivet: Folketeljinga for Bergen 1875, rode 11-133/140.

<sup>519</sup> Digitalarkivet: Folketeljinga for Bergen 1875, rode 10-65a og 10-88a. Nemningane ”s[k]jøge” er henta frå folketeljinga.

<sup>520</sup> Harris 2000, s.52.

smak.<sup>521</sup> Tre av dei prostituerte frå folketeljinga 1875 hadde også oppgitt ”tenestejente” som stilling, i tillegg til ”sjøge” som yrke. Dei tre andre prostituerte hadde stillinga ”pike”.

Sjølv om prostituerte berre delvis kan seiast å stå utsett til for innsetjing ifølgje fattiglovene, utgjorde desse altså ei stor, og etter alt å døme aukande, gruppe blant dei kvinnelege innsette. Politimester Olsen skreiv at dette først og fremst galdt når kvinner som hadde utukt som levebrød vart innhenta på politikammeret for gateuorden og drukkenskap.<sup>522</sup> Også Christopher Harris meiner det særleg var dei gateprostituerte som var utsett for slike sanksjonar frå styresmaktene. Prostituerte som heldt til på bordella og som var undersøkt av lege, vart derimot tolerert av styresmaktene og unngjekk innsetjing for prostitusjon.<sup>523</sup> Men dei same vertshuspikene kunne bli innsett på Tvangen på grunn av tilhøve som gjerne følgde med prostitusjonen, først og fremst fyll og bråk på vertshus og gater. Alkoholmisbruk har openbert vore eit stort problem mellom dei prostituerte, både mellom dei som trakk på gatene og dei som heldt til på bordella. Alexander Kielland skildra i 1889 korleis dei prostituerte i Stavanger var utsett for tvangsarbeid, både på grunn av ”den sædelige Indignation” og ordensproblema som gjerne kom i kjølvatnet til prostitusjonen:

*”Det er neppe nogen Paragraf i Fattigloven, som skriger høiere fra sin forjæmte Plads imod al den Moral, som spotvis endnu kaldes den moderne, end denne at en Politimester har sex Maaneders Hals og Haand over Piger, der følger straflose Mænd til Drik og forbuden Elskov. Først er hendes Erhverv erklæret ulovlig, saa fører dette med sig nesten alt det, som er paa Kant med Ordensregler for Byen. Hun følger, hvor der er Drik – lovlig eller ulovlig; hvor lyssky Mandfolk søger sine Lidenskaber tilfredsstillende med en ringe Resico, der er hun den, paa hvem Rretfærdighedens Klo falder; og midt i sti Liv, midt i sti Selskab, hvor Raahed ikke er mere hendes end de andres, er hun Samfundets Sonoffer for den krænkede Moral; og hendes Indspræring Udtrykket for vor sædelige Indignation.”*<sup>524</sup>

Også for vertshuspikene på bordella galdt klare reglar om oppførsel i bybiletet, og brot mot desse kunne føre til sanksjonar:

*“Det tilstædes Pigerne at færdes ude til enhver Tid af Dagen, naar de ere anstændigt klædte, men derimod ikke om Aftenne, naar de ere klædte til Dans, ligesom det specielt er dem forbudt at hænge i Vinduerne eller opholde sig i Nærheden af Bordellerne for at drage kundene til sig”.*<sup>525</sup>

Politimeisteren i Bergen skreiv i 1867 at kvinner politiet mistenkte for å vere prostituerte og som ikkje var innordna i den organiserte prostitusjonen og reglementeringa, skulle innsetjast på tvangsarbeidsanstalten:

<sup>521</sup> SAB: Byfogd og byskrivar i Bergen. IB.d.13 Domsprotokoll, 25/1868, fol. 175f.

<sup>522</sup> Olsen 1914, s. 349.

<sup>523</sup> Harris 2000, s. 53.

<sup>524</sup> Alexander Kielland: ”Den kombinerede Indretning. Sætryk af ’Stavanger Avis’”; Stavanger 1889, her etter Utne 1982, s. 110f.

*”Politiets Embedsmænd og Betjentene nu som tidligere, efterspore Forseelserne, anmelde dem, som findes skyldige eller stærkt mistænkte, og at de Angjeldende [prostituerte] efter Omstendighederne gives Valget mellem enten at ty til de tollererede Bordeller, eller indsættes i Tvangsarbeidsanstalten eller endelig tiltales til Undgjeldelse efter Loven paa samme Tid som de saaledes comprometterede Personer for Fremtiden stilles under et i det Hele taget strengere Tilsyn og navnlig paalægges at lade sig visitere og i Sygdoms tilfælde – behandlet af Læge.”<sup>526</sup>*

Løyve til å opphalde seg på vertshusa som tolererte vertshuspiker vart gitt dei prostituerte som politiet hadde gitt opp å få vekk i frå gateprostituasjonen og som elles innordna seg dei reglane som galdt:

*“Tilladelse for Vedkommende at opholde sig der [på vertshusa], meddeles af Politiet, og tilstedes kun saadanne Personer om hvilke man, efter længre Tids Erfaring med Vished ved, at de ere hengivne til Liderlighed og som derhos have vist sig aldeles uimodtagelige for enhver Paavirkning – gennem Formaning eller Tvang der har været anvendt for at bringe tilbage paa ret Vei.”<sup>527</sup>*

Vilhelm Holdt tiltrådde som prest ved arbeidsanstalten 25. november 1877. Frå og med dette året sende han innberetningar om verksemda ved tvangsarbeidsanstalten til departementet. Ei oppgåve var å beskrive den moralske tilstanden til dei innsette på eit generelt grunnlag og foreslå kva tiltak som kunne gjerast for å betre tilbakefallsstatistikken. Om kvinnene på tvangsarbeidsanstalten uttala Holdt at dei ”jo alle - paa en sjelden Undtagelse - ere ’offentlige Piger’.”<sup>528</sup> Arbeidet som prest på tvangsarbeidsanstalten gav han nærmast eit sjokk då han forstod kor mange prostituerte det verkeleg var i Bergen:

*”Jeg vidste nok, at jeg saavel i min Virksomhed paa Arbeidsanstalten som paa Sygehuset vilde faa at gjøre med saadanne Kvinder, men at deres samlede Antal i Regelen skulde være 20 a 30, ja, at det endog skulde kunde gaa op til omtrent 40, det var noget, som var ligesaa fjernt fra mine Tanker, som jeg tror det er fra Eders. – Vistnok maa ikke det forglemmes, at det ofte er de samme Piger, som komme igjen, thi de ere rigtignok ikke længe i Frihed, men jeg gjør mig saa langt ifra skyldig i nogen Overdrivelse, at jeg snarere siger forlidet end formeget, naar jeg opgiver Tallet paa de faldne Kvinder, som i kortere eller længere Tid have været indlagt paa Sygehuset eller indsatte paa Arbeidsanstalten til 50 –femti – for hvert af Aarene 1878 og 1879 [...]”<sup>529</sup>*

Berre på tvangsarbeidsanstalten var det i følgje Holdt 44 i 1878 og året etter 36 forskjellige ”falne” kvinner i tillegg til dei som kom frå sjukehuset.<sup>530</sup> Før tvangsarbeidsanstalten fekk eigen kuravdeling for behandling av venerisk sjuke i 1883, vart smitta jenter innlagde på byens ordinære sjukehus. Dette er formidable tal, særleg med tanke på at talet på

<sup>525</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Kopibok B nr. 12, fol. 224b. Her sitert etter Kopperdal 2000, s.16.

<sup>526</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Kopibok B Nr. 11, 1866-1875, fol. 16b, her sitert etter Kopperdal 2000, s. 15.

<sup>527</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, kopibok nr. 12, fol. 224a. Her sitert etter Kopperdal 2000, s. 16.

<sup>528</sup> RA: JPD. Fengselsstyret, Kontor D 1814-1958, Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907:

Vedkommende Kirke-Departementet. Fattigstatistikk. C. Skema for de Formandskaber eller Amtsformandskaber, som har opprettet Tvangsarbeidsanstalter, Forklaring om Bergens Tvangsarbeidsanstalt for 1879, kolonne 22.

<sup>529</sup> Vilhelm Holdt: *Magdalenasagen, et Foredrag den 24de Februar 1880*, Bergen 1880, s.37f.

vertshuspiker og kvinner under 30 år innsett i dei seks åra mellom 1870-75 varierte mellom 11 og 28.

Holdt sat ikkje med henda i fanget, men tok departementet si utfordring om å foreslå "foranstaltningar" mot tilbakefall på alvor. Han vende seg allereie i 1878 til Bergens Samlag for Brændevinshandel og fekk ei bevilgning på kr 10 000 til arbeidet for å opprette eit magdalenahjem, ein redningsanstalt for prostituerte.<sup>531</sup> Magdalenahjemmet vart raskt ein realitet, og i 1881 vart bestyrarinna for tvangsarbeidsanstaltens kvinneavdeling dei siste 25 åra vald som forstandarinne. Holdt såg på henne som særleg veleigna:

*"thi, hun var vel kjendt netop med de Forhold i vor By, som det her kommer an paa at kjende, da hun jo i de vel 24 Aar, hun havde indehavt sin Stilling paa Arbeidsanstalten, daglig var kommen i Berørelse med faldne Kvinder [...]"*<sup>532</sup>

Tvangsarbeidsanstalten vart altså nytta aktivt andsynes ei gruppe av prostituerte. No ser dei tolererte bordella ut til å ha blitt nedlagde i 1876, og det kan sjølvsagt ha medført at fleire prostituerte enn tidlegare hamna på tvangsarbeidsanstalten i siste halvdel av 1870-talet enn før.<sup>533</sup> Men sjølv med forbehold om ei viss overdriving frå Holdt si side og/eller ein viss faktisk auke i innsette prostituerte på tvangsarbeidsanstalten den siste halvdel av 70-talet, er det ingen tvil om at dei aller fleste unge kvinnelege innsette også i min periode var prostituerte. Bjørn Utne kom særleg på grunnlag av alderen til dei kvinnelege innsette i tvangsarbeidsanstalten i Stavanger fram til at prostitusjon sannsynlegvis var ei viktig innsetjingsårsak også der. Han underbygde dette med utsegner frå Alexander Kielland:

*"Der kan ikke være nogen Tvil om det berettigede i, at der i Byerne maa være et sted, hvor saadanne Kvinder kan indsættes, som viser sig umulige, saadanne, som foruden at leve af Utugt, ogsaa er hengivne til Lediggang og Drik."*<sup>534</sup>

Det er grunn til å tru at prostitusjonen auka frå 1860-talet av. Det tyder dei stadig yngre kvinnene på tvangsarbeidsanstalten på, samtidig som det ikkje ville vere unaturleg i ein by som på denne tida byrja ein ny og ekspanderande fase, både økonomisk og demografisk. På midten av 1880-talet kunne eit medlem i sunnhetskommisjonen i Bergen uttale at

<sup>530</sup> Holdt 1880, s.38.

<sup>531</sup> RA: JPD. Fengselsstyret, Kontor D 1814-1958, Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907: Vedkommende Kirke-Departementet. Fattigstatistikk. C. Skema for de Formandskaber eller Amtsformandskaber, som har opprettet Tvangsarbeidsanstalter, Forklaring om Bergens Tvangsarbeidsanstalt for 1878.

<sup>532</sup> Vilhelm Holdt: *Om Magdalenahjemmet i Bergen, dets grundlæggelse og første virksomhed*, Bergen 1883, s. 9

<sup>533</sup> Om bordella, sjå Kopperdal 2000, s.16ff.

<sup>534</sup> Alexander Kielland: "Den kombinerede Indretning. Sætryk af 'Stavanger Avis'"; Stavanger 1889, her etter Utne 1982, s.110.



prostitusjonen i Bergen hadde vokse ”i en betænkelig grad”, utan å tidfeste veksen nærare.<sup>535</sup> Samtidig gav eit anna medlem i kommisjonen uttrykk for at prostitusjonen hadde auka i ”betydelig grad” sidan avviklinga av bordella.<sup>536</sup> Sannsynlegvis kan denne veksten først forbi nedleggjinga av bordella til 1860-talet.

Den lause tilknytinga til arbeidsmarknaden som mange hadde kan tolkast som ei form for kriminalisering av arbeidsløyse. Yrka til dei kvinnelege innsette, i alle fall sett opp mot alderen, tyder også på at anstalten aktivt vart nytta for å fjerne moralsk sett uønska og medisinsk sett potensielt farlege individ frå gata, og at dette skjedde i eit aukande omfang.

Både fengslet og tvangsarbeidsanstalten huste altså personar frå lågstatusyrke eller som hadde ein lausleg tilknyting til arbeidsmarknaden. Som tvangslem har det ikkje berre vore vanskeleg å få arbeid, men svært mange av dei innsette har på grunn av alkoholmisbruk også hatt store vanskar med å halde på jobbar. Dei innsette mennene, også vegd opp mot yrke, var jamnt over eldre på tvangsarbeidsanstalten enn i fengslet. I fengslet var den gjennomsnittlege arbeidaren 35 år, på tvangsarbeidsanstalten 44 år. På same måten var svennane i fengslet i gjennomsnitt 31 år mot 41 år på tvangsarbeidsanstalten. Denne aldersforskyvinga finn ein ikkje på same måten for kvinner. På tvangsarbeidsanstalten var det ei tydeleg todeling, med tenarar, ”piker” og vertshuspiker som alle var under 30 år i snitt, og ei gruppe av koner og enke som i gjennomsnitt var rett i under- og overkant av 50 år. Den same todeling finn ein også i fengslet, men også her noko forskyve i retning av yngre uansett oppgitt yrke.

## 7.5 ÅRSÅK TIL INNSETJING PÅ TVANGSARBEID

Hittil har eg antyda *kvifor* mange vart sett på tvangsarbeidsanstalten. Men *korleis* føregjekk ei innsetjing, kven tok initiativet og kva var grunngjevinga? Innsetjing i tvangsarbeidsanstalten kunne skje etter paragrafane 59, 60, 61 og 62 i fattiglova (1863) og lova om kronarbeid frå 1851. Av desse var det kun paragraf 61 (§ 45 i 1845) som gav politiet heimel til å innsetje folk: ”I Tvangsarbeidshuse kunne efter Politiets Foranstaltning indsættes Personer, der ere hengivne til Ørkesløshed og Drukkenskab og af den Grund ikke kunne lovlig ernære sig.”<sup>537</sup>

I tida etter 1850 kjenner me gjennom protokollane kva styresmakt som stod bak fleste

---

<sup>535</sup> Uttale avgitt desember 1885 frå Henrik Reutz Bang, rådmann og medlem i sunnhetskommisjonen i Bergen i *Tidsskrift for praktisk medicin* 1888, s. 87, her sitert etter Kopperdal 2000, s. 2.

<sup>536</sup> Uttale frå sunnhetskommisjonmedlem Wiesener i januar 1886, her henta frå *Tidsskrift for praktisk medicin* 1888, s. 88.

<sup>537</sup> 20.9.1845: Lov om Fattigvæsnet i Kjøbstæderne, § 61 (Schmidt 1850).

innsetjingane. Slike opplysningar finst fram til juli 1867, men i tida frå september 1862 til august 1865 er innføringane noko uklare - feltet står ofte tomt, men kan tolkast som 'ditto' ettersom styresmakta er innført for den første innførsla på kvar side. Utelet ein desse usikre, har ein innsetjingsmakt for 2147 av innsetjingane. Fire innsetjingar skjedde etter dom for betleri, éin etter politirettsdom og tre etter dom i høgsterett (som var direkte ankeinstans for politirettsdommar), fire etter vedtak i fattigkommisjonar (éin av desse i Bergen) og 105 etter ordre av politiet andre stader enn i Bergen. For 2030 var innsetjingsmakt oppgitt som politiet i Bergen. Det utgjorde 94,6 prosent av alle desse innsetjingane. Tek ein med innsetjingar av politiet andre stader, så stod politiet i praksis bak nesten alle innsetjingane (99,4 prosent).

Kronarbeidarar vart tilliks med betlarar innsett i tvangsarbeid etter dom og dermed med rettsvesnet som innsetjingsmakt. Kor stor denne gruppa var på tvangsarbeidsanstalten i Bergen i min periode, er vanskeleg å seie. Ein finn spor etter kronarbeidarane då dei vart dimittert frå anstalten. Johan Knudsen Gjercken vart innsett 6. desember 1852 for seks månader og dimittert til "Kronarbeide" på slaveriet 31. mai året etter. Omlag femten år seinare vart Berge Bergesen Ågotnæs innsett på ein måned og dimittert til kronarbeide ein liten måned seinare. Felles for desse og tilsvarende er at dei er innsett av politiet og dimittert *til* kronarbeide innan dei etter innsetjingstida skulle vore dimittert. Det er naturleg å rekne med at desse vart overflytta til festninga for å gjere resten av kronarbeidet der. Om dei i første omgang vart sette inn i arbeidsanstalten fordi dei var skyldige bidrag, eller om dette var eit forhold som vart aktualisert under opphaldet der, er uklart. Mest sannsynleg fungerte tvangsarbeidsanstalten som ein opphaldsstad til det vart høve for innsetjing på slaveriet.

I rapportane som presten sende til departementet frå 1876 har me oversyn over innsetjingsårsak. Dette året, og året etter, vart éin person innsett etter lov av 15.9.1851 om kronarbeide, resten vart innsett etter fattiglovas (1863) §§ 59, 61 og 62, med § 61 som fullstendig dominerande. I dei tre åra 1878-80 vart ingen innsett til kronarbeide.<sup>538</sup> Me kan trygt rekne med at kun ganske få av dei innsette i heile perioden kan knytast opp til kronarbeide. Ein vart formelt innsett på "Tvungen" på grunn av lausgjengeri og drukkenskap etter paragraf 61, i praksis berre unntaksvis for andre tilhøve enn desse.

Sjølv om politiet autoriserte innsetjinga, kjem det ikkje fram av sjølve protokollane for tvangsarbeidsanstalten at det også var dei som tok initiativet til interneringa. Dei kan ha

---

<sup>538</sup> RA: JPD. Fængselsstyret, Kontor D 1814-1958, Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907, Extract af Cassa-Regnskabet, ulike år.

handla etter ønske og påtrykk frå andre. Ei innsetjing på tvangsarbeidsanstalten kravde verken grunngjeving eller protokollert undersøking frå politiet si side, noko som tåkelegg omstenda rundt innsetjingane.<sup>539</sup> Politiet førte likevel oppgåver over ein del av dei innsette i tvangsarbeidsanstalten i bøteprotokollane. Dei fungerte som dagjournalar over tildelte sanksjonar, og oppgir berre fattiglovas paragraf 45 som heimel (§ 61 etter 1863), ikkje kven som eventuelt tok initiativet overfor politiet, eller andre omstende rundt innsetjinga.<sup>540</sup> I forretningsjournalane til politiet finn ein dels overlappende opplysningar om enkeltinnsetjingar, dels om innsetjingar som ikkje er nemnde i bøteprotokollane. Forretningsjournalane er også forholdsvis knappe, men i motsetnad til bøteprotokollane, inneheld desse ein del informasjon om omstenda rundt innsetjinga, og rissar saman med kopibøkene til politiet opp årsaker og delvis også initiativtakarar ved innsetjing. Heller ikkje forretningsjournalane er fullstendige andsynes innsetjingar på tvang, særleg ikkje for den tidlege perioden. I november 1857 vart 14 personar innsett på tvangsarbeidsanstalten med politiet i Bergen som innsetjingsmyndigheit. Berre fire av desse finn ein att i forretningsjournalen.<sup>541</sup> I mars 1874 vart 22 personar innsett i tvangsarbeidsanstalten, 18 av desse finn ein att i forretningsjournalen.<sup>542</sup> For 1874 inneheldt ikkje protokollen opplysningar om innsetjingsmakt, men det synest forholdsvis vanleg å bli innført i forretningsjournalen i slutten av perioden.

Naboar, familie og andre slektningar har vore lansert som den viktigaste initiativtakaren ved innsetjingar i tukthus og asyl på deler av kontinentet på 1700-talet, ikkje statsmakta sjølv.<sup>543</sup> Den same gruppa har spela ei viktig rolle også i Bergen som handhevarar av normer og moral i det daglege. Tidleg på 1850-talet mottok politiet stadig klager frå naboane på Mathias Simonsen Dahle.<sup>544</sup> Eit anna døme er bøkkararbeidar Peder Olsen som i 1863 vart meld for husbråk og konflikt med både si eiga kone og dei andre husbebuarane. Det endte opp med to månader tvangsarbeid.<sup>545</sup> Klagaren heitte Johannes Olsen. Om han var i slekt med Peder, eller berre ein av dei mange naboane hans (i 1865 budde 24 personar i same huset som Peder og kona), er uklart.<sup>546</sup>

---

<sup>539</sup> Denne mangelen var ei av innvendingane Bernhard Getz hadde til tvangsarbeidet i utkastet til ny straffelov frå 1893 (*Udkast til Almindelig borgerlig Straffelov for Kongeriget Norge. Motiver*, Kristiania 1893., note 1, s. 119f.).

<sup>540</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Bøteprotokoller (designasjon), nr. 8: 1853-57.

<sup>541</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 1, 1856-57.

<sup>542</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 8, 1874-1875.

<sup>543</sup> Lis & Soly 1996, s.2 et. passim.

<sup>544</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Kopibog B. nr. 9, 1844-1857, 583/51 Brev datert 27.11.1851.

<sup>545</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 4, 1863-65, 1.7.1863.

<sup>546</sup> Digitalarkivet, Folketeljninga 1865 for Bergen, rode 22-88.

Andre døme viser at nær slekt har stått sentralt bak fleire av innsetjingane på Tvangen. Andreas Trøye er eit døme frå 1852 på foreldre som ikkje klarte å hanskast med vaksne born, og som bad politiet om hjelp. Andreas var drikkfeldig og klarte eller ville ikkje halde på jobbar han hadde, og angreip faren fysisk med ”forbitrelse”.<sup>547</sup> Faren visste til slutt ikkje anna råd enn å kontakte politiet for å få sonen ut av huset. Han melde sonen til politiet fleire gonger, men fråfall like mange gonger anmeldinga då sonen gong på gong viste ”anger”. Andreas unngjekk tvangsarbeid ved dette høvet, men problema hans heldt tydelegvis fram og mellom 1855-66 sat han ikkje mindre enn 15 gonger på tvangsarbeidsanstalten.

I 1864 vart søstrene Severine og Bernhardine Jensen anmeldt av faren for ørkesløyse og lediggang. Dei vart først innkalla til politiet 14. juni og gitt åtvaring om at tvangsarbeid var nært føreståande om dei ikkje fekk seg teneste.<sup>548</sup> 6. juli vart dei på ny innkalla etter klage frå faren, denne gongen for å iverksejtte innsetjing i tvangsarbeidsanstalten, men ”da de angiver at de agtede at reise fra Byen for at søge Condition førskommende Tirsdag 12te d., bleve de til den Tid givet Udsættelse, og fortiden dimmiteret med Advarsel.”<sup>549</sup>

Helene Andersen vart innkalla til forhøyr 9. desember 1858 for å ha brote husfreden og for ”voldsom Adfærd” mot mor si, og sett i tvangsarbeid.<sup>550</sup> Det går ikkje fram av journalen om det var mora som melde dottera, om naboar har gripe inn, eller om innkallinga var eit resultat av ei melding frå politibetjenten som kan ha vore tilkalla i samband med bråket. Vedkomande politibetjent kan ha kjent til Helene frå før (ho hadde eit opphald på tvangsarbeidsanstalten i 1855), eller naboane kan ha fortalt politibetjenten om vedvarande bråk med denne kvinna, og at ho over lengre tid hadde brukt fysisk makt mot mora.

Også ektefeller kunne melde kvarandre til politiet med anmodning om innsetjing, eller der slik innsetjing vart trua med eller umiddelbart utfall. Lauritz Bang vart arrestert for overfall på kona i mai 1863.<sup>551</sup> Kona møtte for politiet dagen etter og forlangte at mannen måtte flytte fra henne. Lauritz vart åtvara om at ny klage frå kona ville føre til tiltale eller innsetjing på Tvangen. Christian Bolstad fekk ei åtvaring for liknande tilhøve juni same året.<sup>552</sup> Omvendt

---

<sup>547</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Kopibog B. N. 9, 1844-1857, 2065/52 Brev til Bergen Stiftamt datert 28.1.1852.

<sup>548</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 4, 1863-65, 14.6.1864.

<sup>549</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 4, 1863-65, 6.7.1864.

<sup>550</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 2, 1858-60, 9.12.1858.

<sup>551</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 4, 1863-65, 20.5.1863.

<sup>552</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 4, 1863-65, 8.6.1863.

møtte tollrorskarl Gjernæs opp på politikammeret med anmodning om at kona måtte bli innsett på tvangsarbeidsanstalten. Kona var ytterst drikkfeldig og hadde tidlegare opphald på tvangsarbeidsanstalten, såvel som i tukthuset. Saman hadde dei fire barn, og tre av dei var utplasserte. Det fjerde barnet hadde også tidlegare vore utplassert, men det hadde mannen tatt til seg att. No såg han seg atter nøydd til å setje det siste barnet til ny utplassering fordi han

*“...ikke vil kunne see sig istand til at skaffe sine Børn det Fornødne, dersom Angj. [kona] der er uimodtagelig for enhver Indvirkning fra hans Side, længere skal forblive i hans Huus. Han anmodede derfor, om at hun maatte blive indsat i Tvangsarbeidsanstalten. Hans Huusvært Johannes Tallaksen bekræftede i alt Væsentligt Rigtigheden af det Forklarede.”<sup>553</sup>*

I august 1867 melde Malene Torstensdatter sin eigen mann til politiet for drukkenskap og forstyrning av husfreden.<sup>554</sup> Same dagen som ho leverte meldinga, vart mannen innsett på Tvangen i tre månader. Steinhoggar Mads Jensen vart meld av kona si 16. august 1867 for ”Drukkenskap og Forstyrrelse af Husfreden.”<sup>555</sup> Også i dette tilfellet reagerte politiet raskt, og allereie dagen sette politiet han på Tvangen på tre månader.

Andre føresette enn foreldre kunne også gripe inn. I 1857 vart Andreas Jansen innkalla til politiet fordi han hadde forlatt læra si hjå ein meistersmed. Politiet fann at Andreas var ”uden fast Arbeide og var uvillig til at gaa tilbage til sin Mæster, blev indsat i Tvangsarbeidsanstalten for to Maaneder.”<sup>556</sup> Å forlate læra var ulovleg og gav såleis i utgangspunktet grunn til judisiell påtale. Same året måtte til dømes 14 personar i fengsel for tilsvarande tilhøve. I dette tilfellet førte det til tvangsarbeid. Initiativet her har mest sannsynleg kome frå meistersmeden sjølv. Han har ikkje gått så langt som å kreve Andreas tiltalt for retten, men gjort politiet oppmerksom på at læredrengen no gjekk og slang i gatene. Andreas på si side kunne ikkje godtgjere at han ikkje dreiv med kriminalitet og vart følgeleg innsett på tvangsarbeid.

Som innsetjingsmakt i protokollane over innsette tvangslemmar var politiet konsekvent oppført i alle desse tilfella, men det er tydleg at familie, nærmiljø og andre føresette har fungert som opphavleg initiativtakar. Politiet fulgte berre opp oppmoding og ønske frå publikum.

Innkalling til forhøyr på politikammeret var forholdsvis vanleg, slik ein allereie har sett døme

---

<sup>553</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 4, 1863-65, 2.7.1863.

<sup>554</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 5, 1867-70, 16.8.1867.

<sup>555</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 5, 1867-70, 17.8.1867.

<sup>556</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 1, 1856-57, 30.11.1857.

på. I august 1857 vart arbeidsmand Niels Nielsen Fluge innkalla ”i Anledning Anmeldelse om at han er henfalden til Ledigang og Drukkenskap”.<sup>557</sup> Kven som melde Niels er uklart, men sannsynlegvis var det igjen naboar eller andre i nærmiljøet som kjende seg forulempa og støytt av levesettet hans. Ein har også døme på at politiet sjølv, ved utegående politibetjentar, melde personar som i etterkant vart innkalla til forhøyr. Vertshuspikene Christine Helene Kuntze og Larsine Larsdatter Dahl vart anmeldt av politibetjent Sandahl for fyll og husbråk. Dei vart innkalla til politikammeret i september 1858 og begge vart innsett på tvangsarbeid på maksimal tid.<sup>558</sup> I 1863 vart Cecilie Larsdatter anmeldt av politibetjent Pettersen for ledigang og ”utugtig Levnet”.<sup>559</sup> Resultatet vart to månader tvangsarbeid.

Også fattigkommisjonen tok initiativ overfor politiet for å få enkeltpersonar innsett. I oktober 1858 tok fattigkommisjonen kontakt med politiet og spurde om ikkje bøkkararbeidar Lars Olsen var kvalifisert til å bli innsett på tvangsarbeid. Politiet kalla Lars inn og sette han på tvangsarbeid etter fattiglovas § 45 ettersom han skal ha vedgått å vere drikkfeldig.<sup>560</sup> Den 74 år gamle Maren Andersdatter vart i 1867 tatt ut av fattighuset i den gamle latinskulen ved domkyrkja for tre månaders innsetjing på Tvangen.<sup>561</sup> Den lokale fattigforstandaren melde Maren inn til fattigkommisjonen for drukkenskap, og klagen vart umiddelbart vidaresend til politet. Dagen etter vart Maren sett på Tvangen.

Månaden før Lars Olsen vart innsett i 1858, hadde Anne Olsdatter Grønningstølen møtt på politikammeret etter innkalling fordi fattigkommisjonen hadde meldt henne for betleri.<sup>562</sup> Då Anne forklarte at ho ikkje hadde andre utvegar å livnære seg på, vart også ho innsett på tvangsarbeid. Dette var ei ukonvensjonell innsetjing. Faktisk har innsetjinga vore irregulær, eller i det minste kan ein seie at dei formelle reglane for innsetjing har vore ”tøyd”. Det er uklart om meldinga frå fattigkassa har vore ei regulær melding av betleri til politiet for å setje Anne under tiltale, eller om dette har vore ei ”oppmoding” om å seite henne på tvangsarbeid slik tilfellet var med Lars. Uansett skulle Anne vore tiltala i politiretten etter fattiglovas § 44 for betleri. Dette skjedde ikkje, og Anne vart etter administrativt vedtak innsett i tre månader. Ei legitimering av denne ”tøyinga” av lovverket frå politiet si side kan ha vore Anne si vedgåinga at ho ikkje hadde andre måtar å livnære seg på enn betleri, og såleis altså ”ikke kunne lovlig ernære sig”. Tilsvarande vart Michael Michelsen arrestert for betleri og mistenkt

---

<sup>557</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 1, 1856-57, 21.8.1857.

<sup>558</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 2, 1858-60, 1.9.1858.

<sup>559</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 4, 1863-65, 15.5.1863.

<sup>560</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 2, 1858-60, 20.10.1858.

<sup>561</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 5, 1867-70, 20.8.1867.

for tjuveri mai 1863. Han var lauslaten frå arresten dagen etterpå og innsett i tvangsarbeidsanstalten.<sup>563</sup> Innsetjinga vart legitimert i manglande evne til å betale arrestomkostningane. Dette utfallet er interessant. Michael vart arrestert og mistenkt for å ha begått lovbrøt som krevde dom for å resultere i sanksjon. Det eventuelle lovbrøtet vart ikkje følgt opp, uvisst av kva grunn, men fordi Michael ikkje var i stand til å betale for ”losji” i den tida han var mistenkt, fekk han tvangsarbeid i éin månad.

Eit anna døme på irregulær innsetjing er kona Elen Ellingsdatter. Ho møtte på politikammeret sommaren 1857 etter å ha vore anmeldt for ulovleg ”Natterenovation som hun henkaste paa forbudt Sted”.<sup>564</sup> Det gav henne éin månad på tvangsarbeidsanstalten. Det same skjedde igjen i oktober, då med to månader tvangsarbeid. Elens verksemd var ikkje brot mot fattiglova, men ein politiforseelse som skulle ført til mulktering. Tre år tidlegare, i 1854 avsona også Elen ei bot på 2 spd. for akkurat det same forholdet.<sup>565</sup> Kvifor ein i desse to tilfella i 1857 valde å setje Elen på tvangsarbeid i staden for å tiltale henne, er uklart. Men det *kan* ha vore fordi Elen var materielt deprivert og at tvangsarbeid dermed også har vore ei form for fattighjelp som varte lengre enn eventuelt nokre dagars fengsel. Elen var i alle fall svært fattig, og endte også sine dagar som almisselem.<sup>566</sup> Meir sannsynleg er nok innsetjinga på tvangsarbeid eit uttrykk for styresmaktene og dei fornærma renovatørane sin frustrasjon over kor lite effektiv ei fengselsstraff var overfor Elen. Ei bot på 2 spd. gav ikkje meir enn to dagar fengsel, og dermed kunne Elen vere tilbake på gate og begå akkurat den same misferda omtrent like fort som ho vart dømd. Dermed *kan* Elen si misferd, kanskje under påtrykk frå dei privilegerte renovatørane, praktisk ha vorte rekna som eit bevis på at ho ikkje kunne livnære seg på lovleg måte, for så å få henne ut av sirkulasjon ein lengre periode enn kva ei fengsling kunne makte.

Johan Ludvig Andersen Fauske vart i oktober 1863 anmeldt for å ha overfalt ein bonde på Torget.<sup>567</sup> Johan møtte ikkje etter innkalling og vart følgjeleg arrestert og henta med tvang. Trass i at bonden stilte med vitne, nekta Johan for noko overfall og meinte at det i verste fall var snakk om at hatten hans hadde kome borti bonden. Ei slik sak skulle ført til bøteleggjing eller eventuelt tiltale for lekamsfornærming, men det skjedde ikkje. I stadenfor vart Johan

---

<sup>562</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 2, 1858-60, 20.9.1858.

<sup>563</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 4, 1863-65, 24.5.1863.

<sup>564</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 1, 1856-57, 28.7.1857.

<sup>565</sup> SAB: Bergens Kretsfengsel, I.D.A.3 1851-62, Protocol over Straffanger i Bergens Raadstuarrest, Nr. 2., Elen Ellingsdatter vart innsett 30.1.1854.

<sup>566</sup> Digitalarkivet: Gravlage i Bergen 1816-1880, 3. mars 1874.

<sup>567</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal, Nr. 4, 1863-1865, 8.10.1863.

innsett på tvangsarbeidsanstalten i to månader heimla i fattiglova. Grunnlaget for innsetjinga var høgst tvilsom på grunnlag av opplysningane som kom fram i den aktuelle saka. Eit avgjerande moment her har nok vore at Johan Ludvig før denne innsetjinga hadde vore fengsla heile sju gonger og hadde ni opphald på tvangsarbeidsanstalten. Ei innsetjing på tvangsarbeidsanstalten har nok vore oppfatta som eit betre verkemiddel enn ei tidkrevjande og dyr rettsak som ville endt med ei kort fengselsstraff uansett.

Drukkenskap var sjølvsagt også ein viktig innsetjingsgrunn, i pakt med fattiglova. I eit fleirtal av sakene er nettopp drukkenskap nemnt som ein av årsakane til at dei enkelte vart rekna som kvalifiserte til innsetjing på tvangsarbeid. Lars Elias Ulfeldt vart mars 1857 arrestert for Drukkenskap og Husallarm og innsett på tvangsarbeid etter fattiglovas paragraf 45.<sup>568</sup> I mars 1874 vart Malene Pedersen arrestert ein kveld og dagen etter ”som henfalden til Drukkenskap indsat paaa Tvangsarbeidsanstalten for 3 – tre – Maaneder”<sup>569</sup> Ofte var innsetjingsgrunnen ein kombinasjon av fleire tilhøve – drukkenskap, manglande fast bustad og manglande økonomiske ressursar, til dømes til å betale arrestomkostningane ved opphald i fyllearresten:

*“11.6.1857. Bogbinder Petter Carlsen Ekman arresteret for Drukkenskap og som Huusvild Angjældende løsladt af Arresten med Forklaring om at han ankom hertil igaar fra Stavanger for at søge Arbeide. Han er hjemmehørende i Christiania, hvor han i Februar Maaned blev løsladt af Tvangsarbeidsanstalten sammesteds. Han staar nu blottet for Alt og har Intet til Ophold, har søgt Arbeide men kan intet erholde. Paa Grund heraf bliver han at indsette paa Tvangen i 1 Mnd. Han kunde ikke betale Arresten.”<sup>570</sup>*

Køydreng Jan Torkildsen vart arrestert ein kveld i mars 1874 som husvill og sett i arrest. Då han vart lauslaten dagen etter kunne han ikkje betale arrestpengane og vart difor sett i tvangsarbeidsanstalten.<sup>571</sup> Det same skjedde med Henrik Tobias Monsen Mossevold som vart arrestert av same vektaren ei god veke seinare.<sup>572</sup> Bokbindarsvennen Niels Erik Åbergson vart arrestert for drukkenskap i november 1874 og sidan han var utan arbeid og pengar, vart han i henhold til fattiglovas § 61 innsett på tvangsarbeid på to månader.<sup>573</sup> Årsaka til innsetjing i desse tilfella var vel berre delvis manglande betaling av arrestpengane, like mykje fann politiet det som eit bevis, eller i det minste tilstrekkeleg indisum, på at dei ikkje hadde midlar til å livnære seg på ein lovleg måte.

Heilt frå opprettinga av anstalten har utan tvil ein stor del av belegget vore tunge

---

<sup>568</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 1, 1856-57, 16.11.1857.

<sup>569</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 8, 1874-1875, 17.3.1874.

<sup>570</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 8, 1874-1875, 11.6.1874.

<sup>571</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 8, 1874-1875, 15.3.1874.

<sup>572</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 8, 1874-1875, 24.3.1874.

<sup>573</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 8, 1874-1875, 16.6.1874.



alkoholikarar. Presten Vilhelm Holdt skreiv i 1881 at dei (mannlege) innsette på (tvangs)arbeidsanstalten i regelen var ”dypt sunkne Drankere”.<sup>574</sup> Vidare forklarte Holdt tilbakefallet med det svært vanskelege livet tvangslemmane hadde. I tillegg til å vere ”svage Karakterer”, var desse ”blotstillede for Alt, naar de komme ud fra ’Tvangen’”. I motsetnad til dei lauslatne frå straffeanstaltane som fekk økonomisk hjelp ved lauslatning og i tillegg hadde fengselsselskap og andre frivillige foreningar å ta kontakt med, fanns absolutt ingen hjelpetiltak for dei innsette i tvangsarbeidsanstalten. Dei vart vist til tvilsomme losji som var ”af den Beskaffenhed, at der ingen moralsk Støtte ydes dem der.” I det heile beskriv Holdt eit miljø utanfor tvangsarbeidsanstalten der alkoholmisbruk var sentralt, nærmast som i ein subkultur i byen. Så lenge dei var innafor anstalten og ikkje hadde tilgang til alkohol, fungerte tvangslemmane såpass tilfredsstillande at det gav presten håp om varig forbetring. Problemet var ikkje tida dei var på ”Tvangen”, men det som venta dei etter lauslating:

*”Saa snart Anstaltens Dør aabnes for dem ere de omgivne af sine gamle Kammerater. Disse Mennesker ved saa vel om hverandre, de kjende saa nøiagtigt til naar, deres Bekjændtes Straffetid udløber, og saa længe det gjelder det Onde, er der et Sammenhold og en Enighed, ja en Redebondhed til at bistaa hverandre som langt overgaar den Redebondhed som udfaldes for at redde dem ud af deres Elendighed”*<sup>575</sup>

Dei lauslatne var på grunn av alkoholmisbruk, ofte i kombinasjon med fysisk uførheit, i varierende grad arbeidsuføre. I tillegg var allmugen i byen generelt svært skeptisk til denne gruppa. Det kunne til tider vere vanskeleg nok å få seg arbeid for såkalla skikkelege arbeidsfolk, og det var endå verre ”naar det gjælder den Arbeider, som har ført et saadant Liv, at han har været indesat på Arbeidsanstalten en eller flere Gange”.<sup>576</sup> For mange fanns ganske enkelt ikkje noko alternativ. I 1887 skreiv Holdt at skamkjensla over det å vere tvangslem døydde ut og at tvangslemmane oppfatta det som ein sjølvsgt sak at dei hadde tilbakevendande opphald på tvangsarbeidsanstalten. Presten gir uttrykk for at enkelte oppfatta tvangsarbeidsanstalten som ein heim:

*“Og dertil kommer, at enten deres Rygte som daarligt, at de har vanskeligt for at faa Arbeide, eller ogsaa er deres Helbred saa nedbrudt, at de har vanskeligt for – undtagen i Sommermaanederne, at erhverve saa meget, at de kan friste saapas gode Kaar ude i Friheden, som dem de har paa Tvangen. Og derfor har denne lidt efter lidt mere faaet Karakteren for dem af et Hjem end en Straffeanstalt, hvor de der tilbringe en større Del af Aaret, indtil de paa Grund af Alder eller Sygelighed gaar over til Almissemlemmer paa Arbeidsanstaltens*

---

<sup>574</sup> RA: JPD. Fengselsstyret, Kontor D 1814-1958, Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907: Vedkommende Kirke-Departementet. Fattigstatistikk. C. Skema for de Formandskaber eller Amtsformandskaber, som har opprettet Tvangsarbeidsanstalter. Innberetning for året 1880.

<sup>575</sup> RA: JPD. Fengselsstyret, Kontor D 1814-1958, Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907: Vedkommende Kirke-Departementet. Fattigstatistikk. C. Skema for de Formandskaber eller Amtsformandskaber, som har opprettet Tvangsarbeidsanstalter. Innberetning for året 1880.

<sup>576</sup> RA: JPD. Fengselsstyret, Kontor D 1814-1958, Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907: Vedkommende Kirke-Departementet. Fattigstatistikk. C. Skema for de Formandskaber eller Amtsformandskaber, som har opprettet Tvangsarbeidsanstalter. Innberetning for året 1879.

*Fattigavdeling.*<sup>577</sup>

Holdt skreiv dette på 1880-talet då dei økonomiske tidene var vanskelege og arbeidsløysa forholdsvis stor. Men dette var problem som tvangslemmane møtte også i gode tider, noko ein også finn att i forretningsjournalane for min periode. Skomakar Christian Lampe bad sjølv i mars 1874 om å bli innsett i tvangsarbeidsanstalten, noko han også vart innvilga med to månader.<sup>578</sup> Då hadde han allereie 19 innsetjingar på Tvangen frå før, og skulle til slutt dø der under ei innsetjing året etter.<sup>579</sup> Også John Monsen Dale bad om å bli innsett, han for éin månad denne gongen.<sup>580</sup> Tidlegare hadde han ni opphald på tvangsarbeidsanstalten og fire i fengslet. Då Henriette Fixen bad om å bli innsett i mars 1874, hadde ho allereie ni opphald på tvangsarbeidsanstalten tidlegare, og skulle rekke ytterlagare tre før min registreringsperiode slutta, i tillegg til eit fengselsopphald i 1875 for ulovleg samliv med andre enn mannen ho var gift med. Saman med Henriette bad også Anna Margrethe Johnsen om å bli innsett.<sup>581</sup> Ho hadde tre opphald i tvangsarbeidsanstalten og to i fengslet frå før.

Men drukkenskap og problema det medførte forklarar ikkje åleine innsetjingane på tvangsarbeidsanstalten. Drukkenskapen vart heller ikkje sett på som noko utprega problem i Bergen generelt, sjølv om det sjølvsagt var det for dei det galdt. I diskusjonen om korvidt ein burde etablere eit brennevinssamlag i Bergen med monopol på sal av brennevin, uttalte både magistrat og politimester seg i 1875 positivt om edruskapstilstanden i byen. Politimester Magelsen gav uttrykk for at edruskapen alltid kunne bli betre, særleg under fisketida og den livlegaste skipstrafikken, men det stod betre til i Bergen enn i mange andre byar det var naturleg å samanlikne seg med.<sup>582</sup> Ordførar Michelsen skreiv i si innstilling at "den offentlige Ædruelighedstilstand ikke er af nogen foruroligende Beskaffenhed her paa Stedet", og viste til at talet på arrestasjonar på grunn av fyll var færre enn i dei fleste andre større byar.<sup>583</sup>

Fattiglova knyter drukkenskapet og lausgjengeriet tett opp til mogleg kriminell aktivitet, om folk som eit resultat av det "ikke kunne lovlig ernære sig". Dette var ein samanhang som vart

---

<sup>577</sup> RA: JPD. Fengselsstyret, Kontor D 1814-1958, Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907: Vedkommende Kirke-Departementet. Fattigstatistikk. C. Skema for de Formandskaber eller Amsformandskaber, som har opprettet Tvangsarbeidsanstalter. Innberetning for året 1886.

<sup>578</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal, Nr. 8, 1874-1875, 14.3.1874.

<sup>579</sup> Digitalarkivet: Gravlagde i Bergen 1816-1880, 10.8.1874.

<sup>580</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 8, 1874-1875, 7.3.1874.

<sup>581</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 8, 1874-1875, 17.3.1874.

<sup>582</sup> Bergen Kommunes Forhandlinger: Indstillinger for Bergens formandskab og de dertil sluttede Repræsentantskaber for Aaret 1875, Bilag No. 3 til instilling nr. 56/1875., s. 54.

<sup>583</sup> UBB: Bergen Kommunes Forhandlinger: Indstillinger for Bergens formandskab og de dertil sluttede Repræsentantskaber for Aaret 1875, Instilling nr. 56/1875., s. 180.

nemnd også i Bergen i debatten om oppretting av brennevinssamlag. Samtidig er det klart at denne sterkt marginaliserte gruppa i mange tilfelle berre hadde to utvegar for å overleve: Anten gå den sikkert tunge vegen til politikammeret for å be om å bli innsett på Tvangen, eller begå ulike tjuvslovbrot regelmessig. I Trondheim fann Knut Arild Knudsen at nesten 80 prosent av alle som vart dømde for valdslovbrot i tida 1875-85 var rusa ved lovbrotet.<sup>584</sup> Knudsen presenterer ikkje tilsvarande tal for andre lovbrot, men det er grunn til å tru at også svært mange tjuvslovbrot vart utførte i rusa tilstand. Fengselspresten i Trondheim, Andreas H. Hval, gav i 1883 klart uttrykk for samanhengen mellom drukkenskap og kriminalitet, og nytta fangane sjølve som vitne dette:

*”En fange skildrede situationen således: ‘Når vi komme på kommersen, holde vi på, sålænge vi have en skilling, så gå klæderne; og når vi så efter rangelen ere slappe på legeme og sjæl, så stjele vi for at få en dram til at slukke tørsten med.’”*<sup>585</sup>

Tvangsarbeidsanstalten med på å forsterke den onde spiralen som også straffanstaltane var ein del av – dess fleire opphald i tvangsarbeidsanstalten, desse mindre arbeidsfør vart ein i eigne og andre sine auge, og følgjeleg meir utsett for nye innsetjingar. Men politiet slo ikkje berre ned på drukkenskap og eventuell småkriminalitet i tilknytning til det. Mistanke om kriminell aktivitet som ikkje kunne bevisast, og då først og fremst tjuveri, har tydleg i seg sjølv vore tilstrekkeleg motiv for innsetjing i tvangsarbeidsanstalten, i ly av fattiglovas utsegner om ”ørkesløshed”, slik ein over såg illustrert ved Michael Michelsen.

Politimesteren i Bergen i tida 1893-1905, Julius Olsen, uttalte seg slik om tvangsarbeidsanstalten i 1914, to år etter at anstalten var endeleg nedlagd:

*[Tvangsarbeidsanstalten var] et meget effektivt middel git til at rense gaterne for de besværligste urostifere og ikke mindst for vanetyve og ’bondefangere’, der bar sig saa forslagent ad, at man hadde vanskelig for at skaffe positivt bevis for deres forbryderske virksomhet, men som ialfald ved deres stadige lediggang leverte det sikreste bevis for at de ikke ernærte sig paa lovlige maate.*<sup>586</sup>

Her er drukkenskapen nedtona som årsak til innsetjing, medan generelt mistenkeleg leveste er meir vektlagd. Politiet og styresmaktene i min periode delte nok synet som Olsen gav uttrykk for. Eit brev frå politimesteren til stiftet i 1852 om eit uoppklart tjuveri i Fana underbygger dette. Bergenspolitiet hadde observert nokre personar som gjekk og dreiv i byen og som ikkje hadde funne seg losji her. Politiet oppfatta dei som mistenkelege og tok dei inn til forhøyr om tjuveriet i Fana. Politiet konkluderte etterpå at det ikkje var grunnlag for nokon

<sup>584</sup> Knudsen 1997, s. 75.

<sup>585</sup> Andreas Hval: ”Om forbryderens vilkår” i *Nordisk Tidsskrift for Fængselsvæsen og øvrige penitentiære institutioner*. København 1884, s. 196.

<sup>586</sup> Olsen 1914, s.349. Olsen var politimester i Bergen 1893-1905.

justisaksjon mot dei mistenkte, ”hvilke derfor efter Forhørets Slutning ere indsatte i Tvangsarbeidsanstalten, men saameget bliver dog formentlig klart af samme, at de begge ere høist mistænkelige Personer [...]”.<sup>587</sup> Dei to det galdt vart begge innsette i tvangsarbeidsanstalten 7. desember 1852. At dei fekk mistanken retta mot seg var ikkje berre eit resultat av lediggang. Dei hadde nemleg begge opphald i tukthuset frå før, og begge hamna forøvrig i ulike straffeanstaltar seinare. Men politiet klarte ikkje å få noko på dei i den aktuelle saka som ville halde i ei eventuell rettssak, og ei innsetjing i tvangsarbeidsanstalten vart tilsynelatande ei sjølvstøtt løysing for politiet. Med dei mistenkte sine rulleblad og politiet sin kjennskap til dei, var vegen til denne typen sanksjon kort. Politibetjentane var også instruert i å halde eit spesielt vaksamt auge med lauslatne fangar.<sup>588</sup>

Regnhattemaker Petter Pettersen Lunde vart arrestert ein kveld i september 1857 for fyll og for å ha stjåle frå sin eigen bror. Etter ei natt i fyllearresten vart Petter lauslaten, han betalte arrestomkostningane og attpåtil fråfall broren anklage sin om tjuveri.<sup>589</sup> Likevel vart Petter direkte innsett i tvangsarbeidsanstalten same dag. Månaden etter vart Niels Andreas Holvig mistenkt for tjuveri, og 27. oktober finn ein i forretningsjournalen at forhøyret av Niels var utsett, men ”Angjældende indsat i Tvangsarbeidsanstalten”.<sup>590</sup> Vegen til Tvangen var elles kortare for Niels Holvig enn dei fleste, berre i min periode vart han innsett 54 gonger.

Johan Andreas Nielsen vart ein januarkveld i 1858 arrestert for fyll, husbråk og som mistenkt for tjuveri. Dagen etter vart han innsett på tvangsarbeidsanstalten etter fattiglovas § 45.<sup>591</sup>

Mai same året vart Johan Mikalsen

*”arresteret den foregaaende Dag som mistænkt for Indbrudstyveri. Angjældende blev løsladt af manglende Bevis og da han var uden Penge, Klæder og fast Arbeide, indsat i Tvangsarbeidsanstalten i Henhold til Fattiglovens § 45.”*<sup>592</sup>

Årsaka til arrestasjonen i dette tilfellet var åleine mistanke om eit konkret lovbrøt, ikkje drukkenskap eller lediggang i følgje fattiglova. Lediggang vart først i ettertid aktualisert som ei innvending mot Johan og nytta som formell grunngeving for å innsetje han i tvangsarbeidsanstalten.

---

<sup>587</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Kopibog B. N. 9, 1844-1857, 2065/52 Brev til Bergen Stiftamt datert 11.12.1852.

<sup>588</sup> UBB: Bergen Politikammer: Instrux for Politibetjentene i Bergen, § 3, Bergen 1845.

<sup>589</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 1, 1856-57, 12.9.1857.

<sup>590</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 1, 1856-57, 27.10.1857.

<sup>591</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 2, 1858-60, 12.1.1858.

<sup>592</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 2, 1858-60, 1.5.1858.

Eit anna døme er Marthe Andersdatter, fødd i Sogndalsfjøra men busett i Bergen. Ho var vertshuspike, og vart 30. juli 1851 sett i varetekt mistenkt for tjuveri. Ho vart ikkje tiltalt, men overflytta 5. august frå varetekt til seks månaders opphald på tvangsarbeidsanstalten med presten si påskrift om at ho i fleire år skal "have ført et Uagtværdigt Levnet".<sup>593</sup> Bertel Hansen Harebakken vart arrestert og sett i varetekt 4. juni 1856 mistenkt for å ha stjåle seks speciedalar. Bertel var tidlegare straffa med både fengsel og tukthus, i tillegg til opphald på tvangsarbeidsanstalten. Bertel nekta for tjuveriet og presten skreiv at han "er af et haardt Gemyt og djærv i sin Nægtelse".<sup>594</sup> Nektinga førte fram og politiet fann ikkje grunnlag for å gå til rettsleg aksjon mot Bertel. 25. juni vart han dimmitert frå varetekt, men i staden innsett på seks månader i tvangsarbeidsanstalten. Jon Asbjørnsen vart varetektsfengsla 2. november 1865: Han "Udkom af Tugthuset i April d.a. Nu mistænkt for at have stjaalet et Par Støvler".<sup>595</sup> Jon hadde to tukthusopphald og to fengselsopphald bak seg då han vart mistenkt for dette tjuveriet. Heller ikkje han vart tiltalt, men allereie dagen etter innsett på tvangsarbeidsanstalten.

Avisa *Bergensposten* skreiv i 1858 om Johan Mikalsen Grundsætbakken som var mistenkt for å ha utført innbrot hjå skipsbyggjar Dekke.<sup>596</sup> Ein vektar hadde observert mannen på Klosteret og Johan hadde vore vekke frå losjiet sitt heile natta innbrotet vart utført. Han nekta for innbrotet, men vedgjekk at han hadde gått ute heile natta på grunn av "slet Humør" og at han "ikke saa anden Udvei for sig end, at stjæle, hvilket gav Politiet Anledning til at indsætte ham i Tvangsarbeidsanstalten". Vedgåinga vart nytta av politiet som grunnlag for innsetjing i Tvungen, jamvel om verken innbrotet eller andre kriminelle tilhøve kunne provast. Med vedgåinga har ganske sikkert politiet heller ikkje sett det minste poeng i å føre slike bevis.

Daglønнар Jan Rasmussen vart arrestert for ulovleg å ha fått tak i ein nøkkel til ein bod der ein bonde hadde utsalet sitt. Jan vart "efter Omstændighederne og i Henhold til Fattiglovens § 45 indsat i 6 – seks – Maaneders paa Tvungen."<sup>597</sup> Jan si handling skulle formelt ha ført til tiltale, men etter "omstenda" – kva som no ligg i det – valde ein å setje han på Tvungen i staden for.

---

<sup>593</sup> SAB: Arkivet etter presten på Bergens Straffanstalt og Bergenhus. Mandtal over de i Bergens civile Arrester hensiddende Fanger 1849-70, Nr. 163, fol. 28.

<sup>594</sup> SAB: Arkivet etter presten på Bergens Straffanstalt og Bergenhus. Mandtal over de i Bergens civile Arrester hensiddende Fanger 1849-70, Nr. 709, fol. 109.

<sup>595</sup> SAB: Arkivet etter presten på Bergens Straffanstalt og Bergenhus. Mandtal over de i Bergens civile Arrester hensiddende Fanger 1849-70, Nr. 611, fol. 188.

<sup>596</sup> Bergensposten 14.5.1858.

Ei septembarnatt i 1867 vart Wolmer Nielsen Wideberg og Petter Mikkelsen arresterte mistenkte for tjuveri. Politibetjent Johnsen forklarte ”at der ikke haves noget Beviis mod de Angjældende, hvilke derimod kvalificere sig vel til Tvangen.”<sup>598</sup> Begge vart også innsett der. Seinare same månaden vart Anders Steffensen Nyhavn arrestert ”for mistænkeligt Forhold” og som husvill.<sup>599</sup> Det mistenkelege ved Anders vart ikkje utdjupa, men det var likevel tilstrekkeleg for å få tvangsarbeid på seks månader. I Carl Elias Skarholmen sitt tilfelle ser ein korleis dette har fungert i praksis. Carl var sterkt mistenkt for tjuveri, og fornærma og politi har nok også tatt det for gitt at Carl var skuldig. Dei hadde likevel ikkje bevis mot han og visste at saka ikkje ville kunne gi fellande dom i ei rettssak. Dermed vart tvangsarbeid heimla i § 61 i fattiglova ein tenleg måte å reagere overfor Carl på. Forretningsjournalen gav heller ikkje andre grunnar enn mistanke om tjuveri som årsak til innsetjing:

*“Løskarl Carl Elias Pedersen Skarholmen arresteret inat af Vægter No 14 og 16 som mistænkt for Tyveri. Anm. fra Sandal af D.D. Vægter No 10 Nils Hauge forklarede at Angjældende inat havde trængt sig ind paa Kjøbmand Madsens Bondestue uden Tilladelse. Hans Nilsen Lille Lindaas af Lindaas forklarede at han inat blev bestjaalen af en Person, som han bestemt tror er Angjældende. Denne havde først lagt sig i den øverste Køi, men havde gaaet derfra ned i den nederste idet Dept.[her: den fornærma] laa i den midterste og mærkede, at der var en som lagde sig paa hans Bryst, og derpaa trak sig ned i nederste Køi. Dept. tog Personen om Haanden og tog de stjaalne penge tilbage, med det samme. Han saa ikke Angj. da det nemlig var mørkt og han har ingen Vidner, der saa ham. Angjældende løslodes af Arresten og blev i Henhold til Fattiglovens § 61 indsat paa Tvangen i 5 Maaneder.”<sup>600</sup>*

I døma over har mistanke om konkrete lovbrøt *utløyst* tvangsarbeid som ein subsidiær sanksjon. Ein klarte ikkje å frambringe nok bevis for å gå til justisaksjon, eller fornærma har trekt tilbake klage, men ein løyste dette ved å sanksjonere i form av tvangsarbeid, noko det også var tilgang til etter fattiglovas lausgjengarparagraf.


Me augnar eit mønster i årsakene bak innsetjingane. Ein del av innsetjingane skuldast initiativ frå slekt og naboar, eller forsåvidt frå den innsette sjølv, men dei fleste ser ut til å vere eit resultat av initiativ frå politiet. Gjennom forretningsjournalane stig to moglege forløp fram. I det eine forløpet var innsetjinga eit resultat av observasjonar av dei utegåande politibetjentane sjølve, eller opplysningar dei har fått nyss om, og som har resultert i ei innkalling av enkeltpersonar til politikammeret. Etter eit kort forhøyr der politiet konstaterte at vedkomande ikkje hadde fast arbeid og/eller var henfallen til fyll, vart anten innstjing på tvangsarbeidsanstalten umiddelbart eksekvert, eller ein dimmiterte med ei klar åtvaring om at så kom til å skje. I det andre forløpet skjedde innsetjinga som eit resultat av arrestasjon,

<sup>597</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 4, 1863-65, 8.7.1863.

<sup>598</sup> SAB: Politimesteren i Bergen. Forretningsjournal nr. 5. 1867-70, 10.9.1867.

<sup>599</sup> SAB: Politimesteren i Bergen. Forretningsjournal nr. 5. 1867-70, 28.9.1867.

Figur 7-7: Gjennomsnittleg innsetjingstid i månader på tvangsarbeidsanstalten 1850-75, fordelt på kjønn.



gjærne kvelden før, i samband med fyll, bråk eller andre mistenkelege tilhøve, og for kvinnene også gjerne for prostitusjon og/eller fyll. Ved lauslating frå arresten dagen etter konkluderte gjerne politiet med at vedkomande var kvalifisert for tvangsarbeid og iverksette dette same dagen, eller igjen nøydde seg med ei åtvaring.

For ein del av innsetjingane var ikkje grunnen oppgitt nærare, berre at heimelen var fattiglovas bestemmelsar om ørkesløyse og drukkenskap (§ 45 i fattiglova frå 1845 og § 61 i fattiglova frå 1863). Dette galdt dels innsetjingar nemnde i forretningsjournalane, men særleg i bøteprotokollane. Her kjenner ein følgeleg heller ikkje omstenda rundt innsetjinga. Uansett kva omstenda var, og kven som tok *initiativet* til innsetjingar i alle desse tilfella, var det politiet som var innsetjingsmakt og den ansvarlege instansen for at sanksjon vart påført.

## 7.6 AUKANDE GJENNOMSTRØYING


Den maksimale tida ein kunne bli sett på tvangsarbeidsanstalten var seks månader. Mot midten av 1850-talet var det vanleg med lange opphald på anstalten, i både 1855 og 1856 sat over 70 prosent av kvinnene på maksimaltid, medan prosenten for menn låg mellom 60 og 70. Så fall innsetjingstida fram mot slutten av 1860-talet då rundt 90 prosent av både menn og kvinner sat inne tre månader eller mindre.

Dette gjenspeglar seg også klart i figur 7-7 som viser den gjennomsnittlege innsetjingslengda. Frå midten av 1850-talet fall denne frå mellom fire og fem månader til rundt to på slutten av 1860-talet. Dette var ei utvikling som var påfallande lik for både menn

<sup>600</sup> SAB: Politimesteren i Bergen. Forretningsjournal nr. 5. 1867-70, 16.10.1868.

og kvinner. Med aukande tal på innsetjingar, betyr dette at anstalten opplevde ei aukande gjennomstrøyming. Denne gjennomstrøyminga er også viktigaste forklaringa på at anstalten tok i mot så mange fleire tvangslemmar utover på 1860-talet. Den totale belastninga på anstalten kan ein måle ved den samla innsetjingstida kvart år. Figur 7-8 viser at den stort sett var større på 1850-talet enn seinare, også etter utbyggjinga etter 1860.

*Figur 7-8: Samla innsetjingstid på tvangsarbeidsanstalten 1850-75 i månader.*



Utviklinga i retning av kortare innsetjingstid er interessant og ikkje umiddelbart lett å forklare. Me har tidlegare sett at forklaringa på effektiviseringa av sanksjonane ikkje kan søkast i plassomsyn. Den gamle arbeidsanstalten var forbeholden for tvangslemmar og skulle ha ein kapasitet på 110 lemmar. Etter ombyggjinga hadde anstalten alltid eit belegg på mindre enn 70 tvangslemmar ved inngangen til kvar måned. Slik kunne fleire enkelt få plass om ein ønskte det. Når talet på innsetjingar auka, var det likevel eit klart uttrykk for at ein ønskte å sanksjonere mot stadig fleire, i første rekke menn. At styresmaktene gjorde dette ved å avgrense innsetjingstida kan kanskje forklarast med eit ønske om å halde kostnadene med opphald på tvangsarbeidsanstalten under kontroll. Signaleffekten har vore viktig ved innsetjing på Tvangen. Lengda ein sat der var i og for seg underordna at ein faktisk var funnen kvalifisert til opphald der. Det var eit sterkt signal til den det galdt, og forsåvidt også til omgjevnadene.

## 7.7 KARAKTERISTIKK AV TVANGSLEMMANE

Tvangsarbeidsanstaltane i Bergen, som i Oslo og Stavanger, rekrutterte utan tvil den største delen av klientellet sitt frå dei mest marginaliserte gruppene i bysamfunnet – lausgjengarar, drukkenboltar, prostituerte og heimlause. Det synes også som om politimeister Olsen sin



vurdering av anstalten sin funksjon i hans politimestertid (1893-1905) også passer på tilhøva i Bergen frå midten av 1800-talet. Tvangsarbeidsanstalten vart også brukt til å sanksjonere mot individ ein ikkje fann rettsleg grunnlag for å starte ein justisaksjon mot, men som politiet var overbevist om var skuldige, om ikkje for brotsverket ein var mistenkt for, så for andre forhold. Tvangsarbeid vart dermed nytta til å straffa mistenkeleg og ”uagtværdig” levesett.

I Oslo observerte Sundt klientellet i tvangsarbeidsanstalten der – Mangelsgaarden. Han omtalte dei innsette som ”gatas fanter”.<sup>601</sup> Desse, seier Sundt,

*”ansees [...] for at være sunkne så dybt, at de stå udenfor folkeskikken og under almindelig agtelse, så der må være hin politi-myndighed over dem.[...] Mængden av Mangelsgaardens befolkning udgjør virkelig byens udskud. Det er folk, som skydes ud af det frie samkvem med andre, og som sættes ind, fordi de ikke må gå løse.”*<sup>602</sup>

Alexander Kielland skreiv i 1889 kritiske avisartiklar om ”Den kombinerede Indretning” i Stavanger, som mellom anna husa tvangsarbeidsanstalten. Biletet han gir av dei innsette tvangslemmane var heilt i samsvar med det Sundt gav uttrykk for:

*”Det er naturligvis i ethvert Samfund endel mennesker, der er gledne saa langt ned i ‘Sumpen’, at de ikke staar til at redde; og af den Art huser, som bekjendt Arbeidsanstalten i Stavanger em meget stor Del [...]. Her er altsaa fast Opholdssted for dem af Samfundets ‘Udskud’, som har gjennemgaaet saatsige alle Trin af Fornedrelsen; de har opgivet sig selv og samfundet har opgivet dem [...].”*<sup>603</sup>

Slik har ikkje tvangsarbeidsanstalten berre vore eit avskrekkande botemiddel mot enkelte almishesøkande, men også vore ein viktig og flittig brukt reiskap i ein meir samfunns moralsk kamp mot drikkfeldige, småkriminelle og prostituerte. Fattigkommisjonen som vart nedsett i forkant av den nye fattiglova grunn gav i 1856 at formålet med tvangsarbeidsanstaltane, i tillegg til å motarbeide hangen til ørkesløyse, drukkenskap og betleri, også skulle motarbeide ”moralsk Fordærvelse overhovedet.”<sup>604</sup> Dette siste finn ein ikkje nedfelt i formelle lovverk, men det er ingen grunn til å tru noko anna enn at politiet har hatt kamp mot moralsk ”fordervelse” i sinne ved forvaltning av av fattiglovene og tvangsarbeidsanstaltane. Jurist og riksadvokat Bernhard Getz gav i utkastet til ny straffelov frå 1893 klart uttrykk for synet på tvangslemmane i motiva. Desse, meinte han:

*Hvis Omstreiferne er Landsbygdens Svøbe, er det forbryderske Proletariat af Dagdrivere de større Byers; Personer som tilbringer Dagen i Lediggang eller i Kneiperne, lever af Tyverier, af Undestøttelse af den kvindelige Prostitution eller af sin egen, sover snart under aaben*

<sup>601</sup> Sundt 1978, s.145.

<sup>602</sup> Sundt 1978, s.145.

<sup>603</sup> Alexander Kielland: Den kombinerede Indretning. Sætryk af ”Stavanger Avis”; Stavanger 1889, her etter Utne 1982, s. 103.

<sup>604</sup> *Betænkning og Indstilling fra den ved Kongelig Resokution af 5te August 1853 nedsatte Commission angaaende det offentlige Fattigvæsen pasa Landet*, Christiania 1856, s. 111.

*Himmel, snart i halvffærdige Huse, overalt spredende Fare for Person, Moral og Eiendom rundt om sig.*<sup>605</sup>

Klientellet på tvangsarbeidsanstaltens framstår som to hovudtypar for mennene sin del, med store overlappingar; ”drukkenboltane” og vanetjuvane. Me finn dei som i hovudsak berre var drukkenboltar og som vart innsett for å ha vist seg rusa gong etter gong på offentleg stad, gjerne i kombinasjon med gatebråk, og me finn dei som meir vart oppfatta som småkriminelle og vanetjuvar utan at dei *nødvendigvis* var alkoholiserde. Men den største gruppa var menn med rusproblem og lausleg tilknytning til arbeidsmarknaden, og som etter omstenda i større eller mindre grad var tvungne til jamnleg å drive medsmåkriminalitet for å overleve. I tillegg til desse var det ei gruppe av fortvilt marginaliserte personar utan verken fast arbeid eller bustad, og som i dei fleste tilfella også anten var drikkfeldige eller småkriminelle. Felles for dei fleste var at dei etter mange normbrot bak seg var godt kjende av politiet. Dei var såleis lette å identifisere og lokalisere fordi dei regelmessig hadde merksemda til politiet retta mot seg.

Blant kvinnene hadde ein også denne siste gruppa, men også her kan hovudtypane delast i to delvis overlappende grupper. Igjen finn ein dei alkoholiserde, men dei aller fleste av desse var i tillegg også prostituerte. Og som for dei småkriminelle, var det heller ikkje alle dei prostituerte som vart oppfatta å ha eit rusproblem, men motivet for innsetjinga var å sanksjonere mot prostitusjonsverksemda, og ikkje rusmisbruk, slik undersøkinga av yrka til dei innsette, og andre utsegner, klart viste. For alle desse gruppene var uansett tvangsarbeidsanstalten eit fleksibelt instrument for å påføre sanksjonar på ein effektiv og ubyråkratisk måte.

## 7.8 FRÅ KRIMINELLE ENKELTHANDLINGAR TIL KRIMINALISERT LEVESETT

Straffeanstaltane sanksjonerte mot enkelthandlingar, konkrete lovbrod som måtte provast rettsleg, medan tvangsarbeidsanstalten meir sanksjonerte mot levesett. Det var sjeldan konkrete enkeltehendingar som førte til opphald på tvangsarbeidsanstalten. Eit uakseptabelt levesett over tid, derimot, kunne føre til opphald her. Likevel ser ein at enkelthendingar, til dømes som mistenkt i eit lovbrod, kunne *utløyse* ei innsetjing når vedkomande var kjend frå

---

<sup>605</sup> Bernhard Getz: *Udkast til Almindelig borgerlig Straffelov for Kongeriget Norge. Motiver*, Kristiania 1893, s. 127.

før. Sjølv om tvangsarbeid formelt ikkje var straff, vart det av samtida likevel oppfatta slik. Innsetjing på tvangsarbeid representerte dermed i praksis ei kriminalisering av levesett. Tvangslemmane vart straffa etter mistanke, ikkje etter dom.

Formannen i Straffelovkommisjonen som arbeidde fram straffelova av 1902, Bernhard Getz, gav i 1893 uttrykk for at tvangslemmane nettopp levde av regelmessige tjuveri og at vissa om dette i seg sjølv var grunn nok til innsetjing i tvangsarbeidsanstalt, jamvel om prova ikkje heldt mål:

*”Om de end undgaar Straffen for disse, idet Beviset for de enkelte forbryderske Handlinger svigter, er det dog fuldstændig berettiget ved Afgjørelsen af, hvorledes Samfundet bør stille sig ligeoverfro dem, at tage Hensyn til den Fare, som deres Levemaade medfører, og den Skade for Samfundets Interesser, hvormed denne nødvendigen er forbunden.”*<sup>606</sup>

Ved innsetjing i tvangsarbeidsanstalten i lengre tid, meinte Getz at den innsette mista høvet til å utføre nye ugjerningar, noko som i seg sjølv vart oppfatta som positivt for ”den offentlige Orden og Retssikkerheden”.

Tvangsarbeid var ikkje berre ei sak mellom styresmakt og ei ekskludert og marginalisert gruppe av drukkenboltar og småkriminelle. Byallmugen har vore aktive agentar i utøvinga av den rådande samfunnsmorale, og nytta tvangsarbeidsanstalten som eit trugsmål mot personar i nærmiljøet, som naboar og slekt. Der slikt trugsmål ikkje førte fram, tok ein saka vidare til politiet som aksjonerte, først ved å kalle vedkomande inn til forhøyr med etterfølgjande åtvaring eller innsetjing på tvangsarbeidsanstalten. "Tvungen" har vore berykta i folks auge, og tvangslemar følgjeleg likeså.

Samla var tvangsarbeid ei langt meir totalitær sanksjonsform enn straffeanstalttopphald. Potensielle tvangslemmar vart ikkje berre overvaka av styresmakter i det offentlege rom, men dei kunne risikere å bli angitt av slekt og naboar og verte påført lengre fridomstap utan rettsleg handsaming eller anna form for skriftleg grunngjeving. Likevel viser allmugen sine eigne initiativ til bruk av tvangsarbeid at anstalten vart oppfatta som legitim og nødvendig blant folk flest.

Resultatet av tverrsnittsanalysen tyder på at dei ulike anstaltane dels rekrutterte frå det same sosiale sjiktet. Tvangsarbeidsanstalten rekrutterte kanskje i endå større grad sine innsette

---

<sup>606</sup> Bernhard Getz: *Udkast til Almindelig borgerlig Straffelov for Kongeriget Norge. Motiver*, Kristiania 1893, note 1, s. 118.

blant dei mest marginaliserte, medan me i straffeanstaltane også finn ein del personar som reint tilfeldig eller ut frå veldig spesielle omstende hadde begått ei kriminell handling, og som ikkje vart oppfatta verken som spesielt pauperisert eller marginalisert. Ellers var det tydeleg at tvangsarbeid for menn ikkje var eit ungdomsfenomen. Medan kvinnene på tvangsarbeidsanstalten snarare var yngre enn kvinnene på straffeanstaltane, var mannlege tvangsarbeidarar ein vaksen gjeng. Det indikerer ein viss nyanse i kva klientell dei ulike anstaltane rekrutterte frå, eller i det minste frå klientell i ulike livsfasar. Berre ei longitudinell undersøking av sanksjonsmottakarane vil vise i kva grad klientellet i dei to sanksjonstypene var overlappande.

Ein tverrsnittsanalyse gir berre enkelte indikasjonar på korleis enkeltkarrierer fortonte seg. Me veit at innsetjing i dei strengaste straffeanstaltane gjerne kravde tidlegare domfellingar, og ei slik innsetjing viser at vedkomande mest sannsynleg hadde ei etablert karriere som kriminell og sanksjonsmottakar. Protokollen for slaveriet lista detaljert opp tidlegare dommar til dei innsette, og slike opplysningar er også tilgjengeleg i kjeldene etter tukthuset. På tvangsarbeidsanstalten har somme oppgitt dimmitert straffange som yrke, og viser til ein bakgrunn frå straffeanstaltar. Sjølv om undersøkinga av enkeltinnsetjingar i dei ulike anstaltane har vist ein forholdsvis differensiert bakgrunn, særleg med omsyn til alder, er det på grunnlag av ein slik tverrsnittsanalyse uråd å konkludere andsynes problemstillingar som knyter seg til karrierer.

Denne tverrsnittsanalysen viste ikkje ein veldig klar samanheng mellom opninga av det moderne fengslet og auka interesse for å sanksjonere mot dei aller yngste. Den kan berre skimtast som eit mellombels fenomen. Talet på innsette var sterkt aukande i tida etter opninga i 1867. Også dei aller yngste vart fleire i absolutte tal dei første åra etter opninga, men som gruppe utgjorde dei berre minimalt fleire enn før opninga. Dette var eit resultat av at fengsel, i staden for tukthus, vart tatt i bruk som straffeanstalt i staden for i ei rekke lovbrøt med verknad frå 1867. Frå 1870 og nokre år framover, avtok derimot talet på dei aller yngste sterkt, men samtidig auka andelen med ukjend alder også og tåkelegg utviklinga noko. Samanfallet mellom opninga av det moderniserte fengslet og nedsetjing av straff for ein del lovbrøt gjer det vanskeleg å trekke klare konklusjonar på verknaden det nye fengslet hadde. Auken i talet på fangar viste klart at den utvida kapasiteten som kom med det nye fengslet var ytterst påkrevd. Dette peiker på nødvendet av ei longitudinell undersøking for å sjå endringa i eit karrieresperspektiv, og slik undersøke kor mange som debuterte med fengsel i ulike aldersgrupper før og etter 1867.

Tvangsarbeidsanstalten framstår som eit paradoks i bruken av sanksjonar. For det første står den administrativt heimla innsetjing i sterk kontrast til den rettsleg handsama fridomsstraffa. For det andre er det eit paradoks at ein etablerte tvangsarbeidsanstaltane parallelt med kritikken mot dei gamle straffeanstaltane, ettersom desse var organisert på same måten. Tvangsarbeidsanstalten danna som straffearbeidsanstaltane eit fellesskap av sanksjonsmottakarar som genererte eit uheldig miljø, særleg for dei unge og urøynde. I vurderinga av det samla anstaltsystemet vil omfanget av anstaltkryssing mellom tvangsarbeidsanstalten og straffeanstaltane vere sentralt. Om ei longitudinell undersøking viser at dei innsette på tvangsarbeidsanstalten ikkje i særleg omfang også vart straffedømd, vil ikkje organiseringa av opphaldet der medføre eit like stort paradoks i strafferettspleia. Det paradoksale med tvangsarbeidsanstalten vil først bli tydleggjort om eg kan finne at tvangsarbeidsanstalten og straffeanstaltane rekrutterte frå det same klientellet. I så fall vil tvangsarbeidet virke nedbrytande på det arbeidet som vart gjort i avsondringsbaserte fengsel. I den longitudinelle analysen vil nettopp omfanget av denne typen anstaltkryssing stå sentralt.

Ein tverrsnittsanalyse er eit augneblinksbilete. At ein føretar slike augneblinksbilete ulike år, og samanliknar tverrsnitt over tid, endrar ikkje på dette. Fordelen med denne typen analyse er at populasjonen er relativt enkel å handtere. I min samanheng vil det vere alle som vart innsett på straff i dei ulike anstaltane. Slik er det ikkje når ein skiftar tilnærming frå tverrsnitt til lengdesnitt, der enkeltpersonar si karriere over tid er det sentrale. Kjeldematerialet eg nyttar vil ikkje vere i stand til å fange opp alle relevante karrierehendingar til heile populasjonen som er nytta i tverrsnittsanalysen. Før eg i kapittel ni kan føreta den individuelle analysen, må eg i neste kapittel avgrense populasjonen som skal analyserast til dei eg faktisk er i stand til å følgje over tid.



## 8 AVGRENSING AV ANALYSEPOPULASJONEN

Dei ulike sanksjonsanstaltane rekrutterte frå til dels svært ulike område. Slaveriet tok imot frå det geografisk vidaste området og mottok fangar frå store delar av Vestlandet. Tukthuset tok i mot fangar frå eit noko mindre, men framleis stort område, medan fengslet saman med tvangsarbeidsanstalten rekrutterte frå det snevraste området. Den siste var i praksis avgrensa til sjølve Bergen by, sjølv om ein også her fann innsette med laus tilknytning til Bergen. Innsette frå Stavanger på slaveriet ville i andre omstende sokne til det lokale fengslet og tukthuset i Kristiansand og elles lokale tvangsarbeidsanstaltar. Opphaldet i ein straffeinstitusjon i Bergen kan ha vore ein mindre og noko tilfeldig del av deira kriminelle karriere. Slik blir materialet i komplett tilstand uhandterleg andsynes spørsmål knytt til karriere og longitudinelle problemstillingar. Dei ulike anstaltane i Bergen fangar berre opp enkelte av innsetjingane i dei individuelle karrierane til ei stor gruppe.

Eg må difor avgrense populasjonen som skal undersøkast i den longitudinelle analysen til dei som hadde tilknytning til Bergen og næraste omegn utover den reint tilfeldige, og som dermed sokna til alle dei ulike anstaltane som eksekverte fridomtap i Bergen. Bergen med omegn vil seie sjølve Bergen by og landsokna til byen, samt Askøy og gamle Årstad kommunar. Desse to kommunane grensa opp til Bergen og hadde også visse urbane trekk. I den vidare framstillinga vert Bergen, Askøy og Årstad omtala som Stor-Bergen.

I Årstad fann ein soveområde som Fløen og meir semi-urbaniserte område som Solheimsviken med tilhøyrande verftsindustri. I Askøy kommune låg først og fremst Laksevåg og tettstaden rundt skipsverftet. Tilsvarende sentralstadar på Askøy var Strusshavn og Florvåg, men ingen av desse hadde dei same urbaniserte trekka som Laksevåg og Solheimsviken. At også dei fjernare delane av Askøy er definert inn under Stor-Bergen er naturlegvis noko problematisk. Det er ikkje råd å seie at personar derfrå med større rett kan inkorporerast i eit Stor-Bergen enn andre frå til dømes Fana og Hamre prestegjeld. Valet som er gjort er grunnlagt med ønske om å få med personar med tilknytning til verftsområdet på Laksevågsida, men desse kunne berre delvis skiljast ut frå dei andre frå Askøy. Både Årstad og Askøy sokner i alle tilfelle til alle straffeanstaltane i Bergen. Den nære tilknytninga til Bergen og den urbane sosio-økonomiske bakgrunnen til arbeidarane her, gjorde også byen til ein naturleg arena for desse. Sjølv om innsetjing av desse på tvangsarbeidsanstalten var litt meir problematisk økonomisk sett, er det grunn til å tru at dei var meir utsett for det om dei elles vart oppfatta som kvalifisert av styresmaktene.

Sjølv om eg avgrensar til personar som heile tida sokna til alle dei ulike anstaltane i Bergen, vil ein ikkje fange opp alle fridomssanksjonane til desse. Folk var mobile også på 1800-talet, og kriminelle var gjerne meir mobile enn mange andre, mellom anna for å skifte miljø og sleppe unna merksemda til politiet. Dei mest omfattande kriminelle karrierene finn ein blant dei innsette i slaveriet. Av 53 innsette med Bergen som heimstad her, hadde 14 oppgitt opphald på straffeanstaltar utanfor Bergen. Det same tilhøvet vil også gjere seg gjeldande mellom dei innsette i dei andre anstaltane, men i mindre grad ettersom desse hadde jamnt over kortare karrierar og dermed mindre sannsynleg at desse kan ha vore dømde i andre jurisdiksjonar. Uansett tyder dette at eg i den longitudinelle analysen vil operere med minimumskarrierar.

### 8.1 VILKÅR FOR Å VERTE INKLUDERT I ANALYSEPOPULASJONEN

Avgrensinga av analysepopulasjonen er basert på ulike vilkår. For det første er berre personar som vart utsett for ein fridomssanksjon i tida 1850-75 med. For det andre er avgrensinga basert på opplysningar om fødestad, bustad, opphaldsstad og brotsstad. Personar i analysepopulasjonen må anten ha vore fødd, ha budd, oppheldt seg eller vore innsett for ei handling utført i Stor-Bergen. Desse opplysningane har eg frå ei rad ulike kjelder (sjå Tabell 8-1). Registrert fødestad eller bustad i Stor-Bergen er i seg sjølv tilstrekkeleg for å verte inkludert i analysepopulasjonen, ved registrering av opphaldsstad eller dom i området som einaste tilknytning, er tilleggsvilkår nytta.

Opplysning om fødestad er ukomplisert, og henta frå kjelder som seier at vedkommande var fødd i Stor-Bergen, eller ved atfinning av personen som fødd i kyrkjeboka for området. Bustad er handsama på same måten. Når det gjeld folketeljingane har eg berre inkludert opplysningar om bustad frå dei som var registrert utanfor ein sanksjonsanstalt på teljingstidspunktet. Det vil seie at ein person som meir eller mindre tilfeldig sat i tukthuset i Bergen då ei teljinga fann stad, og slik vart registrert i folketeljinga for Bergen, *ikkje* har fått Bergen registrert som bustad. Tvangsarbeidsanstalten førte ikkje bustad, men gav heimstamn for ein del. I avgrensinga er dei med heimstamn i Bergen rekna som busette i Bergen. Utover kravet om at ein måtte ha eit opphald i ein av anstaltane 1850-75, er ikkje tidspunktet for kjelderegistreringa vektlagt. Av 2502 med registrert bustad i Bergen, hadde likevel 94.4 prosent denne registreringa i tida 1850-75.



At ein er knytt til Bergen gjennom jurisdiksjonsopplysningar tyder altså at ein har utført ei handling i Stor-Bergen som medførte innsetjing i ein av anstaltane. I denne samanhangen må den sanksjonerande instansen ha tilhald i byen. Dette gjaldt politi- og byrett for straffeanstaltane, og i praksis politiet i Bergen ved innsetjing i tvangsarbeidsanstalten. Askøy og Årstad tilhørte juridisk til Midhordland sorenskriveri i min periode og jurisdiksjonen omfatta mykje meir enn sjølve dei to kommunane. Utfrå kjeldene sine opplysningar om jurisdiksjon er det difor uråd å knytte brotsverk direkte til desse kommunane. Dermed vil nokre personar som utførte sine lovbrøt i Årstad eller Askøy, og som elles ikkje oppfylde vilkåra for å verte inkludert i analysepopulasjonen, falle ut.

Eit anna problem ved avgrensinga er dei som vart sett inn etter dommar i stiftsoverretten eller i Høgsterett. Desse kan i første instans ha vore dømde i underrettar knytt til Stor-Bergen. Eit fleirtal av dei innsette i fengslet var det sannsynlegvis, men for straffarbeidsanstaltane er dette langt meir usikkert. Eg har tidlegare vist at omfanget av endeleg domfelling i første instans varierte frå jurisdiksjon til jurisdiksjon. Alle opplysningar om jurisdiksjon som berre var knytt til ein ankeinstans er difor utelatne. Som vist for tvangsarbeidsanstalten, vart så å seie alle innsette der etter politiet si avgjerd. For store deler av perioden mangla innsetjingsmakta, men på bakgrunn av den store dominansen til politiet i dei kjende periodane, er *alle* innsette på tvangsarbeidsanstalten gitt Bergen som jurisdiksjon, med unntak av dei som eksplisitt hadde annan innsetjingsmakt. Dette kan ha ført til at nokon på galt grunnlag har fått Bergen som jurisdiksjon. Det gjeld likevel få, og ei utelating av alle utan slike opplysningar ville vore langt meir problematisk.

Eg har skild mellom bustad og opphaldsstad. Bustad er berre nytta der kjeldene eksplisitt seier at Bergen er bustad. Enkelte kjelder oppgav ikkje bustad, men nærveret i kjelda viste at vedkommande var i Bergen på kjeldetidspunktet. Fødde ein eit barn i Bergen, så må ein ha opphalde seg i Bergen på det tidspunktet, sjølv om den eigentlege bustaden var ein heilt annan. Det same er tilfelle for med heimstamnsforhøyra. Bystyresmaktene har vist interesse for ein person sitt nærver i Bergen og har gjort forhøyret i frykt for at vedkommande på sikt ville påføre byen økonomiske byrder.

I dei tilfella der tilknyttinga til Stor-Bergen berre kan etablerast gjennom å ha området som opphaldsstad eller jurisdiksjon, er vilkåret for inkludering at me finn minst to slike tilknyttingar med ein tidsavstand på minst to år.

## 8.2 RESULTATET AV POPULASJONSAVGRENSINGA

Tilknyttinga til Stor-Bergen er altså gjort på grunnlag av registreringar i ei rekkje kjelder, både etter sanksjonsanstaltane og i det innlenka kjeldematerialet. Tabell 8-1 viser korleis ulike kjelder knyter personar til Stor-Bergen. Dei viktigaste er sanksjonskjeldene ettersom det er personane der som står i fokus, men tilleggskjeldene har fungert komplementært.

**Tabell 8-1: Tilknytting til Bergen etter kjelde og type.**

Kjelde	Bustad	Fengsel	Jurisdiksjon	Opphaldsstad	Unike personar
Fengsel	1653		2524		2715
Tvangsarb.		675	1672	198	1083
Barns dåp	879				847
F 1865	799	421			801
Eigen dåp		717			717
F 1875	657	338			652
Vigde Bergen		363		595	595
Heimstamn		162		733	733
Tukthuset	112	212	276		417
Død	382			2	383
Krigskom.	370	307			370
Død etter 1881	331	180		333	333
Slaveriet	49		87		100
Vigde Askøy		31		57	57
Fødselsstiftelsen	44				44
Død på Askøy	35	20		37	37

Den første avgrensinga av populasjonen baserte seg på tidspunktet for fridomssanksjonar. I denne samanhengen er eg berre interessert i dei som vart sett inn i tida 1850-75. I alt 5734 av 6824 personar i databasen oppfylde dette vilkåret. Dei som fall utanfor gjorde det fordi dei stod i registeret med berre éi innsetjing, anten før 1850 eller etter 1875.<sup>607</sup> Av desse 5734 var det igjen 4060 som etter vilkåra ovanfor kunne knytast til Stor-Bergen gjennom fødestad, bustad, opphald eller jurisdiksjon (Tabell 8-2). Eit overveldande fleirtal av desse (98 prosent) vart knytt til sjølve byen Bergen. Av desse var jurisdiksjon og bustad vilkåra flest oppfylde. Knappe to hundre kunne knytast til Askøy, først og fremst gjennom bustad, og noko over hundre til Årstad, igjen særleg gjennom bustad. Dette er personar som i stor grad, men ikkje utelukkande, budde i dei bymessige stroka rundt Solheimsviken og på Laksevåg.

Dei fleste vart knytt til Bergen gjennom jurisdiksjon, dvs. at dei hadde utført ei handling i Bergen som førte til innsetjing i ein anstalt, dei aller fleste av desse att ved å bli innsett på tvangsarbeidsanstalten av politiet i Bergen.

<sup>607</sup> Registeret til tukthuset gjekk frå 1838 og fram til nedleggjinga i 1885.

Som ein ser av Tabell 8-3 var det temmeleg vanleg at personar med tilknytning til Askøy og særleg Årstad, også hadde tilknytning til sjølve Bergen. Dette viser tydeleg kor nært knytt desse områda var til byen, både geografisk og sosio-økonomisk. At fleire enn kvar tredje frå Askøy ikkje samstundes var knytt til byen, er ei påminning om at deler av Askøy låg meir perifert til enn Laksvåg-sida. I tillegg er det i denne samanhangen eit poeng at eg for Askøy har hatt tilgang til kyrkjebøker over døde og gifte i perioden, og slik klart å knyte fleire til dette området enn kva tilfellet er for Årstad, der tilsvarande kjelder ikkje finst i elektronisk form.

**Tabell 8-2: Type tilknytning til Stor-Bergen fordelt på Askøy, Årstad og Bergen.**

	Askøy	Årstad	Bergen	Unike
Bustad	159	105	2339	2502
Fødestad	85	22	1306	1382
Jurisdiksjon	1		3626	3626
Opphaldsstad	73		1400	1463
Unike	199	121	3972	4060

**Tabell 8-3: Kombinasjonar av tilknytning til Stor-Bergen. I prosent.**

	Bergen	Askøy	Årstad	n
Bergen	100.0	3.2	2.6	3971
Askøy	64.3	100.0	3.0	199
Årstad	85.1	5.0	100.0	121

**Tabell 8-4: Kombinasjonar av tilknytning til Stor-Bergen fordelt på Askøy, Årstad og Bergen.**

	Bustad	Fødestad	Juris.	Opph.	Unike
Bustad	100.0	45.7	85.4	43.8	2502
Fødestad	82.6	100.0	91.0	53.7	1382
Jurisdiksjon	58.9	34.7	100.0	34.7	3626
Opphaldsstad	74.9	50.7	85.9	100.0	1463

**Tabell 8-5: Kombinasjonar av tilknytning til Stor-Bergen for jurisdiksjon og opphaldsstad.**

	Bustad	Fødestad	Bustad el. fødestad	Unike	Kun J el. O	% kun J. el. O
Jurisdiksjon	58.9	34.7	65.0	3626	1270	35.0
Opphaldsstad	74.9	50.7	78.4	1463	316	21.6
Jur. el opph.	59.8	34.8	65.6	3832	1318	34.4

At dei med tilknytning til Bergen berre i liten grad også hadde tilknytning til randområda Askøy og Årstad er like lite overraskande som det omvende, nemleg at personar frå dei nære randområda hadde til dels sterk tilknytning også til Bergen. Tilknytning til begge dei to

randsonene var uvanleg. Fem prosent av dei med tilknytning til Årstad hadde også ein eller annan gong registrert tilknytning til Askøy, og vel tre prosent omvendt.

Tala presentert så langt seier ikkje umiddelbart noko om kor sterk tilknytninga til Stor-Bergen var for dei enkelte. Det er uproblematisk å tru at dei som var fødde i området hadde den sterkaste tilknytninga og mest stabilt tilhald her. Dei som var registrerte gjennom jurisdiksjon eller opphaldsstad kan ha hatt meir flyktige og tilfeldige opphald her. Tabell 8-4 og Tabell 8-5 viser kor utbreiddt kombinasjonar av ulike opplysningar var, og dette er særleg interessant for nettopp jurisdiksjon og opphaldsstad. Over halvparten (58.9 prosent) av dei som var knytt til Stor-Bergen gjennom jurisdiksjon, var også knytt til Bergen gjennom bustad, og omlag kvar tredje var i tillegg fødd i området. Nesten to tredjedeler (65 prosent) var registrerte anten med fødestad eller bustad i tillegg til jurisdiksjon. Dei som hadde Stor-Bergen registrert som opphaldsstad, hadde også i stor grad meir 'pålitelege' registreringar. Halvparten var fødde i området og over tre fjerdedeler av dei hadde budd i området. Endå fleire (78 prosent) hadde fødestad eller bustad registrert i tillegg til opphaldsstad.

**Tabell 8-6: Talet på registrerte sanksjonar for dei som berre er tilknytt ved jurisdiksjon eller opphaldsstad.**

Antal sanksjonar	n	%
1	895	67.9
2	203	15.4
3	91	6.9
4	48	3.6
5	81	6.1
	1318	100.0

1318 personar med tilknytning til Stor-Bergen gjennom jurisdiksjon eller opphaldsstad kan ikkje knytast til området på andre måtar. Desse må mistenkjast for å ha ei ei laus tilknytning til Bergen, og må oppfylle tilleggsvilkår for å verte inkludert. 895 i denne gruppa fekk berre éin sanksjon i Bergen i alt. På den eine sida tyder dette at dei faktisk hadde ein svært tilfeldig eller midlertidig tilknytning til Stor-Bergen, og dermed ueigna i ein longitudinell undersøking. På den andre sida kan ein heller ikkje utelukke at den tilsynelatande lause tilknytninga var eit resultat av få sanksjonar. Dei som ofte vart sanksjonert, vil lettare oppfylle vilkåra for å verte inkludert i analysepopulasjonen. Over tusen av dei innsette i fengslet hadde ikkje bustad oppgitt. Vart ein innsett i fengslet, og ikkje direkte etter ein dom i ein underrett i Bergen, er ein difor avhengig av å finne vedkomande i ei demografisk kjelde for å knyte personen til Bergen. Å utelukke desse 895 kan derfor føre til ei uønskt skeivheit i materialet og overvekt av residivistar.

**Tabell 8-7: Av 895 med berre jurisdiksjon eller opphald som grunnlag og éin sanksjon**

Antal år mellom 1 og 2. registrering	Antal personar
2 år eller mindre mellom registreringar	863
Meir enn 2 år mellom registreringar	32
Totalt	895

**Tabell 8-8: Kjelder opplysningar om jurisdiksjon og/eller opphaldsstad er henta frå.**

Kjelde	Antal	% menn
Fengsel	532	85.7
Tvangsarb.	258	81.8
Heimstamn	118	66.9
Tukthus	61	77.0
Slaveri	12	100.0
F 1875	10	90.0
F 1865	9	66.7
Død	5	80.0
Vigsel	3	66.7
Død Askøy	1	100.0
Barns dåp	1	100.0
Unike	863	84.1

**Tabell 8-9: Fødestad til personar med laus tilknytning til Stor-Bergen.**

Fødestad	n	% menn
Nordafjelske	28	64.3
Møre og Romsdal	18	44.4
Nordfjord	5	100.0
Sunnfjord	23	91.3
Sogn	39	79.5
Strileland	31	74.2
Hardanger og Voss	14	100.0
Sunnhordland	14	57.1
Rogaland	25	64.0
Sørlandet	27	88.9
Austlandet	44	90.9
Utlandet	61	95.1
Ukjend	23	73.9
Manglar	511	86.7
N	863	84.1

Med ei tilleggsvilkår at denne gruppa må ha minst to registreringar av opphaldsstad eller jurisdiksjon med minst over to år mellom for å akseptere at ei tilknytning til Stor-Bergen var meir enn reint tilfeldig, sit ein att med ein rest på 863 personar. Desse utgjorde 21.3 prosent av dei 4060 som opphavleg vart knytt til Bergen.

Fleirtalet av denne restkategorien var menn, 84 prosent mot 81 prosent for alle som vart innsette i ein anstalt i perioden 1850-75. Dei fleste (532) av desse 863 kom inn i materialet som innsett i fengslet, og fleirtalet mangla opplysningar om bustad. Dei som var registrert i folketeljningar i Bergen, sat på teljingstidspunktet i ein sanksjonsanstalt, og vart difor ikkje

rekna som busette i Bergen. Ei stor gruppe var også innsett på tvangsarbeidsanstalten. Eit fleirtal også her mangla opplysning om bustad.

**Tabell 8-10: Registrerte yrke til dei med laus tilknytning til Stor-Bergen.**

Yrke	n	% menn
Arbeider, dagarbeider	365	99.5
Pige/Ungkar	158	38.0
Svenn	74	100.0
Handverkar	58	100.0
Gårdbruker/jordbruker (uspesifisert)	43	100.0
Lærling	40	95.0
Tjener, budeie, dreng, indepige, kokke ol	29	58.6
Fange	27	85.2
Understøttet fra annet hold	22	0.0
Andre	18	72.2
Tigger, betler	15	73.3
Selvstendig, privat næringsdrivende	14	92.9
Funksjonær, off tjenestemann, betjent	10	100.0
Forpakter, leilending, bygselmann	7	100.0
Enkestand	6	0.0
Inderst	5	100.0
Husmann uten jord	4	100.0
Legdslem, fattiglem	4	100.0
Mester	4	100.0
Bestillingsmann	3	100.0
Ikke lenger yrkesaktiv, forhenværende	3	100.0
"Hjelper til i familien" ol	1	0.0
Andre arbeidsledere	1	100.0
Barn	1	100.0

Ikkje uventa var arbeidarar den største yrkesgruppa i restkategorien, vel 40 prosent var knytt til denne. 136 av desse, eller kvar fjerde i gruppa av arbeidarane, var sjømenn. Dette var ei yrkesgruppe Bergen hadde mange besøk av, og som nettopp kunne ha ei veldig tilfeldig tilknytning til Bergen. Yrkessamansetjinga skil seg elles ikkje særskilt frå heile populasjonen før avgrensing.

Utifrå kjeldene eg har nytta kan ein ikkje slå fast at denne restkategorien på 21.3 prosent var besøkande, men opplysningane frå demografiske og andre kjelder indikerer at dette er tilfellet. Knut Arild Knudsen gjekk i si oppgåve gjennom dommane i Trondheim 1875-85. Han fann at 20 prosent av dommane vart mottekne av besøkande.<sup>608</sup> Sidan besøkande i gjennomsnitt mottok færre dommar enn lokale, var andelen unike personar som var på besøk endå høgare. Knudsen fann at 23.3 prosent av *personane* var besøkande.<sup>609</sup> Andelen besøkande i Bergen, med sitt større internasjonale preg, må minst vere like stor som i

<sup>608</sup> Knudsen 1997, s.15.

<sup>609</sup> Knudsen 1997, s.15.

Trondheim Mykje tyder derfor på at eit veldig klart fleirtal av dei 863 i restkategorien verkeleg hadde ei laus og tilfeldig tilknytning til Bergen. Difor er det meir problematisk å inkludere dei i ein longitudinell analyse enn å ekskludere dei.

På grunnlag av avgrensingsvilkåra utgjer analysepopulasjonen 3197 unike personar. 15 av desse vart berre registrert som avstraffa med ris i fengslet, utan å motta nokon annan eigentleg fridomssanksjon i perioden 1850-75. Den endelege analysepopulasjonen består difor totalt av 3182 personar.

### **8.3 ER ANALYSEPOPULASJONEN REPRESENTATIV?**

Etter å ha avgrensa analysepopulasjonen må ein ta stilling til kor representativ denne populasjonen er for sanksjonsmottakarar i Stor-Bergen. Med andre ord; i kva grad kan populasjonen nyttast for å gje svar på problemstillingane som den longitudinelle analysen reiser? Det viktigaste her er å avklare kva demografiske opplysningar ein har om denne gruppa, då med omsyn til geografisk bakgrunn og særskilt fødeår. I den fullstendige populasjonen utgjorde menn 81 prosent. I analysepopulasjonen var 79 prosent menn, og var slik representativ kjønnsmessig.

#### **8.3.1 Kjennskap til fødestad i analysepopulasjonen**

Kor mange i analysepopulasjonen har kjend fødestad, og i kva grad medfører gruppa eg manglar fødestaden til eit representativitetsproblem?

I alt kjenner ein til fødestaden for 2442 i populasjonen, eller vel tre fjerdedelar. Denne andelen var aukande utover i perioden. Vel seksti prosent av kvinner med kjend fødestad var fødde i Bergen, medan 47 prosent av mennene var det. Strilelandet var det viktigaste rekrutteringsområdet elles, høvesvis 14 og 11 prosent av mennene og kvinnene var fødde her. Elles peikar Nordre Bergenhus, Søndre Bergenhus utanom Strilelandet seg ut og Austlandet for mennene sin del og Rogaland for kvinnene sin del.

Protokollane etter fengslet og slaveriet registrerte ikkje fødestad. Dermed er ein avhengig av opplysningar om fødestaden til desse frå anna hald, noko som berre delvis har lukkast. Medan tvangsarbeidsanstalten var gjennomført i denne registreringa, og tukthuset det same langt på veg, medfører den fråverande registreringa og manglande lenking til supplementære kjelder at fødestad er ukjend for over 40 prosent av kvinner i fengslet og for nesten 30 prosent av menn same stad. I tillegg manglar ein fødestad for over 6.5 prosent av dei innsette i slaveriet.

Tabell 8-11: Fødestad for analysepopulasjonen.

Region	Menn	Kvinner	Totalt	% menn	Menn	Kvinner	Totalt	Menn	Kvinner	Totalt
Nordafjeldske*	34	15	49	69.4	1.4	2.2	1.5	1.8	3.0	2.0
Møre og Romsdal	36	8	44	81.8	1.4	1.2	1.4	1.9	1.6	1.8
Nordfjord	45	2	47	95.7	1.8	0.3	1.5	2.3	0.4	1.9
Sunnfjord	129	29	158	81.6	5.1	4.3	5.0	6.6	5.8	6.5
Sogn	149	35	184	81.0	5.9	5.2	5.8	7.7	7.0	7.5
Nordre Bergenhus	3	1	4	75.0	0.1	0.1	0.1	0.2	0.2	0.2
Strilelandet	275	55	330	83.3	11.0	8.2	10.4	14.2	11.0	13.5
Bergen	918	302	1220	75.2	36.6	45.0	38.3	47.3	60.3	50.0
Hardanger og Sunnhordland	65	5	70	92.9	2.6	0.7	2.2	3.3	1.0	2.9
Søndre Bergenhus	54	9	63	85.7	2.2	1.3	2.0	2.8	1.8	2.6
Rogaland	2		2	100.0	0.1	0.0	0.1	0.1	0.0	0.1
Sørlandet	46	16	62	74.2	1.8	2.4	1.9	2.4	3.2	2.5
Austlandet	36	9	45	80.0	1.4	1.3	1.4	1.9	1.8	1.8
Utlandet	83	8	91	91.2	3.3	1.2	2.9	4.3	1.6	3.7
Ukjend	41	3	44	93.2	1.6	0.4	1.4	2.1	0.6	1.8
Manglar	25	4	29	86.2	1.0	0.6	0.9	1.3	0.8	1.2
	570	170	740	77.0	22.7	25.3	23.3			
	2511	671	3182	78.9	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0

\*Her alt nord for Møre og Romsdal

Tabell 8-12: Prosent av analysepopulasjon med kjend fødestad.

	Menn		Kvinner	
	%	n	%	n
Tvangsarb.	99.7	870	100.0	314
Fengsel	70.4	1897	56.9	394
Tukthus	96.5	538	97.5	120
Slaveri	93.5	124		

### 8.3.2 Kjennskap til fødeår i analysepopulasjonen

Det er avgjerande å ha ei representativ kjennskap til fødeår i ein longitudinell analyse som mellom anna vektlegg ei undersøking av debutalder. For alle sanksjonsmottakarar under eitt, kjenner ein til fødeåret for 62 prosent av personane. I analysepopulasjonen er denne andelen ein god del høgare. Medan fødestad er kjend for 77 prosent av analysepopulasjonen, er fødeåret kjend for 82 prosent. Skiljet mellom menn og kvinner var her minimalt. Ser me på sanksjonar i staden for sanksjonerte, kjenner ein fødeåret i 92 prosent av innsetjingane, igjen med ganske liten skilnad mellom menn og kvinner. Tendensen var også at ein kjende til fødeåret til fleire mot slutten enn i byrjinga av undersøkningsperioden.

Som ved opplysningar om fødestad, var det igjen fengslet som gav færrest opplysningar. For tvangsarbeidsanstalten, tukthuset og slaveriet kjenner ein fødeåret til så godt som alle, både når ein ser på *innsetjingar* og *innsette*. For fengslet var dette talet langt mindre, høvesvis 69



prosent for kvinner og 81 prosent for menn når ein ser på innsetjingar, og 66 og 77 prosent når ein ser på innsette. Ettersom fengslet var den dominerande anstalten, er det nettopp dei manglande opplysningane om fødeår for dei innsette i fengselet som dreg ned gjennomsnittet til 82 prosent for heile analysepopulasjonen.

**Tabell 8-13: Prosent av analysepopulasjonen med kjend fødeår fordelt på anstalt.**

	Menn		Kvinner	
	%	n	%	n
Tvangsarb.	98.4	870	98.4	314
Fengsel	76.8	1897	66.2	394
Tukthus	97.2	538	97.5	120
Slaveri	100.0	124		

Det var ein klar samvariasjon mellom manglande fødestad og manglande fødeår. Med unntak av nokre få kvinner frå Austlandet, kjenner ein til fødeåret for over 99 prosent av alle med kjend fødestad. Men i tilfella der fødestad er ukjend, manglar også fødeåret i omlag 75 prosent av tilfella for menn og 78 prosent for kvinner. Problemet er altså ei forholdsvis stor gruppe av personar som vart innsette i fengslet, og som ein generelt manglar ein del opplysningar om.

**Tabell 8-14: Opplysningar om fødeår etter fødestad.**

Region	Menn		Kvinner	
	% m/ fødeår	n	% m/ fødeår	n
Nordafjeldske*	100.0	34	100.0	15
Møre og Romsdal	100.0	36	100.0	8
Nordfjord	100.0	45	100.0	2
Sunnfjord	97.7	129	100.0	29
Sogn	100.0	149	100.0	35
Nordre Bergenhus	100.0	3	100.0	1
Strileland	99.6	275	100.0	55
Bergen	98.9	918	98.3	302
Hardanger og Voss	96.9	65	100.0	5
Sunnhordland	98.1	54	100.0	9
Søndre Bergenhus	100.0	2		
Rogaland	100.0	46	100.0	16
Sørlandet	100.0	36	100.0	9
Austlandet	98.8	83	100.0	8
Utlandet	100.0	41	100.0	3
Ukjend	100.0	25	100.0	4
Manglar	24.6	570	22.4	170
		2511		671

\*Nordafjeldske betyr her Sør-Trøndelag og nordover

Det sentrale spørsmålet vert kven denne gruppa eg ikkje har registrert fødestad og fødeår for var, og om dei utgjer eit representativitetsproblem. I Tabell 8-14 har eg undersøkt opplysningar om bustad for utvalet generelt og for dei utan fødeår spesielt. I utgangspunktet

kunne ein kanskje tru at denne gruppa hadde ei lausare tilknytning til Bergen enn andre, og at desse oppfylte vilkåra for å verte inkludert i analysepopulasjonen først og fremst gjennom registreringar av brotsverk eller opphald i Bergen, og ikkje Bergen som bustad. Det var ikkje tilfelle. Det er i stor grad bergensarar som ikkje har fått fødeår og fødestad registrert i mitt materiale. Heile 78 prosent av menn hadde Bergen oppgitt som bustad, og 12 prosent Strilelandet rundt. 81 prosent av dei som hadde Bergen som bustad, men som var utan fødeår, var menn. Det samsvarte godt med analysepopulasjonen elles (79 prosent av populasjonen var menn).

**Tabell 8-15: Opplysning om fødeår etter registrerte bustader.**

Region	Menn		Kvinner	
	%	n	%	n
Nordafjelske	100.0	11	75.0	3
Møre og Romsdal	90.0	10	100.0	1
Nordfjord	100.0	11		
Sunnfjord	77.4	31	100.0	5
Sogn	92.1	76	83.3	5
Sogn og Fjordane	100.0	1		
Strileland	87.9	313	80.0	52
Bergen	81.6	1953	76.7	386
Hardanger og Voss	94.3	35		
Sunnhordland	93.9	33	100.0	4
Hordaland	100.0	1		
Rogaland	100.0	19	100.0	3
Sørlandet	94.7	19		
Austlandet	91.9	37	75.0	3
Ukjend	100.0	20	100.0	2
Utlandet	100.0	32		
Manglar	100.0	9	100.0	3

Arbeidarar dominerte blant dei i analysepopulasjonen utan fødeår, med tenarar, handverkarar, svennar, lærlingar, understøtta og gruppa nemnde som ugifte også som viktige grupper. Yrka kan til ein viss grad indikere kva aldersgruppe vedkomande tilhøyrd. Ein person i enkestand *kunne* vere ein eldre person, likeins må ein forvente at kårfolk og pensjonistar var det. I motsett fall kan ein forvente at lærlingar og barn var yngre personar. I folketeljinga 1875, var 58 prosent av mannlege tenarar i byar 25 år eller yngre, medan 63 prosent av kvinnene var det.<sup>610</sup> Til ein viss grad kan ein difor også knyte tenarane til dei unge. Ein svenn var tidlegare eit livsfaseprega yrke, men etter midten av hundreåret vart svennane i større grad verande

<sup>610</sup> NOS Ældre Række C.No.1: *Resultaterne af Folketellingen i Januar 1876*, Kristiania 1878. Tabell 23, s. 322.

svenn livet ut.<sup>611</sup> Slik er det vanskeleg å knytte svennegruppa til dei yngre, jamvel om dei nok ikkje var blant dei eldste. Den største yrkeskategorien, *arbeidarane*, er uråd å aldersfeste.

**Tabell 8-16: Opplysning om fødeår etter registrerte yrke.**

Term	Menn		Kvinner	
	%	n	%	n
Arbeider, dagarbeider	84.5	1456	94.4	36
Svenn	88.6	571		
Handverkar	94.3	472		
Andre	97.4	346	98.1	105
Pige/Ungkar	92.4	344	88.0	399
Lærling	83.1	326		
Fange	98.8	245	97.3	37
Legdslem, fattiglem	97.5	202	100.0	68
Tjener, budeie, dreng, indepige, kokke ol	87.0	154	92.4	105
Understøttet fra annet hold	100.0	68	72.5	247
Enkestand	100.0	17	79.2	77
Andre	91.9	745	98.9	87

For menn i analysepopulasjonen hadde arbeidar- og lærlingegruppa relativt flest med ukjend alder, følgt opp av svenne- og tenargruppa. Blant kvinnene var gruppa som hadde sin yrkestilknytning registrert gjennom mannen relativt flest med ukjend alder, følgt opp av enkene. Slik synest gruppa av menn utan opplysning om fødeår å vere dominert av noko unge yrkesgrupper, medan det omvendte er tilfelle for kvinnene. Om ein samanliknar yrkesnemningane til dei ein kjenner fødeåret til med ein ikkje kjenner det, framstår ikkje store skilnader mellom dei to gruppene. Med unntak av lærlingane, var skilnaden i frekvensfordelinga mindre enn éitt prosentpoeng for alle dei typisk unge yrkesgruppene. Den største skilnaden var at 12 prosentpoeng fleire av dei med ukjend fødeår var knytt yrkesnemninga *arbeidar* enn mellom dei med kjend fødeår.

Dette samsvarer også godt med inntrykket me fekk etter drøftinga av alderen til dei fengsla. Samla sett hadde menn i analysepopulasjonen lite avvik frå aldersfordelinga på alle tiltalte for brotsverk i Norge 1861-75. Det var ein liten overrepresentativitet blant dei aller yngste og det motsette for menn i byrjinga av 20-åra. Kvinner var underrepresentert i alderen 25-49 år og altså motsett for yngre og eldre. Samla sett er det difor god grunn til å rekne med at dei som har kjend fødeår er representative for analysepopulasjonen.

<sup>611</sup> Cecilie Boge 1996 (<http://web.hist.uib.no/mfag/cecilie/index.html>) viser i si undersøking for deler av Nordnes i Bergen at medan 84 prosent av meistrane budde i mesteren sitt hushald i 1801, var dette talet 19 prosent i 1865 og berre fem prosent i 1875. I 1801 var berre seks prosent av dei gifte, medan dette hadde auka

Manglande kjennskap til fødestad var eit resultat av innsetjing i fengslet, og dei fleste av desse hadde Bergen som bustad og var altså anten fødde i Bergen eller innflyttarar. Det tyder at desse sannsynlegvis har reflektert innflyttarane generelt, men med ein overvekt av bergensfødde i dei yngste aldersgruppene, altså i aldersgrupper der ein del av innflyttarane framleis budde på fødestaden. Sannsynlegvis speglar dei med kjend fødestad analysepopulasjonen rimeleg godt, men samtidig må ein opne for ein liten underrepresentativitet for dei bergensfødde.

Etter å ha gjennomført dette heilt sentrale grepet med å avgrense analysepopulasjonen til dei me faktisk kan klare å følge over tid, er me budd på å føreta ein longitudinell analyse. Imidlertid vil ulike problemstillingar, som debut, karrierelengd og avslutning, setje ulike krav til analysepopulasjonen. Desse tematisk betinga avgrensingane vil eg kome tilbake til og grunngjeve dei har relevans i den følgjande longitudinelle analysen.

## 9 INDIVIDUELLE SANKSJONSKARRIERER I BERGEN 1850-75

Hans Andreas Larsen vart fødd 26. mai 1844 på Laksevåg med tømmermann Lars Haaversen som far og Marte Ellingsdotter som mor. Han følgde i faren sine fotspor, og vart tømmermann på verftet på Laksevåg. Miljøet bar til tider preg av ustadigt arbeid, og arbeidsstyrken ved verftet varierte alt etter tilgangen på ordre. Mellombels arbeidsløyse og tidvis fyll har nok utgjort ein viktig del av kvardagen til Hans, som for ein del andre i det same miljøet. I desember 1862, 18 år gamal, vart Hans sett i fengsel for første gong for å sone ei bot han ikkje kunne betale etter ei politimisferd. Det skulle bli starten på ei heller omfattande karriere i dei ulike sanksjonsanstaltane i Bergen. Allereie året etter vart han innsett tre gonger i fengslet, dei to første for å sone ubetalte bøter, den siste gongen for tjuveri etter dom i politretten. I 1864 fekk han to nye fengselsopphald på grunn av husbråk og motstand mot styresmakta. Året slutta med eit fem månader langt opphald på tvangsarbeidsanstalten. 1865 innebar ny fengsling og nye opphald på Tvungen før karriera tok ei ny vending. 6. august 1866 vart han dømd for andre gongs simpelt tjuveri og vald mot embetsmann. Dette gav han halvanna år på tukthuset. Under tukthusopphaldet omtala presten han som et "af naturen meget letsindigt Menneske, og der er neppe foregaaet nogen Forandring med hans Sind, medens han har været her i Strafanstalten."<sup>612</sup> To månader etter at han slapp ut, finn me han igjen som innsett i fengslet, også no for vald mot politiet. Slik gjekk det slag i slag fram til 1870, med sju nye opphald på tvangsarbeidsanstalten og to nye fengslingar. Då han slapp ut frå tvangsarbeidsanstalten 6. august 1870, 26 år gamal, forsvann han frå kjeldematerialet, og synes ikkje å ha vore registrert for nokon fridomssanksjon i Bergen, i alle fall ikkje fram til 1875. I alt klarte Hans å gjere unna 11 opphald i straffeanstaltar og 10 i tvangsarbeidsanstalten i løpet av berre sju og eit halv år, det vil seie knappe tre gonger i året i gjennomsnitt. No sat Hans faktisk innesperra nesten fire år av denne tida. Reknar me dagane han var på frifot, gjekk det to månader i gjennomsnitt mellom kvar gong han mottok fridomssanksjon i desse sju åra, eller ein sanksjonsintensitet på 6.0 (gonger pr år rekna ut frå dagar på frifot).

I innleiinga til avhandlinga viste eg andre døme på enkeltkarrierar som indikerte at desse kunne vere svært individuelt differensierte. Garvarsvennen Rolf Jørgensen hadde ei svært omfattande karriere, med 30 innsetjingar i tvangsarbeidsanstalten, eitt fengselsopphald og tre

tukthusopphald berre i perioden eg registrerte, og var slik ikkje så ulik Hans Andreas Larsen si karriere. I motsett ende vart tenåringen Ole Andreas Bergesen berre registrert i materialet ein einaste gong for noko som kan reknast som ei ”ungdomssynd”. Severine Jensen hadde eit par kjende opphald på tvangsarbeidsanstalten i 20-åra, men fekk aldri noko opphald på ein straffeanstalt etter det eg kjenner til.

Tverrsnittsanalysen viste omfanget av fridomssanksjonar generelt og visse kjenneteikn ved dei som mottok slike sanksjonar, anten i form av straff eller tvang. I dette kapitlet vil eg foreta ein longitudinell analyse i bruken av fridomssanksjonar i Bergen. Fokus blir flytta frå ei meir generell skildring av sanksjonsbruken og over på dei individuelle sanksjonsmottakarane. Formålet er å undersøke variasjonane i individuelle sanksjonskarrierar.

Det var sanksjonsmottakarane sjølve med deira handlingar og levesett som i større grad enn sanksjonsgjevarane utløyste sanksjonar. Det ordinære rettssystemet hadde ein innebygd determinisme i lovverket og dei strengt utforma reglane for saksgang. Veggen frå melding til innsetjing i straffeanstalt var lang og gav fleire garantiar for å unngå domfelling av uskuldige. Politiet etterforska melde saker og innstilte berre på tiltale om ein trudde at prova mot den mistenkte ville halde i ei rettssak. Tiltale skjedde også først etter at (stift)amtmanden, som øvste påtalemakt, hadde vurdert politiet si etterforsking og prova mot den sikta.<sup>613</sup> Sjølv rettshandsaminga gjekk i fleire ledd, frå underdomstol via stiftsoverretten og eventuelt til Høgsterett.<sup>614</sup> Straffeutmålinga bar også preg av determinisme. Vart ein funnen skuldig etter tiltale, var allereie straffa automatisk utmåla innanfor gitte strafferammer. Kriminelle handlingar utløyste rettslege forfølgjingar og rettsvesenet slo ned på mistenkte dei meinte å kunne prove skulda til. Politi, rettsvesen og styresmakter generelt var passive handhevarar av eit lovverk, og fridomsstraff var eit resultat av ei handling initiert av sanksjonsmottakaren. Dette betyr likevel ikkje at ei kriminell handling nødvendigvis var eit resultat av eit medvite val frå lovbrytaren sin del. Enkelte var i ein livssituasjon som kunne utløyse ei kriminell handling, i første rekkje materiell nød. I tillegg har tilfeldigheter spelt inn, ein var på feil stad til feil tid. Ein vognkøyrar som køyrde litt for fort gjennom gatene i byen og som avsona ei bot for det, hamna i ein straffanstalt tilfeldig og gjerne som eit eingongstilfelle.

---

<sup>612</sup> SAB: Bergen Strafanstalt, Kopibog for udgaaende Skrivelser fra Fængselspræst-Embedet i Bergen, 1868-85, folio 6a.

<sup>613</sup> I politisaker vart tiltale avgjort av politiet sjølv.

Tvangsarbeid var ein langt meir fleksibel sanksjonsform enn straff og gav også politi og styresmakter vide handlingsrammer. Dei strenge prosessuelle reglane som ei fridomsstraff var underlagd, mangla heilt ved innsetjing på tvangsarbeidsanstalten, slik også riksadvokat Bernhard Getz gav uttrykk for på 1890-talet:

*”Den nu hos os stedfindende fuldstændig formløse Fremgangsmaade, hvorefter enhver Politifuldmægtig uden nogen protokolleret Undersøgelse, uden nogen Begrundelse af Afgjørelsen og uden nogen suspensivt virkende Rekurs kan beordre enhver somhelst indsat i Tvangsarbeidsanstalt som Løsgjænger[...].”<sup>615</sup>*

Ei innsetjing på tvangsarbeidsanstalten skjedde likevel ikkje tilfeldig. Innsetjing fann stad fordi politiet fann dei enkelte kvalifisert til det, ikkje utifrå ei enkelthandling, men utifrå eit levesett. Politiet har anten oppfatta enkelte som mistenkelege som eit resultat av tidlegare kjennskap eller fordi dei hadde eit levesett – manglande fast bustad, manglande evne til å livnære seg, ”hengiven” til alkohol eller ein generelt uakseptabelt oppførsel over tid – som gjorde ei innsetjing naturleg. Frå kjeldene veit me også at politiet gjerne gav ei åtvaring før innsetjing verkeleg fann stad.<sup>616</sup> Typiske politiuordenssaker, som fyll, gatealarm og vertshus- og husbråk, enda normalt ikkje med tvangsarbeid verken første eller andre gong utført. Slike saker vart påtalt i politiretten og førte til bøter.<sup>617</sup> Gjørtlaren Johan Hansen vart i august 1855 tiltalt for husbråk i skjenka tilstand. Kone og born hadde tydelegvis forlatt han, for Johan var tiltalt for fleire gonger å ha oppsøkt huset dei heldt til i og laga bråk. Dei andre som budde i huset fann etter kvart den støyande oppførsla utåleleg og melde Johan til politiet. Trass i at Johan var tiltalt for å ha laga til bråk fleire gonger og at han tidlegare var dømd for gatealarm, vart han også denne gongen ilagd mulkt, og ikkje tvangsarbeid.<sup>618</sup> Først ved gjentakande klager og ikkje minst hyppig kontakt med politiet over tid vart tvangsarbeid aktualisert.

I 1898 la sosialkomitéen på Stortinget i si innstilling til ny lausgjengarlov til grunn at innsette på tvangsarbeidsanstaltane nettopp var komne særleg langt ut på skråplanet.<sup>619</sup> Det er ingen grunn til å tru at tilhøva var annleis i min periode. Jamvel om eit klart fleirtal av straffangane kom frå lågare samfunnsgrupper, kunne dei likevel kome frå fleire lag i samfunnet. Tvangslemmane kom i praksis alltid frå det lågaste sjiktet i byen, og me har sett Eilert Sundt

---

<sup>614</sup> Saker i Politiretten anka direkte til Høgsterett.

<sup>615</sup> Bernhard Getz: *Udkast til Almindelig borgerlig Straffelov for Kongeriget Norge. Motiver*, Kristiania 1893, note 1, s. 119f. Getz var forøvrig ei leiande drivkraft i svært mange av dei samtidige lovreformane.

<sup>616</sup> Særleg finn me mange døme på dette i forretningsjournalane til politiet.

<sup>617</sup> Sjå til dømes Nr. 59/1852 Politiet mod Stølmager Riise og Nr. 63/1852 Politiet mod Martine Clausen og Anne Ole Olsen (SAB: Bergens Politirett, D12. Domsprotokoll, 1852-56).

<sup>618</sup> SAB: Bergens Politirett, D12. Domsprotokoll, 1852-56, No. 266/1855 Politiet mod Gjörtler Johan Hansen.

<sup>619</sup> Stortingets Forhandlinger 1898/99, Indst. O. XIX, s.4: “[...] Loven anvendes overhovedet ikke paa andre end dem, der ved sin ørkesløshed eller drikkældighed er kommet meget langt ned paa skraaplanet”.

omtale dei som byens ”udskud.”<sup>620</sup> Alexander Kielland følgde opp med det same uttrykket og meinte altså at tvangslemmane hadde gjennomgått ”saaatsige alle Trin af Fornedrelsen; de har opgivet sig selv og samfundet har opgivet dem [...]”<sup>621</sup> For Hans Andreas til dømes, kom tvangsarbeid først eit stykke ut i sanksjonskarriera.

Eric Monkkonen skilde ut ulike marginale grupper frå det han kalla ”den farlege klassa” i Columbus, Ohio 1860-85 og rangerte dei etter sosio-økonomiske variablar. Dei kriminelle delte han inn i urbane og rurale, der dei rurale stod over dei urbane. Dei han kalla ”paupers” – eigedomslause arbeidshuslemmar hadde lågare status enn dei kriminelle, men også innan denne gruppa skilde han ut dei urbane frå dei rurale, og

*”The very bottom of the dangerous class was occupied by two groups: urban paupers, who managed to establish some sort of tenuous residence in the city, and tramps, who in bad times flowed through the city like a river.”*<sup>622</sup>

Omstreifarar og dei bybaserte eigedomslause og dermed pauperiserte, og slik Columbus sitt svar på tvangslemmane, stod klart nederst saman med omstreifarane som Monkkonen ikkje eingong såg seg i stand til å måle sosio-økonomisk. Utsegnene til både Sundt og Kielland tydar på at tvangslemmane vart lågare vurd enn dei fleste straffangane også i Norge, i samsvar med Monkkonen påstand.

Det sentrale spørsmålet blir då om sanksjonsmottakarane innafor og på tvers av dei ulike anstaltane representerte ulike segregerte grupper som rekrutterte frå ulike miljø. Utgjorde til dømes dei straffedømde, som vart innsett for enkelthandlingar, ei sær eigen gruppe samanlikna med tvangslemmane, som vart innsett på grunn av livsførsel? Livsførsel er meir statisk enn enkelthandlingar. Dermed er det naturleg at personar som vart sett på tvangsarbeidsanstalten hadde ei lengre og meir intensiv karriere enn personar som kanskje meir eller mindre tilfeldig, utifrå spesielle omstende, hamna i ein situasjon som førte til ein sanksjon. Hovudgruppa av straffangar utførte trivielle lovbrøt knytt til vinning og uorden. Innsetjing i strengare straffeanstaltar antyda meir at ein var i ulike livsfasar eller karrierefasar, enn at ein var kvalitativt sett ein annan type kriminell enn straffangar i fengslet. Basert på alder til dei mannlege tvangslemmane og utsegnene om tvangslemmar som særleg langt utpå skråplanet, synest tvangsarbeid å framstå som slutfasen i omfattande sanksjonskarrierar for

---


<sup>620</sup> Sundt 1978, s. 152 og 145.

<sup>621</sup> Alexander Kielland: Den kombinerede Indretning. Sætryk af ”Stavanger Avis”; Stavanger 1889, her etter Utne: 1982, s. 103.

<sup>622</sup> Eric Monkkonen: *The Dangerous Class. Crime and Poverty in Columbus, Ohio, 1860-85*, Harvard University Press 1975, s. 158ff.



**Figur 9-1: Debutalder og karrierelengd i bergenske anstaltar (straffeanstaltar og tvangsarbeidsanstalten). Innsette med tilknytning til Stor-Bergen og debut 1855-70.**



ein del av straffangane. Ettersom tvangsarbeid sanksjonerer mot levesett medan straff sanksjonerer mot enkelthandlingar, synest tvangsarbeid i alle fall å representere ei større personleg krise enn ei innsetjing i ein straffeanstalt. Eit like sentralt spørsmål som skiljet mellom straffangar og tvangsarbeidarar er i kva grad ein finn skilnader innanfor desse gruppene. Fanst det ein arketyrisk straffange og tvangslem, eller hadde desse så differensierte karrierar at slike generaliseringar er uråd?

Eit svar på desse spørsmåla let seg berre nærme ved å kartleggje individuelle variasjonar i karrierane til straffangar og tvangslemmar. Clive Emsley påstår at sjølv om unge menn dominerte mellom dei arresterte, trong dei ikkje halde fram med kriminelle handlingar til opp i 30 og 40-åra.<sup>623</sup> Derimot meiner han at kriminalitet i første rekkje vart utført av menn frå dei fattigare delane av arbeidarklassa og at det var ein mellombels aktivitet knytt til ein livsfase og ofte utløyst av økonomiske vanskar og tilfeldig høve. Med andre ord var kriminalitet ein avgrensa og dels tilfeldig aktivitet? Figur 9-1 viser at debutalderen ved innsetjing i ein anstalt, straff eller tvang, var svært differensiert, med debut frå fyllte 15 år til 80 år. Likeins viser figuren at lengdene på karrierane kunne variere stort. Figuren skil ikkje mellom straffangar og tvangslemmar eller mellom kjønn. Eg vil undersøke i kva grad ei karriere som straffange og tvangslem var mellombels og aldersbestemt gjennom ulike delspørsmål. For det første vil eg undersøke i kva alder det var vanleg å debutere, i første rekke om det var ein konsentrasjon av debut i ung alder. For det andre vil eg undersøke kor

<sup>623</sup> Emsley 1987, s. 134.

mange som fekk ein eller fleire returar til anstaltane. Manglande retur er det klaraste dømet på at sanksjonar var ein mellombels hending. Vidare vil eg undersøke kor lange karrierane var for dei som returnerte og til slutt i kva alder det var vanleg å avslutte ei sanksjonskarriere.

Me har sett omtalt ein fast stokk på tvangsarbeidsanstalten og ”uforbederlige” vanekriminelle på straffeanstaltane. Denne gruppa av straffangar og tvangslemmar var kjenningar av politiet som oppfatta dei som mistenkelege, og dermed lettare vart utsett for nye sanksjonar, anten i form av tvangsarbeid eller straff. Dette kunne føre til stigmatisering og dårleg omdøme hjå byfolk flest, samtidig som ein knytte kontaktar i sanksjonsanstaltane som styresmaktene karakteriserte som uheldige. Ved lauslating hadde desse gjerne problem med å få arbeid og var sjølv

*”[...] under større Arbeidsvirksomhed altid [...] den Sidste, som deri erholder Andeel, og saaledes vanskeligt bliver i Stand til at erhverve Noget, hvisaarsag han ofte udsættes for Mangel”.*<sup>624</sup>

Slik endte enkelte gjerne opp, saman med andre i same situasjon, med ein livsførsel som trakk til seg merksemda til politet. Småkriminalitet, rusmisbruk og gateuorden har for mange av desse vore forholdsvis vanleg, eller i det minste oppfatta slik av politiet. Politiet fann tilhald i eit slikt miljø som tilstrekkeleg grunnlag for å mistenke dei enkelte for ikkje å livnære seg på lovleg vis, samtidig som mistankar ved konkrete uoppklarte lovbrott fall mot dette miljøet. Om politiet ved konkrete lovbrott trudde dei ville klare å bevise skulda til ein mistenkt gamal kjenning, vart resultatet gjerne opphald i ein straffeanstalt. Om politiet tvilte på bevisstyrken, kunne dei gå utanom rettsvesenet og iverksette sanksjonering i form av tvangsarbeid. Samtidig gjorde rusbruk og frivillig ønske ei innsetjing på tvangsarbeidsanstalten aktuell uansett mistanke om kriminelle lovbrott. Dette auka faren for retur til ein sanksjonsanstalt for gamle kjende. Henrik Jørgensen var skomakar og fødd i Bergen i 1817. Han vart innsett i tvangsarbeidsanstalten første gong i 1865. Fram til 1870 fekk han to nye innsetjingar og vart lauslaten for tredje gong 7. januar 1871. Den 9. januar vart han på ny innsett for tre månader. Etter dei neste lauslatingane tok det høvesvis, 6, 11, 4, 8, 1, 1, 2, 6 og 2 dagar til ny innsetjing. Slik heldt det fram med i alt 22 innsetjingar på tvangsarbeidsanstalten fram til 1873. Henrik Jørgensen eksemplifiserer tydeleg korleis ein kom inn ein uheldig spiral som førte til raske returar til tvangsarbeidsanstalten.

---

<sup>624</sup> Utsegn frå *Foreningen til moralsk fordærvede Børns og unge Menneskers Frelse samt til menneskekjærlig Omsorg for de fra Strafanstalterne løsladte Fanger* i *Departements-Tidende*, Nr. 1 1847, s. 1.

Kan ein identifisere slike kjernegrupper i dei ulike anstaltane med aksellererande mottak av sanksjonar? Det vil bli undersøkt ved å sjå på karriereintensitet blant residivistane. Karriereintensiteten blir målt på ulike måtar. For det første seg eg på kor mange gonger ein returnerte til ein anstalt. Sjølv som residivist, trong ein ikkje å bli oppfatta som verken vanekriminell eller fast ”stokk” på tvangsarbeidsanstalten, om talet på returar var svært få og skjedde kanskje over lang tid. Derfor vil eg også sjå på det gjennomsnittlege talet på returar i gjennomsnitt kvart år i løpet av ei aktiv karriere. Her vil det særleg vere interessant å identifisere personar med relativt høg intensitet over fleire år.

Spørsmålet om sanksjonsmottakarane utgjorde segregerte grupper som rekrutterte frå ulike miljø vil bli følgt opp i ein analyse av karrierespesialisering. Med spesialisering meiner eg i kva grad ein mottok ein fridomssanksjon for dei same tilhøva frå gong til gong. Spesialiseringa blir målt etter kva lovbroten ein fekk sanksjon for og kva anstalt ein vart sett inn i. For dette siste går det prinsipielle skiljet mellom straffeanstaltane på den eine sida og tvangsarbeidsanstalten på den andre. Var det til dømes slik at ein tjuveridømd normalt utførte det same lovbroten utover i karriera, eller vart ein også sett inn i ein straffeanstalt for andre tilhøve? I kva grad var det vanleg at ein straffedømd også hamna på tvangsarbeidsanstalten og omvendt? Graden av spesialisering i lovbroten og omfanget av anstaltkryssing vil seie oss noko om i kva grad sanksjonsmottakarane kan delast inn i ulike grupper med distinkte kjenneteikn. Det vil også vere avklarande i spørsmålet om det var ein prinsipiell skilnad mellom straffangar og tvangslemmar generelt. Om desse to gruppene var overlappende og rekrutterte frå det same miljøet kan ein ikkje utan vidare seie at tvangslemmane var sosialt underlegne straffangane og at det var eit sosialt fall for ein straffange å verte tvangsarbeidar. I så fall må ein også undersøke gangen i anstaltkryssinga, altså om det vanlege var å innleie som straffange og så etter kvart bli tvangslem, slik Hans Andreas Larsen gjorde. Om det siste var tilfelle kan me seie at det var eit sosialt fall for ein straffange å verte tvangsarbeidar.

## **9.1 IDENTIFISERING AV DEBUT OG AVSLUTNING AV KARRIERAR**

Ein sanksjonskarriere tek i min samanheng til når ein mottek den første *fridomssanksjonen*, og altså ikkje nødvendigvis den første sanksjonen generelt. Ettersom det registrerte kjeldematerialet ikkje eksplisitt oppgir alder ved første gongs fridomssanksjon, må denne rekonstruerast i materialet på grunnlag av den første registrerte fridomssanksjonen. Det problematiske i denne samanhengen er den manglande garantien for at den første registreringa i mitt materiale også verkeleg er den første. Ein kan ha motteke ein sanksjon før

registreringa mi tok til 1850 (og 1851 for slaveriet sin del). Tukthuset har eg gjennom registeret kontroll på frå 1838, men personar i mitt utval kan ha vore i fengslet, tvangsarbeidsanstalten eller slaveriet før mi tid, eller også i anstaltar utanfor Bergen for den del. Det siste problemet kan eg ikkje gjere noko med, men det første kan løysast ved å avgrense tidsmessig.

I si undersøking av kriminelle karrierer i Danmark på 1980-talet rekna Britta Kyvsgaard med at den kriminelle aktiviteten var stoppa opp dersom det ikkje fann stad ny kriminell aktivitet innan fem år etter ei lauslating: ”Kriminel inaktivitet i en 5-årig periode vil med meget stor sandsynlighed betyde, at personen reelt er ophørt med at begå kriminalitet.”<sup>625</sup> Fem år har vore ei vanleg grense også i den internasjonale forskinga på kriminelle karrierer, og tilbakefall skjer i mindre enn tre prosent av tilfella etter ein pause på over fem år.

Tilsvarande kan ein bruke fem år som grense ved debut, og i mitt tilfelle vil det seie at personar som er registrert første gong frå 1855, og som altså ikkje er registrert i femåret 1850-54, faktisk er debutantar. I *Meddelelser om Det norske Fængselsvæsen i det 19de Aarhundrede* frå 1904 drøftar ein dei same problema, og legg vekt på skiljet mellom dei debuterande og tidlegare straffa:

*”særlig for de tidligere ustraffedes Vedkommende ikke ere saa ganske faa, der først kommer igjen efter flere Aars Forløb. De tidligere straffede falder raskere tilbage end de tidligere ustraffede.”*<sup>626</sup>

Same staden vert dette vist for dei innsette i perioden 1876-80. For så å seie alle, både av tidlegare straffa og ustraffa, menn og kvinner, gjekk det aldri lenger enn ti år frå lauslating til ny innsetjing (Tabell 9-1). Likeins fall nesten ni av ti tilbake før det hadde gått fem år, men her var det for menn klare skiljer mellom debutantar og tidlegare straffa. Av dei som vart sette inn for første gong i 1876-80 og som fall tilbake, tok det meir enn fem år for kvar fjerde, medan berre éin av ti tidlegare straffa brukte så lang tid før ny innsetjing fann stad.

**Tabell 9-1: Tid frå lauslating til ny innsetjing ved tilbakefall. 1876-80.**

	<3 år		<5 år		< 10 år	
	M	K	M	K	M	K
Ikkje str.	56.7 %	70.0 %	74.2 %	85.0 %	95.0 %	95.0 %
Str. u/straffearb.	77.5 %	71.4 %	90.8 %	88.6 %	98.6 %	98.9 %
Totalt	73.4 %	71.3 %	87.0 %	88.3 %	97.4 %	98.5 %

Kjelde: *Meddelelser 1904*, s. 218f.

<sup>625</sup> Kyvsgaard 1998, s.120.

<sup>626</sup> NOS Fjerde Række Nr. 86. *Meddelelser om Det norske Fængselsvæsen i det 19de Aarhundrede*, Udgivet af Expeditionschefen for Fængselsvæsenet, Kristiania 1904, s. 218.

Beretninga for straffeansaltane i 1875 la også vekt på nettopp den manglande statistiske oppfølgjinga av residivistane ved straffeanstaltane. Dei offisielle oppgåvene over residivisme synest derfor å representere eit minimum, og den prosentvise andelen som faktisk fall tilbake før fem år var nok sannsynlegvis noko høgare enn Tabell 9-1 over.

I analysen av debut har eg valt å operere med fem år som grense for start (og avslutning) av ein fridomskarriere. I praksis betyr dette at eg har avgrensa analysepopulasjonen ytterlegare til dei som var registrert første gong etter 31. desember 1854. På same måten er avslutning av karriera sett til dei som siste gong var registrert som dimittert frå ein anstalt før 1.1.1871. Skilnaden mellom debutantar og tidlegare dømde i tida det tok for tilbakefall, kunne vere grunnlag for å operere med eit skilje her; til dømes tre år for tildegare dømde og sju år for debutantar. Eg har likevel vald å ikkje gjere det. For det første fall talet på dei som returnerte innan tre år også raskt for dei med residivisme. For det andre vil det komplisere gjennomføringa av analysen, utan at ein nødvendigvis vinn noko av betydning på det.

Eit poeng i denne samanhengen er sjølvsagt at eg registrerer tidspunktet for innsetjing, ikkje tidspunkt for verken lovbrot, arrestasjon eller dom. Tidspunkt for lovbrot vil i mange samanhengar la seg finne, men berre med eit uoverkomeleg kjeldarbeid. Det same gjeld for arrestasjon og dom. For domstidspunktet vil eg også måtte velje mellom tidspunkt for dom i første underrett eller tidspunktet når dommen var rettskraftig. I praksis medfører dermed valet av innsetjinga som tidspunkt at ein hadde mindre enn fem år på seg frå lauslating til ein begår eller eventuelt blir arrestert for nye forhold.

Femårgrensa er likevel ikkje nytta konsekvent. Det vil vere personar som har innsetjingar før 1850, men ingen registreringar i perioden 1850-54. Dette kan vere personar som avslutta soninga av sin første sanksjon før eg starta registreringa, eller inndømde før registreringa starta, men vart først lauslatne på byrjinga av 1850-talet. På same måten vil mobiliteten vere eit problem, folk flytta på seg og fekk dommar og opphald i straffeanstaltar andre stader enn i Bergen, både før og etter 1850. For tukthuset og slaveriet har eg oversyn over tidlegare dommar i det registrerte materialet. Personar som er registrert første gong etter 1854 og som dermed etter definisjonen var debutantar, men som ved debuten har registrert dommar og straffeanstaltopphald frå før i kjeldene, er ikkje rekna som debutantar. Tilsvarende opplysningar finns ikkje for fengslet, og er heller ikkje aktuelt på same måten som for tukthuset og slaveriet. Desse siste var jo nettopp institusjonar som oftast tok imot tilbakefalne

sanksjonsmottakarar. Fengslet, og langt på veg også tvangsarbeidsanstalten, hadde korte fridomssanksjonar. Ein vil finne personar som vart innsett i desse anstaltane på slutten av 1849 og som framleis sat inne då 1850 tok til, og som slik ikkje har ein buffer på fem år fram til 1855. Dette er forsvinnande få, samtidig som det også er snakk om ein liten mangel i femårs-bufferen.

90 menn og 13 kvinner i analysepopulasjonen hadde tidlegare dommar sjølv om dei var registrert første gong etter 1854, og kan ikkje reknast som debutantar. Dette utgjorde fem og fire prosent av heile analysepopulasjonen for høvesvis menn og kvinner. Når det galdt menn var det i særleg grad personar som hadde flytta til Bergen som hadde dommar før første registrering. Av bergensarane hadde mindre enn fire prosent av mennene slike dommar. Også blant personar fødde på Strilelandet, og som sokna til fengslet i Bergen, hadde svært få uregistrerte dommar før første registrering. Personar fødde på Austlandet, Møre og Romsdal, Rogaland og Sørlandet, hadde derimot forholdsvis mange i denne kategorien. Til dømes hadde meir enn kvar fjerde mann frå Rogaland dommar før første registrering i Bergen. Blant kvinnene var det personar fødde i Møre og Romsdal og nordover som hadde størst underregistrering, men her er det snakk om få personar.

**Tabell 9-2: Andel registrert som debutantar i materialet, men som har kjende tidlegare dommar frå tukthus eller slaveri. Debutantar 1855-75.**

Fødestad	Menn			Kvinner		
	Debutantar 1855-	Debutantar med dommar	%	Debutantar 1855-	Debutantar med dommar	%
Nordafjeldske	21	3	14.3	7	2	28.6
Møre og Romsdal	24	6	25.0	3	1	33.3
Nordfjord	33	1	3.0			
Sunnfjord	90	4	4.4	19	1	5.3
Sogn	90	13	14.4	18	2	11.1
Sogn og Fjordane	3		0.0			
Strileland	200	6	3.0	27		0.0
Bergen	511	20	3.9	121	7	5.8
Hardanger og Voss	41	3	7.3	2		
Sunnhordland	29	3	10.3	6		
Hordaland	2		0.0			
Rogaland	37	11	29.7	6		
Sørlandet	18	4	22.2	5		
Austlandet	57	12	21.1	3		
Utlandet	23	2	8.7	2		
n Ukjend	13	1	7.7	1		
Manglar	449	1	0.2	126		
	1641	90	5.5	346	13	3.8

Det er klart at dette er personar som dels hadde straffeanstaltopphald i Bergen før min periode, og dels hadde slike opphald andre stader enn i Bergen. For personar fødde utanfor

Bergen galdt nettopp det siste for eit stort fleirtal. Rogalendingar sokna til det lokale fengslet og tukthuset i Kristiansand. Først ved dom på straffarbeid i tredje grad eller alvorlegare ville Bergen vere aktuell soningsstad, om lovbrotet vart utført lokalt i Stavangerområdet. Ettersom desse er ein del av analysepopulasjonen har dei ei tilknytning til Stor-Bergen utover den reint tilfeldige, men likevel ikkje like sterk som dei lokalfødde si tilknytning.

I 1855 oppfylte 87 personar vilkåra for å verte rekna som debutantar. Desse var registrert i materialet første gong dette året og hadde tilknytning til Stor-Bergen. 59 av dei vart dømd i byretten, politiretten eller ved stiftsretten. Ein gjennomgang av rettssakene viste at 25 av desse var oppført som ikkje tidlegare straffa, 24 hadde ingen opplysningar om tidlegare dommar og fem vart ikkje funne att i rettsprotokollane. I alt fem var oppført som tidlegare dømde. Kjennskapen til tidlegare dommar er sjølvstund mest interessant i tjuverisaker der straffeeskalerting hadde mest betydning, men det er grunn til å tru at rettsreferat uansett ville ført opp tidlegare dommar om retten hadde kjent til desse. Tre av dei fem som tidlegare hadde vore dømde, hadde mottatt risstraff. Dette var ikkje fridomsstraff og vart uansett berre sporadisk ført inn i fengselsprotokollane. Éin hadde motteke fengselsstraff for vold og éin "tidligere gjentaget har været straffet for Tyverie".<sup>627</sup> Av dei ein slik kan seie å kjenne bakgrunnen til, var 49 ustraffa og to dømde med fridomsstraff. Dette utgjorde mindre enn fire prosent, og gir klart tillit til at femårs-grensa er eigna ved analyse av sanksjonskarrierar.

Ei avslutning av ein karriere må sjølvstund definerast som tidspunktet for den siste hendinga som utgjorde ein del av karriera. I ei fridomsstraffkarriere vil det vere tidspunktet for den siste innsetjinga i ein fridomsavgrensande anstalt. Eventuelt kan ein setje dette til tidspunktet for lauslatinga frå ein slik anstalt. I denne undersøkinga er tidspunktet for innsetjing nytta.

Det same problemet gjeld ved analyse av avslutning som ved debut med omsyn til når ein kan anta at ei karriere er avslutta. I samband med debut har eg drøfta dette, og bruker den same grensa på fem år ved avslutning. Skjedde inga ny innsetjing i ein anstalt innan fem år frå lauslating, reknar eg med at vedkomande har avslutta karriera si. Karriereavslutning blir derfor målt for dei som dimitterte frå ein anstalt før 1871.

Eg kjenner ikkje til at det er gjort karriereundersøkingar for tvangsarbeid. Dermed kan eg heller ikkje rådføre meg med andre sine røymsler med omsyn til framgangsmåte for

---

<sup>627</sup> Dette galdt Ananias Olsen, dømd i politiretten 4.6.1855 og Ole Johnsen dømd same stad 14.3.1855.

identifisering av debutalder og -avslutning her. Det manglande statistiske grunnlagsmaterialet for tvangsarbeidet betyr også at ein ikkje har retningsliner for avgrensing av analysepopulasjonen ved karriereforsking, slik ein i det minste til dels har ved innsetjing i straffeanstaltar. Den gjennomsnittlege lengda frå lauslating på tvangsarbeidsanstalten til ny innsetjing same stad var ganske nøyaktig eitt år. I berre 3.2 prosent av tilfella gjekk det meir enn fem år frå lauslating til ny innsetjing på tvangsarbeidsanstalten. Også i karriereanalysen av tvangsarbeidsanstalten er derfor fem år vald som ein høveleg bufferlengd der dette er nødvendig. Opphald var også maksimalt seks månader, og med grense i 1855, vil alle ha minimum 4.5 år i fridom før ei eventuell ny innsetjing.

Igjen vert same metode nytta ved definering av karriereavslutning på tvangsarbeidsanstalten som ved straffeanstaltane og som ved debut. Om inga ny innsetjing har funne stad innan fem år frå siste registrerte lauslating, vert karrieren rekna som avslutta. Analysepopulasjonen ved avslutning av karrieren vil derfor vere dei som har si siste registrerte lauslating frå tvangsarbeidsanstalten før 1.1.1871.

Her er det også grunn til å tru at me har mindre underregistrering samanlikna med straffanstaltane. For det første var det kring om færre tvangsarbeidsanstaltar enn straffeanstaltar, samtidig som kostnadene ved innsetjing i avgrensa grad vart utlikna på eit statleg delinkventfond som ved innsetjing i straffeanstaltane. Straff var eit statleg ansvar, medan tvang i større grad var kommunalt. Ein var derfor tilbakehalden med å setje inn framande kandidatar i eigne tvangsarbeidsanstaltar. I åra 1868-76 vart det i alt sett inn 29 personar på tvangsarbeidsanstalten etter rekvisisjon frå framande kommunar, eller tre i snitt for året.<sup>628</sup>

## **9.2 DEBUTALDER VED INNSETJING I ANSTALT**


Ei undersøking av debutalder har to formål. For det første vil det vise kor mange som debuterte som innsett i ein anstalt ulike år, altså kor mange *nye* straffangar og tvangslemmar anstaltane tok i mot. Det er ein viktig indikator på sanksjonskonjunkturar og fortel om endringar anten i omfang av norm- og lovbrøt, eller endringar i strategi til sanksjongjevarane. I tillegg vil sjølvsagt debutalder vise kva for alderssegment i befolkninga dei nye sanksjonsmottakarane kom frå. Kjennskap til debutalder gir også grunnlag for å vurdere den generelle aldersstrukturen til dei innsette. Om eg kan påvise at debutalder var

---

<sup>628</sup> RA: JPD. Fængselsstyret, Kontor D. 1814-1958: Tvangsarbeidsanstalten, Bergen 1872-1907: "Uddrag af Bergens Arbeidsanstalts Casseregnskab" for åra 1868-1876.



Figur 9-2: Tal på debutantar i bergenske straffeanstaltar 1855-75.



vesentleg lågare enn den generelle alderen ved innsetjing i anstaltane, betyr det at aldersspreiinga i anstaltane var eit resultat av at enkelte hadde lange karrierar og returnerte fleire gonger utover i karriera. Dette er særleg relevant for tvangsarbeidsanstalten der menn var gjennomgåande eldre enn straffangane. Om tvangslemmane debuterte i omlag same alder som straffangar, må teorien om at tvangsarbeid representerte ein siste fase i ei sanksjonskarriere avvisast.

### 9.2.1 Alder ved debut i ein straffeanstalt

Talet på nye straffedebuterande menn hadde ein fallande tendens frå midten av 1850-talet og fram til 1866 (Figur 9-2). Siste halvdel av 1850-talet debuterte mellom 65 og 100 menn kvart år, og i dei fleste åra var talet over 70. Så sank dette til eit botn-nivå på berre 38 nye straffedebuterande menn i 1866. Resten av perioden hadde ein stigande, men likevel varierende tendens. Toppen i 1870 var eit resultat av "poteteskrigen" og at ei stor gruppe utan rulleblad måtte avsonne fengselsstraffar. I gjennomsnitt debuterte 74 menn i straffeanstaltane kvart år 1855-75. Tala for kvinnene var naturlegvis lågare, men tendensen var den same i alle fall i deler av perioden; auke fram til rundt 1860, så ujamnt fall før ein ny auke sette inn i 1867. Men denne auken var kortvarig, og dei trass alt låge tala på nye debuterande kvinner gir rom for større tilfeldige utslag.

Den registrerte alderen for kriminell debut vil i mange tilfelle vere kunstig høg, ettersom ein del utførte lovbrøt som aldri vart oppdaga eller som dei aldri vart dømde for. I tillegg fanst det alternative straffeformer til fengsel for dei aller yngste. I dag kan me klarleggje røyndeg debutalder ved moderne kriminalitet gjennom intervju. Slik fann Britta Kyvsgaard at så

mange som 35 prosent av elevane i ein folkeskule i Danmark hadde begått ein kriminell handling før dei var fylt 12 år.<sup>629</sup> I eit historisk materiale må ein nøye seg med den registrerte debutalderen. Når det gjeld fridomssanksjonar, vil dette ikkje vere problem, ettersom alle slike sanksjonar vart registrert. Kyvsgaard baserte seg også på eit registrert materiale, og undersøkte kor mange innanfor ulike aldersgrupper som debuterte kriminelt. For alle typar lovbrøt, debuterte flest i 16-års alderen, då fem prosent av aldersgruppa debuterte. For straffelovbrøt var debutraten høgast blant femtenåringane, her debuterte to prosent.<sup>630</sup> For alle typar lovbrøt sank andelen som debuterte hurtig allereie før fylte 20 år, medan den fall jamnt og trutt for straffelovbrøta og berre 0.2 prosent av 26 åringane debuterte kriminelt.

Vidare fann Kyvsgaard ein stor skilnad mellom kjønna, ettersom berre éin prosent av jentene i alderen 15-16 år debuterte mot 8-10 prosent av gutane i same alderen. Med tanke på det generelt lågare omfanget av kriminalitet mellom jenter var det som venta. Meir interessant er den ulike aldersstrukturen på debutantane. Talet på debuterande menn sank jamnt og trutt etter alderen, og altså hurtig tidleg for alle typar lovbrøt, medan kvinnene hadde ein meir jamn kurve og spreidd debut. To av tre menn som debuterte innan fyllte 27 år, gjorde det i 15-19 års-alderen, men dette gjaldt berre for halvparten av kvinnene.

**Tabell 9-3: Sentralmål over alder for straffedebutantar etter fødestad. Menn og kvinner med tilknytning til Stor-Bergen og debut etter 1854.**


	Bergen		Strileland		Andre		Ukjend/manglar		Alle	
	M	K	M	K	M	K	M	K	M	K
1 kvartil	18.75	19	21	19.5	22	22	17	22.25	20	20
2 kvartil	24	28	28	29	30	30	23	30.5	27	29
3 kvartil	36	37	39	42	40	41	33	35.25	38	38
Modus	16	16	18	16	21	19	17	15	16	16
Gjennomsnitt	28.4	29.5	31.2	31.3	32.2	32.4	27.2	31.3	30.1	30.7
n	488	113	193	27	412	65	92	20	1173	225
3k-1k	17.25	18	18	22.5	18	19	16	13	18	18

Tabell 9-3 viser sentralmål og spreining over debutalder for dei i analysepopulasjonen som debuterte frå 1855. Menn debuterte som innsett i ein straffeanstalt som 27 år, målt etter median, og var slik to år yngre enn kvinnene med sine 29 år. Spreinga var likevel den same, med rundt 18 år avstand frå første til tredje kvartil. Dette var som forventa lågare enn aldersfordelinga for alle som mottok fridomssanksjon i ein straffeanstalt. Median for alle menn innsette i fengslet, tukthuset eller slaveriet var tre år høgare og for kvinner to år høgare.

<sup>629</sup> Kyvsgaard 1998, s. 89.

Bergensfødde var registrert med tidlegare debut enn andre, og dei som var fødd lengst frå Bergen, debuterte seinast. Særleg gjaldt dette for menn, der skilnaden i median mellom bergensfødde og dei fødde utanfor Bergen og Strilelandet var heile seks år. I dette talet er altså dei som var registrert for første gong i Bergen, men med kjende dommar frå før, skild ut. Likevel kan me ikkje utelukke at det blant fødde utanfor Bergen fanst personar som hadde tidlegare opphald i straffeanstaltar ved innsetjing i fengslet i Bergen. Uansett vil me her finne ein del personar som flytta til Bergen meir eller mindre vaksne, og i og med at ein ekskluderer dei av desse som hadde dommar før tilflyttinga, vil debutalderen bli kunstig høgare enn for dei bergensfødde. Særleg interessant er skiljet mellom dei bergensfødde og dei som var fødde på Strilelandet. Strilane sokna heile tida til alle straffanstaltene i Bergen på lik line med dei bergensfødde. Få sanksjonar i ung alder blant strilane kan difor ikkje forklarast med at dei sona i andre fengsel. Me må ganske enkelte konkludere med at det var eit skilje i debutalder mellom urbane og rurale mannlege straffangar i perioden sett under eitt. Seinare

**Figur 9-3: Straffedebutantar i ulike aldersgrupper i prosent av folketeljinga 1865. Menn med bergensilknytning.**




skal me sjå at dette skiljet i særleg grad kan knytast til slutten av undersøkingsperioden.

Når dei bergensfødde, og då særleg mennene, er registrert med tidlegare debut enn andre, har det dels samanheng med aldersstrukturen i Bergen. Dei bergensfødde gutane i alderen 15-19 år med tilhald i Bergen var langt fleire enn dei innflytta gutane i same alder, og dermed var det langt fleire som potensielt kunne debutere kriminelt i Bergen. Eg har valt å samanlikne talet på debutantar i ulike aldersgrupper med dei tilsvarande aldersgruppene i folketeljinga

<sup>630</sup> Kyvsgaard 1998, s. 90.

**Figur 9-4: Straffedebutantar i ulike aldersgrupper i prosent av folketeljinga 1865. Menn med bergensstilknytning og dømd i Bergen.**




1865. Aldersstrukturen i denne teljinga vil ikkje vere representativ for heile min periode, men gir likevel ein klar peikepinn. Figur 9-3 og 9-5 viser at dei som var fødde utanfor Bergen var klart overrepresentert samanlikna med dei bergensfødde, og særleg galdt dette dei yngste. Talet på straffedebuterande innflyttarar var kunstig høgt i den forstand at ein god del av desse har debutert lokalt og ikkje i Bergen. Ettersom desse likevel kom inn under kriteria for innlemming i analysepopulasjonen, tydar det på at opphaldet på ein straffeanstalt har fungert rekrutterande til byen i etterkant av soninga. Av menn fødde utanfor Bergen med debut i alderen 15-19 år, var vel halvparten dømde i ein domstol i Bergen (politirett, politikammermukt eller byrett), medan resten fordelte seg på sorenskriveria rundt Bergen eller geografisk uplasserbare ankerettar. Reknar me berre dei med dommar frå Bergen, var debutraten i ulike aldersgrupper blant innflyttarane omlag på line med dei bergensfødde, men framleis litt i overkant for den yngste aldersgruppa (Figur 9-4). Ettersom ein del av ankesakene må ha hatt sitt utspring i Bergen, er det klart at innflyttarane har hatt ein noko høgare debutrate enn bergensfødde, særleg blant dei yngste. To av tre kvinner fødde utanfor Bergen med debut i alderen 15-19 år fekk sin dom i Bergen, og for desse blir biletet endå tydlegare enn for menn. Her er talgrunnlaget minst og slik mest utsett for tilfeldige utslag.

Debutratane er uansett mest pålitelege for dei bergensfødde. Desse viser typisk at sjansen for å debutere som innsett i ein straffeanstalt, sett opp mot folketalet i 1865, var omlag den same frå 15-årsalderen og fram til slutten av 20-åra. Frå 30-årsalderen minka faren for å ende opp i ein straffeanstalt for første gong. Samanlikna med Kyvsgaard sine tal, var debutantane i Bergen i min periode eldre enn i Danmark i vår tid, sjølv om ein må ta visse atterhald med

omsyn til samanlikningsgrunnlaget.

**Figur 9-5: Alder ved debut på straffeanstalt i prosent av alder i folketeljinga 1865. Kvinner med bergenslilknyting.**



Dei bergensfødde var mest utsett for ein tidleg debut, ganske enkelt fordi det var langt fleire av dei i ung alder i Bergen. Var ein først innflytta til Bergen som 15-16-åring, var ein derimot minst like utsett for å oppleve sin første fridomssanksjon i denne alderen som dei bergensfødde. Aldersstrukturen i 1865 viser eit høgt omfang av innflytting av unge menn og kvinner, og for fleire av desse har overgangen til bymiljøet klart vore vanskeleg og gjort dei meir utsett for å ende opp som sanksjonsmottakar.

Det viktigaste skiljet synest imidlertid ikkje å gå etter fødestad i og for seg, men mellom dei som oppheldt seg i byen og dei som framleis oppheldt seg heime ved sanksjonsdebut. Byen var meir uoversikteleg enn landsbygda der ungane i større grad var under foreldre og andre vaksne sitt oppsyn, og der barna i stor grad deltok i arbeid heime tidlegare og hadde mindre "farleg" fritid enn byungar og -ungdommar. I Bergen budde folk trengt og born og unge vart tvinga til å flytte aktivitetane sine ut frå husa og oppsikt frå mødrene og ut på gata. Den same plassmangelen hindra handverksmeistrar i å ha drengane i hushaldet, slik at desse ofte vart gåande utan tilsyn av både foreldre og meistrar. Dette siste kan ha vore fatalt for mange av dei unge gutane som flytta til Bergen. Politimeisteren i Bergen drøfta problema med Stiftet i 1855, etter at det tidlegare same året var reist justissak mot 26 personar, dei fleste under 15 år:

*"Idet jeg dernæst skal gaae over til den øvrige Deel af Skrivelsen, skal jeg bemærke, at de Omstændigheder, hvori Stiftet vistnok med rette søger Grunden til disse Forbrydelser, i høi Grad begunstiges af de locale Forholde, da det yderst indknebne Huusrum, hvormed Arbeidsklassen her i Almindelighed maa lade sig nøie næsten gjøre det til en Nødvendighed, at*

*Børnene og fornemmelig Drengene tilbringe den største Deel af Dagen udenfor Huset og ved den almindelige Mangel paa Gaardsrum maae tye til Gaden, hvor det vilde være vanskeligt for Forældrene, om de end og bestræbte sig derfor, at føre Tilsyn med dem, og hvor de selv uden Beskjæftigelse træffe sammen med allehaande andre Børn under lignende Vilkaar, er det uundgaaeligt, at de fleste Bekjendtskaber og knyttede Forbindelser, der maa have den skadeligste Indflydelse paa deres Moralitet, og som de have den bedste Anledning til senere at fortsætte, da det, selv om de kunne lære, som er den Stilling i hvilken de ere meest bundne, er meget almindeligt, at Mæsteren af Mangel paa Huusrum ikke optager dem som Lemmer af Huset, men alene modtager dem paa Værkstedet i Arbeidstiden, medens de forøvrigt skulde være hos Forældrene, men i Virkeligheden ere overladte til sig selv.*"<sup>631</sup>

På gata kunne unggutane slå seg saman med andre jamnaldrande som var under like dårleg oppsikt, samstudens som byen med stort vareutval lett tilgjengeleg gjorde ein utsett for langt fleire freistnader enn på landsbygda.

Mangelen på oversikt i byen gjorde det vanskeleg for den vaksne generasjonen å fange opp avvik på eit tidleg tidspunkt for eventuelt å kunne reagere reintegrerande og kanalisere konflikthandteringa utanfor rettsvesenet. Såkalla "reintegrative shaming" kan ha fungert i større grad på landsbygda enn i byen. Omgrepet vart introdusert av John Braithwaite som ei nyansering av teorien om stigmatisering. Ein alternativ reaksjon til stigmatisering meinte han var samfunnet si reintegrerande haldning overfor tapargrupper. Utgangspunktet var at den kriminelle handlinga i seg sjølv ikkje nødvendigvis førte til stigmatisering og etterfølgjande rekruttering til ein subkultur prega av framhald i kriminell aktivitet, men det gjorde derimot storsamfunnet sin reaksjon ved å domfelle. På landsbygda var den kriminelle handlinga markert som uønska, men den som utførte den vart ikkje stigmatisert eller ekskludert frå fellesskapet. Det negative ved handlinga vart ikkje proklamert konkret gjennom ein dom, men individet vart derimot teke hand om av nærmiljøet og tilbakeført til fellesskapet. Ein vart ikkje rekruttert til noko subkultur, men me kan seie at storsamfunnet si sosialisering av individet som har forgått seg vart intensivert. Sentralt er det at individet ikkje føler seg merka eller ekskludert. Eit slik motsett resultat av kriminell handling enn stigmatisering er det Braithwaite kallar "reintegrative shaming".<sup>632</sup> Tilsvarande gjeld naturlegvis også for andre handlingar enn kriminalitet, som bønn om hjelp mot fattigdom. Det har vore vanleg å knyte "reintegrative shaming" til rurale område der den sosiale kontrollen og det kommunalistiske fellesskapet har vore sterkare, medan den ikkje har vore antatt å ha den same betydning i urbane strøk.<sup>633</sup> Tilløp til dette finn me likevel også overfor barn i Bergen. I 1867 vart tre gutar under ti år meld for gateuorden. Dei møtte med mødrene sine, og ettersom barna var under den kriminelle lågalder kunne dei ikkje straffast av rettsvesenet, men vart slept ut att

<sup>631</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, kopibok B nr. 9. 1844-57, 15.12.1855.

<sup>632</sup> John Braithwaite: *Crime, shame and reintegration*, Cambridge University Press 1989, s. 54ff.

med åtvaring og lovnader frå mødrene om at dei ville gje barna ”Correx”.<sup>634</sup> Same dagen vart også to gutar over den kriminelle lågaldre ilagde bøter for gateuorden. Dei møtte med fedrene sine som begge i tillegg til å betale bota ”lovede selv at give Drengen en passende Revselse.”<sup>635</sup>

Me må også rekne med at familieoppløysingar har utgjort eit større problem i byane enn på landsbygda. På landsbygda overtok gjerne slekt og naboar omsorgsansvaret om foreldra ikkje var i stand til å utøve dette. I byane kan me ikkje rekne med at viljen var like sterk, og alternativet til eit liv på gata var meir organiserte tiltak som "Foreningen for forvildede Børn" stifta i 1841. Dette kan me også sjå i kjeldematerialet. Allereie i 1840 finn me klager over ungdomsgjengar i Bergen:

*"... Gadedrengenes Uforskammede og Frækthed gaaer overmaade vidt, og det vækker ikke gode Tanker om den Orden, som burde herske i en Bye, naar enhver Reisende bliver overhængt af Betlere, naar han seer Børn og halvvoxne Mennesker af begge Kjøen til enhver Tid paa Dagen at streife om uden nogensomhelst sysselsættelse, uden hvad for Øieblikket kan føre med sig...."*<sup>636</sup>

I Bergen vart ofte slike bandar av unggutar arresterte samstundes. Johan Herman Noreim, 16 år frå Korskirken Landsogn, vart innsett 19. septembert 1862 for tjuveri. "Han har ei før været straffet, men har været udsat af Foreningen for forvildede Børn - nu har han stjaalet 9 Spd. Han var i Forening med Severin Stemler."<sup>637</sup> 21. desember 1865 vart Edvard Gunnerius Ellingsen, Peder Andreas Pedersen og Bendix Larsen, alle unggutar, arresterte for tjuveri av bankboka til seglmakar Møller og etterkvart straffa med ris.<sup>638</sup> På nyåret, 17. januar, vart 17-åringen Ole Andreas Bergesen og Johan Olai Rasmusen arresterte som ”indviklet for den paa forrige Side [bankbektjuveriet] nævnte Komplott”. 6. februar vart Odin Richard Olsen varetektsfengsla i same saka.

Marie Sørensen viste at kriminalitet blant dei aller yngste ofte var knytt til kameratflokkar.<sup>639</sup> Det er tydeleg at det også i Bergen fanns ungdomsmiljø som saman søkte spenning og

---

<sup>633</sup> Braithwaite 1989, s. 86ff. Sjå elles Sandmo 1992 si undersøkning av tingbøkene frå Rendalen 1763-1797.

<sup>634</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 5, 1867-70, 21.8.1867.

<sup>635</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 5, 1867-70, 21.8.1867.

<sup>636</sup> Bergens Stiftstidende 1840, nr. 12, her sitert etter Christopher John Harris: ”’Forsømte, moralske fordærvede og forvildede børns redning’ - eit lite omtalt kapittel fra Bergensarane og Strilane sin kvardag på 1800-talet” i *Frå Fjon til Fusa* 1994, s.13.

<sup>637</sup> SAB: Arkivet etter presten på Bergens Straffanstalt og Bergenuhus. Mandtal over de i Bergens civile Arrester hensiddende Fanger 1849-70, fol 162.

<sup>638</sup> SAB: Arkivet etter presten på Bergens Straffanstalt og Bergenuhus. Mandtal over de i Bergens civile Arrester hensiddende Fanger 1849-70, fol 189f.

<sup>639</sup> Sørensen 2001, s. 62ff.

skillingar til mat og fornøyelse.<sup>640</sup> I mangel av oppsyn og reaksjonar frå autoritetspersonar og føresette, har det sikkert vore lett å bli rekruttert inn i desse gruppene. Samstundes framstod også skilnader mellom dei som kan seiast å vere kjernen i det "dårlege selskapet" i denne aldersgruppa, og dei mindre røynde som vart fanga opp av det, og som enda opp som "bedrøvelige" og "ulykkelige" i varetekt. Eit døme på dette er ei sak frå 1869. Petter Olai Pettersen, knapt fylt 15 år, vart fengsla 27. februar dette året, dømd for "et tyveri han har begaaet hos Consul Konow, hvor han i forening med 2 Andre har stjaalet 1 Kasse Cigarer, en Del Vinglasse osv. Ser stridig og haard ud."<sup>641</sup> Den eine av dei medskyldige, Hans Andreas Johan Hansen, var heller ikkje meir enn 15 år og "viste ingen Bedrøvelse". Den siste, Jakob Thorsen Natvig var to år eldre og ifølgje presten "meget bedrøvet og ulykkelig". Jakob Thorsen og Ole Andreas Bergensen frå innleiinga høyrde begge til randsonen av slike ungdomsbandar, og mottok begge berre éin fridomssanksjon i undersøkingsperioden.

**Tabell 9-4: Sentralt mål over alder for mannlege straffedebutantar etter fødestad og debutperiode.**

	Bergensfødde		Andre		Strilefødd		Manglar	
	1855-66	1867-75	1855-66	1867-75	1855-66	1867-75	1855-66	1867-75
1 k	19.75	17	22	23.5	20	21	17	19
2 k	26	22	29	32	27	28.5	19	26
3 k	38.25	31	37	41.5	38	42	25.5	37
Modus	16	16	21	19	17	18	17	16
Snitt	30.0	26.6	30.9	33.5	30.6	31.8	24.1	29.1
n	261	228	209	203	105	88	35	45
3k-1k	18.5	14	15	18	18	21	8.5	18

Ungdoms- og bandekriminalitet var til stades i heile perioden, men den kan likevel knytast særleg til 1860-talet, i det minste for dei som var gamle nok til å motta fridomsstraffar. Tabell 9-4 viser at det var skilnad i debutalder mellom bergensfødde og andre før 1867, men at den trass alt var ganske liten. Både median og snitt var forholdsvis likt, men med ein liten tendens til at dei bergensfødde gutane debuterte yngre. Det same biletet gjeld også jentene (Tabell 9-5). Derimot trer klare ulikskapar fram for dei som debuterte i tida 1867-75. Gutar fødde utanfor Bergen hadde ein tendens til å vere litt eldre ved debut enn tidlegare, medan jentene fødde utanfor byen vart noko yngre. For dei bergensfødde var skilnadene meir dramatiske i retning av yngre debut. Median var heile fire år lågare i den siste perioden for dei

<sup>640</sup> Marie Sørensen understreka også dette som motiv for kriminalitet mellom barn i Kristianisand 1874-89. (Sørensen 2001, s. 58ff.). Heather Shore fann liknande tilhøve ved barnekriminalitet i England i første halvdel av 1800-talet (Heather Shore: *Artful dodgers: youth and crime in early nineteenth century London*, Woodbridge 1999).

<sup>641</sup> SAB: Arkivet etter presten på Bergens Straffanstalt og Bergenhus. Mandtal over de i Bergens civile Arrester hensiddende Fanger 1849-70, fol 211.



bergensfødde gutane, og gjennomsnittet sank med vel tre år. Jamvel om me inkluderer alle som mangla fødestad i tala til bergensfødde, var median så låg som 23 år. Også kvinner fødde i Bergen debuterte dramatisk yngre etter 1867 enn før. Median for desse var berre 23 år i siste perioden mot heile 30 år i første del av perioden.

**Tabell 9-5: Sentralmål over alder for kvinnelege straffedebutantar etter fødestad debutperiode.**

	Bergensfødde		Andre		Strilefødd		Manglar	
	1855-66	1867-75	1855-66	1867-75	1855-66	1867-75	1855-66	1867-75
1 k	20	17	24	21	19.75	22	25	19
2 k	30	23	32	26	28.5	36	33	24
3 k	37	38	42	40	42	43.5	35.5	31
Modus	16	17	19	20	16	17	15	18
Snitt	30.2	28.2	32.6	32.0	30.4	34.1	33.5	26.3
n	72	41	33	33	20	7	11	8
3k-1k	17	21	18	19	22.25	21.5	10.5	12

Ei anna endring var den geografiske samansetjinga av debutantane. For menn var det ingen store endringar etter 1867, kring 23-25 bergensfødde menn debuterte kvart år i gjennomsnitt mot 27-32 menn fødde utanfor. Fallet i debutalder til bergensfødde menn var derfor ein kombinasjon av fleire unge og færre eldre debutantar kvart år samanlikna med tidlegare (Tabell 9-6). Mellom 1855 og 1867 debuterte årleg 5.9 menn kvart år i aldersgruppa 15-19 år, medan meir enn tre fleire debuterte i gjennomsnitt den resterande tida fram til og med 1875. Også i aldersgruppa 20-24 år debuterte fleire enn før kvart år etter 1867, medan færre debuterte i dei eldste alderskategoriane. Auken var altså størst for dei yngste aldersgruppene, særleg dei under 20 år. For dei som var fødde utanfor Bergen var tendensen motsett. Det var liten skilnad i den yngste aldersgruppa, men i den eldste aldersgruppa debuterte meir enn tre fleire personar kvart enkelt år i den siste perioden. Her er biletet likevel litt meir utyldig ettersom litt færre i alderen 30-39 debuterte i siste perioden enn i første.

Vesentleg færre bergensfødde kvinner debuterte i straffeanstaltane både absolutt og relativt i den siste perioden samanlikna med den første. 1855-66 debuterte i gjennomsnitt 6.4 kvinner i alderen inntil 60 år, mot berre 3.5 i den siste perioden. Dei bergensfødde kvinnene i alderen inntil 60 år utgjorde før 1867 58 prosent av debutantane, etter det same året utgjorde dei 51 prosent av debutantane. Nedgangen var tydelig i alle aldersgrupper, med unntak av nettopp dei yngste under 20 år, her debuterte nesten dobbelt så mange som tidlegare.

Tabell 9-6: Gjennomsnittleg tal på straffedebutantar i ulike aldersgrupper etter fødestad før og etter 1867.

Debutalder	Menn				Kvinner			
	Bergen		Andre		Bergen		Andre	
	1855-66	1867-75	1855-66	1867-75	1855-66	1867-75	1855-66	1867-75
15-19	5.9	9.3	5.0	4.6	1.2	2.0	0.8	0.7
20-24	4.2	5.9	5.5	5.1	1.2	0.7	0.8	1.2
25-29	3.6	3.1	4.6	6.0	0.7	0.1	0.7	0.6
30-39	4.4	2.9	7.4	7.0	2.3	1.0	1.2	0.8
40-59	5.0	3.7	5.0	8.8	1.2	0.9	1.3	1.3

Nedgangen i debutalder var altså eit resultat av auka straffelling av dei yngste, særleg for dei under 20 år. Det galdt både menn og kvinner. Samtidig har me sett at dette var mest tydeleg for menn fødd i Bergen. Det var eit samanfall mellom opninga av det moderniserte fengslet i 1867 og ein auke i talet på nye, og unge, straffangar. Presten sitt manntal over dei innsette i sivile arrestar viste også at det vart langt meir vanleg å varetektsfengsle fleire ungdomar samtidig nettopp på 1860-talet. Det er to moglege forklaringar på denne bølga av unge bergensfødde debutantar frå midten av 1860-talet. Det kan ha oppstått eit større behov for å sanksjonere mot nettopp denne aldersgruppa, det vil i så fall seie at kriminaliteten i denne gruppa var aukande. I tillegg, eller som alternativ forklaring, kan viljen til å påføre denne gruppa fridomssanksjonar ha vore aukande. Det nye fengslet kan ha gjort det meir interessant å drive fram saker mot unge enn før.

Dei unge bergensfødde debutantane vart i aukande grad sett inn på grunn av tjuveri. 1855-67 debuterte kvar tredje med tjuveri (etter kapittel 19), medan dette auka til 48 prosent i siste perioden. I absolutte tal betyr det at sju bergensfødde gutar debuterte kvart år med tjuveri i første perioden, i siste delen var dette auka til 12. Andre debutantar var meir stabile over tid. Det var altså eit generell fall i debutalder uansett lovbrøt, men den sterke auken i tjuveridømde debutantar, gruppa med den lågaste debutalderen, er eit svært viktig bidrag. For menn fødde på Strilelandet sank andelen som debuterte med tjuveri frå 58 til 43 prosent, samtidig som fallet i debutalder for andre typar lovbrøt for desse var meir smålåte.

Dei som debuterte med brot mot straffelovas kapittel 19, altså tjuveri, debuterte jamnt over ein god del yngre enn dei som debuterte med andre typar lovbrøt (Tabell 9-7). Dette var karakteristisk uansett kvar ein var fødd. Men dei bergensfødde debuterte framleis markant yngre, uansett type debutlovbrøt. Dei som var fødde utanfor Bergen og Strilelandet *kan* ha debutert i andre lokale anstaltar, medan dei bergensfødde og strilefødde heile tida sokna til dei same anstaltane i Bergen. Desse kan sjølvsagt også ha fått sanksjonar andre stader, men i det minste ikkje lokalt. Likevel var median debutalder for dei bergensfødde tjuvane fem år

yngre enn for dei strilefødde. I tillegg var spreinga langt større.

For dei bergensfødde gjekk altså debutalder ned uansett type lovbrøt, medan det motsette var tilfellet for fødde på Strilelandet (Tabell 9-8). Me kan ganske enkelt slå fast at bergensfødde debuterte yngre i slutten av perioden enn i byrjinga.

**Tabell 9-7: Sentralmål over alder straffedebuterande menn etter lovbrøt. Debut etter 1.1.1855.**

	Bergensfødde			Strilelandet			Andre (ikkje ukjend)		
	19-	Andre	Politifors.	19-	Andre	Politifors.	19-	Andre	Politifors.
1 kvartil	16	22	21	18	25.25	23	20	25.5	25
2 kvartil	19	29	27	24	33	28.5	27	35	32
3 kvartil	26.25	42.5	39	36	42.75	39.75	37	42	40
Modus	16	20	19	18	32	25	21	36	33
Gj.sn.	23.4	33.4	30.9	28.0	35.5	33.7	29.5	35.0	33.9
n	196	75	220	99	42	52	182	83	149
3k-1k	10.25	20.5	18	18	17.5	16.75	17	16.5	15

**Tabell 9-8: Sentralmål over debutalder for menn som debuterte etter 19- og andre lovbrøt. Debut etter 1.1.1855.**

	Debut etter kapittel 19				Debut etter andre lovbrøt			
	Bergensfødde		Strilefødde		Bergensfødde		Strilefødde	
	1855-66	1867-75	1855-66	1867-75	1855-66	1867-75	1855-66	1867-75
1 kvartil	16	16	18	18	22	20	25	23
2 kvartil	20	18	24	25.5	30	25.5	32.5	30
3 kvartil	28.5	24	31	41.75	40	38	43.75	41.25
Modus	16	16	17	15	21	20	27	21
Gj.sn.	24.5	22.5	26.5	30.3	32.7	30.3	36.3	33.0
n	87	109	61	38	173	118	44	50
3k-1k	12.5	8	13	23.75	18	18	18.75	18.25


*Foreningen til forsømte og forvildede Børns Redning*, vart etablert i 1841, og sette ”uarta og forsømte” born ut til forpleiing på landsbygda. Me kjenner ikkje til kor mange dei hadde i pleie kvart år, men for dei fleste åra kjenner ein talet på utsatte gutar og jenter.<sup>642</sup> Dette varierte ein del, og kunne kome opp i over 35 tilsaman inntil 1860 (figur 9-6). Kjennskapen til tala i ein del av åra tidleg på 1860-talet er dårleg, men frå 1865 steig det jamnt fram til slutten av 60-talet, før det gjekk noko ned, samtidig som det vart relativt fleire gutar som vart utsett.

I årsberetningane ser ein at veksten på slutten av 1860-talet har tæra kraftig på foreninga økonomisk:

<sup>642</sup> Harris 1999.

”Det vil af det her anmeldte Antal Børn, man har forsøget, vidne iøinefaldende, at man i dette og forrige Aar, ligesom i flere andre har vovet at inklade sig paa en Forsørgelse, der overskred Foreningens finansielle Kræfter. [...] Men den Nød, som paakaldte Hjælp, var ofte meget stor, og Sagen tyktes i mange Maader saare vigtig ei alene for de Ulykkelige, der trængte til at fjernes fra Byen, men ogsaa for mange Andre, der stode i Fare for at tage Skade, om man ikke paa saadan Maade tog sig af de allerede Forvildede”<sup>643</sup>

Figur 9-6: Born i pleie hjå "Foreningen" 1855-75.



Om auken i talet på utsette har samanheng med den foryngingsprosessen som synest å pågå blant dei bergensfødde debutantane, er uklart. Men at talet på gutar som foreningen tok seg av og talet på unge gutar og menn som debuterte begge auka, peiker i det minste i den retninga. I tillegg braut dei paternalistiske relasjonane saman akkurat i denne perioden. Særleg interessant er samanfallet mellom drengane sin utmarsj frå mesteren sitt hushald og fallet i debutalderen til dei innsette i straffeanstaltane. Cecilie Boge viste at talet på handverksdrengar som budde hjå mesteren fall frå 93 prosent i 1801 til 70 prosent i 1865 for rode 4 og 5 i Bergen.<sup>644</sup> Berre på ti-året fram til 1875 fall dette vidare til 31 prosent. For handverkssvennane var utviklinga endå meir dramatisk. Medan 84 prosent av desse var integrert i mesteren sitt hushald i 1801, var berre 19 prosent det i 1865, og berre fem prosent i 1875. Med politimeisteren sitt utsegn om årsakene til barnekriminaliteten i byen i tankane, er det mogleg at noko av forklaringa på fallet i debutalder er å finne her. Styresmakter og bybefolkninga elles, kan ha observert desse oppløysingstendensane og frykta følgjene av den, og vore meir vaksam overfor denne gruppa. Det fører oss over på den andre viktigaste forklaringa. Det er tenkeleg at både styresmakter og bysamfunnet generelt endra haldningar til bruken av fridomsanksjonering mot dei yngste. Det totale fråveret av eigna fengsel før det avsondringsbaserte fengselt kom i 1867 kan ha gjort både styresmakter og folk flest skeptiske

<sup>643</sup> BOB: Aarsberetning i Foreningen til forsømte og forvildede Børns Redning 1871, Bergen: s. 8-9.

til å sette unge gutar som hadde utført det mange oppfatta som "gutestrekar" i eit helsefarleg fengsel saman eldre og meir garva straffangar. Ei slik haldning kan ha lagt ein viss dempar på politiet sin innsats i etterforsking av saker, og ikkje minst i offer sin vilje til å melde og vitner sin vilje til å domfelle. Med det nye fengslet vart dette annleis. Dei unge gutane vart atskilt dei eldre og fengselsopphaldet elles var ikkje til fysisk skade for dei innsette. Ein kor fengselsstraff framstod dermed som ei passande åtvaring og lærepenge overfor dei yngste. At tjuveri var årsak til innsetjing for langt fleire debutantar etter 1867 enn før, kan også tyde på større vilje blant offer til å melde naboar og kjende andre unge når straffereaksjonen ikkje lenger var opphald i dei gamle fangehola under Rådstuen. Polituorden og andre lovbrøt var ikkje ungdomsbrot på same måten, samtidig som politiet ofte tok initiativet ved slike saker. Når samtidig ungdomskriminaliteten var aukande, er ikkje auken i talet på unge debutantar i Bergen overraskande.

Undersøkinga av debutalder ved innsetjing i straffeanstaltar viser altså særleg to ting. Dei bergensfødde debutantane vart stadig yngre, dels fordi færre eldre debuterte, men særleg fordi fleire unge debuterte, og det med tjuveri, i siste delen av perioden enn i første. Men det tydegaste var likevel den store differensieringa i debutalder. Før 1867 var kvar fjerde bergensfødde mannlege debutant 20 år eller yngre og like mange over 38 år. Fram til 1875 var kvar fjerde 17 år eller yngre og like mange 31 år eller eldre. Det er difor vanskeleg å referere til debutantane som ei homogen gruppe, aldersbakgrunnen til debutantane var for variert til det.

Me augnar ulike strategiar i sanksjonstildelinga av menn og kvinner. Under inntrykk av ein aukande barne- og ungdomskriminalitet på slutten av 1860-talet, satsa politi og styresmakter på å sanksjonere mot desse yngste mannlege lovbrøytarane, dei som ein enno ikkje rekna for "fortapte" ved å køyre dei gjennom rettssystemet på eit tidleg tidspunkt. Dette skjedde tidlegare enn før, både på grunn av den aukande barnekriminaliteten, men også fordi samtida må ha oppfatta at det moderniserte fengslet som langt meir eigna for sanksjonering av yngre kriminelle enn før. Dette måtte uansett skje i samsvar med det formelle rammeverket. Auken i talet på innsetjingar var derfor meir eit resultat av at politiet gav dei yngste auka merksemd, samtidig som både offer og vitner var meir villige til å iverksetje judisielle sanksjonar mot dei yngste. Auken var derfor meir eit resultat av at politiet klarte å prove fleire straffbare handlingar, enn at dei tidlegare hadde latt vere å tiltale i saker med kriminelle ungdomar. Slik

---

<sup>644</sup> Boge 1996 (<http://web.hist.uib.no/mfag/cecilie/index.html>).


framstår ein spiraleffekt for unge menn – auka kriminalitet blant unge førte til større merksemd og oppfølging frå politiet si side. Det førte igjen til fleire saker totalt og fleire saker som politiet kunne prove og som dermed endte med ein fridomssanksjon. Innsetjing i ein straffanstalt kan berre delvis knytast til ein livsfase, slik Emsely meiner. Det var ein tendens til å debutere i ung alder, og denne tendensen vart altså forsterka i slutten av perioden. Men samtidig var dei individuelle skilnadene store nok til å gjere ein skeptisk til å knyte mottak av sanksjonar sterkt til livsfasar.

Det same galdt også for bergensfødde kvinner. Me finn fleire debutantar blant desse kvart år etter 1867 enn før, og dei debuterte gjennomgåande langt yngre i den siste perioden. Men samtidig ser me også at fleire bergensfødde kvinner debuterte med tvangsarbeid i siste perioden. Her viser styresmaktene ein dobbel strategi og ein intensivert bruk av sanksjonar overfor bergenske kvinner utan rulleblad. Det kan vere resultat av ulike formål med sanksjonane overfor gruppa av straffedebuterande kvinner og gruppa som debuterte med tvangsarbeid. Dermed reiser også spørsmålet om dette var to prinsippielt ulike grupper seg, i praksis om dei straffedømde var tjuvar og tvangslemmane var mistenkte for prostitusjon.

### 9.2.2 Alder ved debut på tvangsarbeidsanstalten

Talet på personar som debuterte med tvangsarbeid varierte frå år til år (Figur 9-7). Dei fleste åra var det langt fleire menn enn kvinner som debuterte. Talet på debuterande kvinner hadde ein fallande tendens frå slutten av 1850-talet og til utpå 1860-talet, sidan var det auke og etterkvart stabilisering. Etter eit kraftig fall rundt 1860 viste menn ein jamn auke i nye

Figur 9-7: Antal debutantar på tvangsarbeidsanstalten 1855-75.



debutantar utover tiåret, etterfølgt av eit nytt fall på 1870-talet. Fallet rundt 1860 er knytt til ombyggjinga av arbeidsanstalten som gjorde leiinga mindre villig til å ta i mot nye tvangslemar. 1855-66 debuterte gjennomsnittleg kanpt 28 menn og 11 kvinner årleg. Den resterande perioden fram til 1875 debuterte vel 26 menn kvart år mot 13 kvinner. Det var altså ein liten vridning mot fleire kvinnelege debutantar.


**Tabell 9-9: Sentralmål over alder for tvangsdebutantar.**

	Menn			Kvinner		
	1855-66	1867-75	1855-75	1855-66	1867-75	1855-75
1 k	24	23	24	20	19	19
2 k	34	36	35	31	23	26
3 k	46	50	48	45.5	39.5	42.5
Modus	34	18	23	19	17	19
Gj.sn.	36.3	37.2	36.7	34.0	30.1	32.1
n	333	291	624	119	116	235
3k-1k	22	27	24	25.5	20.5	23.5

Me har allereie sett at det var stor aldersmessig skilnad mellom menn og kvinner på tvangsarbeidsanstalten generelt. Median for dei innsette kvinnene var heile ti år lågare enn for menn. Dette gav seg også klare utslag i debutalderen.

Perioden viste ei klar forskyving aldersmessig mellom menn og kvinner. Median for den manlege debuten på tvangsarbeidsanstalten 1855-75 var 35 år, mot berre 26 år for kvinnene. Dette var i hovudsak eit resultat av tilhøva i slutten av undersøkingsperioden. I perioden 1855-66 var ikkje skilnaden mellom kjønna særskilt påfallande, kvinnene debuterte tre år yngre enn kva dei manlege tvangslemmane gjorde. Det første kvartilet til kvinnene var fire år lågare enn for menn, altså var det ein ikkje ubetydeleg del svært unge kvinner også i denne perioden. I siste del endra dette seg kraftig, kvinnene debuterte samla langt yngre enn tidlegare, medan menn debuterte noko seinare. Skilnaden i median var så mykje som 13 år i den siste perioden. Dette var også i samsvar med aldersfordelinga generelt over tid. Andelen menn over 30 år steig kraftig på slutten, medan ein aukande andel av kvinnene var under 30 år.

**Figur 9-8: Mannlege tvangsdebutantar i ulike aldersgrupper i prosent av folketeljinga 1865. Menn med debut 1855-75.**




Som ved debut i ein straffeanstalt, var også innflyttarar overrepresenterte i alle aldersgrupper ved debut på tvangsarbeidsanstalten (Figur 9-8 og 9-9). For tvangsdebutantane gjeld ikkje det same problemet med ulike geografiske rekrutteringsområde. Nesten alle vart sett inn av politiet i Bergen for tilhøve same stad. Ikkje alle var heimhøyrande i byen, men kostnadene ved innsetjing avgrensa talet på framande. Av alle som vart innsett på tvangsarbeid i Bergen 1850-75, hadde 13 prosent av mennene og knappe fem prosent av kvinnene registrert ein annan bustad enn Bergen på eit seinare tidspunkt enn ei innsetjing på Tvungen.

Sjansen for å debutere på tvangsarbeidsanstalten var stort sett aukande for bergensfødde menn dess eldre dei var. Det var heller liten skilnad mellom aldersgruppene for dei som var fødde utanfor Bergen, men relativt sett var nokon fleire i 20-åra enn i dei andre aldersgruppene. Også kvinner fødd utanfor Bergen var overrepresenterte samanlikna med dei som var fødd i byen. Kvinnene var elles klart overrepresenterte i dei yngste aldersgruppene samanlikna med folketeljinga 1865, og det galdt særleg dei som var fødde utanfor Bergen.

Heller ikkje på tvangsarbeidsanstalten kan ein dermed knyte starten på mannlege karrierar til livsfasar, slik det heller ikkje var råd med straffeanstaltane. Den første innsetjinga kunne kome i alle aldrar, sjølv om det likevel var ein aukande fare for å få si første innsetjing dess eldre ein var. For kvinnene var det annleis og faren for innsetjing var større dess yngre dei var.



**Figur 9-9: Alder ved debut på tvangsarbeidsanstalten i prosent av alder i folketeljinga 1865. Kvinner med debut 1855-75.**



Perioden sett under eitt, var spreinga lik for menn og kvinner, men over tid utvikla den seg diametralt ulikt (Tabell 9-10). Me ser av første kvartil at det ikkje var dei aller yngste kvinnene som vart så mykje yngre, men det fann stad ei fortetting i retning av å vere yngre, og då særleg i første del av 20 åra. Det viser også spreinga i form av avstand mellom første og tredje kvartil. Denne sank med nesten fem år for kvinnene, men steig like mykje for mennene. Fortettinga var størst mellom første og andre kvartil. 1855-66 var skilnaden mellom desse 11 år for bergensfødde kvinner, medan det i siste perioden berre var tre år. Mellom andre og tredje kvartil auka den, sjølv om altså avstanden totalt sank.

**Tabell 9-10: Sentralt mål over alder for mannlege tvangsdebutantar etter fødestad og debuttidspunkt.**

	Menn					Kvinner				
	Bergen		Andre		Alle	Bergen		Andre		Alle
	1855-66	1867-75	1855-66	1867-75	1855-75	1855-66	1867-75	1855-66	1867-75	1855-75
1 kvartil	25	22	24	26	24	20	19	20	20	19
2 kvartil	36	35	34	37.5	35	31	22	31	29	26
3 kvartil	47	51	43	49.25	48	44.25	38	50	42	42.5
Modus	34	16	23	18	23	19	19	18	18	19
Gj.sn.	36.8	36.1	35.6	38.1	36.7	33.6	29.2	34.7	31.8	32.1
n	165	131	167	160	624	72	77	47	39	235
3k-1k	22	29	19	23.25	24	24.25	19	30	22	23.5

Det var ikkje store skilnader i debutalderen for menn fødde i Bergen og dei fødde utanfor målt etter median (Tabell 9-10). Median låg rundt 35 år uansett fødestad og periode ein debuterte i, men dei bergensfødde hadde større spreing i den siste perioden som eit resultat av både yngre første kvartil og eldre tredje kvartil enn for dei fødde utanfor Bergen. Desse

siste fekk altså større individuelle preg med omsyn til debutalderen.

Det er altså dei bergensfødde jentene som forklarar det store fallet i debutalder for kvinner på tvangsarbeidsanstalten. Dei vart stadig fleire, både absolutt og relativt, i sterk motsetnad til kva som var tilfelle for straffeanstaltane. Mellom 1855-67 debuterte i snitt 1.3 bergensfødde kvinner mellom 15 og 19 år og 1.1 mellom 20-24 år på tvangsarbeidsanstalten. Resten av perioden debuterte høvesvis 3.0 og 2.6 bergensfødde kvinner i desse aldersgruppene. Samtidig debuterte færre bergensfødde kvinner i aldersgruppene frå 25 år og oppover. Me har allereie sett at alderen til dei bergensfødde kvinnene også gjekk kraftig ned ved debut i ein straffeanstalt. Det var altså ein allmenn tendens i retning av å sanksjonere mot unge bergensfødde kvinner utan rulleblad, anten dette tok form av straff eller tvangsarbeid.

Årsaka til auken i fengsling av dei yngste har eg tidlegare antyda, nemleg ein generell auke i kriminelle handlingar og påfølgjande sterkare oppfølging og overvaking frå politiet si side. Men kvifor debuterte bergensfødde kvinner tidlegare som tvangslem enn andre etter 1866, både menn og kvinner? I 1863 kom ei ny fattiglova som på ein del område vart strengare enn den gamle, men tilhøva som regulerte tvangsarbeidet vart ikkje endra, og skulle heller ikkje ha innverknad på denne utviklinga. For kvinner var prostitusjon og politiuorden som kom i kjølvatnet av det, hovudårsak til innsetjing uansett kvar ein var fødd. Når debutalderen til bergensjentene gjekk så dramatisk ned etter 1866, kan dette berre forklarast gjennom auka omfang i prostitusjonen og/eller endra haldning hjå styresmaktene andsynes prostitusjonen og kampen mot dei smittsame sjukdomane. I diskusjonen omkring yrka til dei innsette på tvangsarbeidsanstalten såg me at tvangssanksjonane vart retta mot prostitusjonsmistenkte som forårsaka gate- og vertshusbråk i berusa tilstand, i tillegg til dei som ikkje innordna seg reglane for prostitusjon og som ikkje lot seg visiterere.<sup>645</sup> Ein kan ikkje sjå vekk i frå at omfanget av prostitusjonen var aukande på 1860-talet, tvert om må ein rekne med det i absolutt forstand. Bergen hadde kvitta seg med "stillstands"-stemplet. Tilflyttinga auka og var med på å drive folketalet oppover att, og aktiviteten var stor på fleire område. I denne situasjonen var marknaden for sal av seksuelle tenester utan tvil i vekst. Sjølv om dei økonomiske tilhøva ikkje tilsa at fleire kvinner vart drivne ut i prostitusjon på 1860-talet enn tidlegare, har sannsynlegvis likevel tilbodet auka på seksuelle tenester. For det første vil alltid enkelte falle utanfor uansett konjunkturar, om ikkje anna så på grunn av rusmisbruk eller påverknad frå miljøet ein vanka i. For det andre har utsiktene til materielle goder ein elles

---

<sup>645</sup> Sjå også Kopperdal 2000, s.15.

ikkje ville oppnå med låge løner i anna verksemd, vore ein veg inn i prostitusjon for enkelte kvinner.<sup>646</sup> Merete Bøge Pedersen fann at prostitusjon ganske enkelt var meir lukrativt og følgjeleg eit naturleg alternativ til anna slitsomt og fårleg lønna arbeid eller arbeidsløyse. Ho går så langt som å påstå at utsikter til hurtig gevinst var den primære årsak til at enkelte kvinner valde å prostituere seg.<sup>647</sup> Ein aukande etterspurnad vil dermed skape eit aukande tilbod.

På midten av 1860-talet fekk politiadjutant Johannes Frisak tillagt eit særleg ansvar for å leie politiet si verksemd andsynes prostitusjonsverksemda, både den tolererte og den ”hemmelege” ved å ”skjænke de herhenhørende Anliggender en større og mere udeelt Opmærksomhet”.<sup>648</sup> Politiadjutanten hadde med ”Opofrelse af sin knapt tilmaalte Fritid” frivillig via saka ei spesiell merksemd.<sup>649</sup> Frisak søkte i slutten av 1866 Magistraten om honorar for arbeidet som var gjort dei to føregåande åra og ba om eit fast tillegg for å gjere det same i framtida.<sup>650</sup>

Politiadjutant Frisak ser ut til å vere ei leiande kraft bak den auka innsatsen til politiet, og han synes særskilt å ha vore ute etter dei ”hemmelege” prostituerte utanfor bordella. Desse var yngst og førte til at fleire av dei prostitusjonsmistenkte vart innsett i ein yngre alder enn tidlegare. Blant dei yngste dominerte dei bergensfødde. Det er uklart kva som er talgrunnlaget, men Christopher Harris meiner at berre 25 prosent av dei prostituerte på 1850-talet var fødde utanfor Bergen. På 1880-talet anslår han at dei bergensfødde jentene framleis utgjorde halvparten av dei prostituerte.<sup>651</sup> Bergensfødde kvinner utgjorde 64 prosent av jentene på tvangsarbeidsanstalten 1850-54, mot nesten 58 prosent 1870-74. Desse tala galdt unike kvinner, og vart berre talt éin gong uansett tal på innsetjingar.

Jamført med aldersstrukturen folketeljinga i 1865 var dei aller yngste kvinnene fødde utanfor Bergen klart overrepresentert på tvangsarbeidsanstalten samanlikna med bergensfødde. Dei yngste nyinnflytta kvinnene har klart vore meir utsett enn jamnaldrande bergensjenter (figur 9-10). Men samtidig var det mellom fire og fem gonger så mange bergensfødde kvinner i

---

<sup>646</sup> Sjø Schiøtz 1977 s. 89ff og Erik Hansen: ”Prostitutionen 1878-1906” i *Sociale Studier. Kriminalitet, prostitusjon og fattigdom i Århus ca. 1870-1906*, Århus 1975, s. 204ff.

<sup>647</sup> Merete Bøge Pedersen: *Den reglementerede prostitution i København 1874-1906*, Københavns Universitet 2000, s. 95 og 79.

<sup>648</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, kopibok B nr. 9. 11, 1866-75, fol 16b. JoN. 226/67, brev til magistraten datert 23.2.1867.

<sup>649</sup> BB: Copiebog for Magistraten 1864-68, 155/67, brev frå Magistraten til Formandskabet datert 8.3.1867.

<sup>650</sup> BB: Copiebog for Magistraten 1864-68, 155/67, brev frå Magistraten til Formandskabet dater 8.3.1867.

<sup>651</sup> Harris 2000, s.56.

alderen 15-19 år enn innflytta kvinner i same alder. Derfor dominerte bergensfødde jenter i absolutte tal blant dei yngste prostituerte og prostitusjonsmistenkte, og det derfor nettopp for denne gruppa ein får det største utslaget for ved innsetjing i tvangsarbeidsanstalten.

Den auka fokuseringa på dei aller yngste har vore motivert i ønske om å gripe fatt i prostitusjons- og smitteproblemet på eit tidleg stadium. Fråsegna frå politimesteren i 1876 (s. 231) gav uttrykk for at ein ikkje tillot unge kvinner å opphalde seg på dei tolererte bordella, i alle fall ikkje utan at andre verkemiddel for å få dei vekk frå prostitusjonen hadde vore freista først. Denne politikken, nemleg å forsøke å "redde" unge, og dermed oftast bergensfødde, kvinner frå prostitusjonen ved å setje dei i tvangsarbeidsanstalten, kan på grunnlag av alderen til førstegongs innsette, knytast til 1860-talet og politiadjutant Frisak. Tidlegare finn ein ikkje spor etter den same iveren etter å få dei yngste vekk frå gatene. Ei jamføring av debutalder ved tvangsarbeidsanstalten i Bergen med Sundt sine oppgåver over debut på Mangelsgaarden i Christiania 1869 underbygger denne ein særeigen bergensk innsats overfor dei yngste kvinnene.<sup>652</sup> Dei mannlege tvangslemmane i Bergen debuterte i ein alder som var svært likt det Sundt fann for debutalder til mannlege tvangslemmar i Christiania. Kvinnene derimot, hadde ein tendens til å debutere yngre i Bergen. Sundt fann at 13 prosent av kvinnene debuterte yngre enn 20 år. I Bergen var det tilsvarande talet 26 prosent.

Auka ungdomskriminalitet og auka vaktsemd frå politiet si side forklarar fallet i debutalder for bergensfødde menn og kvinner i siste del av perioden. Det avsondringsbaserte fengslet har også gjort bruk av fridomsstraff overfor desse mindre prinsippielt problematisk ettersom det hindra den "moraliske smitten" som det tidlegare fengslet vart oppfatta å medføre. Samtidig vart tvangsarbeid brukt overfor langt yngre kvinner enn tidlegare. Prostituerte hamna sjeldan i fengsel, både på grunn av den dobbeltmoraliske haldninga ein hadde til prostitusjon, men også fordi ein del prostitusjon kunne vere vanskeleg å prove. Trekkføser på tvangsarbeidsanstalten var også omtala som dei "hemmelige" prostituerte.<sup>653</sup> I tillegg er det grunn til å tru at smittefaren knytt til prostitusjonen gjorde det meir ønskeleg, og kanskje til og med nødvendig, med dei langt meir fleksible rammene tvangsarbeidsanstalten kunne gi samanlikna med rettsvesenet. Slik kunne ein handle umiddelbart overfor dei ein mistenkte for prostitusjon og som ein visste eller mistenkte var smitteberarar. Overfor denne gruppa var eit lengre opphald på tvangsarbeidsanstalten, eventuelt kombinert med opphald på sjukehus, å føretrekke framfor korte fengselsopphald.

---

<sup>652</sup> Sjå tabell 4.9 for Sundt sine oppgåver over debutalder i Christiania.

<sup>653</sup> Kopperdal 2000, s.13.

Menn debuterte på tvangsarbeidsanstalten i forholdsvis vaksen alder. Median debutalder låg i overkant av 35 år, noko som var vesentleg høgare enn ved debut i straffeanstalt. Det forsterkar inntrykket av at tvangsarbeid var knytt til seinare livsfasar, eller karrierefasar, enn straff. Dei store individuelle variasjonane i debutalder i dei ulike anstaltane viser likevel at dette ikkje trong vere konsekvent, og at tvangsarbeid kan ha kome før straff om ein opplevde begge deler.

### **9.3 RESIDIVISME OG ANSTALTRETUR**

Hans Andreas Larsen vart innsett på tukthuset klokka halv tolv føremiddagen 10. august 1866, og slapp ut att 10. februar 1868, på same klokkeslett kan ein rekne med. Då hadde han sona eitt og eit halv år på tukthuset for sitt andre simple tjuveri. Hans Andreas var dermed allereie ein residivist, han hadde returnert til ein straffeanstalt for ny innsetjing. I dette delkapitlet vil eg undersøke kor mange som returnerte til anstaltane i min periode. Det vil for det første skilje ut dei som avslutta karriera på eit anna tidspunkt enn dei debuterte, og som hadde ei karriere større enn null. I ein longitudinell samanheng har desse naturlegvis størst interesse. Residivisme vil bli undersøkt for tre ulike variablar – fødestad, debutalder og for straffangane også lovbrot ved debut. Det vil vise om ulike typar av sanksjonsmottakarar hadde ulikt omfang av residivisme. For straffanstaltane vil det vere naturleg at fleire av dei som utførte typisk kvardagskriminalitet, tjuveri og uorden, returnerte enn at personar som utførte andre typar lovbrot gjorde det. Det vil også vere naturleg at fleire tvangslemmar enn straffangar returnerte. Tvangslemmane mottok som sagt ikkje sanksjonar på grunn enkelthandlingar, men levesett, noko som er ein meir statisk tilstand forankra i strukturelle tilhøve.

Først vil eg sjå på kva situasjon straffangar som Hans Andreas var i ved lauslating. Låg tilhøva til rette for å unngå retur til straffanstalt eller tvangsarbeidsanstalt? I byar med straffearbeidsanstaltar såg ein på dei lauslatne fangane som eit problem. Dei vart gjerne verande i byen utan å få arbeid, samtidig som dei lauslatne her kunne søke saman og vedlikehalde bekjentskap frå innsida. Frå 1838 kunne straffangar sjølv bestemme kvar dei ville opphalde seg etter lauslating. Om dette var ein annan stad enn den ein hadde heimstamn til, var det med atterhald om at ein var i stand til å forsørge seg sjølv.<sup>654</sup> Politimeisteren på staden ein ville reise til skulle ha beskjed minst tre dagar før lauslatinga med opplysning om

brotsverk og vilkår for lauslating. Politiet sine embetsmenn og den lokale presten var forventet å føre eit visst oppsyn med den lauslatne og ”efter evne at drage Omsorg for at bringe dem i gavnlig Virksomhed”, som det heitte, for slik å motvirke tilbakefall til kriminalitet.<sup>655</sup> Med seg fekk den lauslatne ein attest frå presten ved straffeanstalten. I kva grad dei lokale styresmaktene viste nokon form for omsorg var nok personavhengig kring om, og elles overlatt til foreningar med slike formål, der slike fanns.

Frå 1838 fekk ein ”Miilepenge” eller ”Tærepeng” sett til 6 skilling for kvar mil til staden der ein ville busetje seg. I trongstilfelle kunne den lauslatne få 2 spd. i kontantstøtte. Denne støtta gjekk i praksis over til å bli vanleg å innvilge ettersom ein ikkje hadde inntekter i straffeanstaltane, men vart først gitt den lauslatne av politiet på staden ein reiste til. Støtta var motivert utifrå ønsket om å få dei lauslatne til å forlate byar. Regjeringa sette i 1842 fram ein proposisjon som skulle forby menn dømde til straffearbeidsdommar på over tre år for tjuveri, røveri, bedrageri og falsk, å opphalde seg på stader som hadde straffeanstaltar, eller i naboprestegjelda.<sup>656</sup> Proposisjonen vart avvist i Stortinget, men tydleggjer problema knytt til rekruttering av kriminelle til byane med straffeanstaltar gjennom soningsopphald. Initiativet til proposisjonen kom frå formannskapet i Christiania, men også i Bergen vart lauslatne straffangar oppfatta som eit problem. ”Foreningen til moralsk fordærvede Børns og unge Menneskers Frelse samt til menneskekjærlig Omsorg for de fra Strafanstalterne løsladte Fanger” søkte i 1846 om at dei lauslatne frå straffeanstaltane i Bergen burde få auka milepengane til 10 skilling om sommaren og 15 skilling om vinteren, samt at trongstilskotet på 2 spd. burde utbetalast allereie i Bergen. Årsaka var å gjere det lettare å forlate byen. På Vestlandet var det dyrare å reise enn andre stader, samtidig som dårleg vêr, særleg om vinteren, kunne gjere reisa vanskeleg. Derfor var det viktig ikkje berre å auke reisestøtta, men også at kontantstøtten vart utbetalt allereie i Bergen slik at ein klarte seg i påvente av at reise var mogleg. Foreininga skriv

*”At den Straffede, ved efter Løsladelsen fra Strafanstalten at forblive i Byen, saa ofte falder tilbage til Forbrydelser, har sin naturlige Grund i, at han sammesteds, hvor han er kjendt som den, der har været straffet, mistænkes og skyes, saa at han endog under større Arbeidsvirksomhed altid er den Sidste, som deri erhoder Andeel, og saaledes vanskeligt bliver i Stand til at erhverve Noget, hvis aarsag han ofte udsættes for Mangel. Den ustadighed, der hyppigt finder Sted i Bylivets Arbeidsvirksomhed, frister derhos til Lediggang, hvilken med de deraf flydende Laster lettere kan skjules i Byens store Befolkning, ligesom ogsaa der Anledningen til at komme i slet Selskab, og i Særdeleshed til at vedligeholde de i*

---

<sup>654</sup> Kgl. res. 24.10.1838 (Schmidt 1850).

<sup>655</sup> Kgl. res. 24.10.1838, § 7 (Schmidt 1850).

<sup>656</sup> NOS Fjerde Række Nr. 86. *Meddelelser om Det norske Fængselsvæsen i det 19de Aarhundrede*, Udgivet af Expeditionschefen for Fængselsvæsenet, Kristiania 1904, s.80.

*Strafanstalterne sluttede fordærlige Forbindelser, er større end paa Landet.*<sup>657</sup>

Dei praktiske vanskaner for den lauslatne var altså mange. Ein stod nærmast utan pengar og mangla økonomiske ressursar dagen ein slapp ut. Som tidlegare straffa hadde ein problem med å skaffe seg jobb, sjølv i gode tider, og i tillegg opna byen for uheldige freistingar. Som fattig og utan jobbutsikter var det naturleg å søke eit meir anonymt tilhald i eit miljø av personar med same problem.

I tillegg meinte nokre at fangane psykisk og dels fysisk var redusert til ein apatisk tilstand ved lauslatinga. Paul Norum, inntil 1858 direktør ved botsfengslet, gav i si beretning og betenkning om straffearbeidsvesenet i Norge gav klart uttrykk for dette i 1860:

*”Paa samme Tid, især naar Straffen er længere, svækkes eller tilintetgjøres Fangenes Arbeidsevne, saaledes at han, naar han løslades, er mere eller mindre uskikket til at tage alvorlig fat paa det anstrengende Arbeide, hvorved han maa søge sit Erhverv. Der lyder derfor jevnlig Klage over, at løsladte Straffearbeidsfanger have tabt den Lyst til Arbeide, som de havde viist før deres Afstraffelse og især over, at de ikke længere ere saa udholdende i deres Dont som tidligere.”*<sup>658</sup>

Eit liknande syn gav presten ved tukthuset i Bergen uttrykk for femten år seinare:

*”Straffelivet i vore Fællesanstalter har jo ofte en sørgelig Magt til at afstumpe Sjælen og svække den Enkeltes hele Følelsesliv. Selv Interessen og Bekymringen for Familien i Hjemmet tager undertiden af i de nye Forhold og der knyttes uheldsvangre kammeratslige Forbindelser mellem mange af disse fra forskjellige Steder sammenbragte Mennesker. Man ser dette med Bedrøvelse, man veed, at disse i Strafanstalten knyttede Bekjendtskaber ofte ere til stor Skade for Fangens senere Liv”*<sup>659</sup>

Samtida interesserte seg i stor grad for omfanget av kriminelle tilbakefall, om ikkje ved å utarbeide statistikkar over det, så ved å diskutere det som problem meir ålment. Det var straffeanstaltane si manglande evne til å rehabiliterer og hindre nye opphald som stod sentralt i diskusjonen. Dette var hovudinnvendinga mot dei store fellesanstaltane, og hovudmotivet bak arbeidet med reformar innan fengselsvesenet, som først resulterte i botsfengslet i Christiania og etterkvart med ny fengselslov i 1857. Samanbladning av dei meir ”forhærdede forbrydere” med dei mindre i fellesanstaltane, gjorde dei til ”forværrelsesanstalter” meir enn forbetningsanstaltar, uttalte direksjonen for tukthuset i Bergen med bekymring til stiftsdireksjonen allereie i 1832.<sup>660</sup>

Ikkje lenge etter vart straffeanstaltkommisjonen nedsett for å sjå på problemet. I 1839 sende

---

<sup>657</sup> *Departements-Tidende* Nr. 1 1847, s. 1f.

<sup>658</sup> Norum 1860, s.73.

<sup>659</sup> NOS B.No.3: *Beretning om Rigets Straffearbeidsanstalter for Aaret 1875*, Christiania 1877, s. 15f.

<sup>660</sup> Her henta frå Olsen 1914, s. 413.

dei ut brev med spørsmål til leiinga ved dei ulike straffeanstaltane som i sjølve spørsmålsstillinga klart viste kva problem dei var opptekne av:

*”hvilke Virkninger Erfaringen maatte paavise af de ubundne Sammenvær, Dag og Nat, og af den kun lidet begrændsede Communication mellem saa mange med Hensyn til Alder, Udvikling, Sæder, Character og Sindelag saa forskjellige Forbrydere, - saasom om Usædelighed i Tale og Handling er almindelig, om Underholdning angaaende og Pralen med begaaede Forbrydelser jevnlig finder Sted, om og i hvilken Grad de mere forvorpne og forhærdede, om man blandt Forbryderne har sporet den i mange fremmede Straffanstalter af lignende Indretning bemærkede fordærlige Sædvane, at de i fysisk og aandelig Henseende Overlegne blandt de groveste Forbrydere tiltage sig og vide at vedligeholde et tyrannisk Overherredømme, hvis Følge er, at Frækhed og Ryggeløshed i Gjerning og Tale bliver ligesom herskende Tone blandt Forbryderne, hvilken de Bedre maae istmme, om de ikke ville ligge under for Drillier, Had, Forfølgelse, ja Mishandling. Endelig udbad man sig meddelt Vedkommendes Formening om, hvorvidt og i hvilken Grad en demoraliserende Indflydelse finder Sted fra Strafanstalterne paa deres nærmeste Omgivelser, in specie paa Garnisoneren, og i det Hele hvilke skadelige Virkninger maatte have viist sig af den lette Adgang for Fangerne til at komme i Berørelse med frie Personer”.*<sup>661</sup>

Kommisjonen sitt eige syn skin tydeleg gjennom her, og dei fekk også dei svara dei forventa. Tukthuset i Bergen svarte kommisjonen at mangelen på klassifisering og separasjon av fangane førte til at dei eldre og grovare forbrytarane hadde ein svært dårleg innverknad på dei unge og at tukthuset dermed var

*”en Skole, hvori han [den innsette] forhærdes istedetfor at forbedres, og unegtelig udgaaer han fra Stiftelsen med større Kundskaber til Forbrydelser, end han havde da han indkom deri.”*<sup>662</sup>

Liknande fråsegner kom også dei andre straffeanstaltane med. Ein vart ikkje mildare stemt andsynes anstaltane i tida som gjekk. I samband med omorganiseringa av straffeanstaltane på byrjinga av 1870-talet, uttalte Justiskomiteen at felleslokala i straffearbeidsanstaltane gjorde dei til planteskular for ”Last og forvorpnet” og la til rette for ei ”Vexelundervisning i Forbrydelse”.<sup>663</sup>

Samtida var altså oppmerksom på residivismen og oppfatta den som eit hovudproblem i straffepleia. I sin analyse av årsakene til residivisme peika samtida dels på tilhøva ved fellesanstaltane. Desse fungerte svært uheldig, særleg for dei unge og lett påverkelege som vart eksponert for eit ”forherda” klientell. Men samtidig var ein også klar over dei store problema straffangane kunne møte etter lauslatinga, utan særlege midlar til livsopphald og skydd av folk flest for sin bakgrunn som dei var.

<sup>661</sup> Straffeanstaltkommisjonen 1841, s. 104f.

<sup>662</sup> Brev datert 25.7.1839 til Straffeanstaltkommisjonen (Straffeanstaltkommisjonen 1841, s. 212).

<sup>663</sup> Stortingets Forhandlinger 1872, Oth.prop. No 10., s.219-303. Her henta frå NOS Fjerde Række Nr. 86. *Meddelelser om Det norske Fængselsvæsen i det 19de Aarhundrede*, Udgivet af Expeditionschefen for Fængselsvæsenet, Kristiania 1904, s.15.



Arbeidet med ein reform av fengselsvesenet byrja tidleg. Samtida var oppteken av rehabilitering av dei straffedømde, både under sjølve straffopphaldet, men også i etterkant ved å opprette ulike hjelpeordningar både av privat og offentleg karakter. Tvangsarbeidet fall utanfor denne debatten, på same måten som tvangslemmane fall utanfor hjelpeordningane til straffange. Vilhelm Holdt refererte på 1880-talet korleis tvangslemmane sjølv såg situasjonen sin ved lauslatinga:

*”Naar vi forlade ’Tvungen’ staar vi verre stillede end den værste Forbryder, som forlade Fængsler. Han faar Hjælp og Bistand paa mange Maader, naar han gaar ud, men vi staar i Regelen pengeløse, klædeløse og hjælpeløse; og faar vi ikke Arbeide med det samme, saa er det ikke andet for os, end at vende tilbage til ’Tvungen’”<sup>664</sup>*

Dei første spede teikna på hjelpetiltak såg ein i Bergen i 1880. Då vart det oppretta såkalla ”Venteværelser” for arbeidrarar, slik at dei i ledige timar eller i ly av dårleg vêr ikkje skulle ty til skjenkestadene.<sup>665</sup> Dette var tiltak som knapt kan ha hatt nokon innverknad. Eit meir målretta tiltak viste fattigkommisjonen i 1884 då dei tilbaud lauslatne tvangslemmar opphald på arbeidsanstaltens fattigavdeling for kortare eller lengre tid medan dei kunne søke etter arbeid.<sup>666</sup> I heile min periode fanns ingen hjelpetiltak for tvangslemmar. Faren for at tvangslemmar skulle returnere synest difor større enn at dei straffedømde skulle returnere, både på grunn av situasjonen ved lauslating og den forenkla prosessen ved innsetjing.

Kor mange av dei som mottok fridomssanksjon i Bergen returnerte som residivist? I denne omgang er det berre omfanget av personar med retur som er av interesse. Karriereintensitet og tal på returar for dei einskilde vil bli tatt opp i delkapittel 9.6 om karriereintensitet. Ei utskiljing av residivistane er elles nødvendig for å kunne sjå på lengd og avslutning av karrierer.

### **9.3.1 Retur til fridomsstraff i Bergen 1855-70**

Målinga av residivisme tek utgangspunkt i det registrerte debuttidspunktet og talet på fridomssanksjonar i etterkant av det. Sidan eg nyttar ein buffar på fem år i for- og etterkant av karrieren betyr det at eg avgrensar analysen til dei som var registrert som debutantar i tida

---

<sup>664</sup> RA: JPD. Fengselsstyret, Kontor D 1814-1958, Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907: Vedkommende Kirke-Departementet. Fattigstatistikk. C. Skema for de Formandskaber eller Amtsformandskaber, som har opprettet Tvangsarbeidsanstalter, Innberetning for året 1884.

<sup>665</sup> RA: JPD. Fengselsstyret, Kontor D 1814-1958, Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907: Vedkommende Kirke-Departementet. Fattigstatistikk. C. Skema for de Formandskaber eller Amtsformandskaber, som har opprettet Tvangsarbeidsanstalter, Innberetning for året 1880.

<sup>666</sup> RA: JPD. Fengselsstyret, Kontor D 1814-1958, Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907: Vedkommende Kirke-Departementet. Fattigstatistikk. C. Skema for de Formandskaber eller Amtsformandskaber, som har opprettet Tvangsarbeidsanstalter, Innberetning for året 1884.

1.1.1855 til 31.12.1870. Det gir dermed fem år i forkant og sannsynleggjer at første registreringa var den røynelege debutten. Igjen er personar med første registrerte sanksjon, men med kjende dommar elles frå kjeldene, utelatne. Dei fem åra i etterkant får same funksjon for å sannsynleggjere om den straffedebuterande returnerte til ein straffeanstalt eller ikkje. Med denne tidsavgrensinga vil me ikkje kunne seie noko presist om det totale talet på returar, men om den enkelte fekk ein retur til ein straffeanstalt. Ved analyse av talet på returar, vil det vere nødvendig å avgrense analysepopulasjonen ytterlagare.

**Tabell 9-11: Prosent straffedebutantar 1855-70 med retur til straffeanstalt.**

	%	n
Menn	35.7	1182
Kvinner	21.6	268
Totalt	33.1	1450

Debut etter 1.1.1855 og dimmisjon frå første innsetjing innan 31.12.1870.

Personar med første registrering, men med kjende tidlegare dommar, er ikkje tekne med.

I alt debuterte 1182 menn og 268 kvinner med bergensstilknytning som innsett i ein straffeanstalt i Bergen etter 1.1.1855 og med lauslating frå første innsetjing før 1.1.1871. Av desse vart 35.7 prosent av mennene og 21.6 prosent av kvinnene registrert med retur til ein straffeanstalt i mitt materiale, eller 33.1 prosent sett alle under eitt. Dette er minimumstal ettersom fleire utan registrert retur innan utgangen av perioden kan ha hatt det seinare, sjølv om det sannsynlegvis ikkje ville gitt store utslag. Her er tukthuset eit unntak sidan eg gjennom registeret har oversyn over nærver i denne straffeanstalten heilt fram til 1885. Etter 1877 hadde ein ikkje lenger straffearbeidsanstaltar for kvinner i Bergen, og det medfører også at eg vil ha noko færre registreringar av residivistar blant kvinnene enn blant menn.

Sjølv om tidsperioden her er lengre enn for Knudsen si undersøking for Trondheim og Sleipnes si for Tromsø, er samanfallet godt. Desse undersøkingane skilde ikkje mellom menn og kvinner, men det er grunn til å tru at forholdet også der må ha vore mykje likt. Den offisielle statistikken 1873-83 viste at 32.3 prosent av menn og 17.5 prosent av kvinner lauslatne frå straffearbeidsanstaltar fall tilbake innan tre år.<sup>667</sup> Både talet og ikkje minst den relative skilnaden mellom menn og kvinner samsvarte godt med mine funn for Bergen, sjølv om statistikken berre såg på straffearbeidsanstaltane.

Det er viktig å slå fast er at det var eit mindretal uansett kjønn som returnerte. Å vere utsett

<sup>667</sup> NOS Tredie Række No 70: *Oversigt over de vigtigste Resultater af Norges Kriminalstatistikk for Aarene 1846-1885*, Christiania 1888, Bilag XVIII – s.58f.

for sanksjon i form av opphald på straffeanstalt, var *ikkje* det same som starten på ei karriere som vanekriminell. Tvert om, det vanlegaste var ei karriere lik null, altså at debut- og avslutningstidpunktet var identiske.

**Tabell 9-12: Mannlege debutantar 1855-70 med retur til straffeanstalt etter fødestad.**

Fødestad	1855-59		1860-64		1865-70		1855-70	
	%	n	%	n	%	n	%	n
Bergen	39.0	118	39.3	117	42.7	117	40.3	352
Strilelandet	42.1	38	41.3	46	38.0	71	40.0	155
Andre	50.0	98	52.3	86	39.4	109	46.8	293
Manglar	20.7	164	15.8	95	26.0	123	21.2	382
Totalt	34.7	418	36.3	344	36.2	420	35.7	1182

\*Debut etter 1.1.1855 og dimmisjon frå første innsetjing innan 31.12.1870

Bergensfødde og strilar hadde mindre residivisme enn dei ein veit var fødde utanfor desse områda (Tabell 9-12 og Tabell 9-13). Eit problem her er at fødestaden ikkje er kjend for alle. Me finn også store skilnader mellom dei ein veit var fødde utanfor Bergen og dei ein ikkje kjenner fødestaden til. For både menn og kvinner var residivismen minst blant dei me ikkje kjenner fødestaden til. Forklaringa til dette ligg sannsynlegvis i sjansen for å bli registrert med fødestad. I sanksjonskjeldene kjenner me til fødestad for tukthuset og tvangsarbeidsanstalten. Fengslet og slaveriet oppgav høvesvis bustad og heimstad. For å kjenne fødestaden til fengsla personar må dei anten dukke opp i andre sanksjonskjelder som førte fødestad eller i demografiske kjelder. Det første gjorde dei som hadde andre sanksjonsopphald enn berre fengsel og/eller slaveri. Demografiske opplysningar hadde dei bergensfødde størst sjanse til å få registrert, frå fødde til døde i kyrkjeboka. Uansett må me forvente at dei me kjenner fødestaden til hadde høgare registrert residivisme, ikkje fordi det å bli fødd i desse områda førte til det, men fordi desse var innført i fleire (sanksjons)kjelder og dermed auka sjansen for registrering av fødestad.

**Tabell 9-13: Kvinnelege debutantar 1855-70 med retur til straffeanstalt etter fødestad.**


Fødestad	1855-59		1860-64		1865-70		1855-70	
	%	n	%	n	%	n	%	n
Bergen	32.3	31	33.3	33	22.2	27	30.8	91
Strilelandet	16.7	6	36.4	11	20.0	5	27.3	22
Andre	47.1	17	8.3	12	40.0	15	34.1	44
Manglar	12.9	31	2.3	43	10.8	37	8.1	111
Totalt	27.1	85	17.2	99	21.4	84	21.6	268

\*Debut etter 1.1.1855 og dimmisjon frå første innsetjing innan 31.12.1870

Bergens- og strilefødde menn hadde ein forholdsvis jamn residivisme i over tid. Rundt 40 prosent av desse fekk retur til ein straffeanstalt (Tabell 9-12). For kvinnene førte få

debutantar innan enkelte av kohortane til forholdsvis store variasjonar over tid (Tabell 9-13). For kvinner fødd på strilelandet auka til dømes delen som hadde retur til ein straffeanstalt med omlag 20 prosentpoeng frå første til andre perioden. Men også alle kvinnene under eitt hadde større variasjonar over tid enn mennene. For menn var differansen i prosentpoeng samla mindre enn to i dei ulike periodane, medan den fall ti prosentpoeng frå første til andre periode for kvinnene.

**Figur 9-10: Fordeling av debutantar og residivistar ved bergenske straffeanstaltar 1855-75.**



At andelen residivistar held seg såpass høg også for menn som debuterte mot slutten av perioden, dei bergensfødde mennene hadde til og med aukande residivisme, er i utgangspunktet overraskande. Ein skulle vente at dess kortare den attverande tida for å returnere til ein straffeanstalt var, dess færre vart faktisk registrert med retur. Forklaringa er for det første at eg har oversikt over innsetjing på tukthuset heilt fram til 1885 og på slaveriet til 1877. Ettersom kvinnene etter 1877 ikkje lenger hadde nokon straffeanstalt i Bergen, fall også sjansen for å få registrert ein retur på desse, og det viste seg også att i noko mindre residivisme mot slutten. For det andre var fem år forholdsvis god tid til å få registrert ein retur også i fengslet. Av alle menn i analysepopulasjonen, tok det meir enn fem år frå lauslating til innsetjing i fengslet i 15 prosent av tilfella. Eg fangar med andre ord dei aller fleste residivistane også mellom dei som debuterte fram mot 1871.

Figur 9-10 viser talet på debutantar og "gamle kjende" dei ulike åra frå 1855-75, samt forholdet mellom desse i prosent. Figuren viser altså kor mange som hadde opphald frå før ved nyinnsetjing, ikkje kor mange debutantar som *seinare* kom til å få innsetjing. Andelen som var residivistar auka jamnt og trutt utover i perioden, frå i overkant av kvar tredje innsetjing i byrjinga til mellom 50 og 60 prosent i slutten av perioden. Mellom 1863 og 1867

viste andelen residivistar ein fallande tendens. Residivistane prega straffeanstaltane i større grad enn kva andelen av straffangar som returnerte skulle tilseie. Årsaka er sjølvsagt at enkelte returnerte meir enn ein gong.

Kva innverknad hadde alderen ved straffedebut på residivismen? Var det slik at dei som debuterte tidleg også i større grad returnerte til ein straffeanstalt enn dei som debuterte i vaksen alder? Dei hadde i det minste ein lengre attståande levetid dei kunne returnere i. Eller var det omvendt, at dei som debuterte unge vart sanksjonert mot etter ungdommeleg ansvarsløyse og tilfeldigheiter som ein "vaks" av seg, medan dei som debuterte seint sat fast i strukturelle tilhøve som "tvang fram" residivisme? Var avvik meir stigmatiserande i vaksen alder enn i ung alder?

**Tabell 9-14: Prosent residivistar etter alder ved debut og fødestad.**

	Menn						Kvinner					
	<20		20-29		30+		<20		20-29		30+	
Fødestad	%	n	%	n	%	n	%	n	%	n	%	n
Bergen	46.4	110	42.9	112	33.1	127	32.0	25	23.8	21	33.3	45
Strileland	53.3	30	43.4	53	31.0	71	50.0	6	33.3	6	10.0	10
Andre	38.1	42	41.1	107	52.1	140	50.0	6	28.6	14	33.3	24
Manglar	13.3	30	50.0	20	18.2	22	33.3	3	33.3	3	11.1	9
Totalt	41.0	212	42.8	292	39.2	360	37.5	40	27.3	44	28.4	88

\* Debut etter 1.1.1855 og dimmisjon frå første innsetjing innan 31.12.1870

Manglande kjennskap til alder for ein del vanskeleggjer ei slik undersøking og kan påverke reliabiliteten til materialet. Dess fleire registreringar, dess større var sjansane også for å få registrert alder til vedkomande. Dei med høg residivisme vil dermed vere overrepresentert i materialet. Det ser ein også på residivismen totalt. Tabell 9-1 viste at 36 prosent av menn og 22 prosent av kvinnene returnerte til ein straffeanstalt. For dei med kjend alder, var dei tilsvarande 41 og 30 prosent. Sjølv om prosenttala dermed er noko i overkant av dei røynglege, er det forholdet mellom alderskohortane som er det interessant her.

**Tabell 9-15: Median debutalder for eingongssanksjonerte og residivistar etter debutlovbrot og kjønn. Debut 1855-70.**

	Menn				Kvinner			
	Tjuveri (19)		Alle		Tjuveri (19)		Alle	
	Eingong.	Residiv.	Eingong.	Residiv.	Eingong.	Residiv.	Eingong.	Residiv.
1 kvartil	17	17	20	19.75	18.25	17	20	19
2 kvartil	22	23	27	26	24.5	24	30	28.5
3 kvartil	32	31	39	37	35.75	32	38.5	38.25
N	213	174	515	360	66	29	127	52

Sett under eitt, synest ikkje debutalderen å ha hatt særskilt stor innverknad på residivismen for menn. Uansett om ein debuterte yngre enn 20 år eller etter 30, returnerte rundt 40 prosent (Tabell 9-1). Dette vert også avspeigla i debutalder til residivistar samanlikna med eingongsinnsette. Heller ikkje her er det nokon reell skilnad, verken i sentralmåla eller i spreinga (Tabell 9-15).

**Tabell 9-16: Median debutalder for eingongssanksjonerte og residivistar etter fødestad og kjønn. Debut 1855-70.**

	Menn				Kvinner			
	Bergen		Andre		Bergen		Andre	
	Eingong.	Residiv.	Eingong.	Residiv.	Eingong.	Residiv.	Eingong.	Residiv.
1 kvartil	19	18	22	21	19	19	21.5	19
2 kvartil	26	22.5	29	29	26	31.5	30	27
3 kvartil	39.5	32	40	38	36.25	39.25	42	36
N	211	142	250	199	64	28	51	21

Bryt me ned på fødestad, framstår derimot enkelte skilnader. Gutar fødde i Bergen som debuterte på ein straffeanstalt før dei fyllte 20 år, returnerte oftare enn bergensfødde som var eldre enn 20 år ved debuten og særleg samanlikna med dei som debuterte i godt vaksen alder. Dette fekk også ein klar innverknad på debutalder for residivistar samanlikna med eingongsinnsette (Tabell 9-16). Median debutalder var nesten fire år lågare for residivistar, samtidig som spreinga var langt mindre (14 år mellom første og tredje kvartil for residivistar mot 20.5 for eingongsinnsette). For kvinner fødde i Bergen finn ein ikkje dei same skilnadene. Sjansen for retur var like stor om ein debuterte ung eller gamal, medan debut alderen 20-29 år gav minst sjanse for residivisme. Dette gav ikkje berre samla sett eldre debutalder for kvinnelege residivistar fødd i Bergen, men også større spreing, samanlikna med dei eingongsinnsette (Tabell 9-17).

**Tabell 9-17: Residivisme for menn fødd i Bergen etter debutalder og –tidspunkt.**

Debutalder	Debutperiode					
	1855-66			1867-70		
	Residivistar	n	%	Residivistar	n	%
<20 år	32	65	49.2	19	45	42.2
20-29 år	30	76	39.5	12	26	46.2
30+ år	32	101	31.7	6	18	33.3
	91	233	39.1	50	116	43.1

Ser me på samvariasjonen mellom debutalder og retur for dei som debuterte før og etter 1867, gjekk residivismen forholdsvis sterkt ned for dei yngste under 20 år. 1855-66 returnerte halvparten av dei som debuterte yngre enn 20 år, medan 42 prosent av dei som debuterte

1867-70 i same alderen gjorde det. Den kortare attståande tida for denne siste gruppa vil nødvendigvis føre til noko underregistrering av returar, men ikkje mykje. Dessutan framstod klare skilnader mellom aldersgruppene. Ti prosentpoeng fleire hadde retur mellom dei under 20 år samanlikna med debutgruppa 20-29 år inntil 1867. I tida etter var dette snudd og i aldersgruppa 20-29 år var residivismen ti prosentpoeng større enn i den yngste. Skilnaden i debutalder mellom residivistar og andre var avgrensa til tida inntil 1867 då median var over fire år eldre for eingongsinnsette enn residivistar (Tabell 9-19). Etter 1867 og fram til 1870 var alle sentralmåla nærmast identiske, samtidig som spreinga generelt vart langt mindre.

**Tabell 9-18: Median debutalder etter debuttidspunkt for mannlege residivistar fødd i Bergen.**

	1855-66		1867-70	
	Eingong.	Residiv.	Eingong.	Residiv.
1 kvartil	21	18	17	16
2 kvartil	28.5	24	19.5	19
3 kvartil	40	34.5	26.25	26
N	156	103	52	37

Intensiveringa av straffesanksjonar mot dei yngste mennene førte ikkje til høgare residivisme for desse, tvert om. I perioden 1855-66 debuterte i snitt kvart år 5.4 menn yngre enn 20 år, og det produserte igjen i snitt 2.7 residivistar kvart år. 1867-70 debuterte i snitt 11.3 menn under 20 år, og det førte til ein årleg produksjon av 4.8 residivistar. Når residivismen blant dei yngste bergensfødde gjekk ned, var det fordi ein hadde intensivert sanksjoneringa mot desse og fått fleire innsett i straffeanstaltar totalt, og særleg i fengslet. Her ligg sannsynlegvis også forklaringa på at skilnaden i debutalder mellom residivistar og eigongsinnsette menn fødd i Bergen forsvann i perioden 1867-70 samanlikna med tidlegare. Kriminaliteten blant barn og unge vart oppfatta aukande på slutten av 1860-talet, samtidig som politiet viste større innsats for å påføre unge menn sanksjon å setje dei i det nye fengslset. Tidlegare kan det synast som om ein hadde lettare for å iverksetje etterforsking og vedta tiltale mot unge menn og gutar ein oppfatta som vanarta enn gutar enn frykta ville bli påverka av straffeanstalten i negativ retning. Det moderne fengslet gjorde ein meir positiv til også å innsetje "uforderva" gutar i fengslet. At dette var ein forholdsvis kortvarig strategi viser forskyvinga i retning av eldre fangar etter 1870.

For menn fødde utanfor Bergen synest debutalderen å ha hatt mindre innverknad, også for denne gruppa var residivismen minst i gruppa som debuterte mellom 20-29 år. For kvinner fødde utanfor Bergen synest derimot tidleg debut å føre til fleire returar, men det var avgrensa til dei som var fødde utanfor Bergen, og for dei var talmaterialet igjen avgrensa.

Tabell 9-19: Residivisme etter debutlovbrot og debutalder.

Lovbrot	Menn								Kvinner							
	<20		20-29		30+		Alle		<20		20-29		30+		Alle	
	%	n	%	n	%	n	%	n	%	n	%	n	%	n	%	n
19-	44.4	151	45.8	118	43.6	110	42.9	427	34.4	11	29.2	7	27.0	10	22.0	132
Pol.	44.2	43	42.7	124	42.4	144	33.3	540	0.0	0	0.0	0	25.0	3	19.0	42
Andre	25.0	20	34.0	50	29.2	106	28.2	220	42.9	3	29.4	5	30.0	12	22.1	95

Kva lovbroten ein debuterte med hadde lite å seie for om ein fekk retur til ein straffeanstalt for kvinner (Tabell 9-19). Blant menn var det derimot tydeleg at dei som debuterte med tjuveri stod i størst fare for å ende opp på ein straffeanstalt att seinare. For desse spelte heller ikkje debutalder nokon rolle, og det gjorde den forsåvidt heller ikkje for dei som debuterte med politimisferd eller avsona bøter.

Straffeanstaltane var vellykka i den forstand at fleirtalet aldri returnerte. For denne gruppa kan ein seie at opphaldet hadde sin funksjon, anten det no var rehabiliteringa eller avskrekkinga som verka best. I same retninga peikar nedgangen i residivismen blant dei yngste mennene utover i perioden. For desse auka likevel talet på residivistar, sjølv om dei relativt sett vart færre. Nedgangen i residivismen var eit resultat av at ein sanksjonerte mot fleire, ikkje at færre returnerte.

### 9.3.2 Retur til tvangsarbeidsanstalten i Bergen 1855-70

Omfanget av residivisme på tvangsarbeidsanstalten kjenner me frå kjeldene berre anekdotisk og med referanse til enkeltpersonar eller grupper. Eit døme er Elling Drevdahl, ein tidlegare politibetjent som etterkvart vart vinskjenkar for mellom anna den benåda Gjest Baardsen og som det gjekk verkeleg ille med.<sup>668</sup> Gjest døydde på Elling sitt vertshus i Hollendergaten i mai 1849, og det var Elling som betalte gravferda hans. Kva som skjedde med Elling er ikkje godt å seie, men han gjekk frå å vere vertshushaldar og ha råd til å betale ei gravferd til å bli tvangslem og straffange på litt over to år. Då Elling vart innsett i fengslet i 1869 for å sone ei bot for fyll og gateuorden omtalte presten han som "yderst fordrunken, tilbringer nu sin meste tid paa Tvangen".<sup>669</sup>

Opphalda på Tvangen varte maksimalt i seks månader, og den gjennomsnittlege innsetjingstida gjekk ned frå bortimot det maksimale tidleg på 1850-talet til rundt to månader

<sup>668</sup> Om Drevdahls forhold til Gjest Baardsen kan ein lese i Erling Gjelsvik: *Jakten på Gjest – en biografi*, Oslo 2000, s. 292-93 og s.498.



på 1870-talet. Disse forholdsvise korte sanksjonslengdene saman med den svært forenkla prosessen ved påføring av desse sanksjonane, la tilhøva godt til rette for hyppige returar. Samtidig har me sett at tvangslemmane fullstendig mangla sosiale og økonomiske tryggingnett ved lauslatinga.

**Tabell 9-20: Andel debutantar 1855-70 som returnerte til tvangsarbeidsanstalten\***

	%	n
Menn	62.4	476
Kvinner	44.0	175
Totalt	57.5	651

\*Debut etter 1.1.1855 og dimmisjon frå første innsetjing innan 31.12.1870

I alt 651 personar i analysepopulasjonen, 476 menn og 175 kvinner, debuterte som innsett på tvangsarbeidsanstalten og slapp fri att mellom 1855 og 1870 (Tabell 9-20). Av desse hadde menn klart høgast residivisme. Blant desse returnerte heile 62 prosent, medan 44 prosent av dei kvinnelege tvangslemmane returnerte. Residivismen var altså langt høgare på tvangsarbeidsanstalten enn i straffeanstaltane. Dette gjeld også om ein utvidar frå analysepopulasjonen til samtlege innsette. Sett alle tvangslemmane med debut 1855-70 under eitt, returnerte 49 prosent av mennene og 38 prosent av kvinnene. Eit av kriteria, utanom Bergen som fødestad eller bustad, for å vere ein del av analysepopulasjonen og bli definert med ei tilknytning til Stor-Bergen utover det reint tilfeldige var minst to registreringar av tilknytning til området anten gjennom jurisdiksjon eller opphaldsstad med minst to år mellom. Dette *kan* føre til eit skeivt inntrykk av residivisme ettersom dei med returar vil ha fleire registreringar og dermed lettare oppfyller krava.

Tabell 9-21 viser liten skilnad i residivisme mellom bergensfødde og andre i analysepopulasjonen. Inkluderer me også dei som ikkje vart rekna å ha tilknytning til Stor-Bergen, fell andelen med retur til 40 prosent for menn og til 31 prosent for kvinner fødd utanfor Bergen. Ettersom alle bergensfødde er inkludert i analysepopulasjonen, hadde ikkje ei slik utviding nokon innverknad for desse. Det er svært lite truleg at fødestad har hatt så stor innverknad på residivismen, særleg med tanke på at det ikkje hadde det ved straffeanstaltane. Sjølv om ein sjølvsagt ikkje kan utelukke feilaktig eksklusjon frå analysepopulasjonen, er det truleg at dei ekskluderte faktisk var personar med svak tilknytning til Bergen og der opphaldet på Tvungen har vore meir eller mindre tilfeldig. Residivismen ved tvangsarbeidsanstalten må difor seiast å ha vore svært stort, både for bergensfødde og innflyttarar.

<sup>669</sup> SAB: Arkivet etter presten på Bergens Straffanstalt og Bergenshus. Mandtal over de i Bergens civile Arrester

Tabell 9-21: Andel debutantar 1855-70 med retur på tvangsarbeidsanstalten etter fødestad\*

Fødestad	Menn		Kvinner	
	%	n	%	n
Bergen	64.1	231	43.8	112
Andre	60.9	243	44.4	63
Totalt	62.4	474	44.0	175

\*Debut etter 1.1.1855 og dimmisjon frå første innsetjing innan 31.12.1870.

To med manglande fødestad er utelatt

Tabell 9-22: Retur til tvangsarbeidsanstalten for debutantar 1855-70\*

Fødestad	Menn						Kvinner					
	1855-59		1860-64		1865-69		1855-59		1860-64		1865-69	
	%	n	%	n	%	n	%	n	%	n	%	n
Bergen	60.0	85	70.9	55	68.8	77	43.6	39	43.5	23	45.5	44
Andre	65.9	91	60.0	50	57.8	83	53.6	28	46.7	15	25.0	16
Alle*	63.3	177	65.1	106	63.1	160	49.3	67	44.7	38	40.0	60


\*Debut etter 1.1.1855 og dimmisjon frå første innsetjing innan 31.12.1870

\*\*Alle inkluderer også enkelte personar utan kjend fødestad

Forklaringa på den høge residivismen ligg langt på veg i det som er skissert tidlegare. For det første bidrog den forenkla innsetjingsprosessen sterkt, her var det ikkje krav til "vidløftig Bevismateriale".<sup>670</sup> Eg har vist at personar som vart arrestert mistenkt for tjuveri, men som ein ikkje hadde tilstrekkeleg bevis mot for å tiltale, i staden vart sett på tvangsarbeidsanstalten. Tvangsarbeidsanstalten sanksjonerte som sagt mot levesett meir enn mot enkelthandlingar. Levesett er ofte strukturelt betinga og vanskelegare å endre, og dermed vart ein meir kontinuerleg utsett for denne typen sanksjonar. På tvangsarbeidsanstalten kunne ein også be om å bli innsett og sjølv bidra til residivisme med frivillige returar. I tillegg la den forholdsvis korte sanksjonstida til rette for ei høg gjennomstrøyming.

For menn var residivismen stabil over tid, og varierte samla sett mellom 63 og 65 prosent for kvar kohort som debuterte i dei tre femåra frå 1855 (Tabell 9-22). Denne stabiliteten skjuler likevel ei viss endring over tid etter fødestad. Bergensfødde tvangslemmar returnerte minst blant dei som debuterte 1855-59, og mest i femåret etter. Også i det siste femåret returnerte nærmare 70 prosent av dei bergensfødde. Tvangslemmar fødde utanfor Bergen hadde ein fallande returtenens i dei ulike femåra. Kvinner hadde ein fallande returtenens frå femår til femår sett alle kvinner under eitt. Men denne tendensen var det dei utanbysfødde som stod for. Mellom desse gjekk residivismen tilbake med heile 20 prosentpoeng. For dei

Figur 9-11: Andel residivistar mellom innsette på tvangsarbeidsanstalten 1855-75.



bergensfødde kvinnene var residivismen stabil rundt 45 prosent heile tida. Tendensen var altså at bergensfødde, uansett kjønn, utover i perioden hadde ein aukande residivisme, medan det omvendte var tilfellet for dei som var fødde utanfor byen.

Residivistane dominerte i endå større grad på tvangsarbeidsanstalten enn i straffeanstaltane, særleg blant menn (figur 9-11). Biletet var det same også om me inkluderer alle som var innsett på tvangsarbeidsanstalten, ikkje berre analysepopulasjonen. Frå 1860-talet av hadde omlag åtte av ti mannlige tvangseleamar opphald på tvangsarbeidsanstalten frå før, og i slutten av perioden nærma dette seg ni av ti. Residivismen for dei enkelte var som vist tidlegare ein del lågare, og den høge andelen av residivistar var eit resultat av at enkelte returnerte svært mange gonger. For dei kvinnelege tvangselemane var dette litt annleis. Her utgjorde residivistane flest i midten av perioden. På slutten fall dette att, i alle fall enkelte år.

Alder ved første innsetjing i tvangsarbeidsanstalten synest ikkje å ha hatt særleg stor betydning for om ein fekk retur eller ikkje. For kvinner fødd i Bergen derimot, auka faren for retur dess yngre dei debuterte på tvangsarbeidsanstalten. Heile 63 prosent av dei bergensfødde kvinnene som debuterte før fylte 20 år, opplevde ny innsetjing i tvangsarbeidsanstalten. Halvparten av dei som debuterte i 20-åra returnerte, medan berre kvar tredje over 30 gjorde det.

At så mange av bergensfødde kvinner i 20-åra returnerte til anstalten, må igjen knytast til prostitusjonsverksemda ulike former for uorden som følgde med. Dei yngste kvinnene var for

<sup>670</sup> I følgje politimesteren i Bergen 1893-1905 var det motstand i politiet mot den nye lausgjengarlova av 1900

det meste prostituerte eller mistenkte som det og opplevde forholdsvis ofte å bli utsett for sanksjonar i form av innsetjing i tvangsarbeidsanstalten. Me har allereie sett korleis tvangsarbeidsanstalten vart sett inn som første tiltak mot dei yngste prostituerte.

**Tabell 9-23: Andel debutantar 1855-70 som returnerte til tvangsarbeid etter debutalder.**

Fødestad	Menn						Kvinner					
	<20		20-29		30+		<20		20-29		30+	
	%	n	%	n	%	n	%	n	%	n	%	n
Bergen	65.0	40	66.0	47	64.3	140	63.0	27	48.4	31	32.7	52
Andre	66.7	24	51.4	74	65.1	149	40.0	15	43.8	16	44.1	34
Totalt*	65.6	64	57.0	121	64.8	290	54.8	42	46.8	47	37.2	86

\*Inkluderer også dei utan kjend fødestad

Skilnaden mellom dei bergensfødde jentene og andre jenter, også om ein tek omsyn til debutalder, er vanskelegare å forklare. At bergensfødde jenter i større grad vart innsett på Tvangen er derimot naturleg nok, dei har politiet gjerne hatt kontakt med opp gjennom oppveksten. Men at residivismen blant dei utanbygdsfødde jentene var mindre, kan vanskeleg forklarast med det same. Dette var jenter som allereie hadde hatt opphald på Tvangen og som politiet såleis kjende til. Det kan likevel vere mogleg at at politiet ikkje var like årvakne andsynes desse forholdsvis nye jentene samanlikna med jenter som kanskje har vore oppfatta som vanarta og forsømte frå barndomen av. Me ser også at fødestad ikkje hadde nemneverdig innverknad på residivismen for jenter som debuterte i 20-åra. Dette er sannsynlegvis ”nye” jenter for politiet, uansett om dei var fødde i Bergen eller ikkje. I tillegg er talmaterialet for kvinner, og særleg dei utanbysfødde, forholdsvis spinkelt. Hadde fire fleire av dei femten utanbysfødde jentene returnert til tvangsarbeidsanstalten, ville dei hatt ein større residivisme enn bergensfødde. Dei utanbysfødde kan også ha vore mindre bufaste og flytta ut av byen før dei rakk å få nye opphald på tvangsarbeidsanstalten.

Omfanget av residivisme blant straffangane var som forventa og i tråd med det me veit om residivisme på 1800-talet generelt. Blant menn var residivismen størst for dei som debuterte med tjuveri og minst for dei som hadde begått andre lovbrøt enn tjuveri og politimisferd. Dei som utførte typiske kvardagsbrøt returnerte altså oftare enn andre. Me finn også ein skilnad mellom dei to hovudgruppene av kvardagsbrøt ved at politimisferd gav mindre residivisme enn tjuveri. Sjølv om begge brota var trivielle, kunne brot mot politivedtektene vere meir tilfeldige og eit resultat av å vere på feil stad til feil tid. I denne gruppa finn ein også dei som braut vedtekter knytt til næringsverksemd, og som gjerne ikkje vart oppfatta som kriminelle,

verken av seg sjølve eller bysamfunnet elles. For kvinner var det liten skilnad etter debutlovbrot. Det største skiljet gjekk mellom straffangane på den eine sida og tvangslemmane på den andre, uansett kjønn. Som forventat returnerte tvangslemmane i langt større grad. For mannlege tvangslemmar var det meir vanleg å få ein retur enn å ikkje få det. Det styrkar også tanken om at innsetjing på tvangsarbeidsanstalten var uttrykk for ei større og meir langvarig personleg krise enn kva ei innsetjing på ein straffeanstalt var, og at tvangsarbeidarane var komne lenger ut på "skråplanet".

#### **9.4 LENGD PÅ KARRIERAR VED DEI ULIKE ANSTALTANE**

Hittil har fokus vore lagt på debut og om ein fekk retur. Manglande residivisme viser at karriera har vore kort. Når start- og slutt punktet på karriera var det same, reknar ein i karriereforskinga med ei karriere lik null. Ved straffeanstaltane hadde eit fleirtal av dei innsette nettopp ei slik nullkarriere. For mannlege tvangslemmar var det imidlertid meir vanleg med fleire innsetjingar på anstalten, og dermed hadde desse også karrierer som varte ei viss tidlengd. Ei *kriminell* karriere vil vere tida frå det første lovbrotet til det siste. Ettersom eg ser på bruken av fridomssanksjonar og karrierer som fridomssanksjonert, definerer eg lengda på karrierene som tida det gjekk frå første innsetjing til den siste. Den kriminelle karriera og sanksjonskarriera vil vere overlappende, men slett ikkje samanfallande. Den kriminelle karriera vil starte og gjerne avslutte tidlegare enn sanksjonskarriera. Ved analyse av karrierelengd, er populasjonen vidare avgrensa til dei som faktisk hadde ei karrierelengd, dei som hadde retur til straff- eller tvangsarbeidsanstalt.

Det låge omfanget av residivisme ved straffanstaltane har vist at mottak av fridomstraff i høgste grad var ei mellombels oppleving for dei fleste. Men unge bergensfødde menn og tjuveridømde generelt, hadde større omfang av residivisme, og dermed var også dette mindre mellombels for desse. Retur kunne likevel skje innan svært kort tid, særleg ved innsetjing i fengslet, og dermed gjere karriera svært kort. Det gjer det nødvendig å undersøke kor lange individuelle karrierar vanlegvis var. Også ved karrierelengd vil tre ulike variablar bli undersøkt, nemleg karrierelengd etter fødestad, debutalder og debutlovbrot. Det høgare omfanget av residivisme ved tvangsarbeidsanstalten vart forklart med skilnader i meir statiske og strukturelle tilhøve ved den enkelte sitt levesett, og at ein tvangsarbeidar dermed konstant stod i fare for å motta sanksjonar. Det indikerer at tvangsarbeidarane har hatt lengre karrierar enn straffangar, og ein slik eventuell skilnad vil bli undersøkt.


### 9.4.1 Karrierelengder på straffeanstaltane

Som ved debut og avslutning må eg også ved måling av karrierelengder føreta ei avgrensing for å sannsynleggjere at eg har den røynelege karrierelengda på eit tilstrekkeleg antal personar. Her er valt ut to delvis samanfallande kohortar: personar som debuterte i perioden 1.1.1855 til 31.12.1860, og 1.1.1855-31.12.1864. Det gir ein i utgangspunktet høve til å følgje den første kohorten i minimum 15 år framover i tid, i praksis endå lenger ved innsetjing i tukthuset (til 1885) og slaveriet (til 1878). Eg vil operere med ei øvre grense på ti år i karrierelengd, det vil seie at alle med karriere lenger enn ti år må reknast å ha verdien "10 år +". Personar som debuterte i det gitte tidsrommet, men som framleis var aktive med innsetjingar etter 1870, har påviseleg ei karriere lenger enn ti år, men samtidig vil den registrerte avslutninga vere så tett opp mot 1876 og avslutninga av kjelderegistreringa, at ein ikkje kan seie sikkert kor lang karriera i røynda var. Ei slik tilnærming er uproblematisk så lenge median og kvartil er nytta som målemiddel på karrierelengd.


Av 176 menn som debuterte 1855-60 og som hadde karriere større enn null, var 38 aktive etter 1870. To menn vart innsett for siste gong før 1871, men lauslatne etter 1870. Den av desse med kortast registrert karriere var aktiv i 9.8 år, og vart lauslaten 24. februar 1871, kort tid etter "fristen". Sjølv om desse ikkje dimitterte meir enn fem år før utgangen av 1875, er dei med i materialet. 32 kvinner med debut i same tidsrommet hadde karriere større enn null, og 6 var aktive etter 1870. Av desse var den kortaste registrerte karrierelengda 11.6 år. Éi kvinne avslutta med siste registrering før 1870, men med lauslating etter dette året. Også denne kvinna er teke med her.

Den andre kohorten inkluderer debutantar til og med 1864. Dette gav eit større antal debutantar, 269 menn og 40 kvinner. Samtidig vil fleire få ei registrert karrierelengd som er

**Figur 9-13: Karrierelengd for kvinnelege straffedebutantar 1855-64.**



**Figur 9-12: Karrierelengd for mannlege straffedebutantar 1855-64.**



kortare enn den røynelege. For denne gruppa vil karrierelengder over 10 år i større grad vere minimumslengder, men den auka populasjonen gjer sentralmåla meir pålitelege.

Figurane 9-12 og 9-13 viser karrierelengd grafisk for debutantar på straffanstaltane 1855-64 som hadde meir enn éi innsetjing. Meir enn noko anna tydleggjer desse figurane det individuelle preget ved ei straffekarriere. Karrierene kunne variere frå dei heilt korte og opp mot minst 25 år for menn og minst 20 år for kvinner.

Median lengd på karriera for menn med debut 1855-60 var knappe fem år og for kvinner vel fire år (Tabell 9-24). Men ein legg straks merke til den store skilnaden i spreining mellom kjønna. Første kvartil for menn var under to år, medan tredje kvartil var over 12. Det gav ein differanse på 10.9 år. I tillegg var tredje kvartil eit minimumstal, sjølv om det reelle talet sannsynlegvis ikkje var svært mykje høgare. For kvinner var tredje kvartil berre 6.9 år og differansen 4.7 år. I den utvida kohorten vart ikkje dette endra i vesentleg grad. Median for menn var omlag den same, men særleg tredje kvartil var noko mindre, og var altså eit resultat av at underregistreringa var størst i denne delen av skalaen. For kvinnene var sentralmåla dei same, men spreinga auka noko. Tredje kvartil vart litt høgare, sjølv om ein med utvidinga av måleperioden eigentleg skulle vente kortare sentralmål i likskap med mennene. Skilnadene var likevel berre marginale.

**Tabell 9-24: Lengd på straffeanstaltkarriere etter debuttidsrom (*Karriere*>0).**

	Menn		Kvinner	
	1855-60	1855-64	1855-60	1855-64
1 kvartil	1.5	1.3	2.2	2.1
2 kvartil	4.9	5.1	4.2	4.2
3 kvartil	12.4	10.1	6.9	7.4
N	176	269	31	40
3k-1k	10.9	8.8	4.7	5.3

Kvinner hadde altså ei langt meir konsentrert karriere med mindre individuell variasjon enn menn. For menn er det uråd å snakke om ei typisk karrierelengd, til det var variasjonane for store. Meir enn éin fjerdedel av mennene hadde ein karriere kortare enn to år, og omlag like mange hadde ei karriere lenger enn ti år (12 år i perioden for dei som debuterte 1855-60). Kriminalitet og påfølgjande fridomssanksjonar var slik ei svært individuell røynsle for dei mannlege residivistane. Innsetjing i ein straffeanstalt førte ikkje automatisk til stigmatisering og påfølgjande lange karrierer, heller ikkje om ein vart innsett andre gong og slik stod i større fare for å verte stigmatisert og skydd av folk.

Tabell 9-25: Lengd på straffeanstaltkarriere etter fødestad.

	Menn						Kvinner		
	Bergen		Andre		Manglar		Bergen	Andre	Manglar
	1855-60	1855-64	1855-60	1855-64	1855-60	1855-64	1855-64	1855-64	1855-64
1 kvartil	2.5	1.8	2.1	2.1	0.4	0.6	2.6	2.5	0.6
2 kvartil	5.8	6.1	5.7	5.7	1.6	1.9	5.1	4.1	2.1
3 kvartil	14.6	11.9	11.6	10.1	4.8	5.7	7.0	11.5	2.6
n	57	91	82	129	37	49	21	14	5
3k-1k	12.2	10.1	9.5	8.1	4.4	5.2	4.3	9.0	2.0

Fødestad synest å ha hatt liten innverknad på lengda på karrierane. For menn var median mellom 5.7 og 6.1 uansett kohort og om ein var fødd i Bergen eller ikkje. Det klare unntaket var dei me ikkje kjenner fødestaden til, desse hadde klart kortare karrierer enn andre. Årsaken er den same som nemnd tidlegare. Kjennskapen til fødestad manglar fordi dette i stor grad var personar som vart innsette i fengslet der fødestad ikkje vart registrert. Dermed er ein avhengig av å få denne registrert i andre kjelder. Manglande kjennskap tyder på få returar eller korte opphald i Bergen og dermed også kortare karrierar, i det minste i Bergen. Slik vil median for dei med kjende fødestader vere maksimumstal, men uansett vert ikkje biletet vesentleg endra og median karrierelengd vil uansett vere omlag 5-5.5 år. Og igjen må eg understreke den store spreinga. For bergensfødde 12.2 år og 10.1 år mellom første og tredje kvartil for dei to kohortane, noko mindre for menn fødde andre stader.

Talmaterialet er mindre for kvinnene, og utsegnskrafta blir følgeleg tilsvarande svekka. Men bergensfødde kvinner hadde eitt år lengre karriere enn dei fødde utanfor Bergen, til gjengjeld var spreinga større for dei utanbysfødde. 75 prosent av dei bergensfødde kvinnene hadde ei karriere på sju år eller mindre. For kvinner fødd i Bergen synest fridomsstraff å vere avgrensa til ein kortare periode i livet.

Tabell 9-26: Lengd på straffeanstaltkarriere etter debuttidsrom og debutlovbrot for manlege residivistar.

	Menn						Kvinner		
	Tjuveri		Andre lovbro		Mulkt og politimisf.		Tjuveri	Andre lovbro	Mulkt og politimisf.
	1855-60	1855-64	1855-60	1855-64	1855-60	1855-64	1855-64	1855-64	1855-64
1 kvartil	2.2	2.2	4.0	3.5	0.7	0.9	1.4	2.6	-
2 kvartil	5.4	5.7	7.6	7.4	3.2	3.3	6.0	4.0	-
3 kvartil	11.3	11.0	14.6	14.2	11.4	9.9	10.2	6.2	-
n	77	113	25	36	76	122	19	18	3
3k-1k	9.1	8.8	10.6	10.7	10.7	9.1	8.8	3.6	-

Var det første møtet med ein straffeanstalt eit resultat av ei ubetalt bot eller politimisferd, som oftast i form av fyll eller annan uorden, var den etterfølgjande karrieren for menn kortare enn



for dei som debuterte med tjuveri og i endå større grad enn for dei som debuterte med andre lovbrøt enn desse to.

Bøtesoning og politimisferder førte til korte opphald i fengslet, og var den typen lovbrøt som nettopp kunne føre til ei karriere større enn null, men likevel svært kort. Bøter inntil to speciedalar gav til dømes fengsel i berre to dagar. Det ser me også ved at ein fjerdedel av dei som debuterte med bøter og politimisferd hadde karrierar på mindre enn eitt år. Tjuveri og andre lovbrøt kunne føre til lengre straffar, og ergo lengre karrierar når ein først hadde retur til ein straffeanstalt. Grovt tjuveri første gong utført gav straffearbeid på mellom seks månader og ni år, valdtekt etter kapittel 18 § 1 gav mellom seks og tolv års straffearbeid.<sup>671</sup> Samtidig ser ein at dei som debuterte med typiske uordensaker (fyll og slagsmål) også kunne ha lange karrierar, ein fjerdedel av dei omlag ti år eller lengre. For kvinner var også første kvartil høgare for dei som debuterte med andre typar lovbrøt enn tjuveri og politimisferder, men median var likevel mindre enn for tjuveridømde, og spreinga er også betydeleg mindre.

Medan fengselsopphald på grunn av ordensforstyrning ikkje trong bety starten på ei lengre karriere for menn, er det tydeleg at dette i større grad var tilfelle for kvinner. Kanskje var sanksjonering på grunn av uorden uttrykk for ei større personleg krise hjå ei kvinne enn hjå ein mann? Det kan ha vore større toleranse for mannleg fyll og drukkenskap enn for kvinner. Menn kan ha mottatt slike sanksjonar i etterkant av tilfeldige fyllekuler, utan at det førte til nedsett akting i nærmiljøet i avgjerande grad. Tilfeldige og spontane fyllekuler var ikkje akseptabelt for kvinner, og sannsynlegvis var desse kvinnene integrert i eit miljø der rusmisbruk gjerne vart kombinert med prostitusjon.

Personar som debuterte tidleg, hadde statistisk lengst att av levetida si, og ville slik kunne få dei lengste karrierane. Slik var det berre delvis i røynda, i det minste for menn. Blant menn hadde debutantar i 20-åra dei kortaste karrierane med ein median på knappe fire år. I tillegg var første kvartil her betydeleg kortare enn for dei som debuterte i andre aldersgrupper. Dei høgaste måla på karrierelengd hadde faktisk dei som debuterte seinast. Dess eldre ein mann debuterte, dess større var også spreinga, og dei enkelte karrierane følgjeleg meir individualiserte, sjølv om det ikkje er snakk om store skilnader. Biletet var annleis for kvinner, her hadde dei yngste dei lengste karrierane og den største spreinga, men talmaterialet er igjen noko spinkelt. For begge kjønn ar det likevel typisk at debutantar i 20-

---

<sup>671</sup> 20.8.1842: Lov om Forbrydelser Cap. 2§5, 18§1 og 19§3 (Schmidt 1850).

åra hadde gjennomgåande kortare karrierar enn andre debutantar. Variasjonane kan eksemplifiserast med to bergensfødde menn. Johan Hermann Fredriksen debuterte med fengsel 18 år gamal i 1860. Åtti dagar seinare vart han innsett på ny, men var samtidig også den siste innsetjinga hans. I motsett ende debuterte Johan Ernst Brede med fengsel 48 år gamal i 1856. 18 år og fem innsetjingar på straffanstaltar seinare vart han dømd til tukthusstraff.

**Tabell 9-27: Lengd på straffeanstaltkarriere etter debutalder. Debutantar 1855-64.**

	Menn			Kvinner		
	<20 år	20-29	30+	<20 år	20-29	30+
1 kvartil	2.4	0.7	2.8	2.6	0.3	3.6
2 kvartil	6.1	3.8	6.6	7.0	1.5	4.4
3 kvartil	11.1	9.3	12.8	11.6	5.1	6.8
n	54	73	95	9	9	19
3k-1k	8.7	8.5	10.0	9.0	4.8	3.2

**Tabell 9-28: Lovbrot ved debut for mannlege residivistar med debut 1855-64.**

	<20 år		20-29 år		30+ år	
	%	n	%	n	%	n
Debutlovbrot						
Tjuveri (19-)	81.5	44	43.8	32	30.5	29
Politimisf.	18.5	10	45.2	33	48.4	46
Andre	3.7	2	11.0	8	21.1	20
Sum*		54		73		95

\*Sum kan vere mindre enn sum for dei enkelte kategoriene ettersom ein kan vere dømd for fleire lovbrott ved debut.

Eit spørsmål er også kva type lovbrott som var mest vanleg å debutere med i dei ulike aldersgruppene. Over 80 prosent av bergensfødde menn som debuterte yngre enn 20 år gjorde det med tjuveri, medan dette galdt rundt halvparten av dei som debuterte i 20-åra og rundt 40 prosent av dei som debuterte eldre enn 30 år. I tillegg debuterte rundt 40 prosent av alle over 20 år med politimisferder. Dei eldste debuterte i større grad med politimisferder enn med tjuveri, og relativt sett også med andre typar lovbrott enn desse to. Dette fører oss også nærmare ei forklaring på variasjonane i karrierelengder. Residivistar som debuterte i vaksen alder, fekk ofte lange karrierar fordi lovbrota dei utførte, også debutlovbrotet, førte til lengre straffar som slik gjorde karrieren lang utan at dei trong ha ei spesielt intensiv karriere. Samtidig debuterte ein i aukande grad med politimisferd med aukande alder, brott som gav korte straffar. Simpelt tjuveri første gong utført gav ofte forholdsvis korte fengselsstraffar, ikkje så ulikt politimisferdene.

Menn som debuterte i 20-åra gjorde det delvis med tjuveri og delvis med politimisferder, andre lovbrott var av mindre betydning. Begge desse typane av lovbrott kunne, og

politimisferder gjorde det alltid, føre til korte straffar. Sjølv med ei ganske intensiv karriere i ein viss periode, kunne karriera verte forholdsvis kort. Det same var tilfellet med dei eldste debutantane, men for denne gruppa hadde andre lovbroten tjuveri og politimisferd større betydning som debutlovbroten enn for dei ynste. Det førte til at ein del av desse debutantane innleia med ganske lange straffar.

Eit mindretal av sanksjonsmottakarane var residivistar og hadde dermed kortast mogleg lengd på karrierane. For desse var avslutningstidspunktet det same som debuttidspunktet og den mest vanlege karrierelengda var dermed null. For dei som hadde ei positiv karrierelengd er det uråd å generalisere, dei individuelle variasjonane var store med omsyn til tida det gjekk frå første til siste innsetjing. Figur 9-14 og 9-15 illustrerte dette tydeleg. For debutantane 1855-64 hadde omlag kvar fjerde mannlege residivist ei karriere kortare enn 1.3 år og like mange ei karriere på over ti år (Tabell 9-24). For kvinnene var ikkje variasjonane like store, men likevel så mykje som 4.7 år mellom første og tredje kvartil.

Legalitetsprinsippet tilsa at styresmaktene skulle iverksetje etterforsking og eventuell tiltale ved broten mot straffelova.<sup>672</sup> Likeins kravde rettskjensla at tiltale skulle reisast i andre saker der det fanst fornærma partar som hadde behov for oppreising av økonomisk eller annan karakter. Dette la strenge føringar på tildeling av sanksjonar. Dei formelle rammene og ålmenn rettskjensle avgrensa val av sanksjonsmottakar og type sanksjon. Ein dommar kunne ikkje velje å sanksjonere mot ein person og gi vedkommande ti års slaveri på eige initiativ og påhitt. Ein slik sanksjon kunne berre gjevast etter visse strengt utmeisla reglar for prosess og saksgang, samt for vilkår for fellande dom. Kort sagt måtte ein bli tiltalt, få rettssak og verte dømt, der korrekt saksgang i seg sjølv ikkje var tilstrekkeleg, men der påtalemakt også måtte kunne framlegge bevis og/eller indisiar for at sanksjon burde tildelast. Desse formelle rammene la store avgrensingar på vala til sanksjonsgjevarane, men samtidig kan ein seie at desse rammene medførte ein viss grad av determinisme. Fekk ein kjennskap til visse forhold reglane tilsa det skulle sanksjonerast mot, og ein hadde tilstrekkelege bevis og/eller indisium mot vedkommande, så skulle sanksjonsgjevarane setje prosessen i gang og tildele sanksjon. Aktørar innan politi og rettsvesen vert berarar av roller og personane i og for seg uinteressante. Formelt var det institusjonar, politi, domstol og etterkvart fengselsvesen og departement, som handla og som føretok val basert på nøye oppsette og byråkratiske reglar.

---


<sup>672</sup> Dette såkalla "legalitetsprinsippet" vart først endra med straffeprosesslova av 1.7.1887 i sin § 85, 2dre ledd (Mejlænder 1891) om ein ikkje fann noko offentleg omsyn kravde ein påtale ("opportunitetsprinsippet").

Variasjonane i karrierelengder tydar heller ikkje på at sanksjonsbruken har vore brukt medvite overfor enkelte grupper i samfunner over tid, men verkar på sett og vis meir tilfeldig. Tilfeldig frå politiet sin synsstad i den forstand at ein slo ned på personar som hadde utført kriminelle handlingar som kunne provast. Dermed hadde straffangane sjølve, og vala dei gjorde, større betydning for karrierelengdene enn kva politi og styresmakter hadde. Det å ha tilhald til visse miljø gjorde ein meir utsett for mistanke om kriminell atferd generelt og i konkrete saker, men dei individuelle variasjonane i karrierelengd tyder på at denne mistanken og eventuelle tilhald i desse miljøa har vore midlertidige og svært varierende. Nokon hadde tilhald her lenge, andre berre kort tid. Blant menn som debuterte 1864-65 hadde kvar fjerde ein karriere på over ti år. Det var 67 av debutantane dei åra. Kvar fjerde kvinnelege debutant i same periode (10 i alt) hadde minst  $7\frac{1}{2}$  år lang karriere. Det er mellom desse mennene og kvinnene me kan skimte dei mest kriminelt belasta straffangane som i større grad har vore utsett for sanksjonar over tid. Karrierelengd er likevel berre éin av fleire indikatorar på kriminell belastning, og i delkapittel 9.6 vil også intensitet i løpet av karriera bli brukt som mål på belastning.

#### 9.4.2 Karrierelengder på tvangsarbeidsanstalten

Som ved måling av straffeanstaltkarriere har eg ved måling av karrierar på tvangsarbeidsanstalten valt å bruke det same kriteriet ved avgrensing av analysepopulasjonen, nemleg ein kohort med debut mellom 1855-60 og ein utvida kohort med debut 1855-64. Blant tvangslemmane vil lengda på dei lengste karrierene i endå større grad enn for straffeanstaltane var minimumstal. Mellom 1855-60 debuterte 129 menn med karriere

**Figur 9-14: Lengd på tvangskarriere for kvinner med debut 1855-64.**




større enn null. Av desse igjen var 29 framleis aktive etter 1870, det vil seie det var registrert med minst éi innsetjing i den resterande registreringsperioden fram til 1875, noko som utgjorde 22 prosent av dei med karriere større enn null. 37 kvinner debuterte i same perioden, seks av dei var aktive også etter 1870 (16 prosent). Utvidar ein kohorten til debutantar i perioden 1855-64, finn ein at 47 av 182 menn (26 prosent) var aktive etter 1870 og 8 av 50 kvinner (16 prosent) var aktive også etter 1870. Sjølv om sentralmåla i form av median må seiast å avspeile røyndomen, vil altså dei lengste registrerte karrierane likevel vere for korte

og må difor reknast som minimumstal.

Figur 9-14 og 9-15 viser at lengdene på karrierane var svært individuelle også blant tvangslemmane, særleg for menn. Ein større andel av dei hadde meir enn éi innsetjing, og dermed karriere større enn null, enn dei som sat på straffeanstaltane. Blant dei som debuterte 1855-64 var omlag 20 år dei lengste registrerte karrierene, både for menn og kvinner.

Så lange karrierar var likevel sjeldne unntak. Median lengd på tvangskarrierane for menn var kring seks år og for kvinner kring fire år. Sentralmåla for den utvida kohorten vart forskyve i retning av kortare karrierar, men ikkje drastisk. Dei store variasjonane som diagram 9-15 og 9-16 gav inntrykk av ser ein også i kvartildifferansane. Over ein fjerdedel av mennene hadde karrierar under to år, og like mange hadde karrierer over 11 år. For kvinnene var første kvartil endå lågare, samtidig som tredje kvartil også var mindre. Tendensen til kortare karrierar blant kvinnene hang saman med årsak til innsetjing. Medan menn vart innsett for ei rekkje ulike årsaker som alle kan seiast å ha rot i strukturelle tilhøve som var vanskeleg å kome seg ut av, var tilhøve knytt til prostitusjon den vanlegaste innsetjingsårsaka på tvangsarbeidsanstalten for kvinner. Sjølv om ein karriere som prostituert kunne vere lang, var det nok likevel meir vanleg at desse var avgrensa. Tidlegare har me også sett at kvinner som over tid vart oppfatta som prostituert fekk lov å opphalde seg på dei tolererte bordella. Dei prostituerte her var ikkje utsett for sanksjonar på same måten, så lenge dei elles innordna seg reglane som politiet elles gav, noko dei likevel ikkje alltid gjorde.

**Figur 9-15: Lengd på tvangskarriere for menn med debut 1855-64.**



**Tabell 9-29: Lengd på tvangskarriere etter debuttidsrom.**

	Menn		Kvinner	
	1855-60	1855-64	1855-60	1855-64
1 kvartil	1.9	1.7	1.2	1.1
2 kvartil	6.0	5.3	4.2	3.8
3 kvartil	12.1	11.3	10.1	9.4
n	129	182	37	50
3k-1k	10.2	9.5	8.9	8.3

Dette er svært likt det me fann for karrierar på straffeanstaltane. Der var median lengd på

karrieren for menn fem år og for kvinner i overkant av fire år, samtidig som spreinga også var svært lik, det siste særleg for menn. Med tanke på dei andre skilnadene ved tvangskarrierar og straffeanstaltkarrierer, som debutalder og residivisme, er dette interessant. I det heile må det seiast likskapen i median karrierelengd, uansett korleis ein måler dette, det er påfallande. Typisk median for menn var mellom 4 og 7 år når ein først hadde retur til tvangsarbeidsanstalten, for kvinner mellom 4 og 5 år.

Samanliknar me tvangskarrieren etter debutalder med tilsvarende for straffeanstaltane, framstår på ny eit forbausande samsvar. Dei som debuterte yngst og dei som debuterte eldst hadde dei lengste karrierane, uavhengig av kjønn. Men uansett debutalder var spreinga omlag like stor for menn. Hjø kvinner var den størst mellom dei som debuterte seinast.

**Tabell 9-30: Lengd på tvangskarriere etter debutalder. (Debut 1855-65 og karriere>0).**

	Menn			K vinner		
	<20 år	20-29	30+	<20 år	20-29	30+
1 k	2.6	0.8	2.3	0.9	1.1	2.9
2 k	4.2	3.0	6.6	3.8	1.5	5.6
3 k	12.2	9.9	11.2	6.2	5.4	12.2
n	21	41	119	12	15	23
3k-1k	9.6	9.0	9.0	5.2	4.3	9.3

Eit unntak frå likskapane var at bergensfødde tvangseleamar hadde markant lengre tvangskarrierar enn andre. Dette gald både for menn og kvinner. Bergensfødde menn hadde ein tendens til kortare straffekarrierar enn menn fødde utanfor Bergen og Strilelandet, medan kvinnene hadde same tendens også i straffekarrieren. Dei kortare karrierelengdene på tvangsarbeidsanstalten samanlikna med straffeanstaltane for dei som var fødde utanfor Bergen, var eit resultat av lengd på dei einskilde sanksjonane. Desse hamna i større grad på straffearbeidsanstaltane enn i fengslet, som eit resultat av ulike rekrutteringsområde for anstaltane, og fekk lengre fridomssanksjonar og følgjeleg lengre karrierar når dei først hadde retur etter lauslating frå ei lengre straffearbeidsstraff. Maksimal innsetjingstid i tvangsarbeidsanstalten var seks månader, og i praksis kortare utover i perioden, og kan slik meir samanliknast med fengslet med omsyn til gjennomstrøyming. Kortare innsetjingstid på tvangsarbeidsanstalten førte til at tvangskarrierane vart kortare enn straffeanstaltkarrierne for utanbysfødde.

Det var langt meir vanleg å ha ei positiv karrierelengd om ein vart innsett på tvangsarbeidsanstalten samanlikna med innsetjing i straffeanstaltane. Uansett denne skilnaden hadde dei innsette begge stader til felles at karrierane var sterkt individuelt

differensierte. For kvinnene var karrierene på tvangsarbeidsanstalten meir differensiert enn i straffeanstaltane, medan den var forholdsvis lik for menn.

**Tabell 9-31: Lengd på tvangsarbeidsanstaltkarriere etter fødestad. Debutantar 1855-64.**

	Menn		Kvinner	
	Bergen	Andre	Bergen	Andre
1 kvartil	2.4	1.0	1.5	0.9
2 kvartil	6.2	4.3	4.3	2.9
3 kvartil	11.8	11.0	9.7	6.5
n	90	91	28	22
3k-1k	9.4	10.0	8.2	5.6

Dei formelle reglane avgrensa kor mange straffedømde som kunne få retur til ein straffeanstalt, og fleirtalet av desse fekk heller aldri nokon retur. På tvangsarbeidsanstalten var det også ei stor gruppe som aldri fekk retur, men eit klart fleirtal av menn i analysepopulasjonen gjorde det. På Tvungen var det ingen formelle reglar og innsetjingsrutinar som bremsa talet på returar. Ettersom så mange fleire på tvangsarbeidsanstalten hadde positive karrierelengder, var også dei individuelle variasjonane i karrierane større for tvangslemmane som samla gruppe. Me fann ikkje at tvangslemmar hadde gjennomgåande lengre karrierar enn straffangar når dei først hadde retur, slik me kanskje kunne vente utifrå antatt livssituasjon. I stadenfor gir det grunn til å mistenke at det her er overlapping i klientell. Tvangsarbeidarar stod temmeleg på bar bakke ved lauslating, og vegen til ei kriminell handling må for mange å ha vore kort. Ein del sanksjonsmottakarar må ha hatt parallelle straff- og tvangskarrierar. Det kan likevel ikkje ha vore tilfellet for alle, det viste skilnaden i debutalder og karrierelengder for dei yngste straffangane.

I kva grad dei store variasjonane i karrierar, både i straffeanstaltane og særleg på tvangsarbeidsanstalten, betyr at sanksjonar vart brukt svært breidt og ikkje retta inn mot ei avgrensa og "demonisert" gruppe, er som antyda uråd å seie på grunnlag av karrierelengd åleine. Det vil berre ein analyse av intensiteten i karriera kunne seie noko om, altså kor mange gonger ein faktisk mottok sanksjonar i løpet av karriera.

## **9.5 ALDER VED AVSLUTNING AV SANKSJONSKARRIERAR**


Alder ved avslutning av straffe- eller tvangskarrierar heng naturlegvis nøye saman med debutalder og lengda på karriera. For fleirtalet i straffeanstaltane og for kvinnene i tvangsarbeidsanstalten var også debut- og avslutningalder identiske. For dei som hadde ei karriere større enn null, viste både debutalder og karrierelengdene ein betydeleg

individualisme som venteleg også vil gjere seg gjeldande for avslutningsalderen. Dei store individuelle variasjonane i debutalder og karrierelengder tåkelegg samtidig biletet av avslutningsalder. Ei nærare undersøking av avslutningsalder vil difor vere nødvendig og avklarande.

### 9.5.1 Alder ved siste innsetjing i ein straffeanstalt

Figur 9-16 viser kor mange menn og kvinner som var registrert med avslutta karriere ulike år og kor mange av dei som hadde avslutningstidspunkt seinare enn debuttidspunktet. Sjølv avslutninga er tidfesta til tidspunktet for siste innsetjing i ein straffeanstalt, der dimisjonen føregjekk før 1871. Talet på menn som avslutta karriera si hadde ein aukande tendens fram til 1860, frå omlag 60 kvart år til bortimot 100. Seinare fall dette til under 50 i 1866, før ein ny stigning sette inn. Kvinnene var færre og hadde større utslag. Dei varierte frå så få som sju til 30 i året. Dette samsvarte i stor grad med talet på debutantar og det samla talet på innsetjingar ulike år, og er også nøye bunde saman med akkurat det. Figuren viser også kor mange residivistar som avslutta karrieren ulike år, og som dermed hadde andre avslutningstidspunkt enn debuten. I absolute tal var desse langt færre, mellom 15 og 45 menn, og mellom éi til ni kvinner avslutta kvart enkelt år. Tendensen elles samsvarte delvis med talet på avsluttarar totalt. Blant menn var det færrest som avslutta rundt 1866, både totalt og blant residivistane (her slutta færrest i 1867).

**Figur 9-16: Antal som avslutta straffeanstaltkarriere ulike år.**



Årsaken til at karrierane vart avslutta kan ha vore mange. Ein kan til dømes sjølv ha valt å ikkje utføre nye handlingar som medførte straffesanksjonar, ein kan ha flytta eller ha døydd. Eg har berre eit visst oversyn over død som årsak til avslutning. Eg har tatt utgangspunkt i dei



bergensfødde i analysepopulasjonen ettersom eg har best kontroll med desse. Av 495 bergensfødde menn som hadde siste registrerte karriere innan 1870, døydde 3.6 prosent av dei før det hadde gått fem år frå siste lauslating (Tabell 9-32). Mellom dei som hadde positive karrierer var talet litt høgare, og aller høgast for kvinnelege residivistar. 13 prosent av dei døydde frå ei tilsynelatande aktiv karriere. Kor mange av dei resterande som avslutta, men vart verande i Bergen, eller som flytta ut og som dermed kan ha hatt ei aktiv karriere ein annan stad, er ukjend. I dei etterfølgjande analysane er ikkje dei som døydde innan fem år frå lauslating skild ut frå analysepopulasjonen. Sjølv om avslutninga kan ha vore framskynda av dødsfallet, er det like fullt ei avslutning av karriera.

**Tabell 9-32: Bergensfødde i analysepopulasjonen med avslutning på ein straffeanstalt før 1871.**

	Menn				Kvinner			
	Alle	%	Residiv.	%	Alle	%	Residiv.	%
Avsluttarar	495	100.0	187	100.0	118	100.0	38	100.0
Døde før 1880	57	11.5	28	15.0	24	20.3	11	28.9
Døde innan fem år frå avslutning	18	3.6	11	5.9	9	7.6	5	13.2

Sentralmåla over alder til dei som avslutta karriera si er naturleg nok noko høgare enn for dei som debuterte. Vidare gjorde det same forholdet seg gjeldande ved avslutning som ved debut med omsyn til fødestad og kjønn. Bergensfødde menn avslutta karriera yngre enn dei som var fødte på Strilelandet og lenger unna. Median for bergensfødde menn var 26 år, mot 32-33 år for dei som var fødte utanfor byen. Aller yngst avslutta dei eg ikkje kjenner fødestaden til. Tredje kvartil var stort sett det same uansett kvar ein var fødd, kvar fjerde var omlag 42 år eller eldre då dei avslutta karriera si. Blant kvinnene var avslutningsalderen stort sett den same uansett kvar ein var fødd, og det same galdt spreinga.

**Tabell 9-33: Sentralmål over alder ved avslutning av straffekarriere etter fødestad. Lauslating frå siste innsetjing før 1871.**

	Fødestad									
	Menn					Kvinner				
	Bergen	Strile-landet	Andre	Manglar	Alle	Bergen	Strile-landet	Andre	Manglar	Alle
1 kvartil	19	24	25	17	21	21	19.25	25	21.5	23
2 kvartil	26	32	33	23	30	31	31.5	32.5	30	32
3 kvartil	41.25	42	43.75	33	42	40	42	42.75	41.75	42
Modus	16	21	24	17	16	24	18	32	16	18
Gj.sn.	31.2	34.6	35.1	28.3	32.6	32.2	32.3	35.4	32.0	33.0
n	492	187	370	129	1178	117	30	62	34	243
3k-1k	22.25	18	18.75	16	21	19	22.75	17.75	20.25	20

Tabell 9-33 over inkluderer alle som debuterte i ein straffeanstalt, og for eit fleirtal var

avslutningstidspunktet det same som debuttidspunktet, det vil seie at dei hadde éin fridomssanksjon og karriere lik null. Avgrensar me til residivistane, vart sentralmåla fire år eldre for alle menn, og seks år eldre for bergensfødde menn (Tabell 9-34). Tendensen var nokolunde den same for kvinnene.

**Tabell 9-34: Sentralmål over alder ved avslutning av straffekarriere etter fødestad for residivistar. Lauslating frå siste innsetjing mellom 1855-70.**

	Fødestad									
	Menn					Kvinner				
	Bergen	Strilelandet	Andre	Manglar	Alle	Bergen	Strilelandet	Andre	Manglar	Alle
1 kvartil	22	26.75	29	21.75	25	25	19.25	32	25	25.5
2 kvartil	32	35.5	37	28	34	34	29	40	31	35
3 kvartil	44	45.25	46	30	44	45	35.75	47	37	45
Modus	20	21	38	30	24	24	18	32		18
Gj.sn.	34.1	36.6	38.7	28.8	35.8	36.3	29.2	40.0	30.4	36.5
n	147	60	128	22	357	29	6	17	6	58
3k-1k	22	18.5	17	8.25	19	20	16.5	15	12	19.5

**Tabell 9-35: Sentralmål over alder ved avslutning (innsetjing) av straffekarriere etter fødestad og avslutningstidspunkt for mannlige residivistar.**

	Fødestad									
	Bergen		Strilelandet		Andre		Manglar		Alle	
	1855-59	1860-70	1855-59	1860-70	1855-59	1860-70	1855-59	1860-70	1855-59	1860-70
1 kvartil	21	22	29	26	30.25	28.25	22.5	22.5	24.75	25
2 kvartil	30	34	35	36	34	38	27	28	32	35
3 kvartil	36.75	44	42	45.5	43	47	31	30	39.25	45
Modus	18	43	29	21	31	24		30	33	24
Gj.sn.	32.5	34.7	35.9	36.7	37.4	39.2	30.6	27.9	34.5	36.3
n	42	105	9	51	34	94	7	15	92	265
3k-1k	15.75	22	13	19.5	12.75	18.75	8.5	7.5	14.5	20

**Tabell 9-36: Sentralmål over alder ved avslutning av straffekarriere etter avslutningslovbrot. Mannlege residivistar lauslatne frå siste innsetjing mellom 1855-1871.**

	Fødestad									
	Bergen			Strilelandet		Andre		Manglar		
	19-	Mulkt el. politif.	Andre	19-	Andre	19-	Andre	19-	Andre	
1 kvartil	18.75	25	26	26	30	27	32	20.25	25	
2 kvartil	24	36.5	31	31	38	35	41	26	28.5	
3 kvartil	40.75	44	55	41.75	49.5	43	53	32.5	30	
Modus	16	43	32	31	23	35	42	21	24	
Gj.sn.	30.3	36.6	35.1	34.0	40.0	36.1	42.2	29.3	28.1	
n	56	74	17	34	26	73	55	12	10	
3k-1k	22	19	29	15.75	19.5	16	21	12.25	5	

Spreiinga var større ved avslutninga enn ved debut. For bergensfødde menn var aldersskilnaden mellom første og tredje kvartil ved avslutning 22 år uansett karriere. Ved debuten var den 18 for alle menn med debut 1855-70, og det var liten skilnad etter fødestad.

Spreiinga var mindre for menn fødde utanfor Bergen enn i, fordi første kvartil var høgare for dei som var fødde utanfor.

Det var ein klar tendens til å avslutte karriera i ein høgare alder i siste del av perioden enn i første. Median for alle auka frå 32 år til 35 år, samtidig som det vart større individuelle variasjonar. Samtidig såg me i Tabell 9-4 at dei bergensfødde debuterte tidlegare i slutten av perioden enn i byrjinga. Slik vart det ei større aldersmessig spreieing på sanksjonsmottakarane. Dette seier likevel ikkje nødvendigvis noko om lengda på karriera, og særleg såg me at spreieinga på avslutningsalderen var stor for dei bergensfødde i den siste perioden.

Debutalder hadde samanhang med lovbrota som vart utført. Ein som debuterte med dom etter straffelovas kapittel 19, altså for tjuveri, var normalt yngre enn dei som debuterte med andre typar lovbrot. Tjuveri vart utført av personar i alle aldrar, men dei unge dominerte likevel. På same måten var sjansane for at ein avslutta karriera si som ung større om det siste lovbrotet var tjuveri, og her kan det naturlegvis vere ein samanhang. For bergensfødde menn var aldersdifferansen mellom dei som avslutta med tjuveri og andre lovbrot sju år, og heile 12.5 år samanlikna med dei som avslutta med politimisferd eller avsoning av ei bot. Den same skilnaden finn me også for dei som var fødde utanfor Bergen. For desse har eg ikkje skild mellom misferd og andre lovbrot, men tendensen er klar nok. For kvinner var ikkje tendensen like tydeleg, og her er talmaterialet også spinklare. Median for bergensfødde kvinner var omlag den same uansett lovbrot, faktisk avslutta dei som utførte andre lovbrot enn tjuveri noko yngre, samtidig som dei tjuveridømde hadde større spreieing. Kvinnene avslutta også over ti år eldre enn menn når dei avslutta med tjuveri.


**Tabell 9-37: Sentralmål over alder ved avslutning av straffekarriere etter avslutningslovbrot. Kvinnelege residivistar lauslatne frå siste innsetjing mellom 1855-1871.**

	Fødestad			
	Bergen		Andre	
	19-	Andre	19-	Andre
1 kvartil	25.5	28	27.75	36
2 kvartil	35.5	34	36	47
3 kvartil	45.75	37	43	57
Modus	24	34	18	
Gj.sn.	37.4	34.5	35.2	44.4
n	18	11	18	5
3k-1k	20.25	9	15.25	21


Alderen ved avslutning av ei karriere som innsett på ein straffeanstalt dokumenterer igjen dei store individuelle variasjonane. I figur 9-17 og 9-18 er variasjonane i karrierelengd etter

avslutningsalder illustrert grafisk. For det første får figurane tydleg fram kor variert residivistane avslutta ei karriere som straffange, frå under 20 år til oppi 60-åra for kvinner og 70-åra for menn. Med unntak av dei som avslutta yngst, og som rett og slett ikkje var gamle nok til å ha hatt ei lengre karriere, viser også figurane at det i liten grad var nokon samanheng mellom alder ved avslutning og karrierelengd. Ein avslutta (og debuterte) svært variert aldersmessig, og karrierelengdene var varierte uavhengig av i kva alder ein debuterte eller avslutta ei karriere.

**Figur 9-18: Karrierelengd på straffeanst. etter avslutningsalder. Mannlege residivistar med debut 1855-64.**



**Figur 9-17: Karrierelengd på straffeanst. etter avslutningsalder. Kvinnelege residivistar med debut 1855-64.**




Med omlag 20 år i aldersdifferanse mellom første og tredje kvartil for både mannlege og kvinnelege straffangar med retur, er det vanskeleg å knyte straffeanstalttopphald til visse livsfasar. Det same inntrykket gjev figurane over. Alder ved karriereavslutning, også sett opp mot karrierelengd og forsåvidt alder ved debut, indikerer at politi og domstolar i stor grad sanksjonerte mot konkrete lovbrøt, meir enn mot enkeltpersonar. Ein vart først og fremst innsett i ein straffeanstalt fordi ein hadde utført eit lovbrøt, ikkje fordi ein tilhørde eit spesielt miljø eller var kjend av politiet. Sjølv om sanksjonsbruken synest å femne vidt, kan me ikkje med det avvise at enkelte miljø lettare vart utsett for sanksjonar. Uavhengig av politi og styresmaktene sine motiv for å påføre sanksjonar, så stod ein som medlem i enkelte miljø i større fare for å bli avslørt for lovbrøt. Uansett er det viktig å poengtere at straffesanksjonar slett ikkje synest å vere avgrensa til ei gruppe av hardt belasta kriminelle. Det er også tydleg at ein ikkje lenger vart sanksjonert mot når ein slutta å utføre kriminelle handlingar.

### 9.5.2 Alder ved siste innsetjing på tvangsarbeidsanstalten

Talet på personar som avslutta tvangskarriera si varierte frå år til år (Figur 9-19). For kvinnene var det ein aukande tendens fram til rundt 1860, då fall det før ein ny auke sette inn

Figur 9-19: Antal som avslutta tvangskarrierer ulike år.



på slutten av 1860-talet. Tendensen var den same for menn, med unntak av at forholdsvis mange avslutta karriera si tidleg på 1850-talet. Typisk var det at omlag 20 til 40 menn og 5 til 20 kvinner kvart år vart sette inn for siste gong. Blant dei som hadde meir enn éi innsetjing på tvangsarbeidsanstalten, var tendensen akkurat den same, berre på eit lågare nivå. Mot slutten av perioden avslutta mellom 20 og 30 menn ei etablert karriere kvart år. Blant kvinnene var det heile tida færre enn ti som avslutta etablerte karrierer kvart enkelt år.

Tabell 9-38: Bergensfødde i analysepopulasjonen med siste lauslating frå tvangsarbeidsanstalten før 1871.

	Menn				Kvinner			
	Alle	%	Residiv.	%	Alle	%	Residiv.	%
Avsluttarar	287	100.0	151	100.0	145	100.0	69	100.0
Døde før 1880	86	30.0	46	30.5	38	26.2	23	33.3
Døde innan fem år frå avslutning	51	17.8	28	18.5	23	15.9	15	21.7

Langt fleire kan ha døydd frå ei aktiv karriere ved tvangsarbeidsanstalten enn ved straffeanstaltane. I underkant av kvar femte mannlege tvangslem fødd i Bergen døydde innan fem år frå den siste registrerte lauslating. Med den gjennomgåande høge alderen til dei mannlege tvangslemmane er ikkje det overraskande. Meir uventa var at så mange av kvinnene døydde innan fem år frå siste lauslatinga. Mennene døydde i godt vaksen alder og første kvartil for dødsalder var 49 år og median 61 år. For kvinnene var første kvartil så lågt som 34 år og median 53. Tredje kvartil, derimot, var berre tre år yngre for kvinnene samanlikna med mennene. Den yngste halvdelen av kvinnene som døydde var altså ein god del yngre enn dei mannlege, medan dette minka drastisk for dei eldste. 15 av kvinnene var under 40 år, og umiddelbart er det naturleg å relatere ein del av desse dødsfalla til prostitusjonsverksemda. Ein del kan ha døydd av kjønssjukdomar, ein del av

komplikasjonar i samband med abortar eller barsel og ein kan heller ikkje avvise sjølv mord som dødsårsak blant desse. Merete Bøge Pedersen har likevel funne ut at mortaliteten mellom prostituerte i Kjøbenhavn i siste del av 1800-talet ikkje var høgare enn for kvinner i aldersgruppa 20-50 år generelt.<sup>673</sup> Det er ikkje grunn til å tru at det skal vere annleis i Bergen og at den låge alderen til kvinner som døde kan ha vore tilfeldig. Som for straffeanstaltane er heller ikkje gruppa som døydde innan fem år etter lauslating frå tvangsarbeidsanstalten skild ut.

Median alder for avslutning av ei tvangskarriere var 38 år for menn og 33 år for kvinner. Her var skilnadene etter fødestad forholdsvis små (Tabell 9-39). Ellers var variasjonane større for kvinner fødte i Bergen enn utanfor. Bergensfødde menn hadde ein tendens til avslutning i eldre alder, uansett om me skil ut residivistar eller reknar med samtlege sanksjonsmottakarar.

**Tabell 9-39: Sentralmål over alder ved avslutning av tvangskarrierer etter fødestad. Alle med avslutning før 1871 og residivistar med avslutning 1855-70.**

	Alle				Residivistar			
	Menn		Kvinner		Menn		Kvinner	
	Bergen	Andre	Bergen	Andre	Bergen	Andre	Bergen	Andre
1 k	27	26	22	22.5	29	28.25	25	24
2 k	39	37	34	33	44.5	40	38	32
3 k	52	50	49	47	55.75	55	49	52.5
Modus	28	22	20	20	55	36	20	31
Snitt	40.1	39.2	36.8	35.8	43.3	41.9	37.8	37.8
n	280	286	143	79	150	162	69	39
3k-1k	25	24	27	24.5	26.75	26.75	24	28.5

Typisk er det også at tvangselemmar avslutta sine karrierar langt eldre enn straffangar, men dette var ikkje ein gjennomgåande skilnad. Me såg at bergensfødde avslutta straffeanstaltkarriera si tidlegare enn andre, og at dette var klarast for menn. Likeins var skilnaden mellom tvangselemmar og straffangar klarast for bergensfødde menn. For desse var median ved avslutning 39 år for tvangselemmane mot berre 26 år for straffangane. Straffangar fødte utanfor Bergen hadde median avslutningsalder rundt 32-33 år mot 37 år på tvangsarbeidsanstalten. Tvangselemmane debuterte også langt seinare enn straffangane, og i særleg grad galdt dette mennene. Tvangsarbeidsanstalten var prega av yngre kvinner og litt eldre menn.

Trass i det høgare omfanget av residivisme på tvangsarbeidsanstalten enn i straffeanstaltane framstår klare endringar om me skil ut tvangselemmar med retur til anstalten. Som ved

<sup>673</sup> Pedersen 2000, s. 134.

straffanstaltane avslutta tvangsglemmar utan retur yngre enn dei med. For bergensfødde menn auka median frå 39 år til nærmare 45 år og for kvinnene fødd same stad frå 34 til 38 år om ein samanliknar samtlege sanksjonsmottakarar med residivistane. Tendensen var også tydeleg for menn fødde utanfor Bergen, medan kvinner fødde utanfor Bergen avslutta yngre om dei hadde retur enn dei som ikkje gjorde det.

Tabell 9-9 og Tabell 9-10 viste forholdsvis liten endring for debutalderen over tid for menn, både generelt og me bryt ned på fødestad. Eit lite unntak var at menn fødde utanfor Bergen auka debutalderen frå 34 til 37.5 år. Kvinner hadde derimot eit sterkt fall i debutalderen, men berre identifisert til kvinner fødde i Bergen. Kvinner fødd andre stader hadde eit meir smålåte fall i debutalderen. Ved måling av avslutningsalder er ikkje dei same periodane nytta, samtidig som eg avgrensar til residivistane. Periodane overlappar kvarandre og viser uansett tendensen over tid.

**Tabell 9-40: Sentralmål over alder ved avslutning av tvangskarriere etter avslutningstidspunkt og fødestad. Residivistar som avslutta karriera mellom 1855-70.**


	Menn				Kvinner			
	Bergensfødde		Andre		Bergensfødde		Andre	
	1855-60	1860-70	1850-59	1860-70	1855-60	1860-70	1850-59	1860-70
1 k	29.75	28	31	28.25	28	24.75	29.5	22.75
2 k	43	46	38	40.5	37	40.5	39.5	29
3 k	57.25	56	54	56	48.5	51	52.25	48.75
Modus	29	47	38	36	28	20		18
Snitt	44.7	22.5	41.9	42.4	37.7	38.6	39.8	36.5
n	28	101	35	106	18	45	12	20
3k-1k	27.5	28	23	27.75	20.5	26.25	22.75	26

Median alder for menn innsette i tvangsarbeidsanstalten auka frå 40 år 1855-59 til 44 år 1860-70. Auken var omlag den same uansett kvar ein var fødd. Samtidig var det ein tendens til større spreing. Sjølv om median avslutningsalder auka, sank første kvartil, og for andre enn bergensfødde menn auka også fjerde kvartil.

Kvinnene har ei litt anna utvikling. Alle

kvinnene sett under eitt avslutta også karrieren som tvangsglemmar litt eldre i slutten av

**Figur 9-20: Karrierelengd på tvangsarb. etter avslutningsalder. Kvinnelege residivistar med debut 1855-64.**




perioden enn i byrjinga (frå median 38.5 til 40 år). Men det mest påfallande er at dei bergensfødde kvinnene, som hadde eit sterkt fall i debutalderen over tid i perioden, auka avslutningsalderen, medan den gjekk ned for andre kvinner. For desse siste gjekk median ned over ti år, frå 39.5 til 29 år.

Variasjonane i avslutningsalderen var endå større ved tvangsarbeidsanstalten enn ved straffeanstaltane, særleg mellom menn, og framheva dermed igjen variasjon som hovudtrekk ved fridomssanksjonering. Det var vanleg å avslutte ei tvangskarriere langt eldre enn ei straffekarriere som mann, men spreinga var svært stor. Figur 1-21 viser korleis avslutningsalder var jamnt fordelt frå rundt 20 til 70 år. Dei kvinnelege tvangslemmane skilde seg mindre frå straffangane ved avslutninga

fordi desse debuterte langt yngre enn menn på tvangsarbeidsanstalten. Figur 1-20 viser opphopinga av kvinnelege tvangslemmane som avslutta allereie i 20-åra, samtidig som den også understrekar spreinga. Som for karrierar ved straffeanstaltane var det heller ikkje nokon stor samvariasjon mellom karrierelengd og avslutningsalder, om me ser bort i frå dei som avslutta yngst (i 20-åra) og som hadde hatt ei kort tid å etablere lange karrierer på.

Konklusjonane som eg trekte for karrierene på straffeanstaltane er også gyldige for tvangsarbeidsanstalten. Avslutningsalder sett opp mot karrierelengd viser at tvangsarbeid vart sett inn mot ei svært differensiert gruppe, både for menn og kvinner. Blant kvinnene var det rett nok ein tendens mot å sette tvangsarbeid inn mot dei yngste, men det var slett ikkje uvanleg å avslutte ei karriere som tvangslem også i svært vaksen alder for kvinner. Innan dette differensierte biletet på begge anstalttypane kan det sjølvstøtt vere enkelte miljø som i større grad mottok sanksjonar enn andre. Det er uråd å seie på grunnlag av alder og karrierelengd aleine. Det vil berre ei undersøking av intensiteten i sanksjonsbruken i løpet av karriera vise.

**Figur 9-21: Karrierelengd på tvangsarb. etter avslutningsalder. Mannlege residivistar med debut 1855-64.**





## 9.6 KARRIEREINTENSITET CA. 1850-75

Til no har fokus vore på start og sluttunkt i individuelle karrierar, og tida som gjekk mellom desse. Dette gir dei ytre rammene for sanksjonskarrierar, men seier ingenting om kva som kjenneteiknar tida i mellom debut og avslutning. Også for residivistar kan denne tida har vore svært ulike. Karrieren kan ha vore intensiv med mange og raske returar, eller den kan ha vore heilt utan fridomssanksjonar. Det er likevel ein kjend sak at ei mindre gruppe av kriminelle står for ein uforholdsmessig stor del av all kriminalitet. Nokre personar har det ein kallar ei meir intensiv kriminell karriere enn andre. Knut Arild Knudsen fann at 83 prosent av personane i hans materiale over dømde i Trondheim 1875-85 vart dømd kun éin gong i undersøkningsperioden. Desse mottok 65 prosent av dommane.<sup>674</sup> Samla, altså inkludert dommar utanfor sjølve undersøkningsperioden, fann han at 67 prosent totalt berre vart dømde éin gong, og at desse utgjorde 37.8 prosent av dommane.<sup>675</sup> I Bergen 1850-75 hadde 62.4 prosent i analysepopulasjonen éi innsetjing på ein straffeanstalt, men desse utgjorde berre 34.1 prosent av innsetjingane. Knudsen fann at dei som hadde fem eller fleire tilbakefall utgjorde 4.9 prosent av dei dømde og desse stod for heile 18.8 prosent av alle dommane.<sup>676</sup> I mitt materiale utgjorde den same gruppa 2.9 prosent, men stod for 14.0 prosent av innsetjingane. Også undersøkingar over nyare kriminalitet har ein tilsvarande, men noko forsterka tendens. Ei svensk undersøking frå 1979 viste at 17 prosent av domfelte menn var ansvarlege for 45 prosent av dommane.<sup>677</sup> Til samanlikning stod ein tilsvarande del i min analysepopulasjon for 42 prosent av innsetjingane. På tvangsarbeidsanstalten i Bergen var dette biletet klarare. 44 prosent av dei innsette sat der éin gong, og stod for berre 12.1 prosent av innsetjingane. Dei med fem eller fleire returar utgjorde 12.7 prosent av alle innsette, men heile 51.2 prosent av innsetjingane.

Enkelte opplevde altså fleire sanksjonar enn andre og i dette delkapitlet vil eg undersøke dei individuelle variasjonane i karriereintensitet. Intensitet vil verte undersøkt gjennom variablar som fødestad, alder og lovbrot. Formålet er sjølvsagt å kartlegge om enkelte grupper hadde meir intensive karrierar enn andre. Her vil særleg intensitet i straffanstaltar verte sett opp mot intensitet på tvangsarbeidsanstalten. Me kan forvente ein større intensitet for residivistar i den siste anstalten enn i den første. Det bygger eg på utsegnene som viser at tvangslemmane i særleg grad vart oppfatta som utskot og at livsførselen deira gjorde dei kontinuerleg kvalifisert til tvangsarbeid. I tillegg la dei ubyråkratiske reglane for innsetjing på

---

<sup>674</sup> Knudsen 1997, s. 100.

<sup>675</sup> Knudsen 1997, s.101.

<sup>676</sup> Knudsen 1997, s.101.

<sup>677</sup> Kyvsgaard 1998, s.71.

tvangsarbeid til rette for svært raske og hyppige returar til same anstalten.

Eg vil undersøke intensiteten i karrierar ved hjelp av tre mål. For det første vil eg sjå på kor mange returar kvar enkelt hadde. Eit fleirtal av straffangane fekk berre eit opphald i ein straffeanstalt, men var det også vanleg med få returar for residivistane? For det andre vil eg sjå på tida som gjekk frå lauslating til ny innsetjing i ein sanksjonsanstalt. Fekk ein lange opphald i fridom før ein vart sett inn på ny, og kva betydning hadde mange tidlegare returar for lengda på perioden mellom innsetjingane? For det tredje vil eg sjå på sanksjonsfrekvensen, altså det samla talet på innsetjingar sett i lys av lengda på karriera.

Undersøkingar av intensiteten i kriminelle karrierar legg vekt kriminalitetsfrekvensen pr år i den aktive perioden. Slik er det ikkje det samla talet på tilbakefall som er interessant, men tilbakefall fordelt på den aktive perioden. Vidare har ein gjort ulike val med omsyn til kva ein skal rekne som aktiv periode.<sup>678</sup> Ei tilnærming nyttar heile den aktive perioden, også inkludert tida ein eventuelt sat innesperra i fengsel og var avskåre frå nye tilbakefall. Ei anna vel å berre rekne med tida ein var på frifot og potensielt kunne begå nye lovbrøt og få tilbakefall. I den første tilnærminga tel ein ganske enkelt antal lovbrøt i løpet av eit år, den andre reknar brøk utifrå antal dagar på frifot. Ein person som sat fengsla seks månader i løpet av eit år, men vart innsett for lovbrøt på ny i slutten av året vil få ein frekvens på 2 ved den siste metoden og 1 ved den første.

Begge metodane har sine fordeler og ulemper. Det er openbert at manglande avpassing av frekvensen mot faktisk innesperring er unyansert. Samtidig kan ein føre argument mot ei rein mekanisk utrekning basert på dagar i fridom. Britta Kyvsgaard viser til følgjande eksempel: Ein person som har vore i fengsel heile året og slepp ut 1. desember og begår to nye lovbrøt innan utløpet av året, vil få ein kriminalitetsfrekvens på  $2 \times (365/31) = 23.5$ .<sup>679</sup> Ei lauslating to veker seinare med like mange lovbrøt vil føre til dobbelt så høg frekvens. Ettersom risikoen for tilbakefall i hennar periode er størst like etter lauslating, vil ei mekanisk utrekning kunne gi unaturleg høge kriminalitetsfrekvensar, og følgjeleg også kunstig høge aritmetiske gjennomsnitt som forstyrrar dei røynelege sentralmåla.

Kyvsgaard har naturlegvis rett i at måling av kriminalitetsfrekvens mot antal dagar på frifot kan gi spesielle utslag, men dette er i første rekke eit problem når ein bruker eit aritmetisk

---

<sup>678</sup> Sjå til dømes Kyvsgaard 1998, s.76ff.

<sup>679</sup> Kyvsgaard 1998, s. 81ff.

gjennomsnitt som sentralmål. Ved bruk av median vil dei ekstreme utslaga ein måtte få, ikkje få innverknad på sentralmålet. Problemet vil vere størst når ein ser på sanksjonsfrekvens i utvalde år. Eg ser på sanksjonsfrekvens over heile karriera. Dermed vil ein berre få slike utslag i tilfelle der ein har få innsetjingar (typisk to) og retur skjedde raskt etter siste lauslating. Igjen vil bruk av median løyse dette problemet.

Eg har valt å bruke bruke begge metodane, men med median som gjennomgåande sentralmål. Definisjonen på å vere på frifot er at ein ikkje soner ei straff eller er innsett i tvangsarbeidsanstalten. Opphald i varetekt, eller forsåvidt andre institusjonar, er ikkje registrert i mitt materiale, og inngår følgeleg som ein del av fridomsdagane.

**9.6.1 Intensitet i straffekarrierer ca. 1850-75**

I Tromsø fann Sleipnes at berre 1-2 prosent hadde meir enn fire tilbakefall til ny kriminalitet.<sup>680</sup> Trass i at ho inkluderte dei med dommar før undersøkingsperioden (1891-97), var denne såpass kort at den vanskeleg kunne fange opp svært mange av dei omfattande karrierene. Knudsen fann at mindre enn tre prosent vart straffa fire eller fleire gonger i perioden han undersøkte.<sup>681</sup> Men når han tok omsyn til dommene dei hadde påført seg før han starta si registrering, auka dette til litt over ti prosent, og 7.3 prosent hadde fire eller fleire tilbakefall.<sup>682</sup> Vidare valde Knudsen å definere ein karriereforbrytar som ein som hadde minst fire dommar der det var meir enn fem år mellom første og fjerde dom.<sup>683</sup> 9.6 prosent av mennene og fem prosent av kvinnene oppfyllede dette kravet og danna ei form for ”hard kjerne” i Trondheim.

**Tabell 9-41: Antal returar til straffeanstalt for debutantar 1855-59 etter kjønn og fødestad.**

Returar	Menn					Kvinner			
	Bergen	Strileland	Andre	Manglar	Alle	Bergen	Andre	Manglar	Alle
0	61.0	56.4	50.0	79.3	65.2	68.8	52.9	87.1	73.3
1	21.2	20.5	24.5	17.7	20.5	18.8	23.5	9.7	15.1
2	4.2	7.7	13.3	1.2	5.5	12.5	17.6	3.2	10.5
3	3.4	7.7	5.1	0.6	3.1	0.0	5.9	0.0	1.2
4+	10.2	7.7	7.1	1.2	5.7	0.0	0.0	0.0	0.0
Sum	100.0	100.0	100.0	100	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
n	118	39	98	164	419	32	17	31	86

Dette er litt høgare enn i mitt materiale alle sett under eitt. Tabell 9-41 viser talet på returar

<sup>680</sup> Sleipnes 1984, s.96.

<sup>681</sup> Knudsen 1997, s.100.

<sup>682</sup> Knudsen 1997, tabell 5.1 s. 101.

for debutantar 1855-59. Sjølv med ei såpass sterk innskrenking og med så mykje som 16 år til utgangen av registreringsperioden, vil ein risikere å ikkje fange opp alle returane, samtidig som residivismen for denne kohorten var mindre enn for dei som debuterte seinare. Men tabellen gir likevel eit godt bilete.

Ingen returar, eller ei karriere på null, har me allereie sett var det mest vanlege uansett kor ein var fødd. Skilnaden mellom bergensfødde og dei med anna fødestad gjorde seg også gjeldande ved tal på returar. Bergensfødde hadde fleire utan eller med svært mange returar (fire eller fleire). Skilnaden blir endå tydelegare om me trekkjer ut berre dei som hadde retur (Tabell 9-42). Kvar fjerde bergensfødde mann som returnerte til ein straffeanstalt, gjorde det minst fire gonger, medan dette berre galdt kvar sjette eller sjuande mann fødd utanfor Bergen. Fire eller fleire returar hadde i alt 16 prosent av dei mannlege residivistane, men ingen av kvinnene. Ein av ti straffedømde menn fødd i Bergen hadde fleire enn fire returar til ein straffeanstalt. I gruppa med debut 1855-59 utgjorde dei likevel ikkje fleire enn 12 straffangar i alt. I min analysepopulasjon oppfylte 197 menn og 14 kvinner Knudsen sin definisjon på ein vanekriminell, uavhengig av debuttidspunkt. Desse utgjorde høvesvis ni og tre prosent av analysepopulasjonen og samsvarer slik godt med det Knudsen fann, særleg for mennene sin del.

Gjennomgangen av karrierelengder viste stor individuell variasjon og lot spørsmålet om det fanns eit miljø eller grupper som var særleg utsett for sanksjonar henge i lufta. Talet på returar viser at det faktisk fanst ei slikgruppe som mottok forholdsvis mange straffesanksjonar, men dette var likevel avgrensa til menn. Kvinner mottok langt færre straffesanksjonar og svært få mottok mange sanksjonar.

**Tabell 9-42: Antal returar til straffeanstalt for residivistar med debut 1855-59 etter fødestad.**

Returar	Menn					Kvinner			
	Bergen	Strileland	Andre	Manglar	Alle	Bergen	Andre	Manglar	Alle
1	54.3	47.1	49.0	85.3	58.9	60.0	50.0	75.0	56.5
2	10.9	17.6	26.5	5.9	15.8	40.0	37.5	25.0	39.1
3	8.7	17.6	10.2	2.9	8.9	0.0	12.5	0.0	4.3
4+	26.1	17.6	14.3	5.9	16.4	0.0	0.0	0.0	0.0
Sum	100.0	100.0	100.0	100	100.0	100.0	100.0	100	100.0
n	46	17	49	34	146	10	8	4	23

Talet på returar blant menn varierte noko etter alder ved debut, men ikkje radikalt. Den

<sup>683</sup> Knudsen 1997, s. 104.

største skilnaden var at medan vel halvparten av dei som debuterte yngre enn 20 og eldre enn 30 returnerte berre éin gong, så galdt dette 62 prosent av dei som debuterte i 20-åra. Debutantar i denne aldersgruppa hadde også gjennomgåande kortare karrierer enn residivistar med yngre eller eldre debut (Tabell 9-23). Men samtidig var det fleire av 20-åringane som hadde tre eller fleire returar. Talet på returar i denne alderskohorten var altså mindre enn for den første, men hadde ein først retur, fekk ein del av desse gjerne ei meir omfattande karriere. Utsagnskrafta her er likevel avgrensa av eit noko spinkelt materiale, særleg for dei med mange returar. Det gjeld i endå større grad kvinnene.

**Tabell 9-43: Tal på returar prosentvis fordelt etter debutalder. Debutantar 1855-59.**

Retur	Menn			Kvinner		
	<20	20-29	30+	<20	20-29	30+
1	48.3	61.5	46.8	40.0	60.0	63.6
2	27.6	5.1	23.4	60.0	40.0	27.3
3	6.9	15.4	8.5	0.0	0.0	9.1
4+	17.2	17.9	21.3	0.0	0.0	0.0
Sum	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
n	29	39	47	5	5	11

Menn som debuterte med tjuveri hadde fleire returar enn dei som vart dømde for andre lovbrott. Men det galdt ikkje dei med flest returar, her var det liten skilnad etter kva ein debuterte med. Det går ikkje fram av tabellen i kva grad ein vart innsett for same lovbrott ved kvar enkelt ny retur, det vil bli tatt opp i kapitlet om spesialisering. Ser ein her antydningar til ulike banar i ei karriere, at nokon returnerer mange gonger for tjuveri, medan andre returnerer mange gonger for andre og spesialiserte lovbrott? Tilløpet til U-form som menn dømde for andre lovbrott enn tjuveri hadde, viser at dei fleste av desse hadde få returar, men at det her fanns ei gruppe som hadde mange returar og som skilde seg frå resten som debuterte med same lovbrottet. Dei som debuterte med tjuveri hadde ei meir jamn fordeling av returar, og ei meir jamn avskaling

**Tabell 9-44: Antal returar etter debutlovbrott. Debutantar 1855-59.**

Returar	Menn			Kvinner		
	19-	Ikkje 19-	Politif.	19-	Ikkje 19-	Politif.
0	57.8	69.3	69.1	77.3	63.3	84.6
1	22.1	20.0	19.1	13.6	20.0	7.7
2	7.8	5.3	4.1	6.8	16.7	7.7
3	7.1	0.0	1.0	2.3	0.0	0.0
4+	5.2	5.3	6.7	0.0	0.0	0.0
Sum	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
n	154	75	194	44	30	13

På grunnlag av talet på returar kan me berre antydningvis seie noko om intensiteten i karrierene. For ei meir presis tilnærming må talet på returar jamførast med tidsbruken. Eg vil undersøke dette ved hjelp av to tilnærmingar. For det første ved å sjå på tida som gjekk mellom dei ulike innsetjingane. Det indikerer intensiteten i løpet av ei karriere. Dernest vil eg sjå på den samla intensiteten i løpet av karriera, altså returfrekvens pr år i løpet av karriera.

Kor lang tid gjekk det normalt frå lauslating til ny retur? Den offisielle statistikken viste at 73 prosent returnerte innan tre år, medan 87 prosent gjorde det innan fem år.<sup>684</sup> Men samtidig viste den skilnad mellom dei med første gongs retur og dei med fleire returar tidlegare. 57 prosent av dei som returnerte første gong gjorde det innan tre år og 74 prosent innan fem år. For dei med fleire tidlegare returar var tala høvesvis 78 og 91 prosent. Dette skiljet verkar rimeleg. Dei med flest opphald i ein straffeanstalt har venteleg ikkje berre vorte mest påverka av det negative miljøet på anstaltane og blitt mest kjend av politiet, men også dei mest stigmatiserte i samfunnet elles. Straffangar med mange opphald på straffeanstaltar vil ha størst problem med å klare seg utanfor anstaltane, og dermed returnere hurtigare. I denne gruppa finn me også dei som utførte kriminelle handlingar frivillig og utan at det nødvendigvis var strukturelle tilhøve som tvang dette fram.

Tabell 9-45 viser median for tidslengd frå lauslating til ny innsetjing i ein straffeanstalt for straffedebutantar 1855-64. Her er berre dei som hadde opphald i fridom etter lauslating tatt med. Personar som vart overførte til andre anstaltar under soning, eller direkte overført til ny anstalt etter lauslating, er ikkje med.

**Tabell 9-45: Median tidslengd i år frå lauslating til ny innsetjing for straffedebutantar 1855-64 etter fødestad.**

Returar	Menn						Kvinner			
	Bergen		Strilelandet		Alle		Bergen		Alle	
	Tid	n	Tid	n	Tid	n	Tid	n	Tid	n
1	2.3	88	2.9	32	2.2	261	3.4	20	2.4	39
2*	0.8	45	2.5	16	1.5	117	1.3	14	1.1	26
3	1.4	27	0.4	12	1.0	70				
4+	0.9	72	0.9	12	0.8	130				

\*For kvinner gjeld 2+ returar

Straffangar i Bergen skilde seg ikkje frå dei landsfemnande oppgåvene frå 1876-80. Dess fleire gonger ein returnerte, dess kortare tid tok det frå lauslating til ny innsetjing. For menn

<sup>684</sup> NOS Fjerde Række Nr. 86. *Meddelelser om Det norske Fængselsvæsen i det 19de Aarhundrede*, Udgivet af Expeditionschefen for Fængselsvæsenet, Kristiania 1904, s. 218.

som returnerte første gong var median tidslengd frå lauslating til ny innsetjing 2.2 år. Dette var ikkje tida frå lauslating til ein utførte eller vart arrestert for eit nytt lovbrøt, men tida til ein vart innsett i straffeanstalten etter endeleg dom. Det betyr at tidslengda frå lauslating til det nye møtet med rettsvesenet var kortare, avhengig av tida etterforskinga tok og kor mange rettsinstansar saka var innom.

Ved den andre returen sank dette kraftig til berre 1.5 år, og vidare til under eitt år for dei med fire eller fleire returar. For kvinner er talmaterialet spinklare, men tendensen er klar nok og samsvarte med mennene. For bergensfødde var fallet i tidsbruken frå første til dei påfølgjande returane klar nok, men tidsbruken ved seinare returar var meir ujamn. Dei bergensfødde returnerte raskare enn andre tidleg i karriera, men etterkvart som ein hadde fleire opphald bak seg, spelte ikkje fødestaden nokon rolle lenger. Denne ulikskapen må hente sine forklaringar i to ulike forhold. For det første kan ein mistenke at dei bergensfødde kom i kontakt med politiet på eit tidlegare tidspunkt og slik trass alt var betre kjend av politiet enn kva innflyttarar var. Eitt tenkeleg alternativ eller ei supplementær forklaring er at personar fødde utanfor Bergen også oppheldt seg ei tid utanfor byen etter den første lauslating før dei mottok nye dommar og slik brukte lenger tid før dei returnerte.

Uavhengig av desse skiljene fortel returtida klart om problema ein lauslaten straffange møte. Å vere "demitteret slave" eller "demitteret tukthuslem" har eg allereie vist førte til at ein "endog under større Arbeidsvirksomhed altid er den sidste, som deri erholder Andeel" og som dermed lettare må ty til ulovlege handlingar.<sup>685</sup> Samtidig var politiet pålagt å føre særskilt oppsyn med dei lauslatne straffangene.<sup>686</sup> Eit eksempel på det siste er Caroline Lodtz. Ho var tidlegare fengsla og vart i 1870 mistenkt for horehushald. Presten omtalte henne som ein "berygtet Person" som ofte har vore mistenkt og "i mange Aar under Politiets Observation".<sup>687</sup> Ole Stephensen Nyhavn vart i 1870 fengsla for tjuveri:

*"Demitteret Slave og gammel Forbryder. Var nylig under Forfølgelse, men løslades af Mangel paa Bevis. Nu har han sammen med Efterstaaende begaaet flere Tyverier, som han tildels erkjender".*<sup>688</sup>

Den nemnde etterståande i protokollen var Niels Jacobsen Storesund:

---

<sup>685</sup> Frå "Foreningen til morlsk fordærvede Børns og unge Menneskers Frelse samt til menneskekjærlig Omsorg for de fra Strafanstalterne løsladte Forbrydere" i Bergen sin søknad om forhøgning av milepengar ved lauslating. *Departements-Tidende*, Nr. 1, 1847, s. 1.

<sup>686</sup> UBB: Bergen politikammer; Instrux for Politibetjentene i Bergen, Bergen 1845, § 3.

<sup>687</sup> SAB: Arkivet etter presten på Bergens Straffanstalt og Bergenshus. Mandtal over de i Bergens civile Arrester hensiddende Fanger 1849-70, Nr. 15, fol 221.

*”Gik ivaar ud fra Bergenhus. Er en udlært Forbryder. Har nu vanket omkring norden og søndenfor Bergen og begaaet Tyverier, de sidste sammen med Ovenstaaende.”*<sup>689</sup>

Til slutt Carl Martin Rørdam, også han innsett 1870 og mistenkt for tjuveri:

*”Dimitteret Fange. Flere Gange arresteret som mistænkt for Tyveri, men Beviset har svigtet. Nu har han forsøgt Indbrud hos en Bager paa Nygaard.”*<sup>690</sup>

Denne ”observasjonen” vart ikkje berre tidlegare fangar til del. Marthe Andersdatter, busett i Bergen, vart i 1852 innsett i varetekt mistenkt for tjuveri. Ho hadde ikkje rulleblad frå før, og vart heller ikkje tiltalt no, men overflytta til tvangsarbeidsanstalten med merknaden ”skal i flere Aar have ført et Uagtværdigt Levnet.”<sup>691</sup> Politiet kjende sine ”folk” og hadde klare oppfatningar om kva retning og miljø ein skulle vende nasen ved etterforsking av lovbrøt.

”Foreningen til moralsk fordærvede Børns og unge Menneskers Frelse samt til menneskekjærlig Omsorg for de fra Strafanstalterne løsladte Forbrydere” la ved søknaden om å auke og framskynde pengestøtta ved lauslating vekt på at det var fangar som ikkje hadde tilhald i byen som lettast fall tilbake. Desse kunne ha vanskar med å få seg skyss til heimstaden, og levde utsett til i byen.<sup>692</sup> Dette var nok i større utstrekning riktig då søknaden vart sendt på 1840-talet enn utover i min periode. I 1853 sette Det Bergenske Dampskibsselskab sitt første skip i rute og i 1858 kom også regelmessige dampskipsruter til Nordre Bergenhus. Egil Ertresvaag skriv at heile kysten i 1860 var innlemma i eit fast dampskipsnett med forgreiningar til København og Hamburg.<sup>693</sup> Blant menn som debuterte 1855-64 er det også lite som tyder på at personar fødde utanfor Bergen returnerte raskare enn dei lokalfødde. Tvert om ser dei lokalfødde ut til å returnere fortare ved andre gongs innsetjing, men dette jamna seg ut når ein ser på dei som hadde verkeleg mange tilbakefall.

Utanbygds straffangar hadde nok, i det minste før midten av 1800-talet, møtt særskilde vanskar ved lauslatinga. Desse vanskanane var likevel på ingen måte avgrensa til desse personane, men var reelle også for straffangar fødd i Bergen og med eit i utgangspunktet

---

<sup>688</sup> SAB: Arkivet etter presten på Bergens Straffanstalt og Bergenhus. Mandtal over de i Bergens civile Arrester hensiddende Fanger 1849-70, Nr. 130, fol 233.

<sup>689</sup> SAB: Arkivet etter presten på Bergens Straffanstalt og Bergenhus. Mandtal over de i Bergens civile Arrester hensiddende Fanger 1849-70, Nr. 131, fol 233.

<sup>690</sup> SAB: Arkivet etter presten på Bergens Straffanstalt og Bergenhus. Mandtal over de i Bergens civile Arrester hensiddende Fanger 1849-70, Nr. 182, fol 238.

<sup>691</sup> SAB: Arkivet etter presten på Bergens Straffanstalt og Bergenhus. Mandtal over de i Bergens civile Arrester hensiddende Fanger 1849-70, Nr. 163, folio 28.

<sup>692</sup> Frå ”Foreningen til moralsk fordærvede Børns og unge Menneskers Frelse samt til menneskekjærlig Omsorg for de fra Strafanstalterne løsladte Forbrydere” i Bergen sin søknad om forhøging av milepengar ved lauslating. *Departements-Tidende*, Nr. 1, 1847, s. 1.

<sup>693</sup> Ertresvaag 1995, s. 133.



etablert nettverk lokalt. Tilbakefall og retur til straffeanstaltane var ein negativ spiral som gjekk fortare og fortare uansett fødestad. Dess fleire returar, dess større var sjansen for nye returar. Byens innbyggjarar (og politiet) godtok ikkje kriminelle, heller ikkje blant sine egne.

**Tabell 9-46: Tid frå lauslating frå straffeansalt til ny innsetjing for menn 1855-64 etter debutalder.**

Retur	<20 år				20-29 år				Over 30 år			
	Ved debut		Ved ny inns.		Ved debut		Ved ny inns.		Ved debut		Ved ny inns.	
	Tid	n	Tid	n	Tid	n	Tid	n	Tid	n	Tid	n
1	3.0	48	0.5	18	0.9	73	1.2	79	2.9	93	3.9	117
2	1.5	29	2.6	7	1.4	33	1.2	42	1.7	46	1.8	59
3+	0.6	49	-	1	0.8	74	0.7	55	1.5	70	1.1	137

Tida det gjekk til nye innsetjingar samvarierte også med alder, både ved debut og ved sjølve returen. Kortast var returtida for debutantar i 20-åra, i alle fall ved første retur. Meir overraskande var det kanskje at dei som debuterte yngre enn 20 år hadde forholdsvis lang returtid til det andre lovbrøtet. Men for desse fall likevel returtida raskt ved nye innsetjingar. Det same galdt forsåvidt dei eldre debutantane, sjølv om fallkurva for desse ikkje var like bratt. Felles for alle aldersgruppene var likevel at returtida vart kortare dess fleire returar ein hadde, og dette understreka nettopp det sentrale poenget med den aksellererande returspiralen.

Ser me på alderen ved den nye innsetjinga, og ikkje alderen ved debut, gjorde mykje det same seg gjeldande. Unntaket var naturlegvis at dei som returnerte yngre enn 20 år hadde ei langt kortare tid frå lauslating til ny innsetjing. Dette har ei naturleg forklaring. Desse var så unge ved retur, at det ikkje kunne gå meir enn maksimalt fem år frå debut til ny innsetjing, ettersom normalt ingen under 15 år kunne setjast i ein strafanstalt. Men skilnaden mellom dei litt eldre var den same. Det tok mindre enn eitt år til returen for dei som var mellom 20 og 29 ved ny innsetjing, medan median frå lauslating til ny innsetjing var så mykje som 3.9 år for dei som var over 30 år. Dette fall bratt til berre vel eitt år for dei med to eller fleire returar.

Talmaterialet for kvinnene er forholdsvis tynt, men me ser likevel at kvinnene likna mennene på dei fleste område når det galdt alder og retur, med unntak av at det gjekk litt lenger tid til første retur for dei yngste og dei eldste debutantane.

Slik synes aktiviteten i karrieren å vere størst i 20-årsalderen, vel og merke når ein først hadde retur. Det var i denne perioden ein hadde flest returar og kortast tid mellom dei.

Samtidig var det debutantar i denne aldersgruppa som hadde dei kortaste karrierane. Aktiviteten var difor gjerne stor, men over ei kort tid. Det var likevel tydleg at personar som først returnerte meir enn éin gong hadde svært lett for å returnere hurtig uansett alder.

**Tabell 9-47: Tid frå lauslating frå straffeansalt til ny innsetjing for kvinner 1855-64 etter alder.**

	<20 år				20-29 år				Over 30 år			
	Alder ved debut		Alder ved ny inns.		Alder ved debut		Alder ved ny inns.		Alder ved debut		Alder ved ny inns.	
Retur	År	n	År	n	År	n	År	n	År	n	År	n
1	1.3	8	0.3	4	0.9	9	0.9	9	3.8	19	3.7	23
2+	1.1	11	1.0	5	0.4	6	0.7	7	2.3	8	1.5	13

**Tabell 9-48: Tid frå lauslating til retur for straffedebutantar 1855-64 etter lovbrøt ny innsetjing.**

	Menn						Kvinner					
	19-		Andre		Politim.		19-		Andre		Politim.	
	År	n	År	n	År	n	År	n	År	n	År	n
1	2.1	105	3.3	32	2.0	123	2.4	19	2.8	16	3.8	4
2	1.5	53	2.5	11	1.1	53	1.1	20	1.2	4		1
3.+	0.7	59	1.0	18	0.9	122						

Mange som stal eller vart dømde for politimisferd (og bøter) hadde markant raskare retur enn menn dømde for andre lovbrøt. For desse tok det rundt to år til første retur for menn, sidan fall det til mellom 1 og 1 ½ år og i underkant av eitt år ved tre eller fleire returar. Dette skiljet galdt vel å merke dei par første returane, sidan vart det meir utjamna. Etterkvart som ein hadde fleire opphald i straffeanstaltar bak seg, spelte altså lovbrøtet mindre rolle. For dei med tre eller fleire returar, var median mellom 0.7 og eitt år uansett kva lovbrøt ein vart innsett for. For kvinnene var talmaterialet spinkelt, særleg ved politimisferd. Mellom tjuveri og andre lovbrøt var det likevel liten skilnad i returtida.

Skilnaden mellom dømde for tjuveri og andre lovbrøt kan kanskje knyttast til eit stadig sterkare vern om eigedomsretten. Ein var raskare til å melde tjuveri enn mange andre lovbrøt. I tillegg hadde dei materielle tilhøva lauslatne straffangar var møtt med ein betydning. Desse hadde ofte ikkje noko reelt alternativ til å stele, og dermed låg vegen attende til straffeanstalten open tidleg. Politimisferd var typisk eit resultat av uorden, gjerne i samband med bruk av rusmiddel. Ein alkoholisert straffange trong ikkje lang tid for på nytt å bli tatt for fyll og politiuorden når ein var lauslaten. Andre lovbrøt tok gjerne lenger tid å begå på nytt, eller i det minste før ein vart oppdaga og tiltalt, anten dette galdt forfalsking, sedelegheitssaker eller drap.

**Tabell 9-49: Kvartildifferansar for tida (i år) frå lauslating frå straffeanstalt til ny innsetjing for menn med debut 1855-64.**

	Menn				Kvinner	
	1 retur	2 retur	3 retur	4+ retur	1 retur	2+ retur
1 kvartil	0.6	0.5	0.3	0.4	0.5	0.4
2 kvartil	2.2	1.5	1.0	0.8	2.4	1.1
3 kvartil	5.5	3.3	3.0	2.4	5.0	2.5
n	261	117	70	130	39	26
3k-1k	5.0	2.9	2.7	2.1	4.5	2.1

Tida frå lauslating til ny innsetjing indikerer klart at karriereintensitetane auka dess fleire returar ein hadde. Faren for å verte innsett på nytt var større dess fleire opphald ein hadde frå før. Sjølv om sentralmåla var tydelege på dette, hindra ikkje det store individuelle variasjonar også på dette området. Tabell 9-49 tydleggjer dette. Variasjonane er som venta størst ved dei første returane. Kvar fjerde som returnerte første gong, gjorde det innan 0.6 år frå lauslating, medan like mange brukte godt over fem år. For kvinner var biletet det same. Tre av fire menn som returnerte for fjerde gong eller meir, brukte i underkant av 2 ½ år. Dermed reiser eit nytt spørsmål seg – er det dei same personane som returnerer hurtig til nye straffeanstalttopphald, eller varierte returtida i løpet av kvar enkelt karriere? Tabell 9-50 viser at det første til ein viss grad var tilfelle. Menn som returnerte raskt ved første retur, hadde også ein tendens til å returnere raskare ved andre gongs retur enn andre. Men igjen var det store variasjonar, særleg for dei som brukte eitt år eller lengre ved første retur.

**Tabell 9-50: Tid frå andre til tredje retur etter tid til første retur. Menn med debut 1855-64. År målt i median.**

	<1 år	1 år +	3 år +
1 kvartil	0.4	0.5	0.7
2 kvartil	1.2	1.6	2.0
3 kvartil	2.6	4.4	4.0
n	47	113	44
3k-1k	2.2	3.9	3.3

Ved å sjå på returfrekvensen over tid, får ein fram den samla intensiteten i løpet av heile karriera. Tabell 9-51 viser returintensitet for residivistar med debut 1855-64. Eg rekner ikkje returfrekvens for kvart enkelt år, men akkumulert ved kvar enkelt retur. Sjølv sagt hadde residivistar med ei karriere på under eitt år ein høg returfrekvens samanlikna med andre som hadde lange karrierar. Desse hadde median 5.4 returar i året, eller 7.0 årlege returar om ein berre reknar tida på frifot. Denne gruppa hadde også svært store kvartildifferansar. Eit meir dekkande bilete gir karrierane på eitt år og lenger.

Menn med karrierelengder frå eitt og inntil fem år hadde nesten ein retur i året som median,

og kvar fjerde av dei returnerte i gjennomsnitt 1.5 gonger. Menn med lange karrierar hadde lågare returfrekvens og også mindre spreining enn dei med korte karrierar. Kvar fjerde her returnerte i overkant av 0.5 gonger i året. For dei kvinnelege residivistane er grunnlagsmaterialet langt spinklare, men me skimtar likevel ein tilsvarande tendens.

**Tabell 9-51: Returfrekvens etter karrierelengd for residivistar med debut 1855-64 målt etter dagar på frifot og samla karriere.**

	Menn						Kvinner					
	<1 år		1-5		5+		<1 år		1-5		5+	
	Frifot	Totalt	Frifot	Totalt	Frifot	Totalt	Frifot	Totalt	Frifot	Totalt	Frifot	Totalt
1 kvart.	3.4	3.2	0.7	0.6	0.3	0.2	5.3	4.1	0.6	0.5	0.3	0.2
2 kvart.	7.0	5.4	0.9	0.9	0.4	0.3	7.6	5.8	0.9	0.7	0.3	0.3
3 kvart.	20.3	16.4	1.5	1.4	0.6	0.5	8.1	6.8	1.4	1.1	0.6	0.4
n	55	55	73	73	136	136	8	8	14	14	18	18
3k-1k	16.9	13.2	0.8	0.8	0.4	0.2	2.8	2.6	0.7	0.6	0.3	0.2

Ei innsetjing omlag annakvart år ved karrierer som varte lengre enn fem år synest kanskje å vere moderat, særleg samanlikna med moderne residivistar. Likevel er det viktig å hugse på at dette også inkluderte tida etterforsking, rettsak og eventuell varetekt tok. 50 av 136 med karriere lenger enn fem år (og debut 1855-64) hadde berre éin retur totalt. 28 hadde i alt fem eller fleire returar. Desse siste hadde ein betydeleg høgare returfrekvens. Til dømes var median 0.7 og tredje kvartil 0.9. Samtidig hadde desse også svært lange karrierer, både gjennomsnitt og median var rett under 15 år.

Ut av materialet framstår ei kjernegruppe. I underkant av kvar tiande mann i analysepopulasjonen (197 personar) oppfylte Knudsen sin definisjon på ein vanekriminell, ein mann med minst fire dommar over minst fem år. Den verkeleg harde kjerna utgjorde ei gruppe menn på 49 som hadde minst fire opphald på ein straffeanstalt i løpet av minst fem år og som i løpet av karriera hadde ein returfrekvens på minst 1.0 (rekna ut frå tida på frifot). Desse hadde ein median returfrekvens på 1.6, altså ei innsetjing kvar 7-8 månad i minst fem år. Fire av dei hadde ei karriere på over 20 år, medan median var på litt over åtte år. Gjennomsnittleg karrierelengd for desse var vel ti år. Denne gruppa vart i gjennomsnitt sett inn i ein straffeanstalt 7.4 gonger (median 6.0) Dei utgjorde ein liten del av analysepopulasjonen, men belasta straffeanstaltane svært hardt. Tilsaman hadde dei ei straffetid på 300 år. I gjennomsnitt var det seks år bak murane på kvar enkelt, median var 4.6 år.

Desse var likevel unntaka. Intensiteten i straffekarrierene var varierte, på same måten som

andre variablar ved karrierene. Frå dei eingongskriminelle til dei tunge vanekriminelle var det eit vidt spekter uansett om me måler etter talet på returar, karrierelengd, returtidslengd eller returfrekvens.

### 9.6.2 Intensitet i tvangskarrierer i Bergen 1850-75

Den sterkt forenkla prosessen ved innsetjing i tvangsarbeidsanstalten samanlikna med innsetjingar i straffeanstaltane, la til rette for at enkelte kunne få høg intensitet over lengre tid. Innsetjing i tvangsarbeidsanstalten kunne skje umiddelbart, og eg har tidlegare vist eksempel på personar som returnerte til anstalten dagen etter lauslating. Rask retur var forholdsvis vanleg på tvangsarbeidsanstalten.

Ikkje berre hadde tvangsarbeidsanstalten større omfang av residivisme generelt, men dei som returnerte, gjorde det fleire gonger enn dei straffedømde. Kvar fjerde mann fødd i Bergen med debut i åra 1855-59 returnerte meir enn fire gonger, og meir enn kvar tiande returnerte ti gonger eller fleire (Tabell 9-52). Menn fødte utanfor Bergen returnerte også ofte, kvar femte meir enn fire gonger og kvar trettande meir enn ti gonger.

**Tabell 9-52: Tal på returar tvangsarbeidsanstalten prosentvis fordelt for debutantar 1855-59 etter fødestad.**

	Menn			Kvinner		
	Bergen	andre	alle	Bergen	andre	alle
0	40.0	33.7	36.5	53.8	46.4	50.7
1	17.6	30.4	24.7	23.1	32.1	26.9
2	9.4	7.6	8.4	2.6	7.1	4.5
3	8.2	8.7	8.4	5.1	7.1	6.0
4-9	12.9	12.0	12.4	10.3	7.1	9.0
10+	11.8	7.6	9.6	5.1	0.0	3.0
	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
n	85	92	178	39	28	67

Det same galdt dei kvinnelege tvangsglemmane, og i særleg grad dei bergensfødde, sjølv om desse ikkje returnerte like mange gonger som mennene. For desse er i tillegg grunnlagsmaterialet mindre.

Det er eit visst samsvar mellom alder ved debut på tvangsarbeidsanstalten og talet på returar ein fekk seinare (Tabell 9-53). For det første hadde fleire menn som debuterte yngre enn 30 år ingen returar i det heile samanlikna med dei eldste, medan det var motsett for kvinnene. Færre av dei yngste mennene hadde også mange returar, men skilnaden var likevel ikkje dramatisk. Dobbelt så mange menn med debut i 30-åra hadde ti eller fleire returar enn dei

som debuterte yngre. Til gjengjeld var det fleire blant dei yngste med 4-9 returar, og samla hadde 19 prosent av dei yngste debutantane fire eller fleire returar, mot 23 og 25 prosent for dei eldre debutantgruppene. Mellom kvinnene gjer små tal biletet utydeleg, særleg for dei med fleire returar.

**Tabell 9-53: Tal på returar på tvangsarbeidsanstalten prosentvis fordelt etter debutalder for debutantar 1855-59.**

	Menn			Kvinner		
	<30 år	30-39	40+	<30 år	30-39	40+
0	44.8	29.9	31.1	44.4	53.8	53.8
1	15.5	27.6	36.1	29.6	30.8	23.1
2	6.9	11.5	8.2	3.7	7.7	3.8
3	13.8	8.0	0.0	11.1	0.0	3.8
4-9	12.1	9.2	16.4	11.1	7.7	7.7
10+	6.9	13.8	8.2	0.0	0.0	7.7
	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
n	58	87	61	27	13	26

Sjølv om det var mange med fleire returar, må ein likevel ikkje gløyme at det var eit fleirtal av tvangslemmane, uansett kjønn og fødestad, som hadde mindre enn to returar til tvangsarbeidsanstalten i alt. Om me ikkje ser på innsetjingar, men unike innsette, så trakka med andre ord ikkje den typiske tvangslemmen ned dørstokken på anstalten ustanselig. Samla sett i perioden 1850-75 hadde 70 menn ti eller fleire returar, noko som var åtte prosent av menn (i analysepopulasjonen) innsett på tvangsarbeidsanstalten, men desse stod for 43 prosent av innsetjingane i perioden. Rekorden hadde Niels Andreas Andersen Holvig. Han klarte i løpet av den registrerte 25-årsperioden å bli innsett heile 54 gonger. Han sat på Tvangen då perioden min vart innleia og han sat der då den vart avslutta 25 år seinare og hadde såleis sannsynlegvis fleire innsetjingar både i for- og etterkant av analyseperioden. Blant kvinnene hadde 2.5 prosent (åtte kvinner) meir enn ti returar, og desse stod for 15 prosent av innsetjingane. Det er mellom desse ein finn anstalten sitt kjerneclientell. Desse personane viser tydeleg at det mellom tvangslemmane i endå større grad enn mellom straffangane fanns ei gruppe som mottok tvangssanksjonar langt oftare enn andre, anten sanksjonane vart utløyyst av sanksjonsmottakarane sjølve eller av sanksjonsgjevarane.

Ved retur til straffeanstaltane såg me tydeleg ein spiraleffekt ved at tida som gjekk frå lauslating til ny innsetjing gjekk ned dess fleire innsetjingar ein hadde frå før. Dette forklarte eg med dei aukande problema straffangane møtte i det sivile, både med omsyn til å få jobb og den alminnelege vyrnaden dei vart møtt med, samtidig som ein i straffeanstaltane hadde etablert nettverk og kontaktar ein kunne dra nytte av og som ein ofte vart skyvd i retning av

etter lauslatinga. Likeins førte spiralen til at politiet gav dei lauslatne aukande merksemd og at dei vart lettare mistenkt for nye lovbrøt, og slik hurtigare kunne få nye returar. Denne tendensen er endå meir tydelig ved lauslating frå tvangsarbeidsanstalten (Tabell 9-54).

**Tabell 9-54: Tid i år frå lauslating til ny innsetjing på tvangsarbeidsanstalten for menn med debut 1855-64.**

	Menn				Kvinner	
	1 retur	2 retur	3 retur	4+ retur	1 retur	2+ retur
1 kvartil	0.3	0.01	0.05	0.01	0.2	0.1
2 kvartil	1.1	0.1	0.4	0.05	1.1	0.7
3 kvartil	3.3	1.1	1.4	0.4	3.0	2.0
n	179	111	87	568	49	86
3k-1k	3.0	1.1	1.3	0.4	2.8	1.8

Median for første retur var vel to år for mannlege straffangar, i tvangsarbeidsanstalten var den vel eitt år. Ved nye innsetjingar fall denne tidsavstanden vidare, og for menn med fire eller fleire returar var den så liten som 0.05 år, eller 18 dagar. For ei stor gruppe, uansett tal på tidlegare returar og kjønn, skjedde den nye innsetjinga berre få dagar etter lauslatinga. For menn med fire eller fleire returar var også tredje kvartil berre 0.4 år (knappe fem månader). Med andre ord var tida det gjekk før ein fekk ny retur eintydig kort for desse.

I 63 av 568 tilfelle der menn vart innsett for minst fjerde gong, gjekk det berre éin dag frå lauslating til ny innsetjing. Henrik Jørgensen var skomakar og fødd i Bergen i 1817. Han vart innsett i tvangsarbeidsanstalten første gong i 1865. Fram til 1870 fekk han to nye innsetjingar og vart lauslaten for tredje gong 7. januar 1871. Den 9. januar vart han på ny innsett for tre månader. Etter dei neste lauslatingane tok det høvesvis, 6, 11, 4, 8, 1, 1, 2, 6 og 2 dagar til ny innsetjing, og slik heldt det fram med i alt 22 innsetjingar på tvangsarbeidsanstalten fram til 1873.

Henrik var ikkje aleine om dette. Arbeidsmannen Annanias Thorsen vart lauslaten frå tvangsarbeidsanstalten 19. mars 1865. Fire dagar seinare vart han arrestert som husvill.<sup>694</sup> Han påstod han hadde losji å gå til, men var komen for seint att om kvelden og var utelåst. Han forklarte også at han venta å få arbeid. Etter å ha betalt arrestpengane vart derfor Annanias slept laus att. Seinare same kvelden returnerte han imidlertid sjølv til politikammeret og bad om å bli innsett på tvangsarbeidsanstalten, noko han fekk innvilga. To månader seinare slapp han ut att, og allereie same kveld vart han funnen døddrukken ved

<sup>694</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal nr. 4, 1863-65, 23.3.1863.

Strømmen.<sup>695</sup> Denne gongen ville ikkje Annanias returnere til tvangsarbeidsanstalten og sa at han ville la seg forhyre, om han vart slept fri att. Det vart han med åtvaring, men saka hans illustrerer gangen i returane for ein del av tvangslemmane.

Mellom 1850 og 1875 vart til dømes 259 menn og 12 kvinner sett inn på nytt dagen etter dei var lauslatne. Tilsvarande vart 696 menn og 49 kvinner innsett på nytt mindre enn sju dagar etter lauslating. For mennene galdt dette siste faktisk meir enn ved kvar femte innsetjing totalt og og meir enn kvar fjerde retur.

**Tabell 9-55: Tid frå lauslating frå tvangsarbeidsanstalten til ny innsetjing for menn 1855-64 etter debutalder og alder ved ny innsetjing.**

Retur	<30				30-39				40+			
	Ved debut		Ved debut		Ved debut		Ved inns.		Ved debut		Ved inns.	
	År	n	År	n	År	n	År	n	År	n	År	n
1	0.6	61	0.6	56	1.5	54	1.1	44	1.6	64	2.1	79
2	0.4	40	0.4	33	1.1	33	0.6	24	0.5	38	0.8	54
3+	0.1	178	0.1	80	0.1	189	0.07	115	0.03	286	0.05	458

Den spiralaktige raske returen til tvangsarbeidsanstalten var felles for begge kjønn, og det var heller ingen stor skilnad etter kvar ein var fødd. Alder var underordna talet på tidlegare opphald når det galdt returtid (Tabell 9-55 og Tabell 9-56). Dess yngre ein debuterte eller vart sett inn, dess raskare hadde rett nok første retur ein tendens til å vere. Særleg hadde mannlege residivistar som debuterte yngre enn 30 år ein rask retur, men det typiske var at denne gjekk drastisk ned uansett etterkvart som ein hadde tidlegare opphald. Mannlege tvangslemmar som returnerte for tredje gong eller meir hadde vanlegvis raskare retur enn alle andre, uansett alder. Også blant kvinnene returnerte dei yngste raskast, men også for desse hadde talet på tidlegare returar meir å seie enn både debutalder og alder ved retur.

**Tabell 9-56: Tid frå lauslating frå tvangsarbeidsanstalt til ny innsetjing for kvinner 1855-64 etter debutalder.**

Retur	<30				30+			
	Debut		Ved inns.		Debut		Ved inns.	
	Tid	n	Tid	n	Tid	n	Tid	n
1	0.9	24	0.9	25	1.6	22	1.8	24
2+	0.5	31	0.2	13	0.5		0.7	55

Det empiriske materialet lagt fram så langt vitnar om to sentrale tilhøve. For det første finn me mellom tvangslemmane ei forholdsvis stor gruppe med ein svært vanskeleg livssituasjon, på grunn av mangel på materielle primærbehov, som mat og ikkje minst husrom. I tillegg har

<sup>695</sup> SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal, Nr. 4, 1863-65, 24.5.1863.



gruppa vore sterkt prega av rumsmisbruk som har forsterka vanskanene. Denne livssituasjonen gjorde at politiet oppfatta desse personane som eit problem, og manglande evne til å endre livssituasjonen førte til ei vedvarande merksemd og oppfølging frå politiet frå politiet si side. Tvangsarbeidsanstalten kunne vere eit uhyre effektivt middel til å "rense" gatene for uønska individ.<sup>696</sup> Politiet kunne handle, og handla, på dagen om dei ønskte det. Eg har tidlegare vist fleire konkrete døme på akkurat det. Samtidig antydar tala at det var få alternativ til rask retur for mange lauslatne tvangslemmar. Tvangslemmane gav sjølve uttrykk for akkurat dette til fengselspresten, og anstalten vart etterkvart opplevd som ein heim for ein del. At det slett ikkje var uvanleg å sjølv be om innsetjing, viser det same. Drivkrafta bak dei aksellererande innsetjingsspiralane me kan observere for så mange tvangslemmar er altså stadig forverra livssituasjon samtidig som ein vart stadig meir synleg for politiet.

Ved innsetjing i straffeanstaltane var straffelova veldig styrande på straffeutmålinga. Lova hadde ei ibuande eskalering i straffelengda ved tilbakefall til same type kriminalitet, elles var det sjølve lovbroten og ikkje lovbrotyaren sin bakgrunn som var hovudpremiss for straffeutmålinga. Ved innsetjing i tvangsarbeidsanstalten fanns ingen tilsvarande premiss, og dermed vart det opp til politiet sjølv å vurdere kor langt eit opphald skulle vere innanfor rammene som fattiglova gav. Den tydelege spiraltendensen og politiet sitt stadig aukande kjennskap til tvangslemmar med mange innsetjingar skulle ein dermed tru gav seg utslag i innsetjingstida på tvangsarbeidsanstalten ved at dei gamle kjende fekk lengre opphald. Men dette skjer i forsvinnande liten grad. I tida før 1865 er det ein tendens til at tvangslemmar med mange opphald frå før hadde lengre opphald enn dei med få innsetjingar (Tabell 9-57). Frå 1865 er derimot sentralmåla for menn dei same uansett kor mange tidlegare opphald ein hadde. Politiet brukte ikkje høvet dei hadde til å internere, og dermed uskadeleggjere, enkelte personar lengre. Tvert om var den aukande gjennomstrøyminga på tvangsarbeidsanstalten også ein realitet for dei tyngst belasta tvangslemmane. Om enkelte personar var meir utsett for å verte sett inn, synest likevel ikkje "straffeutmålinga" i tvangsarbeidsanstalten å vere påverka av politiet sin kjennskap til tvangslemmane. Om dette er uttrykk for ein rettferdssans, ei oppfatning av at det sentrale var å produsere sanksjonar og markere eit levesett som uønska, er eit ope spørsmål. I like stor grad kan det ha vore eit spørsmål om økonomi, skilnaden mellom to månader og seks månader var over 14 speciedalar for kvar enkelt

---

<sup>696</sup> Dette er politimester Julius Olsen (politimester 1893-1905) sine egne ord om tvangsarbeidsanstalten. Olsen 1914, s.349.

tvangslem.<sup>697</sup>

**Tabell 9-57: Median innsetjingstid på tvangsarbeidsanstalten etter tal på innsetjingar. Før og etter 1865.**

	Menn						Kvinner			
	1850-64			1865-75			1850-64		1865-75	
	<3	3-9	10+	<3	3-9	10+	<3	3+	<3	3+
1 kvartil	1	2	2	1	1	1	2	2	1	2
2 kvartil	2	3	3	2	2	2	3	6	2	3
3 kvartil	4	6	6	3	3	3	6	6	3	3
n	792	527	182	581	730	704	270	170	190	145

**Tabell 9-58: Returfrekvens etter karrierelengd for residivistar på tvangsarbeidsanstalten med debut 1855-64.**

	Menn						Kvinner					
	<1 år		1-5		5+		<1 år		1-5		5+	
	Frifot	Totalt	Frifot	Totalt	Frifot	Totalt	Frifot	Totalt	Frifot	Totalt	Frifot	Totalt
1 kvartil	7.6	5.2	1.0	0.8	0.4	0.3	3.6	2.7	0.8	0.7	0.3	0.3
2 kvartil	21.2	7.0	1.6	1.2	0.7	0.6	10.3	5.5	1.8	1.1	0.4	0.4
3 kvartil	59.7	15.3	3.6	1.9	1.3	0.9	68.8	8.6	2.3	1.7	0.7	0.6
n	26	26	52	52	88	88	7	16	18	18	28	28
3k-1k	52.0	10.1	2.6	1.1	0.9	0.6	65.2	5.9	1.5	1.0	0.4	0.3

Samanlikna med karrierane på straffeanstaltane var også tvangskarrierane normalt meir intensive over tid. Median returfrekvens for menn med karrierar som varte over fem år på ein straffeanstalt var 0.4 når me berre rekna med tida på frifot og 0.3 om me rekna med heile karrieren frå debutdato til siste innsetjing (Tabell 9-51). For kvinner var median 0.3 uansett. På tvangsarbeidsanstalten var returfrekvensen betydeleg høgare. Her hadde menn med ei karriere på minst fem år median 0.7 innsetjingar i året når ein berre rekna tida på frifot, og 0.6 i året uansett tida ein var innesperra i løpet av karriera. For kvinnene var denne lågare, men likevel høgare enn på straffeanstaltane. I tillegg var dei individuelle variasjonane større på tvangsarbeidsanstalten. Blant menn med dei lengste karrierane hadde kvar fjerde minst 1.3 innsetjingar i året i tida han var på frifot. Sjølv om me reknar heile karrieren hadde desse minst 0.9 innsetjingar i året i minst fem år. Kvar fjerde kvinne hadde minst 0.6-0.7 innsetjingar årleg.

På same måten som i straffeanstaltane, får me også for tvangsarbeidsanstalten eit eintydig inntrykk av at det fanst eit fast klientell som hadde mange returar. I begge anstaltane returnerte ein hurtigare og hurtigare dess fleire tidlegare opphald ein hadde, men retur kom

<sup>697</sup> Utrekna på grunnlag av ein kostnad på 14 skilling dagen, noko som tilsvarte refusjonskravet ein sende for framande tvangslemmar.

betydeleg raskare på tvangsarbeidsanstalten, ofte berre etter nokre få dagar. I tillegg til dette kjerne klientellet fann ein også eit meir perifert klientell som hadde færre innsetjingar eller som i det minste hadde lange opphald i frifot utan å verte innsett. 30 menn med debut 1855-64 hadde ein returfrekvens på minst 1 over ein karriere på minst fem år. Desse 30 stod for over 534 innsetjingar. Dei resterande 255 mennene som debuterte i same perioden hadde til samanlining 720 innsetjingar i alt. Med andre ord, 11 prosent av tvangsslemmane stod for 43 prosent av innsetjingane blant debutantane 1855-64. Heile perioden 1850-75 hadde 90 menn ei karriere på minst fem år og minimum returfrekvens på 1 målt ut frå tida på frifot. Desse utgjorde også 11 prosent av alle tvangsslemmane, men 45 prosent av alle innsetjingane. I gjennomsnitt hadde kvar enkelt av dei nesten 18 innsetjingar (median 15) og gjennomsnittleg karriere var 12 år (median 10.8 år). Median returfrekvens var 2.5 etter tida på frifot. Fjerde kvartil viste ein returfrekvens på heile 4. Det betyr at 24 menn vart innsett minst fire gonger i året over ein periode på minst fem år, målt ut frå tida på frifot. Grappa hadde median karrierelengd på 10.3 år og median 22 innsetjingar kvar. Det er eit langt sprang frå desse tvangsslemmane til dei 521 tvangsslemmane i analysepopulasjonen som berre såg innsida av anstalten éin gong.

Også blant kvinnene framstår eit lite kjerne klientell. Heile perioden under eitt hadde 17 kvinner returfrekvens på minst 1 over minst fem år. Desse utgjorde fem prosent av kvinnene, men meir enn kvar femte innsetjing. Sjølv om enkelte framstod som meir dominerande i materialet enn andre, må ein likevel halde fast på hovudinstrykket, nemleg at det var store individuelle variasjonar i karrierane som tvangsslem. Det same galdt i endå større grad for straffeanstaltane.

På grunnlag av karriereanalysane så langt kan me trekkje tre klare konklusjonar. For det første førte ei innsetjing i ein straffeanstalt som oftast *ikkje* til ei karriere som kriminell med påfølgjande returar. Slik kan ein seie at straffeanstaltane var ein suksess i å hindre nye lovbrøt. På tvangsarbeidsanstalten var dette litt annleis, eit fleirtal av menn i analysepopulasjonen hadde retur til anstalten, medan eit lite fleirtal av kvinnene ikkje hadde det. For straffeanstaltane sin del er dette velkjend frå før, men poenget er likevel verdt å understreke. Heller ikkje tvangsarbeid førte *nødvendigvis* til residivisme, men faren var likevel langt større ved innsetjing her enn i ein straffeanstalt.

For det andre, blant dei som hadde retur til anstaltane, var karrierane prega av store individuelle variasjonar. Det galdt forsåvidt også dei eingongskriminelle med omsyn til

debutalder. Endå tydelegare var det for dei med returar, både når det galdt talet på returar, alder ved debut/innsetjing, karrierelengd og intensitet i karriera.

For det tredje var det likevel typisk at intensiteten auka dess fleire returar ein hadde. Tida frå lauslating til ny innsetjing gjekk ned. Enkelte av dei innsette såvel på straffeanstaltane som på tvangsarbeidsanstalten kom slik inn i ein vond spiral som var vanskeleg å bryte ut av. Dei innsette vart etterkvart stigmatiserte og vart lågt vurd i befolkninga elles, noko som mellom anna gjorde det vanskeleg å få arbeid og ein fast stad å bu. Dei vart også stadig tettare følgt opp av politiet og terskelen for å bli mistenkt eller oppfatta som eit problem lågare. Samtidig førte spiraleffekten til at dei i aukande grad fekk eit levesett som gjorde dei disponerte for sanksjonerbar aktivitet. Fattigdom, og ikkje minst rusmisbruk, saman med stadig sterkare integrasjon i eit belasta miljø både innanfor og utanfor anstaltane, gjorde det vanskeleg å unngå dei stadig hurtigare returane. Blant desse finn ein kjernegrupper – sanksjonsmottakarar som klart skilde seg ut frå den eller differensierte og heterogene gruppa av straff- og tvangslemmar. Desse kjernegruppene, særleg blant tvangslemmane, må politiet ha oppfatta som spesielt plagsomme og som distinkt i forhold til andre sanksjonsmottakarar.

Den breitt anlagte bruken av sanksjonar elles viser klart at politi og styresmakter ikkje medvite styrte sanksjonane inn mot spesielle grupper eller miljø. Legalitetsprinsippet og krav til prov hindra det langt på veg for straffangane sin del, og praksis viser at det heller ikkje galdt ved tvangsarbeidsanstalten. Når desse kjernegruppene opplevde sanksjonsbruken så mykje sterkare enn andre, var det fordi politiet faktisk oppfatta desse som meir problematiske enn andre og fordi dei var meir synlege enn andre, ikkje fordi dei var spesielt utvalde.

## **9.7 KARRIERESPESIALISERING – LUKKA KJERNEGRUPPER I ULIKE ANSTALTAR?**

Så langt kan me konkludere med at straffangar og tvangslemmar var ei svært differensiert gruppe. Sjølv om ein såg ei viss gruppering ved at tjuveridømde debuterte tidlegare enn andre og hadde større omfang av residivisme, var det likevel store variasjonar innanfor desse gruppene som peikar i retning av ei overlapping i klientell mellom tjuveridømde og andre. Likeins såg me at kjernegrupper skilde seg ut i begge anstalttypane, men at det likevel var ein glidande overgang frå eingongkriminelle til desse som kan knytast til ein hard kjerne. Med dette som utgangspunkt stiller eg spørsmålet om sanksjonsmottakarane var ei samanvevd gruppe eller om me finn ein utskiljing i ulike typar av sanksjonsmottakarar med særkjenne?

Med andre ord, finn ein lukka grupper eller overlappende grupper av sanksjonsmottakarar?

Eg vil undersøke spørsmålet ved å sjå på karrierespesialisering gjennom to tilnæringsmåtar. For det første vil eg sjå på spesialisering i lovbrott ved innsetjing i straffeanstaltane. Vart til dømes tjuveridømde også innsett for politimisdåd, eller spesialiserte ein seg i visse typar av lovbrott i løpet av karriera? Det sentrale er om me kan identifisere kvalitativt ulike typar av straffangar og segregerte miljø basert på lovbrota dei gjorde, eller om kombinasjonar av lovbrott indikerer integrerte og overlappende kriminelle miljø. I den andre tilnærminga vil eg fokusere på omfanget av kryssing mellom ansalttypane. Sjølv om me absolutt kan diskutere kriterier for å tilhøyre eit kjerne Klientell, viste eg at det i straffeanstaltane fanns rundt 50 og i tvangsarbeidsanstalten 90 menn som utvilsomt var tunge sanksjonsmottakarar. I ein del av dei konkrete døma på innsetjing på tvangsarbeidsanstalten gjekk det fram at dei innsette var tidlegare straffangar eller mistenkte for kriminelle lovbrott. Det sentrale spørsmålet blir då om dette var to segregerte grupper av sanksjonsmottakarar som rekrutterte frå ulike miljø, eller kan ein snakke om ei felles gruppe som mottok svært mange og differensierte typar av sanksjonar? Spørsmålet vil ikkje bli avgrensa til kjerne Klientella åleine, men er likevel mest interessant for desse. I fall me faktisk kan konstatere anstaltkryssing, ser me noko mønster i slike karrierer, slik debutalderen for menn kan antyde, frå straffange til tvangslem? Det vil i så tilfelle tyde på at tvangsarbeid gjerne etterfølgde straff, og at tvangsarbeidarane som gruppe var lågare vurd enn straffangane. Dermed må tvangsarbeid seiast å representere eit sosial fall for ein straffange og at tvangsarbeidarane var særleg utstøytte og marginaliserte i bysamfunnet.

### 9.7.1 Spesialisering i lovbrott

Då 17-åringen Anders Nielsen Helland vart varetektsfengsla 5. august 1865, var han allereie straffa nokre månader før. ”Nu har han igjen begaaet Lommetyveri her i Byen. 4 Portemoneer fandtes hos ham.”<sup>698</sup> Lommetjuveri synest å ha vore eit utbreiddt problem. Den 22. august 1868 vart Karl Christian Hansen frå Christiania innsett i varetekt i Bergen, og ifølgje presten skal han ha begått fleire lommetjuveri på torget i byen, assistert av Olea Olsdatter Hakebru, også ho frå Christiania.<sup>699</sup> Ved domfelling vart Olea rekna som hovudperson og Karl vart dømd for deltaking i tjuveriet. I tillegg vart dei også dømde for å leve saman samtidig som

---

<sup>698</sup> SAB: Arkivet etter presten på Bergens Straffanstalt og Bergenshus. Mandtal over de i Bergens civile Arrester hensiddende Fanger 1849-70, Nr. 591, fol.185.

<sup>699</sup> SAB: Arkivet etter presten på Bergens Straffanstalt og Bergenshus. Mandtal over de i Bergens civile Arrester hensiddende Fanger 1849-70, Nr. 75, fol 207.

ein av partane var gift frå før. Karl og Olea framstår som ein slags lokal Bonnie and Clyde som reiste landet rundt og levde som profesjonelle lommetjuvar. Året før vart Svend Elias Svendsen varetekstfengsla, berre 13 år gamal; ”Har stjaalet 3 portomonær. Er Lommetyv”, skreiv presten.<sup>700</sup> Broren, Georg Bernhard Svendsen, nyleg utsluppen straffange etter å ha vore dømd for lommetjuveri frå ei strilekone, vart varetekstfengsla for deltaking i brotsverket. I desember 1869 vart Knud Ingebrigtsen Hilland, vel 16 år, fengsla mistenkt for å ha stjåle ei lommebok, av presten karakterisert som ”Yderst fordærvet, især tyvagtig”.<sup>701</sup> Han vart lauslaten for å besøke foreldra i jula, men ”begik strax et nyt Tyveri og blev paany indsat i Arrest.”<sup>702</sup>

Desse døma som er henta frå eit forholdsvis kort tidsrom i andre halvdel 1860-talet, tyder på ein viss form for spesialisering i den kriminelle aktiviteten, og i dette tilfelle i lommetjuveri. Svend Elias Svendsen vart, ifølgje presten, ikkje berre mistenkt for å ha begått lommetjuveri, han *var* nærmast profesjonell lommetjuv. Med unntak av det omreisande paret, var det særleg unge gutar som vart varetekstfengsla for dette. Også i Århus i slutten av 1800-talet var lommetjuveri knytt til barnekriminalitet.<sup>703</sup> Typisk var også at dei, trass i sin unge alder, hadde ei etablert kriminell karriere, og at presten allereie fann dei forderva.

Valet av sanksjonsanstalt antydgar berre i avgrensa grad omfanget av spesialisering i lovbrøt for den enkelte. Repeterande opphald på tvangsarbeidsanstalten kan ein seie er ei form for spesialisering. Men tvangsarbeid låg politimisferdene nære i årsak til innsetjing, og ordensmakta har i ein del tilfelle vurdert val av reaksjon – tvangsarbeidsanstalt eller tiltale for politiuorden - reint skjønnsmessig.<sup>704</sup> Tukthuset representerte anten tilbakefall til ei kriminell handling eller reaksjon mot det ein oppfatta som meir alvorlege lovbrøt, og slaveriet det same i endå større grad. Men årsaken til innsetjing i desse anstaltane, såvel som i fengslet, kunne vere mangearta og vidt forskjellige. Kor stor var spesialiseringa i handlingane som førte til fridomssanksjonar for dei einskilde over tid?

---

<sup>700</sup> SAB: Arkivet etter presten på Bergens Straffanstalt og Bergenhús. Mandtal over de i Bergens civile Arrester hensiddende Fanger 1849-70, Nr. 40, fol. 197.

<sup>701</sup> SAB: Arkivet etter presten på Bergens Straffanstalt og Bergenhús. Mandtal over de i Bergens civile Arrester hensiddende Fanger 1849-70, Nr. 118, fol. 219.

<sup>702</sup> SAB: Arkivet etter presten på Bergens Straffanstalt og Bergenhús. Mandtal over de i Bergens civile Arrester hensiddende Fanger 1849-70, Nr. 128, fol. 220.

<sup>703</sup> Haugaard Jensen 1975, s. 45. Sørensen 2001, s. 54ff oppgir tjuveri som typisk lovbrøt blant barn i Kristiansand 1874-89, men nemner ikkje lommetjuveri særskilt. Ho referer likevel til engelske undersøkingar som knyter lommetjuveri til barnekriminalitet (s. 56).

<sup>704</sup> Innsetjinga av Johan L. A. Fauske på tvangsarbeidsanstalten i 1863 var eit døme på det. Han skulle vore tiltalt for lekamskrenking eller politiuorden (alt etter kor hard knuffinga var), men politiet valde i staden tvangsarbeid. (SAB: Politimesteren i Bergen, Forretningsjournal, Nr. 4, 1863-1865, 8.10.1863).

Presisjonen i analysen av spesialisering i brot er avgrensa av detaljnivået i det registrerte materialet. Som diskutert tidlegare var dette varierende. I beste fall har materialet med referanse til dei enkelte lovkapitla og paragrafane, i andre tilfelle meir runde referansar som ”tyveri” eller ”tyvsforbrytelse”. Slik er det vanskeleg å foreta ei undersøking av korvidt ein spesialiserte seg i simple eller grove tjuveri, eller til dømes innbrot. Langt mindre kan ein undersøke ”modus operandi” til dei enkelte, som i tilfella vist over der lommetjuveri openbert var ei spesialisering. Eg har valt å nytte den same definisjonen på spesialisering som Britta Kyvsgaard gjer. Ho forstår spesialisering som tendensen til å begå same *type* kriminalitet ved tilbakefall.<sup>705</sup> Undersøkinga har altså ikkje som mål å avdekke om ein utførte dei same kriminelle handlingane på same måte kvar gong, men om ein utførte same type kriminalitet. Her vil straffelovas kapittel definere type kriminalitet. Løsaktighetssaker dømde etter kapittel 18 utgjer ein type, tjuveri etter kapittel 19 ein annan type osv. I tillegg vert politimisferder sett på som ein eigen type.

Tabell 9-59 viser ein klar tendens til at lovbroten ved andre innsetjing var det same som ved første. Blant menn vart nesten like mange innsett for tjuveri og politimisferd ved innsetjing andre gong (45.6 prosent mot 42.6 prosent). Men to av tre som debuterte med tjuveri eller misferd, returnerte av same grunn. For dei som debuterte med brot mot kriminallovas kapittel 19 og som fall tilbake til andre lovbroten enn det same eller politimisferd, så returnerte 12 av dei på grunn av andre typar av vinningsbrot (kapittel 20, 21 eller 22). Slik returnerte 72 prosent av dei som debuterte med tjuveri (etter kapittel 19) for vinningslovbrot.

**Tabell 9-59: Lovbrot ved første retur etter debutlovbrot for mannlege debutantar 1855-75.**

	Debutlovbrot							
	19-		Politimisf.		Andre		Normalford.*	
I retur	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner
19-	66.4	72.7	25.1	25.0	38.9	31.8	45.6	52.4
Politimisf.	22.8	6.1	65.6	62.5	36.1	0.0	42.4	11.1
Andre	10.8	21.2	9.3	12.5	25.0	68.2	12.0	36.5
Sum	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
N	241	33	227	8	72	22	540	64

\*Fordeling av lovbroten ved andre innsetjing uansett debutlovbrot.

Omlag kvar fjerde mann som debuterte med noko anna enn tjuveri eller politimisferder, returnerte for noko anna enn desse to brotskategoriane. Spesialiseringa her synest altså å vere

<sup>705</sup> Kyvsgaard 1998, s. 129. Mi utheving.

svært lita. Biletet er forsterka om ein ser på dei enkelte lovbrota i denne sekkenemninga (Tabell 9-60). Brot mot den offentlege styresmakta (kapittel 10) vart i dette materialet ikkje gjentatt, men residivistane fall svært ofte tilbake til politimisferder, ei nærskyld handling. Heller ikkje dei som debuterte med løsaktingheitssaker fall tilbake til dette lovbrotet, dei fall i det heile lite tilbake. Størst tilbakefall til same typen lovbrota hadde valdsforbrytarar, kvar femte valdsdebutant som returnerte vart dømd for vald på ny. Debutantar med vinningslovbrota etter kapitla 20-22 kunne også ved retur vere dømd etter dei same lovparagrafane, men meir vanleg var det også for desse å bli dømd etter nærskylde paragrafar (kapittel 19).

**Tabell 9-60: Lovbrota ved første retur etter debutlovbrota for mannlege debutantar 1855-75.**

1 retur	Debutlovbrota			
	10-	14-15	18-	20-22
19-	31.8	39.1	57.1	41.0
Politimisf.	63.6	39.1	28.6	30.8
Andre	4.5	4.3	14.3	12.8
Same lovbrotkap.	0.0	21.7	0.0	15.4
Sum	100.0 (n=22)	100.0 (n=23)	100.0 (n=7)	100.0 (n=39)

Ved første retur, returnerte som vist omlag to av tre som debuterte med tjuveri eller politimisferd på grunn av det same lovbrotet. Dei av desse som på ny returnerte, viste endå større stabilitet, 77 prosent ved både tjuveri og politimisferd (Tabell 9-61). Tabellen viser at ved desse to hovudtypane av lovbrota var det vanleg å falle tilbake til den same typen. Men den viser også at når ein først har falle tilbake ein gong til same lovbrota, så auka spesialiseringa.

Omfanget av spesialisering i Bergen var i og for seg i samsvar med Knudsen sine funn for Trondheim 1875-85.<sup>706</sup> Han fann at 91 prosent av dei som var dømd for vinningsbrota i første lovbrota også vart dømd for det same ved andre domfelling. Dette var noko høgare enn i mitt materiale, men Knudsen opererer også berre med justislovbrota, ikkje politimisferder. Utelet eg dei som fall tilbake til politimisferder og inkluderer dei som fall tilbake til kapitla 20-22, får også eg ein like høg grad av spesialisering. 92.5 prosent av mannlege residivistar med debut 1855-75 returnerte første gong på grunn av vinning. I tillegg hadde Knudsen høgare omfang av spesialisering både ved vald og sedelegheitsbrota, men det same gjer seg gjeldande her med omsyn til politimisferder. Han skilde heller ikkje mellom menn og kvinner, og hans materiale på desse lovbrota er like avgrensa som mitt og dermed også utsett for



tilfeldigheiter.

**Tabell 9-61: Spesialisering for mannlige debutantar 1855-67. Prosent som returnerte for same lovbrod ved kvar ny innsetjing.**

	Debutlovbrod					
	19-		Politimisf.		Andre	
Returlovbrod	%	n	%	n	%	n
1 retur	66.4	241	65.6	227	25.0	72
2 retur	77.3	75	76.6	64	83.3	6
3 retur	73.3	30	73.1	26	0.0	2

**Tabell 9-62: Kombinasjon av lovbrod ved ulike returar for menn med residivisme.**

Lovbrod	Lovbrod					
	19-		Politimisf.		Andre	
	1+ retur	4+ retur	1+ retur	4+ retur	1+ retur	4+ retur
19-	100.0	100.0	50.4	77.4	57.6	78.3
Politimisf.	41.7	75.4	100.0	100.0	53.9	80.0
Andre	23.5	39.8	26.5	41.7	100.0	100.0
Ialt (n)	597	118	494	115	243	60

Sjølv om enkelte returnerte på grunn av det same lovbrodet gong på gong, var det ei avskaling i gruppa som gjorde det. Ser ein karriera under eitt, og særleg for dei med mange returar, var det likevel svært vanleg at ein vart innsett for ulike typar av lovbrod (Tabell 9-62). Tre av fire menn med fire eller fleire returar til ein straffeanstalt og som vart inndømd for tjuveri minst i ein av desse tilfella, vart også innsett på grunn av politimisferd i løpet av karriera. Omvendt vart tre av fire menn som ein eller annan gong vart innsett på grunn av politimisferd også innsett for tjuveri. Mange, men likevel eit mindretal (rundt 40 prosent) som vart innsett for tjuveri eller politimisferd, hadde også innsetjingar som resultat av andre lovbrod enn desse.

Så langt kan ein konkludere med at det var ein tendens til spesialisering i lovbrod. Det var meir vanleg å falle tilbake til same type lovbrod om dette var tjuveri eller politimisferd enn til andre typar av lovbrod. Men om karriera varte ved og ein returnerte fleire gonger, vart ein gjerne inndømd også av andre grunnar. Av 70 menn som debuterte med tjuveri 1855-75 og som hadde minst tre returar, hadde berre 22 (31 prosent) tjuveri som innsetjingsårsak ved alle fire innsetjingane. Sjølv om det var ein klar tendens til spesialisering frå retur til retur, var avskalinga stor over tid for residivistar over tid. I den same gruppa på 70 menn vart 49 prosent sett på straffeanstalt for politimisferd/bøter og 26 prosent for andre lovbrod til og med tredje retur (halvparten av dei som vart sette inn for andre årsaker, vart likevel innsett på grunn av vinningslovbrod). Dette er ikkje unaturleg. Politimisferd var i stor grad eit resultat av

<sup>706</sup> Knudsen 1997, s. 102ff.

levesett og hadde opphav i rusmisbruk og slagsmål. Dette er ein type levesett som var mest vanleg mellom tungt belasta residivistar. Tjuvar brukte rus, og rusmisbrukarar begjekk tjuveri. At begge desse gruppene i mindre grad utførte andre typar lovbrott, er dermed heller ikkje så overraskande. I den grad dei gjorde det, var typiske lovbrott knytt til uorden (kapittel 10 og 15) mest vanleg.

I si danske undersøking av åra 1979-91 fann Britta Kyvsgaard ein klar samanheng mellom graden av spesialisering og tida mellom lovbrota. Dess kortare tid mellom lovbrota, dess større grad av spesialisering. Resultat var uavhengig av alder, dvs. resultata var dei same om ein tok utgangspunkt i debutlovbrottet.<sup>707</sup> Ho fann til dømes at 89 prosent av eigedomsforbrytarar fall tilbake til same typen lovbrott om dei fall tilbake innan ein måned. Dette gjekk ned til 73 prosent for dei som fall tilbake frå éin til 12 månader og 51 prosent for dei med lenger tilbakefallstid. Dette synest i og for seg som eit naturleg resultat. Kort tid mellom lovbrott kan sjåast på som både ein føresetnad for og eit resultat av ei spesialisering i kriminalitet.<sup>708</sup> Dette samsvarer i det minste delvis med tilhøva i Bergen i min periode. For tjuverilovbrota finn me ein tilsvarande fallande tendens til spesialisering, men med mindre utslag enn kva Kyvsgaard fann i Danmark. Men ved brott mot politimisferder/bøtesoning som debut, *steig* graden av spesialisering, i alle fall om ein set grensa til eitt år. Kyvsgaard fann at brott mot vegtrafikklovgjeving hadde ein tilsvarande utvikling.

**Tabell 9-63: Prosent som returnerte til same type lovbrott etter tid frå dimmisjon til første retur for mannlege residivistar med debut 1855-65.**

Tid til retur	19-		Politimisf.		Andre	
	%	n	%	n	%	n
< 1 år	74.4	43	63.6	55	37.5	8
1-<3 år	58.8	17	85.2	27	16.7	6
3 år +	58.5	53	74.4	39	17.4	23

At spesialiseringa gjekk ned ved rask retur frå ei politimisferd, var kanskje noko overraskande. Me kunne vente at dette var type lovbrott som i stor grad gjennom alkoholisme og gateuorden var livssituasjonbetinga, og at ein fekk tilbakefall til nettopp denne typen lovbrott. Snarare er det rett å sjå på tjuveri som eit resultat av ein slik livssituasjon som elles kan medføre sanksjon etter politimisferd. Alkoholmisbruk førte gjerne også til tjuveri.

Også kvinner spesialiserte seg på visse lovbrott, noko Tabell 9-59 viste. Sjølv om talmaterialet

<sup>707</sup> Kyvsgaard 1998, s. 133f.

<sup>708</sup> Kyvsgaard 1998, s. 133.

er litt lite, er tendensen klar. I motsetnad til menn, er også tendensen tydeleg for alle hovudkategoriane av lovbrøt, også "andre"-kategorien. Kvinner som debuterte med tjuveri fall i størst grad tilbake til same type lovbrøt. Blant kvinnene som debuterte med tjuveri og som returnerte på grunn av andre lovbrøt, returnerte tre av dei for andre vinningsbrøt enn tjuveri etter kapittel 19. Det betyr at 82 prosent av tjuveridebutantane returnerte på grunn av vinningslovbrøt. Svært få kvinner returnerte andre gong på grunn av politimisferd generelt (11 prosent), men av dei som debuterte med dette, returnerte over 60 prosent av av same grunn. Sjølv om fleire tjuveridebutantar returnerte på grunn av same lovbrøt, er det difor blant dei som debuterte med politimisferd at spesialiseringa er mest påfallande. Her er likevel også talmaterialet spinklast. Det dominerande lovbrøtet under "Andre" var for kvinner løssaktigheitssaker etter kapittel 18 med 17 av dei 22 sakene. Tolv av dei returnerte på grunn av nye løssaktigheitssaker (71 prosent). I eitt av tilfella galdt dette ulovleg samliv, fem galdt ulovleg besvangring og seks av sakene galdt forhold knytta til prostitusjon.

Kvinner skilde seg ikkje spesielt frå menn med omsyn til spesialisering, på eitt unntak nær. Sjølv med atterhald på grunn av eit forholdsvis lite materiale, så aner ein mellom kvinner ei viss spesialisering innan løssaktigheiter. Straffeanstaltane var klart underordna tvangsarbeidsanstalten som sanksjonsanstalt retta mot prostitusjon og medfølgjande uorden. Men det var ulovleg å prostituere seg og kvalifiserte til minst fengselsstraff.<sup>709</sup> I enkelte slike saker vart tiltale reist, fortrinnsvis mot gateprostituerte som ikkje innordna seg reglmenteringa. I tillegg hadde ein saker som var nærskyldte og som kunne vere eit resultat av prostitusjon. Å bli gravid med tre ulike menn utan å vere gift med nokon av dei, var eit slikt brotsverk. Dette var også enklare å bevise enn sjølv prostitusjonen, samtidig som det var vanskelegare for autoritetar den fødande kom i kontakt med tredje gongen å oversjå graviditeten.

Ettersom dei fleste straffangane berre hadde éi innsetjing, var også spesialiseringa stor – ein utførte normalt berre eitt lovbrøt, sjølv om enkelte eingongskriminelle kunne verte dømd for fleire ulike lovbrøt ved første innsetjing. Blant residivistane var det likevel ein tendens til spesialisering, ein returnerte gjerne for det same lovbrøtet ein debuterte med. Ein kan skilje mellom to grupper av mannlege straffangar, dei som vart innsett for tjuveri eller politimisferd, og gruppa som vart innsett på grunn av andre tilhøve. Her var det minst omfang

---

<sup>709</sup> Lov angaaende Forbrydelser af 20de August 1842, Kapittel 18 § 25: "Kvindfolk, som holder sit Legeme tilfals til Utugt, eller sig i Horehus opholdet til Utugt at bedrive, straffes med Fængsel, og om hun paany befindes i samme Forbrydelse, med Strafarbeide i femte Grad."

av kombinasjonar av lovbrøt i løpet av karriera. Dess fleire returar ein hadde, dess større andel med kombinasjonar på tvers av brotskategoriar finn ein, særleg for tjuver og straffangar dømde for politimisferd. Desse vart i mindre grad straffa for andre typar lovbrøt (særleg om ein ikkje reknar med vinningslovbrøta i kapittel 20-22). Residivistar som debuterte med andre lovbrøt enn tjuveri og politimisferd, hadde derimot ein tendens til også å ende opp som straffange på grunn av desse siste brota.

For residivistar med fleire innsetjingar var det likevel mest vanleg at ”portefølja” med lovbrøt var prega av blanding mellom tjuveri og politimisferder. Desse to typane av lovbrøt var også ofte eit resultat av dei same livsvilkåra til residivistane som først og fremst gjorde tjuveri og politimisferd til dei mest naturlege lovbrøta. For kvinnene var også lovbrøta knytta til ”andre”-kategorien, særleg dei prostitusjonsrelaterte lovbrøta, nært knytta til livssituasjon. Blant residivistane er det difor vanskeleg å skilje ut ulike ulike grupper som indikerer ulike miljø. Dei tungt belasta kriminelle rekrutterete frå ei felles gruppe som først og fremst mottok sanksjonar på grunn av tjuveri og ulike former for politiuorden.

### **9.7.2 Spesialisering i anstalt?**

Straffelova hadde ein naturleg progresjon eller utvikling i val av anstalt ved tilbakefall til ny kriminalitet. Mindre lovbrøt førte i første omgang til fengsel, tilsvarende lovbrøt seinare kunne føre til tukthusstraff og i siste instans til slaveri. Mellom tvangsarbeidsanstalten og straffeanstaltane var det i og for seg vasstette skott i den forstand at eit opphald i den eine typen av anstalt formelt ikkje hadde betydning eller påverknad på val av verken type anstalt eller lengd på opphald i den andre typen. Men om det formelle rammeverket ikkje hadde slike føringar, kan me sjølvsagt ikkje utelukke at karrierar i den eine typen anstalt kan ha påverka karrierar i den andre. Me kan tenke oss at dei som vart innsett i tvangsarbeidsanstalten nettopp var lauslatne straffangar som politiet var blitt ekstra merksame på og som difor stod meir utsett til for å verte påført administrative sanksjonar i form av tvangsarbeid. Døme på det har eg vist tidlegare.

Ein annan hypotese vil vere at tvangsarbeidsanstalten vart nytta for å sanksjonere mot personar ein mistenkte for konkrete lovbrøt, men som ein ikkje trudde ein ville klare å prove. Ein judisiell sanksjon ville medføre ”vidløftige” krav til bevismateriale, og i tilfelle politiet var overbevist om skuldspørsmålet, men ikkje kunne oppfylle beviskravet, kunne tvangsarbeid bli alternativ sanksjonsform. Slik kunne politiet likevel oppfylle både ordensmakta sitt eige ønske om å sanksjonere, såvel som publikums eventuelle behov for det

same, utan å involvere rettsvesenet. Også dette har eg vist døme på før. I så fall kan me tenke oss personar som byrja sanksjonskarriera si på tvangsarbeidsanstalten og først hamna på straff når bevisførsla tillot det. Mest sannsynleg er vel likevel ein kombinasjon, nemleg at ein var kjend av politiet, til dømes som lauslaten straffange, og mistenkt for konkrete straffbare handlingar som ikkje lot seg prove. Også drukkenskap var nært knytt opp til ein del former for kriminalitet, først og fremst ulike ordenssaker og tjuveri, og peikar i retning av at anstaltkryssing må ha føregått.

Hypotesane vert her følgd opp med ei undersøking av kor vanleg det var for sanksjonsmottakarane å verte innsett i fleire ulike typar av anstaltar. Vart straffangar og tvangslemmar, og særleg kjernegruppene, rekruttert frå segregerte eller overlappende miljø? Svaret vil indikere om ulike typar av sanksjonar (straff og tvang) var sett inn mot ulike grupper av normbrytarar.

### 9.7.3 Omfang av anstaltkryssing

I tida mellom 1855 og 1870 debuterte i alt 1374 menn med tilknytning til Stor-Bergen som fridomssanksjonert, anten i tvangsarbeidsanstalten eller i ein av straffeanstaltane i byen. 66 personar som var registrert i mitt materiale for første gong 1855-70, men som faktisk hadde andre kjende dommar frå før, er her utelukka. 445 av desse opplevde i tida fram til 1875 å bli innsett i tvangsarbeidsanstalten, heile 1183 i straffeanstalt og dei fleste av desse (1116) i fengslet. Av samtlege som mottok fridomssanksjon for første gong 1855-70, vart 86 prosent straffesanksjonert mot innan utgangen av 1875. Straffeanstaltane var altså dominerande sanksjonsform sett alle under eitt.

**Tabell 9-64: Anstaltkryssing for innsette med debut 1855-70 og med sanksjonar 1855-75.**

Debutanstalt	Returanstalt										
	Tvangsarb.		Fengsel		Tukthus		Slaveri	Straffeanst		n	
	M	K	M	K	M	K	M	M	K	M	K
Tvangsarb.	100.0	100.0	53.0	29.3	18.4	7.3	1.6	57.1	29.9	445	164
Fengsel	21.1	19.2	100.0	100.0	11.9	11.2	0.8	12.0	11.2	1116	250
Tukthus	42.1	23.5	68.2	54.9	100.0	100.0	5.1	69.2	54.9	195	51
Slaveri	43.8		56.3		62.5		100.0	68.8		16	
Straffeanst.	21.5	17.9	94.3	91.6	16.5	18.7	1.4	100	100.0	1183	273
Totalt	32.4	42.3	81.2	64.4	14.2	13.1	1.2	86.1	70.4	1374	388

Dette betyr igjen at 57 prosent av alle i analysepopulasjonen som vart innsett på tvangsarbeidsanstalten 1855-70 også hadde opphald på straffeanstalt før 1875 (Tabell 9-64). Dei aller fleste av tvangslemane som også hadde straffeanstaltopphald vart sett i fengsel.

Over halvparten, 53 prosent, av tvangsllemmane opplevde det, litt under kvar femte av dei hamna på tukthuset og ein liten brøkdel på slaveriet. Det var i og for seg naturleg ettersom berre 16 av debutantane her vart innsett i slaveriet i det heile, medan over 1100 vart innsett i fengslet.

Me ser av same tabellen at biletet vert snudd om me ser på kor mange av dei innsette i ulike straffeanstaltar som vart innsett i tvangsarbeidsanstalten. Kvar femte straffedømde mann vart også innsett på tvangsarbeidsanstalten, og det var dei innsette i fengslet med sin talmessige dominans som førte til dette biletet, medan over 40 prosent av dei innsette i tukthuset og slaveriet også vart innsett på Tvangen. Desse siste er jo nettopp også personar som gjerne hadde fleire opphald i ulike straffeanstaltar bak seg og som hadde rukke å bli godt kjende av politiet. Me ser også tydeleg at fengselsinnsette ikkje nødvendigvis vart innsett i andre straffeanstaltar. Eit fleirtal av dei straffedømde hadde som me har sett heller ikkje retur i det heile. Faktisk var det nesten dobbelt så mange av dei fengsla som også vart sett på tvangsarbeid enn som vart innsett i dei strengare straffeanstaltane. Fengslet og tvangsarbeidsanstalten hadde altså den største gjensidige utvekslinga av klientell, både i absolutte tal og relativt. Ikkje uventa var det vanleg at innsette i tukthuset og slaveriet også hadde opphald på andre og mildare typar av straffeanstaltar.

Me kan rekne med at tala som viser anstaltkryssing til tukthuset og slaveriet er minimumstal. Oversikten stoppa med debutantar i 1870, og det gav fem år å returnere på til desse anstaltane. Ein del av dei som debuterte opp mot 1871 hadde difor ein forholdsvis kort tid å motta straffearbeidssanksjonar på, og straffeeskalertinga i lova medfører opphald på desse anstaltane etter nye returar, men ikkje nødvendigvis ved første retur. Likevel, dette vil vere tilfellet for eit lite fåtal av sanksjonsmottakarane.

Som for menn er kvinner registrert for første gong i materialet, men med kjende dommar frå tidlegare utelatne i denne samanhengen. Hå kvinnene galdt dette ti personar. I alt debuterte dermed 388 kvinner som innsett i ein fridomssanksjonerande anstalt mellom 1855 og 1870 (Tabell 9-64). Anstaltkryssinga var klart langt mindre omfattande for kvinner enn for menn. Færre enn kvar tredje kvinnelege tvangsllem hamna i ein straffeanstalt. Også andelen av dei med opphald i straffeanstalt og som også hamna i tvangsarbeidsanstalten var noko mindre for kvinnene. Det var ikkje særleg stor skilnad mellom fengselsinnsette menn og kvinner, men langt færre straffearbeidsinnsette kvinner hadde også opphald på tvangsarbeidsanstalten enn menn. Fengsel og tvangsarbeidsanstalten hadde også for kvinner den største overlappinga i

klientellet totalt.

Kvinnene skilde seg også noko frå mennene med omsyn til kryssing mellom straffeanstaltane. Dei fengselsinnsette kvinnene skilde seg lite frå mennene, men kvinnelege tukthuslemmar hadde betydeleg færre opphald i andre anstaltar enn menn. Litt over halvparten av kvinnene på tukthuset hadde opphald i andre straffeanstaltar, i praksis fengslet, medan to av tre menn hadde det. Dette er eit uttrykk for at kvinnene hadde færre returar enn menn. Barnemorderskar på tukthuset fall som oftast ikkje tilbake til ny kriminell aktivitet, og fekk dermed heller ikkje retur til ein straffeanstalt. Denne typen sanksjonsmottakarar drog anstaltkryssinga ned for kvinnene.

Tvangslemmar, særleg dei mannlege, vart gjerne også innsett i ein straffeanstalt i løpet av karrieren. Straffangane derimot, og særleg dei som vart hamna i fengslet, vart i langt mindre grad innsett på tvangsarbeidsanstalten. Så langt har me undersøkt anstaltkryssinga for samtlege. Dei fleste som vart sett på ein straffeanstalt, returnerte aldri igjen. Omfanget av anstaltkryssing er derfor mest relevant for gruppene av residivistar på begge anstaltane, og særleg for dei med mange returar.

**Tabell 9-65: Omfang av innsetjing på tvangsarbeidsanstalten etter tal på straffeanstaltopphald for debutantar 1855-70.**

Tal på straff	Menn			Kvinner		
	n	m/tvang	% med tvangsarbeid	n	m/tvang	med tvangsarbeid
1	766	94	12.3	219	31	14.2
2	234	63	26.9	36	12	33.3
3	76	31	40.8	11	3	27.3
4	43	24	55.8	4	1	25.0
5*	32	19	59.4	3	2	66.7
6	11	8	72.7			
7	4	3	75.0			
8+	19	14	73.7			

\*For kvinner gjeld 5+ innstjingar.

Omfanget av anstaltkryssing samvarierte i høg grad med talet på straffesanksjonar, og det galdt igjen særleg for menn. Dess fleire opphald i ein straffeanstalt ein hadde, desse større var sjansane for at ein også hadde opphald på tvangsarbeidsanstalten. Mellom kvar tredje og kvar fjerde kvinne med minst to opphald i ein straffeanstalt, fekk også røyne tvangsarbeidsanstalten. For mennene auka omfanget av anstaltkryssing jamnt og trutt frå kvar fjerde med to straffeanstaltopphald til nærmare tre av fire med minst seks opphald i ein straffeanstalt.

Omfanget av anstaltkryssing så langt har klart indikert at ein mellom sanksjonsmottakarane ikkje fann klart atskilte grupper av sanksjonsmottakarar. Anstaltkryssinga var stor, særleg var det mange tvangsllemmar som også vart straffellemmar. Skil ein ut dei som hadde minst éin retur til ein fridomssanksjonerande anstalt, auka også omfanget av kryssing frå straffeanstaltane til tvangsarbeidsanstaltane dramatisk. Dess fleire opphald ein hadde i ein straffeanstalt, dess større var sjansen for at ein også hadde opphald på tvangsarbeidsanstalten. Dette fører oss over på kjernegruppene i dei ulike anstalttypene. Kriteria for å utgjere ei kjernegruppe kan diskuterast, men dei eg har peika ut var utan tvil svært hardt belasta sanksjonsmottakarar.<sup>710</sup> På tvangsarbeidsanstalten oppfylte 90 menn desse kriteria, på straffeanstaltane 49 menn. I kva grad overlappa desse to kjernegruppene kvarandre?

14 personar kunne reknast som medlem i kjernegruppa av både straffangar og tvangsllemmar. Det tilsvarte 16 prosent av tvangsllemmane og 29 prosent av straffangane. Med tanke på dei strenge kriteria for å vere definert som kjernegruppe, er det rett å seie at ei stor gruppe av straffangane faktisk var hardt belasta tvangsfangar i tillegg. Langt fleire i dei to kjernegruppene hadde opphald i den andre typen anstalt, utan å vere ein del av kjernegruppa der. 70 prosent av kjernegruppa på tvangsarbeidsanstalten var også registrert med opphald på ein straffeanstalt og motsett var 71 prosent av kjernegruppa på straffeanstaltane registrert med eit opphald på tvangsarbeidsanstalten. Eit klart fleirtal av dei straffedømde under eitt namn ikkje på tvangsarbeidsanstalten, men eit klart fleirtal av dei hardt belasta straffangane gjorde det.

Dei to anstaltane rekrutterte med andre ord i stor grad frå det same klientellet. Eit fleirtal av straffangane vart aldri tvangsllemmar, men eit fleirtal av dei returnerte heller aldri til nokon straffeanstalt. Om me ser på dei som faktisk returnerte til ein anstalt, vert det svært tydeleg at straffangar og tvangsllemmar ikkje var to segregerte grupper i bysamfunnet.

Inntrykket er at tvangsllemmane i stor grad også var kriminelt belasta og har vore under ordensmakta sitt oppsyn og dermed ei gruppe som lett vart mistenkt når kriminelle handlingar var utførte. Dette galdt i særleg grad for mennene, der godt over halvparten også mottok sanksjon på ein straffeanstalt. Dette viser kor integrert tvangsarbeidsanstalten i praksis var i

---

<sup>710</sup> I den identifiserte kjernegruppa måtte innsette innanfor den enkelte anstalttypen ha ein intensitet på minst 1.0 over ein karrierelengd på minst fem år og for tvangsarbeidsanstalten i tillegg minst fem innsetjingar og for straffeanstaltane minst fire innsetjingar.



den lokale straffepleia og at dei ulike typane av anstaltar har vore komplementære strategiar når den lokale ordensmakta sanksjonerte mot enkelte normbrytarar i bysamfunnet. Me såg at det var vanleg å kombinere tjuveri med ulike typar av politiuorden i løpet av karriera, særleg for dei meir kriminelt belasta. Det store omfanget av anstaltkryssing for dei meir hyppige residivistane berre underbyggjer at ein ikkje kan snakkast om segregerte miljø som mottok ulike typar av sanksjonar for ulike grunnar. Residivistane i straffe- og tvangsarbeidsanstalten rekrutterte frå det same miljøet og dei vart stort sett sanksjonert mot av dei same umiddelbare og bakliggende årsakene – tjuveri, fyll og anna gateuorden som eit resultat av ein stadig forverra livssituasjon.

Materialet så langt viser at vegen mellom tvangsarbeidsanstalten og straffeanstaltane har vore kort for mennene, til dels også for kvinnene. Samtidig antydar det at vegen, både for menn og kvinner, var kortare frå fengslet til tvangsarbeidsanstalten enn frå fengslet til tukuset. Fengslet og tvangsarbeidsanstalten ser ut til å ligge kvarandre nært, i alle fall med omsyn til klientell. Men var det tvangslemmane som vart straffangar, eller enkelte straffangar som vart tvangslemmar? Spørsmålet er sentralt for å vurdere i kva grad tvangsarbeid representerte ein siste fase i ei straffekarriere, og dermed eit uttrykk for enkelte straffangar sitt endelege sosiale fall. To tilnærmingar vil nytta for å undersøke kva retning kryssinga skjedde. I delkapittel 9.7.4 vil eg sjå kva anstalt det var mest vanleg å debutere på og kva anstalt desse returnerte til i etterkant. Etterpå (i delkapittel 9.7.5) vil eg fokusere på kva anstalt ein avslutta karriera si på.

#### **9.7.4 Debutanstalt**

Median alder ved straffedebut 1855-75 var 27 år for menn og 29 år for kvinner. På tvangsarbeidsanstalten var median i den same perioden 35 år for menn og 26 år for kvinner. Målt etter median debuterte kvinnene yngre på tvangsarbeidsanstalten enn i straffeanstaltane. Her må ein også hugse at kvinnene hadde ei dramatisk utvikling i retning av yngre debut, frå 31 år i første del av perioden (1855-66) til berre 23 år i siste del (1867-75), og samtidig var dette utløyst av spesielt unge bergenskvinner i siste perioden. Ein liknande utvikling finn me også for straffeanstaltane. Utifrå dette kan det sjå ut som om menn debuterte som straffangar og at tvangsarbeid kom seinare i sanksjonskarriera, og dermed samsvarer med hypotesa om at tvangslemmane var kriminelt belasta menn som politiet hadde god kjennskap til frå før. Tømmermannen Hans Andreas Larsen frå innleiinga av dette kapitlet hadde nettopp ei slik karriereutvikling. Kvinner synest derimot å innleie med tvangsarbeid. Kva anstalt var mest vanleg for menn og kvinner å debutere i?

Tabell 9-66: Debutanstalt for mannlege debutantar 1855-70.

	Anstalt ved debut		Samtlege innsette i dei ulike anstaltane			
	n	%	% debut på same anstalt	% ikkje debut på same anstalt		n
Tvangsarb.	306	22.3	68.8	31.2	100.0	445
Fengsel	989	72.0	88.6	11.4	100.0	1116
Tukthus	74	5.4	37.9	62.1	100.0	195
Slaveri	5	0.4	31.3	68.8	100.0	16
Straffeanst.	1068	77.7	90.3	9.7	100.0	1183
Totalt	1374	100.0				

Tabell 9-66 viser at vel kvar femte mann som debuterte 1855-70 gjorde det med tvangsarbeid. Det var altså mest vanleg for menn å debutere på ein straffeanstalt. Men samtidig innleia to tredjedeler av tvangslemene faktisk si sanksjonskarriere med opphald på tvangsarbeidsanstalten. Dette viser klart at første opphald på tvangsarbeidsanstalten ikkje først og fremst var eit resultat av ei allereie etablert kriminell karriere og at politiet slik har nytta tvangsarbeidsanstalten til å sanksjonere mot småkriminelle dei tidlegare har iverksett judisielle sanksjonar mot. Tvangsarbeidsanstalten har definitivt også vore nytta som første verkemiddel i kampen mot kriminalitet og uønska oppførsel, i mange tilfelle sikkert der dei strenge reglane for bevisførsel har umogleggjort ei rettsleg handsaming av enkelte saker.

Dei fleste debuterte uansett med fengselsopphald, og eit svært lite mindretal gjekk direkte til dei strengaste anstaltane ved første sanksjon. Dette ser ein endå tydelegare i Tabell 9-67. Di fleire sanksjonar ein mottok i løpet av karriera, dess større var sjansen for at ein hadde innleidd karriera på tvangsarbeidsanstalten. Men me ser også at dess fleire sanksjonar ein mottok, dess større var sjansen for at ein returnerte til tvangsarbeid utover i karrieren, ettersom det var meir vanleg med mange returar til tvangsarbeidsanstalt enn i straffeanstalt.

Tabell 9-67: Debutanstalt for menn etter tal på samla sanksjonar. Debut 1855-65.

	Tal på samtlege sanksjonar							
	1		2-4		5+		Alle	
	n	%	n	%	n	%	n	%
Tvangsarb.	42	8.4	92	30.4	56	45.2	190	20.5
Fengsel	429	85.8	187	61.7	63	50.8	679	73.2
Tukthus	25	5.0	24	7.9	5	4.0	54	5.8
Slaveri	4	0.8	0	0.0	0	0.0	4	0.4
Straffeanst.	458	91.6	211	69.6	68	54.8	737	79.5
Totalt	500	100.0	303	100.0	124	100.0	927	100.0

Ved utskiljing av straffangar og tvangslemmar spesielt, vert biletet endra (Tabell 9-68).

Mottok ein berre éin straffesanksjon i løpet av karriera, var sjansen liten for at ein hadde opphald på tvangsarbeidsanstalten frå før. Det var også svært liten skilnad om ein mottok frå to til tre eller fire og fleire straffesanksjonar. Uansett var det forholdsvis få som fekk straff som innleia karrieren med tvangsarbeid. Det same gjer seg gjeldande for tvangsarbeidarane. Uansett kor mange tvangssanksjonar desse opplevde, var det ein forholdsvis stabil andel mellom 60-73 prosent som innleidde nettopp på tvangsarbeidsanstalten.

**Tabell 9-68 Debutanstalt for menn etter tal på sanksjonar i straffeanstaltar og tvangsarbeidsanstalt. Debut 1855-65.**

	Tal på straffesanksjonar						Tal på tvangssanksjonar					
	1		2-3		4+		1		2-4		5+	
	n	%	n	%	n	%	n	%	n	%	n	%
Tvangsarb.	35	6.7	31	14.3	10	13.7	70	59.8	73	73.0	47	65.3
Fengsel	454	86.8	168	77.4	57	78.1	41	35.0	28	28.0	21	29.2
Tukthus	30	5.7	18	8.3	6	8.2	6	5.1	3	3.0	4	5.6
Slaveri	4	0.8		0	0	0						
Straffeanst.	488	93.3	186	85.7	63	86.3	47	40.2	31	31.0	25	34.7
Totalt	523	100	217	100	73	100	117	100.0	100	100.0	72	100.0

Skil me ut dei som faktisk kryssa anstalttypane, auka også sannsynlegheita for at dei debuterte med tvangsarbeid dramatisk (Tabell 9-69). Nesten halvparten som hadde opphald i begge anstalttypane innleidde med tvangsarbeid. Det vanlege var altså at menn med straffesanksjonar også debuterte i ein straffeanstalt. Sjølv ikkje ei omfattande karriere som straffange endra nemneverdig på dette. Men ei omfattande karriere som sanksjonsmottakar generelt, medførte også at tvangsarbeidsanstalten fekk auka betydning som debutanstalt. Også for dei som var både straffange og tvangslem i løpet av karrieren, auka betydninga av tvangsarbeid som debutanstalt, men det var fordi tvangselemane som gruppe i stor grad var kriminelt belasta, meir enn at straffangane som gruppe var spesielt 'ørkeslause' eller alkoholisererte.

**Tabell 9-69: Debutanstalt for sanksjonsmottakarar med både tvangsarbeid og straff. Debut 1855-70 og med sanksjonar 1855-75.**

	Menn		Kvinner	
	n	%	n	%
Tvangsarb.	117	45.9	32	66.7
Fengsel	122	47.8	15	31.3
Tukthus	16	6.2	1	2.1
Slaveri	0	0		
Straffeanst.	138	54.1	16	33.3
Totalt	255	100	48	100

Det var altså noko meir vanleg å gå frå ein straffeanstalt til tvangsarbeidsanstalten enn

omvendt. Skilnaden var likevel ikkje større enn at det motsette er eit hovudpoeng, nemleg at det var forholdsvis vanleg at kryssinga gjekk begge vegar. Ikkje alle tvangslemmar vart i tillegg straffedømd, heller ikkje blant menn, og endå færre hadde ei etablert karriere som straffedømd ved debut i tvangsarbeidsanstalten. Det gjer det uråd å konkludere at tvangsarbeid var eit sosialt fall for straffedømde, i alle fall på eit generelt grunnlag.

**Tabell 9-70: Første retursanstalt etter debutanstalt. Debut 1855-70 og med sanksjonshending 1855-75.**

	Returanstalt										
	Tvangsarb.		Fengsel		Tukthus		Slaveri	Straffeanst.		n	
Debutanstalt	M	K	M	K	M	K	M	M	K	M	K
Tvangsarb.	65.4	72.9	32.9	25.9	1.7	1.2	0.0	34.6	27.1	231	85
Fengsel	20.1	25.5	66.5	48.9	13.1	25.5	0.3	79.9	74.5	358	47
Tukthus	29.7	20.0	35.1	40.0	35.1	40.0	0.0	70.3	80.0	37	5
Slaveri	0.0		0.0		0.0		0.0	0.0		0	
Straffeanst.	21.0	25.0	63.5	48.1	15.2	26.9	0.3	79.0	75.0	395	52

Ved retur vart ein normalt innsett i same type anstalt som ein debuterte med, tvangslemmar returnerte oftast til tvangsarbeidsanstalten, og straffedømde til nytt opphald på ein straffeanstalt (Tabell 9-70). Men utvekslinga av klientell er tydeleg nok, kvar tredje tvangslem hamna ved andre sanksjon i ein straffeanstalt, og dei fleste av desse i fengslet. På same måte returnerte eit klart fleirtal av residivistane frå fengslet nettopp tilbake til nytt fengselsopphald. Nest flest returnerte til tvangsarbeid, noko som igjen understrekar at nettopp fengsel og tvangsarbeidsanstalten stod kvarandre nært i utveksling av klientell. Ingen av dei slaveridømde returnerte, men blant tukthuslemane auka andelen som fall til tvang samanlikna med fengselsdømde. Det passer godt med det ein såg i Tabell 9-64. Sjølv om fengslet må seiast å stå tvangsarbeidsanstalten nært i klientell, så er det også tydeleg at personar med opphald i tukthus etterkvart gjerne fekk opphald i tvangsarbeidsanstalten.

**Tabell 9-71: Retursanstaltar etter debutanstalt. Residivistar med debut 1855-70.**

	Returanstalt										
	Tvangsarb.		Fengsel		Tukthus		Slaveri	Straffeanst.		n	
Debutanstalt	M	K	M	K	M	K	M	M	K	M	K
Tvangsarb.	82.7	81.2	47.2	37.6	12.6	4.7	1.3	49.8	37.6	231	85
Fengsel	34.1	31.9	79.3	55.3	27.4	44.7	2.2	91.6	87.2	358	47
Tukthus	45.9	20	48.6	40	56.8	40	5.4	83.8	80	37	5
Straffeanst.	35.2	30.8	76.5	53.8	30.1	44.2	2.5	90.9	86.5	395	52

Tabell 9-71 viser kva andre anstaltar residivistane seinare i karriera returnerte til etter debutanstalten. Me får det same inntrykket som ved første retur. Halvparten av dei som debuterte som tvangslem, fekk før eller seinare i perioden 1855-75 opphald på ein

straffeanstalt, og 82.7 prosent returnerte til nytt tvangsarbeid. Etterkvart var det også ein del av tvangslemmane som vart innsett i dei strengare straffeanstaltane, og då særleg tukthuset. Dette var i og for seg naturleg progresjon ettersom ei kriminell karriere utviklar seg. Omvendt hamna nesten halvparten av dei som debuterte på tukthuset på tvangsarbeidsanstalten i ettertid, det same gjaldt kvar tredje som debuterte med fengsel og som fall tilbake.

Lovendringane i 1866 og 1872 påverka i stor grad fordelinga av straffangar på anstaltane. Nedsetjinga av straff for ein del lovbrøt i 1866 førte til at straffearbeid for svært mange vart erstatta av fengsel ved gjenteke simpelt tjuveri. Slaveri som normalt var straffa ved tredje gongs tjuveri, vart erstatta av tukthusstraff. Tabell 9-72 viser tydeleg korleis dette slo ut ved val av anstalt ved første retur. Straffearbeidsanstaltane mista rolle si ved første retur til fordel for fengslet, fordi tjuverisakene som lovendinga omhandla utgjorde ein stor del av desse sakene. Skil me ut tvangsarbeidarane fullstendig og ser på dei som debuterte med fengsel 1855-70 og som returnerte første gong til ein straffeanstalt, fall andelen som ved første retur ikkje hamna i fengslet frå 27 til berre ni prosent.

**Tabell 9-72: Første retursanstalt for debutantar i fengslet. Menn med debut 1855-70 og med sanksjonshending 1855-75.**

Returanstalt	Retur før 1867		Retur 1868-75	
	n	%	n	%
Tvangsarb.	39	19.4	33	21.0
Fengsel	124	61.7	114	72.6
Slaveri	1	0.5		0.0
Tukthus	37	18.4	10	6.4
	201	100.0	157	100.0

I Tabell 9-73 ser me for det første korleis lovendinga i 1866 slo inn for fengslet som sanksjonsanstalt, sjølv om me inkluderer alle returar og ikkje berre første. Vidare skimtar me også innverknaden lovgjevinga hadde på fordelinga av fangar mellom tukthuset og slaveriet. Svært få mottok slaveridom perioden gjennom. Men fordelinga mellom desse to straffearbeidsanstaltane avspeglar lovendinga. Før 1867 vart fem av 87 (seks prosent) som mottok straffearbeid sett på slaveriet. I mellomperioden fram til 1872 vart ingen av desse sett på slaveriet, medan dette auka på slutten då fem av 48 (10 prosent) vart innsett på Bergenus festning. I den siste perioden er dei som debuterte heilt fram til utgangen av 1875 inkludert, slik at ein del personar her ikkje kan ha hatt tid til særleg mange returar. Særleg fengslet vil derfor vere noko overrepresentert, men det kan også gjelde tukthuset.

Tabell 9-73: Returanstaltar for menn med debut i fengsel 1855-75.

Returanstaltar	Returar før 1867			Returar 1867-72			Returar 1873-75		
	n	%	%	n	%	%	n	%	%
Tvangsarb.	259	39.7		452	52.4		261	48.6	
Fengsel	307	47.0	77.9	339	39.3	82.5	228	42.5	82.6
Slaveri	5	0.8	1.3	0	0.0	0.0	5	0.9	1.8
Tukthus	82	12.6	20.8	72	8.3	17.5	43	8.0	15.6
	653	100.0	100.0	863	100.0	100.0	537	100.0	100.0

Endringar i dei formelle rammene påverka altså klart kva sanksjonsanstalt ein hamna på. Lovendringane hadde berre innverknad for fordelinga mellom straffeanstaltane, og ikkje mellom desse på den eine sida og tvangsarbeidsanstalten på den andre. Men me ser at også her føregjekk ei klar utvikling i den forstand at det vart vanlegare for menn som debuterte med fengsel å hamne på tvangsarbeidsanstalten etter kvart i dei siste periodane samanlikna med den første.

Lovendringa i 1866 er sett i samband fengselsslova frå 1857 og at ein på midten av 1860-talet byrja få dei nye distriktsfengsla i orden. Distriktsfengslet i Bergen stod ferdig nettopp i 1867, same året som lovendringa trådte i kraft. Ei overføring av fangar, og særleg dei som var tidlegast i karriera, frå fellesanstaltane til fengsel har klart vore ønskeleg sett ut frå rehabiliteringsmotiv. Det passa også med den positive forventinga ein la for dagen ved å intensivere innsetjinga av dei aller yngste i straffeanstaltane, og då nettopp i fengslet.

Sjølv om det var ein tendens til spesialisering i lovbrøt ved fleire innsetjingar i ein straffeanstalt, var det likevel over tid vanleg å verte innsett for både tjuveri og politimisferd. Tre av fire menn som hadde minst fire returar og dom for tjuveri, vart også i løpet av karriera dømd for politimisferd. Tilsvarende vart tre av fire menn med minst fire returar og dom for politimisferd også dømde for tjuveri. Dette peika i retning av at gruppa av vinningskriminelle med mange returar også gjerne var eit ordensproblem og dermed utgjorde ein viktig del av lausgjengar og drukkenbolt-miljøet i byen. Korleis viser dette seg att på anstaltkryssinga? Vart tvangsarbeidsanstalten sett inn som tiltak mot vinningskriminelle på lik line med regulære ordensforstyrarar?

Det dominerande klientellet på tvangsarbeidsanstalten vart innsett etter paragraf 45 i fattiglova av 1845 (paragraf 61 i fattiglova frå 1863), altså personar "der er hengivne til Drukkenskab og Ørkesløshed og af den Grund ikke kunne lovlig ernære sig."<sup>711</sup> Det var

<sup>711</sup> Sitert frå Lov om Fattigvæsenet i Kjøbstæderne 6.6.1863, § 61 (Munk & Mejlænder 1867).

tilstrekkeleg å vere mistenkt for å begå kriminalitet for å bli sanksjonert mot, og denne mistanken skulle etter lova først og fremst rettast mot den alkoholmisbrukande delen av befolkninga i byen. Slik kunne ein vente å finne den største overlappinga mellom tvangsarbeidsanstaltens klientell og innsette i straffeanstaltane, i praksis fengslet, for typiske ordensforstyrrelsar i form av politimisferder og bøtesoning. Slik var det likevel berre i avgrensa grad.

**Tabell 9-74: Første returanstalt etter debutlovbrot for mannlege residivistar med debut 1855-70 og fengsel som debutanstalt.**

Returanstalt	Lovbrot ved debut i fengslet.				Fordeling på returanst. etter lovbrod ved debut		
	19-	Politimisf.	Andre	n	19-	Politimisf.	Andre
Tvangsarb.	38.9	47.2	13.9	72	19.2	21.3	18.5
Fengsel	33.6	50.8	16.0	238	54.8	75.6	70.4
Tukthus	80.9	8.5	10.6	47	26.0	2.5	9.3
Slaveri	0.0	0.0	100.0	1	0.0	0.0	1.9
Straffeanst.	41.1	43.6	15.3	287	80.8	78.1	81.5
Ved fengslesdebut	40.6	44.4	15.0	359	146	160	54

Av mannlege residivistar som debuterte med fengsel 1855-70, vart 41 prosent innsett for tjuveri og 44 prosent for politimisferd eller avsoning av bot. Berre 15 prosent vart fengsla for andre tilhøve (Tabell 9-74). Personar med dom for politimisferd var noko overrepresentert på tvangsarbeidsanstalten, men ikkje mykje. 47 prosent av dei som returnerte til tvangsarbeid hadde vore dømde for politimisferd mot 39 prosent tjuveridømde. I det heile tatt var det mest vanleg for residivistar som debuterte med fengsel å returnere til ein straffeanstalt, uansett kva lovbrod ein hadde utført ved fengslinga. Berre omlag kvar femte returnerte til tvangsarbeid.

Residivistar som debuterte med innsetjing i tvangsarbeidsanstalten og som hamna på ein straffeanstalt ved første retur, gjorde det oftare etter brot mot kapittel 19 enn politimisferder og andre lovbrod (Tabell 9-75). Nesten halvparten mottok straffesanksjon på grunn av tjuveri. Eit representativitetsproblem knytt til dette er bøtesonarane. Ein kjenner berre til dei som avsona bøkene med fengselsopphald, ikkje til dei som faktisk betalte bota. No var det likevel eit fåtal av dette klientellet som var i stand til å betale bøter, og som dermed nærmast automatisk måtte avsona desse uansett.

At dei to kjernegruppene var så sterkt representert i motsett type anstalt dokumenterer igjen det nære sambandet mellom mannlege residivistar på tvangsarbeidsanstalten og straffeanstaltane. Dette har vore eitt miljø der materiell mangel på grunn av manglande sysselsetjing og rusmisbruk har utløyst kriminell aktivitet, og der tilhald til dette miljøet har medførte overvaking frå ordensmakta si side og følgeleg lettare retur til begge anstalttypene.

Påstanden at dei to anstaltstypene rekrutterte frå det same kjerneclientellet vert underbygd. Det var i praksis liten skilnad mellom residivistar på straffeanstaltane og på tvangsarbeidsanstaltane samla sett. Gjer det same seg gjeldande for kvinner?

**Tabell 9-75: Første returanstalt og returlovbrot for mannlege residivistar med debut 1855-70 og tvangsarbeid som debutanstalt.**

Returanstalt	Fordeling innanfor returanstalt etter returlovbrot				Fordeling mellom anst. etter returlovbrot		
	19-	Politif.	Andre	n	19-	Politif.	Andre
Tvangsarb.				151			
Fengsel	48.5	41.2	10.3	76	89.7	100	100
Tukthus	100.0	0.0	0.0	4	10.3	0.0	0.0
Slaveri	0.0	0.0	0.0	0	0.0	0.0	0.0
Straffeanst.	51.4	38.9	9.7	80	100.0	100	100
				311	39	33	10

Kvinner debuterte oftare med tvangsarbeid enn menn (Tabell 9-76). 38 prosent av kvinnene som mottok ein fridomssanksjon, debuterte på tvangsarbeidsanstalten, mot 22 prosent hjå mennene. Eit overveldande fleirtal av dei som mottok tvangsarbeid i perioden, debuterte også på denne anstalten. Likevel debuterte også eit fleirtal mellom kvinnene på straffeanstaltar, og som forventa dominerte fengslet også her.

**Tabell 9-76: Debutanstalt for kvinnelege debutantar 1855-70.**

	n	%	% debut på same anstalt	% ikkje debut på same anstalt		n
Tvangsarb.	147	38.0	89.6	10.4	100	164
Fengsel	215	55.6	86.0	14.0	100	250
Tukthus	25	6.5	49.0	51.0	100	51
Straffeanst.	240	62.0	87.9	12.1	100	273
Totalt	387	100.0				387

Dess fleire sanksjonar kvinnene mottok, dess større var sjansen for at dei hadde debutert på tvangsarbeidsanstalten. Dette var på line med mennene, berre forsterka. Tabell 9-77 viser debutanstalt for kvinner som debuterte 1855-65 etter talet på sanksjonar dei mottok, både tvangsarbeid og straff under eitt, og straff separat. Kvar femte kvinne som berre mottok éin sanksjon debuterte med tvangsarbeid, medan over 60 prosent av kvinner med to eller fleire sanksjonar gjorde det. Som for menn, hadde ikkje talet på straffeanstaltopphald den heilt store innverknaden. Men det var ein liten tendens til debut med tvangsarbeid om dei hadde meir enn éitt opphald på straffeanstalt.



Tabell 9-77: Debutanstalt for kvinner etter tal på sanksjonar. Debut 1855-65 (og med sanksjonshending 1855-75).

	Samtlege sanksjonar						Straffesanksjonar				Både tvang & straff	
	1		2+		Alle		1		2+		Alle	
	n	%	n	%	n	%	n	%	n	%	n	%
Tvangsarb.	33	19.9	60	61.2	93	35.2	18	11.6	7	17.1	25	69.4
Fengsel	118	71.1	33	33.7	151	57.2	121	78.1	30	73.2	10	27.8
Tukthus	15	9.0	5	5.1	20	7.6	16	10.3	4	9.8	1	2.8
Straffeanst.	133	80.1	38	38.8	171	64.8	137	88.4	34	82.9	11	30.6
Totalt	166	100.0	98	100.0	264	100.0	155	100.0	41	100.0	36	100.0

Kvinner som hadde opphald både på tvangsarbeidsanstalten og i ein straffeanstalt, debuterte som oftast med tvangsarbeid, to av tre gjorde det (sjå Tabell 9-69). Dette var langt fleire enn kvinnelege sanksjonsmottakarar generelt, og også langt fleire enn for menn som hadde opphald på begge anstalttypene. Kvinnene på tvangsarbeidsanstalten var også langt yngre enn sine mannlege medfangar og dermed var det også naturleg ein ein større andel av desse hadde innleia ei karriere som sanksjonsmottakar her. Medan menn ikkje viste nokon eintydig tendens, er det tydeleg at kvinner oftast gjekk frå å vere tvangslern til å vere straffange, om slik kryssing fann stad. Anstaltkryssinga var generelt mindre for kvinner, men for ein del har openbert tilhøve knytt til prostitusjon vore vegen til ein straffeanstalt, men via tvangsarbeidsanstalten. Bøge Pedersen, som generelt avviser synet på dei prostituerte som fundamentalt depraverte individ, meiner også at sjølv om dei prostituerte i København 1874-1906 var utstøytt frå breiare samfunnsmessige krinsar, så var dei ikkje var meir utstøytte enn andre innan sine egne "sociale kredse".<sup>712</sup> Blant den "respektable" delen av befolkninga, sikkert også inkludert store delar av allmugen, har dei prostituerte nok likevel vore lite vyrd. Innsetjing på tvangsarbeidsanstalten har for dei yngste kvinnene langt på veg vore ei stigmatisering og "uthenging" som prostituerte, og det kan ha bidratt til at dei seinare hadde vanskar med å innpasse seg i bysamfunnet på ordinær måte og lettare endt opp i ein situasjon som førte til straffeforfølgjing.

Kvinner som debuterte på tvangsarbeidsanstalten returnerte i neste omgang normalt til tvangsarbeid på ny, om dei hadde retur (sjå Tabell 9-70). Dette hadde dei felles med menn. Den største skilnaden mellom menn og kvinner var hjå dei som debuterte med fengsel. To av tre menn som gjorde det, returnerte tilbake til nytt fengselsopphald. Berre halvparten av kvinnene gjorde det same, samtidig som kvar fjerde enda opp i tvangsarbeidsanstalt og like mange på tukthuset. Me lyt her vere merksame på at talmaterialet er mindre for kvinnene totalt enn for mennene, og slik meir utsett for tilfeldige utslag.

Tabell 9-71 viste at tvangsarbeidsanstalten fastholdt funksjonen som sanksjonsanstalt for kvinnene også etter at ein først hadde debutert. Me har sett at over 80 prosent av mennene som debuterte på tvangsarbeid seinare i karriera returnerte til same anstalten, og talet er omlag det same for kvinnene (81 prosent). Skilnaden låg i at færre kvinner seinare mottok straffesanksjon. Tvangsarbeid som einaste form for sanksjon var derfor meir vanleg for kvinner enn for menn.

Debuterte kvinner først med straffesanksjon returnerte dei nesten like mykje til høvesvis tvangsarbeid og straff som menn. Men det var ein skilnad ved at menn oftare returnerte til fengsel, medan kvinnene i større grad returnerte til straffearbeid. Årsaka til dette var at menn og kvinner vart dømde for ulike typar av brot. Tjuveri var viktig for begge kjønn, men menn braut i langt større grad politilovgjevinga og/eller vart ilagde bøter som dei avsona enn kvinner. Dette var straffar som ikkje var underlagt dei same reglane om straffeeskalerting som til dømes tjuveri. Samtidig kunne fleire av dei typiske kvinne-brotsverk, i det minste ved gjentakning, føre til straffearbeid.

Eg viste at alderen på dei kvinnelege debutantane på tvangsarbeidsanstalten fall drastisk frå perioden 1855-66 til 1867-75, og at dette først og fremst galdt dei bergensfødde. Median debutalder for desse stupte frå 31 til 22 år. Men det same galdt også ved straffedebut for dei bergensfødde kvinnene, rett nok frå eit litt lågare utgangspunkt, 30 til 23 år. Samtidig gjekk talet på bergensfødde kvinner som debuterte på straffeanstalten ned, medan det auka på tvangsarbeidsanstalten. Det er derfor naturleg at andelen som debuterte på tvangsarbeidsanstalten auka frå første til siste periode. Litt over halvparten av dei bergensfødde kvinnene debuterte i tida 1855-66 som tvangslem, ikkje så veldig ulikt kvinnene fødte utanfor Bergen (Tabell 9-78). I den siste perioden skilde dei bergensfødde og innflyttarane lag. No debuterte to av tre bergensfødde kvinner som tvangslemmar, medan fordelinga var den same for innflyttarane.

Denne endringa for dei bergensfødde kvinnene var dels eit resultat av at færre kvinner debuterte med straffeanstaltopphald. 1855-66 debuterte i gjennomsnitt 4.5 kvinner her mot 3.7 i gjennomsnitt siste perioden. Viktigare var likevel at fleire debuterte på tvangsarbeidsanstalten etter 1866 enn før (5.1 og 7.9 i gjennomsnitt). Fleire bergensfødde

---

<sup>712</sup> Pedersen 2001, s. 140.

kvinner opplevde å få sin første fridomssanksjon, og dei gjorde det i aukande grad med tvangsarbeid, ikkje som straff. Dette var ei utvikling som er naturleg å setje i samband til politiadjutant Johannes Frisak sin forserte innsats overfor prostitusjonsverksemda som han innleia nettopp på midten av 1860-talet.<sup>713</sup> Her vart tvangsarbeidsanstalten viktigaste sanksjonsmiddel mot ureglementert prostitusjon, både for dei som ikkje innordna seg regelverket i det heile og for dei som braut dei same relane.

**Tabell 9-78: Debutanstalt for kvinnelege debutantar 1855-75 etter fødestad.**

	Bergen				Andre			
	1855-66		1867-75		1855-66		1867-75	
	n	%	n	%	n	%	n	%
Tvangsarb.	61	53.0	71	68.3	37	46.3	30	46.2
Fengsel	42	36.5	33	31.7	34	42.5	28	43.1
Tukthus	12	10.4		0.0	9	11.3	7	10.8
Straffeanst.	54	47.0	33	31.7	43	53.8	35	53.8
Totalt	115	100	104	100	80	100	65	100

For menn såg me at typen lovbrøt begått ved debut i fengslet hadde mindre å seie for kva anstalt ein seinare eventuelt fall tilbake til. I underkant av kvar femte som debuterte med tjuveri fekk opphald på tvangsarbeid seinare, medan i overkant av like mange av dei som hadde avsona bøter eller sat fengsla på grunn av politimisferder, fekk opphald på tvangsarbeid seinare. For kvinnene er biletet her litt utdreggjort av eit avgrensa materiale, berre 47 av kvinnene som debuterte 1855-70 returnerte i det heile (Tabell 9-79). Det er likevel påfallande at ingen av dei sju som innleia karriera si som fengselsdømd etter politimisferd eller mulkt, returnerte til tvangsarbeid ved første retur, medan meir enn kvar tredje tjuveridømde gjorde det.

**Tabell 9-79: Første tilbakefallsanstalt etter debutlovbrøt for kvinner med debut 1855-70 og fengsel som debutanstalt.**

Returanstalt	Lovbrøt ved debut i fengslet				Fordeling på returanst. etter lovbrøt ved debut		
	19-	Politif.	Andre	n	19-	Politif.	Andre
Tvangsarb.	75.0	0.0	25.0	12	36.0	0.0	20.0
Fengsel	34.8	30.4	34.8	23	32.0	100.0	53.3
Tukthus	66.7	0.0	33.3	12	32.0	0.0	26.7
Straffeanst.	45.7	20.0	34.3	35	64.0	100.0	80.0
				47	25	7	15

Tilstøyttingspunkta mellom tvangsarbeid og fengsel blir endå meir tydeleg i Tabell 9-80. Kvinnene som debuterte med tvangsarbeid og som etterpå returnerte til ein straffeanstalt, gjorde det som oftast på grunn av tjuveri eller andre lovbrøt, ikkje på grunn av politimisferder

<sup>713</sup> BB: Magistraten . 2. kopibok 2.11.1864-12.6.1868, 155/67.

eller bøtesoning.

**Tabell 9-80: Første retursanstalt og returlovbrot for kvinner med debut 1855-70 og tvangsarb. som debutanstalt.**

Returanstalt	Fordeling innanfor returanstalt etter returlovbrot				Fordeling mellom anst. etter returlovbrot		
	19-	Politif.	Andre	n	19-	Politif.	Andre
Tvangsarb.				62			
Fengsel	68.2	4.5	27.3	22	100.0	100.0	85.7
Tukthus	0.0	0.0	100.0	1	0.0	0.0	14.3
Straffeanst.	65.2	4.3	30.4	23	100.0	100.0	100.0
				85	15	1	7

Tvangsarbeidsanstalten vart på denne måten nytta som tvangsmiddel mot ei gruppe av kriminelt belasta kvinner på same måten som mot menn. Tvangsarbeid vart rett nok først og fremst sett inn som tiltak i byrjinga av karriera for kvinner, og då mot den forholdsvis store gruppa av prostituerte. For kvinner som heldt fram med å motta sanksjonar, vart ordensmakta også meir fleksibel i sanksjonsvalet. Me augnar dermed ein medivten strategi hjå ordensmakta. Styresmaktene føretrakk i første omgang å påføre ei stor gruppe av kvinner sanksjon i form av tvangsarbeid, og det galdt først og fremst gruppa av prostituerte eller kvinner ein mistenkte for prostitusjon, medan dei valde å nytte opphald i det moderniserte fengslet som første sanksjon mot unge menn. Dermed var det også meir vanleg for kvinnene å gå frå å vere tvangslem til straffange. Fleire menn gjekk frå å vere straffange til å vere tvangslem, men den manglande tyngda bak denne tendensen er meir påfallande enn eksistensen av den.

**Tabell 9-81: Differanse\* i år mellom debut på tvangsarbeidsanstalt og straffeanstalt. Debut 1855-70.**

	Menn		Kvinner	
	n	%	n	%
-5 år	42	16.4	6	12.2
-1-4 år	53	20.7	4	8.2
Same året**	118	46.1	27	55.1
1-4 år	25	9.8	5	10.2
5+ år	18	7.0	7	14.3
	256	100.0	49	100

\*Tidspunkt for straffedebut minus tidspunkt for tvangsdebut. Negativt tal tyder debut i straffeanstalt før tvangsarbeidsanstalt. \*\* Same året tyder ikkje same kalenderåret, men innan 365 dagar frå debut.

Me bør heller ikkje overdrive betydninga av kva anstalt ein debuterte først i. Rett nok stadfestar Tabell 9-81 at menn hadde ein tendens til å debutere tidlegare på straffeanstalt enn på tvangsarbeidsanstalten, og omvendt for kvinner. I svært mange tilfelle (rundt halvparten) skjedde likevel debut i den eine anstalten innan eitt år frå debut i den andre typen anstalt.

Møta med dei to typane av anstalt skjedde altså ofte svært nær i tid og kanskje kunne det vere noko tilfeldig kva anstalt ein hamna på først. Debut, anten det var i ein straffeanstalt eller i tvangsarbeidsanstalten, var uttrykk for at ein var inne i ein kritisk fase av livet, gjerne som eit resultat av rusmisbruk, prostitusjon eller materiell mangel.

**Tabell 9-82: Differanse\* i år mellom debut på tvangsarbeidsanstalt og straffeanstalt. Debut 1855-70.**

	Frå tvangslem til straffange				Frå straffange til tvangslem			
	Menn		Kvinner		Menn		Kvinner	
Same året**	74	63.2	20	62.5	44	31.7	7	41.2
1-4 år	25	21.4	5	15.6	53	38.1	4	23.5
5+ år	18	15.4	7	21.9	42	30.2	6	35.3
	117	100.0	32	100.0	139	100.0	17	100.0

\*Tidspunkt for tvangsdebut minus tidspunkt for straffeanstaltdebut

\*\* Same året tyder ikkje same kalenderåret.


Vegen var kortare frå tvangsarbeidsanstalten til ein straffeanstalt enn omvendt (Tabell 9-82). Over 60 prosent av både menn og kvinner som debuterte på tvangsarbeidsanstalten og som seinare fekk opphald på ein straffeanstalt, gjorde det innan eitt år frå tvangsdebut. Omvendt gjekk det lengre tid frå debut i ein straffeanstalt til tvangsarbeidsanstalten, over 30 prosent av begge kjønn brukte meir enn fem år på det. Ved innsetjing i tukthus kunne straffetida og tida frå straffedebut til tvangsdebut bli lang, sjølv om det gjekk kort tid frå lauslating til tvangsdebut. Eit fåtal debuterte likevel med tukthus.

Returanstalt samvarierte med debutanstalt. Eit fleirtal returnerte til den same typen anstalt dei debuterte med, om dei returnerte. Men samtidig ser me at dei ulike typane av anstaltar var tett integrerte, særleg galdt dette tvangsarbeidsanstalten og fengslet. Her var utvekslinga av klientell betydeleg, og eit fleirtal av menn med opphald i tvangsarbeidsanstalten hadde også eit fengselsopphald.


Det var mest vanleg å debutere i ein straffeanstalt, men det var like mykje fordi det var fleire innsette i straffeanstaltar enn på tvangsarbeidsanstalten. Det store fleirtalet av dei innsette på straffeanstaltane mottok berre éin sanksjon i det heile. Blant residivistane var det langt meir vanleg å debutere på tvangsarbeidsanstalten. Omlag halvparten av menn med opphald begge stader debuterte med tvangsarbeid. Aller tydelegast var dette for kvinnene der to av tre kvinner som opplevde både tvangsarbeid og staff innleiia med tvang.

Straffangar hadde altså ein tendens til å debutere i straffanstaltar og tvangslemmar på

Figur 9-23a: Anstalt ved  $x$ -te innsetjing. Straffedømde menn med debut 1855-65 og minst fem innsetjingar.



Figur 9-23b: Anstalt ved  $x$ -te innsetjing. Menn tvangslemmar med debut 1855-65 og minst fem innsetjingar.



tvangsarbeidsanstalten, også når desse anstaltane vart kryssa. Det var også meir vanleg å debuere med straff enn med tvang om ein opplevde begge deler, men ofte fann debut i dei ulike anstalttypene stad med kort tid mellom. Undersøkinga gir dermed meir støtte til hypotesa om at tvangsarbeid var eit resultat av ei kriminell karriere, enn at tvangsarbeid vart nytta som "straff" der politiet ikkje klarte å prove kriminelle handlingar. Tendensen var likevel ikkje sterkare enn at begge hypotesane verkar rimelege. Det skal me sjå også er tilfelle når me ser på kva type anstalt ein sist vart innsett i.

### 9.7.5 Avslutningsanstalt

Dei innsette var jamnt over yngre då dei avslutta ei karriere på ein straffeanstalt enn på tvangsarbeidsanstalten. Til dømes var median avslutningsalder for bergensfødde menn i straffeanstaltane 26 år (32 år for residivistar), medan median var 39 år ved avslutning på

tvangsarbeidsanstalten for den same gruppa (44.5 for residivistar). Dette indikerer også at det var meir vanleg å avslutte ei karriere på tvangsarbeidsanstalten enn i ein straffanstalt når ein hadde vore innsett i begge typar anstaltar. Ettersom så mange berre hadde ei einaste innsetjing i ein straffanstalt, avslutta også eit stort fleirtal (90 prosent) si karriere i ein slik anstalt (Tabell 9-83).

**Tabell 9-83: Avslutningsanstalt for menn etter tal på sanksjonar. Avslutning 1860-70 (og med sanksjonshending 1850-70).**

	Samtlege sanksjonar				Straffesanksjonar			Både tvang & straff
	1	2-4	5+	Alle	1	2-3	4+	Alle
Tvangsarb.	9.3	34.0	62.9	25.2	9.8	16.0	26.3	57.5
Fengsel	81.4	46.0	19.8	60.7	80.5	59.2	35.1	26.3
Tukthus	8.6	16.5	12.9	11.9	9.1	20.4	28.1	12.5
Slaveri	0.7	3.5	4.3	2.2	0.7	4.4	10.5	3.8
Straffeanst	90.7	66.0	37.1	74.8	90.2	84.0	73.7	42.5
Totalt	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
N	431	285	116	832	451	206	57	160

Eit fleirtal av menn avslutta karrieren på ein straffanstalt, og dei fleste gjorde det i fengslet (Tabell 9-83). Men ettersom så mange var eingongskriminelle og berre hadde eitt opphald i ein sanksjonsanstalt, så fortel det like mykje om debutanstalt som avslutningsanstalt. Desse fleire sanksjonar ein mottok, både på tvangsarbeidsanstalten og i straffanstaltar, dess større var sjansen for at ein avslutta på tvangsarbeidsanstalten. Over 60 prosent av menn med fem eller fleire sanksjonar totalt avslutta på tvangsarbeidsanstalten. No var det meir vanleg med fleire innsetjingar på tvangsarbeidsanstalten enn i straffanstaltane, og tvangsarbeidsanstalten får dermed ei overvekt av desse. Om me berre tel talet på straffesanksjonar, er tendensen aukande på same måten, men ein straffanstalt var likevel vanleg avslutningsanstalt. Tre av fire som hadde fire eller fleire innsetjingar i ein straffanstalt avslutta også i ein slik anstalt. Menn som hadde opphald begge stader, tenderte likevel mot å avslutte på tvangsarbeidsanstalten, ettersom godt over halvparten gjorde det. Ein ser her at i den grad straffangar også vart tvangslemmar i løpet av karriera si, så var det mest vanleg å avslutte som tvangslem. Men som ved retur etter debutanstalt, så er ikkje denne tendensen veldig sterk, og 42.5 prosent av menn som hadde opphald begge stader avslutta på ein straffanstalt.

Kjerna av hardt belasta sanksjonsmottakarar hadde ein tendens til å ende på tvangsarbeidsanstalten og tukthuset utover i karriera. Nærmare kvar tredje som debuterte med fengsel og som i alt fekk minst fem fridomssanksjonar, endte opp med tukthus som siste anstalt (Tabell 9-84). Dette var ei naturleg følgje av straffeeskalertinga i straffelova. Likevel

var det meir vanleg at dei som debuterte på ein straffeanstalt endte opp med tvangsarbeid som siste anstalt. Tendensen til å motta tvangsarbeid ved nye sanksjonar vert også klart illustrert i figurane 9-23a og 9-23b. For dei som debuterte med tvangsarbeid (figur 9-23b), var også dette dominerande anstalt ved dei etterfølgjande sanksjonane. Rett nok opplevde nesten 30 prosent å motta ein straffesanksjon (og alle mottok den i form av fengsel) ved første retur, men seinare låg dette på rundt 20 prosent. Utviklinga var langt meir markant for dei som debuterte med straffesanksjon (figur 9-23a). Ved første retur skilde ikkje desse seg vesentleg frå tvangselemane, vel 30 prosent returnerte til noko annan enn straff. Men ved dei påfølgjande sanksjonane steig dette slik at i rundt halvparten av tilfella endte straffedebuterande menn opp med tvangsarbeid ved fjerde og femte sanksjon. Ser ein på alle sanksjonane frå og med den femte, steig dette endå meir til over 60 prosent.

**Tabell 9-84: Avslutningsanstalt etter debutanstalt for menn med minst fem innsetjingar og debut 1855-65.**

Debutanstalt	Avslutningsanstalt				Sum	n
	Tvangsarb.	Fengsel	Slaveri	Tukthus		
Tvangsarbeid	71.9	10.5	3.5	14.0	100.0	57
Fengsel	45.3	25.0	1.6	28.1	100.0	64
Tukthus	40.0	20.0	40.0	0.0	100.0	5
	57.1	18.3	4.0	20.6	100.0	126
n	72	23	5	26	126	

Ei slik karriereutvikling kan ikkje forklarast som eit resultat av formelle reglar for anstaltfordeling, men snarare ved tilhøve hjå sanksjonsmottakarar og/eller sanksjonsgjevarar, samt den forenkla prosessen ved innsetjing på tvangsarbeid. Opphald på tvangsarbeidsanstalten kunne vere forholdsvis lange, i alle fall samanlikna med fengslet. Maksimum var seks månader, og på 1850-talet strakk sanksjonstida seg opp mot dette. Sidan hadde innsetjingstida ein fallande tendens og låg på rundt to månader på 1870-talet, og gjorde det slik mogleg med hyppigare sanksjonsbruk mot dei enkelte. Fengslet hadde ei maksimal straffetid på 120 dagar på vanleg fangekost, men slike fengselsstraffar var sjeldne. Den vanlege soningslengda var gjerne rundt ti dagar. Slik kunne ein i løpet av året rekke å motta langt fleire sanksjonar i fengslet enn på tvangsarbeidsanstalten, om me ser på sanksjonslengde isolert. Medan tvangsarbeid kunne påførast på dagen, måtte straffesanksjonar gjennom rettssystemet. Dette kunne ikkje berre ta lang tid, men kunne også ende med fråfall av sanksjon.



**Tabell 9-85: Avslutningsanstalt for kvinner etter tal på sanksjonar. Avslutning 1860-70 (og med sanksjonshending 1850-70).**

	Samtlege sanksjonar			Straffesanksjonar		Både tvang & straff
	1	2+	Alle	1	2+	Alle
Tvangsarb.	22.0	50.9	33.6	7.9	15.7	46.5
Fengsel	70.7	22.7	51.5	82.8	31.4	30.2
Tukthus	7.3	26.4	15.0	9.3	52.9	23.3
Straffeanst	78.0	49.1	66.4	92.1	84.3	53.5
Totalt	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0	100.0
N	164	110	274	151	51	43

**Tabell 9-86: Avslutningsanstalt prosentuert etter debutanstalt for kvinner med minst tre innsetjingar og debut 1855-70.**


Debutanstalt	Avslutningsanstalt			Sum	n
	Tvangsarb.	Fengsel	Tukthus		
Tvangsarb.	78.6	16.7	4.8	100.0	42
Fengsel	30.4	21.7	47.8	100.0	23
Tukthus	0.0	0.0	100.0	100.0	1
	60.6	18.2	21.2	100.0	66
n	40	12	14		

Kvinner har ein liknande tendens som menn i den forstand at tvangsarbeid var ein meir sannsynleg avslutningsanstalt for residivistar enn dei som berre fekk eitt opphald, anten ein reknar med begge sanksjonstypane eller berre straff. Mest påfallande var at over ti prosentpoeng færre kvinner enn menn som vart innsett i begge anstalttypane avslutta med tvangsarbeid. Igjen er dette ei stadfesting biletet som retur etter debutanstalt viste, nemleg at kvinner som kryssa anstaltane hadde ein klar tendens til å gå frå tvangslem til straffange.

Det same viser figur 9-24. Av dei 24 kvinnene som hadde tre eller fleire sanksjonar og som debuterte med straff, innleia alle unntatt éi denne karriera med fengsel. Ved retur mista fengslet betydning for desse kvinnene, og særleg tukthus vart viktigare som sanksjonsanstalt. For kvinnene var skiljet mellom dei to ulike typane av anstaltar (tvang og straff) større enn for menn. For menn var det i det minste eit stykke på veg snakk om komplementære anstaltar der politi og styresmakter i praksis kunne velje anstalt på pragmatisk grunnlag. For kvinnene var kryssing mellom anstaltane mindre vanleg, sjølv om me også kjenner døme på pragmatiske val av anstalt for kvinnene.<sup>714</sup> Tvangsarbeid vart sett inn mot unge kvinner ein mistenkte for utuktig og dels samfunnsmedisinsk farleg livsførsel. Dette var sanksjonar som fall bort når dei mistenkte innordna seg reglementeringa, tok opphald i dei tolererte bordella, flytta bort eller endra livsførsel. For prostitusjonsmistenkte som vart sett på tvangsarbeid, var det ikkje på nokon måte gitt at dei skulle ende opp på ein straffeanstalt. På same måte var det

heller ikkje gitt at straffedømde kvinner ville ende opp på tvangsarbeidsanstalten. Som tidlegare straffedømd kvinne var det meir sannsynleg at ein endte opp på tukthuset.

**Figur 9-24: Anstalt ved x-te innsetjing. Straffedømde kvinner med debut 1855-70 og og minst tre innsetjingar. N=24.**



Av dei 24 kvinnene som debuterte med straffearbeid, vart 18 dømde for vinningsbrot og 16 av desse igjen etter kapittel 19. Fire av dei vart dømde for "løsaktigheit", av dei to konkret for prostitusjon (18-26), éi for å latt seg besvangre av tre ulike menn (18-25), noko som også peikar i retning av prostitusjon, og éi med udefinert brot mot kapitel 18. Dei to siste debuterte anten med avsoning av mulkt eller hadde ukjend straffegrunn. 11 av 18 som debuterte med vinning returnerte første gong til straff, alle igjen på grunn av vinningsbrot, og sju returnerte til tvangsarbeid. Av dei fire som returnerte frå løsaktigheitssaker, returnerte éi til tvangsarbeid og tre til straffarbeid, av desse hamna to på tukthuset for prostitusjonsrelatert verksemd (18-25 og 18-26). Likeins, ti av 42 kvinner som debuterte med tvangsarbeid returnerte til straff ved første retur, og av desse fire på grunn av "løsaktigheitssaker" der tre kan knytast direkte til prostitusjon.

Desse kvinnene utførte såleis i stor grad lovbrott som hadde eskalerande straff – tjuveri og "løsaktigheit". Politimisferd og avsoning av bøter var meir typisk for menn enn for kvinner. Dette skiljet i type lovbrott mellom kjønna er også årsaken til at kvinner som debuterte med på ein straffeanstalt hadde ein større tendens til å hamne på tukthuset utover i karriera enn menn som heller hamna på tvangsarbeidsanstalten.

<sup>714</sup> Sjå til dømes sakene med Anne Olsdatter Grønningstølen og Elen Ellingsdatter under årsak til innsetjing på

**Tabell 9-87: Differanse\* i år mellom avslutning på straffeanstalt og tvangsarbeidsanstalt. Avslutning 1855-70.**

Tvangsavslutning - straffeavslutning	Menn		Kvinner	
	n	%	n	%
-5 år	27	11.1	4	6.3
-1-4 år	32	13.1	8	12.7
Same året**	98	40.2	28	44.4
1-4 år	42	17.2	13	20.6
5+ år	45	18.4	10	15.9
	244	100.0	63	100.0

\*Tidspunkt for tvangsavslutning minus tidspunkt for straffeavslutning. Negativ tid tyder at ein avslutta på tvangsarbeidsanstalten tidlegare enn på ein straffeanstalt

\*\* Same året tyder ikkje same kalenderåret.

På same måten som debuttidspunktet i dei to ulike anstalttypande var omlag samtidig for rundt halvparten av dei med innsetjing begge stader, så var avslutningstidspunktet omlag det same for 40-45 prosent av dei (Sjå Tabell 9-81 og Tabell 9-87). Menn hadde ein tendens til å avslutte på tvangsarbeidsanstalten ein god del seinare enn på straffeanstalten, 36 prosent avslutta minst eitt år seinare med tvangsarbeid enn med straffeanstaltopphald, mot 24 prosent omvendt. Litt overraskande er det at denne tendensen er endå sterkare for kvinner. Omlag ein like stor andel kvinner som menn avslutta minst eitt år seinare på tvangsarbeidsanstalten enn på straffeanstalt, men mindre enn 20 prosent gjorde det omvendte, trass i at kvinner hadde ein klarare tendens i å gå frå å vere tvangslern til straffange. Årsaken ligg i opphopinga av personar som avslutta i den eine karriera mindre enn eitt år i tid frå den andre. 20 av 28 av desse avslutta tidlegare på tvangsarbeidsanstalten.

På same måten som ei eller anna form for personleg krise førte belasta sanksjonsmottakarar inn i ulike anstaltar, tyder dette på at endring i livssituasjonen var årsaka til at karriera som sanksjonsmottakar vart avslutta for ei stor gruppe av dei. Ein kan ha døydd, flytta vekk eller vald å unngå handlingar og livsførsel som førte til sanksjonar. Med så kort tid mellom avslutningstidspunkta frå straffe- til tvangsarbeidsanstalten, kan ein mistenke at slump avgjorde kva som vart siste anstalt. Det var heller ikkje påfallande mange fleire som avslutta på tvangsarbeidsanstalten meir enn eitt år seinare enn på straffeanstalten enn omvendt. Rundt kvar tredje avslutta tvangsarbeidsanstaltkarriera meir enn eitt år seinare enn straffeanstaltkarriera, medan rundt kvar fjerde gjorde det motsette. Eit gjennomgåande hovudpoeng i analysen av sanksjonskarrierer har vore dei store individuelle variasjonane. Det same gjer seg også gjeldande når ein ser på kva anstaltar ein avslutta karriera på.

## 9.8 SANKSJONSKARRIERER – DIFFERENSIERTE OG INDIVIDUELLE

Ein hovudpåstand i denne avhandlinga er at karrierane som straffange og/eller tvangslem var svært differensierte og individuelle. Gjennomgangen av enkeltkarrierar har klart vist dei store individuelle variasjonane på alle område som vart målt; alder ved debut, karrierelengd, avslutningsalder, residivisme, intensitet og spesialisering. Me finn personar og grupper som mottok mange og varierte sanksjonar og som kan kallast eit kjerne Klientell begge anstaltstypene i stor grad rekrutterte frå. Men samtidig gjer den glidande overgangen frå eingongskriminelle og tvangslemmar med éin sanksjon til dei tyngre belasta sanksjonsmottakarane grensesetjinga komplisert og dermed problematisk å skilje ut kjernegrupper. Difor er det uråd å konkludere at fridomssanksjonar vart sett inn mot spesielle og utvalde grupper (kanskje med unntak av kvinner knytt til prostitusjonsverksemd). Det var sanksjonsmottakarane sjølve med deira handlingar og levesett som i større grad enn sanksjongjevarane avgjorde kven som skulle motta sanksjonar. Politi og styresmakter aksjonerte ikkje tilfeldig for å statuere eksempel eller legitimere eit maktapparat ved å framandgjere enkeltpersonar og grupper frå den større gruppa av allmuge.

Dette betyr ikkje at me ikkje ser nokon form for strategi frå politi og styresmakter si side i bruken av fridomssanksjonar. Tvert om ser ein to strategiar ta form i løpet av min periode – bruken av straffesanksjon i form av fengsel overfor unge og kriminelt urøynde, særleg menn, og bruk av tvangsarbeid overfor unge kvinner. Det første vart sett i samband med at det nye og moderniserte fengslet i 1867 gav høve til å påføre sanksjonar i tråd med moderne straffeprinsipp. Det siste vart sett i samband med ein forsert innsats i kampen mot uheldige tilhøve med både den kontrollerte og ukontrollerte prostitusjonen i Bergen. Tvangsarbeid vart som sanksjon retta mot unge kvinner som ikkje innordna seg den reglementerte prostitusjonen frivillig. I kampen mot kjønnsjukdomar var det særleg viktig at ein innordna seg visitasjonen, men prostituerte måtte også rette seg etter ei rekkje andre føresegner som først og fremst skulle dysse prostitusjonen ned.

Dei store individuelle variasjonane i karrierane gjer ei eintydig kategorisering av sanksjonsmottakarane svært vanskeleg. Nokre grep kan ein likevel ta, som å skilje ut eingongssanksjonerte frå residivistane. I Tabell 9-88 er det gjort freistnad på å kategorisere sanksjonsmottakarane for å relatere storleiken av ulike grupper til kvarandre. Grunnlaget er alle i analysepopulasjonen som mottok ein fridomssanksjon i Bergen 1850-75 utan omsyn til

når dei debuterte og avslutta karriera si. Det gjer også tala innan dei ulike kategoriane noko omtrentlege, og sjølv inndelinga kan også i diskuterast, særleg for dei to siste kategoriane. Formålet er derfor først og fremst å illustrere den relative storleiken til ulike grupper av sanksjonsmottakarar.

**Tabell 9-88: Kategoriar av sanksjonsmottakarar 1850-75 med tilknytning til Stor-Bergen.**

Type sanksjonsmottakar	Menn		Kvinner	
	n	%	n	%
1. Berre 1 straff og ingen tvang	1104	44.0	286	42.6
2. Berre 1 tvang og ingen straff	152	6.1	113	16.8
3. Minst 2 straff og ingen tvang	537	21.4	71	10.6
4. Minst 2 tvang og ingen straff	199	7.9	99	14.8
5. Både straff og tvang, men mindre enn fire straff og mindre enn fem tvang	451	18.0	97	14.5
6. Både straff og tvang, men minst fire straff og minst fem tvang	68	2.7	5	0.7
Sum	2511	100.0	671	100.0

Forklaring: Straff=opphald på ein straffeanstalt, tvang=opphald på tvangsarbeidsanstalten

For dei fleste førte ikkje møtet med ein sanksjonsanstalt til ei lengre karriere som sanksjonsmottakar med etterfølgjande hyppige returar. Eit klart fleirtal av straffangane returnerte aldri til ein straffeanstalt, og eit fleirtal sjølv blant mannlege tvangslemmar vart aldri innsett på Tvangen meir enn to gonger. I den grad me kan generalisere over sanksjonsmottakarane, så er det nettopp deira evne til å verte ”rehabilitert” i den forstand at dei ikkje fekk nye opphald. Dette var ei evne som var uavhengig av både alder og årsak til innsetjing.

Når eg likevel omtaler enkelte som medlemar av ei kjernegruppe, er det fordi enkelte utan tvil hadde ei tung sanksjonskarriere, og dei fleste av dei hadde opphald på både straffeanstaltar og i tvangsarbeidsanstalten. Storleiken på denne kjernegruppa vil variere etter korleis me vel å definere den, og som sagt gjer den flytande overgangen frå lette til tunge sanksjonsmottakarar ei grensesetjing diskutabel. Personane i desse kjernegruppene kom inn i ein negativ spiral. Dei vart etterkvart godt kjende av politiet som raskt retta mistanke mot denne gruppa når kriminelle handlingar vart meld. Samtidig har politiet overvaka gruppa meir permanent og slik har dei også vore utsett for sanksjonar mot levesett generelt. Når dei i tillegg var lite vyrde då dei vart lauslatne og gjerne var dei siste som fekk arbeid, vart vegen tilbake til ein anstalt, og ofte var det tvangsarbeidsanstalten, og kameratane der kort.

Ei innsetjing i tvangsarbeidsanstalten var normalt uttrykk for ei større personleg krise enn kva ei innsetjing i ein straffeanstalt var. Innsetjing i ein straffeanstalt kunne vere eit resultat av litt

uheldige samantreff, og det store fleirtalet returnerte heller aldri. Ein dom i by- eller politirett, og til og med ei etterfølgjande fengselsstraff, var ikkje nødvendigvis stigmatiserande. Ein fattig vognmann som kørde litt uvørent fort gjennom gatene og som avsona bota i fengslet, ein læredreng som forlot læra fordi han følte seg mishandla av meisteren, ein og annan slåsskjempe, eller naboar som krangla litt høglydt, har nok raskt vorte tilgitt av omgjevnadene. Til og med tjuveri kan byallmugen ha sett litt overberande på, og oppfatta som eitt uttrykk for tilfeldige omstende eller ungdommelege fantestrekar. Slik hamna ein ikkje på tvangsarbeid. Tvangsarbeid var ikkje eit resultat av tilfeldige enkelthandlingar, men derimot at politiet har observert ein uakseptabelt livsførsel over lengre tid. Det større omfanget av residivisme generelt og den høgare intensiteten i karrierane til tvangslemmane peikar i same retning. Tvangslemmane hadde også ein meir aksellererande karriere enn straffangane. Dette er også naturleg ettersom det er vanskelegare å endre livsførsel enn å unngå enkelthandlingar. Straks ein tvangslem vart slept ut, var ein gjerne umiddelbart kvalifisert for ny innsetjing i politiet sine, og dels eigne, auge. Slik vart Sundt og Kielland sine omtalar av tvangslemmane stadfesta, tvangsarbeidarane vart verkeleg oppfatta som byen sitt verste utskot. Som i Monkkonen si undersøking for Columbus, framstår tvangslemmane som mindre vyrd og som ein lågare sosial kategori enn straffangane.

Menn med opphald i begge anstalttypene hadde ein tendens til å gå frå å vere straffange til å verte tvangslem. Dette var på sett og vis også eit uttrykk for eit sosialt fall, frå straffange til den endå lågare sosiale kategorien tvangslem. No var ikkje tendensen til å falle frå straffange til tvangslem sterk nok at me kan seie at tvangslemmar *generelt* var lågare vyrd enn straffangar. Mange hadde berre eitt opphald på tvangsarbeidsanstalten og eit fleirtal to eller færre, og desse vart knapt lågare vyrd enn kriminelle residivistar med mange opphald i ulike straffeanstaltar. Me kjem likevel ikkje vekk ifrå at tvangslemmar hadde ein livsførsel som ikkje vart oppfatta som akseptabel blant folk flest, i motsetnad til kva som må ha vore tilfelle for mange av dei straffedømde. Dei store individuelle variasjonane hjå både straffangar og tvangslemmar viste at ei generalisering er problematisk, og det gjer også omfanget av overlapping mellom kjernegruppene i dei to anstalttypene. For sanksjonsmottakarar med opphald i begge anstalttypene kom debut i begge ofte nært i tid. For enkelte andre kan me rekne med tvangsarbeid som siste fase i ein sanksjonskarriere, men meir typisk var delvis parallelle karrierar med alternering mellom dei to anstalttypene.

Det same skiljet kan eit stykke på veg trekkast for kvinnene. Her var det som vist meir vanleg å gå frå tvangslem til straffange, men det var meir eit resultat av ulike innsetjingsårsaker.

Kvinner på tvangsarbeidsanstalten vart innsett fordi dei var mistenkte for ukontrollert prostitusjon eller ulike typar uorden i samband med prostitusjon. For desse var det altså meir handlingar enn generelt levesett som var innsetjingsårsak, sjølv om eit levesett som i tillegg kvalifiserte til innsetjing også ofte følgde med, eller faktisk var årsak til at ein vart mistenkt for prostitusjon. Den unge alderen til dei kvinnelege tvangslemmane, særleg dei bergensfødde i slutten av perioden, gjorde også ein overgang frå tvangslem til straffange meir naturleg i ein demografisk forstand. Bergensfødde kvinner var så unge ved debut på tvangsarbeidsanstalten at dei knapt kunne ha rukke å vere straffa. Hovudkonklusjonen i Bøge Pedersen si undersøking av prostitusjonen i København 1874-1906 var at kvinner *valde* å prostituere seg fordi det var eit reelt og lukrativt alternativ til eit elles fattig og slitsomt tilvere, og altså ikkje fordi dei *måtte*. Har Bøge Pedersen rett i den påstanden, og den kan overførast til Bergen i min periode, så kan me heller ikkje seie at tvangsarbeid for kvinner var eit resultat av ei personleg krise i tilsvarande grad som for menn.

Også for kvinnene fann me altså anstaltkryssing som kan knytast til "ordinær" småkriminell verksemd i form av vinningsbrot. Tjuveri var også knytta til prostitusjonsverksemda, noko politiet var uhyre klar over. Når politiet i Oslo ønskte å fotografere "løsaktige fruentimmere" på slutten av 1870-talet, vart det ikkje grunngjeve med prostitusjonen deira, men at dei ofte var innblanda i tjuveri "i det deres Levevis giver dem en desværre altfor ofte benyttet Anledning til at begaae Tyveri."<sup>715</sup> Dei stal gjerne kontante pengar, ur eller andre realiserbare gjenstandar dei hadde stole frå personar dei hadde hatt seksuell omgang med eller vore på vertshus med.

Politiet har ikkje unnlatt å ta i bruk den fleksible sanksjonsmåten også mot tjuverimistenkte kvinner. Men me kan også tydleg knyte anstaltkryssinga til prostitusjonsverksemd. Dette siste var påfallande nok, ettersom prostitusjon i svært liten grad vart kriminalisert i praksis og statistikken over kvinner dømde for prostitusjon ikkje på nokon måte var representativt for omfanget av prostitusjonen. Den kvinnelege ikkje-kjønnsesifikke kriminaliteten, altså i hovudsak vinningsbrot, har av politiet ikkje vore oppfatta som eit spesielt stort problem. I det minste har ein ikkje oppfatta problemet større enn at det endte med svært få konkrete straffesaker. Men prostitusjonen har vore sett på som eit problem, ikkje så mykje fordi det var i strid god moral og sedelegheit, men fordi det var eit smitte-hygienisk problem som også truga det borgarlege samfunnet direkte. Tvangsarbeid vart sett inn som tiltak der problemet

---

<sup>715</sup> RA: JPD. Kriminalkontor A, 0102 Fotografipakken 1867-1912, brev frå politikammeret i Christiania 28.2.1879.

vart oppfatta størst, og det var i miljøet med rusbrukande og vinningskriminelle menn på den eine sida og det ukontrollerte prostitusjonsmiljøet på den andre. Frå andre halvdel av 1860-talet vart denne strategien forsert.

Straffangane, og i stor grad også tvangslemmane, var ikkje homogene grupper og ein kan ikkje utmeisle arketyriske framstillingar av nokon av dei to. Det kunne vere svært lang veg frå den ulykkelege barnemordersken som sat på tukthuset, eller ungguten som rota seg borti eit gjengbasert tjuveri i tenåra, til den alkoholiserde tvangs- og straffelemmen som returnerte vekselvis til dei to anstaltpytane omlag like raskt han kom ut att. Mellom slike motpolar finn me blant sanksjonsmottakarane mange sjatteringar. Politi og rettsvesen sanksjonerte der dei fann grunnlag for det. Enkelte, rimeleg eller ikkje, fann dei rett og slett grunnlag for å sanksjonere oftare mot enn andre, utan at det trong ligge nokon konspiratorisk strategi bak.



## 10 AVSLUTNING

Ein konklusjon andsynes dei teoretiske perspektiva på bruken av fridomssanksjonar presentert tidlegare peikar i ulike retningar. For det første er det vanskeleg å sjå kva rehabiliterande funksjon dei ulike anstaltane skulle ha. Det nye fengslet var den einaste lokale institusjonen som la tilhøva til rette for rehabilitering utifrå dei rådande teoriane om avsondring, men overgangen frå lange straffearbeidsstraffar til dei svært korte fengselsstraffane vanskeleggjorde ei påverking av dei innsette. Det overordna personalet fekk vanskeleg tilstrekkeleg kunnskap om den enkelte, sjølv om fleire opphald førte til betre kjennskap til residivistane. Stadige returar til fridom og dermed manglande overvaking, vanskeleggjorde ei effektiv disiplinering og rehabilitering. Berre i Botsfengslet ved Christiania finn ein kombinasjonen med avsondring og lange straffar.

Straffearbeidsanstaltane, særleg slaveriet, gav lange straffeopphald og dermed dei føresette god tid til å påverke kvar enkelt innsett. Men organiseringa av opphalda vanskeleggjorde dette, noko også samtida på ein nesten resignerende måte påpeikte. På same måten som anstaltane var lite eigna til å rehabiliterer, gjorde den manglane klassifiseringa og avsondringa at dei også var tilsvarande ueigna til å disiplinere. Særleg i straffearbeidsanstaltane, og dels i tvangsarbeidsanstalten, finn ein sporer til disiplineringforsøk, med nøyte fastsett dagsprogram som veksla mellom arbeid, kvile og undervisning. Sjølv om tilhøva ikkje låg til rette for rehabilitering og disiplinering, har dette heilt klart vore eit uttrykt ønske og mål, om ikkje forventa resultat, av fridomsavgrensinga.

Fridomsavgrensinga i dei ulike anstaltane bar preg av kryssande motiv hjå styresmaktene med klare innebygde paradoks. Anstaltsystemet var uttrykk for manglande konsekvens i strategi. Det var eit manglande samsvar mellom idé og teori på den eine sida, og praksis på den andre. Det var paradoksalt å innføre fridomsavgrensing som dominerande straffemåte samtidig som ein var klar over dei sterke begrensingane som låg i det eksisterande fengselsystemet si evne til å kunne rehabiliterer og/eller disiplinere. Den rådande ideologien og teorien på formålet med straff mangla fullstendig infrastruktur. Likevel var det eit ønske og dels også vilje og evne til å endre dette ved å avvikle fellesanstaltane og etablere fengsel basert på klassifisering og avsondring. Det gjekk likevel lenger tid enn opphavleg tenkt ettersom berre eitt botsfengsel vart oppretta og moderne fengsel i samsvar med fengselslova først kom på 1860-talet. Me får inntrykk av at styresmaktene importerte til Norge ein frykt

for sosial uro og med den ein ideologi og sett av løysingstiltak frå meir urbaniserte og industrialiserte land der problema var større. David Rothman og Michael Ignatieff sine teoriar om bruk av fridomsstraff som eit resultat av sosial disintegrasjon og kjensle av krise, har forklaringskraft for USA og Storbritannia. I Norge fanst ikkje tilsvarende sosiale omveltingar som underbyggjer ein slik teori. Det hindra likevel ikkje at frykta for krise vart importert og at ideologien om straff reproduisert, slik Tove Stang Dahl har argumentert for.<sup>716</sup> Styresmaktene hadde likevel ikkje evna til å realisere ideologien i praksis.

Medan styresmaktene tidleg sette seg som mål, og etterkvart også gjennomførte, ei avvikling av fellesanstaltane for å kunne motkjempe den uheldige innverknaden dei innsette hadde på kvarandre, så heldt ein fast på tvangsarbeidsanstaltane til utpå 1900-talet.<sup>717</sup> Paradoksalt vart tvangsarbeidsanstaltane oppretta parallelt med at dei felles straffeanstaltane vart kritisert. Tvangsarbeidsanstaltane var i praksis ein alternativ måte å straffe på, og klientellet samanfallande i den forstand at dei innsette i tvangsarbeidsanstalten også ofte var klientell i straffeanstaltane, på same måten som den harde kjerna i straffanstaltane også ofte var tvangslemmar i tillegg. Utallige stader finn ein kritikk av straffeanstaltane som forverringsanstaltar, men tvangsarbeidsanstaltane vart gløymd eller fortrent i diskusjonen om reformane i strafferettspleia.<sup>718</sup> I Bergen arbeidde og sov tvangslemmane saman og elles bestod ”rehabiliteringa” og disiplineringa, forutan arbeid, av gudstenestar kvar sön- og heilagdag og skule og konfirmasjonsførebuing for dei ukonfirmerte, i tillegg til utlån av bøker. På 1880-talet uttalte fengselspresten det fåfenge i arbeidet med å påverke tvangslemmane slik anstalten var organisert:

*“Men Sagen er den, at ved Siden af dette vækkende og opdragende Arbeide, foregaar der et Arbeide i slik modsat Retning fra de mange slette Kammerater, de her komme sammen med. Og den som har noget Kjendskab til disse slappe og sløve Viljer, vil lettelig indsee hvilket Arbeide i Regelen komme at øve størst Indflydelse.”<sup>719</sup>*

Det same gjorde seg gjeldande ved andre tvangsarbeidsanstaltar. Paradokset vart ikkje diskutert i samtida, sjølv om enkelte, som fengselspresten Holdt, var klar over problema.

---

<sup>716</sup> Dahl 1978, s.9ff. Produksjon-reproduksjon-akseptasjon er grunnmønsteret i hennar framstilling av kriminalpolitiske tiltak.

<sup>717</sup> I Bergen vart tvangsarbeidsanstalten nedlagd i 1912 og arbeidsanstalten året etter. Dei sentrale tvangsarbeidsanstaltane som vart oppretta etter nedleggjinga av dei lokale vart ikkje endeleg avvikla før i 1970 (Sjå Anne Marit Thorsrud: ”Kampen om løsgjengerloven” i *Rus & avhengighet*, Nr. 4/2000).

<sup>718</sup> Alexander Kielland gav uttrykk for at tvangsarbeidsanstalten i Stavanger var totalt ueigna til rehabilitering: ”hele Ordningen ved Stalten er saadan, at den udelukker enhver Mulighed for at forbedre de Personer, som hensættes i den.”. Her henta frå Utne 1982, s.102.

<sup>719</sup> RA: JPD. Fengselsstyret, Kontor D 1814-1958, Tvangsarbeidsanstalter, Bergen 1872-1907: Vedkommende Kirke-Departementet. Fattigstatistikk. C. Skema for de Formandskaber eller Amsformandskaber, som har opprettet Tvangsarbeidsanstalter. Forklaring om Bergens Tvangsarbeidsanstalt for 1886.

Holdt kunne i etterfølgjande rapportar tilfreds fortelje at ukonfirmerte born og ungdommar ikkje lenger vart innsett på tvangsarbeid, men utplassert på landet i regi av "Foreningen for forsømte og forvildede Børns Redning" eller sett i redningsanstalten på Ulfesnesøen utanfor Bergen.<sup>720</sup> Tilsvarande opna riksadvokat og drivkrafta i straffekommisjonen, Bernhard Getz, på 1890-talet for fengsel som alternativ for ungdom, for å unngå at dei vart utsett for "moralsk Smitte" i tvangsarbeidsanstaltane.<sup>721</sup>

Dei lange straffene gjorde slaveriet eigna til å uskadeleggjere og trekkje personar ein oppfatta som farlege ut av sirkulasjon over lenger tid. Opphald på over seks år, i alle fall inntil 1872, hindra desse mest vanekriminelle i å utføre nye tjuveri og andre lovbrøt. Slaveriet var eksklusivt og få personar vart innsett årleg, og klientellet var klart prega av vanekriminelle. Det var nettopp denne gruppa samfunnet i størst grad frykta og hadde størst behov for å få fjerna. Slik kunne slaveriet, trass i det eksklusive preget, fungere godt ved å uskadeleggjere nettopp dei farlegaste forbrytarane med størst residivisme. Fengslet på den andre sida, var totalt ueigna verkemiddel for uskadeleggjering. Dei innsette var tilbake på gata nesten like raskt som dei vart innsett. På tvangsarbeidsanstalten såg me også dømme irregulære innsetjingar der tvangsarbeid vart føretrekt framfor rettsleg tiltale i politisaker som i beste fall kunne ført til fengsel i nokre få dagar.

Me kan skilje mellom tre typar av innesperring, der motiva høvesvis er fundert på åtvaring, reform og uskadeleggjering.<sup>722</sup> Fengslet kunne med sine korte straffar fungere som ein ei åtvaring, først og fremst overfor unge og urøynde lovbrøytarar. For desse skulle innesperringa vere ei vekking og påminning om at kriminalitet ikkje var lov og at framhald med slik aktivitet kunne føre galt av stad. Reformstraffa er knytt til lengre straffar der styresmaktene aktivt freistar å påverke den innsette, dels gjennom avsondring og dels ved å fylle tida med aktivitetar dei rekna som rehabiliterande. I Bergen fanst i min periode ingen slik anstalt som oppfylte vilkåra for å fungere som ein reformanstalt. Den uskadeleggjerande straffa vart sett inn mot lovbrøytarar ein ikkje lenger hadde von om å rehabiliterare, som hadde vore gjennom både åtvarings- og reformstraff. Desse finn ein i Bergen dels i tukthuset, dels i slaveriet og dels i tvangsarbeidsanstalten.

---

<sup>720</sup> SAB: Bergen domprosti. Bergens kommunepreststilling. I.2.a Kopibog, ut 1874-92, folio 65, innberetning for åra 1887 og 1888.

<sup>721</sup> Bernhard Getz: *Udkast til Almindelig borgerlig Straffelov for Kongeriget Norge. Motiver.*, Kristiania 1893., note 1, s. 8.

Merkelappen "Rettsstaten" har vore nytta om det norske samfunnet på 1800-talet.<sup>723</sup> Merkelappen passa i stor grad på det norske rettsvesenet. Dei prosessuelle reglane hadde ei rekkje innebygde garantiar mot misbruk, og var prega av determinisme. Det var kriminelle handlingar som utløyste rettsleg etterforsking og eventuell tiltale. Politi, rettsvesen og styresmakter var i første rekkje passive handhevarar av lovverket og sanksjonerte berre der dei meinte å kunne bevise skuld. Også straffeutmålinga var også i stor grad avgjort på førehand for dei som vart funne skuldige. Vegn frå melding til innsetjing i straffeanstalt var lang og gav fleire garantiar for å unngå domfelling av uskuldige. Dette speglar seg også i karriane til straffangane. Det var ei stor spreining i tildeling av fribomsstraff, anten me ser på debutalder, karrierelengd eller intensitet, og fleirtalet mottok i alle tilfelle ein slik straff berre éin gong.

Når det framstod kjernegrupper av innsette i straffeanstaltane, var det dels fordi desse oftare valde å gjere kriminelle handlingar, men også dels fordi dei lettare vart mistenkt enn andre på grunn av ei allereie etablert karriere. Denne haldninga frå politiet si side var eit resultat av fordommar og røynsler, og knapt ein medviten og konspiratorisk strategi verken for å framandgjere enkeltgrupper eller å legitimere maktstrukturar. I dette systemet hadde dei formelle spelereglane ein sentral plass og det var svært lite rom for improvisasjon og sjølvstendige initiativ frå politi og styresmakter.<sup>724</sup> Tendensen til å setje unge i det nye fengslet etter 1867, var derfor meir eit resultat av auka ungdomskriminalitet og påfølgjande auka vilje til og behov for å følgje opp desse sakene, enn ei endring i praktiseringa av regelverket.

Eg har vist at tvangsarbeid var ein langt meir fleksibel sanksjonsmåte enn straff ettersom politiet her i praksis hadde opne fullmakter til å avgjere innsetjing. Ei innsetjing trong verken skriftleg grunngjeving eller løyve frå høgare instansar, og det var heller ikkje mogleg for tvangslemmane å anke avgjerda inn nokon stad. Det var med andre ord ingen garantiar mot misbruk. Anstalten fungerte dermed som ein effektiv reiskap for å fjerne uønskte element frå gatebiletet, både plagsame "drukkenboltar" og andre mistenkeleg personar, i tråd med politimeister Olsen sinn syn i 1914. Den longitudinelle analysen viste at det var vanleg for tvangslemmar også å motta straff i løpet av karrieren, både for tjuveri og politiuorden, og i

---

<sup>722</sup> Desse tre typane av fengselsstraff er henta frå Salmonsens Konversationsleksikon, Bind IX, København 1920. Oppslagsord "Fængselsvæn".

<sup>723</sup> Sjø Francis Sejersted: "Demokrati og rettsstat – et perspektiv på 1800-tallets politiske brytninger" i *Historisk Tidsskrift* 58/1979.

ein del tilfelle var det opp til politiet sitt eige skjøn å velje mellom ein judisiell sanksjon eller tvangsarbeid i saker som galdt politiuorden. Tvangsarbeid var ikkje eit alternativ til straff i tjuverisaker, men framstod som alternativ først når straff var uråd på grunn av manglande prov. Dei innsette på tvangsarbeidsanstalten utgjorde som gruppe det sosialt lågaste og mest mistenkjeleggjorde sjiktet i byen, og ei innsetjing var også ofte eit resultat av å ha vore i politiet sitt søkelys over lengre tid. Slik synest tvangsarbeidsanstalten klart å ha hatt ein uskadeleggjerande funksjon. Getz gav også uttrykk for at fordelene med tvangsarbeid nettopp var høvet til å setje personar ein mistenkte for kriminelle handlingar ein ikkje kunne bevise ute av stand til å utføre nye brotsverk ei tid.<sup>725</sup> Den forenkla prosessen ved innsetjing la også tilhøva svært godt til rette for akkurat dette. Tvangsarbeidsanstalten si manglande evne til å fungere disiplinerande peiker i same retning:

*“[...] den Tid, for hvilken Indsættelsen i Tvangsarbeide nu kan ske, indtil 6 Maaneder, er i enhver Henseende for kort. For kort for den Forbederlige, som ikke saa hurtig kan afvænnnes fra sine gamle Vaner. Endnu mere for kort for de Uforbederlige, hvis Behandling bliver Politiet uoverkommelig, naar de saaledes stadig skal prøves og indsættes paanyt.”<sup>726</sup>*

Det kan ha vore eit medvite val å ekskludere det paradoksale tvangsarbeidet frå diskusjonen om straff. Unngjekk styresmaktene at tvangsarbeid vart definert som straff, unngjekk dei også at problemet med den manglande rettstryggleiken til tvangslemmane vart aktualisert, og faren for at politiet ville miste den fleksible sanksjonsmåten tvangsarbeidet var. Først etter at den nye lausgjengarlova, med langt sterkare rettsvern for tvangslemmane, var vedteken og arbeidet med den praktiske utforminga av nye, sentrale tvangsarbeidsanstaltar, var i gang, finn me tilløp til diskusjonar som tek opp behovet for avsondring og klassifisering også her.<sup>727</sup>

Tvangsarbeid var samfunnet sin måte å utøve ei form for hustukt som galdt heile byen, der styresmaktene gjennom politiet var tillagt husbonden sine utvida fullmakter og byens befolkning, i praksis avgrensa til marginaliserte grupper, var hushaldsmedlemmane som

---

<sup>724</sup> Eit døme på ei kriminalsak som vart avvist av ein underdommar på grunn av formelle feil i saksgangen (tiltalt etter feil lovparagraf) finst i *Norsk Retstidende* nr. 8, 1857, s.118ff.

<sup>725</sup> Bernhard Getz: *Udkast til Almindelig borgerlig Straffelov for Kongeriget Norge. Motiver*, Kristiania 1893, note 1, s. 118.

<sup>726</sup> Bernhard Getz: *Udkast til Almindelig borgerlig Straffelov for Kongeriget Norge. Motiver*, Kristiania 1893, s. 127.

<sup>727</sup> *Om istandbringelse af nye tvangsarbeidsanstalter. Indstilling fra den af justisdepartementet 28de september 1905 nedsatte komite*. Kra 1907, s. 4ff: "Skal man opnaa dette [formålet], er det navnlig fornødent, at anstalterne giver adgang til hensigtsmæssig gruppering af de indsatte, først og fremst under hensyn til deres individualitet, men dernæst ogsaa til deres sysselsættelse paa tjenligste maade.". Ein diskuterte også å ta i bruk nedlagde distriktsfengsel med enkelt-celler. Socialkomitéen på Stortinget gav allereie i si innstilling til lova uttrykk for at det var sjølv sagt at (tvangs)fangane måtte inndelast i klassar slik at dei ikkje påverka kvarandre skadeleg. (Stortingets Forhandlingar 1898/99, Indst. O. XIX, s.4).

kunne ”tuktast” om nødvendig. Då kyrkjekomiteen kom med si innstilling om den nye fattiglova i 1845, diskuterte dei i kva grad den administrativt bestemte ”tuktinga” kunne vere i strid med Grunnlova. Komiteén avviste sjølv dette fordi:

*”Indsættelsen i en Arbeidsanstalt ikke bør ansees som en Straf, men som en Foranstaltning, ligesaa meget til dens Gavn, der er Gjenstand for den, som til det Samfund han lever i”.*<sup>728</sup>

At tvang ikkje måtte sjåast på som straff hindra likevel ikkje at ein ”gløymde seg” ved seinare handsaming, og nettopp snakka om straff i samband med tvangsarbeid. I forkant av fattiglova frå 1863 uttala såleis kyrkjekomiteén at formålet med tvangsarbeid var

*”et tildeels ved Siden af eller fremfor Fængsel anvendeligt Straffemiddel for Betleri og for visse Slags kvalificeret Løsgjængerer”.*<sup>729</sup>

Komiteén gjekk forøvrig inn for at lokale styresmakter kunne kombinere fengsel og tvangsarbeidsanstalt institusjonelt, desse ”hinanden i flere Henseender nærstaaende [anstalter]”.<sup>730</sup> Fængselsprest Holdt i Bergen omtalte også i sine meldingar nærmast konsekvent tvangslemmane som fangar og opphaldet der som straff og straffetid. Det problematiske andsynes rettstryggleiken til tvangslemmane vart også tangert ved handsaminga av den nye fattiglova i 1863. Kommisjonen som vart sett ned for å utarbeide fattiglova kjende ikkje til at politiet hadde misbrukt retten til på eige initiativ å setje folk i tvangsarbeidsanstalt.<sup>731</sup> Kommisjonen gjekk likevel, for ”at værne mod deslige Misbrug”,<sup>732</sup> inn for at amtmannen måtte godkjenne innsetjing på tvangsarbeidsanstalt, og vart i første omgang støtta av kyrkjedepartementet på dette punktet:

*”I det Departementet saaledes anseer det for mindre heldigt at tilstaa en underordnet Autoritet en saa stor diskretionær Myndighed, som efter den nærværende Lov er lagt i Politiets Hænder, var man tilbøielig til at ansee den af Kommissionen foreslaaede Kontrol fra Amtmandens Side som en heldig Forandring.”*<sup>733</sup>

Sjølv om dette medførte styrking av rettsvernet til tvangslemmane, vart avgjerd om innsetjing verande administrativ, og ikkje judisiell. Stiftamtmanden i Kristiansand kunne ikkje støtte ei slik fridomsrøving utan dom, men gjekk inn for at denne typen innsetjing berre kunne skje etter forhøyr og rettsleg kjenning eller dom. Fordi utkastet opna for at styrene ved tvangsarbeidsanstaltane kunne straffe tvangslemmar med vatn og brød, ”formenes en Dom at

<sup>728</sup> Kyrkjekomiteens innstilling 9.8.1845, her sitert etter Midré 1995, s. 101.

<sup>729</sup> Stortingets Forhandling 1862/63, Indst. O. No 28, s.109.

<sup>730</sup> Stortingets Forhandling 1862/63, Indst. O. No 28, s.109.

<sup>731</sup> Betænkning og Indstilling fra den ved Kongelig Resolution af 5te August 1853 nedsatte Commission angaaende det offentlige Fattigvæsen pasa Landet, Chra 1856, s. 113.

<sup>732</sup> Betænkning og Indstilling fra den ved Kongelig Resolution af 5te August 1853 nedsatte Commission angaaende det offentlige Fattigvæsen pasa Landet, Chra 1856, s. 114.

<sup>733</sup> Stortingets Forhandling 1862/63, Oth.prop. No 10, 80.

være saameget mere nødvendig.”<sup>734</sup> Likevel var innvendingane sterkare i den motsette retninga. Amtmannen i Jarlsberg og Laurvig meinte at det aldri hadde vore noko problem at denne makta var tillagt politiet og at involvering av amtmannen berre ville forsenke innsetjingsprosessen utan at nokon fordelar kom av det.<sup>735</sup> Fattigkommisjonen i Christiania hadde akkurat dei same røynslene. Som styret for arbeidsanstalten i Christiania med ansvar for å lauslate tvangslemmar når det var tilrådeleg, kunne den vitne at politimeisteren aldri hadde misbrukt paragraf 45 i fattiglova frå 1845, i den forstand at styret aldri hadde lauslate personar som dei meinte ikkje burde ha vore innsett. Forslaget om å gi amtmannen kontroll ville berre føre til uoverkommeleg arbeid for stiftamtmannen og gje politiet ein betydeleg vekst i forretningane.<sup>736</sup> Stiftsdireksjonen i Christiania følgte opp på liknande vis og meinte at lovendringa ville

*”uden tilsvarende Nytte i utrolig Grad forøge baade Politimesterens og Amtmandens Arbeide og Skriveri idetmindste i Christiania og rimeligvis tillige i de øvrige større Kjøbstæder.”*<sup>737</sup>

Departementet vedgjekk det problematiske i at innsetjing føregjekk utan dom og at det ønskelege ville vore ei judisiell avgjerd i forkant, men tok likevel ikkje innvendinga til stiftamtmannen i Kristiansand til følgje. I staden resignerte departementet overfor motforestillingane om å involvere amtmannen og gjekk derfor inn for å halde denne delen av lova uendra frå 1845; politiet skulle framleis ha makt til å iverksetje innsetjing av ”ørkesløse” og ”drukkenboltar” i tvangsarbeidsanstalt. Omsynet til effektivitet vart prioritert framfor rettstryggleik for tvangslemmane. Symptomatisk nok vart heller aldri rettstryggleiken tatt opp til debatt då lova kom til handsaming i Stortinget.

Med den summariske sakshandsaminga i forkant av innsetjing, ivaretok tvangsarbeidsanstalten politiet og maktapparatet sine interesser framfor klientellet sitt, noko også politimester Olsen vedgjekk:

*”Det skal medgives, at om end denne politiets ret til uten dom at frata folk friheten i det store tat ikke blev benyttet til upligt, saa var den dog teoretisk set ikke ret betryggende [...]”.*<sup>738</sup>

Bernhard Getz gav i utkastet frå 1893 uttrykk for at leddiggang var ein fare for den offentlege orden og for rettstryggleiken ettersom ein større del av lausgjengarane utførte lovbrøt og dels

---

<sup>734</sup> Stortingets Forhandlinger 1862/63, Oth.prop. No 10, s.37.

<sup>735</sup> Stortingets Forhandlinger 1862/63, Oth.prop. No 10, s.37.

<sup>736</sup> Stortingets Forhandlinger 1862/63, Oth.prop. No 10, s.78f.

<sup>737</sup> Stortingets Forhandlinger 1862/63, Oth.prop. No 10, s.79f.

<sup>738</sup> Olsen 1914, s. 349.

levde av det.<sup>739</sup> Dette legitimerte bruken av tvang overfor denne gruppa, men tvang burde likevel berre skje etter dom. Slik tvangsarbeidet hittil var praktisert, var det tilfeldig og ikkje i samsvar med rettsstatlege prinsipp. Den administrativt heimla innsetjinga var

*"[...] er en saadan Krænkelser af de første Principer for en retslig ordnet Stat, at den ubetinget, uden at afvente nærværende Lov, ad administrativ Vei bør rettes ved at bestemte Former foreskrives."*<sup>740</sup>

Då lausgjengarsakene på 1890-talet vart skild ut i eit eige lovverk, følgde straffelovkommisionen opp innvendingane mot det administrativt handsama tvangsarbeidet også i lovmotiva i 1894 og slo fast at praktiseringa av tvangsarbeidet var problematisk andsynes Grunnlova. Skilnaden mellom tvangsarbeide og straff var

*"af en saa lidet haandgribelig Art, at Grundlovens Paabud om, at Straf alene anvendes efter Dom, let ganske vilde omgaaes, om man ikke fastholdt samme Fordringer ogsaa med Hensyn til Tvangsarbeidet."*<sup>741</sup>

Politimeister Olsen gav uttrykk for at lausgjengarlova som kom i 1900, og som innførte judisiell handsaming også av lausgjengarsakene, hadde gått ut over effektiviteten. Dette meinte han var ei røynsle som var utbreidd blant politifolk. Allereie ved forarbeidet til lova kom det innvendingar mot å innføre ei judisiell handsaming av lausgjengarsakene fordi kravet om eit "vidløftig Bevismateriale" ville vere arbeidskrevjande.<sup>742</sup> Innvendingane lyder som ekko frå forarbeidet til fattiglova i 1863. Det fortel også kor fleksibelt instrument tvangsarbeidsanstalten hadde vore tidlegare for påføring av fridomssanksjonar mot målgruppa. Det skal her også påpeikast at lausgjengarlova i 1900 også i stor grad opna for ein fleksibel handtering av dette klientellet frå politiet (påtalemakta) si side. I tilfelle der personar var dømde til fengsel for lausgjengeri, vart påtalemakta gitt makt til å avgjere om vedkommande også skulle sendast på tvangsarbeid i inntil tre år i etterkant av fengselsstraffa.<sup>743</sup>

Til og med så seint som i 1934 kunne direktøren ved botsfengslet i Oslo, Hartvig Nissen, gje uttrykk for eit syn på dei som vart dømd for lausgjengeri som følgde opp 1800-talet sitt:

*"Vi må erindre at de som dømmes for ørkesløshet eller løsgjengeri, er arbeidssky mennesker, som ikke gidder utføre skikkeig arbeide. Formålet med å sette dem på tvangsarbeide er da å venne dem til det jevne, stadige arbeide og helst også vekke deres arbeidsglede. Innsettelse i*

<sup>739</sup> Bernhard Getz: *Udkast til Almindelig borgerlig Straffelov for Kongeriget Norge. Motiver.*, Kristiania 1893., note 1, s. 118.

<sup>740</sup> Bernhard Getz: *Udkast til Almindelig borgerlig Straffelov for Kongeriget Norge. Motiver.*, Kristiania 1893., note 1, s. 119f.

<sup>741</sup> *Udkast til Lov om Løsgjænger, Betleri og Drukkenskab samt om Tvangsarbeidshuse*, Kra 1894. Motiverne, s. 16.

<sup>742</sup> Stortingets Forhandlinger 1898/99, Oth.prop No 2, s. 9.

<sup>743</sup> 31.5.1900: Lov om Løsgjænger, Betleri og Drukkenskab (Norsk Lovtidende 1900).



*tvangsarbeidshus er ikke straff, men en administrativ forføining som samfunnet har gitt statens organer myndighet til å treffe, både i sin egen og i de arbeidssky personers interesse. Tvangsarbeidet er en arbeidsopdragelse”<sup>744</sup>*

Hovudskiljet mellom tvangsarbeid og straff, gjekk ikkje på innhald men i form. Judisiell tildeling av fridomstap var ein seremoniell tukt, med klart utmeisla prosedyrar og definerte roller, og som enda med ein offisiell proklamasjon i form av domfelling. Tvangsarbeid var den trivielle, daglege ”hustukten” som samfunnet utøvde gjennom politiet, etter eige skjøn og utan institusjonaliserte sermoniar.

Med tvangsarbeid vart politiet i stand til å straffe levesett, meir enn konkrete kriminelle handlingar. Dette var ei straff som ikkje var formell, og som offisielt heller ikkje var straff, men ”behandling”, eller til nød refs. I politiet sine auge legitimerede tvangslemmane sine levesett dette forholdsvis uproblematisk ettersom tvangslemmane vart oppfatta som trugsmål mot offentleg orden og som potensielle lovbrytarar. Ei innsetjing i tvangsarbeidsanstalten var uttrykk for ei større personleg krise enn innsetjing i ein straffeanstalt. Straffangane fordelte seg på alle slags alderskategoriar og kunne hamne i enkeltsituasjonar som var straffbare ved slump eller uhell. Tvangslemmane derimot, var gjerne eldre menn som hadde levd uakseptabelt over lengre tid. Ingen vart tvangslemmar ved tilfelle. Dei større individuelle skilnadene hjå straffangane samanlikna med tvangslemmane og at tvangsarbeidet i større grad var konsentrert til færre, underbygger dette. Bekymringa over soningstilhøva i straffeanstaltane galdt først og fremst dei unge og urøynde lovbrytarane, dei ein framleis hadde von om å kunne rehabiliterer. Tvangslemmane høyrde sjeldan til denne gruppa, og dermed var det mindre grunn til å bekymre seg over dei uheldige verknadene ved organiseringa av tvangsarbeidsanstalten. Unntaket var dei kvinnelege tvangslemmane som helst var unge. Dei fleste av desse var mistenkte for prostitusjon, og innsetjingane var eit ledd i kampen mot spreinga av veneriske sjukdomar. Ønsket om fleksible og handlekraftige verkemiddel i kampen mot venerisk smitte var her overordna faren for ”moralsk Smitte”.

Tvangsarbeidsanstalten har også utan tvil hatt ein funksjon som avgrensingsanstalt slik Midré argumenterer for. Fattigutgiftene skulle haldast nede, samtidig som samfunnet heller ikkje kunne tillate menneske å gå til grunne i materiell nød. Tvangsarbeid skulle vere avskrekkande og ein test på arbeidsviljen. Forstandaren for tvangsarbeidsanstalten i Christiania gav i 1870 uttrykk for tvangsarbeidet var forhatt av enkelte innsette og grunn gav det med at tvangslemmane var forbitra over den makta som var lagt i henda på politiet og som kunne

---

<sup>744</sup> Hartvig Nissen: *Øie for øie, tann for tann? Skiftende syn på straff og fangebehandling*, Oslo 1934, s. 127.

avgjere innsetjing utan lov og dom.<sup>745</sup> Dette hindra likevel ikkje at anstalten for enkelte nærast vart å rekne som ein heim som enkelte sjølve søkte. Me finn mange døme på frivillige innsetjingar, men det skjedde helst motvillig og fordi styresmaktene ikkje hadde andre alternativ til denne gruppa som dei rekna som uverdige fattige. Men det viser at tvangsarbeidsanstalten hadde ein viktig funksjon som nødhjelp i akutte situasjonar og ein siste utveg for å unngå å gå til grunne. Mangel på alternativ gav anstalten ein funksjon som siste utveg også for tvangslemmane sjølve.

Når paradoksa omkring tvangsarbeid, både med omsyn til dei grunnlovsstridige innsetjingane og konflikten med rådande teoriar på straff, ikkje i større grad vart offentleg debattert, var det sannsynlegvis eit uttrykk for at tvangsarbeidsanstalten dekkja eit behov som gjekk langt utover styresmaktene sine egne. Også byallmugen såg seg tent med det fleksible tvangsarbeidet. "Tvungen" var berykta i folks auge, og tvangslemmar oppfatta som utskot som hadde sett seg sjølv i ein situasjon som kravde handling. Moralsk indignasjon over lausgjengeri, fyll og anna uorden var heller ikkje avgrensa til styresmaktene, det stridde mot vanlege folks norm- og rettskjensle. Eit tilsvarande norm-fellesskap mellom stat og lokalsamfunn er også påpeikt av Hilde Sandvik i samband med straffeforfølgjinga av leiermål på 16- og 1700-talet.<sup>746</sup> Det var gjerne også allmugen sjølv som hadde dei sosiale problema tettast innpå seg, og som dermed hadde størst behov for ein fleksibel sosial ventil. Tvangsarbeid var for folk flest difor ein ukontroversiell reaksjon. Anstalten vart av byallmugen oppfatta som ein legitim utveg for å utøve samfunnsmoral generelt. Samtidig var anstalten ein utveg for å reagere overfor egne problematiske slektningar og naboar i nærmiljøet. Om ikkje trugsmål om "Tvungen" førte fram, kunne allmugen melde frå til politiet som på si side iverksette innkalling og forhøyr. Utfallet var gjerne ei åtvaring i første omgang eller umiddelbar innsetjing i tvangsarbeidsanstalten. Slik kunne ein overlate ansvaret for vanskelege slektningar og naboar til det offentlege. Nødvendet av å sjå på bruken av sanksjonar i eit horisontalt perspektiv, like mykje som vertikalt, har i liten grad vore integrert i teoriane på sanksjonsbruk.<sup>747</sup> Det horisontale initiativet viser at tvangsarbeidsanstalten har vore legitim og oppfatta som nødvendig hjå folk flest som i like liten grad som politiet ville gje slepp på eit så effektivt sanksjonsmiddel som tvangsarbeid og trugsmål om det var.

---

<sup>745</sup> Forstandar Klouman i brev til fattigkommissjonen i Christiania datert 6.4.1870, her henta frå Omsted 1911, s. 28f.

<sup>746</sup> Hilde Sandvik: "Tidlig moderne tid i Norge. 1500-1800" i *Med kjønnspektiv på norsk historie. fra vikingtid til 2000-årsskiftet*, Oslo 1999, s. 122.

<sup>747</sup> Unntak er Ignatieff 1984 og Lis & Soly 1996.

Tvangsarbeidsanstalten dekkja slik behov hjå styresmakter, byallmuge og hjå tvangslemmane sjølve. Det var ein stad ein kunne internere det ein oppfatta som kriminelle og farlege personar, ein stad å plassere uverdige fattige og ein måte å overlate ansvaret for plagsame familiemedlemar og naboar til det offentlege. Dette er truleg den viktigaste årsaka til at tvangsarbeidet var så lite omdiskutert trass i dei openbare problema knytt til rettstryggleik og straffeteori, og at den var så seigliva som institusjon. Behova legitimerte anstalten.

Dette var funksjonar som straffeanstaltane vanskeleg kunne fylle. Dér hindra det strenge regelverket tilsvarande målretta og pragmatiske innesperringar, men vart utløyst av konkrete kriminelle handlingar. Straff vart utløyst av ei ålmen rettsopfatning om at kriminalitet skulle ha konsekvensar. At reaksjonen tok form av fridomsstraff var dels eit resultat av ein importert ideologi og medfølgjande løysingstiltak. Trass i at samtida innsåg at infrastrukturen var mangelfull, stod håpet om at innesperringa skulle påverka den kriminelle i positiv retning sterkt. Dette, saman med uskadeleggjeringa av dei mest vanekriminelle, var straffeanstaltsystemet sin viktigaste funksjon.

Sjølv om ein importert frykt for konsekvensane av sosial disintegrasjon og vern om eigedomsretten var ein del av biletet, var anstaltsystemet meir eit uttrykk for eit velmeinande samfunn si mangelfulle og passive evne til å handtere normoppløysing og avvik. Det var ikkje ein medviten strategi for å legitimere maktstrukturar og maktapparat ved å framandgjere og sette enkelte grupper opp mot kvarandre, slik Foucault og særleg V.A.C. Gatrell har argumentert for. Gatrell og hans "engelske skule" avviste i si tid stereotypiske framstillingar av dei kriminelle som profesjonelle og tilhøyrande ei særeigen kriminell klasse, åtskilt frå den ålmenne arbeidarklassa. Det er like galt å mane fram stereotypiske førestillingar om sanksjonsmottakarane som tilfeldige offer for styresmakter som vert endå meir stereotypisk framstilte som konspiratoriske og kyniske utøvarar av makt på kostnad av folk flest. Vernet om eigedomsretten var ikkje berre viktig for dei som hadde mykje, men også viktig for dei som hadde lite. Sanksjonsmottakarane var differensierte, både med omsyn til årsaker til innsetjing og karriere. På same måte var det differensierte motiv for å påføre sanksjonar, både når styresmakter handla på eigne initiativ, og når sanksjonar var horisontalt initierte av familie og naboar. Fridomssanksjonar vart oppfatta som nødvendige og legitime av bybefolkninga generelt, og ikkje berre av styresmaktene. David Garland har difor rett når han omtalar straff og sanksjonar som eit komplekst kulturprodukt. På same måte har Michael Ignatieff rett når han gir uttrykk for at sanksjonane dekkja på eit større sosialt behov enn makteliten sitt eige.

Politi og styresmakter hadde ei nedlatande haldning til mange av sanksjonsmottakarane, og særleg tvangslemmane. Dei var også prega av eit forenkla syn på årsakene til kriminalitet og livsførsel som kvalifiserte til tvangsarbeid. Likevel er det større grunn til å legge meir vekt på fridomssanksjonar som ein multifunksjonell reaksjon på sosiale problem enn konspiratoriske strategiar i ein klassekamp.

# KJELDER

## TRYKTE KJELDER:

### Stortingsforhandlingar

- Stortingets Forhandlingar 1862/63, Indst. O. No 28
- Stortingets Forhandlingar 1862/63, Oth.prop. No 10
- Stortingets Forhandlingar 1865/66, Oth.prop. No 7
- Stortingets Forhandlingar 1872, Oth.prop. No 10
- Stortingets Forhandlingar 1898/99, Oth.prop No 2
- Stortingets Forhandlingar 1898/99, Indst. O. XIX

### Norges Offisielle Statistik (NOS)

- NOS *Beretning om Kongeriget Norges økonomiske Tilstand 1846-50*, Christiania 1853
- NOS *Beretning om Kongeriget Norges økonomiske Tilstand 1851-55*, Christiania 1858
- NOS Ældre Række C.No.2: *Beretning om Kongeriget Norges økonomiske Tilstand 1856-60*, Christiania 1863
- NOS Ældre Række C.No.2: *Beretning om Rigets Oekonomiske Tilstand 1861-65*, Christiania 1867 & 1868
- NOS Ældre Række C.No.2: *Beretning om Amternes økonomiske Tilstand 1866-70*, Christiania 1873
- NOS Ældre Række C.No.2: *Beretning om Amternes økonomiske Tilstand 1871-75*, Christiania 1879
- NOS Ny Række C.No.2: *Beretning om Amternes økonomiske Tilstand 1876-80*, Andet Bind, Christiania 1884
- NOS Tredie Række C.No.2 *Beretning om Amternes økonomiske Tilstand 1881-85*, Andet Bind, Kristiania 1890
- NOS Ældre Række. B. No.1: *Criminalstatistiske Tabeller for Kongeriget Norge 1860-78*, Christiania 1864-1880.
- NOS Ældre Række C.No.1: *Resultaterne af Folketællingen i Januar 1876*, Kristiania 1878
- NOS Ældre Række B.No.3: *Beretning om Rigets Strafarbejdsanstalter for Aaret 1875*, Christiania 1877
- NOS Ældre Række C.No.4. *Beretning om Sundhedstilstanden og Medicinalforholdene i Norge i 1867*, Christiania 1869-70.
- NOS Tredie Række No.56: *Beretning om Rigets Distriktsfængsler for Aarene 1885 og 1886*, Christiania 1888
- NOS Tredie Række No 70: *Oversigt over de vigtigste Resultater af Norges Kriminalstatistikk for Aarene 1846-1885*, Christiania 1888 (NOS 3.70)
- NOS Fjerde Række Nr. 86. *Meddelelser om Det norske Fængselsvæsen i det 19de Aarhundrede*, Udgivet af Expeditionschefen for Fængselsvæsenet, Kristiania 1904 (Meddelelser 1904)
- NOS Fjerde Række Nr. 97: *Fængselsstyrelsens Aarbog 1901-1902*, Kristiania 1904
- NOS Fjerde Række No 112. *Fattigstatistikk for Aarene 1901 og 1902*, Kristiania 1905
- NOS Femte Række 210. *Oversigt over de vigtigste resultater av kriminalstatistikken for Aarene 1886-1904*, Kristiania 1913 (NOS V.210)
- NOS B 134 *Folketeljinga 1801, Ny bearbejding*, Oslo 1980
- NOS C 188 *Historisk statistikk*, Oslo 1994.
- NOS C 644 *Kriminalstatistikk 1998*, Oslo 2001

**Lovverk**

*Christian Vs Norske Lov 1687*

*Kong Christian den Siettes Allernaadigste Forordninger og Aabne Breve for Aaret 1739,*  
København [Utan trykkeår]

Fr. Aug. Wessel Berg: *Kongelige Rescripter, Resolutioner og Collegial-Breve for Kongeriget Norge i Tidsrummet 1660-1813, Tredie Bind 1781-1896, Christiania 1843*

Fr. Aug. Wessel Berg: *Kongelige Rescripter, Resolutioner og Collegial-Breve for Kongeriget Norge i Tidsrummet 1660-1813, Fjerde Bind 1797-1813, Christiania 1845*

J.A.S. Schmidt: *Forordninger, aabne Breve, Placater m.M. for Kongeriget Norge, 1. bind 1648-1770, Christiania 1851a*

J.A.S. Schmidt: *Forordninger, aabne Breve, Placater m.M. for Kongeriget Norge, 2. bind 1771-1813, Christiania 1852*

J.A.S. Schmidt: *Love, Anordninger, Resolutioner, Kundgjørelser, Departements-skrivelser, Cirkulærer, m.m. for Kongeriget Norge. 1. 1814-32, Christiania 1849*

J.A.S. Schmidt: *Love, Anordninger, Resolutioner, Kundgjørelser, Departements-skrivelser, Cirkulærer, m.m. for Kongeriget Norge. 2. 1832-48, Christiania 1850*

J.A.S. Schmidt: *Love, Anordninger, Resolutioner, Kundgjørelser, Departements-skrivelser, Cirkulærer, m.m. for Kongeriget Norge. 3. 1849-50, Christiania 1851b*

Otto Mejlænder: *Love, Anordninger, Resolutioner, Kundgjørelser, Departements-skrivelser, Cirkulærer, m.m. for Kongeriget Norge. 4. 1851-55, Christiania 1857*

Hans Munk: *Love, Anordninger, Resolutioner, Kundgjørelser, Departements-skrivelser, Cirkulærer, m.m. for Kongeriget Norge. 5. 1856-60, Christiania 1861*

Hans Munk & Otto Mejlænder: *Love, Anordninger, Resolutioner, Kundgjørelser, Departements-skrivelser, Cirkulærer, m.m. for Kongeriget Norge. 6. 1861-65, Christiania 1867*

Otto Mejlænder: *Love, Anordninger, Resolutioner, Kundgjørelser, Departements-skrivelser, Cirkulærer, m.m. for Kongeriget Norge. 7. 1866-70, Christiania 1871*

Otto Mejlænder & M.V.Malling: *Love, Anordninger, Resolutioner, Kundgjørelser, Departements-skrivelser, Cirkulærer, m.m. for Kongeriget Norge. 8. 1871-76, Christiania 1878*

Otto Mejlænder: *Love, Anordninger, Resolutioner, Kundgjørelser, Departements-skrivelser, Cirkulærer, m.m. for Kongeriget Norge. Ny Række 9. 1877-82, Christiania 1883*

Otto Mejlænder: *Love, Anordninger, Resolutioner, Kundgjørelser, Departements-skrivelser, Cirkulærer, m.m. for Kongeriget Norge. Ny Række 10. 1883-86, Christiania 1887*

Otto Mejlænder: *Love, Anordninger, Resolutioner, Kundgjørelser, Departements-skrivelser, Cirkulærer, m.m. for Kongeriget Norge. Ny Række 11. 1887-90, Christiania 1891*

*Norsk Lovtidende. 1ste Afdeling, Kristiania 1896*

*Norsk Lovtidende. 1ste Afdeling, Kristiania 1900*

**Universitetsbiblioteket i Bergen (UBB)**

Instrux for Politibetjentene i Bergen, Bergen 1846

Bergens tvangsarbeidsanstalt. Rekneskap 1842-44, Bergen 1844

(Til Bergens Magistrat of formandskab) / Carl N.S. Platou, Georg Houge, J. Bonnevie, Bilage til Fængselssagen, Bergen 1861

Bergen Kommunes Forhandlinger 1860

Bergen Kommunes Forhandlinger 1875

Overslag over Bergen Fattigkasses Indtægter og Udgifter for Aaret 1865 med tilhørende Bilag, Bergen 1864

Handberg, P: Kart over Bergen med Omegn, Bergen 1864.

**Bergen offentlige bibliotek (BOB)**

Aarsberetning i Foreningen til forsømte og forvildede Børns Redning 1871, Bergen [Utan trykkeår]

**Historisk institutt, Universitetet i Bergen**

Kart over Bergen i XXVIII Blade 1879-80

**Aviser**

Bergens Tidende

Bergensposten

**Andre**

*Departements-Tidende* 1828-.

*Norsk Retstidende* 1836-.

Straffeanstaltkommisjonen: *Beretning om Beskaffenheden af Norges Strafanstalter og Fangepleie samt Betænkning og Indstilling om en Reform i begge, efter fremmede Staters Mønster*, Christiania 1841.

Ch. Giraud m.fl.: *Atlas historique et pittoresque*, Paris 1852.

*Betænkning og Indstilling fra den ved Kongelig Resolution af 5te August 1853 nedsatte Commission angaaende det offentlige Fattigvæsen paa Landet*, Christiania 1856.

Paul Magnus Norum: *Beretning og Betænkning angaaende Strafarbeidsvæsenet i Norge*, Christiania 1860.

R. Petersen: "Udsigt over fængselsforholdene i Norge" i *Nordisk Tidsskrift for Fængselsvæsen og øvrige penitentiære institutioner*, Kjøbenhavn 1879.

Vilhelm Holdt: *Magdalenasagen, et Foredrag den 24de Februar 1880*, Bergen 1880.

Vilhelm Holdt: *Om Magdalenahjemmet i Bergen, dets grundlæggelse og første virksomhed*, Bergen 1883.

Andreas Hval: "Om forbryderens vilkår" i *Nordisk Tidsskrift for Fængselsvæsen og øvrige penitentiære institutioner*, København 1884

*Tidsskrift for praktisk medicin*, Kristiania 1888.

*Femtiars-Beretning om Christiania Kommune for Aarene 1837-1886*, Christiania 1892.

Bernhard Getz: *Udkast til Almindelig borgerlig Straffelov for Kongeriget Norge*, Kristiania 1893.

Bernhard Getz: *Udkast til Almindelig borgerlig Straffelov for Kongeriget Norge. Motiver*, Kristiania 1893.

*Love, Resolutioner, Reglement, Instruxer, Skrivelser m.m. vedkommende Fængselsvæsenet 1814-97*, Christiania 1898.

*Om istandbringelse af nye tvangsarbeidsanstalter. Indstilling fra den af justisdepartementet 28de september 1905 nedsatte komite*, Kristiania 1907.

Digitalarkivet: *Gjest Baardsen – en kildepresentasjon*, url:

<http://digitalarkivet.uib.no/miniutstilling/gjestforside.htm>.

**UTRYKTE KJELDER:****I. BERGEN BYARKIV (BB)****Fattigvesenet. Arbeidsanstaltens arkiv**

1. Hovedregister 1843-49

2. Hovedregister 1847-70
3. Hovedregister 1868-76
4. Hovedregister 1876-89
5. Hovedregister 1869-85 Register for fremmede Tvangslemmer
315. Copiebog for Tvangsarbeidsanstalten i Bergen 1842-62

### **Magistraten**

2. Kopibok 11.1864-12.6.1868

### **Tukthuset**

5. Journal 1860-75

## **II. RIKSARKIVET (RA)**

### **Justis og politidepartementet (JPD) 1814-1958. Fengselsstyret**

Kontor D, Fortegnelse over de Fanger som i Aaret 1851 have hensiddet i Bergens Tugthuus 1851-61

Kontor D, Fortegnelse over fangene i Bergenhus Festnings Strafanstalt. -1861

Kontor D, Tvangsarbeidsanstalter. Bergen 1872-1907

Kontor D, Tvangsarbeidspakke Lister og Mandal, Stavanger, S. Bergenhus, N. Bergenhus, Romsdal 1857-1907, pakke nr. 12

Kontor D, Ua Fotografier fra straffeanstaltar, 1897-1984, 0002-01 Bergen

### **Justis og politidepartementet (JPD) 1814-1958. Kriminalkontor A**

A Referatprotokollar

Fa Kriminalfortegnelser

Fb. Diverse vedr. straffanstalter. Til- og avgangslister

Fb. Diverse vedr. straffanstalter. Liste over fanger. Konduitelister

M Andre Saker. 0102 Fotografipakken 1867-1912

## **III. STATSARKIVET I BERGEN (SAB)**

### **Arkivet etter presten på Bergens Straffanstalt og Bergenhus**

Mandtal over de i Bergens civile Arrester hensiddende fanger, 1849-1870

Kallsbok for Fengselsprestembetet i Bergen 1850-85

### **Bergen domprosti. Bergens kommunepreststilling**

- I.2.a. Kopibok ut, 1874-92

### **Bergen Krets fengsel**

I.A.a Varetekstprotokoll for bytingsarresten

I.A.b.1 Varetekstprotokoll for Bergen politiarrest, 1842-46

I.A.b.2 Varetekstprotokoll for Bergen politiarrest, 1846-53

I.A.b.3 Varetekstprotokoll for Bergen politiarrest, 1853-59

I.A.b.4 Varetekstprotokoll for Bergen politiarrest, 1859-65

I.A.b.5 Varetekstprotokoll for Bergen politiarrest, 1865-73

I.B.1 Nattarrestanter, 1867-

I.B.2 Nattarrestanter, 1874-

I.D.a.1 Straffangeprotokoll, 1825-45



- I.D.a.2 Straffangeprotokoll, 1844-51  
 I.D.a.3 Straffangeprotokoll, 1851-62  
 I.D.a.3 Straffangeprotokoll, 1862-73  
 I.D.a.4 Straffangeprotokoll, 1873-82  
 I.F.1 Av og tilgangslister, 1840-74  
 I.F.2 Av og tilgangslister, 1874-85.

### **Bergen Strafanstalt (Tukthuset)**

- Register over fangene i Bergenhus Slaveri 1838-1885 (Tukthuset). Lnr.2  
 Journal over lemmernes av tilgang nr. 2, 1777-1838  
 Journal over lemmenes av og tilgang nr. 17, 1849-1878  
 Manntal over fangar i Bergens Tugthus, 1841-1885  
 Mandtalsprotokoll over kvindelige Fanger, 1841-60  
 Mandtalsprotokoll, 1872-85  
 Signalementsfortegnelse, 1855-78  
 Domsakter, 1816-85  
 Fortegnelse over de fanger, der have hensiddet i Bergens Tugthus, 1850-71  
 Straffeprotokoll, 1834-76  
 Straffeprotokoll, 1876-77  
 Listebog, 1834-78.  
 Sjelerregister over mannsfanger, 1845-52  
 Sjelerregister over mannsfanger, 1852-61  
 Sjelerregister, 1861-72  
 Kopibog for udgaaende Skrivelser fra Fængselspræst-Embedet i Bergen, 1841-67  
 Kopibog for udgaaende Skrivelser fra Fængselspræst-Embedet i Bergen, 1868-85

### **Bergenhus Slaveriet.**

- Protokoll over slavene 1808-51  
 Protokoll over slavene 1851-78  
 Protokoll over løsladte fanger. No.1,1845-65  
 Protokoll over løsladte fanger. No 2, 1866-77  
 Manntal over Slavene på Bergenhus, 1841-52  
 Manntal over Slavene på Bergenhus, 1852-77

### **Byfogd og byskriver i Bergen**

- I.B.d.8 Domsprotokoll, 1847-52  
 I.B.d.9 Domsprotokoll, 1852-56  
 I.B.d.10 Domsprotokoll, 1856-58  
 I.B.d.11 Domsprotokoll, 1858-61  
 I.B.d.12 Domsprotokoll, 1861-66  
 I.B.d.13 Domsprotokoll, 1866-70  
 I.B.d.14 Domsprotokoll, 1870-75  
 I.B.d.15 Domsprotokoll, 1875-78  
 I.D.a.6 Akter angående opptøyer i Bergen (Potetkrigen), 1868

### **Nordhordland futedøme**

- IV. 184-207 Domsakter, 1858-75

### **Nordhordland og Voss futedøme**

- IV. 51-55 Domsakter, 1839-1857

### **Politimesteren i Bergen**

Forretningsjournal nr. 1, 1856-1857  
Forretningsjournal nr. 2, 1858-1860  
Forretningsjournal nr. 3, 1860-1863  
Forretningsjournal nr. 4, 1863-1865  
Forretningsjournal nr. 5, 1867-1870  
Forretningsjournal nr. 6, 1870-1872  
Forretningsjournal nr. 7, 1872-1874  
Forretningsjournal nr. 8, 1875-1877  
Kopibog B. nr. 9, 1844-1857  
Kopibok B. Nr. 11, 1866-1875  
Kopibok B. Nr. 12, 1875-1888  
Bøteprotokoll nr. 8, 1853-57  
Heimstavnsforhøyr nr. 1, 1854-56  
Heimstavnsforhøyr nr. 2, 1856-59  
Heimstavnsforhøyr nr. 3, 1859-63  
Heimstavnsforhøyr nr. 4, 1863-68  
Heimstavnsforhøyr nr. 5, 1868-74  
Heimstavnsforhøyr nr. 6, 1874-78

### **Politiretten i Bergen**

D11, Domsprotokoll, 1848-52  
D12, Domsprotokoll, 1852-56  
D13, Domsprotokoll, 1856-64  
D14, Domsprotokoll, 1864-74  
D15, Domsprotokoll, 1874-81

### **Stiftamtmanden**

Inr. 1457, jnr 3068/55: Fortegnelse over de Børn, som for Forbrydelser, begaaede før Opnaaelsen af criminel Lavalder [...]

### **Sund Sokneprestembete.**

I.2.d. Journalsaker, 1865

## **DIGITALISERTE KJELDER**

### **DIGITALARKIVET (DA)**

Døyppte i Askøy, 1742-1911  
Vigde i Askøy, 1742-1911  
Døyppte i Bergen 1668-1815  
Døyppte i Bergen 1816-1894  
Vigde i Bergen 1816-1911  
Gravlagde i Bergen 1816-1880  
Gravlagde i Bergen 1881-1911  
Døde i Askøy 1742-1927  
Register over domsakter i Nordhordland fogderi 1839-1899  
Folketeljinga for Bergen 1801  
Folketeljinga for Bergen 1865  
Folketeljinga for Bergen 1875  
Folketeljinga for Askøy 1865  
Folketeljinga for Askøy 1875

---

Folketeljinga for Årstad 1875  
Folketeljinga for Voss 1865  
Folketeljinga for Jølster 1865  
Slaver ved Bergenhus festning 1767-1810

**STATSARKIVET I BERGEN (SAB)**

Register over heimstavsforhøyr 1852-1884  
Register over hovedruller ca. 1830-59  
Register til loddtrekningslistene for 1860-70  
Døypte på Fødselsstifelsen i Bergen 1863-1911



# LITTERATUR

- ANNERS, ERIC: *Brottet, straffet och polisen i den europeiska rättsutvecklingen*, Stockholm, 1997,
- ARCHER, JOHN E.: "Poaching Gangs and Violence. The Urban-Rural Divide in Nineteenth Century Lancashire" i *The British Journal of Criminology*, Vol 39 No 1. Special Issue 1999
- AUBERT, VILHELM: "Law and Social Change in Nineteenth-Century Norway" i *History and Power in the Study of Law. New Directions in Legal Anthropology*, Ithaca and London 1989
- AUNE, ANNE: *Avkriminalisering av leiermål. Ein studie av lov og rettspraksis i leiermålssaker i Nedre Telemark sorenskriveri 1727-1797*, (Tingbokprosjektet) Oslo 1994.
- BECCARIA, CESARE: *On Crimes and Punishment and other Writings*, Cambridge University Press 1995
- BENDIXEN, B.E.: "Legater og stiftelser, sykekasser, understøttelsesforeninger og lader" i *Bergen 1814-1914*, band II, Bergen 1915,
- BING, JUST: *Aarstads historie*, Bergen 1922,
- BLOM, IDA: "Sosialisering av barn i Norge på 1800-tallet. Teori, metode og kildebruk" i *Dugnad* 2/3 –1982
- BLUMSTEIN, ALFRED m.fl. (red). *Criminal Careers and "Career Criminals"*, National Academy Press, Washington D.C. 1986
- BOGE, CECILIE: *Handverkaren, sveinen og drengen. Ei undersøkjing av sosiale forhold på Nordnes på 1800-talet*, Mellomfagsoppgåve i historie, UiB 1996 (<http://web.hist.uib.no/mfag/cecilie/index.html>)
- BRAITHWAITE, JOHN: *Crime, shame and reintegration*, Cambridge University Press 1989
- BRIGGS, JOHN & HARRISON, CHRISTOPHER & MCINNES, ANGUS & VINCENT, DAVID: *Crime and punishment in England. An introductory history*, London 1996,
- BUGGE, KJELD: *Fullbyrdelsen av frihetsstraff i det 18. Århundre*, Oslo 1969,
- BULST, NEITHARD: "Prosopography and the Computer: Problems and Possibilities" i *History and Computing II*, Manchester and New York 1989
- CHESNEY, KELLOW: *The Victorian Underworld. A fascinating re-creation*, London 1970
- CHRISTIE, NILS: *Hvor tett et samfunn*, Universitetsforlaget 1982, 2. reviderte utgåve
- CHRISTIE, NILS: *Tvangsarbeid og alkoholbruk*, Universitetsforlaget, Oslo-Bergen 1960,
- CLARKE, JOHN, HALL, STUART, JEFFERSON, TONY OG ROBERTS, BRIAN: *Subcultures, Cultures and Class, Resistance Through Rituals. Youth subcultures in post-war Britain.*, London 1975
- D'CRUZE, SHANI: Sex, "Violence and Local Courts. Working-Class Respectability in a Mid-Nineteenth-Century Lancashire Town" i *The British Journal of Criminology*, Vol 39 No 1. Special Issue 1999
- DAHL, OTTAR: "Noen teoretiske problemer i sosialhistorien" i *Historisk Tidsskrift* bd. 37, Oslo 1955
- DAHL, TOVE STANG: *Barnevern og samfunnsansvar. Om stat, vitskap og profesjoner under barnevernets oppkomst i Norge*, Oslo 1978
- DAVIES, A & PEARSON, G: "Introduction" i *The British Journal of Criminology*, Vol 39 No 1. Special Issue 1999
- DAVIES, ANDREW: "These Viragoes Are No Less Cruel Than The Lads'. Young Women, Gangs and Violence in Late Victorian Manchester and Salford" i *The British Journal of Criminology*, Vol 39 No 1. Special Issue 1999
- DAVIS, JENNIFER: "The Londond Garotting Panic of 1862: A Moral Panic and the Creation of

- a Criminal Class in Mid-Victorian England” i *Crime and the Law. The Social History of Crime in Western Europe since 1500*, London 1980
- DE LANGE, HJ.: “Bergens Fattigvæsen” i *Bergen 1814-1914*, band II, Bergen 1915
- DØSSLAND, ATLE: ”Frå 1800 til 1914”, band 4 i *Strilesoga. Nord- og Midhordland gjennom tidene*, Eide forlag 1999
- EGHOLM, LIV: “Mikrohistorie” i *Den Jyske Historiker*, Nr 85/1999
- EIDE, ERLING: *Kriminaløkonomi*, Rogaland Mediesenter, 1994,
- ELIAS, NORBERT: *The Civilizing Process*, Oxford 2000, Revised edition 2000
- ELLINGSEN, VEGARD: “Kristiania tukthus gjennom 200 år” i *St. Hallvard* 1986
- ELLINGSEN, VEGARD: *Kvinner og kriminalitet. En undersøkelse av innsatte ved landsfengslet for kvinner i perioden 1881-1902*, Utrykt hovudfagsoppgåve i historie, Oslo 1985
- EMSLEY, CLIVE & KNAFLA, LOUIS A. (RED.): *Crime history and histories of crime*, Greenwood Press 1996
- EMSLEY, CLIVE: *Crime and Society in England 1750-1900*, London - New York 1987
- EMSLEY, CLIVE: *The English Police. A Political and Social History*, London-New York 1996, 2. utgåve
- ENGLUND, ANNE-LISE: *Lovovertredere på Botsfengslet i Christiania 1851-58. En sosialhistorisk undersøkelse*, Utrykt hovudfagsoppgåve i historie, Oslo 1979
- ERIKSTAD, MARIANNE & THORVALDSEN, GUNNAR: ”Koding av yrker” i *Heimen*, 4/1998
- ERTRESVAAG, EGIL: ”Et bysamfunn i utvikling 1800-1920”, band 3 i *Bergen bys historie*, Bergen 1995
- ERTRESVAAG, EGIL: ”Et bystrøk blir til. Utbyggingen av Krohnengen og Wesselengen 1868-1900”, *Bergen Historiske Forenings Skrifter*, 1979, 77-78
- FOSSEN, ANDRS BJARNE OG ERTRESVAAG, EGIL: *Til Indvohnernes større Sikkerhed. Bergen Politikammer 1692-1992*, Bergen 1992
- FOUCAULT, MICHAEL: *Overvåking og straff. Det moderne fengselssystemets fremvekst.*, Oslo 1995, 2. utgåve.
- FÄLLSTRÖM, ANNE-MARIE: *Konjunktur och kriminalitet. studier i Göteborgs sociala historia 1800-1840*, Gøteborg 1974
- GARLAND, DAVID: *Punishment and Modern Society. A Study in Social Theory*, Oxford 1990
- GATRELL, V.A.C.: “Crime, authority and the police-man state”, band 3 i *The Cambridge Social History of Britain 1750-1950*, Cambridge University Press 1990
- GATRELL, V.A.C.: “The Decline of Theft and Violence in Victorian and Edwardian England” i *Crime and the Law. The Social History of Crime in Western Europe since 1500*, London 1980
- GATRELL, V.A.C.: *The Hanging Tree. Execution and the English People 1770-1868*, Oxford University Press 1994
- GELDER, KEN & THORNTON, SARAH (red): *The Subcultures Reader*, Routledge, London - New York 1997
- GJELSVIK, ERLING: *Jakten på Gjest - en biografi*, Oslo 2000
- GODFREY, BARRY: “Law, Factory Discipline and 'Theft'. The Impact of the Factory on Workplace Appropriation in Mid to Late Nineteenth-Century London” i *The British Journal of Criminology*, Vol 39 No 1. Special Issue 1999
- GRANRUD, BENTE: *Folkelig bykultur i Christiania. En analyse av ordenssaker i politiretten 1745-1800*, (Tingboksprosjektet) Oslo 1998
- GREENSTEIN, DANIEL I: “Multi-sourced and Integrated Databases for the Prosopographer” i *History and Computing III: Historians, Computers and Data. Applications in Research and Teaching*, Manchester University Press, Manchester and New York, 1990,
- HAGELSTEEN, J.: ”Skibsfart og handel”, band 3 i *Bergen 1814-1914*, Bergen 1919
- HANSEN, ERIK: “Prostitutionen 1878-1906” i *Sociale studier. Kriminalitet, prostitusjon og fattigdom i Århus ca. 1870-1906*, Århus 1975
- HARAVEN, TAMARA K & MASAOKA, KANJI: “Turning points and transitions: perceptions of

- the life course” i *Journal of Family History*, Volume 13, No 3, JAI Press Inc 1988
- HARRIS, CHRISTOPHER JOHN: ”’Forsømte, moralske fordærvede og forvildede børns redning’ - eit lite omtalt kapittel frå Bergensarane og Strilane sin kvardag på 1800-talet” i *Frå Fjon til Fusa* 1994
- HARRIS, CHRISTOPHER JOHN: ”Fra Faldne Kvinder til Dyktige Piger” i *Bergensposten* nr1/2000
- HARVEY, CHARLES & PRESS, JON: *Databases in Historical Research*, Macmillan Press 1996
- HAUGE, RAGNAR: ”...og alskens elendighet” i *Rus & avhengighet*, 4/2000
- HAUGE, RAGNAR: *Fra fattigforsorg til kriminalomsorg*, Universitetsforlaget 1974
- HAUGE, RAGNAR: *Gjengkriminalitet og ungdomskulturer*, Universitetsforlaget 1968
- HAUGE, RAGNAR: *Kriminalitetens årsaker: utsnitt av kriminologiens historie*, Universitetsforlaget, Oslo 1990
- HAUGE, RAGNAR: *Straffens begrunnelse*, Oslo 1996
- HAUGAARD JENSEN, JENS: ”Kriminaliteten i slutningen af det 19. Århundrede” i *Sociale studier. Kriminalitet, prostitusjon og fattigdom i Århus ca. 1870-1906*, Århus 1975
- HAY, DOUGLAS m.fl.: *Albion's fatal tree. Crime and Society in Eighteenth-Century England*, London 1975
- HEATHCOTE, FRANK: ”Social disorganisation theories” i *Crime and Society. Readings in History and Theory*, The Open University Press, 1981,
- HOLME, JØRN: *Fra amtmann til statsadvokat. Om overgangen til en selvstendig påtalemyndighet*, Oslo 1985
- HOOD, ROGER & JOYCE, KATE: ”Three Generations. Oral Testimonies on Crime and Social Change in London's East End” i *The British Journal of Criminology*, Vol 39 No 1. Special Issue 1999
- HOPE, OLA: ”’Dødsstraffen tilhører den svage (...) Stat’. Dødsstraffdebatten i Noreg frå 1868 til 1902”, Utrykt hovudfagsoppgåve i historie, Bergen 2001
- IGNATIEFF, MICHAEL: *A Just Measure of Pain: The Penitentiary in the Industrial Revolution*, London 1978
- IGNATIEFF, MICHAEL: ”State, Civil Society and Total Institutions: A Critique of Recent Social Histories of Punishment” i *Social Control and the State. Historical and Comparative Essays*, Oxford 1983
- IGNATIEFF, MICHAEL: ”The ideological origins of the penitentiary” i *Crime and Society. Readings in History and Theory*, The Open University Press 1981
- JOHANSEN, KARL EGIL: ”Strilesamfunn i oppbrot 1865-1914”, band 4 i *Strilesoga. Nordhordland & Midhordland gjennom tidene*, Bergen 1999
- JOHASZ, LAJOS: ”Fengselsreform og rådhusarresten” i *St. Hallvard* 1986
- JOHNSON, ERIC A.: *Urbanisation and Crime*, Cambridge University Press 1995
- JONES, GARETH STEDMAN: *Outcast London : a study in the relationship between classes in Victorian society*, Oxford 1971
- JONES, GARETH STEDMAN: ”The Threat of outcast London” i *Crime and Society. Readings in History and Theory*, The Open University Press 1981
- KIIL, ALF: *Arkivkunnskap - Statsarkiva*, Universitetsforlaget 1987
- KING, PETER: ”Locating Histories of Crime. A Bibliographical Study” i *The British Journal of Criminology*, Vol 39 No 1. Special Issue 1999
- KNUDSEN, KNUST ARILD: *Kriminalitet i Trondheim 1875-1885*, Utrykt hovudfagsoppgåve i historie, Trondheim 1997
- KOPPERDAL, BENTE: *Kriminalitet og nettverk. Ei undersøking av nettverka rundt ei gruppe innsette på Tukthuset i Bergen*, prosjektoppgåve i Edb og historie, Bergen 1999 (Url: <http://web.hist.uib.no/delfag-h99/kopperdal/>)
- KOPPERDAL, BENTE: *Prostituerte kvinner i Bergen 1865-1900*, Upublisert basisoppgåve i historie, Bergen 2000
- KRISTIANSEN, OSCAR: *De fattige i Norge*, Oslo 1934

- KYVSGAARD, BRITTA: *Den kriminelle karriere*, Jurist- og Økonomiforbundets Forlag, (København) 1998
- LANGHOLM, SIVERT: "Historie på individnivå. Omkring Ullensakerundersøkelsen, et mikrohistorisk eksperiment" i *Historisk Tidsskrift*, 1974,
- LANGHOLM, SIVERT: "The Scope of Micro-History" i *Scandinavian Journal of History* 1/1976
- LEEUWEN, MARCO G.D. VAN: Bokmelding av Catharina Lis and Hugo Soly, "Disordered lives: eighteenth century families and their unruly relatives" (Oxford: Polity Press, 1996) i *Continuity and Change*, Vol 14/2, 1999
- LIS, CATHARINA & SOLY, HUGO: *Disordered Lives. Eighteenth-Century Families and their Unruly Relatives*, Polity Press 1996
- MAYHEW, HENRY: "A visit to the rockery of St Giles and it's neighbourhood" i *Crime and Society. Readings in History and Theory*, The Open University Press 1981
- MCLYNN, FRANK: *Crime and Punishment in Eighteenth-century England*, London - New York 1989,
- MELBY, KARI: *Prostitusjon og kontroll: en analyse av debatten om prostitusjon, kontroll av prostituerte kvinner og venerisk sykdom i Kristiania 1860-1900*, Utrykt hovudfagsoppgåve i historie, Oslo 1977
- MIDRÉ, GEORGES: "Bot, bedring eller brød? Om bedømming og behandling av sosial nød fra reformasjonen til folketrygden" i *Studier i jus og samfunnsvitenskap* 3, Universitetsforlaget 1990
- MILDE, LASSE: *Politihistorier og Fortællinger fra Retter i Bergen*, Bergen 1914
- MONKKONEN, ERIC H.: *The Dangerous Class. Crime and Poverty in Columbus, Ohio, 1860-85*, Harvard University Press 1975
- MORRIS, NORVAL & ROTHMAN, DAVID J.: *The Oxford History of the Prison*, Oxford University Press 1998
- MUNCIE, JOHN & FITZGERALD, MIKE: "Humanising the deviant: affinity and affiliation theories" i *Crime and Society. Readings in History and Theory*, The Open University Press 1981
- MYRAN, HENRIK OG FASTING, KÅRE: *Herfra går skibe. Aksjeselskabet Bergen Mekaniske Versksteder 1855-1955*, Bergen 1955
- NATIONAL ARCHIVES AND RECORDS ADMINISTRATION: "Using the Census Soundex" i *General Information Leaflet 55*, Washington, DC. 1997
- NEDREBØ, YNGVE: *Kilder om sjøfolk ved Statsarkivet i Bergen*, Statsarkivet i Bergen 1999
- NISSEN, HARTVIG: *Øie for øie, tann for tann? Skiftende syn på straff og fangebehandling*, Oslo 1934
- NYGÅRD, LARS: "Name Standardization in record Linking: An Improved Algorithmic Strategy" i *History and Computing*, 2/1992
- NYHUS, RAGNHILD: "Kriminalitet og straffesyn på 1800-tallet: Slaveri, tukthus og botsfengsel" i *St. Hallvard* 1986
- NÆSHAGEN, FERDINAND LINTHOE: *Fra selvtekt til demokratisk politi. En komparativ studie av rettshåndhevelsens historie i Vesten*, Politihøgskolen, 5/1999
- OLSEN, JULIUS: "Politivæsen, strafferetspleien, fængsel, strafanstalter m.v.", band I i *Bergen 1814-1914*, Bergen 1914
- OMSTED, ARNE: "Prinds Christian Augusts Minde". *En historisk fremstilling*, Kristiania 1911
- OMSTED, ARNE: *Fra Mangelsgården til Sing-Sing. Iakttagelser og erfaringer hjemme og ute*, Oslo 1949
- PEDERSEN, MERETE BØGE: *Den reglementerede prostitution i København 1874-1906*, Københavns Universitet 2000
- RAFTO, THOROLF T.: "Bergen og omland 1840-1870. Et omskifte" i *Bergen Historiske Forenings Skrifter*, 59/1953
- RAWLINGS, PHILIP: *Crime and Power. A History of Criminal Justice 1688-1998*, Longman



- 1999
- RENTON, SIMON: "City crowds and criminal history" i *Journal of Urban History*, Vol. 24, No. 1, Nov. 1997
- ROTHMAN, DAVID: "Perfecting the Prison: United States, 1789-1965" i *The Oxford History of the Prison. The Practise of Punishment in Western Society*, Oxford University Press 1998
- ROTHMAN, DAVID: *The Discovery of the Asylum. Social Order and Disorder in the New Republic*, Boston-Toronto-London 1990. Revidert utgåve, første gong utgitt 1971
- ROUSSEAUX, XAVIER: "From Medieval Cities to National States, 1350-1850: The Historiography of Crime and Criminal Justice in Europe" i *Crime history and histories of crime*, Greenwood Press 1996
- SALMONSENS KONVERSATIONSLEKSIKON, Bind IX, København 1920
- SAMPSON, ROBERT J & LAUB, JOHN H.: "Crime and deviance over the life course: The salience of adult social bonds" i *American Sociological Rreview*, Vol55/1990
- SANDBERG, ØYSTEIN: *Bergensk håndverk og industri gjennom hundre år*, Bergen 1945
- SANDMO, ERLING: "Foucaults fengsel" i *Historisk Tidsskrift*, 1/1992
- SANDMO, ERLING: "Sosial kontroll og konflikthåndtering i førindustriell tid. Domstolene som arena for normativ og sosial interaksjon i Norden ca. 1550-1850" i *Normer og sosial kontroll i Norden ca. 1550-1850*, rapport II frå Det 22. nordiske historikermøte, Oslo 1994
- SANDMO, ERLING: *Mordernes forventninger. Kriminalitetshistoriske essay*, Oslo 1998
- SANDMO, ERLING: *Tingets tenkemåter. Kriminalitet og rettssaker i Rendalen 1763-97*, Oslo 1992
- SANDNES, JØRN: *Kniven, ølet og æren. Kriminalitet og samfunn i Norge på 1500- og 1600-tallet*, Universitetsforlaget 1990
- SANDVIK, HILDE: "Tidlig moderne tid i Norge. 1500-1800" i *Med kjønnspektiv på norsk historie. fra vikingtid til 2000-årsskiftet*, Oslo 1999
- SCHIØTZ, AINA: *Prostitusjonen i Kristiania ca. 1870-1890. En sosialhistorisk undersøkelse*, Utrykt hovudfagsoppgåve i historie, Oslo 1977
- SCHWEIGAARD, ANTON MARTIN: *Commentar over den norske Criminallov*, 1. del, Christiania 1860
- SCHWEIGAARD, ANTON MARTIN: *Den norske Proces*. Andet Bind, Christiania, 1858
- SCHWEIGAARD, ANTON MARTIN: *Den norske proces*. Andet Bind Christiania 1872
- SCHWEIGAARD, ANTON MARTIN: *Den norske Proces*. Andet Bind, Christiania, 1883
- SCHWEIGAARD, ANTON MARTIN: *Den norske Proces*. Første Bind, Christiania 1891
- SCHÜRER, KEVIN, OEPPEN, JIM & SCHOFIELD, ROGER: "Theory and Methodology: an Example from Historical Demography" i *History and Computing II*, Manchester University Press, 1989,
- SEIP, ANNE-LISE: *Sosialhjelpstaten blir til. Norsk sosialpolitikk 1740-1920*, Oslo 1994 (2. utgåve)
- SEJERSTED, FRANCIS: "Demokrati og rettsstat – et perspektiv på 1800-tallets politiske brytninger" i *Historisk Tidsskrift* 58/1979.
- SHORE, HEATHER: "Cross Coves, Buzzers and general sorts of Prigs. Juvenile Crime and the Criminal 'Underworld' in the Early Nineteenth Century" i *The British Journal of Criminology*, Vol 39 No 1. Special Issue 1999
- SHORE, HEATHER: *Artful dodgers: youth and crime in early nineteenth century London*, Woodbridge 1999
- SLEIPNES, JORUNN: *Kriminalitet i Tromsø 1891-1897. En kriminalhistorisk undersøkelse*, Utrykt hovudfagsoppgåve i historie, Tromsø 1984
- SLYNGSTAD, MARIT: *Ulydighet og straff*, (Tingbokprosjektet) Oslo 1994
- SOGNER, S. & ØSTERBERG, E.: *People meet the Law. Control and Conflict-Handling in the Courts*, Universitetsforlaget, 2000
- SPIERENBURG, PIETER: *The Spectacle of Suffering: Executions and the Evolution of Repression*, Cambridge 1984

- STATISTISK SENTRALBYRÅ: *Kriminalitet og rettsvesen*, Statistisk sentralbyrå 1997 (3. utgåve)
- STEVENSON, S.J.: *The 'Criminal Class' in the Mid-Victorian City*, Oxford 1983, Utrykt dr.avh.
- STONE, LAWRENCE: *Prosopography. Historical Studies Today*, New York, 1972,
- STONE, LAWRENCE: "The past and present revisited", Routledge & Kegan Paul, London and New York 1987
- SUNDT, EILERT: *Beretning om Fante- eller Landstrygerfolket i Norge*, Christiania 1852
- SUNDT, EILERT: *Om Fattigforholdene i Christiania*, Oslo 1978 [Christiania 1870]
- SYDNES, KÅRE: *Bergen politi. Politi og vakthold i Bergen i gammel og ny tid*, Bergen 1949
- SØRENSEN, MARIE T.: "Saa udspekulerede Tyveknegte". *Kriminelle barn – en analyse av kriminalstatistikk 1860-1899 og rettsaker i Kristiansand i 1874-1889*, Utrykt hovudfagsoppgåve i historie, Bergen 2001
- TAYLOR, DAVID: *Crime, policing and punishment in England, 1750-1914*, New York 1998
- THOMAS, DONALD: *The Victorian Underworld*, London 1998
- THORSRUD, ANNE MARIT: "Kampen om løsgjengerloven" i *Rus & avhengighet*, 4/2000
- THORVALDSEN, GUNNAR: *Migrasjon i Troms i annen halvdel av 1800-tallet. En kvantitativ analyse av folketellingene 1865, 1875 og 1900*, Utrykt doktoravhandling, Tromsø 1995
- THRAP, D.: "Bergens Strafanstalter i 1850-60 Aarene" i *Bergens Historiske Forenings Skrifter*, 18/1912
- THUEN, HARALD: *Nu skal der begyndes et nyt liv. Om etablering av barneasyl og forbedringsanstalter i det forrige århundret*, Lillehammer 1986
- THUEN, HARALD: "Oppdragelse eller straff. Oppdragelsesanstalter i Norge 1840-1950" i *Takten, takten pass på takten. Studier i den offentlige oppdragelsens historie*, Oslo, 1992,
- TOBIAS, J.J.: *Crime and Industrial Society in the Nineteenth Century*, Penguin Books 1972
- TOLLEFSEN, SIGRID: '...den ukjærligste Haardhed...' *Barnedrap i Norge 1850-1855*, Utrykt hovudfagsoppgåve i historie, Bergen 1994
- USTVEDT, YNGVAR: *Slavene på Akershus. Historien om vårt strengeste fengsel*, Oslo 1999
- UTNE, BJØRN: "Den Kombinerte Indretning. En sosial-politisk pakkelsesløsning fra 1800-tallets Stavanger I" i *Stavanger Museums Årbok* 1980
- UTNE, BJØRN: "Den Kombinerte Indretning. En sosial-politisk pakkelsesløsning fra 1800-tallets Stavanger II" i *Stavanger Museums Årbok* 1981
- UTNE, BJØRN: "Den Kombinerte Indretning. En sosial-politisk pakkelsesløsning fra 1800-tallets Stavanger III" i *Stavanger Museums Årbok* 1982
- VAARDAL, HELGE: *Samfunn og kriminalitet i Indre Sogn og Sunnfjord 1820-29*, Utrykt hovudfagsoppgåve i historie, Bergen 1995
- WALTON, JOHN K. m.fl.: "Crime, Migration and Social Change in North-West England and the Basque Country, C. 1870-1930" i *The British Journal of Criminology*, Vol 39 No 1. Special Issue 1999
- WEAVER, JOHN C.: *Crimes, constables and courts Order and Transgression in a Canadian City, 1816-1970*, McGill-Queen's University Press 1995
- WHYTE, WILLIAM FOOTE: *Street Corner Society. The social structure of an Italian slum*, London-Chicago 1993, (4. utgåve)
- WIENER, MARTIN J.: *Reconstructing the Criminal. Culture, Law, and Policy in England, 1830-1914*, Cambridge University Press, 1990,
- WIESENER, ANTHON M.: "Bergen Borgervæpning, Bergen 1814-1914", band I i *Bergen 1814-1914*, Bergen 1914
- WIESENER, ANTHON M.: "Fængsels- og arrestforhold i gamle Dage i Bergen" i *Bergens Historiske Forenings Skrifter*, 21/1915
- WINCHESTER, IAN: "What Every Historian Needs to Know About Record Linkage for the Microcomputer Era" i *Historical Methods*, Fall 1992, Vol.4, number 4.
- WITSØ, ASTRID: *Prostitusjon i Trondheim i 1870- og 80-åra*, Utrykt hovudfagsoppgåve i historie, Trondheim 1983
- ÖSTERBERG, EVA: "Våld och ära, böter och skam. Kriminalitet och straff i Sverige från

---

medeltid till nutid" i *Kriminalitet Kultur Kontroll - an entologi*, Stockholm 1996



# FIGURAR

Figur 2-1: Befolkningsutvikling i Bergen 1801-1900 .....	9
Figur 2-2: Kart over Bergen 1864 (UBB: Handberg, P: Kart over Bergen med Omegn, Bergen 1864.).....	10
Figur 2-3: Kart over Nordhordland og Midhordland. (Kartet er basert på NOS B.134 Folketeljinga 1801, Ny bearbeiding, Oslo 1980 og er utarbeidd av Jørgen H. Martinsen ved Riksarkivet).....	19
Figur 3-1: Kart over sanksjonsanstaltar i Bergen .....	36
Figur 3-2: Fængslet i Bergen.....	38
Figur 3-3: Tukthuset i Bergen .....	42
Figur 3-4: Slaveriet på Bergenhus festning .....	46
Figur 3-5: Tvangsarbeidsanstalten i Bergen.....	59
Figur 4-1: Talet på idømde fridomsstraffar i Norge 1836-75.....	69
Figur 4-2: Tiltalte pr 10 000 innb. for brotsverk i Norge 1825-1885. I femårsgrupper.....	71
Figur 4-3: Årleg tal på tiltalte pr 10 000 av menn og kvinner i dei ulike aldersklassane 1861-85 .....	74
Figur 4-4: Maksimum debutalder ved innsetjing i Botsfængslet 1851-58. Prosentvis fordelt .....	76
Figur 4-5: Fordeling av lovbrott i ulike aldersgrupper 1861-85. Menn.....	77
Figur 4-6: Fordeling av lovbrott i ulike aldersgrupper 1861-85. Kvinner .....	77
Figur 4-7: Tal på returar til straffearbeid for innsette i straffearbeidsanstaltar 1876-95. Prosentvis fordelt..	84
Figur 4-8: Tid frå lauslating til retur for innsette straffangar 1876-95 med retur. Akkumulert prosent. ....	86
Figur 4-9: Innsette i tvangsarbeidsanstalten i Christiania 1853-68 og fridomsstraffa i Christiania 1860-68 .....	90
Figur 4-10: Innsette i tvangsarbeidsanstalten i Stavanger 1859-92 og fridomsstraffa i Stavanger 1866-78.....	91
Figur 5-1: Framgangsmåte ved kjeldelenking .....	132
Figur 6-1: Fridomssanksjonar i Bergen 1766-1900.....	145
Figur 6-2: Fridomssanksjonar i Bergen 1850-75.....	146
Figur 6-3: Innsette i fængslet 1850-75. Menn og kvinner.....	148
Figur 6-4: Prosent med ukjend bustad ved innsetjing i fængslet 1850-75.....	150
Figur 6-5: Innsette i fængslet 1850-75 prosentvis fordelt etter bustad.....	153
Figur 6-6a: Aldersfordeling på menn innsett i fængslet 1850-75 etter fødestad .....	159
Figur 6-6b: Innsette menn i fængslet prosent av dei same aldersgruppene i folketeljinga 1865 etter fødestad...	159
Figur 6-9a: Aldersfordeling på kvinner innsett i fængslet 1850-75 etter fødestad .....	161
Figur 6-9b: Innsette kvinner i fængslet prosent av dei same aldersgruppene i folketeljinga 1865 etter fødestad. ....	161
Figur 6-10: Fængsla menn fordelt på aldersgrupper over tid .....	163
Figur 6-11: Tal på gutar og unge menn i Bergen tiltalte for brotsverk 1866-75.....	164
Figur 6-12: Ulike typar lovbrott sin andel av innsetjingar i fængslet i Bergen 1850-75 .....	169
Figur 6-13: Bøtesoning.....	173
Figur 6-14: Prosent innsette i fængslet for mulkter 1850-75.....	173
Figur 6-15: Fængslingstid i snitt pr innsett og samla for alle innsette 1850-75. I dagar. ....	177
Figur 6-16: Innsette i tukthuset 1850-75 .....	180
Figur 6-18a: Aldersfordeling på menn innsett i tukthuset 1850-75.....	185
Figur 6-18b: Innsette menn i tukthuset i prosent av dei same aldersgruppene i folketeljinga 1865.....	185
Figur 6-20a: Aldersfordeling på kvinner innsett i tukthuset 1850-75 .....	186
Figur 6-20b: Innsette kvinner i tukthuset prosent av dei same aldersgruppene i folketeljinga 1865.....	186
Figur 6-21: Gjennomsnittleg straffelengd i månader på tukthuset 1850-75. Flytande gjennomsnitt på 3 år.....	194
Figur 6-22: Antal innsette i slaveriet i Bergen 1851-78 .....	198
Figur 6-23: Innsette i ulike aldersgrupper prosentvis fordelt på ulike straffeanstaltar. Menn og kvinner innsett 1850-75.....	209
Figur 6-24: Tal på menn i ulike aldersgrupper innsett i straffeanstaltar i prosent av folketalet i Bergen 1865 i dei same aldersgruppene .....	210
Figur 6-25: Tal på kvinner i ulike aldersgrupper innsett i straffeanstaltar i prosent av folketalet i Bergen 1865 i dei same aldersgruppene .....	211
Figur 7-1: Innsette på tvangsarbeid i Bergen 1850-88 .....	213
Figur 7-2: Gjennomsnittleg belegg på tvangsarbeidsanstalten samla den første kvar månad 1851-751 .....	215
Figur 7-3: Belegg ved tvangsarbeidsanstalten den første kvar månad 1851-75. Antal og flytande gjennomsnitt 12 månader.....	215
Figur 7-4: Aldersfordeling på innsette i tvangsarbeidsanstalten 1850-75 .....	223
Figur 7-5: Tvangsinnsetjingar 1850-75 i ulike aldersgrupper i prosent av folketeljinga 1865. Menn.....	224

Figur 7-6: Alder ved innsetjing 1850-75 på tvangsarbeidsanstalten i prosent av alder i folketeljinga 1865. Kvinner.....	224
Figur 7-7: Gjennomsnittleg innsetjingstid i månader på tvangsarbeidsanstalten 1850-75, fordelt på kjønn .....	247
Figur 7-8: Samla innsetjingstid på tvangsarbeidsanstalten 1850-75 i månader .....	248
Figur 9-1: Debutalder og karrierelengd i bergenske anstaltar (straffeanstaltar og tvangsarbeidsanstalten). Innsette med tilknytning til Stor-Bergen og debut 1855-70.....	273
Figur 9-2: Tal på debutantar i bergenske straffeanstaltar 1855-75 .....	281
Figur 9-3: Straffedebutantar i ulike aldersgrupper i prosent av folketeljinga 1865. Menn med bergensstilknytning .....	283
Figur 9-4: Straffedebutantar i ulike aldersgrupper i prosent av folketeljinga 1865. Menn med bergensstilknytning og dom i Bergen.....	284
Figur 9-5: Alder ved debut på straffeanstalt i prosent av alder i folketeljinga 1865. Kvinner med bergensstilknytning .....	285
Figur 9-6: Born i pleie hjå "Foreningen" 1855-75 .....	292
Figur 9-7: Antal debutantar på tvangsarbeidsanstalten 1855-75.....	294
Figur 9-8: Mannlege tvangsdebutantar i ulike aldersgrupper i prosent av folketeljinga 1865. Menn med debut 1855-75 .....	296
Figur 9-9: Alder ved debut på tvangsarbeidsanstalten i prosent av alder i folketeljinga 1865. Kvinner med debut 1855-75 .....	297
Figur 9-10: Fordeling av debutantar og residivistar ved bergenske straffanstaltar 1855-75 .....	308
Figur 9-11: Andel residivistar mellom innsette på tvangsarbeidsanstalten 1855-75 .....	315
Figur 9-12: Karrierelengd for mannlege straffedebutantar 1855-64 .....	318
Figur 9-13: Karrierelengd for kvinnelege straffedebutantar 1855-64 .....	318
Figur 9-14: Lengd på tvangskarriere for kvinner med debut 1855-64 .....	324
Figur 9-15: Lengd på tvangskarriere for menn med debut 1855-64 .....	325
Figur 9-16: Antal som avslutta straffeanstaltkarriere ulike år.....	328
Figur 9-17: Karrierelengd på straffeanst. etter avslutningsalder. Kvinnelege residivistar med debut 1855-64 ..	332
Figur 9-18: Karrierelengd på straffeanst. etter avslutningsalder. Mannlege residivistar med debut 1855-64 ....	332
Figur 9-19: Antal som avslutta tvangskarrierer ulike år .....	333
Figur 9-20: Karrierelengd på tvangsarb. etter avslutningsalder. Kvinnelege residivistar med debut 1855-64 ...	335
Figur 9-21: Karrierelengd på tvangsarb. etter avslutningsalder. Mannlege residivistar med debut 1855-64 .....	336
Figur 9-23a: Anstalt ved x-te innsetjing. Straffedømde menn med debut 1855-65 og minst fem innsetjingar...	382
Figur 9-23b: Anstalt ved x-te innsetjing. Menn tvangslemmar med debut 1855-65 og minst fem innsetjingar	382
Figur 9-24: Anstalt ved x-te innsetjing. Straffedømde kvinner med debut 1855-70 og minst tre innsetjingar.. .....	386
Figur A-1: Databasestruktur for fengslet .....	429
Figur A-2: Databasestruktur for tukthuset .....	430
Figur A-3: Databasestruktur for slaveriet .....	431
Figur A-4: Databasestruktur for tvangsarbeidsanstalten.....	432
Figur A-5: Lenkevindaage. Fengsel mot SuperPerson .....	433
Figur A-6: Lenkevindaage. SuperPerson mot folketeljinga 1865 (Bergen).....	433
Figur A-7: Debut og karrierelengd for innsette i bergenske anstaltar 1855-75.....	440

## TABELLAR

Tabell 4-1: Dømde for justisforbrytelsar i Norge pr 10 000 innb. ....	72
Tabell 4-2: Straffereaksjon på justisforbrytelsar i Norge 1862-75. Prosentvis fordelt på straffereaksjon. ....	73
Tabell 4-3: Type justisforbrytelse 1861-85 etter kjønn for Norge. prosentvis fordelt på lovbrøt .....	73
Tabell 4-4: Tal på dommar for personar som sat i straffearbeidsanstaltar ved utgangen av åra 1834-39. ....	79
Tabell 4-5: Antal innsette i straffearbeidsanstaltar 1876-85 med straff frå før .....	79
Tabell 4-6: Antal straffearbeidsfangar som returnerte innan tre år etter type lovbrøt 1873-83.....	80
Tabell 4-7: Årsaker til innsetjing på tvangsarbeidsanstalten i Christiania 1853-68.....	92
Tabell 4-8: Alder ved debut på tvangsarbeidsanstalten i Christiania i 1869 .....	93
Tabell 5-1 : Supplementært kjeldemateriale registrert digitalt.....	126
Tabell 5-2: Soundex-kodar .....	128
Tabell 5-3: Normeringsprinsipp.....	130
Tabell 5-4: Tal på postar i ulike kjelder med opplysningar om fødestad og -år.....	137
Tabell 5-5: Prosent Avvik i fødeår i ulike kjelder frå dâp i kyrkjebok. N=772 døypte i Bergen.....	137

Tabell 5-6: Avvik i fødeår i ulike kjelder frå dåp i kyrkjebok. N=772 døypte i Bergen .....	138
Tabell 5-7: Resultat av lenking – tal på hendingar i karrieretabell.....	140
Tabell 6-1: Bustad for innsette i fengslet 1850-75. Prosentvis fordelt .....	151
Tabell 6-2: Innsette i fengslet frå Strilelandet 1850-75 .....	152
Tabell 6-3: Jurisdiksjon ved innsetjing i fengslet 1850-75.....	155
Tabell 6-4: Innsette i fengslet i Bergen 1850-75 etter bustad og brotsstad.....	156
Tabell 6-5: Aldersfordeling for innsette i straffeanstaltar i Bergen samanlikna med aldersfordelinga over personar tiltalte for forbrytelsar i Norge 1861-75 .....	158
Tabell 6-6: Sentralmål for alder på innsette i fengslet i Bergen 1850-75 etter bustad.....	160
Tabell 6-7: Andel menn med alder under og over 30 år og med Bergen som bustad etter fødestad .....	162
Tabell 6-8: Aldersfordeling for innsette i fengslet før og etter 1867 .....	162
Tabell 6-9: Oppgitte yrkesnemningar til innsette i fengslet i Bergen 1850-75.....	166
Tabell 6-10: Årsak til fengsling 1850-75 i prosent. Menn og kvinner .....	170
Tabell 6-11: Årsak til innsetjing i fengslet for menn prosentvis fordelt etter utvalde yrke .....	171
Tabell 6-12: Sentralmål over alder ved innsetjing i fengsel for ulike lovbrott .....	171
Tabell 6-13: Sentralmål over alder i fengslet før og etter 1867 .....	171
Tabell 6-14: Årsaker til bøteleggjing ved bøtesoning .....	174
Tabell 6-15: Sentralmål og spreing for fengslingsdagar ved innsetjing i fengslet 1850-75 .....	176
Tabell 6-16: Gjennomsnittleg tal på straffedagar i fengslet 1850-75 etter årsak til innsetjing .....	176
Tabell 6-17: Kjennskap til bustad/heimstad ved innsetjing i tukthus. Maks to år i tidsavstand mellom innsetjing og annan kjelderegistrering av bustad/heimstad. Innsette 1850-75 .....	181
Tabell 6-18: Fødestad for innsette i tukthuset 1850-75 .....	181
Tabell 6-19: Jurisdiksjon/domstol ved innsetjing i tukthuset 1850-75 .....	182
Tabell 6-20: Idømde tukthusstraffar 1866-68 i jurisdiksjonar i Bergen tukthus' område .....	183
Tabell 6-21: Sentralmål og spreing for alder. Tukthuset 1850-75.....	185
Tabell 6-22: Årsaker til innsetjing i tukthuset i Bergen 1850-75 .....	188
Tabell 6-23: Innsette for tjuveri (kap. 19) 1850-75 og kombinasjonar med andre lovbrott.....	188
Tabell 6-24: Innsette på tukthuset 1850-75 etter straffelovas kapittel 18 (Om løsakthet).....	190
Tabell 6-25: Sentralmål over alder ved innsetjing i tukthus etter brotsverk .....	192
Tabell 6-26: Sentralmål over alder for innsette i tukthuset før og etter 1867 (og 1873). .....	192
Tabell 6-27: Sentralmål over alder for menn med fødestad i Bergen og nærområdet etter brott. ....	192
Tabell 6-28: Mål over straffelengd på tukthuset 1850-75 i månader.....	193
Tabell 6-29: Kombinasjonar av lovbrott på tvers av kapittel i straffelova for innsette på tukthuset 1850-75. ....	195
Tabell 6-30: Sentralmål over straffelengd på tukthuset for ulike typar lovbrott 1850-75. I månader. ....	195
Tabell 6-31: Heimstad til innsette i slaveriet 1851-78.....	199
Tabell 6-32: Heimstad og domsjurisdiksjon på slaveriet 1851-78. Vassrett prosentvert .....	200
Tabell 6-33: Sentralmål over alder for menn i slaveriet 1851-78.....	202
Tabell 6-34: Yrkesnemningar ved innsetjing på slaveriet. ....	203
Tabell 6-35: Årsak til innsetjing på slaveriet 1851-78. ....	204
Tabell 6-36: Yrke prosentvis fordelt på brotsverk ved innsetjing i slaveriet .....	204
Tabell 6-37: Årsak til innsetjing på slaveriet 1851-78. ....	205
Tabell 6-38: Årsak til innsetjing på slaveriet 1851-78 etter kapittel 19.....	205
Tabell 6-39: Tidlegare straff for innsette i slaveriet 1851-78 etter brotsverk .....	206
Tabell 6-40: Sentralmål og spreing for alder for menn innsette etter straffelovas kapittel 19- .....	206
Tabell 6-41: Sentralmål og spreing for straffelengd i år.....	207
Tabell 7-1: Heimstamm og fødestad for innsette på tvangsarbeidsanstalten 1850-75.....	221
Tabell 7-2: Fødestad for innsette på tvangsarbeidsanstalten 1850-75 prosentvis fordelt. ....	222
Tabell 7-3: Fødestad til strilar på tvangsarbeidsanstalten 1850-75. ....	222
Tabell 7-4: Sentralmål og spreing over alder på tvangsarbeidsanstalten 1850-75 .....	223
Tabell 7-5: Sentralmål og spreing over alder på tvangsarbeidsanstalten.....	225
Tabell 7-6: Yrke til innsette på tvangsarbeidsanstalten 1850-75.....	226
Tabell 7-7: Gjennomsnittleg alder for ulike yrkesgrupper på tvangsarbeidsanstalten. Menn 1850-75 .....	228
Tabell 8-1: Tilknytning til Bergen etter kjelde og type .....	258
Tabell 8-2: Type tilknytning til Stor-Bergen fordelt på Askøy, Årstad og Bergen. ....	259
Tabell 8-3: Kombinasjonar av tilknytning til Stor-Bergen. I prosent. ....	259
Tabell 8-4: Kombinasjonar av tilknytning til Stor-Bergen fordelt på Askøy, Årstad og Bergen. ....	259
Tabell 8-5: Kombinasjonar av tilknytning til Stor-Bergen for jurisdiksjon og opphaldsstad.....	259
Tabell 8-6: Talet på registrerte sanksjonar for dei som berre er tilknytta ved jurisdiksjon eller opphaldsstad... ..	260
Tabell 8-7: Av 895 med berre jurisdiksjon eller opphald som grunnlag og éin sanksjon .....	261
Tabell 8-8: Kjelder opplysningar om jurisdiksjon og/eller opphaldsstad er henta frå. ....	261
Tabell 8-9: Fødestad til personar med laus tilknytning til Stor-Bergen.....	261
Tabell 8-10: Registrerte yrke til dei med laus tilknytning til Stor-Bergen. ....	262
Tabell 8-11: Fødestad for analysepopulasjonen .....	264

Tabell 8-12: Prosent av analysepopulasjon med kjend fødestad.....	264
Tabell 8-13: Prosent av analysepopulasjonen med kjend fødeår fordelt på anstalt.....	265
Tabell 8-14: Opplysningar om fødeår etter fødestad. ....	265
Tabell 8-15: Opplysning om fødeår etter registrerte bustader. ....	266
Tabell 8-16: Opplysning om fødeår etter registrerte yrke.....	267
Tabell 9-1: Tid frå lauslating til ny innsetjing ved tilbakefall. 1876-80 .....	276
Tabell 9-2: Andel registrert som debutantar i materialet, men som har kjende tidlegare dommar frå tukthus eller slaveri. Debutantar 1855-75 .....	278
Tabell 9-3: Sentralmål over alder for straffedebutantar etter fødestad. Menn og kvinner med tilknytning til Stor-Bergen og debut etter 1854. ....	282
Tabell 9-4: Sentralmål over alder for mannlege straffedebutantar etter fødestad debutperiode. ....	288
Tabell 9-5: Sentralmål over alder for kvinnelege straffedebutantar etter fødestad debutperiode. ....	289
Tabell 9-6: Gjennomsnittleg tal på straffedebutantar i ulike aldersgrupper etter fødestad før og etter 1867.....	290
Tabell 9-7: Sentralmål over alder straffedebuterande menn etter lovbrøt. Debut etter 1.1.1855. ....	291
Tabell 9-8: Sentralmål over debutalder for menn som debuterte etter 19- og andre lovbrøt. Debut etter 1.1.1855. ....	291
Tabell 9-9: Sentralmål over alder for tvangsdebutantar .....	295
Tabell 9-10: Sentralmål over alder for mannlege tvangsdebutantar etter fødestad og debuttidspunkt. ....	297
Tabell 9-11: Prosent straffedebutantar 1855-70 med retur til straffeanstalt.....	306
Tabell 9-12: Mannlege debutantar 1855-70 med retur til straffeanstalt etter fødestad .....	307
Tabell 9-13: Kvinnelege debutantar 1855-70 med retur til straffeanstalt etter fødestad .....	307
Tabell 9-14: Prosent residivistar etter alder ved debut og fødestad. ....	309
Tabell 9-15: Median debutalder for eingongssanksjonerte og residivistar etter debutlovbrøt og kjønn. Debut 1855-70. ....	309
Tabell 9-16: Median debutalder for eingongssanksjonerte og residivistar etter fødestad og kjønn. Debut 1855-70. ....	310
Tabell 9-17: Residivism for menn fødd i Bergen etter debutalder og –tidspunkt. ....	310
Tabell 9-18: Median debutalder etter debuttidspunkt for mannlege residivistar fødd i Bergen.....	311
Tabell 9-19: Residivism etter debutlovbrøt og debutalder. ....	312
Tabell 9-20: Andel debutantar 1855-70 som returnerte til tvangsarbeidsanstalten* .....	313
Tabell 9-21: Andel debutantar 1855-70 med retur på tvangsarbeidsanstalten etter fødestad* .....	314
Tabell 9-22: Retur til tvangsarbeidsanstalten for debutantar 1855-70* .....	314
Tabell 9-23: Andel debutantar 1855-70 som returnerte til tvangsarbeid etter debutalder.....	316
Tabell 9-24: Lengd på straffeanstaltkarriere etter debuttidssrom (Karriere>0) .....	319
Tabell 9-25: Lengd på straffeanstaltkarriere etter fødestad.....	320
Tabell 9-26: Lengd på straffeanstaltkarriere etter debuttidssrom og debutlovbrøt for mannlege residivistar. ....	320
Tabell 9-27: Lengd på straffeanstaltkarriere etter debutalder. Debutantar 1855-64 .....	322
Tabell 9-28: Lovbrøt ved debut for mannlege residivistar med debut 1855-64 .....	322
Tabell 9-29: Lengd på tvangskarriere etter debuttidssrom .....	325
Tabell 9-30: Lengd på tvangskarriere etter debutalder. (Debut 1855-65 og karriere>0) .....	326
Tabell 9-31: Lengd på tvangsarbeidsanstaltkarriere etter fødestad. Debutantar 1855-64 .....	327
Tabell 9-32: Bergensfødde i analysepopulasjonen med avslutning på ein straffeanstalt før 1871.....	329
Tabell 9-33: Sentralmål over alder ved avslutning av straffekarriere etter fødestad. Lauslating frå siste innsetjing før 1871. ....	329
Tabell 9-34: Sentralmål over alder ved avslutning av straffekarriere etter fødestad for residivistar. Lauslating frå siste innsetjing mellom 1855-70.....	330
Tabell 9-35: Sentralmål over alder ved avslutning (innsetjing) av straffekarriere etter fødestad og avslutningstidspunkt for mannlege residivistar. ....	330
Tabell 9-36: Sentralmål over alder ved avslutning av straffekarriere etter avslutningslovbrøt. Mannlege residivistar lauslatne frå siste innsetjing mellom 1855-1871.....	330
Tabell 9-37: Sentralmål over alder ved avslutning av straffekarriere etter avslutningslovbrøt. Kvinnelege residivistar lauslatne frå siste innsetjing mellom 1855-1871.....	331
Tabell 9-38: Bergensfødde i analysepopulasjonen med siste lauslating frå tvangsarbeidsanstalten før 1871 ....	333
Tabell 9-39: Sentralmål over alder ved avslutning av tvangskarrierer etter fødestad. Alle med avslutning før 1871 og residivistar med avslutning 1855-70.....	334
Tabell 9-40: Sentralmål over alder ved avslutning av tvangskarriere etter avslutningstidspunkt og fødestad. Residivistar som avslutta karriera mellom 1855-70. ....	335
Tabell 9-41: Antal returar til straffeanstalt for debutantar 1855-59 etter kjønn og fødestad.....	339
Tabell 9-42: Antal returar til straffeanstalt for residivistar med debut 1855-59 etter fødestad. ....	340
Tabell 9-43: Tal på returar prosentvis fordelt etter debutalder. Debutantar 1855-59.....	341
Tabell 9-44: Antal returar etter debutlovbrøt. Debutantar 1855-59. ....	341
Tabell 9-45: Median tidslengd i år frå lauslating til ny innsetjing for straffedebutantar 1855-64 etter fødestad. ....	342



Tabell 9-46: Tid frå lauslating frå straffeansalt til ny innsetjing for menn 1855-64 etter debutalder.....	345
Tabell 9-47: Tid frå lauslating frå straffeansalt til ny innsetjing for kvinner 1855-64 etter alder. ....	346
Tabell 9-48: Tid frå lauslating til retur for straffedebutantar 1855-64 etter lovbrott ny innsetjing. ....	346
Tabell 9-49: Kvartildifferansar for tida (i år) frå lauslating frå straffeanstalt til ny innsetjing for menn med debut 1855-64.....	347
Tabell 9-50: Tid frå andre til tredje retur etter tid til første retur. Menn med debut 1855-64. År målt i median.....	347
Tabell 9-51: Returfrekvens etter karrierelengd for residivistar med debut 1855-64 målt etter dagar på frifot og samla karriere.....	348
Tabell 9-52: Tal på returar tvangsarbeidsanstalten prosentvis fordelt for debutantar 1855-59 etter fødestad....	349
Tabell 9-53: Tal på returar på tvangsarbeidsanstalten prosentvis fordelt etter debutalder for debutantar 1855-59. ....	350
Tabell 9-54: Tid i år frå lauslating til ny innsetjing på tvangsarbeidsanstalten for menn med debut 1855-64... ..	351
Tabell 9-55: Tid frå lauslating frå tvangsarbeidsanstalten til ny innsetjing for menn 1855-64 etter debutalder og alder ved ny innsetjing.....	352
Tabell 9-56: Tid frå lauslating frå tvangsarbeidsanstalt til ny innsetjing for kvinner 1855-64 etter debutalder	352
Tabell 9-57: Median innsetjingstid på tvangsarbeidsanstalten etter tal på innsetjingar. Før og etter 1865. ....	354
Tabell 9-58: Returfrekvens etter karrierelengd for residivistar på tvangsarbeidsanstalten med debut 1855-64. ....	354
Tabell 9-59: Lovbrott ved første retur etter debutlovbrott for mannlege debutantar 1855-75.....	359
Tabell 9-60: Lovbrott ved første retur etter debutlovbrott for mannlege debutantar 1855-75.....	360
Tabell 9-61: Spesialisering for mannlege debutantar 1855-67. Prosent som returnerte for same lovbrott ved kvar ny innsetjing.....	361
Tabell 9-62: Kombinasjon av lovbrott ved ulike returar for menn med residivisme.....	361
Tabell 9-63: Prosent som returnerte til same type lovbrott etter tid frå dimmisjon til første retur for mannlege residivistar med debut 1855-65.....	362
Tabell 9-64: Anstaltkryssing for innsette med debut 1855-70 og med sanksjonar 1855-75.....	365
Tabell 9-65: Omfang av innsetjing på tvangsarbeidsanstalten etter tal på straffeanstaltopphald for debutantar 1855-70.....	367
Tabell 9-66: Debutanstalt for mannlege debutantar 1855-70.....	370
Tabell 9-67: Debutanstalt for menn etter tal på samla sanksjonar. Debut 1855-65.....	370
Tabell 9-68 Debutanstalt for menn etter tal på sanksjonar i straffeanstaltar og tvangsarbeidsanstalt. Debut 1855-65. ....	371
Tabell 9-69: Debutanstalt for sanksjonsmottakarar med både tvangsarbeid og straff. Debut 1855-70 og med sanksjonar 1855-75.....	371
Tabell 9-70: Første retursanstalt etter debutanstalt. Debut 1855-70 og med sanksjonshending 1855-75.....	372
Tabell 9-71: Retursanstaltar etter debutanstalt. Residivistar med debut 1855-70. ....	372
Tabell 9-72: Første retursanstalt for debutantar i fengslet. Menn med debut 1855-70 og med sanksjonshending 1855-75.....	373
Tabell 9-73: Retursanstaltar for menn med debut i fengsel 1855-75. ....	374
Tabell 9-74: Første retursanstalt etter debutlovbrott for mannlege residivistar med debut 1855-70 og fengsel som debutanstalt.....	375
Tabell 9-75: Første retursanstalt og returlovbrott for mannlege residivistar med debut 1855-70 og tvangsarbeid som debutanstalt. ....	376
Tabell 9-76: Debutanstalt for kvinnelege debutantar 1855-70. ....	376
Tabell 9-77: Debutanstalt for kvinner etter tal på sanksjonar. Debut 1855-65 (og med sanksjonshending 1855-75).....	377
Tabell 9-78: Debutanstalt for kvinnelege debutantar 1855-75 etter fødestad.....	379
Tabell 9-79: Første tilbakefallsanstalt etter debutlovbrott for kvinner med debut 1855-70 og fengsel som debutanstalt. ....	379
Tabell 9-80: Første retursanstalt og returlovbrott for kvinner med debut 1855-70 og tvangsarb. som debutanstalt. ....	380
Tabell 9-81: Differanse* i år mellom debut på tvangsarbeidsanstalt og straffeanstalt. Debut 1855-70. ....	380
Tabell 9-82: Differanse* i år mellom debut på tvangsarbeidsanstalt og straffeanstalt. Debut 1855-70. ....	381
Tabell 9-83: Avslutningsanstalt for menn etter tal på sanksjonar. Avslutning 1860-70 (og med sanksjonshending 1850-70).....	383
Tabell 9-84: Avslutningsanstalt etter debutanstalt for menn med minst fem innsetjingar og debut 1855-65.....	384
Tabell 9-85: Avslutningsanstalt for kvinner etter tal på sanksjonar. Avslutning 1860-70 (og med sanksjonshending 1850-70). ....	385
Tabell 9-86: Avslutningsanstalt prosentvert etter debutanstalt for kvinner med minst tre innsetjingar og debut 1855-70.....	385
Tabell 9-87: Differanse* i år mellom avslutning på straffeanstalt og tvangsarbeidsanstalt. Avslutning 1855-70. ....	387
Tabell 9-88: Kategoriar av sanksjonsmottakarar 1850-75 med tilknytning til Stor-Bergen.....	389

---

Tabell A-1: Kodetabell: SID_Aggregert .....	427
Tabell A-2: SuperPerson-tabellen .....	427
Tabell A-3: KarriereAggregert-tabellen.....	428
Tabell A-4: Brotsverk og straff 1862-75. Heile landet .....	434
Tabell A-5: Yrke til innsette i fengslet 1850-75 .....	455
Tabell A-6: Yrke ved innsetjing på slaveriet 1851-78 .....	436
Tabell A-7: Yrke til innsette på tvangsarbeidsanstalten 1850-75 .....	437
Tabell A-8: Samandrag frå straffelova frå 1842 .....	438

# APPENDIKS

**Tabell A-1: Kodetabell: SID\_Aggregert**

SID Aggregert	
Feltnamn	Innhald
sid	SID-id
Krim_Debut	Dato for første innsetjing i ein straffeanstalt
Krim_Avslutning	Dato for siste innsetjing i ein straffeanstalt
KRIM_AGGREGERT_MaxOfdimmisjon	Dato for dimmisjon frå siste straffeanstalt
Antal_Krim	Tal på innsetjingar i ein straffeanstalt
Alder_Krim_Debut	Alder ved første innsetjing i ein straffeanstalt
Alder_Krim_avslutning	Alder ved siste innsetjing i ein straffeanstalt
Krim_Lengd	Antal dagar mellom første og siste innsetjing i ein straffeanstalt
Krim_StraffeLengd	Antal dagar innesperra i ein straffeanstalt tilsaman
Debut_TvangDato	Dato for første innsetjing på tvangsarbeidsanstalten
Avslutning_TvangDato	Dato for siste innsetjing på tvangsarbeidsanstalten
Antal_Tvang	Antal innsetjing på tvangsarbeidsanstalten
Alder_Debut_Tvang	Alder ved første innsetjing i tvangsarbeidsanstalten
Alder_Avslutning_Tvang	Alder ved siste innsetjing på tvangsarbeidsanstalten
Lengd_Tvang	Antal dagar mellom første og siste innsetjing på tvangsarbeidsanstalten
Tvang_StraffeLengd	Antal dagar innesperra på tvangsarbeidsanstalten tilsaman
Begge_DebutDato	Dato for første innsetjing i ein fridomssanksjonerande anstalt
Begge_AvslutningsDato	Dato for siste innsetjing i ein fridomssanksjonerande anstalt
Antal_Begge	Antal innsetjingar i ein fridomssanksjonerande anstalt
Alder_Debut_Begge	Alder ved første innsetjing i ein fridomssanksjonerande anstalt
Alder_Avslutning_Begge	Alder ved siste innsetjing i ein fridomssanksjonerande anstalt
Begge_Lengd	Antal dagar mellom første og siste innsetjing i ein fridomssanksjonerande anstalt
Begge_Straffelengd	Antal dagar innesperra i ein fridomssanksjonerande anstalt tilsaman
BEGGE_AGGREGERT_MaxOfdimmisjon	Dato for lauslating frå siste innsetjing i ein fridomssanksjonerande anstalt

**Tabell A-2: SuperPerson-tabellen**

SuperPersonOppdatert	
Feltnamn	Innhald
SID	SID-id
Namn	Namn
Kjonn	Kjønn
Fodestad	Koda fødestad etter rangering
Tilknytning	Koding av geografisk tilknytning
FodestadRef	Kva kjelde informasjon om fødestad er henta frå
FodestadAlt	Andre kjelder som denne personen har fødestad frå
FodeaarRef	Kva kjelde informasjon om fødeår er henta frå
FodeaarAlt	Andre kjelder som denne personen har fødeår frå
Fodeaar	Koda fødeår etter rangering
Stor-Bergen	Tilknytning til Stor-Bergen
Gong_v_debut	Antal kjende innsetjingar i straffeanstaltar ved første gongs registrering

Tabell A-3: KarriereAggregert-tabellen

KarriereAggregert	
Feltnamn	Innhald
SID	SID-id
DatoStart	Dato for hending (dato for innsetjing i anstalt)
DatoSlutt	Dato for dimmisjon frå anstalt. Ikkje brukt ved t.d. fødsel
Hending	Kva type registrering (fødsel, folketeljing, innsetjing i anstalt?)
Alder	Alder ved hending
SidanDebutStraffDagar	Tid sidan debut som innsett i straffeanstalt i dagar. Om hendinga skjedde før første innsetjing er verdien negativ.
SidanDebutNormDagar	Tid sidan debut som innsett i tvangsarbeidsanstalt i dagar. Om hendinga skjedde før første innsetjing er verdien negativ.
SidanDebutbeggeDagar	Tid sidan debut som innsett i fridomsavgrensande anstalt i dagar. Om hendinga skjedde før første innsetjing er verdien negativ.
SisteStraffAnst	Kva straffeanstalt var ein evt. innsett på sist før denne hendinga?
SisteBeggeAnst	Kva fridomsavgrensande anstalt var ein evt. innsett på sist før denne hendinga?
SidanStraffDimDagar	Tid i dagar sidan ein sist vart dimmittert frå ein straffeanstalt
SidanNormDimDagar	Tid i dagar sidan ein sist vart dimmittert frå tvangsarbeidsanstalten
SidanBeggeDimDagar	Tid i dagar sidan ein sist vart dimmittert frå ein fridomsavgrensande anstalt
AntalStraff	Tal på antal innsetjingar i straffeanstalt ved denne hendinga
AntalNorm	Tal på antal innsetjingar i tvangsarbeidsanstalt ved denne hendinga
AntalBegge	Tal på antal innsetjingar i fridomsavgrensande anstalt ved denne hendinga
SumStraffDagar	Antal dagar innesperra i ein straffeanstalt ved denne hendinga.
SumNormDagar	Antal dagar innesperra i ein tvangsarbeidsanstalt ved denne hendinga.
SumBeggeDagar	Antal dagar innesperra i ein fridomsavgrensande ved denne hendinga.
StraffDebut	Dato for første innsetjing i ein straffeanstalt
NormDebut	Dato for første innsetjing i tvangsarbeidsanstalten
BeggeDebut	Dato for første innsetjing i ein fridomsavgrensande anstalt
StraffAvslutning	Dato for siste innsetjing i ein straffeanstalt
NormAvslutning	Dato for siste innsetjing i tvangsarbeidsanstalten
BeggeAvslutning	Dato for siste innsetjing i ein fridomsavgrensande anstalt
KarrierestraffLengde	Antal dagar mellom første og siste innsetjing i ein straffeanstalt
KarrierenormLengde	Antal dagar mellom første og siste innsetjing i tvangsarbeidsanstalten
KarriereBeggeLengde	Antal dagar mellom første og siste innsetjing i ein fridomsavgrensande anstalt
antalTukt	Antal innsetjingar på tukthuset ved hendinga
antalFengsel	Antal innsetjingar i fengslet ved hendinga
antalSlaveri	Antal innsetjingar i slaveri ved hendinga

Figur A-1: Databasestruktur for Fengslet


Tabell: SuperPerson

Feltnavn i database	Innhald
SID	Unik id for alle
Namn	Namn
Kjonn	Kjonn
Fodestad	Fødestad koda
Tilknytning	Geografisk tilknytning koda
FodestadRef	Kvar informasjon om fødestad er henta frå
FodestadAlt	Andre variantar av fødestad
FodeaarRef	Kvar informasjon om fødeår er henta frå
FodeaarAlt	Andre variantar av fødeår

Tabell: Fengslet

Feltnavn i database	Innhald	Kjelde:SAB; Bergen Kretsfengsel I.D.a. Straffangeprotokoll der ingenting anna er ført.
SID	Id som knyter posten opp til ein SuperPerson*	Tillagt felt
FID	Id innad i dendateregistrerte tabellen over fengslet	Tillagt felt
LNR	Løpenummeret i dei originale protokollane	Løbe-Nummer
YRKE	Yrke	Straffangens Navn og Stand
FORNAMN	Førenamn	Straffangens Navn og Stand
ETTERNAMN	Etternamn	Straffangens Navn og Stand
BUSTAD	Bustad	Straffangens Navn og Stand
INKOME	Dato for innsetjing, koda til dato	Naar indkommen
Lengd	Lengd på innsetjing i dagar.	Straffens Art og Udstrekning
MERKNAD	Informasjonen i "Anmærkningsfeltet", samt opplysningar om alder der dette er nemnd i marginen i protokollen og eventuell risstraff.	Anmærking
KJONN	Kjonn	Tillagt felt på grunnlag av namn
ALDER	Alder der denne er registrert	Tillagt felt på grunnlag av margregistreringar
FODEAAR	Utrekna på grunnlag av eventuell alder og innsetjingsdato	Tillagt felt
StipDim	Utrekna på grunnlag av innsetjingsdato og talet på straffedagar	Tillagt felt
BrotsstadKode	Opplysning om brotsstad i protokollen koda geografisk	Tillagt felt: Med hvad Hjemmel og for hvilken Forbrydelse eller Lovovertrædelse Frå 1873: Samt hvor denne er begaaet
Brotsstad	Brotsstad koda på geografisk jurisdiksjon	Tillagt felt: Med hvad Hjemmel og for hvilken Forbrydelse eller Lovovertrædelse. Frå 1873: Samt hvor denne er begaaet
Heimel	Domsinstans	Tillagt felt: Med hvad Hjemmel og for hvilken Forbrydelse eller Lovovertrædelse
HeimelDato	Dato for domfelling	Tillagt felt: Med hvad Hjemmel og for hvilken Forbrydelse eller Lovovertrædelse
Brot	Lovbrot i koda form. Politimisferd detaljert	Tillagt felt: Med hvad Hjemmel og for hvilken Forbrydelse eller Lovovertrædelse
Alder_prest	Presten sin føring av alder ved innsetjing	Tillagt felt: Mandtal: Alder
FodeaarNY	Fødeår inkludert omrekning til fødeår basert på presten sine aldersoppgåver	Tillagt felt: Basert på felte 'Fodeaar' og 'Alder_prest'
Krml	Lovbrot koda etter straffelova sine kapittel, politimisferd og evt. mulkt koda	Tillagt felt på grunnlag av feltet 'Brot'
Sfornamn	Soundex-kode for førenamn	Tillagt felt
Setternamn	Soundex-kode for etternamn	Tillagt felt
Spatronym	Soundex-kode for patronym	Tillagt felt

Figur A-2: Databasestruktur for tukthuset



Figur A-3: Databasestruktur for slaveriet

## SuperPerson

Feltnavn i database	Innhald
SID	Unik id for alle
Namn	Namn
Kjonn	Kjonn
Fodestad	Fødestad koda
Tilknytting	Geografisk tilknytting koda
FodestadRef	Kvar informasjon om fødestad er henta frå
FodestaarAlt	Andre variantar av fødestad
FodeaarRef	Kvar informasjon om fødeår er henta frå
FodeaarAlt	Andre variantar av fødeår

## Slaveriet

Feltnavn i database	Innhald	Kjelde
SID	Id som knytter posten opp til ein SuperPerson*	Tillagt felt
ID	Id innad i den tabellen for slaveriet	Tillagt felt
Lnr	Løpenummer	Tillagt felt
Lnr2	Løpenummer	No i Slaveriet Stambog
Fornamn	Fornamn	Tillagt felt: Navne
Eternamn	Eternamn	Tillagt felt: Navne
Merknad	Merknader ført i feltet for namn	Tillagt felt: Navne
Stilling	Yrke	Tidligere Stilling
Heimstad	Heimstad	Hjemsted*
Alder	Alder	Alder
Gift	Oppgitt med nei, ja eller enkemand.	Hvorvidt gift
Ungar	Tal på ungar	Hvorvidt have Børn og hvor mange
Nårinnkomen	tidspunkt for innkomst koda i datoformat	Naar indkommen
Årsak	Forbrytelsen som førte til innsetjinga. Kjeldetru avskrive	For hvilken Forbrydelse
Lengd	Koda i år.	Paa hvor lang Tid
Heimel	Domstol og dato for dom. Koda på jurisdiksjon og tidspunkt	Efter hvilken Dom eller Resolution
Jurisdiksjon	Amtet forbrytelsen blei dømt i ved underretten.	For hvilken Jurisdiksjon tiltalt for Underretten
Tidlegare_dommar	Oppstilling av tidlegare dommar. Kjeldetru avskrive	Hvorvidt tidligere straffet, for hvilken Forbrydelse og med hvilken Straf, samt hvis denne er Straffarbeid; hvilken Strafanstalt
Disiplinær	Om reft i Slaveriet. Først innføringar frå 25.1 1868	Hvorvidt straffet på Kroppen
Arbeid	Type straffearbeid. Først innføringar frå 25.1 1868	Hvorledes Beskjæftiget i Strafanstalten
Oppførsel	Oppførsel i straffeanstalten. Først innføringar frå 25.1 1868	Forhold
Anmærkning	Merknadsfelt. Normalt tomt	Anmærkning
Ægtefødd	Ja/nei. Basert på felte 'Ægtefødd' og 'Uægtefødd'. Først innføringar frå 25.1 1868	Ægtefødd/Uægtefødd
SFornamn	Soundex-koda fornamn	Tillagt felt
SPatronym	Soundex-koda patronym	Tillagt felt
SEternamn	Soundex-koda etternamn	Tillagt felt
LengdMaand	Lengd på straff koda i månader	Tillagt felt basert på 'Lengd'
Dimmisjon	Tidspunkt for dimmisjon koda i datoformat	Tillagt felt: Basert på 'Merknad'
Fodeaar	Fødeår utrekna på grunnlag av alder ved innsetjing	Tillagt felt basert på alder
DatoDom	Dato for dom koda i datoformat	Tillagt felt: basert på heimel
Krml	Forbrytelse koda etter straffelova sine kapittel	Tillagt felt

Figur A-4: Databasestruktur for Tvangsarbeidsanstalten i Bergen 1850-75

## SuperPerson

Feltnamn i database	Innhald
SID	Unik id for alle
Namn	Namn
Kjonn	Kjonn
Fodestad	Fødestad koda
Tilknytning	Geografisk tilknytning koda
FodestadRef	Kvar informasjon om fødestad er henta frå
FodestadAlt	Andre variantar av fødestad
FodeaarRef	Kvar informasjon om fødeår er henta frå
FodeaarAlt	Andre variantar av fødeår

## Tvangsarbeidsanstalten, register

Feltnamn i database	Innhald	Kjelde
Sid	Id som knytter posten opp til ein SuperPerson*	Tillagt felt
AnstaltId	Unik id innad i registeret	Tillagt felt
Namn	Namn i registeret	Namn
Kjonn	Kjonn	Tillagt felt
Merknad	Intern merknad	Tillagt felt
SEtternamn	Soundex-koda ettermann	Tillagt felt
SFornamn	Soundex-koda fornamn	Tillagt felt
SPatronym	Soundex-koda patronym	Tillagt felt

## Tvangsarbeidsanstalten, protokoll

Feltnamn i database	Innhald	Kjelde
AnstaltId	Id som refererer til registeret	Tillagt felt
ProtID	Unik id i tabellen	Tillagt felt
Folio	Folio som viser til folio i protokollane	Tillagt felt
Løbenr	Løpenummer i protokollane	Løbenr
Namn	Namn	Tvangslemmernes Navne
Naar	Når innsett	Naar
Tidslengd	Innsetjingstid	Paa hvorlang Tid
Fodestad	Fødestad	Fødested
Yrke	Yrke	Hva Haandværk
Alder	Alder	Alder
Hjemstavn	Frå 2. september 1859 til 21. oktober same året og frå 10. oktober 1860 fram til 17. november 1864 er heimstavn eit eige felt.	Hjemstavn
Dimmisjon	Dimmisjon frå tvangsarbeidsanstalten koda i datoformat	Tillagt felt: Naar Død eller Demitteret
Merknad	Merknadsfelt	Anmærkning
Innsett	Dato for innsetjing koda i datoformat	Tillagt felt: Naar
Fodeaar	Fødeår utrekna på grunnlag av alder og innsetjingsdato	Tillagt felt: Basert på Alder
Innsatt	Innsetjingsmyndigheit, koda frå merknadsfeltet	Tillagt felt: Anmærkning



Figur A-5: Lenkevindaage. Fengsel mot SuperPerson

File Edit View Insert Format Records Tools Window Help

SID 1152 PID Knud Larsen Lien Yrke Steenarbeider eller Sjo Bustad Bergen Inkomme 5.11.1853 Merknad 28 Aar gl. Kjonn m Alder 28

SuperPerson - Fornamn-patronym

1123	Knud Larsen Lomheim					Ref
1138	Knud Larsen Vårberg	1820	Gravens P.	Bonden		Ref
1147	Knud Larsen Tvedt (Birkeland)	1834				Ref
1152	Knud Larsen Lien	1825	Fanøe Sogn	Stenarbeider		Ref
4903	Knud Larsen Kjelaas	1803	Søndmør	Daglønner		Ref
5282	Knud Larsen Ullestad	1827	vbs	Skredder		Ref

Record: 2 of 6

SuperPerson - Fornamn-Etternavn

1152	Knud Larsen Lien	1825	Fanøe Sogn	Stenarbeider		Ref
4942	Knud Julersen Lien	1820	Valders	Sjersliber		Ref
6159	Knud Andreas Knudsen Lund	1828	Bergen	Muararbeider		Ref
*	imber)	0				Ref

Record: 1 of 3

Record: 8 of 4871

Form View

Figur A-6: Lenkevindaage. SuperPerson mot folketeljinga 1865 (Bergen)

File Edit View Insert Format Records Tools Window Help

SID 86 Namn Anders Steffensen Nyhavn Karriere Merknad

TNT subform

Namn	Dato
Andreas Stephensen N'ehavn	18
Anders Steffensen Nyhavn	18
Anders Steffensen Nyhavn	18
Anders Steffensen Nyhavn	18

TFAT subform

Fodeaar	Dato	Refs
1816	1840	Tukthus ID 105
1816	1853	Tukthus ID 106
1813	1853	Arbeidsanstalt ID

TYT subform

Yrke	Dato
Ungkar og Matros	1842 Yrke frå
Løskar	1866 Fengsel
demitt. Straffange	1859 Slaven II
Daglønner	1853 Arbeidsa

TGT subform

Lokalitet	Referanse	Dat
18-91	Bustad frå	7.03.1
Bergen	Bustad frå	3.12.1
18-1	Bustad frå	2.04.1
Ous P.	Fødestad f	1.03.1

Fornamn-Patronym

SID	FORNAVI	ETTERNAVI	Fodeaar	STILLING	RODE	FSTE
	Anders	Steffensen	1808	Arbeidsmand Saugemand Husfader	18-120	Haus
	Andreas	Steffensen	1825	Husfader, Arbeidsmand	19-70	Bergen
86	Anders	Steffensen Nyhavn	1813	Strafarbeidsfange	Berqenhus	Os Pstgd.
*	0		0			

Record: 1 of 3

Fornamn-Etternavn

SID	FORNAVI	ETTERNAVI	Fodeaar	STILLING	RODE	FSTE
86	Anders	Steffensen Nyhavn	1813	Strafarbeidsfange	Berqenhus	Os Pstgd.
*	0		0			

Record: 1 of 1

Record: 86 of 6825

Form View

**Tabell A-4: Forbrytelse og straff 1862-75. Heile landet**

Brottsverk	Bøter	Fengsel	Straffarbeid	Andre	Totalt	n	Bøter	Fengsel	Straffarbeid	Andre	Totalt
Forbrydelse med Hensyn til Religion eller Sædelighed	0.22	0.02	0.00	0.00	0.03	14	64.29	35.71	0.00	0.00	100
Forbrydelse mod den offentlige Myndighed	13.76	4.50	0.64	0.16	4.25	1821	30.53	65.90	3.35	0.22	100
Eftergjørelse eller Forfalskning af offentlige Documenter, Mynter, Pengesedler m.V.	0.02	0.12	0.59	0.00	0.21	89	1.12	35.96	62.92	0.00	100
Meneed	0.05	0.07	0.20	0.00	0.09	40	5.00	47.50	47.50	0.00	100
Mord	0.00	0.00	0.08	1.18	0.09	38	0.00	0.00	21.05	78.95	100
Drab	0.00	0.22	0.64	0.00	0.28	119	0.00	48.74	51.26	0.00	100
Fostermord, Barnefødsel i Dølgemaal, Fosterfordrivelse og Deelagtighed deri	0.20	0.36	3.52	0.00	1.03	442	1.81	21.95	76.24	0.00	100
Fornærmelse paa Legeme eller Helbred	1.14	8.52	2.17	0.59	5.94	2544	1.81	89.43	8.18	0.59	100
Krænkelse af Andres Frihed	0.12	0.07	0.08	0.00	0.07	32	15.63	59.38	25.00	0.00	100
Æreskrænkelse	0.79	0.11	0.03	0.00	0.15	64	50.00	45.31	4.69	0.00	100
Voldtægt	0.17	0.04	0.40	0.12	0.14	60	11.67	20.00	63.33	5.00	100
Blodskam	0.62	0.18	1.25	0.20	0.46	198	12.63	24.24	60.61	2.53	100
Bigami	0.05	0.00	0.03	0.00	0.01	5	40.00	0.00	60.00	0.00	100
Omgjængelse mod Naturen	0.02	0.12	0.61	0.24	0.23	98	1.02	33.67	59.18	6.12	100
Hor	0.84	0.36	0.31	0.00	0.37	160	21.25	60.00	18.75	0.00	100
Leiermaalsforseelser	0.25	5.30	2.92	0.00	3.98	1704	0.59	83.04	16.37	0.00	100
Hor og Leiermaalsforseelser	1.16	1.32	0.48	0.00	1.04	444	10.59	79.05	10.36	0.00	100
Ulovligt Samlevnet	26.52	2.93	1.80	0.00	4.73	2026	52.91	38.60	8.49	0.00	100
Forførelse og Rufferi	0.00	0.02	0.42	0.00	0.11	45	0.00	11.11	88.89	0.00	100
Andre Løsgtighedsforseelser	0.37	0.63	0.70	0.20	0.60	256	5.86	66.02	26.17	1.95	100
Tyveri og Tyvsmedvideri	14.55	61.87	71.01	90.73	61.16	26197	2.24	63.04	25.94	8.78	100
Røveri	0.00	0.01	0.39	0.04	0.09	40	0.00	5.00	92.50	2.50	100
Svigagtig Omgang med Hittegods	8.41	3.28	0.52	0.71	3.00	1284	26.48	68.22	3.89	1.40	100
Ulovlig Brug af hvad Andre eie eller besidde	0.17	0.00	0.00	0.00	0.02	7	100.00	0.00	0.00	0.00	100
Anden Svig og Bedrageri	3.22	5.19	3.16	1.14	4.31	1845	7.05	75.01	16.37	1.57	100
Falsk	0.20	0.64	6.04	0.67	1.81	775	1.03	22.19	74.58	2.19	100
Urigtig Forklaring for Retten	4.06	0.23	0.01	0.04	0.53	227	72.25	26.87	0.44	0.44	100
Mordbrand	0.05	0.01	0.57	0.04	0.14	61	3.28	4.92	90.16	1.64	100
Anden Ildspaesættelse	1.86	0.25	0.06	0.24	0.36	154	48.70	43.51	3.90	3.90	100
Beskadigelse af Eiendom eller Gods	1.86	0.37	0.06	0.71	0.46	197	38.07	49.75	3.05	9.14	100
Mishandling af Dyr	4.38	0.20	0.00	0.47	0.56	242	73.14	21.90	0.00	4.96	100
Forbrydelse i Embedsførelse	0.10	0.00	0.00	0.08	0.01	6	66.67	0.00	0.00	33.33	100
Forbrydelse i Ombud eller Bestilling	4.60	0.01	0.04	0.59	0.49	208	89.42	1.44	1.92	7.21	100
Forbrydelse mod Søfartsloven	6.85	2.31	0.72	0.32	2.26	970	28.56	63.51	7.11	0.82	100
Andre Forbrydelser	3.39	0.73	0.55	1.54	0.99	425	32.24	46.12	12.47	9.18	100
	100.00	100.00	100.00	100.00	100.00	42837	9.44	62.31	22.34	5.92	100.00
n	4042	26690	9571	2534	42837						

Kjelde: NOS Ældre Række. B. No. 1: Criminalstatistiske Tabeller for Kongeriget Norge 1860-75.

Tabell A-5: Yrke til innsette i fengslet 1850-75

Yrke	Menn		Kvinner	
	n	%	n	%
Sømand	344	8.2		
Sjouer	266	6.4		
Løsarbeide	221	5.3		
Arbeider	202	4.8		
Kjører	147	3.5		
Daglønner	146	3.5		
stenarbeider	137	3.3		
Bødkerarbeider	43	1.0		
Bærer	33	0.8		
Fisker	20	0.5		
Andre	138	3.3		
<b>Arbeider, dagarbeider</b>	<b>1697</b>	<b>40.5</b>	<b>3</b>	<b>0.4</b>
Bagersvend	76	1.8		
Bødkersvend	59	1.4		
Skomagersvend	45	1.1		
Skreddersvend	41	1.0		
Malersvend	32	0.8		
Snekkersvend	32	0.8		
Feiersvend	25	0.6		
Rebsslagersvend	24	0.6		
Blokmagersvend	21	0.5		
Garversvend	18	0.4		
Smedesvend	18	0.4		
Andre	86	2.1		
<b>Svenn</b>	<b>477</b>	<b>11.4</b>		
<b>Ungkar/Pige/Dreng</b>	<b>425</b>	<b>10.1</b>	<b>351</b>	<b>52.3</b>
Tømmermandsdreng	41	1.0		
Smedelærling	38	0.9		
Skomagerlærling	37	0.9		
Seilmagerlærling	35	0.8		
Bagerlærling	32	0.8		
Rebsslagerlærling	30	0.7		
Snekkerlærling	20	0.5		
Malerlærling	16	0.4		
Lærling	16	0.4		
Bødkerlærling	10	0.2		
Andre	61	1.5		
<b>Lærling</b>	<b>336</b>	<b>8.0</b>		
<b>Gårdbrukergruppa</b>	<b>431</b>	<b>10.3</b>		
Tømmermand	44	1.1		
Rebsslager	16	0.4		
Hjulmager	15	0.4		
Bager	14	0.3		
Slagter	14	0.3		
Skomager	14	0.3		
Snekker	12	0.3		
Sadelmager	11	0.3		
Andre	75	1.8		
<b>Handverkar</b>	<b>215</b>	<b>5.1</b>		
Tiener, budeie, dreng, indepige, kokke ol	121	2.9	35	5.2
Selvstendig, privat næringsdrivende	106	2.5	2	0.3
Legdslem, fattiglem	79	1.9	10	1.5
Husmann uten jord	47	1.1		
Fange	40	1.0	5	0.7
Funksjonær, off tjenestemann, betjent	39	0.9		
Understøttet av manden	1	0.0	200	29.8
Enkestand		0.0	48	7.2
Andre	161	3.8	16	2.4
Manglar	13	0.3	1	0.1
	<b>4188</b>	<b>100.0</b>	<b>671</b>	<b>100.0</b>

Tabell A-6: Yrke ved innsetjing på slaveriet 1851-78

Yrke ved innsetjing på slaveriet		
Yrke	n	%
<b>Fange</b>	<b>122</b>	<b>38.1</b>
Sømand	42	13.1
Arbeider	18	5.6
Daglønner	14	4.4
Stenarbeider	10	3.1
Andre	12	3.8
<b>Arbeider, dagarbeider</b>	<b>96</b>	<b>30.0</b>
Skomager	10	3.1
Snekker	6	1.9
Smed	5	1.6
Skredder	5	1.6
Bødker	5	1.6
Andre	10	3.1
<b>Handverkar</b>	<b>41</b>	<b>12.8</b>
Tigger, betler	10	3.1
Gårdbruker/jordbruker (uspesifisert)	8	2.5
Forpakter, leilending, bygselmann	7	2.2
Tjener, budeie, dreng, indepige, kokke ol	6	1.9
Husmann uten jord	5	1.6
Svenn	4	1.3
Lærling	3	0.9
Funksjonær, off tjenestemann, betjent	3	0.9
Selvstendig, privat næringsdrivende	3	0.9
Føderåds-/kårfolk	2	0.6
Legdslem, fattiglem	1	0.3
Bestillingsmann	1	0.3
Andre	6	1.9
Manglar	2	0.6
<b>N</b>	<b>320</b>	<b>100.0</b>

Tabell A-7: Yrke til innsette på tvangsarbeidsanstalten 1850-75

Yrke til innsette på tvangsarbeidsanstalten 1850-75				
Yrke	Menn		Kvinner	
	n	%	n	%
<i>Daslønner</i>	1067	28.1		
<i>Sømand</i>	349	9.2		
<i>stenarbeider</i>	82	2.2		
<i>Løsarbeide</i>	79	2.1		
<i>Bødkerarbeider</i>	56	1.5		
<i>Bærer</i>	51	1.3		
<i>Siouer</i>	31	0.8		
<i>Arbeider</i>	28	0.7		
<i>Kjører</i>	26	0.7		
<i>bordarbeider</i>	12	0.3		
<i>Sagarbeider</i>	11	0.3		
<i>Smedarbeider</i>	10	0.3		
<i>Andre</i>	45	1.2		
<b>Arbeidar, dagarbeidar</b>	<b>1847</b>	<b>48.7</b>		<b>0.0</b>
<i>Bødker</i>	156	4.1		
<i>Skomager</i>	141	3.7		
<i>Rebslager</i>	108	2.8		
<i>Skredder</i>	88	2.3		
<i>Tømmermand</i>	82	2.2		
<i>Snekker</i>	43	1.1		
<i>Kobberslager</i>	41	1.1		
<i>Anglemager</i>	41	1.1		
<i>Garver</i>	40	1.1		
<i>Smed</i>	28	0.7		
<i>Maler</i>	27	0.7		
<i>Bogbinder</i>	16	0.4		
<i>Blokmager</i>	12	0.3		
<i>Kurvmager</i>	12	0.3		
<i>Farver</i>	10	0.3		
<i>Andre</i>	72	1.9		
<b>Handverkar</b>	<b>917</b>	<b>24.2</b>		<b>0.0</b>
<i>Snekkersvend</i>	59	1.6		
<i>Skreddersvend</i>	46	1.2		
<i>Skomagersvend</i>	45	1.2		
<i>Feiersvend</i>	32	0.8		
<i>Malersvend</i>	30	0.8		
<i>Bagersvend</i>	28	0.7		
<i>Garversvend</i>	26	0.7		
<i>Bødkersvend</i>	19	0.5		
<i>Smedesvend</i>	13	0.3		
<i>Guldsmedsvend</i>	12	0.3		
<i>Andre</i>	35	0.9		
<b>Svenn</b>	<b>345</b>	<b>9.1</b>		<b>0.0</b>
<b>Unekar/Pise</b>	<b>234</b>	<b>6.2</b>	<b>353</b>	<b>42.5</b>
<b>Tenar o.l.</b>	<b>7</b>	<b>0.2</b>	<b>2</b>	<b>2.0</b>
<b>Siølvstendig, privat næringsdrivande</b>	<b>66</b>	<b>1.7</b>	<b>1</b>	<b>0.1</b>
<b>Forsørges av manden</b>	<b>0</b>	<b>0.0</b>	<b>199</b>	<b>23.9</b>
<b>Mester</b>	<b>65</b>	<b>1.7</b>		
<b>Funksionær, off tenestemann, betient</b>	<b>64</b>	<b>1.7</b>		
<b>Lærling</b>	<b>50</b>	<b>1.3</b>		
<b>Fange</b>	<b>29</b>	<b>0.8</b>	<b>1</b>	<b>0.1</b>
<b>Enkestand</b>	<b>9</b>	<b>0.2</b>	<b>71</b>	<b>8.5</b>
<b>Barn</b>		<b>0.0</b>		
<b>Andre</b>	<b>108</b>	<b>2.8</b>	<b>164</b>	<b>19.7</b>
<b>Manglar</b>	<b>55</b>	<b>1.4</b>	<b>44</b>	<b>5.3</b>
<b>Totalt</b>	<b>3796</b>	<b>100.0</b>	<b>831</b>	<b>100</b>

**Tabell A-8: Samandrag frå straffelova frå 1842 (Lova er tilgjengeleg i fulltekst på <http://www.hist.uib.no/krim/1874> med endringane frå 1874)**

Krml	Forklaring
1	Om dem, der for Forbrydelser ere norsk Strafferet underkastede
2	Om Straffene
3	Om Forsøg
4	Om Uagtsomhed
5	Om Delagtighed
6	Om Straffenes Udmaaling og om deres Nedsættelse eller Forandring i visse Tilfælde
7	Om de Omstændigheder, der udelukke eller ophæve Straffeskyld
8	Om Forbrydelser med Hensyn til Religion og Sædelighed
9	Om Forræderi, Angreb paa Staten, Majestætsforbrydelse og andre Forbrydelser imod Statens Sikkerhed og Værdighed
10	Om Forbrydelse imod den offentlige Myndighed
10-1	Vold mot embetsmann
10-2	Tvang mot embetsmann utan vold eller boldsom motstand
10-3	Hindring av embetsmanns arbeid
10-4	Utskjelling av embetsmann
10-5	Unnlåte å hjelpe embetsmann som blir utsett for vold
10-6	Hindring av gudsteneste, rettsmøte etc.
10-7	Vold mot nokon som deltek i gudsteneste, rettsmøte etc.
10-8	Forstyrring eller forarging av gudsteneste, rettsmøte etc.
10-9	Samla gruppe sm motsette seg offentleg myndigheit
10-10	Ulovleg forsamling, nekte å oppløyse seg
11	Om Eftergjørelse eller Forfalskning af offentlige Dokumenter, Mynter, Pengesedler m.m.
12	Om Mened
13	Om Udbredelse af Pest eller anden almindelig smitsom Syge, samt om almenfarlig Forgiftelse.
14	Om Manddrab
15	Om Fornærmelse paa Legeme eller Helbred
15-1	Invalidisering
15-2	Nesten invalidisering
15-3	Mindre lyte, feil eller sjukdom påført
15-4	Ikkje lyte påført, men ualminneleg pinsle
15-5	Ikkje lyte påført, men ualminneleg pinsle, utan overlegg
15-6	Som 15-1, men tidlegare straffearbeidsdømd
15-7	Som 15-1,2,3 eller 4 utan hensikt å bevirke skade
15-9	Skade etter klammeri
15-11	Skade mot sakeslaus mann
15-12	Gruppevald som i 15-1,2,3 eller 4
15-20	Vald mot ektefelle
16	Om krenkelse af Andres Frihed
17	Om Ærekrænkelser
18	Om Løstgængighed
18-1	Voldtækt
18-2	Voldtækt med bedøving
18-3	Voldtækt med bedøving der bedøvninga er overgriparen si skyld
18-4	Friheitsberøving for valdtækt
18-5	Bortføring av kvinne med samtykke
18-6	Bortføring, men ekteskap.
18-7	Hor med ugift person
18-8	Hor med gift person
18-9	Bortføring av gift kvinne
18-10	Fleirgifte
18-11	Utukt med slektning i rett nedadstigande
18-12	Søskenutukt
18-13	Utukt med stebarn
18-14	Utukt med svigerslektningar
18-15	Utukt med svigerslektningar som er gift
18-16	Utukt med svigerslektningar som kunne vore gift med bevilling
18-17	Utukt med elevar, oppdarning etc.

18-18	Utukt med personar som står under eins oppsyn
18-19	Utukt med kvinne 15 år eller yngre
18-20	Utukt med sinnsjuk
18-21	Omgjengelse mot naturen
18-22	Konkubinats (ugifte personar)
18-23	Ugift person som lever med gift person
18-24	Besvangring under ekteskapsløfte som er frågått
18-25	Tre gonger besvangring med ulike personar Mann/kvinne
18-26	Prostitusjon
18-27	Halde horehus
18-28	Forførelse (rufferi) av barn og andre som står under eins oppsyn til prostitusjon
18-29	Som over, men utan til eigen fordel
18-30	Smitte av venerisk sjukdom (1874)
19	Om Tyveri
19-1	Simpelt tjuveri (er den stjalne gjenstanden av særdeles låg verdi, kan bot brukast)
19-2	Innbrudd
19-3	Grovt tjuveri
19-4	Forlede andre til å stjele
19-5	Tjuvsmedhjelpar som har hatt fordel - etter 5-4
19-6	Tjuvsmedhjelpar - etter 5-9
19-7	Skyldig i nokon av dei framfor, etter før å ha vore domt for liknande eller i Kap 20 omhandla. (1874).
19-8	Anskaffing av dirk i hensikt å stjele
19-9	Er nokon tiltalt for fleire av dei over omhandla forbrytelsar (pluss kap 21 og 22-14) samtidig, gjeld 6-11
20	Om Røveri
20-1	Tilraning med vald med mishandling
20-2	Ran, spesifisert
21	Om Bedrageri, Falsk og anden Svig
21-1	Falsk namn etc. i bedragerisk hensikt
21-2	Som 21-1, men før dømd for liknande brotsverk
21-14	Fordølgelse av hittegods
22	Om ulovlig Brug af hvad Andre eie eller besidde
23	Om Mordbrand samt anden Ildspaesættesle og Beskadigelse af Eiendom eller Gods
24	Om Forbrydelser i Embedsførelse
25	Om Forbrydelser ved trykt Skrift og deslige
26	Om Skadeserstatning
27	Om hvorvidt offentlig Paatale bør finde Sted
28	Nogle almindelige Bestemmelser

*Figur A-7: Debut og karriereleugd for innsette i bergenske anstaltar 1855-75*